



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2023–2024)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2024

Utgiftskapittel: 200–289 og 2410

Inntektskapittel: 3200–3288, 5310 og 5617



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2023–2024)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2024

Utgiftskapittel: 200–289 og 2410

Inntektskapittel: 3200–3288, 5310 og 5617

Innhald

Del I	Oversikt over budsjettforslaget frå Kunnskapsdepartementet ..	11	<i>Programkategori 07.40</i>	
			<i>Høgare yrkesfagleg utdanning</i>	145
1	Hovudinnleiing	13	Kap. 240 Fagskular	149
1.1	Mål, utfordringar og ambisjonar ..	16	Kap. 241 Tiltak for høgare yrkesfagleg utdanning	151
2	Oversikt over forslaget til budsjett for Kunnskaps- departementet	22	Kap. 242 Noregs grøne fagskule – Vea	152
			Kap. 3242 Noregs grøne fagskule – Vea	153
3	Oppfølging av oppmodningsvedtak	27	<i>Programkategori 07.50</i>	
			<i>Kompetansepolitikk og livslang læring</i>	154
			Kap. 251 22. juli-senteret	159
			Kap. 253 Folkehøgskular	159
			Kap. 254 Studieforbund o.a.	161
Del II	Nærare om budsjettforslaget ...	51	Kap. 256 Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse	162
4	Nærare om budsjettforslaget ...	53	Kap. 3256 Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse	165
			Kap. 257 Kompetanseprogrammet	166
			Kap. 258 Tiltak for livslang læring	167
	<i>Programkategori 07.10 Administrasjon</i>	53	<i>Programkategori 07.60</i>	
Kap. 200	Kunnskapsdepartementet	53	<i>Høgare utdanning og forskning</i>	169
Kap. 3200	Kunnskapsdepartementet	56	Kap. 260 Universitet og høgskular	177
Kap. 201	Analyse og kunnskapsgrunnlag ...	56	Kap. 270 Studentvelferd	185
			Kap. 271 Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga	187
	<i>Programkategori 07.20 Grunnopplæringa</i>	61	Kap. 3271 Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga	189
Kap. 220	Utdanningsdirektoratet	79	Kap. 272 Tiltak for internasjonalisering og høgare utdanning	189
Kap. 3220	Utdanningsdirektoratet	84	Kap. 273 Kunnskapssektorens teneste- leverandør – Sikt	192
Kap. 221	Foreldreutvala for grunnopp- læringa og barnehagane	84	Kap. 274 Universitets-senteret på Svalbard .	194
Kap. 222	Statlege skular og fjernunder- visningstenester	85	Kap. 275 Tiltak for høgare utdanning og forskning	194
Kap. 3222	Statlege skular og fjernunder- visningstenester	86	Kap. 3275 Tiltak for høgare utdanning og forskning	197
Kap. 223	Diamanten skole	86	Kap. 284 Dei nasjonale forskingsetiske komiteane	197
Kap. 3223	Diamanten skole	87	Kap. 285 Noregs forskingsråd	198
Kap. 224	Tilskot til freds- og menneske- rettssenter	87	Kap. 286 Regionale forskingsfond	204
Kap. 225	Tiltak i grunnopplæringa	89	Kap. 287 Grunnløyving til samfunns- vitskaplege forskingsinstitutt	205
Kap. 3225	Tiltak i grunnopplæringa	97	Kap. 288 Internasjonale samarbeidstiltak ...	207
Kap. 226	Kvalitetsutvikling i grunn- opplæringa	98	Kap. 3288 Internasjonale samarbeidstiltak ...	211
Kap. 227	Tilskot til særskilde skular	114	Kap. 289 Vitskaplege prisar	212
Kap. 228	Tilskot til private skular o.a.	118	<i>Programkategori 07.80 Utdanningsstøtte</i>	214
Kap. 229	22. juli-senteret	126	Kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning ..	221
Kap. 230	Statleg spesialpedagogisk teneste	127	Kap. 5310 Statens lånekasse for utdanning ..	231
Kap. 3230	Statleg spesialpedagogisk teneste	128	Kap. 5617 Renter frå Statens lånekasse for utdanning	232
	<i>Programkategori 07.30 Barnehagar</i>	130		
Kap. 231	Barnehagar	138		

Del III	Omtale av særlege tema	233	12	Ny tilskotsmodell for private grunnskular	299
5	Forskning og utvikling i statsbudsjettet	235	Forslag		309
6	Nøkkeltal for grunnopplæringa	245	Vedlegg		
7	Nøkkeltal for barnehage-sektoren	259	1.	Tilsetjingsvilkår for leiarar i heileigde statlege føretak	321
8	Likestilling og arbeid mot diskriminering	271	2.	Tildeling til universitet og høgskular	322
9	Oppfølging av FNs berekraftsmål	280	3.	Byggtabellar for universitet og høgskular	324
10	Samisk	288	4.	Standardiserte nøkkeltal for nettobudsjetterte verksemder under Kunnskapsdepartementet ..	326
11	Finansieringssystemet for universitet og høgskular	294	5.	Underliggende verksemder o.a.	346

Tabelloversikt

Tabell 3.1	Oppmodingsvedtak	27	Tabell 4.12	Oversikt over løyvingar på kap. 226, post 21 til tiltak for å støtte målet om at alle skal lykkast i opplæringa	104
Tabell 4.1	Løyvingar på kap. 201, post 21 ...	59	Tabell 4.13	Andre tiltak finansierte over løyvinga på kap. 226, post 21	107
Tabell 4.2	Løyvingar på kap. 201, post 50 ...	60	Tabell 4.14	Budsjettforslag for 2024, kap. 226, post 21	108
Tabell 4.3	Tilskot til læremiddel over kap. 220, post 70 i 2021 og 2022 .	83	Tabell 4.15	Innvilga søknader om tilskot til rettleiing av nyutdanna nytilsette lærarar i perioden 2021–22	113
Tabell 4.4	Tilskot til freds- og menneskerettssenter	88	Tabell 4.16	Fordeling av tilskot på kap. 227, post 63	115
Tabell 4.5	Talet på grunnskuleelevar med samisk som første- og andrespråk	91	Tabell 4.17	Fordeling av tilskot på kap. 227, post 78	117
Tabell 4.6	Tal på elevar/deltakarar i fengsel og oppfølgingsklassar og tilbakeføringsprogram, gitt i totaltal og gjennomsnitt, fordelte etter opplæringstype	94	Tabell 4.18	Privatskular, tal på skular og elevar	120
Tabell 4.7	Fordeling av tilskot på kap. 225, post 75	97	Tabell 4.19	Fordeling av tilskot over kap. 228, post 79	124
Tabell 4.8	Oversikt over løyvingar på kap. 226, post 21 i 2022	99	Tabell 4.20	Fordeling av midlar til oppfølging av kompetansestrategien for barnehagar i 2022	139
Tabell 4.9	Oversikt over løyvingar på kap. 226, post 21 til tiltak for å støtte målet om eit trygt, godt og inkluderande læringsmiljø	99	Tabell 4.21	Fordeling av midlar til andre tiltak for å auke kvaliteten på barnehagetilbodet i 2022	141
Tabell 4.10	Oversikt over løyvingar på kap. 226, post 21 til tiltak for å støtte målet om at alle får utvikla potensialet sitt	101	Tabell 4.22	Budsjettforslag for 2024 kap. 231, post 21	142
Tabell 4.11	Oversikt over løyvingar på kap. 226, post 21 til tiltak for å støtte målet om høg kompetanse	102			

Tabell 4.23	Talet på besøkande ved 22. julisenteret i perioden 2018–22	159	Tabell 6.4	Utvikling i talet på lærarårsverk i vidaregåande opplæring, frå skuleåret 2015–16 til skuleåret 2022–23	247
Tabell 4.24	Elevtal i folkehøgskulane 2019–22	160	Tabell 6.5	Gjennomsnittleg gruppestorleik på 1.–10. trinn ¹ , frå skuleåret 2015–16 til skuleåret 2022–23	247
Tabell 4.25	Aktivitet og deltaking i studieforbunda 2017–22	162	Tabell 6.6	Deltaking i skulefritidsordninga (SFO)	258
Tabell 4.26	Indikatorar for aktiviteten ved universitet og høgskular, 2019–22	181	Tabell 7.1	Barn i barnehage, dekningsgrad og gjennomsnittleg opphaldstid, 2017–22	259
Tabell 4.27	Øyremerkte tilskot gjennom Noregs forskingsråd	198	Tabell 7.2	Barn i barnehage etter eigarforhold, offentleg og privat, 2018–22	260
Tabell 4.28	Grunnløyvinga til dei samfunnsvitenskaplege institutta	206	Tabell 7.3	Opne barnehagar, offentlege og private, 2015–22	260
Tabell 4.29	Norske kontingentbidrag til internasjonale grunnforskningsorganisasjonar i 2024	209	Tabell 7.4	Prosentdel barn i barnehage blant minoritetsspråklege barn og andre barn, 2020–22	261
Tabell 4.30	Hovudtal heiltidsstudentar i universitets- og høgskuleutdanning	216	Tabell 7.5	Personalet i barnehagen, 2018–22	262
Tabell 4.31	Hovudtal for tildeling til elevar i vidaregåande opplæring med ungdomsrett	223	Tabell 7.6	Bemanningstettleik og pedagogtettleik, 2018–22	263
Tabell 4.32	Hovudtal for tildeling til høgare utdanning m.m.	223	Tabell 7.7	Menn i barnehagane, 2017–22 ..	264
Tabell 4.33	Fordeling av ulike stipendformer i dei to siste undervisningsåra ...	224	Tabell 7.8	Utdanning av barnehagelærarar ved statlege og private høgskular og universitet, 2017–22	264
Tabell 4.34	Hovudtal for lån og renter i dei siste fire åra	225	Tabell 7.9	Moderasjonsordningar i barnehagen, 2018–22	267
Tabell 4.35	Verkeleg verdi av utlånsporteføljen til Lånekassen	228	Tabell 7.10	Barn i barnehage som får spesialpedagogisk hjelp, 2017–22	267
Tabell 4.36	Noverdien av 1 krone i nytt utlån i Lånekassen	229	Tabell 7.11	Driftsutgifter til barnehage i kommunane, 2017–22	268
Tabell 4.37	Avskrivingselement i Lånekassen	230	Tabell 7.12	Finansiering av kommunale barnehagar, 2015–22	269
Tabell 4.38	Tapselement i Lånekassen	230	Tabell 8.1	Tilstandsrapport om kjønnsbalanse og lønn i Kunnskapsdepartementet i 2022	274
Tabell 5.1	Overslag over løyvingane til FoU over statsbudsjettet	236	Tabell 8.2	Tilsetjingstilhøve, deltid, permisjon, frávær som følge av omsorg for sjukt barn og legemelde sjukefrávær for kvinner og menn i Kunnskapsdepartementet per 31. desember 2022	275
Tabell 5.2	Overslag over løyvingane til FoU i statsbudsjettet i perioden 2010–24	237	Tabell 8.3	Prosentdelen menn og kvinner i forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet i 2022	277
Tabell 5.3	Løyvingar til Noregs forskingsråd	239	Tabell 8.4	Prosentdelen tilsette (årsgjennomsnitt) i verksemder i kunnskapssektoren etter landbakgrunn i 2021 og 2022	278
Tabell 6.1	Talet på elevar i ordinære grunnskular, frå skuleåret 2015–16 til skuleåret 2022–23	245	Tabell 10.1	Barn i barnehagar med samisk tilbod, fordelte etter type tilbod	289
Tabell 6.2	Fordeling på utdanningsprogram i vidaregåande opplæring, frå skuleåret 2015–16 til skuleåret 2022–23	246			
Tabell 6.3	Berekna årsverk utførte av undervisningspersonale til undervisning og andre oppgåver i grunnskulen, frå skuleåret 2015–16 til skuleåret 2022–23	246			

Tabell 10.2	Barn i barnehagar med samisk tilbud, fordelte etter språk- bakgrunn	289	Tabell 4.3	Samanhengen mellom kontant- beholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Noregs forskningsråd i perioden 2020–22	329
Tabell 10.3	Elevar med samisk språk i grunnskulen, 1.–10. trinn	291	Tabell 4.4	Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI). Utgifter og inntekter etter art	330
Tabell 10.4	Talet på elevar ved dei tre samiske tilboda i Hattfjelldal, Karasjøk og Kautokeino	291	Tabell 4.5	Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI). Inntekter etter inntektskjelde	332
Tabell 10.5	Avlagde bachelor- og master- gradar i perioden 2012–22	292	Tabell 4.6	Samanhengen mellom kontant- beholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI) i perioden 2020–22	333
Tabell 11.1	Kategoriar og satsar for studie- poengindikatoren	296	Tabell 4.7	Sikt – Kunnskapssektorens tenesteleverandør. Utgifter og inntekter etter art	334
Tabell 11.2	Utteljing institusjonane ville fått dersom fullføringsindikatoren hadde hatt verknad i 2024	298	Tabell 4.8	Sikt – Kunnskapssektorens tenesteleverandør. Inntekter etter inntektskjelde	336
Tabell 12.1	Private og kommunale skular, utvikling i talet på elevar og skular i Noreg	300	Tabell 4.9	Samanhengen mellom kontant- beholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Sikt – Kunnskapssektorens teneste- leverandør i perioden 2020–22 ..	337
Vedlegg 2			Tabell 4.10	Universitet og høgskular. Utgifter og inntekter etter art	338
Tabell 2.1	Tildeling per universitet og høgskule i 2024 ...	322	Tabell 4.11	Universitet og høgskular. Inntekter etter inntektskjelde ...	340
Vedlegg 3			Tabell 4.12	Universitet og høgskular. Saman- hengen mellom kontant- beholdning, påkomne kostnader og avsetningar i universitets- og høgskulesektoren i perioden 2020–22 (nettobalanse)	341
Tabell 3.1	Ordinære prosjekt under bygging i 2024, Kommunal- og distriktsdepartementet, kap. 530, post 31 og 33 og kap. 2445, post 31 og 33 og brukarutstyrsprosjekt over kap. 530, post 45	324	Tabell 4.13	Universitet og høgskular. Balanse per 31. desember 2022	342
Tabell 3.2	Brukarfinansierte prosjekt under bygging i 2024, Kommunal- og distriktsdepartementet, kap. 2445, post 34	325	Tabell 4.14	Universitet og høgskular. Avsetningar av løyvingar frå Kunnskapsdepartementet og andre departement 2020–22	344
Tabell 3.3	Byggeprosjekt med prosjek- teringsløyve, Kommunal- og distriktsdepartementet, kap. 530, post 30 og kap. 2445, post 30 og 32	325	Tabell 4.15	Universitet og høgskular. Løyvingar og avsetningar berre frå Kunnskapsdepartementet i 2022. I 1 000 kroner og pst. av løyvinga frå Kunnskapsdepartementet. ...	345
Vedlegg 4					
Tabell 4.1	Noregs forskingsråd. Utgifter og inntekter etter art	326			
Tabell 4.2	Noregs forskingsråd. Inntekter etter inntektskjelde	328			

Figuroversikt

Figur 1.1	Mål for Kunnskapsdepartementet for budsjettåret 2024	17	Figur 6.10	Prosentdelen som starta i vidaregåande opplæring i skuleåret, 2014–15 (2014-kullet) til 2016–17 (2016-kullet), og som fullførte og bestod vidaregåande opplæring i løpet av fem (studieførebuande) eller seks (yrkesfag) år, etter innvandringskategori og kjønn ...	256
Figur 4.1	Prosentdelen elevar som har opplevd mobbing på skulen to–tre gongar i månaden eller oftare	65	Figur 6.11	Prosentdelen innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre med lære plass som første ønske som har fått godkjent lærekontrakt eller plass som lærekandidat, 2020–22	256
Figur 4.2	Fullføring i vidaregåande opplæring, år etter start. 2012-kullet .	76	Figur 6.12	Prosentdelen i alderen 16–25 år som verken er i utdanning eller arbeid eller har fullført vidaregåande opplæring, etter innvandringskategori og kjønn, 2020–22 .	257
Figur 4.3	Utvikling i talet på fagskulestudentar per fagområde, 2018–2022	146	Figur 7.1	Talet på barn i barnehage fordelt etter barnehagestorleik, 2008–22	261
Figur 4.4	Utbetalt lån og stipend, prosentdel per utdanningskategori for studieåret 2022–23	215	Figur 7.2	Personalsamansetjing i kommunale og private barnehagar, 2022	263
Figur 5.1	Utvikling i FoU-løyvingar i statsbudsjettet og offentleg finansierte FoU-utgifter	238	Figur 7.3	Prosentdelen innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre blant dei tilsette i barnehagane, 2020–22	265
Figur 5.2	Utvikling i FoU-utgifter, BNP og FoU-intensitet	238	Figur 7.4	Prosentdelen innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre blant studentane i barnehagelæruddanninga, 2020–22	265
Figur 6.1	Gjennomsnittleg gruppestorleik 2 på hovudtrinna i grunnskulen, frå skuleåret 2007–08 til skuleåret 2022–23	248	Figur 7.5	Maksimalpris i barnehage, 2011–23	266
Figur 6.2	Prosentdel grunnskular fordelt etter talet på elevar	249	Figur 7.6	Ulikskap mellom kommunar, korrigererte driftsutgifter per barn/elev i kommunale barnehagar, grunnskular og skulefritidsordninga, 2022	269
Figur 6.3	Endring i talet på kommunale og private grunnskular og talet på fylkeskommunale og private vidaregåande skular mellom 2015–16 og 2022–23	249	Figur 7.7	Driftsmargarar i private ordinære barnehagar, 2015–21	270
Figur 6.4	Prosentdelen av årsverk i grunnskulen som ikkje oppfyller kompetansekrava for tilsetjing	251	Figur 12.1	Delen av private og offentlege skular etter skuletype, 2022	300
Figur 6.5	Prosentdelen innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre blant undervisningspersonalet i grunnskular og i vidaregåande skular, 2020–22	252	Figur 12.2	Delen private grunnskular som ligg mindre enn 4 km unna næraste offentlege tilbod, 2022 ...	301
Figur 6.6	Prosentdelen innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre blant studentar under utdanning for å bli lærar, 2020–22	252	Figur 12.3	Delen av dei potensielle skulepengane som privatskulane utnyttar, 2021	302
Figur 6.7	Prosentdel av elevar med einskildvedtak av totalt elevtal, fordelt på årstrinn. Skuleåret 2022–23	254			
Figur 6.8	Grunnskulepoeng etter innvandringskategori og kjønn, 2020–22 .	254			
Figur 6.9	Prosentdelen elevar på dei to lågaste meistringsnivåa (1 og 2) i nasjonale prøver i faga engelsk, lesing og rekning på 8. trinn, etter innvandringskategori, 2022 .	255			

Figur 12.4 Samanhengen mellom gjennomsnittleg skulestorleik og utgift per skule i norske kommunar, 2022 ..	305
Figur 12.5 Utgifter per elev i kommunale skular i 2022 (i 2024-kroner), samanlikna med tilskot/skulepengar per elev i private grunnskular i 2024	306

Vedlegg 5

Figur 5.1 Underliggende verksemdar o.a. per 1. januar 2024	346
--	-----



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2023–2024)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2024

Utgiftskapittel: 200–289 og 2410

Inntektskapittel: 3200–3288, 5310 og 5617

*Tilråding frå Kunnskapsdepartementet 21. september 2023,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

Del I
Oversikt over budsjettforslaget frå
Kunnskapsdepartementet

1 Hovudinnleiing

Dei siste 150 åra har Noreg hatt ei utvikling utan historisk sidestykke. Ein kontinuerleg auke i folketallet, på grunn av redusert barnedødelegheit og høgare gjennomsnittleg levealder – og i seinare år innvandring – har gått hand i hand med eit stigande kunnskapsnivå med utspring i tidleg allmenn deltaking i grunnskulen. Nærare vår tid har ein stadig større del av befolkninga fått vidaregåande og høgare utdanning. Det stigande kompetansenivået har gitt verdifull arbeidskraft som arbeidsmarknaden har nytta til aukande verdiskaping og økonomisk velstand.

Ny kunnskap og ei evne og vilje til å setje om dette til nyskaping og entreprenørskap endra både små bygdesamfunn og dei større byane då den første industrielle revolusjonen kom til Noreg. Dampmaskiner gav moglegheiter til utvikling i sagbruk og andre viktige industrielle verksemder som blei etablerte på den tida. Den teknologiske utviklinga fekk store konsekvensar for organiseringa av arbeids- og samfunnslivet og for kva utdanning og kompetanse folk trong.

Den teknologiske utviklinga og bruken av elektrisitet opna for nye industrielle omveltingar frå slutten av 1800-talet. Noreg hadde rikeleg tilgang på vasskraft og blei svært konkurransedyktig i kraftkrevjande industri. Nærare vår tid kom elektronikken og digitaliseringa, som har gitt heilt nye forretningsmodellar ved hjelp av automatisering, robotar, integrerte system og ulike internettbaserte løysingar. Ein eksplosjon i reknekraft frå nyskaping i maskinvare og datasystem har gitt nye produkt, tenester og former for kommunikasjon. Dette har endra heilt måten vi jobbar på, og kva kompetanse vi bruker.

Kompetansen og ferdigheitene i befolkninga har vore avgjerande for å delta i dei økonomiske skifta. Ein hadde òg god nytte av forskning og utviklingsarbeid for å utvikle dei nye teknologi-ane, anten for å ta i bruk løysingar frå eiga kunnskapsutvikling, eller for å ta i bruk kunnskap og teknologi frå utlandet. Samspelet mellom kompetanse, auka kjøpekraft og nyskaping har løfta Noreg til eit av dei mest økonomisk utvikla landa i verda.

Digitaliseringa etter 1980-talet har i stor grad endra arbeidsoppgåvene våre og måten vi jobbar på. Utbreiinga av digitale verktøy har omfatta alle næringar, frå jordbruk og fiske, via industri til tenestenæringane. ChatGPT blei lansert mot slutten av 2022 og syner at kunstig intelligens vil transformere samfunnet på ein grunnleggjande måte. Det vil verke på alle sektorar, ikkje minst utdanning og forskning. Sjølv om bruken av kunstig intelligens først nyleg er blitt tilgjengeleg for allmenn bruk, er det liten tvil om at han vil styre mykje av utviklinga i kunnskapssektoren. Kunnskapsdepartementet har løyvd minst ein mrd. kroner til Noregs forskingsråd, fordelt over fem år, til eit forskingsprogram med oppstart i 2024. Programmet skal dekke forskning på teknologien kunstig intelligens, på digital tryggleik og på korleis dette påverkar nyskaping, utviklinga og samfunnet og dei som bur her. Det vil bidra til kunnskap som kan brukast til å utvikle reguleringar og krav for å redusere risikoen og moglege skadeverknader av slik teknologi. Slike reguleringar trengst både nasjonalt og internasjonalt.

Det er ei viktig oppgåve å finne gode modellar og regulering for bruk av kunstig intelligens i utdanningssystemet. Det opnar truleg for nye læringsmetodar, og det vil endre forståinga av kva kompetanse elevane og studentane treng eller har nytte av, men òg kva kompetanse som krevst for å nytte kunstig intelligens i det framtidige arbeids- og samfunnslivet. Det gir både utfordringar og moglegheiter for vurdering av læringsutbytte og for persontilpassa opplæring.

Mange yrke og arbeidsoppgåver vil bli sterkt påverka av dette. Kunstig intelligens vil endre kompetansebehova. Evna til å lære ny kunnskap og til omstilling er blitt endå viktigare enn før. Kunnskapsdepartementet følger utviklinga nøye for å utvikle ein framtidretta politikk. No står vi overfor endringar som kan drive kunnskapssektoren i mange ulike retningar. Evna til rask omstilling er derfor ein verdifull eigenskap ved utdannings- og forskningssystemet.

Det er gjensidig påverknad mellom tilbod og etterspurnad i arbeidsmarknaden. Kompetansebehova blir uttrykte gjennom arbeidsgivarane og dei

stillingane dei vil fylle, men samstundes er det eit samla kompetansetilbod av tilgjengeleg arbeidskraft som definerer kva for aktivitet som kan gjerast. Desse to følger kvarandre tett og påverkar kvarandre i eit velfungerande kompetansesystem.

Kunnskapssamfunnet blir endå viktigare

Kompetanse er summen av fleire omgrep, som kunnskap, ferdigheiter og forståing, men også eigenskapar, haldningar og verdiar. Samspelet mellom desse elementa gjer det mogleg å løyse oppgåver og meistre utfordringar. Kompetanse er sett saman av både kognitive komponentar, kreativitet og sosiale og emosjonelle ferdigheiter. Dei sistnemnde er viktige fordi dei set oss i stand til å samarbeide godt med andre og bidreg til å finne løysingar og ta sjølvstendige avgjerder, og dei skaper kraft til omstilling når det trengst.

Desse ferdigheitene og denne kompetansen blir bygde gjennom deltaking i eit langt og samansett utdanningssystem, frå barnehage til livslang læring. Allmenn deltaking i det offentlege utdanningssystemet gjennom daglege møte bidreg til eit samfunn med mindre skilnader og betre moglegheiter for alle. Men det gir òg større nærleik og forståing mellom grupper. Regjeringa legg stor vekt på fellesløysingar og ein einskapleg skule for alle og ønsker at alle elevar skal kunne gå på skule saman med barn frå nærmiljøet.

Det 18-årige utdanningløpet for barnehage, grunnskule og vidaregåande opplæring skal legge til rette for at alle barn og unge får like moglegheiter til å leve meiningsfulle liv. Noreg har ein lang tradisjon i å gjere utdanning tilgjengeleg for alle, uavhengig av sosial bakgrunn, klasse og geografi. Den norske grunnopplæringa skal vere blant dei som presterer best og er mest likeverdige i verda. Opplæringa skal bidra til eit berekraftig samfunn med små skilnader og høg tillit.

Barnehagen skal, i samarbeid og forståing med heimen, vareta barna sine behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling. Gode barnehagar kan bety mykje for at det einskilde barnet får ein god barnedom, samstundes som det betyr mykje for moglegheitene barnet får vidare i livet, både i skulen og i arbeidslivet. Å gi alle barn eit godt barnehage-tilbod er derfor noko av det viktigaste vi kan gjere som samfunn. Barnehagen legg grunnlaget for ein god oppvekst bygd gjennom ei heilskapleg tilnærming til barna si utvikling.

Skulefritidsordninga (SFO) er eit viktig tilbod til alle barn frå dei byrjar på skulen, og skal bidra til ein god og trygg overgang frå barnehage til

skule. SFO skal ta vare på barna og imøtekomme behovet deira for omsorg, tryggleik, trivsel, tilhøyrse og anerkjenning. På SFO skal barna få rik moglegheit for meiningsfull fritid og leik, trivsel og glede i både sjølvvald leik, kultur og tilrette- lagde aktivitetar. Deltaking i SFO styrker og utvidar dei positive verknadane av barnehagen knytt til oppvekst og utvikling. SFO skal bygge praksisen sin på grunnleggande verdiar som er felles for barnehagen og opplæringa. Verdigrunnlaget skal formidlast og praktiserast i alle delar av arbeidet i SFO og prege innhaldet og arbeidsmåtane.

Fellesskulen er ein del av grunnmuren i den norske velferdsstaten. Det at alle møtest i dei same klasseromma og går gjennom det same opplæringsløpet er med på å bygge eit samfunn med høg tillit, små skilnader og stor omstillingsevne. Grunnskulen er kjernen i utdanningssystemet og har som formål å gi danning og utdanning til alle. I skulen utviklar elevane kompetanse som dei treng for å leve eit godt liv og for å lykkast i vidare utdanning. Dette er òg avgjerande for å delta i samfunns- og arbeidslivet. Skulen skal bidra til å utvikle heile menneske med verdiar og haldningar som er i tråd med verdigrunnlaget i skulen, og som støttar opp under vidareutviklinga av eit godt demokratisk samfunn.

Det norske arbeidslivet er høgkompetent og ei fullført vidaregåande opplæring er blitt ein føresetnad for ein stabil og varig tilknytning til arbeidslivet. Fagutdanna arbeidskraft er viktig for arbeidsmarknadene og samfunnets kompetansebehov. Derfor må flest mogleg fullføre vidaregåande opplæring. Fullføringsgraden har auka i dei seinaste åra, men han må bli endå høgare. Den nye opplæringslova som etter planen trer i kraft hausten 2024, gir mellom anna alle ein rett til opplæring fram til dei har fullført vidaregåande opplæring. Det vil vere avgjerande for mange og bidra til høgare fullføringsgrad på sikt. Lova gir òg rett til yrkesfagleg rekvalifisering, som inneber ein rett til fag- og yrkesopplæring for personar som har studie- eller yrkeskompetanse frå før.

Høgare yrkesfagleg utdanning er eit tilbod om vidare utdanning og meir kompetanse for dei som har fullført vidaregåande opplæring. Fagskulane arbeider tett saman med arbeidslivet og evnar å tilpasse innhaldet i utdanningane til behova i arbeidslivet. Fagskulane skal tilby og utvikle fleksible og tilgjengelege utdanningar, slik at dei som er i arbeid, kan oppdatere og utvikle kompetansen sin.

Ein veksande del av ungdomskulla tek høgare utdanning, slik er det òg i dei andre OECD-landa. Dei med høgare utdanning har større sjansar på

arbeidsmarknaden og får som regel gode og relevante jobbar. Dette er viktig for utviklinga og velferda til den einskilde.

Utdanningsløpet skal gi større moglegheiter for den einskilde og mindre skilnader for samfunnet. Tidlegast mogleg innsats er svært viktig i arbeidet med å redusere dei sosiale skilnadene i samfunnet og skape betre moglegheiter for alle.

Med mange kompetente fagarbeidarar og personar med høgare utdanning i arbeidsmarknaden er det attraktivt å etablere verksemdar som treng slik kompetanse. Ein høgt utdanna arbeidsstyrke gir derfor gode rammevilkår for næringslivet. Det gir arbeidsplassar med høg verdiskaping og mange positive ringverknader for samfunnet. Høgare utdanning og forskning er viktige for omstilling og økonomisk utvikling. Denne kunnskapen gir impulsar til næringar og verksemdar i heile landet.

Forskning gir ny kunnskap og innsikt som er nødvendig for å løyse dei mange teknologiske og samfunnsmessige utfordringane vi står overfor. Mange av dei er felles for alle land og må løysast gjennom internasjonalt samarbeid. Aktivt engasjement i internasjonale forskarnettverk og deling av kunnskap medverkar til det. Vi veit ikkje alltid kva for utfordringar vi vil møte i framtida. Samtidig kan det finnast løysingar og kunnskap som vi ikkje er medvitne om i dag. Langsiktig, grunnleggande forskning er avgjerande for at vi skal kunne møte globale utfordringar på best mogleg vis. Dette krev at vi evnar å bygge gode, solide fagmiljø og rekruttere og behalde dei beste forskarane, og sikrar langsiktige og stabile vilkår for vitenskapleg tilsette. Ei god kopling mellom forskning og utdanning står òg sentralt.

Vi lever i ei ustabil tid, med ein pågåande krig nær oss i Europa. I fleire delar av verda aukar presset på demokratiske verdiar og den frie tanken. Utdanning skal fremje oppslutning om demokratiske verdiar og demokratiet som styreform. Klimakrisa er akutt og krev inngripande tiltak, men òg ny kunnskap og teknologi som gjer det mogleg å redusere utsleppa av klimagassar kraftig. Globalt samarbeid og deling og utveksling av kunnskap er blitt endå viktigare enn før. Gjennom opplæringa skal elevane utvikle kompetanse som gjer dei i stand til å ta ansvarlege val og handle etisk og miljøbevisst. Elevane skal få forståing for at handlingane og vala til den einskilde betyr noko.

Alle har godt av å utvikle seg, utvide kunnskapen og innsikta si og lære heile livet. Det gir meining til den einskilde og næring til refleksjon og felles verdiar som forståing og toleranse. At

alle har høve til å delta i læringsaktivitetar heile livet, er òg viktig for arbeidslivet, fordi lærande menneske har større fleksibilitet og kan tilpasse seg nye kompetansebehov raskare. Kompetansebehova endrar seg raskt, og gode høve til livslang læring er ein føresetnad for omstilling.

Humankapitalen er Noregs mest verdifulle ressurs. Kunnskapsdepartementets ansvar spenner over heile det formelle utdannings- og forskingssystemet og kompetansepolitikken som gir alle sjansen til å utvikle humankapitalen sin heile livet. Bruker vi desse ressursane godt, vil samfunnet òg utvikle seg i riktig retning. Då må flest mogleg i arbeidsfør alder ta del i arbeidslivet og få oppgåver der kompetansen deira blir brukt godt. Slike jobbar bidreg mest til verdiskapinga i Noreg og til finansiell berekraft. Det gjer det mogleg å vidareutvikle velferdsstaten. Høg kompetanse i befolkninga skal framleis vere blant Noregs sterkeste fortrinn i åra framover.

Demografiske trendar gir nye utfordringar

Noreg har i mange tiår hatt ei utvikling som har gjort det til eit attraktivt land å bu i, det har vore relativt høg arbeidsinnvandring og befolkningsvekst. I fleire hundre år har talet på personar i arbeidsfør alder auka kvart einaste år. Saman med auka deltaking i arbeidsmarknaden for kvinner og langvarig produktivitetvekst har det gitt Noreg ein betydeleg og langvarig økonomisk vekst og ei positiv utvikling. Funn og utvikling av petroleumsressursane har bidrege ytterlegare til statens inntekter og til finansiering av ein omfattande velferdsstat.

Dei store ungdomskulla fødde etter den andre verdskrigen og høgare gjennomsnittleg levealder vil gi oss mange fleire eldre i Noreg i åra framover. Det er bra at folk lever lenge, men dei mange eldre gir eit sterkt auka behov for helse- og omsorgstenester. Desse utfordringane har vore kjende lenge, men det er først no framover at talet på personar over 80 verkeleg vil stige. Mellom 2023 og 2040 vil talet på personar over 80 år doble seg, til nær ein halv million. Men det er eit anna trekk ved den demografiske utviklinga som gir grunn til større bekymring: Demografimodellane til Statistisk sentralbyrå har beregna at talet på personar i arbeidsfør alder stoppar opp, før det frå midten av 2030-åra faktisk vil falle. Utover mot 2060 vil truleg talet på personar i yrkesaktiv alder bli vidare redusert.

Den demografiske utviklinga er særskild utfordrande i distrikta. Mange unge frå små kommunar dreg til større byer etter vidaregåande skule

for å ta vidare utdanning, og seinare jobbe der. Dei unge vaksne som får barn, bur derfor i stadig større grad i sentrale strøk. I dei små desentraliserte kommunane blir dermed aldringa større i befolkninga og delen unge mindre. I desse kommunane utgjør omsorgstenestene ein aukande del av dei kommunale budsjetta og legg beslag på ein stor del av dei sysselsette. Meld. St. (2020–2021) *Perspektivmeldingen 2021* viser at i dei minst sentrale kommunane vil talet på sysselsette per pensjonist over 67 år falle frå 2,5 i 2018 til under 2 i 2030 og vidare til 1,5 i 2040, medan andelen vil vere nærare 3 i dei mest sentrale kommunane i 2040.

Desse to demografiske utviklingstrekk gir særskilde utfordringar. Ei rekke offentlege utgreiingar våren 2023 har sett søkelys på dette. Dei peikar på at er det er mangel på folk, ikkje pengar, for å løyse oppgåvene i Noreg. Det vil bli større knappheit på arbeidskraft i åra framover enn vi har sett så langt. Utgreiingane gir uttrykk for frykt for at vi vil mangle kompetent arbeidskraft i helse- og omsorgstenestene, i energisektoren, for å greie det grønne skiftet og for å styrke forsvaret og beredskapen. Det vil bli mangel på fagarbeidarar, ingeniørar og spesialistar med IKT-kompetanse for å løyse stadig meir digitaliserte oppgåver i ei rekke næringar.

Det er ein sær stram arbeidsmarknad no, og utviklinga gir grunn til å frykte at mangelen på arbeidskraft vil bli større. Derfor er det avgjerande at effektiviteten og produktiviteten aukar, i alle sektorar og på alle nivå. Flest mogleg må mobiliserast for ein jobb i arbeidslivet, og dei sysselsette bør nyttast til oppgåver der kompetansen deira gir høg produktivitet. Dei sysselsette treng endå høgare kompetanse og betre ferdigheiter enn i dag, så kvaliteten og kapasiteten på utdanningssystemet må aukast.

Å auke sysselsetjinga blir krevjande. Vi har aukande sjukefråvær og antal uføretrygda, trass i høg politisk merksemd om dette. Noreg er på toppen blant OECD-landa i høgt sjukefråvær og talet på uføre. Derfor er det eit potensial for å auke sysselsetjinga noko. Det er òg nødvendig å auke arbeidsinnsatsen til dei som allereie er sysselsette, med lengre gjennomsnittleg arbeidstid og tiltak som reduserer tidleg avgang frå arbeidslivet, samstundes med større moglegheiter for å stå lenger i jobb. Pensjonsreforma legg opp til det. Ein viktig oppgåve blir å mobilisere arbeidskraft frå reservearbeidsstyrken.

Meir kunnskap og kompetanse gir høgare produktivitet

Det er fleire løysingar på utfordringane som er skisserte ovanfor på Kunnskapsdepartementets område. Det blir nødvendig å forbetre kvaliteten i utdanningssystemet ytterlegare, i heile spekteret frå barnehage til høgare utdanning. For å handtere utfordringane med endra kompetansebehov og mangel på arbeidskraft bør kunnskaps- og kompetansenivået til elevar og studentar hevast. Fleire vaksne bør delta i læringsaktivitetar på og utanfor jobben for å auke kompetansen, aller helst for å få kompetanse som det er mangel på i arbeidsmarknaden.

Demografiutfordringane gjer at det blir fleire oppgåver i offentlig sektor samstundes med at det blir færre yrkesaktive. Høgare kompetanse i befolkninga og arbeidsstyrken vil gi høgare produktivitet samla sett og gjere det mogleg å løyse fleire oppgåver med færre folk.

Det ligg òg eit stort potensial i å utløyse auka produktivitet og verdiskaping og utvikle effektive løysingar gjennom å utnytte og utvikle kunnskap frå forskning og nyskaping. Slik kunnskap kjem frå langsiktig og relevant forskning av høg kvalitet, frå nyskaping og kreativt entreprenørskap. Kunnskapen blir ofte til i eit samspel mellom partar ved universitet og høgskular, i instituttsektoren og næringslivet, ofte med impulsar og løysingar frå internasjonale kunnskapsmiljø. Gode rammevilkår gjennom langsiktige og føreseielege forskingsprogram og satsingar er viktig for å utløyse dei beste resultatane hos forskarane og nyskaparane.

1.1 Mål, utfordringar og ambisjonar

Kunnskapsdepartementet har tre overordna mål:

- Kunnskap legg grunnlag for demokrati, velferd, omstilling og berekraft.
- Samfunnet og arbeidslivet har tilgang på relevant kompetanse.
- Kunnskapssektoren utjamnar sosiale og geografiske skilnader.

Dei tre hovudmåla skildrar samfunnsoppgåva til Kunnskapsdepartementet. Måla handlar om at alle får utnytta evnene sine, og at samfunnet får den kompetansen som trengst for omstilling til det grønne skiftet, til utvikling av velferdssamfunnet, til utjamning av skilnader og til ivaretaking av demokratiet.

I tillegg til dei tre overordna måla har Kunnskapsdepartementet sett opp åtte undermål som er meir konkrete. Budsjettkapitla i del II utdjuar tiltaka regjeringa ønsker å bruke for å oppnå måla, innanfor barnehagen, grunnskulen, vidaregåande skule, høgare yrkesfagleg utdanning, høgare utdanning, forskning og kompetansepolitikk.

Kunnskap legg grunnlag for demokrati, velferd, omstilling og berekraft


Opplæringslova understrekar at formålet med opplæringa mellom anna er å gi elevane innsikt i kulturelt mangfald og respekt for overtydinga til den einskilde. Elevane skal lære å både tenke og handle kritisk og miljøbevisst, og dei skal utvikle kompetanse i å meistre livet sitt for å kunne delta i arbeids- og samfunnslivet.

Opplæringa skal gi elevane forståing av og innsikt i demokratiet. Kunnskapen bidreg til at barna og ungdommen sluttar opp om dei grunnleggjande demokratiske prinsippa og får verdiar som gjensidig respekt, toleranse og ytringsfridom. Det gir ei forståing av verdien av deltaking i samfunnet og kor viktig det er å ha eit levande demokrati med respekt for mindretal, urfolk og etniske og

religiøse minoritetar. Deltaking i elevråd og andre demokratisk valde organ gir elevane røynsle med aktiv deltaking og forståing av at alle kan og bør bidra til val og til å respektere demokratiske avgjerder. Slik kan unge lære å bli deltakande og ansvarlege borgarar.

Skulen bidreg til at elevane utviklar nysgjerrigheit, kritisk sans og etiske verdiar. Dette er blitt endå viktigare dei seinaste åra, i takt med at det både i Noreg og i verda utanfor har blitt ein auke i falsk informasjon, «alternative nyheiter» og konspirasjonsteoriar. For å få ny kunnskap og kompetanse må elevane balansere mellom tillit til institusjonar og medmenneske og kritisk haldning til informasjon og kunnskap. Det krev evne til utforsking, analyse og refleksjon hos elevane, i samarbeid med lærarane og skulen.

Opplæringa skal bidra til at elevane utviklar respekt for naturen og bevisstheit om klima- og miljøutfordringar. Elevane får kunnskap om og forståing av korleis menneske og deira leveste påverkar nærmiljøet og kloden, og betydninga av å ta vare på miljøet. Globale klimaendringar, menneskeskapt påverknad på naturen og forureining er blant dei største truslane i vår tid. Dei unge må få kunnskap, etisk bevisstheit og teknologi som hjelper dei med å finne løysingar for å redusere



Figur 1.1 Mål for Kunnskapsdepartementet for budsjettåret 2024

utslepp av miljøfarlege gassar og stimulere til større naturmangfald.

Skulen bidreg til å gi elevane glede over å skape og utforske og eit engasjement for å omsetje idear til handling. Kreativitet inspirerer til nyskaping og entreprenørskap, evne til å uttrykke seg på ulike vis og til å stille spørsmål og løyse problem. Dette er viktige eigenskapar for den ein-skilde, men òg for arbeidslivet og samfunnet, som då kan utvikle seg godt.

Det er behov for å forske målretta for å utvikle ny og betre kunnskap om demokrati, velferd, omstilling og berekraft. Dette omfattar forskning på samfunnsspørsmåla om utvikling av demokratiet og velferda og kva som trengst for å makte omstillinga til eit grønar samfunn. Men det er òg store uløyste tekniske spørsmål som må omsetjast i konkrete, praktiske løysingar. Det trengst både fri forskning og meir styrt forskning mot konkrete oppgåver. Viktigare enn nokon gong er deltaking i internasjonale forskingsmiljø og at vi evnar å ta i bruk kunnskap utvikla i andre land.

Samfunnet og arbeidslivet har tilgang på relevant kompetanse

I internasjonal målestokk har Noreg ein kompetent arbeidsstokk, med høg sysselsetjing og særslåg arbeidsløyse. Det er relativt høg likestilling, mellom kjønn, mellom etniske grupper og etter andre skiljelinjer, og Noreg er blitt eit mangfaldig samfunn.

Regjeringa vil bidra til at samfunnet og arbeidslivet har tilgang på relevant kompetanse. Det gjeld særleg fagarbeidarar og kandidatar frå fagskular, høgskular og universitet. Manglar på arbeidskraft hemmar føretak og økonomisk verksemd, bremsar eller hindrar nyskaping og gjer det krevjande å etablere verksemd i nye marknader eller utvikle nye produkt eller tenester. Slik går entreprenørar og heile samfunnet glipp av økonomisk vekst og moglegheiter, og økonomien blir mindre enn han kunne ha vore. Mangel på kompetanse og arbeidskraft gjer det krevjande å realisere det grønne skiftet, fornye energisystemet og styrke forsvaret og beredskapen i Noreg, slik det er brei politisk semje om.

Kompetansebehovsutvalets temarapport om kompetanseutfordringar for grøn omstilling (2023) viser til NAVs bedriftsundersøking, som fann at om lag ein firedel av norske føretak har prøvd å rekruttere i minst tre månader utan å få tak i rett kompetanse. Talet var endå høgare i 2022. Dei udekte behova er størst i helse- og omsorgstenesta, med bygg og industriarbeid på plas-

sane bak. Det er venta høgast framtidig vekst i næringa informasjon og kommunikasjon. Ei utgreiing gjord av NIFU for kompetansebehovsutvalet stadfestar dette bildet, men dei undersøkte føretaka trur at omstillinga vil gå endå raskare i åra framover på grunn av det grønne skiftet. Analysen syner forventningar om størst mangel på ingeniørar, personar med IKT-kompetanse og fagarbeidarar.

Som omtala over vil den demografiske utviklinga etter alt å døme forsterke mangelen på arbeidskraft i åra framover. Barnekulla blir mindre, samstundes har ei aldrande befolkning behov for mange arbeidsintensive velferdstenester. For å sikre tilgang på relevant kunnskap i framtida blir det derfor viktigare at dei utdanningsval vi gjer i tida framover, er i samsvar med behova i arbeidsmarknaden. God karriererettleiing, høg kvalitet i utdanninga og andre tiltak som førebygger fråfall frå vidaregåande opplæring og høgare utdanning, vil bli endå viktigare. Dette kjem i tillegg til verdien av utdanning og kompetanse for den ein-skilde.

Mangelen på samiskspråkleg kompetanse er den største utfordringa for å kunne gi gode tenester til den samiske befolkninga, jf. Meld. St. 13 (2022–2023) *Samisk språk, kultur og samfunnsliv*. Regjeringa vil prioritere å bygge kompetanse som gir eit betre grunnlag for samisk språkopplæring og opplæring på samisk i framtida.

Kunnskapssektoren jamnar ut sosiale og geografiske skilnader

Det er høg deltaking i barnehagen og SFO, og regjeringa sørger for at prisane for slike tilbod blir reduserte. Grunnskulen, vidaregåande opplæring og høgare utdanning er gratis, og delen av befolkninga som oppnår fag- eller sveinebrev og høgare utdanning, stig. Kunnskapssamfunnet breier om seg og omfattar stadig fleire.

Det er likevel store sosiale og geografiske skilnader i Noreg. Kvar ein er fødd, og kven foreldra er, påverkar i for stor grad moglegheitene ein har for utdanning, for arbeid og for å skape seg eit godt liv. Barnehagar, SFO og ein felles skule for alle barn, uavhengig av sosial og geografisk bakgrunn, er blant dei mest effektive verkemidla for å jamne ut sosiale skilnader. Minoritetsspråklege barn har lågare deltaking i barnehagen og SFO enn andre. Det kan gi desse barna ein dårlegare start i utdanningssystemet. Regjeringa ønsker derfor å jamne ut deltakinga i barnehagen og SFO.

Det er viktig for fellesskapet at barn og unge med ulik bakgrunn går i same skule og lærer saman. Fellesskulen bidreg til sosial mobilitet og mindre skilnader. Skulen er òg ein møteplass for barna og familiane deira og ein arena for samhald som aukar forståinga og reduserer motsetnadene mellom grupper i lokalsamfunna.

Delen med høgare utdanning i befolkninga varierer regionalt. Det er eit uttrykk for skilnader i kompetansebehov som følger av regionale variasjonar i næringsstruktur. Skilnader i utdanning kan òg forklarast med ulike regionale tradisjonar og varierende utdanningstilbod.

Regjeringa vil ha eit meir likeverdig utdanningstilbod og ønsker ein god balanse av studiestadar for fagskular, høgskular og universitet i alle delar av landet. Ei lang rekke fleksible og desentraliserte studietilbod aukar og utfyller utdanningstilbodet frå dei ordinære studiestadene. Dei trengst for personar som har jobb, eller som av andre årsaker ikkje ønsker å forlate heimstaden sin for å studere.

Dei aukande sosiale og økonomiske skilnadene i landet har samansette årsaker og krev at vi har heilskaplege løysingar. Innsatsen retta mot barn, unge og familiane deira er viktig for å gi alle eit godt utgangspunkt og like moglegheiter i utdanning og arbeids- og samfunnslivet. Derfor vil regjeringa legge fram ei stortingsmelding om sosial mobilitet og sosial utjamning for barn og unge og familiane deira.

Regjeringa vil ha ein fellesskule som er så variert og god at alle elevlar kan trivast, lære og utvikle seg. Regjeringa vil legge fram ei stortingsmelding om 5.–10. trinn som har som hovudmål å styrke elevane sin motivasjon, meistring, læring og utvikling, mellom anna gjennom å legge betre til rette for at elevane skal oppleve ein meir praktisk og variert skule.

Hovudprioriteringar for 2024

Barnehagar

- Alle skal ha høve til å ha barna i barnehage. I tillegg til nominell vidareføring av maksimalprisen frå 1. januar 2024, foreslår regjeringa ei historisk satsing for å redusere kostnadene for barnehageplass: frå 1. august 2024 foreslår regjeringa å redusere maksimalprisen for foreldrebetaling i barnehage til 2 000 kroner per måned.
- Regjeringa foreslår å ytterlegare redusere maksimalprisen for foreldrebetaling for barn som bur i kommunar med sentralitetsindeks 5 og 6, som inneber at maksimalprisen frå 1. august 2024 blir på 1 500 kroner per måned.
- Regjeringa foreslår å vidareføre ordningane med gratis barnehage for tredje barn i familien som går i barnehage samstundes, og gratis barnehage for alle 1–5-åringar i tiltakszona i Finnmark og Nord-Troms som begge vart innførte hausten 2023.
- Regjeringa foreslår å vidareføre moderasjonsordninga som inneber at ingen skal betale meir enn 6 pst. av samla skattbar inntekt for ein barnehageplass, med maksimalprisen som øvre grense.
- Regjeringa foreslår å vidareføre ordninga med 20 timar gratis kjernetid i barnehage per veke for barn i alderen 2–5 år i familiar med låg inntekt, og å fastsetje inntektsgrensa for ordninga til 642 700 kroner frå 1. august 2024.
- Regjeringa vil at alle som arbeider i barnehagen, skal ha god og relevant kompetanse. Departementet foreslår å løyve om lag 790 mill. kroner i 2024 på tiltak for å fremje kvaliteten og kompetansen i barnehagane. Om lag 260 mill. kroner av dette vil gå til den regionale ordninga for kompetansetiltak.
- Utdanningsdirektoratet har sidan 2018 forvalta eit øyremerkt tilskot til auka barnehagedeltaking for minoritetsspråklege barn. Regjeringa foreslår å løyve 23,5 mill. kroner til tilskotet i 2024.
- I 2022 blei det oppretta eit øyremerkt tilskot til auka pedagogtettleik i barnehagar i levekårsutsette område. Regjeringa foreslår å løyve 80 mill. kroner til tilskotet i 2024.

Grunnopplæringa

- I samband med stortingsmeldinga om 5.–10. trinn foreslår departementet å løyve 127 mill. kroner til ei tilskotsordning for utstyr og læringsarenaer for meir praktisk, variert og relevant læring i skulen.
- Departementet foreslår også å innføre ei ny åtteårig rentekompensasjonsordning med ei total ramme på 8 mrd. kroner til kommunane for investeringar i læringsarenaer og større utstyr som bidreg til meir praktisk og variert opplæring.
- Arbeidet med trygt, godt og inkluderande skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring, er eit prioritert område for regjeringa. Derfor foreslår regjeringa å styrke innsatsen med 25 mill. kroner, i tillegg til 10 mill. kroner som skal gå til å styrke det førebyggjande arbeidet med skulemiljø saker hos statsforvaltarane.

- Regjeringa vil at alle barn skal ha høve til å delta i SFO, og frå hausten 2023 er tilbodet om 12 timar gratis SFO per veke utvida til også å omfatte 2. trinn. Tilbodet blir vidareført i 2024. I tillegg foreslår regjeringa å løyve 10 mill. kroner i 2024 til auka kompetanse for tilsette i SFO.
 - Regjeringa foreslår å løyve ytterlegare 40 mill. kroner til å styrke oppfølginga av strategi for digital kompetanse og infrastruktur i barnehage og skule, til totalt 85 mill. kroner.
 - For å bidra til auka leseferdigheiter og leseglede blant barn og unge vil regjeringa setje av 20 mill. kroner til fleire tiltak i samband med ein ny leselestestrategi. I tillegg held regjeringa fram styrkinga av tilskotet til skulebiblioteka, og aukar løyvinga med ytterlegare 5 mill. kroner i 2024, til totalt 30 mill. kroner.
 - Ny opplæringslov er vedteken av Stortinget i 2023 og vil etter planen gjelde frå hausten 2024.
 - Regjeringa har i budsjettforslaget prioritert om lag 1,2 mrd. kroner til den største reforma i vidaregåande opplæring sidan Reform 94. Med ny opplæringslov får elevane rett til opplæring til dei har fullført vidaregåande opplæring. Regjeringa prioriterer 320 mill. kroner for å finansiere denne retten med eit øyremerkd tilskot i 2024. Frå hausten 2024 skal det òg bli innført ein rett til yrkesfagleg rekvalifisering som gir alle med studie- eller yrkeskompetanse sjansen til å ta eit nytt fagbrev. Regjeringa foreslår 188,6 mill. kroner til å finansiere retten over rammetilskotet til fylkeskommunane. Fleire andre lovendringar i ny opplæringslov som skal bidra til auka fullføring av vidaregåande opplæring, blir òg finansierte med heilårseffekt i budsjettforslaget. Sjå programkategori 07.20 Grunnopplæringa.
 - Regjeringa foreslår å løyve 485 mill. kroner til tiltak for å kvalifisere og formidle fleire til læreplass. I tillegg foreslår regjeringa å auke tilskotet til ordninga Fagbrev på jobb med 23,2 mill. kroner, slik at fleire kan ta eit fagbrev medan dei er i arbeid.
 - Regjeringa foreslår 60 mill. kroner til å auke bortebruarstipendet for elevar i vidaregåande opplæring for å bidra til at geografi og privatøkonomi ikkje skal vere eit hinder for at unge får den opplæringa dei ønsker seg.
 - Regjeringa foreslår å auke utstyrstipendet for elevar i vidaregåande opplæring med 40 mill. kroner for å gi betre samsvar mellom stipendet og utgiftene elevane har til nødvendig utstyr i opplæringa.
 - Regjeringa foreslår å styrke kompetanseløftet i spesialpedagogikk og inkluderande praksis med 10 mill. kroner, slik at det samla blir løyvd 160 mill. kroner til dette arbeidet i 2024. I tillegg foreslår regjeringa å løyve 10 mill. kroner til læremiddelarbeid i Statped.
 - Regjeringa held fram med å styrke løyvingane til samiske formål og vil auke rammeløyvinga til Sametinget med 3,6 mill. kroner til oppfølging av innsatsområda i Meld. St. 13 (2022–2023) og setje av 3 mill. kroner til eit prosjekt for å betre kvaliteten i fjernundervisninga for elevar som får opplæring i samisk.
 - Departementet foreslår å innføre ein ny tilskotsmodell for private grunnskular. I tillegg foreslår departementet å endre utrekningspraksisen for private grunnskular der kombinerte barne- og ungdomsskular er blitt kompenserte for smådriftsulemper to gonger. Ny tilskotsmodell og utrekningspraksis tek til å gjelde hausten 2024. Endringane vil bli fasa inn over fem år, slik at ny tilskotsmodell og utrekningspraksis er fullt innfasa frå hausten 2028. Ny tilskotsmodell og utrekningspraksis inneber isolert sett ein reduksjon av løyvingane til private grunnskular med 51,5 mill. kroner i budsjettforslaget for 2024.
- Høgare yrkesfagleg utdanning
- Regjeringa foreslår å løyve 28,2 mill. kroner til 500 fleire studieplassar til fagskulane, inkludert utgifter til utdanningsstøtte.
 - Som ei følge av den store auken i talet på fagskulestudentar dei siste åra er det behov for midlar for å kunne vidareføre og sikre kvaliteten og relevansen i høgare yrkesfagleg utdanning. Regjeringa foreslår derfor ein auke på 10 mill. kroner i tilskotsordninga for utviklingsmidlar til fagskulane.
- Høgare utdanning og forskning
- Regjeringa foreslår å auke løyvinga til universitet og høgskular nominelt med 1,6 mrd. kroner samanlikna med revidert budsjett for 2023. Det er ein realnedgang på 0,7 pst. frå 2023 og ein realvekst på 1,6 pst. frå 2019.
 - Forslaget omfattar 151,1 mill. kroner i resultatbasert utteljing for auken på indikatorane i finansieringssystemet.
 - Forslaget omfattar 255 nye studieplassar for å medverke til møte etterspurnad frå studentar og arbeidsliv, mellom anna 60 nye studieplas-

- sar i medisin som skal styrke desentrale studie-modellar og 100 plassar i IKT-fag.
- Som del av auken i rammeløyvinga foreslår regjeringa å flytte 338,8 mill. kroner frå program og tilskotsordningar forvalta av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse til rammeløyvinga til universiteta og høgskulane. Dette er midlar som er retta både mot både kvalitetsarbeidet i sektoren, fleksibel og desentralisert utdanning og internasjonalt arbeid.
 - Regjeringa foreslår 2,1 mill. kroner i samband med at dei første studentane startar fjerde studieår i den nye, femårige lærarutdanninga i praktiske og estetiske fag (LUPE) hausten 2024. Frå 2025 til 2029 vil regjeringa foreslå å trappe opp løyvinga etter kvart som studentane tek til det fjerde og femte studieåret i LUPE ved alle dei seks institusjonane som tilbyr denne utdanninga.
 - Regjeringa foreslår minst 1 mrd. kroner over fem år til ei satsing på framtidens databehandling – kunstig intelligens, digital tryggleik og samfunnskonskvensar av teknologiutviklinga.
 - Regjeringa foreslår ei samla løyving på 6 141,5 mill. kroner til Noregs forskingsråd i 2024 over Kunnskapsdepartementets budsjett, som skal bidra til å nå mål og prioriteringar fastsette i langtidsplanen for forskning og høgare utdanning.
 - Regjeringa foreslår å løyve 103,7 mill. kroner i 2024 til ei ordning i Forskingsrådet for å finansiere FoU-prosjekt forankra i behova i dei kommunale helse- og omsorgstenestene.
 - Regjeringa foreslår å løyve 9 mill. kroner til samisk forskning og utdanning.
 - Regjeringa foreslår å løyve 140 mill. kroner i 2024 og 140 mill. kroner i 2025 til å fornye og oppdatere det nasjonale forskingsnettet.
 - Regjeringa foreslår ei startløyving på 178 mill. kroner for prosjektet NTNU Campussamling. Prosjektet inneber å flytte campusen på Dragvoll til Gløshaugen for å oppnå meir samverknad mellom fagmiljøa.

2 Oversikt over forslaget til budsjett for Kunnskapsdepartementet

Utgifter fordelt på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
Administrasjon					
200	Kunnskapsdepartementet	393 790	397 298	422 927	6,5
201	Analyse og kunnskapsgrunnlag	255 682	280 159	282 673	0,9
	<i>Sum kategori 07.10</i>	<i>649 472</i>	<i>677 457</i>	<i>705 600</i>	<i>4,2</i>
Grunnopplæringa					
220	Utdanningsdirektoratet	631 094	669 246	712 901	6,5
221	Foreldreutvala for grunnopplæringa og barnehagane	14 779	16 141	17 012	5,4
222	Statlege skular og fjernunder- visningstenester	160 378	129 353	149 046	15,2
223	Diamanten skole		27 473	28 983	5,5
224	Tilskot til freds- og menneskeretts- senter	124 532	125 662	133 698	6,4
225	Tiltak i grunnopplæringa	1 826 874	2 384 721	2 595 080	8,8
226	Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa	3 599 465	2 825 930	3 140 242	11,1
227	Tilskot til særskilde skular	229 867	222 277	244 178	9,9
228	Tilskot til private skular o.a.	6 205 834	6 489 436	7 169 329	10,5
229	22. juli-senteret		52 667	50 485	-4,1
230	Statleg spesialpedagogisk teneste	654 161	623 053	666 435	7,0
	<i>Sum kategori 07.20</i>	<i>13 446 984</i>	<i>13 565 959</i>	<i>14 907 389</i>	<i>9,9</i>
Barnehagar					
231	Barnehagar	791 801	1 089 563	1 151 535	5,7
	<i>Sum kategori 07.30</i>	<i>791 801</i>	<i>1 089 563</i>	<i>1 151 535</i>	<i>5,7</i>

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
	Høgare yrkesfagleg utdanning				
240	Fagskular	1 176 737	1 249 623	1 459 322	16,8
241	Tiltak for høgare yrkesfagleg utdanning	41 872	23 354	24 648	5,5
242	Noregs grønne fagskule – Veia	38 183	32 757	35 281	7,7
	<i>Sum kategori 07.40</i>	<i>1 256 792</i>	<i>1 305 734</i>	<i>1 519 251</i>	<i>16,4</i>
	Kompetansepolitikk og livslang læring				
251	22. juli-senteret	26 161			0,0
253	Folkehøgskular	1 045 730	1 066 257	1 116 379	4,7
254	Studieforbund o.a.	74 312	76 236	75 183	-1,4
256	Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse	393 686	441 943	466 839	5,6
257	Kompetanseprogrammet	316 821	208 695	210 808	1,0
258	Tiltak for livslang læring	147 088	129 317	112 836	-12,7
	<i>Sum kategori 07.50</i>	<i>2 003 798</i>	<i>1 922 448</i>	<i>1 982 045</i>	<i>3,1</i>
	Høgare utdanning og forskning				
260	Universitet og høgskular	41 653 574	42 801 762	45 398 672	6,1
270	Studentvelferd	525 784	953 214	720 909	-24,4
271	Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga	186 318	119 342	125 791	5,4
272	Tiltak for internasjonalisering og høgare utdanning	734 776	605 775	370 517	-38,8
273	Kunnskapssektorens tenesteleverandør – Sikt	178 729	182 910	425 635	132,7
274	Universitetssenteret på Svalbard	158 265	158 265	168 386	6,4
275	Tiltak for høgare utdanning og forskning	283 954	263 601	142 627	-45,9
284	Dei nasjonale forskingsetiske komiteane	19 094	20 119	21 206	5,4
285	Noregs forskingsråd	6 880 749	5 229 094	5 549 991	6,1
286	Regionale forskingsfond	159 012	122 087		-100,0
287	Grunnløyving til samfunnsvitenskaplege forskingsinstitutt	228 426	234 990	245 303	4,4
288	Internasjonale samarbeidstiltak	4 419 542	5 016 256	7 043 367	40,4
289	Vitenskaplege prisar	46 138	46 047	49 101	6,6
	<i>Sum kategori 07.60</i>	<i>55 474 361</i>	<i>55 753 462</i>	<i>60 261 505</i>	<i>8,1</i>

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
Utdanningsstøtte					
2410	Statens lånekasse for utdanning	50 673 213	55 761 937	56 970 243	2,2
	<i>Sum kategori 07.80</i>	<i>50 673 213</i>	<i>55 761 937</i>	<i>56 970 243</i>	<i>2,2</i>
	Sum programområde 07	124 296 421	130 076 560	137 497 568	5,7
	Sum utgifter	124 296 421	130 076 560	137 497 568	5,7

Utgifter fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post- gr.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
01–29	Statens egne driftsutgifter	7 403 921	7 073 612	7 236 421	2,3
30–49	Nybygg, anlegg o.a.	91 508	85 024	80 439	-5,4
50–89	Overføringer til andre	81 808 087	84 764 488	91 322 035	7,7
90–99	Utlån, statsgjeld o.a.	34 992 905	38 153 436	38 858 673	1,8
	Sum under departementet	124 296 421	130 076 560	137 497 568	5,7

Inntekter fordelt på kapitler

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
Administrasjon					
3200	Kunnskapsdepartementet	1 377			0,0
	<i>Sum kategori 07.10</i>	<i>1 377</i>			<i>0,0</i>
Grunnopløringa					
3220	Utdanningsdirektoratet	842	2 478	2 587	4,4
3222	Statlege skular og fjernunder- visningstenester	24 482	20 986	21 909	4,4
3223	Diamanten skole		685	715	4,4
3225	Tiltak i grunnopløringa	80 549	76 128	302 337	297,1
3230	Statleg spesialpedagogisk teneste	30 160	33 264	35 045	5,4
	<i>Sum kategori 07.20</i>	<i>136 033</i>	<i>133 541</i>	<i>362 593</i>	<i>171,5</i>

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
Høgare yrkesfagleg utdanning					
3242	Noregs grønne fagskule – Veia	10 930	6 640	7 586	14,2
	<i>Sum kategori 07.40</i>	<i>10 930</i>	<i>6 640</i>	<i>7 586</i>	<i>14,2</i>
Kompetansepolitikk og livslang læring					
3256	Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse	49 090	29 757	31 066	4,4
	<i>Sum kategori 07.50</i>	<i>49 090</i>	<i>29 757</i>	<i>31 066</i>	<i>4,4</i>
Høgare utdanning og forskning					
3271	Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga	10 163	4 785	4 995	4,4
3275	Tiltak for høgare utdanning og forskning		10	10	0,0
3288	Internasjonale samarbeidstiltak	16 171	16 414	31 037	89,1
	<i>Sum kategori 07.60</i>	<i>26 334</i>	<i>21 209</i>	<i>36 042</i>	<i>69,9</i>
Utdanningsstøtte					
5310	Statens lånekasse for utdanning	20 050 235	21 421 541	22 353 761	4,4
5617	Renter frå Statens lånekasse for utdanning	4 290 537	9 714 332	10 363 860	6,7
	<i>Sum kategori 07.80</i>	<i>24 340 772</i>	<i>31 135 873</i>	<i>32 717 621</i>	<i>5,1</i>
	Sum programområde 07	24 564 536	31 327 020	33 154 908	5,8
	Sum inntekter	24 564 536	31 327 020	33 154 908	5,8

Inntekter fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
01–29	Sal av varer og tenester	242 127	197 706	443 038	124,1
50–89	Overføringar fra andre	4 369 325	9 793 266	10 454 138	6,7
90–99	Attendebetalningar o.a.	19 953 084	21 336 048	22 257 732	4,3
	Sum under departementet	24 564 536	31 327 020	33 154 908	5,8

Bruk av stikkordet «kan overførast»

***Under Kunnskapsdepartementet blir stikkordet «kan overførast» foreslått knytt til desse postane utanom post-gruppe 30-49*

			(i 1 000 kr)	
Kap.	Post	Nemning	Overført til 2023	Forslag 2024
220	70	Tilskot til læremiddel o.a.	3 565	86 731
225	63	Tilskot til samisk i grunnopplæringa	3 264	125 171
225	65	Rentekompensasjon for skule- og symjeanlegg		280 000
226	21	Særskilde driftsutgifter	77 230	1 308 639
231	21	Særskilde driftsutgifter	42 068	835 421
240	61	Utviklingsmidlar til fagskular	7 747	75 148
241	21	Tiltak for høgare yrkesfagleg utdanning	14 981	24 648
257	70	Tilskot	227 221	202 910
258	21	Særskilde driftsutgifter	69 408	112 836
270	75	Tilskot til bygging av studentbustadar		633 604
272	51	Tiltak for internasjonalisering	107 934	71 025
272	52	Tiltak for høgare utdanning	156 292	147 276
272	71	Tilskot til tiltak for internasjonalisering	32 122	100 111
272	72	Tilskot til tiltak for høgare utdanning	16 721	52 105
275	21	Særskilde driftsutgifter	24 349	71 062

3 Oppfølging av oppmodingsvedtak

Nedanfor er ei oversikt over oppfølging av oppmodingsvedtak under Kunnskapsdepartementet. Oversikta omfattar alle vedtak frå stortings sesjonen 2022–2023 og alle vedtak frå tidlegare sesjonar som kontroll- og konstitusjonskomiteen i Innst. 186 S (2022–2023) meinte ikkje var følgde opp ferdig (51 stk.).

I kolonnen lengst til høgre i tabell 3.1 er det ført opp om departementet reknar med at rapporteringa om vedtaket no blir avslutta, eller om det vil rapportere konkret om det i budsjettframlegget neste år òg. Ei rapportering som inneber at departementet skal legge fram ei konkret sak for Stor-

tinget, vil normalt først bli avslutta når slikt framlegg er gjort.

Sjølv om det i tabellen er oppgitt at rapporteringa blir avslutta, vil det stundom vere slik at oppfølginga av alle sider av vedtaket ikkje er sluttført. Dette kan til dømes gjelde oppmoding om å ta særlege omsyn i politikkkutforminga på eit område, og der oppfølginga vil kunne gå over fleire år. I slike tilfelle blir Stortinget orientert om oppfølginga slik som elles gjennom omtale av det relevante politikkområdet i andre dokument til Stortinget.

Tabell 3.1 Oppmodingsvedtak

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Følgd opp (ja/nei)
2022–2023	81	Regulering og dimensjonering av barnehagetilbodet	Ja
2022–2023	87	Gratis SFO-tilbod alle vekedagar skulen har tilbod	Ja
2022–2023	90	Eksamensordningar i vidaregåande og ungdomsskule	Ja
2022–2023	109	Finansiering av produksjonsskular	Ja
2022–2023	110	Forprosjekt for nytt bygg til Griegakademiet	Ja
2022–2023	471	Meir variert praksis i lærarutdanningane m.m.	Nei
2022–2023	472	Strategi for å styrke laget rundt læraren og eleven	Nei
2022–2023	484	Plan for å vidareutvikle høgare yrkesfagleg utdanning	Nei
2022–2023	553	Lærekandidatordninga	Nei
2022–2023	554	Greie ut nytt yrkestittelnivå	Nei
2022–2023	582	Læringsutbyte om kunstig intelligens og tingas internett i høgare utdanning	Ja
2022–2023	625	Vald og truslar i skulen	Nei
2022–2023	690	Strategi for å auke rekrutteringa av lærarar	Nei

Tabell 3.1 Oppmodingsvedtak

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Følgd opp (ja/nei)
2022–2023	733	Kandidattypar innanfor fag- og yrkesopplæringa	Nei
2022–2023	734	Læringsstøttande ressursar på begge målformer	Nei
2022–2023	735	IB-tilbod både i grunnskulen og i vidaregåande skule	Nei
2022–2023	736	Handlingsrommet for alternative opplæringsarenaer	Nei
2022–2023	737	Utvide målgruppa for oppfølgingstenesta	Nei
2022–2023	738	Sikre individuell tilrettelegging av opplæringa	Nei
2021–2022	35, pkt. 44	Meldeplikt ved overføring av eigedomsrett til barnehage	Nei
2021–2022	35, pkt. 45	Gjeninnføre rett for kommunane til å føre tilsyn med private barnehagar	Nei
2021–2022	35, pkt. 53	Kartlegging av utfordringar for praktisk opplæring i skulen	Nei
2021–2022	374	Styrking av praktisk læring	Nei
2020–2021	16	Gjennomgang av finansieringskategoriane i høgare utdanning	Ja
2020–2021	30	Ordning i Statens lånekasse for utdanning for autorisasjon av helsepersonell	Ja
2020–2021	79	Politiattest for tilsetjing i skular og barnehagar	Nei
2020–2021	182	Greie ut Østfold-modellen for lærekandidatar med tilretteleggingsbehov	Nei
2020–2021	684	Finansiering av studieopphald i utlandet	Ja
2020–2021	687	Betre godkjeningsordningar for utanlandsk utdanning	Ja
2020–2021	941	Opptrappingsplan for studieplassar i medisin, helsefag, sjukepleie og psykologi	Nei
2020–2021	942	Styrke rådgivings- og rettleiingstenesta i skulen	Nei
2020–2021	943	Krav til minstestandard på teknisk utstyr på yrkesfag	Nei
2020–2021	945	Rekrutteringsstipend for yrkesfaglærarutdanning	Ja
2020–2021	947	Yrkesopplæringa tilpassa arbeidslivet	Ja
2020–2021	949	Undervisningsutstyr i tekniske fag i vidaregåande	Nei
2020–2021	1017	Opplæringslova, barnehagelova og FNs barnekonvensjon	Ja
2020–2021	1018	Fjernundervisning og opplæringslova	Ja
2020–2021	1069	Rett til innføringsfag i vidaregåande opplæring	Ja
2020–2021	1070	Sluttkompetanse i vidaregåande skule	Nei
2020–2021	1071	Overgangskurs i vidaregåande opplæring	Nei
2020–2021	1072	Overgangstilbod i vidaregåande opplæring	Nei
2020–2021	1074	Tilbod om praksisbrev i vidaregåande opplæring	Ja
2020–2021	1075	Vekslingsmodellar i vidaregåande opplæring	Ja

Tabell 3.1 Oppmodningsvedtak

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Følgd opp (ja/nei)
2020–2021	1076	Forsterka oppfølgingsansvar i vidaregåande opplæring	Ja
2020–2021	1078	Opplæringskontor og lærebedrifter	Ja
2020–2021	1104	Heilskaplege og koordinerte tenester	Nei
2019–2020	698	Rett til kompetanseheving i arbeidslivet	Ja
2019–2020	699	Finansieringssystem for universitet og høgskular	Ja
2019–2020	700	Studieplassar i høgare yrkesfagleg utdanning	Nei
2019–2020	701	Vaksne utan rett til vidaregåande opplæring	Ja
2018–2019	51	Finansieringssystemet og ideelle barnehagar	Nei
2018–2019	197	Fritak frå skulefag	Ja
2017–2018	461	Vilkår for private barnehagar	Nei
2017–2018	802	Finansieringssystemet for private barnehagar	Nei
2017–2018	887	Rangering av søkarar til høgare utdanning	Nei
2016–2017	67	Hovudmål og målformgrupper på ungdomsskulen	Ja
2016–2017	642	Medlemskap i studentsamskipnad for fagskular	Nei
2016–2017	643	Evaluering av fagskulereforma	Ja
2016–2017	900	Lærarar med fordjuping i spesialpedagogikk	Ja
2016–2017	901	Rett til spesialundervisning av fagpersonar	Ja
2016–2017	903	Spesialundervisning og lærarkompetanse	Ja
2015–2016	796	Krav om norsk og samisk språk i barnehagesektoren	Nei

Oppmodningsvedtak under kunnskapsministeren

Vedtak frå 2022–2023-sesjonen

Vedtak nr. 81, 1. desember 2022: Regulering og dimensjonering av barnehagetilbodet

Stortinget ber regjeringa sende ut forslag på høring i løpet av 2023 som gir kommunene nye og sterkere virkemidler til å regulere og dimensjonere det samlede barnehagetilbudet i kommunen til det beste for barna og foreldrene. Regjeringa skal utrede og sende på høring forslag til dette, som å sette vilkår for tilskudd til private barnehager, mulighet for å stille samme krav til private som til offentlige barnehager, og å tidsavgrense tilskudd til private barnehager

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 1 (2022–2023) *Nasjonlbudsjettet 2023*, jf. Innst. 2 S (2022–2023).

Kunnskapsdepartementet vil i løpet av hausten 2023 sende på høring ei rekke forslag om endringar i barnehagelova om styringa og finansieringa av barnehagesektoren. For meir utførleg tekst om arbeidet med regelverket for private barnehagar, sjå del II, programkategori 07.30 Barnehagar.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 87, 1. desember 2022: Gratis SFO-tilbod alle vekedagar skulen har tilbod

Stortinget ber regjeringa sørge for at elever som mottar tilbod om 12 timers gratis SFO fra skoleåret 2023–2024 får mulighet til å delta alle ukedager skolen har SFO-tilbud, så langt det er praktisk mulig.

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 1 (2022–2023) *Nasjonalbudsjettet 2023*, jf. Innst. 2 S (2022–2023).

Vedtaket er følgt opp ved endringar i forskrift til opplæringslova § 1B-4 som blei fastsette 26. mai 2023. Ifølge den reviderte paragrafen skal kommunen gi foreldra tilbod om å fordele dei 12 timane med gratis skulefritidsordning (SFO) på alle dagane kommunen til vanleg har eit SFO-tilbod, så langt det er praktisk mogleg. Samtidig blei forskrifta endra for å utvide ordninga med 12 timar gratis SFO til også å gjelde for elevar på 2. årstrinn. Endringane tok til å gjelde 1. august 2023.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 90, 1. desember 2022: Eksamensordningar i vidaregåande og ungdomsskule

Stortinget ber regjeringen iverksette forsøk og utprøvinger med alternativer til dagens eksamensordning i vidaregåande og ungdomsskule. Forsøkene og utprøvingene følges med bistand og erfaringsinnhenting.

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 1 (2022–2023) *Nasjonalbudsjettet 2023*, jf. Innst. 2 S (2022–2023).

Utdanningsdirektoratet har varsla at det frå våren 2024 vil bli sett i gang utprøving av ei langtidsoppgåve som på sikt kan bli eit alternativ eller supplement til dagens eksamensformer. Fylkeskommunane kan i løpet av hausten 2023 melde interesse for å delta i den første utprøvinga.

I tillegg til den planlagde utprøvinga av ei langtidsoppgåve blir det arbeidd med nødvendig kunnskapsinnhenting. Utdanningsdirektoratet gjennomførte i fjor ei kartlegging av nordisk forskning om eksamen. Eit sentralt funn var at det er forholdsviss lite forskning på eksamen i Norden. Vidare blir det gjennomført eit forskingsprosjekt om fag- og sveineprøve som vurderingsform, der Fafo skal levere sin rapport i 2023. Utdanningsdirektoratet og Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) er også i gang med å greie ut moglege endringar i eksamensordninga for praksiskandidatar.

Utdanningsdirektoratet har elles lagt fram andre forslag til utprøvingar og etter kvart forsøk på vurderingsfeltet. Det omfattar mellom anna utprøving av eksamen i praktiske og estetiske fag og ei skriftleg-munnleg eksamensform. Dette vil inngå som ein del av kunnskapsgrunnlaget for å kunne gjere endringar på sikt. Når vi endrar eksamen, er det viktig at dette blir gjort gradvis og kunnskapsbasert. Vi må sikre både eit føreseieleg system, at eksamenen måler det han skal måle, og at han sikrar ei mest mogleg likeverdig og rettferdig vurdering av elevane. Regjeringa arbeider altså langs fleire spor for å vidareutvikle dagens eksamensordningar med bakgrunn i eit godt kunnskapsgrunnlag.

Departementet foreslår i statsbudsjettet for 2024 ein auke på 15 mill. kroner for å styrke arbeidet med eksamen og vurdering, jf. programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 109, 1. desember 2022: Finansiering av produksjonsskular

Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget i statsbudsjettet for 2024 med forslag om statlig bidrag til finansiering av produksjonsskolar.

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 1 (2022–2023) *Nasjonalbudsjettet 2023*, jf. Innst. 2 S (2022–2023).

I statsbudsjettet for 2024 foreslår regjeringa 485 mill. kroner for å styrke arbeidet for fleire læreplassar og bidra til kvalifisering og formidling til læreplassar i fag- og yrkesopplæringa, jf. kap. 225, post 69. Fylkeskommunane kan innanfor ramma av tilskotet mellom anna etablere tilbod om produksjonsskular. Sidan tilskotet gir rom for å gi midlar til produksjonsskular, meiner departementet at dette er eit statleg bidrag til finansiering av produksjonsskular, i tråd med vedtaket. Samstundes vil ikkje departementet avgjere kva for opplæringstilbod den einskilde fylkeskommunane skal velje. Det er viktig at opplæringstilbodet er tilpassa lokale behov.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 472, 31. januar 2023: Strategi for å styrke laget rundt læreren og eleven

Stortinget ber regjeringen legge frem en strategi for å styrke laget rundt læreren og eleven slik at læreren får bedre tid til sine kjerneoppgaver og eleven får tettere oppfølging, herunder øke antall ansatte og styrke samarbeidet mellom faginstanser og få flere yrkesgrupper med helse- og sosialfaglig kompetanse inn i skolen.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:21 S (2022–2023) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Abid Raja, Guri Melby, Ingvild Wetrhus Thorsvik og Alfred Jens Bjørlo om å ta lærereyrket framover*, jf. Innst. 158 S (2022–2023).

Departementet er i gang med å vurdere korleis ein kan styrke laget rundt barna og eleven, og vil involvere partane og sentrale aktørar i dette arbeidet. Laget rundt vil vere eit tema i dei to komande meldingane om 5.–10. trinn og sosial mobilitet og sosial utjamning.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 553, 28. mars 2023: Lærekandidatordninga

Stortinget ber regjeringen styrke lærekandidatordningen, herunder sørge for at det avklares og tydeliggjøres hvem som er riktig målgruppe for lærekandidatordningen, og hvem som kanskje har bedre utbytte av alternative ordninger som praksisbrevordningen.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:99 S (2022–2023) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Aleksander Stokkebø, Jan Tore Sanner, Kari-Anne Jønnes, Margret Hagerup, Turid Kristensen*, jf. Innst. 244 S (2022–2023).

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 554, 28. mars 2023: Nytt yrkestittelnivå

Stortinget ber regjeringen i samarbeid med partene i arbeidslivet utrede om det skal innføres et yrkestittelnivå mellom fagarbeiderne med fag- eller svennebrev og de ufaglærte.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:99 S (2022–2023) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Aleksander Stokkebø, Jan Tore Sanner, Kari-Anne Jønnes, Margret Hagerup, Turid Kristensen*, jf. Innst. 244 S (2022–2023).

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 625, 25. april 2023: Vald og truslar i skulen

Stortinget ber regjeringen om årlig å rapportere om statistikk og utviklingen når det gjelder vold og trusler i norsk skole.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:144 S (2022–2023) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Himanshu Gulati, Sylvi Listhaug, Terje Halleland, Marius Arion Nilsen, Dagfinn Henrik Olsen og Erlend Wiborg*, jf. Innst. 288 S (2022–2023).

Departementet har gitt Utdanningsdirektoratet i oppdrag å foreslå korleis oppmodingsvedtaket kan følgast opp. Direktoratet skal svare på oppdraget innan 31. mai 2024. Det er arbeidsmiljølova som regulerer arbeidsmiljøet til dei tilsette i skulen, medan det er opplæringslova og privatskulelova som skal sikre at alle elevar har eit trygt og godt skulemiljø. Utdanningsdirektoratet er derfor bede om å ha dialog med Arbeidstilsynet undervegs i arbeidet.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 733, 5. juni 2023: Kandidattypar innanfor fag- og yrkesopplæringa

Stortinget ber regjeringen ivareta de ulike kandidattypene innenfor fag- og yrkesopplæringen som praksisbrevkandidater og lærekandidater, i arbeidet med oppfølgingen av ny opplæringslov.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 57 L (2022–2023) *Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)*, jf. Innst. 442 L (2022–2023).

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 734, 5. juni 2023: Læringsstøttende ressursar på begge målformer

Stortinget ber regjeringen gjennomføre en kunnskapsinnhenting rundt omfanget av bruken av læringsstøttende ressursar i opplæringen som ikke foreligger på begge målformer, og komme tilbake til Stortinget med en vurdering av i hvilken grad dette påvirker særlig nynorsk-elevenes rett til opplæring på eget språk.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 57 L (2022–2023) *Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)*, jf. Innst. 442 L (2022–2023).

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 735, 5. juni 2023: IB-tilbod både i grunnskulen og vidaregåande skule

Stortinget ber regjeringen vurdere å åpne for muligheten til å tilby International Baccalaureate (IB) både i grunnskolen og vidaregåande skole, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 57 L (2022–2023) *Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)*, jf. Innst. 442 L (2022–2023).

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 736, 5. juni 2023: Handlingsrommet for alternative opplæringsarenaer

Stortinget ber regjeringen tydeliggjøre og øke handlingsrommet skoleleder, foreldre og elev har til å benytte seg av alternative opplæringsarenaer.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 57 L (2022–2023) *Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)*, jf. Innst. 442 L (2022–2023).

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 737, 5. juni 2023: Utvide målgruppa for oppfølgingstenesta

Stortinget ber regjeringen i den varslede stortingsmeldingen om 5. til 10. trinn vurdere å utvide oppfølgingstjenestens målgruppe til også å omfatte elever på 10. trinn.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 57 L (2022–2023) *Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)*, jf. Innst. 442 L (2022–2023).

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 738, 5. juni 2023: Sikre individuell tilrettelegging av opplæringa

Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med en vurdering av hvordan gjennomføring av vedtak om individuell tilrettelegging av opplæringen kan sikres, og påklages. I påvente av dette ber Stortinget regjeringen om å legge til grunn at manglende gjennomføring av individuell tilrettelegging av opplæringen fortsatt kan påklages til statsforvalteren.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 57 L (2022–2023) *Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)*, jf. Innst. 442 L (2022–2023).

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak frå 2021–2022-sesjonen

Vedtak nr. 35, pkt. 44, 2. desember 2021: Meldeplikt ved overføring av eigedomsrett til barnehage

Stortinget ber regjeringen i forskrift og lovforslag innføre meldeplikt til kommunen når eiendomsrett til barnehage i kommunen blir overført til andre enn staten eller den fylkeskommune der eiendommen ligger, og utrede hvordan det kan innføres en forkjøpsrett for kommuner.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 1 (2021–2022) *Nasjonalbudsjettet 2022*, jf. Innst. 2 S (2021–2022).

Vedtaket om å innføre meldeplikt til kommunen blei våren 2022 følgt opp i Prop. 82 L (2021–

2022) *Endringer i barnehageloven (selvstendig rettssubjekt, forbud mot annen virksomhet, meldepplikt m.m.)*. I proposisjonen blei det foreslått krav om at private barnehagar skal melde frå til kommunen og Utdanningsdirektoratet ved nedlegging, eigarskifte eller andre organisatoriske endringar. Stortinget behandla forslaget 31. mai 2022, jf. Innst. 403 L (2021–2022).

Departementet vil i løpet av hausten 2023 sende på offentleg høyring ei rekke forslag om endringar i barnehagelova om styring og finansiering av barnehagesektoren. For meir utførleg tekst om arbeidet med regelverket for private barnehagar, sjå del II, programkategori 07.30 Barnehagar.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 35, pkt. 45, 2. desember 2021: Gjeninnføre rett for kommunane til å føre tilsyn med private barnehagar

Stortinget ber regjeringen fremme nødvendige forslag for å gjeninnføre kommunenes rett til å føre tilsyn med private barnehager, herunder gi kommunene innsyn i alle økonomiske disposisjoner i barnehager i kommunen som mottar tilskudd.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 1 (2021–2022) *Nasjonalbudsjettet 2022*, jf. Innst. 2 S (2021–2022).

Departementet vil i løpet av hausten 2023 sende på offentleg høyring ei rekke forslag om endringar i barnehagelova om styring og finansiering av barnehagesektoren. For meir utførleg tekst om arbeidet med regelverket for private barnehagar, sjå del II, programkategori 07.30 Barnehagar.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 35, pkt. 53, 2. desember 2021: Kartlegging av utfordringar for praktisk opplæring i skulen

Stortinget ber regjeringen kartlegge hva som er de største utfordringene for praktisk opplæring både i de praktiske og estetiske fagene og andre fag i skolen, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte. Kartleggingen må blant annet vurdere kompetanse, fysiske fasiliteter og utstyrssituasjonen, særlig i de praktiske og estetiske fagene.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 1 (2021–2022) *Nasjonalbudsjettet 2022*, jf. Innst. 2 S (2021–2022).

Vedtaket vil bli følgt opp i den varsla meldinga om 5.–10. trinn i grunnskulen.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 374, 1. februar 2022: Styrking av praktisk læring

Stortinget ber regjeringen i sitt varslede arbeid med en helhetlig ungdomsskolereform vektlegge endringer som skal bidra til å øke elevenes motivasjon, læring og trivsel og styrke den praktiske læringen, og videre at regjeringen inkluderer sektoren tett i arbeidet.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:18 S (2021–2022) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Erna Solberg, Jan Tore Sanner, Kari-Anne Jønnes, Margret Hagerup, Mathilde Tybring-Gjedde og Turid Kristensen*, jf. Innst. 129 S (2021–2022).

Vedtaket vil bli følgt opp i den varsla meldinga om 5.–10. trinn i grunnskulen.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak frå 2020–2021-sesjonen

Vedtak nr. 79, 12. november 2020: Politiattest for tilsetjing i skular og barnehagar

Stortinget ber regjeringen om å fremme forslag om nødvendige regelendringer slik at politiattesten gir et fullstendig bilde av søkeren og viser alle relevante lovbrudd i de tilfeller som gjelder ansettelsesforhold i skole, barnehage eller andre steder der kontakt med barn utgjør en viktig del av stillingen.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:113 S (2019–2020) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Hanne Dyveke Søttar, Kari Kjonaas Kjos, Silje Hjemdal og Roy Steffensen om nødvendige regelendringer om politiattest for ansettelsesforhold i skoler og barnehager*, jf. Innst. 64 S (2020–2021).

Området for kva straffebod som skal noterast på ein politiattest, er utvida i den nye opplæringslova som Stortinget vedtok 5. juni 2023. Det er fleire straffebod enn det som er i politiregisterlova § 39. Det gjeld reglar som rettar seg dels mot den personlege fridommen og fred, dels mot valdslovbrot, einskilde vinningslovbrot og dels mot kjønnslemlesting og forbodet mot tvangsekteskap.

Når barneomsorgsattestane etter opplæringslova blir utvida til å omfatte fleire straffebod som ikkje er omfatta av politiregisterlova § 39 første ledd, inneber det eit avvik frå den elles einsarta reguleringa av barneomsorgsattestar. Regjeringa følger opp oppmodingsvedtaket gjennom eit interdepartementalt samarbeid for gjennomgang og revisjon av barneomsorgsattestar etter politiregisterlova § 39. Det blir arbeidd for å sende eit forslag til endring av politiregisterlova § 39 på høyring. Gjennom revisjon av politiregisterlova tek ein sikte på å etablere ein einsarta praksis for innhaldet av barneomsorgsattestar i samarbeid mellom dei departementa det gjeld.

Når det no er gjort endringar i reglane om politiattest på skuleområdet, vil departementet vurdere å gjere tilsvarende endringar i reglane om politiattest på barnehageområdet.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 182, 3. desember 2020: Greie ut Østfold-modellen for lærekandidatar med tilretteleggingsbehov

Stortinget ber regjeringa utrede Østfold-modellen for lærekandidatar med tilretteleggingsbehov, som er utarbeidet av ASVL (Arbeidssamvirkenes landsforening), og vurdere om dette kan gjøres til en nasjonal ordning, slik det anbefales i NIFU-rapport 18: 2018.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 1 S Tillegg 1 (2020–2021) *Endring av Prop. 1 S (2020–2021) Statsbudsjettet 2021 (saldering)*, jf. Innst. 2 S (2020–2021).

I statsbudsjettet for 2024 foreslår regjeringa 485 mill. kroner for å styrke arbeidet for fleire læreplassar og bidra til kvalifisering og formidling til læreplassar i fag- og yrkesopplæringa. Fylkeskommunane har ansvaret for vidaregåande opplæring og er best eigna til å vurdere kva for tiltak som er dei beste for å oppfylle behova i dei ulike fylka. Østfold-modellen kan vere ein god modell for lærekandidatar med behov for tilrettelegging. Tilskotsmidlane til betre læreplassformidling og kvalifisering legg til rette for at fleire fylkeskommunar kan ta i bruk slike modellar.

Regjeringa følger opp Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreforma – med åpne dører til verden og fremtiden*. Ein viktig del av reforma er at vidaregåande opplæring skal bli betre tilpassa mangfaldet i elevgruppa. Det kan også gi behov for å utvikle lærekandidatordninga. Ordninga er

godt etablert og blir nytta i alle fylkeskommunane.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 942, 20. mai 2021: Styrke rådgivings- og rett-leiingstenesta i skulen

Stortinget ber regjeringa styrke rådgivnings- og veiledningstjenesten i skolen gjennom å legge til rette for en tverrfaglig rådgivertjeneste og samarbeid mellom skoleeier, ungdomsskole, rådgivertjenesten, den videregående skolen og arbeidslivet, og gjøre det enklere for yrkesgrupper med erfaring fra annet arbeidsliv å bli ansatt i skolen som rådgivere.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:282 S (2020–2021) *Representantforslag fra Hanne Dyveke Søttar, Hans Andreas Limi, Roy Steffensen, Silje Hjemdal, Terje Halleland om et yrkesfagløft for verdiskaping*, jf. Innst. 414 S (2020–2021).

Departementet vil følge opp vedtaket i samband med oppfølginga av tiltaka i Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreforma – med åpne dører til verden og fremtiden*.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 943, 20. mai 2021: Krav til minstestandard på teknisk utstyr på yrkesfag

Stortinget ber regjeringa legge til rette for at det innføres krav til minstestandard på teknisk utstyr på yrkesfag. Minstestandarden skal utvikles i samarbeid mellom skoler og næringsliv.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:282 S (2020–2021) *Representantforslag fra Hanne Dyveke Søttar, Hans Andreas Limi, Roy Steffensen, Silje Hjemdal, Terje Halleland om et yrkesfagløft for verdiskaping*, jf. Innst. 414 S (2020–2021).

Fylkeskommunane har ansvaret for at dei vidaregåande skulane har tilgang til relevant utstyr, slik at undervisninga er i tråd med kompetansemåla i læreplanen. Skulane og lærarane har stor grad av fridom i val av metode, og dei har lokalt handlingsrom innanfor læreplanen når det gjeld korleis opplæringa blir organisert. Regjeringa vil gjennom tillitsreforma styrke det lokale handlingsrommet og unngå unødvendige statlege krav

og styring. Fylkeskommunar og skular kan, i tråd med det lokale handlingsrommet, utvikle lokale minstestandardar ved behov for å sikre tilstrekkeleg utstyr i samarbeid med lokalt næringsliv.

Minstestandardar kan bli oppfatta som ein standard, slik at skular som elles ville hatt betre utstyr, legg seg på minstestandarden. Det er utfordrande å lage nasjonale minstestandardar som varetek at det er stor variasjon mellom fylkeskommunane i kva utdanningsprogram og programområde som er tilbodne. Til dømes kan behova for utstyr i same utdanningsprogram variere mellom ulike delar av landet, basert på det lokale næringslivet. Det vil òg vere krevjande å forvalte og halde ved like ein minstestandard som er oppdatert og relevant. Ulike tilnærmingar til korleis utstyret blir gjort tilgjengeleg for elevane, til dømes gjennom ulik grad av utstyrssamarbeid eller varierende samarbeid med næringslivet, er òg ein faktor som kan gjere det vanskeleg å lage ein nasjonal minstestandard.

Regjeringa har gjennomført eit forsøk med ulike modellar for tilskot til investeringar i utstyr i vidaregåande opplæring som skal bidra til oppdatert og kvalitetssikra utstyr i dei yrkesfaglege utdanningsprogramma. Målet var å finne ut kva modell som kan vere berekraftig på sikt, og bidra til stabil finansiering frå fylkeskommunane. Oslo Economics og Samfunns- og næringslivsforskning AS har forska på forsøket, og ein rapport blei publisert i august. Rapporten peikar mellom anna på at det er usikkert kva for langsiktig effekt tilskotet som blei gitt i samband med forsøket, vil ha. Regjeringa vil vurdere kva som bør gjerast vidare på dette området etter at rapporten er klar. Samstundes vil ikkje regjeringa innføre krav til minstestandardar på teknisk utstyr innanfor fag- og yrkesopplæringa i tråd med vedtaket.

Departementet foreslår derfor at vedtaket blir oppheva, jf. forslag til vedtak X.

Vedtak nr. 945, 20. mai 2021: Rekrutteringsstipend for yrkesfaglærerutdanning

Stortinget ber regjeringa styrke ordningen med rekrutteringsstipend for personer utenfor skolesektoren som ønsker å ta en yrkesfaglærerutdanning for å jobbe i skolen.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:282 S (2020–2021) *Representantforslag fra Hanne Dyveke Søttar, Hans Andreas Limi, Roy Steffensen, Silje Hjemdal, Terje*

Halleland om et yrkesfagløft for verdiskaping, jf. Innst. 414 S (2020–2021).

Utdanningsdirektoratet administrerer ordninga med utdannings- og rekrutteringsstipend til kvalifisering av tilsette som har undervisningsstilling, men som manglar godkjend lærarutdanning, og rekruttering av personar som enno ikkje er tilsette i skulen. I 2023 godkjende direktoratet totalt 603 søknader om utdannings- og rekrutteringsstipend, og av desse var det 175 stipend til yrkesfaglærerutdanninga. Ifølge Utdanningsdirektoratet fekk alle skuleeigarar godkjent søknadene sine om den typen stipend som er omtalt i oppmodingsvedtaket. Departementet meiner dette viser at dekningsgraden for stipendet er god. Departementet vurderer derfor situasjonen slik at det ikkje er behov for å styrke ordninga no. Departementet vil følge med på dekningsgraden og vurdere tiltak dersom det viser seg at ordninga ikkje er godt nok kjend, eller dersom det blir oversøking til stipendet for yrkesfaglærerutdanninga. Det er ulike erfaringar med ordninga. Til dømes melder fylkeskommunane at det er svært arbeidskrevjande å følge opp ordninga med rekrutteringsstipend, og at det er behov for å forbetre ordninga.

Departementet viser vidare til eit relevant vedtak som skal følgast opp, nemleg vedtak 690, 25. mai 2023, som blei gjort i samband med behandlinga av Dok 8:211 S (2022–2023): «Stortinget ber regjeringa laga ein strategi for auka rekruttering av lærarar og komma tilbake til Stortinget på eigna måte om strategien. Strategien må sjåast i samanheng med ordningane for rettleiing av nyutdanna, etter- og vidareutdanningstilbodet, nye karrierevegar for lærarar i skulen og den varsla profesjonsmeldinga.» I utforminga av ein slik strategi er det naturleg at departementet vurderer ordninga med utdannings- og rekrutteringsstipend.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 947, 20. mai 2021: Yrkesopplæring tilpassa arbeidslivet

Stortinget ber regjeringa sørge for at det etableres en tettere kobling mellom avgivende skoler og lærebedrifter også gjennom lærlingtiden, slik at innholdet i yrkesopplæringen blir best mulig tilpasset arbeidslivets behov.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:282 S (2020–2021)

Representantforslag frå Hanne Dyveke Søttar, Hans Andreas Limi, Roy Steffensen, Silje Hjemdal, Terje Halleland om et yrkesfagløft for verdiskaping, jf. Innst. 414 S (2020–2021).

Yrkesfagleg opplæring er eit samarbeid mellom fylkeskommunane, skulane og lærebedrifter. Det er viktig at alle partar bidreg i utarbeiding av læreplanar og tilbodsstruktur i tillegg til det løpande samarbeidet rundt elevane med kvalifisering og formidling til læreplass. Dette systemet er godt utvikla i dag. Fylkeskommunane har ansvaret for at yrkesfagelevane i vg1 og vg2 når kompetansemåla i læreplanane og blir kvalifiserte til læreplass, og lærebedriftene har ansvaret for at lærlingen gjennom læretida når kompetansemåla i lærefaget i vg3. I statsbudsjettet for 2024 foreslår regjeringa 485 mill. kroner for å styrke arbeidet for fleire læreplassar og bidra til kvalifisering og formidling til læreplassar i fag- og yrkesopplæringa, jf. kap. 225, post 69. Midlane legg til rette for at det blir etablert tettare koplingar mellom avgivande skular og lærebedrifter gjennom læretida, slik at innhaldet i yrkesopplæringa blir best mogleg tilpassa behova til arbeidslivet. I kommuneproposisjonen for 2024 er det varsla at tilskotet skal vidareførast på om lag dagens nivå ut perioden til Samfunnskontrakten for fleire læreplassar (2022–2026).

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgd opp.

Vedtak nr. 949, 20. mai 2021: Undervisningsutstyr i tekniske fag i vidaregåande opplæring

Stortinget ber regjeringa tilrettelegge for at det utvikles en bransjestandard med et minimumsnivå for undervisningsutstyr i tekniske fag i vidaregåande skoler. Det er arbeidet med en bransjestandard for Teknisk og industriell produksjon (TIP). En slik standard kan følges opp med en samordning av innkjøp og vedlikehold av utstyret.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:282 S (2020–2021) *Representantforslag fra Hanne Dyveke Søttar, Hans Andreas Limi, Roy Steffensen, Silje Hjemdal, Terje Halleland om et yrkesfagløft for verdiskaping, jf. Innst. 414 S (2020–2021).*

Fylkeskommunane har ansvaret for at dei vidaregåande skulane har tilgang til relevant utstyr, slik at undervisninga er i tråd med kompetansemåla i læreplanen. Skulane og lærarane har stor grad av fridom i val av metode, og dei har lokalt handlingsrom innanfor læreplanen når det gjeld

korleis opplæringa blir organisert. Regjeringa vil gjennom tillitsreforma styrke det lokale handlingsrommet, og unngå unødvendige statlege krav og styring. Fylkeskommunar og skular kan, i tråd med det lokale handlingsrommet, utvikle lokale minstestandardar ved behov for å sikre tilstrekkeleg utstyr i samarbeid med lokalt næringsliv.

Minstestandardar kan bli oppfatta som ein standard, slik at skular som elles ville hatt betre utstyr, legg seg på minstestandarden. Det er utfordrande å lage nasjonale og bransjespesifikke minstestandardar som tek omsyn til at det er stor variasjon mellom fylkeskommunane i kva utdanningsprogram og programområde som er tilbodne. Til dømes kan behova for utstyr i same utdanningsprogram variere mellom ulike delar av landet, basert på det lokale næringslivet. Det vil òg vere krevjande å forvalte og halde ved like ein minstestandard som er oppdatert og relevant. Ulike tilnærmingar til korleis utstyret blir gjort tilgjengeleg for elevane, til dømes gjennom ulik grad av utstyrssamarbeid eller varierende samarbeid med næringslivet, er òg ein faktor som kan gjere det vanskeleg å lage ein minstestandard.

Regjeringa har gjennomført eit forsøk med ulike modellar for tilskot til investeringar i utstyr i vidaregåande opplæring som skal bidra til oppdatert og kvalitetssikra utstyr i dei yrkesfaglege utdanningsprogramma. Målet var å finne ut kva modell som kan vere berekraftig på sikt, og bidra til stabil finansiering frå fylkeskommunane. Oslo Economics og Samfunns- og næringslivsforskning AS har forska på forsøket, og ein rapport blei publisert i august. Rapporten peikar mellom anna på at det er usikkert kva for langsiktig effekt tilskotet som blei gitt i samband med forsøket, vil ha. Regjeringa vil vurdere kva som bør gjerast vidare på dette området etter at rapporten er klar. Samstundes vil ikkje regjeringa innføre krav til minstestandardar på teknisk utstyr innanfor fag- og yrkesopplæringa i tråd med vedtaket.

Departementet foreslår derfor at vedtaket blir oppheva, jf. forslag til vedtak X.

Vedtak nr. 1017, 27. mai 2021: Opplæringslova, barnehagelova og FN's barnekonvensjon

Stortinget ber regjeringa sikre at ny opplæringslov og barnehagelov er i tråd med FN's barnekonvensjon sine grunnleggjande rettar for framgangsmåte om barns rett til informasjon, til å uttale seg fritt, barns rett til privatliv og at alle handlingar og avgjerder som omhandlar barn, blir gjorde til barnets beste.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 145 L (2020–2021) *Endringar i opplæringslova, friskulelova og barnehagelova (behandling av personopplysningar, fjernundervisning o.a.)*, jf. Innst. 512 L (2020–2021).

Når det gjeld den delen av oppmodingsvedtaket som gjeld barnehagelova, meiner departementet at dei grunnleggande rettane i FN's barnekonvensjon og prinsippet om barnets beste er tekne vare på gjennom barnehagelova § 3 om barns rett til medverknad og omsynet til barnets beste. Føresegna er endra frå 1. januar 2021, jf. Prop. 96 L (2019–2020). Det er no lovfesta at barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på den daglege verksemda i barnehagen og i saker som gjeld dei sjølv, og at det som er best for barnet, skal vere eit grunnleggande omsyn i alle handlingar og avgjerder som gjeld barn i barnehagen. Dei grunnleggande rettane i barnekonvensjonen er òg omtalte fleire stadar i forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver.

Når det gjeld den delen av oppmodingsvedtaket som gjeld opplæringslova, meiner departementet at den er blitt følgd opp i forslaget til ny opplæringslov som blei sendt til Stortinget våren 2023, jf. Prop. 57 L (2022–2023) og vedteke av Stortinget 5. juni 2023. Lova skal etter planen ta til å gjelde 1. august 2024. I lova er det teke inn føresegner om at elevane har rett til medverknad og til å ytre meiningane sine fritt (§ 10-2), om eleven sitt beste (§ 10-1) og om informasjon til elevane og foreldra (§ 10-8).

Departementet legg til grunn av vedtaket med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 1018, 20. mai 2021: Fjernundervisning og opplæringslova

Stortinget ber regjeringen komme tilbake med forslag om fjernundervisning i lovproposisjonen om ny opplæringslov.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 145 L (2020–2021) *Endringar i opplæringslova, friskulelova, og barnehagelova (behandling av personopplysningar, fjernundervisning o.a.)*, jf. Innst. 512 L (2020–2021).

Oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom Prop. 57 L (2022–2023), som blei lagd fram for Stortinget 24. mars 2023 og behandla 5. juni 2023. Departementet viser til Prop. 57 L (2022–2023) punkt 15 om fjernundervisning.

Departementet legg til grunn av vedtaket med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 1069, 1. juni 2021: Rett til innføringsfag i vidaregåande opplæring

Stortinget ber regjeringen gi elever i vidaregåande opplæring som trenger det, rett til innføringsfag. Språkopplæring i norsk skal være integrert i dette tilbudet, og opplæringen skal integreres i elevens Vg1-løp.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*, jf. Innst. 585 S (2020–2021).

I Prop. 57 L (2022–2023) om ny opplæringslov blei det foreslått ei plikt for fylkeskommunane til å ha eit opplæringstilbod i overgangen til vidaregåande opplæring for elevar som manglar faglege eller språklege føresetnader for å kunne delta i og bestå vidaregåande opplæring. Dette forslaget blei vedteke av Stortinget i juni 2023, og ny opplæringslov vil etter planen tre i kraft i august 2024. Retten til opplæring fram til ein har oppnådd studie- eller yrkeskompetanse som òg er vedteke med ny opplæringslov, inneber mellom anna at dagens tidsavgrensing i ungdomsretten på tre år fell bort. Dette gjer at opplæringa skal bli meir fleksibel, og at fleire skal få moglegheit til å bestå vidaregåande opplæring. Departementet meiner at plikta for fylkeskommunane om å ha eit overgangstilbod og retten til opplæring fram til ein har fullført vidaregåande opplæring, svarer til intensjonen bak oppmodingsvedtaket.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 1070, 1. juni 2021: Sluttkompetanse i vidaregåande skule

Stortinget ber regjeringen, i samarbeid med partene, konkretisere nærmere forbedringer av Vg3 i skule som gir elevene en sluttkompetanse som tilfredsstillar arbeidslivets krav og som har tillit i nærings- og arbeidslivet.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*, jf. Innst. 585 S (2020–2021).

Departementet vil følge opp vedtaket i samband med oppfølginga av tiltaka i Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*. Departementet vil i samarbeid med partane betre tilbodet til dei som ikkje

får læreplass, og følge opp vedtaket i forslag til forskrift til ny opplæringslov. Forslaget skal på høyring hausten 2023.

Regjeringa gjennomfører eit løft for yrkesfaga. I statsbudsjettet for 2024 foreslår regjeringa 485 mill. kroner for å styrke arbeidet for fleire læreplassar og bidra til kvalifisering og formidling til læreplassar i fag- og yrkesopplæringa, jf. kap. 225, post 69. Midlane skal òg kunne brukast på å gi ei god opplæring til elevar som ikkje får læreplass, slik at dei kan fullføre med eit fag- eller sveinebrev som blir verdsett i arbeidslivet.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 1071, 1. juni 2021: Overgangskurs i vidaregåande opplæring

Stortinget ber regjeringa gjennomføre forsøk med obligatorisk overgangskurs for elevar med svakt språklig grunnlag for å gjennomføre vidaregåande opplæring.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*, jf. Innst. 585 S (2020–2021).

Departementet viser til at det i Prop. L 57 (2022–2023) om ny opplæringslov blei foreslått ei plikt for fylkeskommunane til å ha eit opplærings-tilbod i overgangen til vidaregåande opplæring for elevar som manglar faglege eller språklege føresetnader for å kunne delta i og bestå vidaregåande opplæring. Dette forslaget blei vedteke av Stortinget i juni 2023.

Fylkeskommunen står fritt til å søke om forsøk etter opplæringslova, men departementet kan ikkje pålegge fylkeskommunen forsøk. I retningslinjene til Utdanningsdirektoratet for forsøksordninga etter opplæringslova er det presisert at det ikkje vil bli innvilga forsøk som kan innebere inn- grep i dei grunnleggjande rettane og pliktene til den einskilde. Det er derfor tvilsamt om eit forsøk med obligatoriske kurs, som vil innebere at einskilde elevar blir pålagt meir undervisning enn andre, kan seiast å vere innanfor gjeldande ordning. Nye plikter skal ha tydeleg heimel i lov. Forsøk med obligatoriske kurs reiser også ei rekke spørsmål som måtte utgreiast nærare før ein eventuelt kunne invitere fylkeskommunar til å søke om å delta i eit slikt forsøk. Dette gjeld mellom anna spørsmål om finansiering, korleis ein skal identifisere kva for elevar som skal vere omfatte av ei plikt til å delta og kva konsekvensar det skal ha for

eleven om hen ikkje deltek i kurset. Ei forsøksordning vil uansett ha eit avgrensa område.

Lovendringa som er vedteken inneber at alle fylkeskommunane får plikt til å ha eit tilbod som treffer elevar som har faglege eller språklege utfordringar. Det inneber at fylkeskommunen har det nødvendige handlingsrommet og insitamentet til å setje i gang tiltak for den aktuelle gruppa.

Departementet foreslår at oppmodingsvedtaket blir oppheva jf. forslag til vedtak X.

Vedtak nr. 1072, 1. juni 2021: Overgangstilbod i vidaregåande opplæring

Stortinget ber regjeringa gjennomføre forsøk med obligatorisk overgangstilbud for elevar med svakt faglig grunnlag for å gjennomføre vidaregåande opplæring.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*, jf. Innst. 585 S (2020–2021).

Departementet viser til at det i Prop. 57 L (2022–2023) om ny opplæringslov blei foreslått ei plikt for fylkeskommunane til å ha eit opplærings-tilbod i overgangen til vidaregåande opplæring for elevar som manglar faglege eller språklege føresetnader for å kunne delta i og bestå vidaregåande opplæring. Dette forslaget blei vedteke av Stortinget i juni 2023.

Fylkeskommunen står fritt til å søke om forsøk etter opplæringslova, men departementet kan ikkje pålegge fylkeskommunen forsøk. I retningslinjene til Utdanningsdirektoratet for forsøksordninga etter opplæringslova er det presisert at det ikkje vil bli innvilga forsøk som kan innebere inn- grep i dei grunnleggjande rettane og pliktene til den einskilde. Det er derfor tvilsamt om eit forsøk med obligatoriske kurs, som vil innebere at einskilde elevar blir pålagt meir undervisning enn andre, kan seiast å vere innanfor gjeldande ordning. Nye plikter skal ha tydeleg heimel i lov. Forsøk med obligatoriske kurs reiser også ei rekke spørsmål som måtte utgreiast nærare før ein eventuelt kunne invitere fylkeskommunar til å søke om å delta i eit slikt forsøk. Dette gjeld mellom anna spørsmål om finansiering, korleis ein skal identifisere kva for elevar som skal vere omfatte av ei plikt til å delta og kva konsekvensar det skal ha for eleven om hen ikkje deltek i kurset. Ei forsøksordning vil uansett ha eit avgrensa område.

Lovendringa som er vedteken inneber at alle fylkeskommunane får plikt til å ha eit tilbod som

treffer elevar som har faglege eller språklege utfordringar. Det inneber at fylkeskommunen har det nødvendige handlingsrommet og insitamentet til å setje i gang tiltak for den aktuelle gruppa.

Departementet foreslår at oppmodingsvedtaket blir oppheva jf. forslag til vedtak X.

Vedtak nr. 1074, 1. juni 2021: Tilbod om praksisbrev i vidaregåande opplæring

Stortinget ber regjeringen komme tilbake med forslag som sikrer at alle videregående skoler med yrkesfag gir tilbud om praksisbrev eller tilsvarende tilbud for elever som har behov for mer tid og et tilrettelagt opplæringsløp ute i bedrift.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*, jf. Innst. 585 S (2020–2021).

Det ansvaret fylkeskommunane har for å dimensjonere det vidaregåande opplæringstilbodet, gir i utgangspunktet stort handlingsrom til å velje kva for tilbod dei vil tilby, og kor mange plassar det skal vere på det einskilde tilbodet. Handlingsrommet er avgrensa av einskilde lov-festa plikter til å gi konkrete tilbod, til dømes slår opplæringslova fast at fylkeskommunar har plikt til å gi tilbod om praksisbrevopplæring. I ny opplæringslov er plikta til å tilby praksisbrevopplæring vidareført.

Departementet legg til grunn at vedtaket er følgt opp.

Vedtak nr. 1075, 1. juni 2021: Vekslingsmodellar i vidaregåande opplæring

Stortinget ber regjeringen gi fylkeskommunene incitamentar til å utvide omfanget av ulike vekslingsmodellar som alternativ til hovedmodellen med 2 år i skole + 2 år i lærebedrift, slik at flere elever får mulighet til å veksle mellom opplæring i skole og bedrift gjennom hele opplæringsløpet.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*, jf. Innst. 585 S (2020–2021).

Det er fylkeskommunane som har ansvaret for å tilby tilpassa opplæring og val av ulike modellar for opplæringa. Opplæringslova og rammefinansieringa av fylkeskommunane gir skuleeigarar fri-

dom til å velje modellar som er tilpassa det lokale arbeidslivet og behovet elevar og lærlingar har for opplæring. I statsbudsjettet for 2024 foreslår regjeringa 485 mill. kroner for å styrke arbeidet for fleire læreplassar, og bidra til kvalifisering og formidling til læreplassar i fag- og yrkesopplæringa, jf. kap. 225, post 69. Desse midlane kan òg nyttast til å utvide tilbodet som vekslingsmodellar.

Departementet meiner at vedtaket med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 1076, 1. juni 2021: Forsterka oppfølgingsansvar i vidaregåande opplæring

Stortinget ber regjeringen forsterke skolenes oppfølgingsansvar for eleven gjennom hele opplæringsløpet, også i den tiden eleven er lærling i en lærebedrift.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*, jf. Innst. 585 S (2020–2021).

Regjeringa viser til at det i ny opplæringslov som Stortinget vedtok i juni 2023, er ei ny plikt for fylkeskommunen til å sørge for at dei som har læretid i bedrift, har tilgang til rådgiving om utdannings- og yrkesval og rådgiving om sosiale og personlege forhold, (§16-1, tredje ledd og 16-2, tredje ledd).

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 1078, 1. juni 2021: Opplæringskontor og lærebedrifter

Stortinget ber regjeringen videreføre lovfesting av opplæringskontorene og godkjenning som lærebedrift, samt forsterke opplæringskontorenes funksjon som bindeledd mellom skolen og lærebedriftene.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*, jf. Innst. 585 S (2020–2021).

Forslaget til ny opplæringslov slik ho no er vedteken av Stortinget, jf. Prop. 57. L (2022–2023) og Innst. 442 L (2022–2023), anerkjenner at opplæringskontora spelar ei viktig rolle for fag- og yrkesopplæringa. Forslaget klargjer utgangspunkta for ansvarsforhold og rolledeling i samarbeidet mellom lærebedrift, opplæringskontor og fylkeskom-

mune. Den nye reguleringa i lova vil etter departementets oppfatning bidra til å gjere rolla til kontora tydeleg. Forslaget inneheld også ei presisering av at opplæringskontora framleis kan vere part i lærekontraktane og få lærlingtilskot.

Departementet legg til grunn at vedtaket er følgt opp i ny opplæringslov.

Vedtak nr. 1104, 2. juni 2021: Heilskaplege og koordinerte tenester

Stortinget ber regjeringen utrede og fremme en sak for Stortinget med forslag til nødvendige lovendringer for å sikre at barn som trenger det, gis en rett til helhetlige og koordinerte tjenester.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 100 L (2020–2021) *Endringer i velferdstjenestelovgivning (samarbeid, samordning og barnekoordinator)*, jf. Innst. 581 L (2020–2021).

Departementet har vurdert saka i samarbeid med Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Barne- og familiedepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Kommunal- og distriktsdepartementet.

Regjeringa er oppteken av at barn og unge får dei tenestene dei treng, og at tenestene er godt koordinerte. 1. august 2022 tok ei rekke endringar i velferdstenestelovgivinga til å gjelde, jf. Innst. 581 L (2020–2021) og Prop. 100 L (2020–2021). Endringane omfattar 14 lover og inneber mellom anna at reglane om samarbeid og individuell plan er harmoniserte og styrkte, at det er innført ei plikt for kommunen til å samordne tenestetilbodet til den einskilde, og ein rett til barnekoordinator på visse vilkår. Formålet med endringane er å styrke oppfølginga av utsette barn og unge og familiane deira gjennom auka samarbeid mellom velferdstenestene.

Det er viktig at reglane legg til rette for godt samarbeid mellom tenestene. Samstundes er det viktig å arbeide med å skape ein god samarbeidskultur i tenestene, både i kommune, fylkeskommune og stat. Helsedirektoratet, Arbeids- og velferdsdirektoratet, Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet og Utdanningsdirektoratet arbeider med å gi god rettleiing om dei nye reglane til tenestene. Ein felles rettleiar om samarbeid på tvers av velferdstenestene blei publisert hausten 2022.

Regelendringane blir evaluerte av Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet (NTNU). Evalueringa skal ha implementeringa av lovendringane som hovudformål. NTNU skal undersøke korleis

sentrale aktørar tolkar og set i verk lovendringane. Vidare skal evalueringa fange opp endringar som følger av lovendringane, og om målsetjingane for endringane blir oppfylte. Evalueringa vil halde fram til våren 2027.

Regjeringa vil vente på funn frå evalueringa før ei eventuell utgreiing av behovet for ytterlegare lovendringar for å sikre at barn og unge får heilskaplege og koordinerte tenester.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak frå 2019–2020-sesjonen

Vedtak nr. 701, 15. juni 2020: Vaksne utan rett til vidaregåande opplæring

Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med forslag om å utvide retten til realkompetansevurdering til også å gjelde voksne uten rett til videregående opplæring.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 14 (2019–2020) *Kompetansereformen – Lære hele livet*, jf. Innst. 370 S (2019–2020).

Oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom Prop. 57 L (2022–2023), som blei lagd fram for Stortinget 24. mars 2023 og behandla 5. juni 2023. I Prop. 57 L (2022–2023) foreslo departementet at retten til vidaregåande opplæring blir utvida, og at retten til realkompetansevurdering blir utvida tilsvarende. Departementet foreslo vidare at rett til realkompetansevurdering for dei som har tilvising frå kommunen eller Arbeids- og velferdsetaten, også skal omfatte dei som ikkje har rett til vidaregåande opplæring fordi dei ikkje har fullført grunnskulen eller førebuande opplæring for vaksne. Departementet meiner at dei foreslåtte utvidingane vil vareta alle som har eit reelt behov for realkompetansevurdering. Departementet viser til vurderinga i Prop. 57 L (2022–2023), punkt 43.12.4.2.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

Vedtak frå 2018–2019-sesjonen

Vedtak nr. 51, 22. november 2018: Finansierings-systemet og ideelle barnehagar

Stortinget ber regjeringen gjennomgå finansieringssystemet for private og kommunale barnehager med sikte på å ivareta de små og ideelle barnehagene og en mangfoldig barnehagesektor.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:231 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Audun Lysbakken og Bjørnar Moxnes om en mangfoldig barnehagestruktur der pengene går til barnas beste*, jf. Innst. 51 S (2018–2019).

Departementet vil i løpet av hausten 2023 sende på offentleg høyring ei rekke forslag om endringar i barnehagelova om styring og finansiering av barnehagesektoren. For meir utførleg tekst om arbeidet med regelverket for private barnehagar, sjå del II, programkategori 07.30 Barnehagar.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtaket nr. 197, 12. desember 2018: Fritak frå skulefag

Stortinget ber regjeringen sørge for at fritak for skolefag ikke blir gitt dersom dette ikke er i overensstemmelse med elev og foresattes ønsker, at fritaket må være faglig begrunnet, og at konsekvensene av et fritak er gjort godt kjent for eleven og foresatte.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 1 S (2018–2019), jf. Innst. 12 S (2018–2019).

Oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom Prop. 57 L (2022–2023), som blei lagd fram for Stortinget 24. mars 2023 og behandla 5. juni 2023. I Prop. 57 L (2022–2023) foreslo departementet at opplæringslova framleis bør opne for fritak frå opplæringsplikta, og å vidareføre terskelen og vilkåra for når kommunen kan gi fritak.

Departementet foreslo vidare ein eigen paragraf i opplæringslova om at det beste for eleven skal vere eit grunnleggande omsyn ved alle handlingar og avgjerder. Omsynet til eleven sjølv vil vere ein avgjerande føresetnad når eit fritak skal vurderast. Departementet foreslo også å lovfeste retten eleven har til å bli høyrd, og å vidareføre regelen om at skulen skal samarbeide med foreldra. Departementet meiner at reglane om fritak, saman med reglane om elevens beste og elevens rett til å bli høyrd, oppfyller Stortingets vedtak. Departementet viser til vurderinga i Prop. 57 L (2022–2023) punkt 9.5.4.

Departementet meiner at vedtaket med dette er følgt opp.

Vedtaket frå 2017–2018-sesjonen

Vedtaket nr. 461, 13. februar 2018: Vilkår for private barnehagar

Stortinget ber regjeringen vurdere hvordan det kan sikres at private barnehager har lønns-, arbeids- og pensjonsvilkår minst på linje med ansatte i offentlige barnehager, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:18 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Audun Lysbakken, Mona Lill Fagerås og Solfrid Lerbrekk om profittfri barnehage*, jf. Innst. 114 S (2017–2018).

Departementet vil i løpet av hausten 2023 sende på offentleg høyring ei rekke forslag om endringar i barnehagelova om styring og finansiering av barnehagesektoren. For meir utførleg tekst om arbeidet med regelverket for private barnehagar, sjå del II, programkategori 07.30 Barnehagar.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtaket nr. 802, 31. mai 2018: Finansieringssystemet for private barnehager

Stortinget ber regjeringen i sitt videre arbeid med regulering av barnehagesektoren se på modeller i finansieringssystemet som så langt som mulig ivaretar et mangfold av barnehager og barnehageeiere, samt reduserer etterslepet i tilskuddsgrunnlaget overfor private barnehager.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 67 L (2017–2018) *Endringer i barnehageloven mv. (minimumsnorm for grunnbemanning, plikt til å samarbeide om barnas overgang fra barnehage til skole og SFO mv.)*, jf. Innst. 319 L (2017–2018).

Departementet vil i løpet av hausten 2023 sende på offentleg høyring ei rekke forslag om endringar i barnehagelova om styring og finansiering av barnehagesektoren. For meir utførleg tekst om arbeidet med regelverket for private barnehagar, sjå del II, programkategori 07.30 Barnehagar.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak frå 2016–2017-sesjonen

Vedtak nr. 67, 22. november 2016: Hovudmål og målformgrupper på ungdomsskulen

Stortinget ber regjeringen utrede en endring av opplæringslova § 2-5 og andre mulige tiltak som kan sikre elever på ungdomsskolen rett til opplæring på hovedmålet og rett til å tilhøre en egen målformgruppe, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:116 S (2015–2016) *Representantforslag frå stortingsrepresentantane Kjersti Toppe, Liv Signe Navarsete, Magne Rommetveit, Terje Breivik, Geir Sigbjørn Toskedal og Audun Lysbakken om å sikra alle elevar i grunnskulen rett til opplæring på hovudmålet sitt*, jf. Innst. 68 S (2016–2017).

Kunnskapsdepartementet fremma våren 2023 forslag om ny opplæringslov, jf. Prop. 57 L (2022–2023) *Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)*. Etter forslaget har elevar på ungdomstrinnet rett til opplæring i eiga gruppe på det skriftspråket kommunen ikkje har vedteke, når minst ti elevar på eitt av trinna ønsker slik opplæring. Stortinget vedtok lovforslaget 5. juni 2023. Det blir planlagt for at lova skal tre i kraft frå 1. august 2024.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 900, 13. juni 2017: Lærarar med fordjuping i spesialpedagogikk

Stortinget ber regjeringen i samråd med sektoren se til at alle skoler skal ha tilgang på lærere med fordypning innen spesialpedagogikk.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:132 S (2016–2017) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Audun Lysbakken og Karin Andersen om styrket spesialpedagogisk oppfølging i en inkluderende skole*, jf. Innst. 446 S (2016–2017).

Oppmodingsvedtak nr. 900 er omtala i Meld. St. 6 (2019–2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*, som blei lagd fram i november 2019. Der blei det varsla at departementet ville vurdere korleis alle barnehagar og skular kan få tilstrekkeleg tilgang til spesialpedagogisk kompetanse. Utdanningsdirektoratet fekk i oppdrag å greie ut dette nærare og har

levert eit svar på oppdraget. Denne utgreinga var del av kunnskapsgrunnlaget for moglege regelverksendringar som vart behandla saman med forslaga frå opplæringslovutvalet i oppfølginga av NOU 2019: 23 *Ny opplæringslov*.

Oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom Prop. 57 L (2022–2023), som blei lagd fram av departementet 24. mars 2023 og behandla av Stortinget 5. juni 2023. Den nye opplæringslova inneber at dei som skal gi individuelt tilrettelagd opplæring (spesialundervisning), skal oppfylle krava for å bli tilsett i lærarstilling og krava til relevant kompetanse i undervisningsfaget. Det skal likevel kunne gjerast unntak frå kompetansekrava for dei som gir individuelt tilrettelagd opplæring. For det første vidarefører den nye lova dagens høve til å gjere unntak frå kravet om at lærarane må ha relevant kompetanse i faga dei skal undervise i, dersom ei konkret vurdering av eleven og den individuelt tilrettelagde opplæringa som skal givast, tilseier det. For det andre blir det innført eit nytt unntaksalternativ som inneber at det kan gjerast unntak frå både kompetansekrav for å kunne bli tilsett i lærarstilling og krav om at lærarane må ha relevant kompetanse i faga dei skal undervise i, dersom det vil gi eleven betre opplæring, og personen som skal undervise, har ei universitets- eller høgskuleutdanning som gjer hen særleg eigna til å vareta behovet til eleven. Unntaket opnar for at til dømes ein barnevernspedagog eller spesialpedagog som har relevant kompetanse, men som ikkje har lærarutdanning, kan gi individuelt tilrettelagd opplæring.

I Prop. 57 L (2022–2023), som er vedteken av Stortinget, er det i punkt 50.1 og 50.5.12 lagt til grunn at oppmodingsvedtaket er følgt opp.

Departementet viser til at det er sett i gang eit varig kompetanseløft i spesialpedagogikk og inkluderande praksis som skal bidra til at kommunane og fylkeskommunane har tilstrekkeleg kompetanse til å førebygge, fange opp og følge opp alle barn og elevar – inkludert elevar med behov for særskild tilrettelegging – slik at dei får eit inkluderande og tilpassa pedagogisk tilbod i barnehage og skule. I tillegg har regjeringa sørgd for ein stor auke i vidareutdanningsplassar i spesialpedagogikk for lærarar i barnehage og skule dei siste åra. I år har til dømes 1500 lærarar fått tilbod om vidareutdanning i spesialpedagogikk, som er omkring 500 fleire enn i fjor. Vidare skal endringane i Statped bidra til meir likeverdige tenester frå Statped over heile landet for barn og elevar med varige, omfattande eller særleg komplekse behov.

Samla sett meiner departementet at desse tiltaka vil sikre alle skular tilgang på lærarar med fordjuping i spesialpedagogikk.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 901, 13. juni 2017: Rett til spesialundervisning av fagpersonar

Stortinget ber regjeringen sikre at alle elever med behov for spesialundervisning får rett til opplæring av fagpersoner med godkjent relevant utdanning.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:132 S (2016–2017) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Audun Lysbakken og Karin Andersen om styrket spesialpedagogisk oppfølging i en inkluderende skole*, jf. Innst. 446 S (2016–2017).

Departementet viser til svaret i omtalen av oppmodingsvedtak nr. 900, 13. juni 2017, og at forslaget er behandla i arbeidet med ny opplæringslov. I Prop. 57 L (2022–2023), som er vedteken av Stortinget, er det i punkt 50.1 og 50.5.12 lagt til grunn at oppmodingsvedtaket er følgt opp.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 903, 13. juni 2017: Spesialundervisning og lærarkompetanse

Stortinget ber regjeringen legge frem en plan for at alle elever med behov for spesialundervisning får opplæring av fagpersoner med pedagogisk eller spesialpedagogisk kompetanse.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:132 S (2016–2017) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Audun Lysbakken og Karin Andersen om styrket spesialpedagogisk oppfølging i en inkluderende skole*, jf. Innst. 446 S (2016–2017).

Departementet viser til svaret i omtalen av oppmodingsvedtak nr. 900, 13. juni 2017, og at forslaget er behandla i arbeidet med ny opplæringslov. Sjølv om det ikkje er lagt fram ein særskild plan, så gjer presiseringa i ny opplæringslov og tiltak for å sikre spesialpedagogisk kompetanse at det er lagt til rette for at dei som får individuelt tilrettelagd opplæring, skal få dette av fagpersonar med relevant kompetanse. I Prop. 57 L (2022–2023), som er vedteken av Stortinget, er det i

punkt 50.1 og 50.5.12 lagt til grunn at oppmodingsvedtaket er følgt opp.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

Vedtak frå 2015–2016-sesjonen

Vedtak nr. 796, 7. juni 2016: Krav om norsk og samisk språk i barnehagesektoren

Stortinget ber regjeringen utarbeide forslag til endringer i barnehageloven som sikrer at ansatte i offentlige og private barnehager behersker norsk språk, og at ansatte i samiske barnehager behersker samisk språk.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 19 (2015–2016) *Tid for lek og læring. Bedre innhold i barnehagen*, jf. Innst. 348 S (2015–2016).

Departementet viser til omtale i Prop. 1 S (2018–2019) om den delen av vedtaket som gjeld norsk språk, og at denne delen er følgt opp gjennom ei lovending som tok til å gjelde 1. august 2018, jf. barnehagelova § 27.

Når det gjeld den delen av vedtaket som gjeld samisk språk, heng dette saman med oppfølginga av NOU 2016: 18 *Hjertespråket. Forslag til lovverk, tiltak og ordningar for samiske språk*. Som ein del av oppfølginga av NOU-en har Kommunal- og distriktsdepartementet våren 2023 fremja forslag om endringar i språkreglane i samelova, jf. Prop. 58 L (2022–2023). Sametinget blei konsultert om forslaget. Lovendingane blei vedtekte av Stortinget 30. mai 2023, jf. Innst. 441 L (2022–2023).

Regjeringa la våren 2023 fram Meld. St. 13 (2022–2023) *Samisk språk, kultur og samfunnsliv – Kompetanse og rekruttering i barnehage, grunnopplæring og høgere utdanning*. Stortinget har behandla meldinga, jf. Innst. 473 S (2022–2023). Meldinga har følgande omtale som er relevant for oppmodingsvedtaket:

Barnehageloven sier tydelig at det er kommunen, som barnehagemyndighet, som har ansvar for at samiske barn i og utenfor forvaltningsområdet for samisk språk får et samisk barnehagetilbud. Det er behov for tydeligere informasjon fra barnehagemyndigheten om samiske barnehagetilbud og for bedre markedsføring av eksisterende tilbud. I lys av barnehagens betydning som språkarena og som arena for rekruttering av flere samiske elever i grunnopplæringen, har barnehagemyndighe-

ten et særlig ansvar for å styrke det samiske barnehagetilbudet.

Kommunen bør jobbe systematisk med å kartlegge behovet for samiske barnehageplasser og for samiskspråklig pedagogisk kompetanse i barnehagen.

Regjeringen vil vurdere om det bør gjøres endringer i barnehagelovens regler om samiske barnehagetilbud, og se dette i sammenheng med øvrige virkemidler for å løse utfordringene på det samiske barnehageområdet.

For å møte den økende etterspørselen etter samiske barnehagetilbud bør kommunen jobbe systematisk med å utvide tilbudet. Der det er vanskelig å etablere et samiskspråklig tilbud på heltid, kan alternativet være deltidstilbud. Kommunen bør også arbeide aktivt for å rekruttere personale med samiskspråklig kompetanse. Prioritering av søkere med samisk språk der øvrige kompetansekrav foreligger, økt lønn, permisjon med lønn for å ta kurs og utdanning i samisk, er eksempler på målrettede tiltak som har hatt en positiv effekt. Et annet tiltak som har hatt god effekt, er å ansette språkarbeidere som ikke har formell utdanning, og som ikke er en del av den pedagogiske bemanningen. Dette bidrar til å styrke bruken av samisk språk i barnehagen.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Oppmodingsvedtak under forskings- og høgare utdanningsministeren

Vedtak frå 2022–2023-sesjonen

Vedtak nr. 110, 1. desember 2022: Forprosjekt for nytt bygg til Griegakademiet

Stortinget ber regjeringen legge til rette for at arbeidet med forprosjekt for nytt bygg til Griegakademiet i Bergen fortsetter, hvor Kunnskapsdepartementet fortsatt har rollen som prosjektbestiller.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 1 (2022–2023) *Finansinnstillingen – nasjonalbudsjettet og statsbudsjettet 2023*, jf. Innst. 2 S (2022–2023).

Kunnskapsdepartementet sende i 2021 oppdragsbrev til Statsbygg om å vidareføre prosjektet Nytt bygg for Griegakademiet fram til ferdig forprosjekt. Forprosjektet blir finansiert av Universi-

tetet i Bergen, og Statsbygg jobbar saman med universitetet ut frå ein plan om å ferdigstille forprosjektet i løpet av 2023. Kunnskapsdepartementet leiar prosjektrådet for prosjektet.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 471, 31. januar 2023: Meir variert praksis i lærarutdanningane m.m.

Stortinget ber regjeringen legge til rette for mer variert praksis i lærerutdanningene og sikre bedre oppfølging og veiledning av nye lærere i starten av karrieren, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:21 S (2022–2023) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Abid Raja, Guri Melby, Ingvild Wetrhus Thorsvik og Alfred Jens Bjørlo om å ta læreryrket framover*, jf. Innst. 158 S (2022–2023).

Kunnskapsdepartementet har sett i gang eit arbeid for å gjere rammeplanane for lærarutdanningane meir overordna. Regjeringa sette i februar 2023 ned eit breitt samansett rammeplanutval som leverte forslag om mindre forenklingar i rammeplanane for alle lærarutdanningane. Regjeringa endra rammeplanane 1. juli 2023. Dette var eit første tiltak for å imøtekome dei klaraste behova for redusert detaljstyring av korleis lærarutdanningane er organiserte. Siktemålet er at institusjonane får større fridom i arbeidet med å legge til rette for gode utdanningar. I dette ligg òg moglegheiter for meir varierte praksisformer. Regjeringa vil vurdere forslaga til organiseringa av praksis i lærarutdanningane. Regjeringa vil òg kome tilbake til Stortinget med ei stortingsmelding om profesjonsutdanningane.

Kunnskapsdepartementet har byrja å vurdere forslaga til tiltak i NOU 2022: 13 *Med videre betydning – Et helhetlig system for kompetanse- og karriereutvikling*. Arbeidet vil mellom anna omfatte rettleiing av nyutdanna nyttilsette lærarar i barnehagar og skular, jf. utvalets forslag om å innføre ein rett for nyutdanna lærarar til eit introduksjonsår. Det er ein plan at det nye heilskaplege systemet for kompetanse- og karriereutvikling skal starte opp i 2025, sjå nærare omtale under 07.20 Grunnopplæringa.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 484, 14. februar 2023: Plan for å vidareutvikle høgare yrkesfagleg utdanning

Stortinget ber regjeringa, i arbeidet med en stortingsmelding om fagskoler, legge fram en plan for vidareutviklinga av den høgere yrkesfaglege utdanninga som blant annet drøfter finansiering, studiepoengsystem, kapasitet og akkreditering.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 5 (2022–2023) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2023–2032*, jf. Innst. 170 S (2022–2023).

Regjeringa har starta arbeidet med meldinga til Stortinget om høgare yrkesfagleg utdanning. Kunnskapsdepartementet har sett i gang fleire store evalueringar som samla utgjør eit godt kunnskapsgrunnlag for å skrive ei melding til Stortinget om høgare yrkesfagleg utdanning. Det gjeld evaluering av mellom anna nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk (NKR), finansieringssystemet for høgare yrkesfagleg utdanning og ei fullevaluering fem år etter Meld. St. 9 (2016–2017) *Fagfolk for fremtiden – Fagskoleutdanning*. Meldinga til Stortinget vil mellom anna ta for seg utvikling, akkreditering og finansiering av fagskulane og tiltak for å sikre kvalitet og relevans i fagskoleutdanningane.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget i samband med meldinga.

Vedtak nr. 582, 13. april 2023: Læringsutbyte om kunstig intelligens og tingas internett i høgare utdanning

Stortinget ber regjeringa sørge for at kunnskap om kunstig intelligens og tingenes internett integreres i flere utdanninger.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:73 S (2022–2023) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Anne Kristine Linnestad, Heidi Nordby Lunde, Linda Hofstad Helleland og Nikolai Astrup*, jf. Innst. 238 S (2022–2023).

Regjeringa har vidareført *Strategi for digital omstilling i universitets- og høyskolesektoren* som blei lagd fram i september 2021. Strategien slår mellom anna fast at sektoren skal arbeide for å utvikle kompetansen hos dei tilsette slik at dei kan forstå korleis digitalisering endrar fagområda deira. Dette er viktig for å få til fornying av fag og utdanningar. Strategien seier òg at verksemdene i sektoren skal samarbeide om å utvikle og inkludere

tema i utdanningane som er relevante for digitalisering.

Universiteta og høyskulane arbeider grundig og langsiktig med å følge opp strategien. Saman med Direktoratet for kompetanse og høgare utdanning (HK-dir) har dei samla seg om *Handlingsplan for digital omstilling i høgere utdanning og forskning*. Blant dei mange aktivitetane som er omtalte i planen, er til dømes *UiB AI*, som er eit fagleg forum om korleis kunstig intelligens påverkar dei ulike fagfelte. Eit anna prosjekt er *Fremtidens teknologistudier*, som skal legge til rette for at studieporteføljen til NTNU er i tråd med teknologiutviklinga, utfordringane samfunnet står overfor, og behova til nærings- og arbeidslivet frå 2025 og framover.

Regjeringa har òg vidareført *Nasjonal strategi for kunstig intelligens* frå 2020. Strategien slår fast at regjeringa vil ha tydelege forventningar til at kunstig intelligens blir integrert i etablerte studieprogram der dette er relevant. Strategien seier vidare at regjeringa vil at utdanningsinstitusjonane vurderer korleis personvern og etikk kan få ein sentral plass i utdanningar innanfor kunstig intelligens. Kunnskapsdepartementet legg til grunn at institusjonane tek desse forventningane frå regjeringa med i arbeidet med rammer for undervisninga.

I september lanserte regjeringa ei forskings- og innovasjonssatsing på framtidens databehandling – kunstig intelligens, digital tryggleik og samfunnskonsekvensar av teknologiutviklinga, jf. omtale i kapittel 285, post 51. Satsinga fannar breitt og vil bidra til å styrke tema om kunstig intelligens og tingas internett på mange fagområde, også utanfor realfaga og teknologifaga, noko som vil kome utdanningane til gode.

Regelen om fagleg fridom i universitets- og høyskulelova § 1-5 seier at andre ikkje kan gi universitet og høyskular pålegg eller instruksar om innhaldet i undervisninga. Den som gir undervisning, har eit sjølvstendig fagansvar for innhald og opplegg innanfor dei rammene som institusjonen set, eller som følger av lov eller er i medhald av lov. Det er samstundes tverrpolitisk semje på Stortinget om at styresmaktene ikkje skal gi institusjonane pålegg om innhaldet i utdanningane. Tiltak for å påverke læringsutbytet i utdanningane må derfor virke indirekte, til dømes gjennom forskingssatsingar som den på kunstig intelligens og framtidens databehandling. Regjeringa er trygg på at dei tiltaka som er nemnt over vil bidra til at institusjonane sørger for at kunnskap om kunstig intelligens og tingas internett blir integrerte i relevante utdanningar.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 690, 25. mai 2023: Strategi for å auke rekrutteringa av lærarar

Stortinget ber regjeringen lage en strategi for økt rekruttering av lærere og komme tilbake til Stortinget på egnet måte om strategien. Strategien må sees i sammenheng med ordningene for veiledning av nyutdannede, etter- og videreutdanningstilbudet, nye karriereveier for lærere i skolen og den varslede profesjonsmeldingen.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:211 S (2022–2023) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Freddy André Øvstegård, Grete Wold, Ingrid Fiskaa, Mona Fagerås*, jf. Innst. 366 S (2022–2023).

Departementet er i gang med å utarbeide ein strategi for rekruttering til lærarutdanningane og læraryrket.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak frå 2020–2021-sesjonen

Vedtak nr. 16, 6. oktober 2020: Gjennomgang av finansieringskategoriane i høgare utdanning

Stortinget ber regjeringen om en gjennomgang av finansieringskategoriene i høyere utdanning, for å sikre at utdanninger som ingeniørfag, lærerutdanninger og andre utdanninger som er etterspurt i arbeidsmarkedet har riktig finansiering.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med debatten etter Hans Majestet Kongens tale til det 165. stortinget ved opninga og melding om Noregs rikets tilstand og styring (trontaledebatten).

Kunnskapsdepartementet tok 17. mars 2022 imot rapporten frå utvalet leia av Siri Hatlen som var nemnt opp for å gå gjennom finansieringa av universiteta og høgskulane. Rapporten var på høyring fram til 10. juni 2022. Utvalet var særleg bede om å følge opp oppmodingsvedtaka frå Stortinget frå 2020 som dreidde seg om finansieringa av sektoren.

Tilrådingane og synspunkta frå den offentlege høyringa blei presenterte i Prop. 1 S (2022–2023) for Kunnskapsdepartementet. Departementet bad i tillegg i november 2022 om innspel frå universiteta

og høgskulane til modell for finansiering av nye studieplassar og finansieringskategoriane. Regjeringa la fram forslag til endringar i finansieringssystemet i utsynsmeldinga, jf. Innst. 472 S (2022–2023) og Meld. St. 14 (2022–2023). Det nye finansieringssystemet skal gi institusjonane meir tillit, handlingsrom og ansvar for å prioritere og dimensjonere innanfor rammeløyvinga for å nå sektormåla og verksemdsmåla. Frå og med 2025 vil det berre vere gjennomførte studiepoeng, ein ny indikator for fullføring av studieprogram og doktorgradsindikatoren som får regelstyrt uttøling. Talet på finansieringskategoriar for studieplassar blir redusert frå seks til tre. Dei nye satsane er presenterte i Prop. 1 S (2023–2024), kapittel 12.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 30, 13. oktober 2020: Ordning i Statens lånekasse for utdanning for autorisasjon av helsepersonell

Stortinget ber regjeringen ta initiativ til en stipend- og/eller låneordning, for eksempel gjennom Statens lånekasse for utdanning, for å dekke nødvendige kurs og fagprøver for å oppnå autorisasjon for helsepersonell.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 89 L (2019–2020) *Lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid (integreringslova)*, jf. Innst. 389 L (2019–2020).

I dag må helsepersonell ta kurs i nasjonale fag, ta språktest og andre prøvar for å få autorisasjon i Noreg. Desse kan vere kostbare å gjennomføre, og det er gebyr for å ta dei. Nødvendige kurs og fagprøver for helsepersonell med yrkeskvalifikasjonar frå tredjeland skil seg ut frå den typen utdanning Lånekassen gir utdanningsstøtte til, slike kurs/fagprøver er for korte til å gi rett til utdanningsstøtte for andre studentar. Dette er også ei målgruppe som ikkje har rett til støtte i dag om dei ikkje har budd lenge i Noreg. Ei særskild ordning for tredjelandsborgarar vil bryte med prinsippa i utdanningstøtteleova, og vere kostbart for Lånekassen å administrere. Kunnskapsdepartementets vurdering er at det ikkje er ei god løysing at dei tek ansvar for ei slik ordning.

I statsbudsjettet for 2024 foreslår regjeringa å løyve 20 mill. kroner til lågare gebyr og lågare kostnadar for tilleggskrav for søkarar frå tredjeland over budsjettet til Helse- og omsorgsdepartementet. Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 684, 25. februar 2021: *Finansiering av studieopphald i utlandet*

Stortinget ber regjeringen sikre gode finansieringsmekanismer for studieopphold i utlandet for å sikre lik tilgang uansett økonomisk bakgrunn – også til høyt rangerte læresteder.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 7 (2020–2021) *En verden av muligheter – Internasjonal studentmobilitet i høyere utdanning*, jf. Innst. 247 S (2020–2021).

Generelt er ordningane til Lånekassen utforma på ein universell måte utan omsyn til faktorar som økonomien til foreldra, kvar i landet ein kjem frå, eller kva etnisitet ein har. Dette heng saman med formålet med utdanningsstøtta. Ifølge lov om utdanningsstøtte § 1 er det å bidra til «like muligheter til utdanning uavhengig av geografiske forhold, alder, kjønn, funksjonsdyktighet, økonomiske og sosiale forhold». Det finst derfor ikkje ordningar i Lånekassen som skil mellom studentane etter dessa faktorane.

Lånekassen har ei eiga stipendordning for studantar som tek høgare utdanning ved særleg høgt rangerte lærestadar. Den skal dekke skulepengar dersom ein må betale meir enn 152 177 kroner i året for studieåret 2023–24. Beløpet er auka med 7 pst. i statsbudsjettet for 2023, saman med dei andre ordningane som studantar ved høgt rangerte lærestadar har rett til, mellom anna basislånet, reisestipend og den ordinære ordninga for lån og stipend til skulepengar i land utanfor Norden. Regjeringa vil også understreke at sjølv om ein reduksjon i stipenddelen av den ordinære støtta til skulepengar var eit tiltak i statsbudsjettet for 2023, blei ikkje det utvida stipendet til skulepengar ved høgt rangerte lærestadar redusert.

For utdanning i utlandet er regjeringa oppteken av at studantar tek omsyn til kostnadsnivået når dei vel kvar dei vil studere. Frå 2022–23 blei lista over lærestadar som gir rett til utvida stipend til skulepengar, redusert til dei øvste 75 lærestadane, og dette kan gjere det tydelegare for studentane kva for lærestadar som leverer særskilt høg kvalitet. Reduksjonen gjorde det mogleg å innføre ei ny stipendordning for å rekruttere studantar til å velje utveksling til eit av Noregs prioriterte samarbeidsland på høgare utdanning og forskning. Den same reduksjonen gjer det også mogleg i 2024–25 å auke stipendbeløpet og utvide denne ordninga til å omfatte studantar som tek ein heil grad ved ein lærestad i eit prioritert samarbeidsland.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 687, 25. februar 2021: *Betre godkjenningsordningar for utanlandsk utdanning*

Stortinget ber regjeringen videreutvikle enklere, raskere og mer forutsigbare godkjenningsordninger for utenlandsk utdanning og kompetanse.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 7 (2020–2021) *En verden av muligheter – Internasjonal studentmobilitet i høyere utdanning*, jf. Innst. 247 S (2020–2021)

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) er godkjenningstyresmakt for utanlandsk fag- og yrkesopplæring, fagskuleutdanning, høgare utdanning og lovregulerte yrke i skule og barnehage. I tillegg er HK-dir Noregs informasjonscenter for samarbeidsforuma i European Network of Information Centres (ENIC) og National Academic Recognition Information Centres (NAIC), som internasjonalt går under fellesnemninga ENIC-NARIC. Desse følger opp arbeidet med generell godkjenning av høgare utdanning etter høvesvis Lisboa-konvensjonen og i EU-samanheng. HK-dir er også oppnemnd som nasjonalt informasjonscenter for UNESCOs globale konvensjon for godkjenning av høgare utdanning, som tok til å gjelde 5. mars 2023. Vidare er HK-dir assistansesenter for yrkeskvalifikasjonsdirektivet. Ansvar for generell godkjenning av utanlandsk utdanning og yrkeskvalifikasjonar i skule og barnehage låg tidlegare hos NOKUT, jf. Prop. 74 L (2021–2022) *Endringer i opplæringsloven, universitets- og høyskoleloven og fagskoleloven (endring av NOKUTs oppgaver, studentrettigheter mv.)* og Innst. 287 L (2021–2022).

Godkjenningssoppgåvene blei flytta over frå NOKUT til HK-dir frå 1. januar 2023. Den siste praktiske delen av dette arbeidet blei fullført når HK-dir fekk nettsider og søkarportal over i eigne system frå 1. juli i år. Grunnlaget for langtidsverknadene av omorganiseringa som er skisserte i departementets svar på oppmodingsvedtaket, er no på plass.

I Prop. 126 L (2022–2023) *Lov om universiteter og høyskoler (universitets- og høyskoleloven)* har departementet foreslått å vidareføre reglane om godkjenning av utanlandsk høgare utdanning, og i tillegg vise til UNESCOs globalkonvensjon for godkjenning av høgare utdanning. UNESCOs globalkonvensjon slår i hovudsak fast dei same prinsippa og reglane som blei introduserte med Lisboa-

akonvensjonen, men inneheld likevel utdjupingar, presiseringar og vidareutvikling av einskilte definisjonar, prinsipp og reglar.

Talet på søknader om godkjenning av utanlandsk utdanning har auka med om lag 10 pst. i 2022, og ytterlegare med 20 pst. så langt i 2023. Ein vesentleg del av auken kjem av søknader frå Ukraina. Godkjenningsordningane blei også overførte frå NOKUT til HK-dir med restanse. I statsbudsjettet for 2024 foreslår departementet å tilføre HK-dir 2 mill. kroner for å tilsetje fleire saksbehandlarar mellombels som kan handtere den auka saksmengda og opparbeidde restansar på godkjenning av utanlandsk utdanning, jf. kap. 256.

HK-dir arbeider kontinuerleg med å effektivisere ordningane, mellom anna med å få godkjenningsordningane for dei regulerte yrka i skule og barnehage inn i det digitale saksbehandlingssystemet og med å forenkle og forbetre prosessane for utlikningstiltak. HK-dir forventar å sjå resultat av dette arbeidet i 2024 og i åra som kjem. Direktoratet arbeider òg kontinuerleg med å vidareutvikle informasjonen i søkarportalen, på nettsidene og i eigne vedtak for å nå potensielle brukarar av godkjenningsordningane.

Vidareutviklinga av godkjenningsordningane blir følgd opp i den ordinære etatsstyringa og resultatrapporteringa, sjå kap. 271, post 01.

Departementet meiner at vedtaket med dette er følgd opp.

Vedtak nr. 941, 20. mai 2021: Opptappingsplan for studieplassar innanfor medisin, helsefag, sjukepleie og psykologi

Stortinget ber regjeringa utarbeide en opptappingsplan for studieplasser innenfor medisin, helsefag og psykologi. Planen skal både inneholde konkrete tiltak for opprettelse av tilstrekkelig med studieplasser ved utdanningsinstitusjonene, og tiltak som sikrer studentene praksisplass i helsesektoren. Planen bør inneholde tiltak som gjør det attraktivt for helsearbeidere å være i sektoren. Stortinget ber regjeringa i forbindelse med statsbudsjettet for 2022 komme tilbake til Stortinget med innledende tiltak for å sikre flere studieplasser innen medisin, helsefag og sykepleie.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga Dok. 8:281 S (2020–2021) *Representantforslag om opptappingsplan for helseutdanningane fra stortingsrepresentantene Åshild Bruun-Gundersen, Bengt Rune Strifeldt, Morten Stordalen, Hanne Dyveke Støttar, Silje Hjemdal,*

Himanshu Gulati og Roy Steffensen, jf. Innst. 419 S (2020–2021).

Regjeringa vil føre ein ambisjøs og offensiv kunnskapspolitikk og bygge sterke profesjonsutdanningar av høg kvalitet i heile landet. Derfor har regjeringa varsla i Hurdalsplattforma at ho vil trappe opp talet på nye studieplassar, med opptappingsplanar for område med særleg stort kompetansebehov, som læreryrket, sjukepleie, realfag, IKT og medisin. I 2022 fekk Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet (UiT) midlar til 15 fleire studieplassar i medisin, jf. Innst. 2 S (2021–2022) og Prop. 1 S (2021–2022). I statsbudsjettet for 2023 blei det løyvd midlar til ytterlegare 30 nye studieplassar i medisin ved UiT, jf. Innst. 12 S (2022–2023). Kunnskapsdepartementet tildelte midlar til 300 fleire studieplassar i sjukepleiarutdanningane, og elleve statlege universitet og høgskular blei i tillegg bedne om å omprioritere for å opprette ytterlegare til saman 200 fleire plassar innanfor uendra rammeløyving, jf. Innst. 119 S (2021–2022) og Prop. 51 S (2021–2022). Regjeringa foreslår ytterlegare 60 nye studieplassar i medisin frå 2024. Regjeringa foreslår vidare 20 studieplassar til etablering av fysioterapiutdanning og 20 studieplassar i vernepleie ved Høgskolen i Innlandet.

Vidare oppfølging av dette oppmodingsvedtaket er under arbeid i samarbeid med relevante departement. Departementet vil kome tilbake til Stortinget med ei stortingsmelding om profesjonsutdanningane.

Vedtak frå 2019–2020-sesjonen

Vedtak nr. 698, 15. juni 2020: Rett til kompetanseheving i arbeidslivet

Stortinget ber regjeringa nedsette et partssammensatt utvalg for å utrede hvordan arbeidstakere kan opparbeide seg en rett til kompetanseheving gjennom arbeidslivet, og sikre at tillitsvalgte tas med i drøftinger om hvilken kompetanseutvikling virksomheten trenger.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 14 (2019–2020) *Kompetansereformen – Lære hele livet*, jf. Innst. 370 S (2019–2020).

Regjeringa har sett ned eit utval som skal greie ut ei kompetansereform for arbeidslivet, i tråd med Hurdalsplattforma. Utvalet består av hovudsamanslutningane i arbeidslivet og skal levere ein rapport hausten 2024. Utvalet skal mellom anna greie ut ulike modellar for å stimulere til etter- og vidareutdanning.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 699, 15. juni 2020: Finansieringssystem for universitet og høyskular

Stortinget ber regjeringen senest i forbindelse med stortingsmeldingen om styringspolitikken for statlige universiteter og høyskoler om å legge frem forslag til nytt finansieringssystem for universiteter og høyskoler. Forslaget må utarbeides i tett samarbeid med utdanningssektoren og arbeidslivet. Incentiver/faktorer i forslaget til nytt finansieringssystem skal være

- *Relevant arbeid etter endt studium og arbeidslivsrelevans i studiet.*
- *Ulike opplegg for etter- og videreutdanning.*
- *Opprettelse av mindre og fleksible emner og moduler som arbeidslivet etterspør, og som kan tas i kombinasjon med jobb.*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 14 (2019–2020) *Kompetansereformen – Lære hele livet*, jf. Innst. 370 S (2019–2020).

Kunnskapsdepartementet tok 17. mars 2022 imot rapporten frå utvalet leia av Siri Hatlen som var nemnt opp for å gå gjennom finansieringa av universiteta og høyskulane. Rapporten var på høyring fram til 10. juni 2022. Utvalet var særleg bede om å følge opp oppmodingsvedtaka frå Stortinget frå 2020 som dreidde seg om finansieringa av sektoren.

Tilrådingane og synspunkta frå den offentlege høyringa blei presenterte i Prop. 1 S (2022–2023) for Kunnskapsdepartementet. Departementet bad i tillegg i november 2022 om innspel frå universiteta og høyskulane til modell for finansiering av nye studieplassar og til finansieringskategoriane. Regjeringa la fram forslag til endringar i finansieringssystemet i utsynsmeldinga, jf. Innst. 472 S (2022–2023) og Meld. St. 14 (2022–2023). Dei nye satsane er presenterte i Prop. 1 S (2023–2024), kapittel 12.

Det nye finansieringssystemet skal gi institusjonane meir tillit, handlingsrom og ansvar for å prioritere og dimensjonere innanfor rammeløyinga for å nå sektormåla og verksemdsmåla. Frå og med 2025 vil det berre vere gjennomførte studiepoeng, ein ny indikator for fullføring av studieprogram og doktorgradsindikatoren, som får regelstyrt uttelling. Det tydeleggjer òg at det ikkje

er det resultatbaserte finansieringssystemet som er hovudverktøyet som regjering og storting har for å signalisere mål og prioriteringar for forskning og høgare utdanning. Det gjeld òg for arbeidsrelevans i studietilbod, etter- og vidareutdanning og tilbod som arbeidslivet har behov for.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 700, 15. juni 2020: Studieplassar i høgare yrkesfagleg utdanning

Stortinget ber regjeringen opprette inntil 1 000 nye studieplasser innan høgare yrkesfaglig utdanning fra høsten 2020, i tillegg til at de 1 000 studieplassene som regjeringen varslet i Prop. 117 S (2019–2020), skal bli permanente, og at det videre utarbeides en forpliktende opptrappingsplan med 1 000 nye studieplasser årlig over fem år.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 14 (2019–2020) *Kompetansereformen – Lære hele livet*, jf. Innst. 370 S (2019–2020).

Stortinget har i 2020, 2021 og 2023 løyvd midlar til totalt 2 600 nye studieplassar i høgare yrkesfagleg utdanning. Dette er den største kapasitetsveksten i høgare yrkesfagleg utdanning nokon gong. Regjeringa vil at fleire skal ta høgare yrkesfagleg utdanning, og foreslår derfor midlar til 500 nye studieplassar til fagskulane i 2024.

Midlar til nye studieplassar til fagskulane skal fordelast på bakgrunn av lokale, regionale og nasjonale kompetansebehov og kapasiteten i fagskulane. Fylkeskommunane søker Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) om midlar til nye studieplassar etter ein gjennomgang av kompetansebehov og kapasitet i fagskulane i eige fylke. Systemet bygger opp under fylkeskommunane som kompetansepolitisk aktør og at fagskulane skal tilby utdanningar som arbeidslivet etterspør. Fordelinga av studieplassar skal skje i eit samspel mellom arbeidsliv, fagskular og styresmakter for å sikre at nye studieplassar treffer kompetansebehova i arbeidslivet best mogleg. Nasjonale styresmakter kan legge føringar for fordelinga av studieplassar for å sikre at det blir teke omsyn til nasjonale behov.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget med vidare oppfølging av oppmodingsvedtaket i dei årlege statsbudsjetta.

Vedtak frå 2017–2018-sesjonen

Vedtak nr. 887, 11. juni 2018: Høgare utdanning

Stortinget ber regjeringen foreta en gjennomgang av dagens regelverk for rangering av søkere til høyere utdanning, inkludert utdanning som i dag ikkje gir poeng, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:196 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Hans Fredrik Grøvan, Olaug V. Bollestad, Knut Arild Hareide og Steinar Reiten om å gi bibelskoleelever to tilleggspoeng*, jf. Innst. 387 S (2017–2018).

Kunnskapsdepartementet har starta arbeidet med ein heilskapleg gjennomgang av regelverket for rangering, inkludert alle kvotar og tilleggspoeng i systemet for opptak. Våren 2021 sette regjeringa ned eit offentleg utval (opptaksutvalet) som har vurdert heile systemet for opptak til høgare utdanning. Utvalet leverte rapporten sin i desember 2022. Kunnskapsdepartementet vurderer no forslaga til ny modell. Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget med forslag til nytt opptakssystem våren 2024.

Vedtak frå 2016–2017-sesjonen

Vedtak nr. 642, 2. mai 2017: Medlemskap i student-samskipnad for fagskular

Stortinget ber regjeringen i forbindelse med evalueringen av de kvalitetshevende tiltakene vurdere om fagskoler etter bestemte kriterier bør ha plikt til medlemskap i studentsamskipnad.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 9 (2016–2017) *Fagfolk for fremtiden – Fagskoleutdanning*, jf. Innst. 254 S (2016–2017).

Kunnskapsdepartementet vil følge opp vedtaket i samband med oppfølging av evalueringa av innføring og verknad av tiltaka i fagskulemeldinga. Ein midtvegsrapport er levert til departementet i 2021. Rapporten gir i hovudsak ein status for innføringa av tiltaka. Ein rapport om evaluering av finansieringssystemet for fagskular er levert departementet i 2022. Ein endeleg rapport er levert departementet i 2023 og tek omsyn til evalueringa av finansieringssystemet for fagskulane og funna i midtvegsevalueringa.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget i samband med meldinga om høgare yrkesfagleg utdanning.

Vedtak nr. 643, 2. mai 2017: Evaluering av fagskulereforma

Stortinget ber regjeringen foreta en midtveiseevaluering av fagskolereformen etter 3 år og en full evaluering etter 5 år.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 9 (2016–2017) *Fagfolk for fremtiden – Fagskoleutdanning*, jf. Innst. 254 S (2016–2017).

I 2020 sette Kunnskapsdepartementet i gang ei evaluering av innføringa og verknadene av tiltaka i fagskulemeldinga. Evalueringa inneheld tre rapportar, som er leverte til departementet i høvesvis 2021, 2022 og 2023. Midtvegsrapporten frå 2021 gir i hovudsak ein status for innføring av tiltaka. Rapporten frå 2022 gjeld finansieringssystemet for fagskular. Sluttrapporten frå evalueringa frå 2023 tek omsyn til evalueringa av finansieringssystemet for fagskulane og funna i midtvegsevalueringa. Departementet vil følge opp rapportane i arbeidet med meldinga til Stortinget om høgare yrkesfagleg utdanning.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

Del II
Nærare om budsjettforslaget

4 Nærare om budsjettforslaget

Programkategori 07.10 Administrasjon

Utgifter under programkategori 07.10 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
200	Kunnskapsdepartementet	393 790	397 298	422 927	6,5
201	Analyse og kunnskapsgrunnlag	255 682	280 159	282 673	0,9
	Sum kategori 07.10	649 472	677 457	705 600	4,2

Inntekter under programkategori 07.10 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
3200	Kunnskapsdepartementet	1 377			0,0
	Sum kategori 07.10	1 377			0,0

Kategorien omfattar løyvingar til drift av Kunnskapsdepartementet. Oppgåver og prioriteringar i Kunnskapsdepartementet følger av politikken og måla innanfor områda skule, barnehage, kompe-

tansepolitikk, forskning, høgare utdanning, høgare yrkesfagleg utdanning og utdanningsstøtte. Dei ulike fagområda er nærare omtala under programkategoriane lenger bak i proposisjonen.

Kap. 200 Kunnskapsdepartementet

(i 1 000 kr)					
Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	
01	Driftsutgifter	373 171	382 130	406 777	
21	Særskilde driftsutgifter	16 421	11 935	12 652	
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	4 198	3 233	3 498	
	Sum kap. 200	393 790	397 298	422 927	

Post 01 Driftsutgifter, post 21 Særskilde driftsutgifter og post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, kan overførast

Mål for 2024

Dei faglege måla for departementet er omtala i dei aktuelle fagkapitla og i kap. 1 Hovudinnleiing. Følgande mål gjeld for arbeidet i Kunnskapsdepartementet. Departementet skal

- ha eit godt kunnskapsgrunnlag for utforminga av kunnskapspolitikken
- sikre at kunnskapspolitikken blir sett i verk
- ha ein god dialog med alle relevante aktørar i samfunnet
- legge til rette for at barnehagebarn, elevar, studantar og tilsette skal vere trygge ved utdanningsverksemdene der dei oppheld seg

Kunnskapsdepartementet har formulert eit sett med verdiar som er rettesnorer for arbeidet med å nå måla:

- profesjonalitet
- openheit
- gjennomføring

Resultat i 2022

Samanhengen mellom måla for departementet og resultatata i sektoren er avleia og indirekte. Det meste av innsatsen skjer i utdanningsinstitusjonar og forskingsinstitutt. Rolla departementet har, er å førebu avgjerder som Stortinget og regjeringa tek om overordna ramar, og å setje i verk dei tiltaka avgjerdene fastset.

Kunnskapsgrunnlaget om barnehage, utdanning og forskning er ganske godt. Mykje kunnskap er tilgjengeleg i forskning og offentleg statistikk. I tillegg arbeider Kunnskapsdepartementet vedvarende med å legge til rette for utdanningsforskning, jf. omtalen under kap. 201. Internasjonale undersøkingar kastar lys over kva vi oppnår i Noreg samanlikna med andre land. Gjennom kontakt med elev- og studentorganisasjonar og andre interessentar i sektoren får departementet viktig kunnskap om korleis målgruppene opplever politikken.

Underliggende verksemdar set i verk mange av tiltaka i sektoren. Departementet gjennomfører vedteken politikk gjennom å styre desse verksemdene. Oversikt over dei underliggende verksemdene til departementet går fram av vedlegg 5 Underliggende verksemdar o.a.

Særskilt om tryggleik og beredskap

Kunnskapsdepartementet har det overordna ansvaret for samfunnstryggleik og beredskap innanfor heile politikkområdet til departementet. Menneskeliv og helse er den fremste verdien som aktørar i sektorane under Kunnskapsdepartementet må trygge. I tillegg forvaltar dei store mengder informasjon, mellom anna personopplysningar, forskingsdata, kunnskap om utvikling av teknologi, vitenskapleg utstyr, vitenskaplege og historiske samlingar og historiske bygningar som kan vere særleg utsette og må tryggast. Institusjonar i sektoren har også forvaltningsoppgåver som er viktige for samfunnstryggleiken, til dømes analysekapasitet innanfor naturfarar, helse, luft og vatn.

Boks 4.1 Proposisjonar og meldingar Kunnskapsdepartementet har lagt fram for Stortinget i 2022–23

- | | |
|---|---|
| <ul style="list-style-type: none"> – Prop. 57 L (2022–2023) <i>Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)</i> – Prop. 68 L (2022–2023) <i>Endringer i universitets- og høyskoleloven (egenbetaling for studenter fra land utenfor EØS og Sveits)</i> – Prop. 80 L (2022–2023) <i>Endringer i privatskolelova (økt folkevalgt innflytelse mv.)</i> – Prop. 126 L (2022–2023) <i>Lov om universiteter og høyskoler (universitets- og høyskoleloven)</i> – Meld. St. 5 (2022–2023) <i>Langtidsplan for forskning og høyere utdanning 2023–2032</i> | <ul style="list-style-type: none"> – Meld. St. 13 (2022–2023) <i>Samisk språk, kultur og samfunnsliv</i> – Meld. St. 14 (2022–2023) <i>Utsyn over kompetansebehovet i Norge</i> |
|---|---|

Dei faste budsjettproposisjonane er ikkje med i oversynet.

Sektorane under Kunnskapsdepartementet arbeider med tryggleik og beredskap innanfor ulike scenario, som smittsame sjukdommar, digitale hendingar, utanlandsk etterretning, ulykker, vald og terror. Dei store menneskesamlingane på avgrensa område er ein viktig faktor i arbeidet med tryggleik og beredskap i sektorane. Med sektorar som tel om lag 1,6 mill. personar hadde departementet og sektorane eit stort ansvar under covid-19-pandemien. I byrjinga av 2022 handla framleis arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i departementet og sektorane under Kunnskapsdepartementet om korleis ulike funksjonar og tenester skulle driftast når ein samstundes måtte ta omsyn til smittevern. Departementet avvikla sin krisestab i februar 2022.

Kunnskap, kompetanse og teknologisk utvikling spelar ei stadig viktigare rolle i internasjonal konkurranse og for nasjonal tryggleik. Den negative utviklinga i den tryggleikspolitiske situasjonen det siste året har bidrege til at trusselbildet norske kunnskapsmiljø står overfor, er blitt verre. I dag er kunnskapssektoren eit attraktivt mål for etterretningsverksemda til framande statar, og norske forskings- og teknologimiljø blir stadig utsette for forsøk på omgangingar av eksportkontrollregelverket. Framover er det behov for ei meir strategisk tilnærming til utveksling og vern av kunnskap, kompetanse og teknologi. Dette utfordrar mellom anna openheita som pregar akademia. Det er viktig å finne ein god balanse, slik at vi kan ha det så ope som mogleg og så trygt som nødvendig.

I 2022 publiserte Kunnskapsdepartementet ein revidert versjon av *Styringsdokument for arbeidet med sikkerhet og beredskap i Kunnskapsdepartementets sektor*. Styringsdokumentet er utarbeidd for å bidra til systematisk og god oppfølging av arbeidet med tryggleik og beredskap. I den nye versjonen søker departementet å gjere tydeleg kva som er krav, og kva som er tilrådingar overfor ulike aktørar i sektoren. Dokumentet reflekterer no ei meir heilskapleg tilnærming mellom samfunnstryggleik og nasjonal tryggleik og har derfor endra namn.

Departementet følger opp risikoen for hendingar innanfor informasjonstryggleik og personvern i høgare utdanning og forskning gjennom departementets styringsmodell for informasjonstryggleik og personvern. Nærare omtale av dette arbeidet finst i innleiinga til programkategorien for høgare utdanning og forskning. I 2022 blei rammeverket for handtering av IKT-tryggleikshendingar også gjort gjeldande for Utdanningsdirektoratet (Udir) og Statped.

Departementet har i 2022 drive eit fagleg nettverk for personvernombod i dei underliggende verksemdene.

I 2022 styrkte departementet arbeidet med tryggleik og beredskap på direktoratsnivået i sektoren i samarbeid med dei underliggende verksemdene Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir), Udir, Sikt, Noregs forskingsråd, Lånekassen, NOKUT og Statped. Satsinga skulle legge til rette for systematisk kommunikasjon og informasjonsutveksling mellom departementet og dei underliggende verksemdene og mellom verksemdene. Målet var å auke kunnskapen om risiko- og trusselbildet, kartlegge og vurdere verdiar og avhengnader som er viktige for tryggleik og beredskap, og styrke oppfølginga av tryggingstyringa i sektoren.

Kunnskapsdepartementet gjennomførte og deltok på ulike øvingar i 2022. Mellom anna øvde departementet, i tilknytning til satsinga for å styrke direktoratsnivået, på eit større krisescenario i kunnskapssektoren saman med HK-dir, Udir, Forskringsrådet, Lånekassen, Sikt, NOKUT og Statped. Øvinga involverte kunnskapsministeren, forskings- og høgare utdanningsministeren, og toppleiinga i departementet og i dei underliggende verksemdene. I 2022 vart også varslingsystemet mellom dei underliggende verksemdene og departementet testa fleire gonger.

Beredskapskonferansen for utdanningssektoren blei i 2022 igjen organisert av Beredskapsrådet, i samarbeid med Kunnskapsdepartementet. Hovudtema var både risikoforståing og krisehandtering. Meir enn 100 deltakarar var samla på konferansen i Bodø.

Sjå også programkategori 07.60, der det står meir om tryggleik og beredskap i høgare utdanning og forskning.

Oppfølging av tryggingsslova

Lov om nasjonal sikkerhet (tryggingsslova) tok til å gjelde 1. januar 2019, og alle sektorar arbeider med å implementere lova. Formålet med lova er å trygge dei nasjonale sikkerheitsinteressene våre og å førebygge, avdekke og motverke sikkerheitsstruande verksemd. Dei nasjonale sikkerheitsinteressene blir trygga ved at departementa identifiserer grunnleggande nasjonale funksjonar (GNF) innanfor sine ansvarsområde, verksemdar som er avgjerande viktige for GNF, vert underlagde tryggingsslova, og nødvendige sikringstiltak for skjermingsverdige verdiar vert gjennomførte. For å vareta formålet med lova vil GNF-prosessen vere kontinuerleg. Kunnskapsdepartementet har iden-

tifisert følgende grunnleggande nasjonale funksjon i eigen sektor: «Kunnskapsdepartementets verksemd, handlefridom og avgjerdsdyktigheit» som omfattar departementets rolle som fagleg sekretariat for politisk leiing, utøving av myndigheit, evne til kriseleiing og styring og oppfølging av underliggende verksemd. Departementet arbeider med å vurdere andre GNF i eigen sektor.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 406,8 mill. kroner på post 01. Departementet foreslår å rammeoverføre 316 000 kroner frå posten for å finansiere Departementsakademiet over Kommunal- og distriktsdepartementets budsjett. Vidare foreslår departementet å flytte 1,45 mill. kroner frå kap. 256, post 01 i samband med flytting av ei stilling

frå Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) til departementet.

I 2023 blei løyvinga på post 01 redusert med 512 000 kroner for å dekke inn løyvingsbehovet i samband med ny e-postsynkroniseringsløyving i departementa. I 2024 foreslår departementet å auke løyvinga med 98 000 kroner, som følge av at inndekningssbehovet for synkroniseringsløyvinga er lågare i 2024 enn i 2023.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 3 mill. kroner, mellom anna som følge av auka oppgåver knytt til tryggleik og beredskap.

Departementet foreslår å løyve 12,6 mill. kroner på post 21 og 3,5 mill. kroner på post 45.

Departementet foreslår at løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3200, post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3200 Kunnskapsdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
02	Salsinntekter o.a.	1 377		
	Sum kap. 3200	1 377		

Resultat i 2022

Kunnskapsdepartementet har ikkje verksemd som vanlegvis gir inntekter, men det hender at det

kjem tilfeldige inntekter. Inntektene i 2022 skriv seg mellom anna frå sal av utrangert IKT-utstyr og prosjektilskot frå Nordisk ministerråd.

Kap. 201 Analyse og kunnskapsgrunnlag

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
21	Særskilde driftsutgifter	255 682	280 159	52 073
50	Noregs forskingsråd – forskning om utdanning og forskning			230 600
	Sum kap. 201	255 682	280 159	282 673

Utdanningsforskning

Noreg treng forskning av høg kvalitet om og for utdanningssektoren. Utdanningsforskninga skal, forutan å gi ny kunnskap og erkjening generelt, bidra til god praksis og høgare kvalitet i barneha-

gane, i skulane, i høgare utdanning og i kompetansepolitikken, og gi eit solid grunnlag for politikkutvikling. Gode miljø for utdanningsforskning skal bringe fram eit godt kunnskapsgrunnlag som gir rom for ein meir opplyst debatt om innhald, læring, ressursbruk og resultat.

FoU-statistikken frå SSB viser at forskinga på barnehagen, grunnopplæringa, fagskulen, høgare utdanning, forskarutdanning og læring blant vaksne samla sett har auka i omfang dei siste åra. Samla driftsutgifter til FoU under området utdanning auka frå om lag 1,8 mrd. kroner i 2017 til om lag 2,5 mrd. kroner i 2021. Unntaka er for utgiftene til FoU om og for vidaregåande opplæring, som har vore stabile, og for utgiftene til FoU om og for høgare utdanning, som har gått noko ned frå 2019 til 2021.

Departementet vil følge opp måla i *Kunnskapsdepartementets strategi for utdanningsforskning. Forskning, kunnskapsmegling og bruk 2020–2024*. Det er framleis behov for å fremje metodemangfald, styrke vitenskapleg kompetanse der forskingstradisjonane er svake, og stimulere både til samarbeid på tvers av forskingsdisiplinar og til brukarmedverknad i forskinga. Tverrfagleg forskning og samarbeid på tvers av fagdisiplinar og fagmiljø nasjonalt og internasjonalt kan framleis styrkast. I Langtidsplanen for forskning og høgare utdanning 2023–2032 lanserte regjeringa eit samfunnsoppdrag for inkludering av fleire barn og unge i utdanning, arbeid og samfunnsliv. Vi treng meir forskning som tek for seg samansette problem i oppvekst- og utdanningssektoren, slik at færre barn og unge fell utanfor. Forskinga skal gi meir kunnskap om korleis praksis i oppvekst- og utdanningssektoren kan bli betre, og korleis dei ulike sektorane kvar for seg og saman kan bidra til mindre sosial ulikskap. Av same grunn treng vi òg meir forskning om og for barnehagelærar-, lærar-, barnevernpedagog-, sosionom- og vernepleiarutdanningane.

Det er dessutan behov for fleire kunnskapsoppsummeringar og betre tilgang til og deling av data som har relevans for oppvekst- og utdanningssektoren. Departementet vil arbeide for at forskinga blir relevant, lett tilgjengeleg og forståeleg for brukarane.

Porteføljor og ordningar i Forskringsrådet, FoU-innsats i underliggende etatar, departementets egne utlysingar, og senterordningar er verkemiddel departementet tek i bruk for å følge opp dei langsiktige måla for utdanningsforskninga. Saman med grunnløyvingane til forskingsinstitusjonane skal dette bidra til kontinuitet og vidare oppbygging av forskinga som Kunnskapsdepartementet har sektoransvar for.

I strategien for utdanningsforskning blir nokre område med særskilde kunnskapsbehov framheva. Det trengst meir kunnskap om kva digitaliseringa inneber, til dømes om opplæring og undervising, læring hos barn, elevar og studentar,

rolla til lærarane og forelesarane, og oppvekstvilkåra for barn og unge. Det er òg eit behov for å styrke spesialpedagogikk som forskingsfelt. Det ligg føre lite forskning og statistikk om vaksne og deira opplæring i grunnskulen og vidaregåande skule. I høgare utdanning er det mellom anna behov for å styrke kunnskapsgrunnlaget om studiekvalitet, fagskular, overgangar, gjennomstrøyming og studentaktiv læring.

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Posten finansierer aktivitetar i HK-dir, Udir, Kunnskapssenter for utdanning (KSU), Senter for læringsanalyse (SLATE) og SSB, som styrker analyse- og kunnskapsgrunnlaget om dei sektorane departementet har ansvaret for. Fram til 2023 finansierte posten òg forskning om utdanning og forskning gjennom Forskringsrådet.

Mål for 2024

Eit godt kunnskapsgrunnlag for utforminga av kunnskapspolitikken.

Resultat i 2022

Ein gjennomgang av Forskringsrådets aktivitetar retta mot utdanning og kompetanse i 2022 viser at Forskringsrådet har prosjekt innanfor nesten alle fagområde, men at det meste av den samla innsatsen går til fagmiljø i samfunnsvitenskap, der dei pedagogiske faga utgjer brorparten. Kvaliteten på søknadene til porteføljen for utdanning og kompetanse er høg, og det er fleire innovasjons- og samarbeidsprosjekt med forpliktande brukarmedverknad enn tidlegare. Den særskilde satsinga for å styrke kapasitet, kvalitet og kompetanse for forskning med effekt- og kontrollgrupper i utdanningssektoren held fram.

Under halvdelen av prosjekta i porteføljen for utdanning og kompetanse omfattar internasjonalt prosjektsamarbeid, mest med Storbritannia og dei nordiske nabolanda. Like fullt er det teikn på auka internasjonalt engasjementet i utdanningsforskninga, både ved at forskarar har hatt suksess i det europeiske forskingsrådet (ERC), og ved at talet på samarbeidsprosjekt med utlandet har stige.

Forskning om barnehagesektoren, profesjonsutdanningane og høgare utdanning har auka. Det er flest prosjekt om grunnskule og høgare utdanning i porteføljen og færrest om læring for vaksne og vidaregåande opplæring.

I 2022 blei det gjort ei midtvegsevaluering av dei to sentera for barnehageforskning som posten finansierer gjennom Forskingsrådet. Sentera BARNkunne og FILIORUM har oppfylt sukseskriteria og fått sær gode tilbakemeldingar frå den internasjonale ekspertkomiteen. Mellom anna trekker komiteen fram ei omfattande og auka publisering, god formidling, mykje internasjonalt samarbeid og eit godt samarbeid dei to sentera imellom.

Kunnskapssenter for utdanning hadde oppstart ved Universitetet i Stavanger i 2019. Senteret har høg aktivitet i tråd med mandatet. I 2022 har senteret mellom anna stifta eit nytt nordisk tidskrift for kunnskapssopsummeringar og sørgd for fagleg vurdering og oppsummering av skandinavisk barnehageforskning til databasen Nordic Base of Early Childhood Education and Care (NB-ECEC).

Senter for læringsanalyse (SLATE) styrker forskinga på og bruken av læringsanalyse i Noreg. Midtvegsevalueringa av senteret skildrar eit unikt tverrfagleg forskingsmiljø og viser at SLATE oppfyller måla i mandatet frå departementet.

Kunnskapssektorens datafelleskap (KUDAF), programmet i HK-dir for betre deling av data om utdanning og forskning, starta opp i 2022. Programmet har mellom anna gitt fagleg og økonomisk støtte til arbeidet med oversikt over og skildring av data (Orden i eige hus) i verksemder under Kunnskapsdepartementet – og slik betra vilkåra for gjenbruk og vidarebruk av data i utdanningssektoren.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 52,07 mill. kroner på post 21.

I samband med ny poststruktur for FoU-løyvingar til Forskingsrådet foreslår departementet å flytte 230,6 mill. kroner til ny kap. 201, post 50 Forsking om utdanning og forskning.

I samband med nytt nasjonalt program for offisiell statistikk for perioden 2024–27 foreslår departementet å flytte 1,3 mill. kroner til formålet til kap. 1620 Statistisk sentralbyrå, post 01 Driftsutgifter over Finansdepartementets budsjett.

Departementet foreslår å flytte 10 mill. kroner til kap. 226, post 21 for å finansiere eit program i Utdanningsdirektoratet for forskning om digitalisering i barnehagar og skular.

Målet med KUDAF-programmet er ein infrastruktur for vidarebruk av data som gir rask, rimeleg og sikker tilgang. Data skal kunne koplast på tvers av kjelder og innanfor og på tvers av verksemder og sektorar. Oppdraget skal løysast i samarbeid med andre verksemder under Kunnskapsdepartementet. Departementet legg opp til å vidareføre løyvinga til programmet i 2024.

Kunnskapssenter for utdanning (KSU) ved Universitetet i Stavanger skal lage kunnskapssopsummeringar og ha oversyn over og formidle nasjonal og internasjonal forskning som kan gi innsikt i kva som medverkar til kvalitet i utdanninga og opplæringa. Departementet legg opp til å vidareføre løyvinga for senteret i 2024.

Fagmiljøet for læringsanalyse (SLATE) ved Universitetet i Bergen (UiB) skal styrke forskinga på og bruken av læringsanalyse i Noreg. Departementet legg opp til å vidareføre løyvinga for senteret i 2024. Forskinga ved senteret dreier seg om dei teknologiske, pedagogiske, fortolkande, kulturelle, etiske og rettslege aspekta ved læringsanalyse og kunstig intelligens i utdanning (AIEd).

Det er stort behov for innsikt i korleis vi kan forstå, ta i bruk og utvikle kunstig intelligens i utdanning og forskning, og SLATE tek del i satsinga UiB AI. Målsetjinga med UiB AI er å koordinere og gjere synleg forskning, utdanning og innovasjon innan kunstig intelligens ved universitetet, og legge til rette for samarbeid på tvers av fagmiljøa og med partnarar utanfor UiB. Departementet legg opp til å løyve 3 mill. kroner gjennom SLATE for å styrke denne satsinga innanfor kunstig intelligens.

Departementet legg opp til å løyve 1,2 mill. kroner til HK-dir for oppdraget med å vidareføre ADMOD-prosjektet i Statistisk sentralbyrå (SSB). Prosjektet framskriv langsiktige behov for og tilgang på kompetanse i Noreg. ADMOD er ei samfinansiering med Nærings- og fiskeridepartementet, med prosjektperiode 2021–24. Prosjektet er knytt til arbeidet i Kompetansebehovsutvalet (KBU).

Departementet legg opp til å løyve 4,9 mill. kroner til nye analysar, forsøk og utgreiingar. Her inngår mellom anna eit forskingsprosjekt om medborgarskap, og eit oppdrag til HK-dir om konsekvensar av pandemien i høgare utdanning. Deler av løyvinga kan og bli nytta til digitale utviklingsprosjekt i sektoren.

Tabell 4.1 Løyvingar på kap. 201, post 21

	(1 000 kr)
Program for framtidig deling av data om utdanning og forskning: Kunnskapssektorens datafellesskap (KUDAF)	20 000
Kunnskapssenter for utdanning ved Universitetet i Stavanger (KSU). Senteret skal ha oversyn over og formidle nasjonal og internasjonal forskning som kan gi innsikt i kva som medverkar til kvalitet i utdanninga og opplæringa	14 000
Fagmiljø for læringsanalyse (Center for the Science of Learning & Technology SLATE) ved Universitetet i Bergen	6 500
Nye analysar, forsøk og utgreiingar	4 923
Forskning på kunstig intelligens i utdanning og forskning gjennom SLATE/UiB	3 000
Kunnskapsdepartementets statistikkavtalar med SSB, OECD og EU	2 450
ADMOD-prosjektet i SSB	1 200
Totalt	52 073

Post 50 Noregs forskingsråd - forskning om utdanning og forskning

Departementet foreslår å opprette ein ny post i 2024 som skal finansiere aktivitetar i Forskingsrådet som styrker analyse- og kunnskapsgrunnlaget om sektorane departementet har ansvaret for. Midlane er flytta frå kap. 201, post 21 i samband med ny poststruktur for FoU-løyvingar til Forskingsrådet.

Mål for 2024

Eit godt kunnskapsgrunnlag for utforminga av kunnskapspolitikken.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 230,6 mill. kroner på post 50.

Porteføljar og ordningar i Forskingsrådet skal fremje forskning av høg kvalitet om og for utdanningssektoren og bidra til å nå måla i Kunnskapsdepartementets strategi for utdanningsforskning. Mellom anna skal midlane fremje metodemangfald, styrke vitenskapleg kompetanse der forskingstradisjonane er svake, og stimulere både til sam-

arbeid på tvers av forskingsdisiplinar og til brukarmedverknad i utdanningsforskninga. Departementet foreslår å vidareføre løyvinga til Forskingsrådet i 2024.

Forskning innovasjon er viktige for omstillinga av næringslivet og utviklinga av samfunnet. Ei eiga satsing i Forskingsrådet (FORINNPOL) har finansiert tre senter som har styrkt kunnskapsgrunnlaget for forskings- og innovasjonspolitikken. Det er stort behov for innsikt i korleis vi kan forstå og utvikle kvalitet i forskninga, korleis vi betre kan ta forskning i bruk, på kva måte resultat og effektar av forskning oppstår, og kva som kan fremje omstillinga til ein meir berekraftig og smartare norsk økonomi. Departementet foreslår å løyve 13,5 mill. kroner til formålet i 2024.

I 2021 blei det flytta midlar frå Statped til å opprette eit senter for forskning på spesialpedagogikk og inkludering. I 2023 blei det løyvd 7 mill. kroner til dette senteret. Departementet foreslår å flytte ytterlegare midlar, slik at det i 2024 totalt blir løyvd 8,5 mill. kroner til Senter for spesialpedagogisk forskning og inkludering (SpedAims) gjennom Noregs forskingsråd. Senteret er eit samarbeid mellom universiteta i Oslo, Bergen og Stavanger, og Agder og Nord universitet.

Tabell 4.2 Løyvingar på kap. 201, post 50

	(1 000 kr)
Midlar til forskning om og for utdanning og kompetanse i Noregs forskingsråd. Midlane finansierer forskings- og innovasjonsprosjekt i utdanningssektoren på alle nivå i utdanningsløpet	208 600
Forskning om forskings- og innovasjonspolitikkk gjennom Noregs forskingsråd	13 500
Senter for spesialpedagogisk forskning og inkludering (SpedAims) gjennom Noregs forskingsråd	8 500
Totalt	230 600

Programkategori 07.20 Grunnopplæringa

Utgifter under programkategori 07.20 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
220	Utdanningsdirektoratet	631 094	669 246	712 901	6,5
221	Foreldreutvala for grunnsopplæringa og barnehagane	14 779	16 141	17 012	5,4
222	Statlege skular og fjernunder- visningstenester	160 378	129 353	149 046	15,2
223	Diamanten skole		27 473	28 983	5,5
224	Tilskot til freds- og menneskeretts- senter	124 532	125 662	133 698	6,4
225	Tiltak i grunnsopplæringa	1 826 874	2 384 721	2 595 080	8,8
226	Kvalitetsutvikling i grunnsopplæringa	3 599 465	2 825 930	3 140 242	11,1
227	Tilskot til særskilde skular	229 867	222 277	244 178	9,9
228	Tilskot til private skular o.a.	6 205 834	6 489 436	7 169 329	10,5
229	22. juli-senteret		52 667	50 485	-4,1
230	Statleg spesialpedagogisk teneste	654 161	623 053	666 435	7,0
	Sum kategori 07.20	13 446 984	13 565 959	14 907 389	9,9

Inntekter under programkategori 07.20 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
3220	Utdanningsdirektoratet	842	2 478	2 587	4,4
3222	Statlege skular og fjernunder- visningstenester	24 482	20 986	21 909	4,4
3223	Diamanten skole		685	715	4,4
3225	Tiltak i grunnsopplæringa	80 549	76 128	302 337	297,1
3230	Statleg spesialpedagogisk teneste	30 160	33 264	35 045	5,4
	Sum kategori 07.20	136 033	133 541	362 593	171,5

Innleiing

Grunnopplæringa skal sikre inkludering, meistring og kvalifisering. Den norske fellesskulen skal gi elevane gode fagkunnskapar, ferdigheiter og eit breitt grunnlag for vidare utdanning, arbeid og deltaking i samfunnslivet. At barn og unge med ulik bakgrunn lærer saman i skulen, er viktig for fellesskapet, det bygger ned skilnader og bygger opp tilliten vi har til kvarandre. Opplæringa skal bidra til eit berekraftig samfunn med små skilnader og høg tillit. Alle barn og elevar skal ha likeverdige moglegheiter, uavhengig av familiebakgrunn. Barn og unge med behov for særskild tilrettelegging skal bli fanga opp tidlegare, slik at dei kan få den hjelpa og støtta som dei har rett til. Tidlegare innsats vil bidra til å forebygge at utfordringane og tilretteleggingsbehova for barn og unge vert endå større, og vil gi barn betre grunnlag for trivsel, utvikling og læring frå første stund.

Følgande overordna mål for Kunnskapsdepartementet er særleg relevante for løyvingane under programkategori 07.20:

- Kunnskapssektoren har tilbod av høgare kvalitet
- Sterkare felles opplærings- og utdanningsmiljø fremjar inkludering, motivasjon og meistring
- Ein meir samordna og tidlegare innsats for alle barn og unge
- Medarbeidarane i kunnskapssektoren har meir relevant kompetanse
- Opplæring og utdanning som gir fleire relevant kvalifisering
- Kompetanseheving og livslang læring er meir tilgjengeleg for alle over heile landet

Grunnopplæringa er i hovudsak finansiert av dei frie inntektene til kommunane og fylkeskommunane, det vil seie rammetilskotet og skatteinntekter. Kommunane og fylkeskommunane har eit sjølvstendig ansvar for å budsjettere midlar til grunnopplæringa etter lokale prioriteringar og behov. Dette gjeld midlar til både drift, investeringar og kvalitetsutvikling av grunnopplæringa. Fylkeskommunane gir tilskot til lærebedriftene etter satsar som er fastsette av staten. Nedanfor følger hovudprioriteringane til regjeringa for 2024, deretter ein omtale av ulike tema innanfor grunnopplæringa, med både vurdering av tilstanden og forslag til tiltak for å møte utfordringane. Samla sett viser omtalen korleis tiltak i sektoren skal medverke til å nå dei overordna måla til regjeringa.

For statistikk og meir informasjon om ressursbruken i grunnopplæringa, sjå del III, kap. 6 Nøk-

keltal for grunnopplæringa. Sjå òg del I, kap. 3 Oppfølging av oppmodingsvedtak.

Hovudprioriteringar for 2024

Regjeringa skal legge fram ei stortingsmelding om 5.–10. trinn i 2024 med hovudmål om å styrke læringa, utviklinga, motivasjonen og meistringa til elevane, mellom anna gjennom å bidra til meir praktisk læring i skulen.

I samband med meldinga foreslår departementet å løyve 127 mill. kroner til ei tilskotsordning for utstyr og læringsarenaer for meir praktisk, variert og relevant læring i skulen. Dette vil styrke arbeidet med å realisere potensialet som ligg i det nye læreplanverket.

Regjeringa foreslår også å innføre ei ny åtteårig rentekompensasjonsordning til kommunane for investeringar i læringsarenaer og større utstyr som bidreg til meir praktisk og variert opplæring. Regjeringa tek sikte på at rentekompensasjonsordninga skal ha ei total investeringsramme på 8 mrd. kroner. Departementet foreslår at ein mrd. kroner blir fasa inn i statsbudsjettet for 2024. Ordninga trer i kraft frå og med andre halvår 2024.

Som eit ledd i å nå hovudmålet med stortingsmeldinga foreslår departementet å styrke arbeidet for eit trygt, godt og inkluderande skulemiljø med 35 mill. kroner. 25 mill. kroner skal gå til ein pakke som skal bidra til auka kompetanse i sektoren, slik at fleire elevar får eit trygt og godt skulemiljø og mobbetala går ned. Utdanningsdirektoratet vil få ansvaret for denne. I tillegg foreslår departementet å styrke statsforvaltarembeta med 10 mill. kr, både for å styrke det forebyggjande arbeidet embeta gjer for å støtte og rettleie skulane og kommunane med å utvikle trygge skulemiljø og for å få ned tida for saksbehandlinga i skulemiljøsaker.

For å styrke læringa, utviklinga, motivasjonen og meistringa til elevane foreslår departementet setje av 20 mill. kroner til innsats for lesemotivasjon og leseferdigheiter. I tillegg foreslår departementet å halde fram styrkinga av tilskotet til skulebiblioteka med ein auke på ytterlegare 5 mill. kroner i 2024, til totalt 30 mill. kroner.

Regjeringa held fram med både å auke kvaliteten i SFO og å senke foreldrebetalinga. Frå hausten 2023 er tilbodet om 12 timar gratis SFO per veke utvida til også å omfatte 2. trinn. Det gir familiar ei gjennomsnittleg årleg innsparing på om lag 20 000 kroner. Heilårsverknaden i 2024 for 2. trinn er 1,6 mrd. kroner. I tillegg foreslår departementet å løyve 10 mill. kroner i 2024 til auka kompetanse for tilsette i SFO, mellom anna for å følge

opp arbeidet med kompetansetilbud som Utdanningsdirektoratet sette i gang i 2023. Tilbudet skal støtte SFO-leiarane i arbeidet med utvikling av verksemda og implementeringa av rammeplanen for SFO.

Departementet foreslår å løyve ytterlegare 40 mill. kroner til å styrke oppfølginga av strategi for digital kompetanse og infrastruktur i barnehage og skule, til totalt 85 mill. kroner. Ein del av dei nye midlane skal gå til å utgreie og etablere felles støttetjenester for å betre regelverksetterlevinga og til å utvikle dei digitale fellesløysingane i skulesektoren. I tillegg er det behov for å styrke kunnskapsgrunnlaget gjennom å etablere eit koordinert forskingsprogram.

Regjeringa er oppteken av å sikre eit inkluderande og tilrettelagt tilbod for alle barn og elevar i barnehage og skule. Departementet foreslår å styrke kompetanseløftet i spesialpedagogikk og inkluderande praksis med 10 mill. kroner, slik at det samla blir løyvd 160 mill. kroner til dette arbeidet i 2024. I tillegg foreslår departementet å løyve 10 mill. kroner til læremiddelarbeid i Statped. Statped er i ein omstillingsperiode som har gjort verksemda landsdekkande. Som følge av dette har løyvinga til drift vore redusert i perioden 2020–23. Departementet foreslår å vidareføre løyvinga til Statped på 2023-nivå, slik at Statped får gode rammer til å ferdigstille dei faglege omstillingsprosessane i 2024, utan at eit større kutt går ut over tenestetilbodet til målgruppene Statped har ansvar for. Midlar frå tidlegare reduksjonar i løyvinga til Statped har gått til å bygge opp eit kompetanseløft for spesialpedagogikk og inkluderande praksis for kommunar, fylkeskommunar og PPT. Det er viktig for regjeringa at fleire i kommunane har kompetanse innanfor spesialpedagogikk, og derfor held regjeringa fram styrkinga av kompetanseløftet. Samla sett har regjeringa styrkt innsatsen med 45 mill. kroner utover reduksjonen i midlane frå Statped.

Regjeringa held fram med å styrke løyvingane til samiske formål og vil auke rammeløyvinga til Sametinget med 3,6 mill. kroner til oppfølging av innsatsområda i Meld. St. 13 (2022–2023) *Samisk språk, kultur og samfunnsliv Kompetanse og rekruttering i barnehage, grunnopplæring og høgere utdanning*. I tillegg foreslår departementet å setje av til saman 8 mill. kroner til samisk fjernundervisning, inkludert eit nytt prosjekt for å betre kvaliteten i fjernundervisninga.

Ny opplæringslov er vedteken i Stortinget i juni 2023 og vil etter planen gjelde frå hausten 2024, jf. Innst. 442 L (2022–2023) og Prop. 57 L (2022–2023) *Lov om grunnskoleopplæringa og den*

vidaregåande opplæringa (opplæringslova). Den nye lova inneber viktige endringar i retten til vidaregåande opplæring, som er omtalte i avsnitta under. Med ny opplæringslov får elevar på 8.–10. trinn rett til opplæring i ei eiga gruppe på det skriftspråket kommunen ikkje har vedteke som hovudmål dersom minst 10 elevar på eit av trinna ønsker det. I dag gjeld retten berre i barneskulen. Regjeringa foreslår å kompensere kommunane med 41,7 mill. kroner over rammetilskotet til å dekke meirkostnader som følger av den utvida retten frå hausten 2024. I samband med den nye lova foreslår regjeringa òg 5 mill. kroner over rammetilskotet til fylkeskommunane til å finansiere ein ny rett til opplæring for barn som er pårørande til søsken eller foreldre som er innlagde på helseinstitusjon. Vidare foreslår regjeringa totalt 0,7 mill. kroner til kommunar og fylkeskommunar over rammetilskotet til utvida plikt til å sørge for ulykkesforsikring til også å omfatte personar som deltek i førebuaende opplæring og vidaregåande opplæring for vaksne.

Regjeringa har i budsjettforslaget prioritert om lag 1,2 mrd. kroner til den største reforma i vidaregåande opplæring sidan Reform 94. Med ny opplæringslov som etter planen skal gjelde frå hausten 2024, får elevane rett til opplæring til dei har fullført vidaregåande opplæring. Regjeringa prioriterer 319,9 mill. kroner for å finansiere denne retten med eit øymerkt tilskot i 2024. Frå hausten 2024 skal det etter planen òg bli innført ein rett til yrkesfagleg rekvalifisering som gir alle med studie- eller yrkeskompetanse sjansen til å ta eit nytt fagbrev. Regjeringa foreslår 188,6 mill. kroner til å finansiere retten over rammetilskotet til fylkeskommunane.

Fleire andre lovendringar i ny opplæringslov som skal bidra til auka fullføring av vidaregåande opplæring, blir òg finansierte med heilårseffekt i budsjettforslaget. Det omfattar å utvide øvre aldersgrense for målgruppa for oppfølgingstena frå 21 til 25 år, tilgang til rådgiving for lærlingar, ei plikt til å sørge for rådgiving for vaksne i grunnopplæringa, ein rett til særskild norskopplæring for vaksne i grunnopplæringa og ei plikt for kommunane og fylkeskommunane til å gi ein trygg og god overgang frå grunnskulen til vidaregåande opplæring. Regjeringa foreslår høvesvis 5,2 mill. kroner og 58,4 mill. kroner over rammetilskota til kommunane og fylkeskommunane for å finansiere desse endringane med heilårseffekt i 2024. Hausteffektane blei lagde inn i 2023-budsjettet.

Regjeringa foreslår 60 mill. kroner til å auke bortebruarstipendet for elevar i vidaregåande opp-

læring for å bidra til at geografi og privatøkonomi ikkje skal vere eit hinder for at unge får den opplæringa dei ønsker seg. Heilårseffekten er 120 mill. kroner og inneber ein auke på 10 pst. utover venta prisvekst for 2024. I tillegg foreslår regjeringa å auke utstyrsstipendet for elevar i vidaregåande opplæring med 40 mill. kroner for å gi betre samsvar mellom stipendet og utgiftene elevane har til nødvendig utstyr i opplæringa. Forslaga er omtala under programkategori 07.80 Utdanningsstøtte.

Regjeringa foreslår å løyve 485 mill. kroner til tiltak for å kvalifisere og formidle fleire til læreplass. I tillegg foreslår regjeringa å auke tilskotet til ordninga Fagbrev på jobb med 23,2 mill. kroner, slik at fleire kan ta eit fagbrev medan dei er i arbeid. Satsinga på Yrkesfaglærarløftet er foreslått auka med 10 mill. kroner. Lærlingtilskotet vil i 2024 ikkje bli prisjustert fullt ut. Tiltaket gir ei innsparing på om lag 66 mill. kroner og rammetilskotet til fylkeskommunane blir foreslått redusert tilsvarende. Dette må sjåast i samanheng med den kraftige auken av tilskotet til fylkeskommunane for å kvalifisere og formidle fleire til læreplass, som blir vidareført i budsjettforslaget for 2024. I kommuneproposisjonen for 2024 blei det varsla at regjeringa tek sikte på å vidareføre tilskotet på om lag dagens nivå ut perioden til Samfunnskontrakten for fleire læreplassar (2022–2026).

Eksamen er viktig både for den einskilde elev og for tilliten samfunnet og arbeidslivet har til den kvalifiseringa elevar og lærlingar får gjennom opplæringa. Nye læreplanar som følge av fagfornyninga, bruk av digitale verktøy, men også utvikling av kunstig intelligens gir behov for å vidareutvikle eksamens- og vurderingsfeltet. Samstundes viste eksamensgjennomføringa våren 2023 uønskte sårbarheiter. I tillegg bruker Utdanningsdirektoratet inntil vidare ressursar på å gjennomføre nokre eksamenar i den gamle løysinga fordi det nye gjennomføringssystemet ikkje støttar dagens ordning med todelt eksamen. Det er læreplanane som ligg til grunn for både opplæringa og eksamen. Endring til heildigital eksamen utan moglegheit for todeling er for nokre fag møtt med kritikk frå lærarorganisasjonane og universitets- og høgskulesektoren. Ei løysing som varetek utfordringane dei tek opp, blir utgreidd saman med partane. Departementet foreslår derfor å styrke arbeidet med eksamen og vurdering med 15 mill. kroner. Midlane skal bidra til å trygge eksamensgjennomføringa, utvikling av eksamens- og vurderingsfeltet etter fagfornyninga og til å hindre uønskte hendingar i framtida. I tillegg foreslår depar-

tementet å løyve 11 mill. kroner for å auke timesatsen for sensor av sentralt gitt eksamen. Det skal bidra til å utjamne skilnaden som har utvikla seg mellom honorara for lokalt gitte sensoroppdrag og sentralt gitte sensoroppdrag. Auken skal bidra til å rekruttere fleire sensorar.

Departementet vil legge om ordninga med talentsenter i realfag. Tilbodet skal auke motivasjon og meistring i realfag for ei breiare elevgruppe enn i dag. Målgruppa for tilbodet skal dreiest frå å gjelde einskildelevar til å omfatte heile elevgrupper. I samband med omlegginga foreslår departementet å auke løyvinga til viten-senter med 5 mill. kroner.

Departementet foreslår å innføre ein ny tilskotsmodell for private grunnskular. Den nye modellen er i hovudsak ei vidareføring av prinsippa i modellen som gjaldt fram til 2020. I tillegg foreslår departementet å endre utrekningspraksisen for private grunnskular der kombinerte barne- og ungdomsskular er blitt kompenserte for smådriftsulemper to gonger. Ny tilskotsmodell og utrekningspraksis tek til å gjelde hausten 2024. Endringane vil bli fasa inn over fem år, slik at ny tilskotsmodell og utrekningspraksis er fullt inn-fasa frå hausten 2028. Ny tilskotsmodell og utrekningspraksis inneber isolert sett ein reduksjon av løyvingane til private grunnskular med 51,5 mill. kroner i budsjettforslaget for 2024.

Trivsel, motivasjon og læring

Ein fellesskule for alle sørger for at elevar med ulik bakgrunn og ulike interesser møtest og lærer saman. Opplæringa skal danne heile mennesket og gi kvar og ein høve til å utvikle evnene sine. Barn og unge lever her og no, og skulen må anerkjenne eigenverdien i barndommen og ungdomstida. Fagleg læring er ein sentral del av både danning- og utdanningsoppdraget til grunnopplæringa. Fagleg læring kan ikkje isolerast frå sosial læring. I det daglege arbeidet spelar derfor elevane si faglege og sosiale læring og utvikling saman. Skulen skal støtte og bidra til den sosiale læringa og utviklinga til elevane gjennom arbeid med faga og i skulekvardagen elles. Eit raust og støttande læringsmiljø er grunnlaget for ein positiv kultur der elevane blir oppmuntra og stimulerte til fagleg og sosial utvikling. Opplæringa skal gi eit godt utgangspunkt for deltaking på alle område innanfor utdanning og arbeids- og samfunnsniv. Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring, jf. opplæringslova kap. 9 A.

Dei fleste elevar og lærlingar trivst i opplæringa, men det er fleire utfordringar i læringsmiljøet


Motivasjonen for skulearbeidet har gått ned

I *Elevundersøkelsen 2022* rapporterer mange av elevane at dei har eit godt læringsmiljø med høg trivsel, fagleg utfordring og meistring. Dei opplever òg god støtte både heimanfrå og frå lærarane. Undersøkinga viser likevel at elevane er mindre nøgde med elevdemokrati, medverknad og undervegsvurdering, og dei rapporterer at dei er mindre motiverte for skulearbeid enn tidlegare. Elevane på 10. trinn er generelt sett noko mindre nøgde med læringsmiljøet enn elevane på 7. trinn og vg1. Slik har det vore lenge, men over tid skårar elevane på 7. trinn lågare på fleire indikatorar, og skilnaden mellom elevane på 7. trinn og 10.

trinn no er mindre enn før. På 7. trinn har motivasjonen til elevane vore nedgåande sidan 2016. Elevane på 10. trinn har også blitt mindre motiverte dei to siste åra, etter mange år med stabile tal. Gjennomsnittleg skår på motivasjon er framleis lågast på 10. trinn, men skilnaden mellom 7. trinn og 10. trinn har blitt mindre sidan 2018.

Mobbinga har auka

I 2022 er det ein markant auke i mobbetal, særleg på 7. og 10. trinn. På 7. trinn opplever 9,9 pst. av elevane mobbing. Det er ein auke på 2 prosenteningar samanlikna med året før. Auken er nesten like stor på 10. trinn, 1,8 prosenteningar. Prosentdelen av elevar som svarer at dei opplever mobbing, går ned med stigande årssteg.



Figur 4.1 Prosentdelen elevar som har opplevd mobbing på skulen to–tre gongar i månaden eller oftare

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Spørjeundersøkinga *Ungdata 2022* viser mykje av dei same resultata som elevundersøkinga: den generelle trivselen i skulen er framleis høg, samstundes som vi ser at den delen som seier dei trivst, har gått noko ned over tid. Her kjem det òg fram at prosentdelen av elevar som ofte gruer seg til å gå på skulen, har auka over tid. Når det gjeld dei yngste barna, har vi lite kunnskap om praksis i norske førsteklasserom. Det er òg lite kunnskap om overgangen frå barnehage til skule.

Lærlingundersøkinga 2022 viser at 8 av 10 lærlingar trivst på arbeidsplassen. 9 av 10 svarer at dei trivst med kollegaene dei har i lærlingtida. Undersøkinga viser at 3,5 pst. svarer at dei er blitt mobba på arbeidsplassen i løpet av den siste

månaden. Dette er eit tal som har vore stabilt over fleire år.

Bekymringsfullt skulefråvær

Vi har ikkje nasjonal statistikk over fråvær på 1.-9. trinn i skulen, og fråværstala på 10. trinn og i vidaregåande opplæring frå pandemiåra kan ikkje samanliknast med tidlegare år. Hausten 2023 fekk departementet dei første tala som kan samanliknast med åra før pandemien, og dei viser at både det generelle fråværet og det fråværet som reknast som bekymringsfullt, har gått opp for 10. trinn. Funn frå nasjonale undersøkingar tyder òg på at det kan ha vore ein auke i talet på elevar med

bekymringsfullt skulefråvær på dei andre trinna i skulen. Over halvparten av skuleleiarane og skuleeigarane som svarte på undersøkinga Spørsmål til Skole-Norge hausten 2022, svarte at dei har erfart ein auke i skulefråværet. Våren 2023 svarte endå fleire av skuleleiarane i den same undersøkinga at dei har erfart ein auke. Samstundes svarer eit fleirtal av skuleleiarar i denne undersøkinga at dei ikkje meiner skulemiljø er hovudårsaka til aukinga, men heller individuelle faktorar som psykisk uhelse og andre utviklingstrekk utanfor skulen. Auke i bekymringsfullt skulefråvær etter pandemien er ein trend som kan observerast i fleire andre land, både i og utanfor Norden.

Vald og truslar mot lærarane

Levekårsundersøkinga til Statistisk sentralbyrå frå 2019 viser at 26 pst. av grunnskulelærarane har vore utsette for vald og truslar. Tilsvarande tal for alle yrkesaktive i Noreg er 7 pst.

Stort sett stabile læringsresultat, men nokre utviklingstrekk gir grunn til bekymring

Læringsresultata for norske elevar er jamt over stabile, men nokre utviklingstrekk gir likevel grunn til bekymring.

PISA-resultata frå 2018 viste ein nedgang i leseresultata for norske 15-åringar. Mot slutten av 2023 kjem det nye PISA-resultat som vil gi meir informasjon om utviklinga i leseferdigheiter for denne aldersgruppa.

Den internasjonale undersøkinga Progress in International Reading Literacy Study (PIRLS) for 2021 viser ein tydeleg nedgang i leseferdigheiter for norske 10-åringar. Alle dei nordiske landa har svakare resultat samanlikna med førre undersøking frå 2016, men nedgangen er størst i Noreg. Det er dessutan nesten ei dobling av elevar på lågt og under lågaste meistringnivå. Undersøkinga viser at det er ein klar samanheng mellom familiens sosioøkonomiske status og leseprestasjonane til elevane. Jentene presterer framleis betre enn gutane. Minoritetsspråklege elevar har framleis svakare gjennomsnittlege leseprestasjonar samanlikna med majoritetsspråklege elevar.

Ifølge Utdanningsdirektoratets analysar viser dei nasjonale prøvene i hovudsak inga vesentleg endring i prestasjonane til elevane. På 5., 8. og 9. trinn presterer gutane litt betre enn jentene i rekning, medan det er motsett i lesing. På 5. trinn presterer gutane litt betre enn jentene engelsk, men på 8. trinn er resultata i engelsk meir jamne.

Sjå meir statistikk om læringsresultat i del III, kap. 6 Nøkkeltal for grunnopplæringa.

Innsats for betre trivsel, læring og motivasjon

Stortingsmelding om 5.–10. trinn

På bakgrunn av nokre av dei bekymringsfulle utviklingstrekk det er vist til over, vil regjeringa legge fram ei melding om 5.–10. trinn i 2024. Forslaga frå kvalitetsutviklingsutvalet skal òg følgast opp i meldinga. Utvalet leverer sin sluttrapport hausten 2023.

Meldinga har som hovudmål å bidra til å styrke læringa, utviklinga, motivasjonen og meistringa til elevane, mellom anna gjennom å bidra til meir praktisk læring i skulen. I tillegg skal meir praktisk læring kunne førebu elevane betre til både yrkesfaglege og studieførebuande utdanningsprogram i vidaregåande opplæring. Det nye læreplanverket, som vart teke i bruk hausten 2020, legg stor vekt på det praktiske og utforskande i mange fag, men det er likevel behov for å sjå på fleire moglege tiltak som kan bidra til å realisere potensialet i fagfornyninga, og korleis innhaldet i skulen kan opplevast meir relevant for elevane.

Regjeringa har lagt opp til brei involvering, særleg av elevar og dei som jobbar i skulen, i arbeidet med meldinga og i utviklinga av tiltak. Dei sentrale partane i skulesektoren er viktige innspels- og dialogpartar, og Kunnskapsdepartementet har til dømes etablert eit eige elevpanel, og fleire dialogkommunar har gitt innspel i arbeidet. Alle interessentar er oppmoda om å gi innspel via ei eiga nettside på regjeringen.no.

På bakgrunn av innspela foreslår departementet å løyve 127 mill. kroner til ei tilskotsordning for utstyr og læringsarenaer, samt å løyve 15 mill. kroner til oppstart av ein rentekompensasjonsordning til kommunane for investeringar i læringsarenaer og større utstyr som bidreg til meir praktisk og variert opplæring. I tillegg foreslår departementet ein auke på 35 mill. kroner til tiltak for eit trygt og godt skulemiljø og ein auke på 20 mill. kroner til innsats for lesemotivasjon og leseferdigheiter.

Innsats for eit trygt og godt skulemiljø

Barn og unge skal ha eit trygt og godt skulemiljø, og mobbing på skulen og andre arenaer skal førebyggast og takast raskt tak i. I den nye opplæringslova er kapittel 9 A gjennomgått, og det er gjort mindre endringar som skal bidra til å vareta

rettstryggleiken til både elevar og lærarar på ein betre måte.

Reglane for skulemiljø inkluderer handhevingssordninga, som gir elevar og foreldre høve til enkelt å melde saker til statsforvaltaren dersom skulen ikkje oppfyller aktivitetsplikta. Statsforvaltarane opplever framleis aukande saksmengd. I 2022 blei det meldt 1740 saker, mot 1332 i 2021. Dette påverkar kapasiteten i embeta. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i 2022 var 71 dagar for saker der aktivitetsplikta blei vurdert, ein nedgang frå 82 dagar i 2021. Dette er den kortaste gjennomsnittstida sidan 2019, og det er ei positiv utvikling. Samtidig er det eit stort spenn i saksbehandlingstida mellom embeta, frå 37 dagar til 162 dagar. Det er viktig å følge utviklinga nøye framover.

Det er fleire ulike nasjonale kompetansetiltak som skal gi barnehagar, skular og eigarar støtte til å bygge trygge og gode miljø og til å førebygge, avdekke og handtere mobbing. Til dømes finst det mobbeombod, rettleiingstilbodet *Læringsmiljøprosjektet*, ulike nettbaserte tilbod, vidareutdanning for skuleleiarar og tilskotsordning for lokal kompetanseutvikling. Det er òg støtte til læringsmiljø- og mobbeprogram. I tillegg har regjeringa gitt Utdanningsdirektoratet eit omfattande oppdrag om å gå gjennom og samordne eksisterande tiltak for å støtte arbeidet med å utvikle inkluderande, trygge og gode barnehage- og skulemiljø. Direktoratet skal òg vurdere kva behov for kompetanseutvikling skulane no treng for å bli betre til å bygge trygge og gode skulemiljø. Direktoratet har i tillegg fått i oppdrag å undersøke om det er systematikk i kva for brot det er på kapittel 9 A i opplæringslova. Funna viser at dei mest typiske sakene hos statsforvaltarane er komplekse og samansette, og dei har vart over lang tid. Det er flest brot på plikta til å undersøke og plikta til å setje inn tiltak. Direktoratet leverer svar på heile oppdraget i desember 2023. I tillegg inviterte departementet sentrale aktørar, statsforvaltarar, mobbeombod, representantar frå UH-sektoren, skuleeigarar og skuleleiarar til eit arbeidsseminar for å diskutere og vurdere kva som må til for at skulane skal vere trygge for alle barn og unge, og for å snu den negative utviklinga vi ser.

Dembra – demokratisk beredskap mot rasisme og antisemittisme og udemokratiske haldningar – skal fremje eit trygt og godt skulemiljø og gi kompetanseutvikling innanfor tema som skal motverke fordommar, hatefulle ytringar og gruppefiendtelege haldningar, slik at elevane kan reflektere over korleis til dømes gruppetenking påverkar måten vi ser på oss sjølve og «dei

andre» på, og korleis orda vi bruker, kan påverke andre.

Utdanningsdirektoratet har fått i oppdrag å skaffe meir kunnskap om kva som kan forklare den negative utviklinga vi har sett i korleis elevane opplever skulemiljøet, og om det er skilnader mellom ulike grupper av elevar.

Utdanningsdirektoratet har òg fått i oppdrag å greie ut fleire spørsmål knytte til skulefråvær, inkludert kva tiltak som kan setjast inn for å bremse utviklinga både på kort og på lang sikt. Direktoratet skal vidare sjå på korleis vi kan få betre nasjonal informasjon om fråvær i skulen. I den nye opplæringslova er plikta til å følge opp skulefråvær lovfesta og tydeleggjort.

Dagens barn og unge møter digitalisering og ny teknologi på alle arenaer. Det gir moglegheiter, men også utfordringar som vi må lære meir om. Vi treng meir kunnskap om konsekvensane av skjermbruk og kva det gjer med læring, merksemd og ferdigheiter. Regjeringa har derfor sett ned eit nytt utval som skal summere opp kunnskapsgrunnlaget knytt til kva konsekvensar skjermbruken har på søvnen, den psykiske helsa og læringsutfordringane til barn og unge, og foreslå tiltak der utvalet avdekkjer særlege utfordringar. Utvalet skal levere innstilling innan 1. november 2024.

Departementet tek utfordringane med vald i skulen svært alvorleg. Det er arbeidsmiljølova som regulerer arbeidsmiljøet til dei tilsette i skulen, medan det er opplæringslova og privatskulelova som skal sikre at alle elevar har eit trygt og godt skulemiljø. Departementet har sendt på høyring eit forslag til reglar om korleis ein kan avverje skade, og i kva grad ein kan gripe inn fysisk. Reglane gjer det tydelegare når lærarar kan gripe fysisk inn mot elevar. I tillegg blir det foreslått reglar om førebygging, dokumentasjon og meldepunkt.

Departementet har gitt Utdanningsdirektoratet i oppdrag å foreslå korleis oppmodingsvedtak nr. 625 (2022–2023) om å rapportere årleg om statistikk og utviklinga når det gjeld vald og truslar i norsk skule, kan følgast opp. Utdanningsdirektoratet er bedt om å ha dialog med Arbeidstilsynet undervegs i arbeidet.

Oppfølging av fagfornyninga for å utvikle fellesskulen

Regjeringa vil realisere potensialet i fagfornyninga og vareta og vidareutvikle ein fellesskule der alle elevar har høve til å finne seg til rette, lære og oppleve meistring og utvikling. Det nye læreplanverket legg godt til rette for dette. Med fagfornyninga

har mellom anna dei fleste faga fått ei meir praktisk og utforskande tilnærming, ikkje berre dei praktiske og estetiske faga.

Fagfornyninga blir evaluert i perioden 2020–25. Kunnskapen vi får frå evalueringa og andre kunnskapskjelder om kvaliteten i skulen, er viktig når regjeringa vurderer om det er behov for nye tiltak eller justeringar. Evalueringa blir leia av eit programstyre som består av forskarar og representantar frå Utdanningsforbundet og KS. Programstyret skal sikre høg fagleg kvalitet i evalueringsprogrammet. Evalueringa er delt inn i fem prosjekt som undersøker ulike delar av fagfornyninga. Det handlar om prosessen med å utvikle læreplanane, kvaliteten på læreplanverket, korleis læreplanane blir tekne i bruk, og endringar i skulen som følge av fagfornyninga.

Undersøkingar viser at pandemien har påverka innføringa av fagfornyninga, og regjeringa ønsker å legge til rette for ei revitalisering av fagfornyninga ved å samarbeide med sentrale partar i skulesektoren og undersøke kva for støtte skulane treng i den vidare innføringa. Under pandemiåra brukte mange skular mest pengar på digitale læremiddel og mindre på bøker. Undersøkingar viser dessutan at norske barn les stadig mindre og bruker stadig meir tid på skjerm. Departementet foreslo derfor å løyve 115 mill. kroner ekstra til fysiske skulebøker i grunnskulen i revidert budsjett for 2023. Der blei det òg løyvd 30 mill. kroner til arbeidet med det nye læreplanverket i skulane. Målet er å styrke arbeidet i skulane med fagfornyninga, bidra til refleksjon og styrke ei felles forståing av intensjonen med fagfornyninga, verdiløftet og tverrfaglege tema. Arbeidet skal også bidra til vidare engasjement og gi fagleg påfyll.

Kvalitetsvurderingssystemet og korleis det kan bidra til kvalitetsutvikling

Dagens kvalitetsvurderingssystem består av ulike prøver, verktøy og datakjelder som er innførte på ulike tidspunkt og med ulike grunngevingar og formål. Regjeringa vil vidareutvikle kvalitetsvurderingssystemet til eit system som legg vekt på utvikling av fagleg og pedagogisk kvalitet, og som ikkje medverkar til detaljstyring og omfattande krav om rapportering og dokumentasjon. Som varsla i Hurdalsplattforma har regjeringa sett ned eit partssamansett utval som skal kartlegge og gjennomgå kva behov lærarar, skuleleiarar, skuleeigarar og nasjonale styresmakter har for verktøy, prøver og datakjelder til kvalitetsutvikling. Utvalet skal foreslå endringar i dagens kvalitetsvurde-

ringssystem slik at det legg betre til rette for kvalitetsutvikling. Utvalet leverte ein delrapport i januar 2023 og vil levere hovudinnstilling hausten 2023.

Styrking av skulebiblioteka og ny leselyststrategi skal medverke til betre leseferdigheiter

Gode leseferdigheiter er avgjerande for elevane, både her og no og for det livet dei skal leve i framtida. Forsking tyder på at det å vere positivt innstilt til å lese er viktig for leseforståinga. Vi veit òg at gode lesarar har gode og formålstenlege lesestrategiar. Frå PISA-undersøkinga veit vi at bakgrunnen til elevane har innverknad på leseferdigheitene.

Regjeringa vil bidra til leselyst ved å styrke skulebiblioteka. Tilskotet skal saman med betre kommuneøkonomi medverke til at skulebiblioteka kan vere ein arena for leseglede for alle elevgrupper og i alle fag. Midlane skal vere med på å styrke arbeidet med lesestimulering og skape ein inkluderande arena som tek omsyn til dei ulike føresetnadene barn og unge har. Departementet foreslår å auke løyvinga til skulebibliotek med 5 mill. kroner i 2024, slik at tilskotsordninga samla er på 30 mill. kroner. Med dette forslaget har regjeringa dobla løyvinga til tilskotsordninga samanlikna med nivået i 2021. Regjeringa vil halde fram med å rette ein særleg innsats mot skulebibliotek i levekårsutsette område, og den foreslåtte auka er grunngiven med dette.

Departementet vil utvide ordninga for prosjekttilskot over kap. 225 post 74 til også å gjelde prosjekt for auka leseferdigheiter og leselyst. Departementet foreslår også å auke løyvinga på posten til totalt 10,1 mill. kroner.

Regjeringa ønsker å få fleire til å lese og Kunnskapsdepartementet samarbeider med Kultur- og likestillingsdepartementet om ein leselyststrategi. Departementa har fått innspel til strategien, både gjennom eit innspelsmøte og skriftlege innspel. Det er òg gjennomført eit seminar om leseforskning for å få innspel til strategien. Regjeringa skal etter planen legge strategien fram våren 2024.

Ei skulefritidsordning der alle barn får delta

SFO er ein viktig arena for inkludering. Tilbodet kan bidra til sosial utjamning ved å gi alle barn tilgang til ein felles arena for lek, læring, vennskap og kultur- og fritidsaktivitetar. Det er elevar som ikkje deltek i SFO på grunn av familieøkonomien, og regjeringa vil at alle barn skal ha høve til å

delta i SFO. Frå hausten 2022 fekk alle elevar på 1. trinn og frå hausten 2023 fekk alle elevar på 2. trinn tilbod om tolv timar gratis SFO per veke. Desse tiltaka er no forskriftsfesta og blir vidareførte i 2024. Det har vore ein auke i deltakinga på 1. trinn frå 83 pst. i skuleåret 2021–22 til 92 pst. i skuleåret 2022–23.

Det har lenge vore stor variasjon i innhaldet i og kvaliteten på SFO-tilbodet, noko som blei omtalt i Meld. St. 6 (2019–2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*. Hausten 2021 tok ny nasjonal rammeplan for SFO til å gjelde, og regjeringa vil vidareføre arbeidet med innføringa av denne. Ei evaluering av implementeringa av den nye rammeplanen er i gang, og regjeringa vil vurdere eventuelle tiltak når sluttrapporten ligg føre.

Kompetansen til dei tilsette er den viktigaste kvaliteten i SFO, og god kompetanse er særleg viktig for å inkludere utsette barn. Det har tidlegare vore få tilbod om kompetanseutvikling for SFO-tilsette, men i 2023 lyste Utdanningsdirektoratet ut tiltak om kompetanseheving for leiarane i SFO. Kompetansetilbodet skal støtte leiarane i å leie arbeid med utvikling av verksemda og å implementere rammeplanen, og i å kunne vurdere og utvikle kvaliteten i deira SFO. Regjeringa vil styrke kvaliteten på SFO-tilbodet og departementet foreslår å vidareføre løyvinga på 10 mill. kroner til tiltak for å styrke kompetansen blant tilsette i SFO.

Ein god skulestart – evaluering av seksårsreforma

Skulen skal legge til rette for at elevane får best mogleg utbyte av den ordinære opplæringa, og opplæringa skal tilpassast alder, modning og føresetnadene til elevane. Særleg for dei yngste barna i skulen er leik nødvendig for trivsel og utvikling. Dei nye læreplanane legg derfor vekt på at leiken skal ha ein særleg tydeleg plass dei første skuleåra. Undring og utforskning er òg viktig gjennom heile opplæringa.

Regjeringa er oppteken av at dei yngste elevane skal ha ein god skulestart og ein god skulekvardag. Det er i dag for lite kunnskap om kva for pedagogiske praksisar som pregar dei første skuleåra. OsloMet er i gang med ei evaluering av seksårsreforma, og ein første delrapport kom i desember 2022. Kunnskapen vi har så langt, teiknar eit variert bilde av skulekvardagen til dei yngste elevane. Neste delrapport vil gi eit meir utfyllande bilde av korleis skuledagen er lagd opp for dei yngste, denne delrapporten kjem hausten 2023, og sluttrapporten kjem i 2024. Forskarane

er tydelege på at funna i den første rapporten er førebelse, og dei gir ingen tilrådingar. Dei vil gå i djupna på funna i vidare studiar. Regjeringa vil følge opp funn og vurdere eventuelle tiltak når evalueringa er ferdig.

Strategi for digital kompetanse og infrastruktur i barnehage og skule

Digitaliseringa er kanskje den største endringa som har skjedd i norsk skule dei siste åra. No nærmar vi oss ein situasjon der alle elevar på alle trinn har eigne digitale einingar, og stadig fleire digitale læremiddel og læringsplattformer inneheld kunstig intelligens, ofte for å styrke mogleheitene for læringsanalyse. Utviklinga krev auka kunnskap og kompetanse i sektoren og godt samarbeid på tvers av nivåa i forvaltninga. Regjeringa er oppteken av ein relevant, kunnskapsbasert og ansvarleg tilnærming til bruk av digitale løysningar i barnehagar og skuler, i tråd med rammeplanane for barnehagen og SFO og med læreplanverket for grunnopplæringa. Vi skal styre meir etter kva som gir god kvalitet på undervisninga, og unngå digitalisering for digitaliseringas skuld.

Kunnskapsdepartementet la våren 2023 fram ein ny strategi for digital kompetanse og infrastruktur i barnehage og skule. Strategien viser utfordringar knytt til personvern, val, anskaffingar, bruk av læremiddel og den digitale kompetansen til skulen og lærarane. Strategien gjeld for barnehagar, grunnskular og vidaregåande opplæring i perioden 2023–30. Strategien fungerer som eit styringsdokument for utvikling av digital kompetanse og gir retning for gode val for digitaliseringa fram mot 2030. Strategien er laga saman med kommunal sektor og vil styrke felles forståing og effektiv ansvarsdeling mellom statleg og kommunalt nivå i tillegg til å gi eit betre kunnskapsgrunnlag om digitalisering. Blant sentrale tiltak er å utgreie og etablere felles støttetjenester for å støtte skuleeigarane i arbeidet med å overhalde regelverket knytt til digitale læremiddel og å utvikle dei digitale fellesløysingane i skulesektoren, mellom anna tenestekatalog, standardisering av digitale læremiddel og ressursar og deling av data. Vidare skal det etablerast eit forskingsprogram for målretta forskning på tema for og om digitalisering og digital kompetanse i sektor.

Departementet foreslår å løyve ytterlegare 40 mill. kroner til å styrke oppfølginga av strategien for digital kompetanse og infrastruktur i barnehage og skule, til totalt 85 mill. kroner, sjå nærare omtale under kap. 226, post 21 og kap. 220, post 70.

Ekspertgruppa som skulle vurdere bruk av læringsanalyse i grunnopplæringa, høgare yrkesfagleg utdanning og høgare utdanning leverte NOU 2023: 19 «Læring, hvor ble det av deg i alt mylderet? Bruk av elev- og studentdata for å fremme læring» i juli 2023. Rapporten er sendt på høyring. Departementet vil sjå oppfølginga av rapporten og høyringa i samanheng med Strategi for digital kompetanse og infrastruktur i barnehage og skule og oppfølginga av Personvernkommissjonens rapport (NOU 2022: 11).

Sosial utjamning og inkluderande fellesskap for ei mangfaldig elevgruppe

Ein del barn og unge har eit vanskelegare utgangspunkt enn andre

Dei økonomiske skilnadene i samfunnet er aukande, krava til formell kompetanse i arbeidslivet blir større, og behovet for arbeidskraft aukar i takt med at vi går inn i ei tid med fleire eldre og færre yrkesaktive. Utdanning medverkar til høgare deltaking i samfunns- og arbeidslivet, og utdanning er derfor ein nøkkel til å løyse utfordringane samfunnet står framfor. Den norske fellesskula rommar ei mangfaldig elevgruppe og skal gi alle elevar god opplæring, same kva sosial bakgrunn dei har. Utdanningsløpet skal gi større moglegheiter for den einskilde og mindre skilnader for samfunnet. Likevel er det for mange som av ulike årsaker ikkje får godt nok utbyte av opplæringa. Familiebakgrunnen til elevane, som utdanninga og inntekta til foreldra og manglande norskferdigheiter, har i dag for mykje å seie for skuleprestasjonane deira.

Ifølge SSB fullfører 81 pst. av alle som byrjar på vidaregåande opplæring, høvesvis innan fem år etter at dei starta på studieførebuande, og innan seks år etter at dei starta på yrkesfag. Det er 9 prosenteningar høgare enn for ti år sidan. Det er ein særleg sterk samanheng mellom resultat i grunnskula og det å fullføre vidaregåande opplæring. Fullføringa dei siste åra auka mest blant innvandrarakarar, elevar med foreldre som har lite utdanning, og elevar med svake karakterar frå grunnskula. Det er likevel framleis store sosiale skilnader.

Det er stor variasjon i korleis elevar med innvandrarbakgrunn gjer det på skula. Sosial bakgrunn og manglande norskferdigheiter er to viktige forklaringar på at ein del elevar med innvandrarbakgrunn ikkje presterer på nivå med andre elevar. Det er særleg elevar som sjølve har innvandra til Noreg og har kort butid i landet, som har utfordringar med norskferdigheiter og skuleresul-

tata. Sjå statistikk om læringsresultat i del III, kap. 6 Nøkkeltal for grunnopplæringa.

Nokre bustadområde i dei større byane er prega av opphoping av levekårsutfordringar, til dømes lågt utdanningsnivå, svak tilknytning til arbeidslivet, låg gjennomsnittsinntekt og tilhøyrande barnefattigdom. I Meld. St. 28 (2022–2023) *Gode bysamfunn med små skilnader*, som bygger på NOU 2020: 16 *Levekår i byer*, peikar regjeringa på at det å bu i utsette område kan ha negative konsekvensar for utdanninga til barna, det kan påverke resultatane i opplæringa og i kva grad elevane gjennomfører vidaregåande opplæring.

Elevar med behov for særskild tilrettelegging får ikkje alltid den støtta dei har rett på

Tidlegare innsats krev eit sterkare lag rundt barna og elevane – eit lag som har kompetanse som blir nytta på best mogleg vis til å oppdage ulike utfordringar, og til å legge til rette for det pedagogiske tilbodet for alle barn og unge.

Ifølge opplæringslova § 1-3 skal opplæringa tilpassast behova og føresetnadene til elevane, slik at dei får best mogleg utbyte av opplæringa. Elevar som ikkje har eller ikkje kan få tilfredsstillande utbyte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett på spesialundervisning, jf. § 5-1. I skuleåret 2022–23 fekk 7,8 pst. av elevane spesialundervisning. Det er omkring tre gongar så mange elevar som får spesialundervisning på 10. trinn som på 1. trinn.

Mange elevar får ikkje tilpassa og inkluderande opplæring i samsvar med det regelverket tilseier. Fleire elevar med behov for særskild tilrettelegging blir oppdaga for seint, og opplæringa er ikkje alltid tilpassa dei føresetnadene og behova som elevane har, jf. mellom anna Innst. 188 S (2019–2020), Meld. St. 6 (2019–2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skule og SFO* og rapporten frå ekspertutvalet for barn og unge med behov for særskild tilrettelegging (Nordahl-rapporten) frå 2018. Mangel på riktig tilbod og oppfølging kan kome av utfordringar i samarbeidet mellom tenester. Det er stor variasjon mellom kommunar i korleis dei organiserer tverrfagleg samarbeid mellom tenestene.

Utfordringar i kvardagen når det gjeld koordinering av tenester

Mange familiar med barn som har behov for samansette tenester, har utfordringar i kvardagen, og fleire av desse opplever manglande koordinering og lite informasjon om tenestene. Fleire

offentlege utgreiingar, tilsyn og forskning viser at dei ulike velferdstenestene ikkje samarbeider godt nok i mange saker, og at dette svekker tilbodet barn og unge får. Samanfatta peikar dei på at barn og unge ikkje har fått den oppfølginga dei har behov for. Dette handlar om manglande struktur og systematikk – og manglande oppfølging og koordinering av samarbeidet mellom tenestene. Kompleksiteten utfordrar systema i ein sektorvis velferdsstat der dei ulike tenestene først og fremst ser og fangar opp den delen dei sjølve er ansvarlege for. Utfordringane blir derfor særleg tydelege i grenseflatene mellom tenestene – som når ingen opplever at dei har eit tydeleg ansvar.

Eigeninnsatsen til føresette kan ofte vere avgjerande i mange saker, både for å initiere sakene og for å gi dei som yter tenestene, tilstrekkeleg informasjon til å vurdere sakene. Dei ulike tenestene er òg sette til å løyse ulike saker, og resultatane er gjerne ikkje vurderte ut frå det totale behovet hos brukarane.

Innsats for sosial utjamning og inkluderande fellesskap for alle

Stortingsmelding om sosial mobilitet og sosial utjamning

Regjeringa har allereie gjort mykje for å dempe skilnadene i samfunnet, mellom anna ved å styrke det universelle tenestetilbodet for barn og unge, som rimelegare barnehage, gratis kjernetid i SFO for dei minste og auka barnetrygd. Denne politikken held vi fram med å utvikle, og innsatsen retta mot barn, unge og familieane deira er viktig for å gjere noko med dei tunge strukturane i samfunnet. Det er nødvendig med tidleg innsats for å gi alle like sjansar til å utvikle seg, ta eigne val og skape seg eit godt liv.

For å lukkast må vi sjå breitt og heilskapleg på livet til barn og unge. Vi må ta grep på arenaene der dei og foreldra deira er, slik som barnehage, skule, helsetilbod og fritidsaktivitetar. Derfor vil regjeringa legge fram ei stortingsmelding om sosial mobilitet og sosial utjamning for barn og unge og familieane deira. Dette er eit arbeid som fleire departement samarbeider om – Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Barne- og familiedepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Kunnskapsdepartementet. Formålet med meldinga er å forsterke politikken for å redusere sosiale skilnader og motverke at dårlege levekår går i arv. Meldinga skal mellom anna sjå på betydninga av dei første leveåra til barnet, inkludert svangerskap, innverknaden av barnehage og skule, og overgangar frå barn til ungdoms- og vaksenliv,

utdanning og arbeid. Stortingsmeldinga skal følge opp ekspertgruppa for barn i fattige familiar, som skal levere rapporten sin i oktober 2023, og ekspertgrupperapporten om betydninga av barnehage, skule og SFO for sosial utjamning og sosial mobilitet, som blir lagd fram våren 2024.

Arbeidet med stortingsmeldinga vil mellom anna bli sett i samanheng med arbeidet med samfunnsoppdrag som blei lansert i *Langtidsplanen for forskning og høgare utdanning 2023–2032*, og som har som mål å inkludere fleire barn og unge i utdanning og arbeids- og samfunnsliv gjennom ein målretta innsats på tvers av sektorar. Med samfunnsoppdraget om barn og unge ønsker regjeringa å ta skikkeleg grep om utfordringane med ungt utanforskap. Regjeringa kan ikkje løyse dette åleine, det er nødvendig at mange aktørar medverkar. Saman med kommunane, frivillig sektor, næringslivet og barn og unge sjølve ønsker vi å sette klare og ambisiøse mål på dette området. Vi vil invitere alle gode krefter til ein nasjonal dugnad for at fleire barn og unge blir inkluderte, uavhengig av bakgrunn og føresetningar.

Støtte til nykomne barn og unge

Nykomne elevar som både skal starte på skule i eit nytt land og lære seg norsk på kort tid, har ei særskild utfordring i skulen. Nokre må ta igjen tapt skulegang. Elevane kan òg ha andre typar utfordringar, som traume etter krig og tid på flukt.

Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU) har fått i oppdrag å gjennomføre eit djupstudium for å styrke kunnskapsgrunnlaget om opplæringstilbodet for nykomne elevar. Dei la fram delrapporten *Norskinnlæring, faglig utvikling og nye venner – er det mulig på samme tid?* i januar 2023. Sluttrapporten skal etter planen ligge føre i mai 2024.

Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring (NAFO) har ulike tiltak som skal gjere opplæringa betre for minoritetsspråklege elevar, inkludert nykomne elevar. Utdanningsdirektoratet har utvikla eit nytt digitalt kartleggingsverktøy i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar i skulen, og verktøyet blir vidareutvikla i 2024.

Russlands åtak på Ukraina våren 2022 har ført til at Noreg har motteke mange fordrivne. Tal frå Utlendingsdirektoratets nettside viser at per 5. september 2023 har om lag 57 700 ukrainarar søkt om asyl. Om lag 17 800 av dei er barn. Tilbakemeldingar frå kommunane tyder på at dei aller fleste barna i alderen 0–6 år frå Ukraina har fått tilbod om plass i barnehage, og at dei fleste også bruker tilbodet. Tilbakemeldingar tyder også på at nesten

alle barn frå Ukraina i grunnskulealderen har eit skuletilbod som dei bruker. Dei største utfordringane til kommunane er tilgang på personell og personell med riktig kompetanse. I 2022 og i 2023 vart det sett i gang ei rekke nasjonale tiltak for å støtte barnehage- og skuleeigarar i arbeidet med å gi eit godt barnehage- og skuletilbod til nykomne barn og unge, mellom anna gjennom utvikling av pedagogiske ressursar for barnehage og læringsressursar på ukrainsk og russisk, digitale ressursar og kompetansetiltak. Sjå nærare omtale av konkrete tiltak under kap. 226.

Områdesatsingar i levekårsutsette område

Staten samarbeider med nokre kommunar om områdesatsingar i levekårsutsette område, og Kunnskapsdepartementet deltek i områdesatsinga i Groruddalen for 2017–26 og områdesatsinga i Oslo Sør for 2018–26. Det er årleg blitt løyvd midlar til programområdet Oppvekst og utdanning for å prøve ut ulike ordningar i barnehage, grunnskule og vidaregåande opplæring som på sikt kan inngå i ordinær verksemd og medverke til å hindre fråfallet i vidaregåande opplæring. Sjå meir omtale av dette i Prop. 1 S (2023–2024) for Kommunal- og distriktsdepartementet.

I samsvar med Hurdalsplattforma vil regjeringa forsterke og utvide områdesatsingane i dei store byane, dette som eit ledd i å utjamne skilnader i levekår, sikre sosial mobilitet og førebygge barnefattigdom. For 2024 foreslår departementet å vidareføre tilskot til auka bemanning i skular og auka pedagogtettleik i barnehagar i levekårsutsette område, jf. omtalen under kap. 226, post 21 og kap. 231, post 21.

Regjeringa la i august fram Meld. St. 28 (2022–2023) *Gode bysamfunn med små skilnader*. Meldinga tek for seg forslag frå NOU 2020: 16 *Levekår i byer* og har ei rekke tiltak med mål om utjamning av levekår.

Styrking av det tverrfaglege samarbeidet mellom offentlege tenester

Det er eit overordna samfunns mål at utsette barn og unge får nødvendig hjelp og oppfølging uavhengig av kva teneste eller forvaltningsnivå som er ansvarleg for å følge opp. Regjeringa ønsker å styrke det universelle velferdstilbodet for barn og unge gjennom å prioritere velferdstenester som omfattar alle barn. Med verknad frå 1. august 2022 blei det innført ei rekke endringar i velferdstenestelovgivinga med mål om å styrke oppfølginga av utsette barn og unge og familiane deira gjennom

auka samarbeid mellom velferdstenestene. Mellom anna blei det innført ein rett til barnekoordinator på visse vilkår, jf. Prop. 1 S (2022–2023) for Kunnskapsdepartementet.

Frå 2020 til 2023 har det vore gjennomført eit forsøk med programfinansiering i tolv kommunar. Formålet med programfinansieringa er å gi kommunane større fridom til å disponere midlane, slik at dei er betre tilpassa lokale behov, jf. omtalen under kap. 226, post 64. Aktuelle departement jobbar no saman om å vurdere mogleg programfinansiering av eksisterande tilskot til tiltak for utsette barn og unge og familiane deira, dette som ein del av arbeidet med tillitsreforma og eit styrkt heilskapleg og samordna tenestetilbod til barn og unge.

I Hurdalsplattforma står det at regjeringa vil styrke laget rundt eleven og den tidlege tverrfaglege innsatsen med mellom anna barne- og ungdomsfagleg kompetanse, miljøterapeutar og styrkt skulehelseteneste. Det er behov for meir kunnskap om desse yrkesgruppene og korleis dei arbeider i barnehagar og skular. Regjeringa vil vurdere tiltak for å styrke laget rundt barna og elevane. Det blei halde eit seminar med partane og sentrale organisasjonar våren 2023 for å få innspel til arbeidet. Sjå også omtale i del I, kap. 3 av oppmodingsvedtak nr. 472 (2022–2023). Sjå omtalen av styrkinga av helsestasjons- og skulehelsetenesta i Prop. 1 S (2023–2024) for Helse- og omsorgsdepartementet.

Betre lovverk og eit kompetanseløft i spesialpedagogikk

Regjeringa vil styrke den tidlege innsatsen i barnehage og skule. Alle barn og elevar skal bli fanga opp og følgde opp så tidleg som mogleg, slik at ein unngår at utfordringane blir større utover i utdanningsløpet. I ny opplæringslov, Prop. 57 L (2022–2023), som vart behandla i Stortinget i juni, jf. Innst. 442 L (2022–2023), er det fleire endringar og presiseringar som vil styrke tilbodet til barn med behov for særskild tilrettelegging. Det er planlagt at ny opplæringslov skal tre i kraft frå august 2024.

Kompetanseløftet i spesialpedagogikk og inkluderande praksis er godt i gang og vil bli ei varig ordning frå 2025. Over 280 kommunar deltok i ordninga i 2022 og utviklar lokale kompetansetiltak i samarbeid med universitet og høgskular. Departementet foreslår å auke løyvinga med 10 mill. kroner i 2024. Vidareutdanningstilbodet i spesialpedagogikk for lærarar i skulen er òg styrkt med meir enn 500 tilbod i 2023.

Pilotprosjektet *Inkluderende praksis* viser at kommunane i prosjektet har positive erfaringar med å ha PP-tenesta tettare på barnehagane og skulane. Dei erfarer at behova til barna blir fanga opp og følgt opp raskare, og at saker i mange tilfelle kan løysast på eit lågare nivå enn tidlegare. Det er også i gang andre pilotar og forskingsoppdrag, og det er etablert eit forskingssenter for spesialpedagogisk forskning og inkludering (Spe-dAims), som skal bidra til å styrke kunnskapen på feltet, sjå omtale under programkategori 07.10, kap. 201, post 21. Omtale av Statped finst under kap. 230 Statleg spesialpedagogisk teneste.

Kompetansen til dei tilsette i grunnopplæringa

Behov for å rekruttere, utdanne og behalde fleire kvalifiserte lærarar i heile landet

Det viktigaste for at barn og unge skal lære, føle meistring og trivast, er at dei møter kvalifiserte lærarar som har tid til å sjå den einskilde eleven. Opplæringslova stiller krav til kompetansen hos lærarane, men det er framleis undervisningspersonale som ikkje oppfyller krav for tilsetjing, eller som ikkje oppfyller krava til fagleg fordjuping i undervisningsfaga sine. Det er i dag kvalitetsskilnader i tilbodet til barn og elevar og ulik tilgang på kvalifisert kompetanse i barnehage og skule. Dei statlege ordningane for etter- og vidareutdanning er ikkje føreseieleg nok, og satsinga er ikkje godt nok tilpassa lokale behov. Samanheng mellom satsingane på etter- og vidareutdanning bør bli betre, og det er eit potensial for å forenkle og brukarrette det samla tilbodet betre.

Skuleeigarar rapporterer planlagde årsverk for neste skuleår til Grunnskulens informasjonssystem (GSI). Det har vore ein auke i planlagde årsverk dei seinaste åra. Det har også vore ein auke i talet på undervisningspersonale som oppfyller kompetansekrava for tilsetjing. Siste året var det likevel ein auke i prosentdelen tilsette som ikkje oppfyller kompetansekrava for tilsetjing. For 2022–23 rapporterte skuleeigarane at 2 500 årsverk i grunnskulen, om lag 4 pst., av den planlagde undervisninga, ville bli utførte av undervisningspersonale som ikkje oppfylte kompetansekrava for tilsetjing. Det er geografiske variasjonar i prosentdelen på undervisningspersonale som oppfyller kompetansekrava for tilsetjing.

Det er utfordringar med å rekruttere søkarar til lærarutdanningane. I år går opptakstala ned ved alle lærarutdanningane og dei fleste institusjonane. Nasjonalt er det i år gitt 18,2 pst. færre tilbod om studieplass i lærarutdanningane. Tilboda i

dei femårige utdanningane går ned med 16,7 pst. Om ein samanliknar med tidlegare år, er det ein større del av søkarane i år som er kvalifiserte for opptak og har fått et tilbod enn tidlegare. Av alle tilboda til grunnskulelærerutdanninga for trinn 1–7 er 17 pst. menn i 2023, mot 19,3 pst. i 2022 og 20,3 pst. i 2021. Utan endringa i opptakskrav ville det vore endå færre kvalifiserte søkarar til lærarutdanningane.

Framskrivningar frå SSB tyder på at med nedgang i befolkningsvekst og fødselstal vil lærarar med lærarutdanning i aukande grad kunne erstatte lærarar utan lærarutdanning i åra som kjem. Dette gjeld for dei fleste typar lærarar, men det er usikkert korleis dette vil slå ut regionalt, og kva det betyr for lærarbehovet på ulike fag og trinn. Framskrivningane er baserte på høgare søkartal til lærarutdanningane enn dei faktiske i 2023, og søkinga må opp på tidlegare nivå for at framskrivningane skal slå til.

Mange lærarar opplever overgangen frå utdanninga til yrket som vanskeleg. Dei første åra som nyttilsett lærar kan vere krevjande, men dei er på same tid viktige for å utvikle seg i lærarrolla. Det er derfor viktig med god rettleiing, både for å støtte den faglege utviklinga og for å hindre fråfall frå læraryrket. Det er framleis ei utfordring at mange nyutdanna nyttilsette lærarar i grunnopplæringa ikkje får rettleiing.

Mangelen på samiskspråklege tilsette er den største utfordringa for å styrke og utvikle samisk språk og identitet i barnehage og skule, jf. Meld. St. 13 (2022–2023) *Samisk språk, kultur og samfunnsliv*.

Tiltak for å rekruttere og utdanne fleire lærarar

Regjeringa vil møte lærarmangelen dei næraste åra med ei brei satsing på å rekruttere, utdanne og behalde fleire kvalifiserte lærarar. Departementet finansierer ulike tiltak med mellom anna følgjande formål:

- auke talet på søkarar til lærarutdanningane
- oppnå større studentmangfald og mangfald blant lærarane i barnehagen og skulen
- kvalifisere tilsette som ikkje har byrja på eller fullført lærarutdanninga

Regjeringa vil styrke det nasjonale rekrutteringsarbeidet. Departementet følger opp Stortingets vedtak om å lage ein strategi for å auke rekrutteringa av lærarar, og arbeidet skal sjåast i samanheng med eit nytt system for kompetanse- og karriereutvikling og profesjonsmeldinga (oppmo-

dingsvedtak nr. 690 (2022–23)). Partane er involverte i utviklinga av strategien.

Sjå nærare omtale av tiltaka under kap. 226 Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa.

Regjeringa vil følge opp meldinga om samisk språk, kultur og samfunnsliv, jf. omtalen under kap. 226 post 21, programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning, programkategori 07.80 Utdanningsstøtte, del III, kap. 10 Samisk og Prop. 1 S (2023–2024) for Kommunal- og distriktsdepartementet.

Tillitsreforma som regjeringa har sett i gang saman med partane i sektoren, inneber mellom anna å gi dei tilsette større innverknad på eige arbeid. God kompetanse i sektorane på alle nivå er eit viktig grunnlag for tillitsreforma, og regjeringa vil vidareutvikle dette arbeidet og sjå dette i samanheng.

Utvikle eit heilskapleg system for kompetanse- og karriereutvikling for tilsette i barnehagen og i grunnopplæringa

Det er barnehage- og skuleeigaren som har ansvar både for å sørge for riktig og nødvendig kompetanse og for kompetanseutvikling. Staten støttar opp under dette ansvaret mellom anna gjennom ordningane for vidareutdanning, tilskotsordning for lokal kompetanseutvikling og rettleiing av nyutdanna nyttilsette. Gode ordningar for etter- og vidareutdanning skal bidra til betre kompetanse for dei som arbeider i barnehage og opplæring, noko som er viktig for å rekruttere og behalde kvalifiserte lærarar i barnehage og skule.

Utvalet for etter- og vidareutdanning vart oppnemnt hausten 2021 og fekk i mandat å vurdere og foreslå ulike modellar for etter- og vidareutdanning for alle tilsette i barnehage, grunnskule, vidaregåande opplæring, kulturskule, opplæring særskilt organisert for vaksne, og fag- og yrkesopplæringa i både skule og bedrift. Utvalet har hausten 2022 levert NOU 2022: 13 *Med vidare betydning. Et helhetlig system for kompetanse- og karriereutvikling i barnehage og skole*. Utvalet foreslår eit heilskapleg og varig system for kompetanse- og karriereutvikling for alle tilsette i barnehage og opplæring, med følgjande hovudtiltak:

- Rett til eit introduksjonsår for nyutdanna lærarar
- Å innføre eit nasjonalt system for karriereveggar i barnehage og skule
- At fleire skal få vidareutdanning med like vilkår for deltaking
- Ei felles ordning for barnehage- og skuleutvikling (det er fire ulike ordningar i dag)

NOU-en har vore på høyring, og dei fleste er enten positive til forslaget om eit heilskapleg system for kompetanse- og karriereutvikling eller støttar intensjonane i forslaget. Departementet arbeider vidare med å utvikle eit heilskapleg system for kompetanse- og karriereutvikling for lærarar og andre tilsette i barnehage og grunnopplæring. Partane er involverte i arbeidet. Det er planen at det heilskaplege systemet for kompetanse- og karriereutvikling skal starte opp i 2025, med vidare planar for oppbygging. Målet er at alle barn og elevar skal få eit betre tilbod, slik at dei trivst, utviklar seg, opplever meistring og lærer.

Tiltak for å styrke lærarprofesjonen

Regjeringa innfører eit varig unntak frå kravet om fagleg fordjuping i undervisningsfag for lærarar som oppfylte krava for å bli tilsett som lærar før 1. januar 2014, eller som har allmennlærerutdanning. Dette ligg som ein del av ny opplæringslov. Utover det skal kompetansekrava for undervisning bli ståande. Unntaket frå kompetansekrava vil bidra til å behalde fleire lærarar med lang farts- tid og erfaring i skulen. Det gir også større handlingsrom lokalt til å vurdere kva behov skulen har for kompetanseutvikling.

Regjeringa har sørgd for at fleire kan få vidareutdanning i praktiske og estetiske fag og spesialpedagogikk. Det vil imøtekomme behovet for kompetanse i ulike fagområde, slik det går fram av kartlegginga til SSB om talet på studiepoeng lærarane har i undervisningsfaga sine. Departementet tek med kunnskap frå kartlegginga i det vidare arbeidet med eit nytt system for kompetanse- og karriereutvikling.

Tilskotsordninga for lokal kompetanseutvikling gir støtte til kollektiv kompetanseutvikling med utgangspunkt i lokale vurderingar av kompetansebehov i barnehagar og skular og gjennom partnerskap med universitet eller høgskule.

Regjeringa foreslår å styrke kompetanseløftet med 10 mill. kroner i 2024, slik at det samla blir løyvd 160 mill. kroner til ordninga i 2024.

Regjeringa har hatt ein prosess med dei mest sentrale partane for å vurdere om det er behov for å gjere endringar i regelverket rundt krava for å bli tilsett i lærarstilling i skulen. Departementet vil i løpet av hausten 2023 sende på høyring eit forslag til endring i krava som mellom anna gjer det tydeleg at lærarutdanningane skal vere inngangen for å bli tilsett i lærarstilling.

Tiltak for å gi betre støtte til kommunar med utfordringar

Oppfølgingsordninga er administrert av Utdanningsdirektoratet og er ei ordning som gir treårig støtte til kommunar som har svake resultat på sentrale område av opplæringa over tid, slik som læringsmiljø, nasjonale prøver og grunnskulepoeng. Eksterne rettleiarar og statsforvaltaren støttar kommunane i å analysere eigne data for å finne relevante tiltak. Arbeidsforskningsinstituttet AFI – OsloMet har fått i oppdrag å evaluere tilskotsordningane for lokal kompetanseutvikling for skule og yrkesfag, pluss oppfølgingsordninga. Evalueringsprosjektet starta hausten 2019 og går over seks år, til utgangen av 2025. Delrapport som spesielt omhandlar oppfølgingsordninga, kjem tidleg i 2024.

Tillitsreforma

Tillitsreforma er eit felles prosjekt for regjeringa, jf. omtale i Prop. 1 S (2023–2024) for Kommunal- og distriktsdepartementet. Målet med reforma er å gi brukarar og innbyggjarar betre velferd og betre tenester gjennom å la dei tilsette få større høve til å bruke profesjonen sin til å gjere oppgåvene. Reforma skal utviklast nedanfrå, og det ein-skilde departementet skal utvikle og setje i verk reforma i sine sektorar saman med partane, organisasjonane og leiinga i verksemdene. Tillitsreforma gjeld heile offentleg sektor, både staten og kommunesektoren, og i kunnskapssektoren gjeld reforma alle område frå barnehagar til høgare utdanning og forskning.

Dei fleste barnehage- og grunnopplæringsteneene blir ytte i kommunesektoren. Departementet arbeider i to spor med tillitsreforma. Hovuddelen av tillitsreforma skal skje lokalt og nedanfrå. I det lokale sporet blir god samhandling mellom barnehage- og skuleeigarar og dei ein-skilde barnehagane og skulane viktig. Forsøk, utviklingsprosjekt og pilotar er òg ein viktig del og har særleg merksemd i arbeidet.

Som ein del av tillitsreforma er det i 2023 løyvd 10 mill. kroner til lokale pilotar og prosjekt i barnehagar og skular. Løyvinga skal stimulere kommunane til å prøve ut meir tillitsbaserte arbeidsformer i barnehagar og skular, ved å gi dei tilsette høve til å utnytte kompetansen sin betre gjennom meir fagleg fridom og meir tid til barna og elevane.

Regjeringa har òg invitert kommunane til å søke om å vere forsøkskommune. Forsøkskommunar vil få høve til å teste ut nye måtar å løyse

oppgåver på gjennom fritak frå regelverk. Kommunar kjenner best kva utfordringar dei står overfor, og kva som er eventuelle hindringar i lovverket for å løyse desse utfordringane. Kommunane kan søke om forsøk innanfor alle sektorar eller på tvers av sektorar.

I det statlege sporet vil reforma vere ein integrert del av innsatsen regjeringa gjer for barnehagar og grunnopplæringa i kommunesektoren. Nye statlege satsingar skal ha som eit utgangspunkt at dei som arbeider i direkte møte med barn og unge, skal ha metodeansvar og fagleg handlingsrom, og det lokale sjølvstyret til kommunale styresmakter skal styrkast.

Regjeringa har sett ned eit partssamansatt offentleg utval som mellom anna skal gå gjennom bruken av prøver, verktøy og datakjelder (kvalitetsutviklingsutvalet). Det arbeidet utvalet gjer, vil kunne bidra til meir lokal fagleg pedagogisk kvalitetsutvikling og redusere detaljstyring og krav til rapportering og dokumentasjon. Dei leverte den første delinnstillinga i januar 2023 og vil levere hovudinnstilling hausten 2023.

Ei vidaregåande opplæring som kvalifiserer til utdanning og arbeid

Fleire må fullføre vidaregåande opplæring

Regjeringa ønsker at alle skal fullføre vidaregåande opplæring og bli kvalifiserte til læreplass, arbeid og vidare utdanning. Når alle i eit ungdomskull skal gå gjennom vidaregåande opplæring, må også målet vere at opplæringa er tilrettelagd for alle.

Høg yrkesdeltaking er eit av fundamenta for det norske velferdssamfunnet. På sikt bidreg aldring av befolkninga til mangel på arbeidskraft. Utviklinga i demografien tilseier både ein auke i talet på eldre, mindre ungdomskull og ein reduksjon i talet på folk i arbeidsfør alder, jf. Meld. St. 14 (2022–2023) *Utsyn over kompetansebehovet i Norge*. Denne utviklinga gjer at det blir endå viktigare å få fleire i arbeid og å utnytte kompetansen i samfunnet fullt ut.


Trenden er at sysselsetjinga for personar utan fullført vidaregåande opplæring går ned, og prosentdelen av desse som står utanfor arbeidslivet, går opp. Det å ikkje ha fullført vidaregåande opplæring blir ei kjelde til utanforskap og sosiale skilnader. Oslo Economics har berekna at utanforskap som følge av fråfall i vidaregåande opplæring kostar samfunnet 73 mrd. kroner kvart år, jf. Meld. St. 14 (2022–2023). Dette gjer at det blir endå viktigare å sikre at fleire unge fullfører vida-

regående opplæring, og at vaksne utan studie- eller yrkeskompetanse får tilgang til vidaregåande opplæring organisert for vaksne.

Tal frå SSB viser at 81 pst. av dei som starta opplæringa i 2016, hadde fullført og bestått i løpet av fem (studieførebuande utdanningsprogram) eller seks år (yrkesfaglege utdanningsprogram). Aldri tidlegare har ein så stor del fullført. Samtidig

inneber det òg at mange tusen elevar ikkje fullfører vidaregåande opplæring kvart år.

Resultata frå grunnskulen er den faktoren som har størst innverknad på fullføringa av vidaregåande opplæring. Ein stor del av elevane med få grunnskulepoeng fullfører ikkje. Det tyder på at vidaregåande opplæring ikkje tar tilstrekkeleg omsyn til faglege manglar som elevar har med seg frå grunnskulen.



Figur 4.2 Fullføring i vidaregåande opplæring, år etter start. 2012-kullet

Kjelde: SSB

Om lag halvparten av dei som startar på vidaregåande opplæring, vel yrkesfag. Utfordringa er ikkje at det startar få på dei yrkesfaglege utdanningsprogramma, men at for få av dei som startar, fullfører med fag- eller sveinebrev eller yrkeskompetanse. Berre om lag halvparten av dei som starta vg1 i et yrkesfagleg utdanningsprogram i 2016 hadde fullført med fag- eller sveinebrev eller yrkeskompetanse innan seks år. For mange av yrkesfagelevane får ikkje læreplass, og for mange fell ifrå. Det er færre som fullfører av dei som vel yrkesfag, enn av dei som vel studieførebuande på vidaregåande. Ei forklaring på at delen som fullfører er mykje høgare i studieførebuande enn i yrkesfaglege utdanningsprogram, er at det er fleire elevar med høg poengsum frå grunnskulen som begynner på studieførebuande, enn som begynner på yrkesfag. Regjeringa vil at fleire skal stå heile løpet ut i dei yrkesfaglege utdanningsprogramma.

Vidaregåande opplæring er i for liten grad tilpassa den mangfaldige elevgruppa. Elevar med

behov for særskild tilrettelegging får lite råd og bistand ved overgangen frå grunnskulen til vidaregåande opplæring, og opplæringsløpa i vidaregåande opplæring er ikkje godt nok tilpassa mangfaldet. Det same gjeld ved overgangen frå vidaregåande opplæring til vidare utdanning eller arbeid. Prosentdelen av innvandarane som fullfører vidaregåande opplæring (65 pst. for 2016-kullet) har auka i dei siste åra, men er framleis lågare enn for norskfødde med innvandarforeldre og andre.

Fleire vaksne treng vidaregåande opplæring for å bli kvalifiserte til arbeidslivet

Kompetanse er avgjerande for å få fleire vaksne inn i arbeid og for å gi dei ein betre posisjon i arbeidslivet. Vaksne som ikkje har fullført vidaregåande opplæring, står oftare utanfor arbeidslivet enn andre. Vaksne har ofte jobb- og familieforpliktingar som gjer det vanskeleg å ta utdanning på heiltid og/eller på dagtid. Innhaldet og organis-

ringa av opplæringa for vaksne må derfor vere tilpassa livssituasjonen til vaksne. I tillegg manglar ein del av dei vaksne språklege føresetnader for å gjennomføre opplæringa.

Elevar blir ikkje godt nok førebudde på vidare utdanning

Elevane som går ut av dei studieførebuande utdanningsprogramma, er ikkje godt nok førebudde på studiar i høgare utdanning. Det er ein klar samanheng mellom karakterar i vidaregåande opplæring, kor godt førebudde elevane kjenner seg, og fullføring i høgare utdanning. Det er for lite rom for fordjuping i dei studieførebuande utdanningsprogramma og for lite fridom for elevane til å velje etter interesse.

Fagopplæringa er ikkje godt nok tilpassa behova i arbeidslivet

Behovet for fagutdanna er stort, og framskrivningar frå SSB viser at Noreg vil mangle om lag 90 000 fagarbeidarar innan 2035. Fag- og yrkesopplæringa skal medverke til å dekke behovet for faglært arbeidskraft, både med nok fagarbeidarar og med arbeidarar med rett kompetanse.

Det er fylkeskommunane som har ansvaret for å dimensjonere det vidaregåande opplæringstilbodet. Det er fleire omsyn som må takast i dimensjoneringa, inkludert kompetansebehov i samfunnet. 2022 var eit rekordår for formidling av søkarar til læreplass. Meir enn åtte av ti søkarar fekk læreplass, og det blei inngått om lag 24 100 lærekontraktar. Likevel er det mellom 6 000 og 7 000 søkarar som ikkje får læreplass kvart år. Det er ei utfordring at tilgangen på læreplassar er avhengig av konjunkturutviklinga i økonomien og svingingane i etterspurnaden etter arbeidskraft i den einskilde bransjen. Ikkje alle fagbrev er verdsette i arbeidslivet. I fleire bransjar gir ikkje fagbrev nødvendigvis eit fortrinn framfor ufaglærte eller personar som har annan type utdanning. Det er fleire faktorar som påverkar sjansane til å bli vald til ein læreplass. Dei som har gode karakterar og lågt fråvær, har lettare for å få læreplass enn dei som ikkje har dette. Mangelfullt samarbeid mellom aktørar som fylkeskommune, skule og opplæringskontor kan òg vere eit hinder for å få læreplass.

Behov for betre tilrettelegging for elevar med nedsett funksjonsevne

Elevar med nedsett funksjonsevne i vidaregåande opplæring er ei samansett gruppe og kan ha

mange ulike utfordringar. Regjeringa vil lage ein strategi for at elevar med nedsett funksjonsevne skal få eit betre og meir likeverdig tilbod i vidaregåande opplæring.

Tiltak for at fleire skal fullføre vidaregåande opplæring og bli kvalifisert for læreplass, arbeid og vidare utdanning

Regjeringa prioriterer tiltak for å auke fullføringa i vidaregåande opplæring og kvalifisere fleire for læreplass, arbeid og vidare utdanning i statsbudsjettet for 2024. Vidaregåande opplæring blir i hovudsak finansiert av dei frie inntektene til fylkeskommunane gjennom rammetilskot frå staten og skatteinntekter. Regjeringa forventar at den samla innsatsen frå staten og fylkeskommunane skal gi auka fullføring i vidaregåande opplæring.

Stortinget har vedteke ei ny opplæringslov i juni 2023. Lova vil etter planen ta til å gjelde frå hausten 2024 og inneber fleire store endringar i retten til vidaregåande opplæring. Blant dei viktigaste endringane er ein utvida rett til vidaregåande opplæring fram til ein har fullført og bestått med studie- eller yrkeskompetanse, og ein rett til yrkesfagleg rekvalifisering for dei som allereie har fullført med studie- eller yrkeskompetanse, men har behov for rekvalifisere seg med eit fagbrev. Endringane vil gi fleire betre høve til å kvalifisere seg for vidare utdanning og arbeid. I statsbudsjettet for 2024 foreslår regjeringa å vidareføre det øyremerkte tilskotet under kap. 225, post 69 som legg til rette for å finansiere den utvida retten til vidaregåande opplæring og å kompensere fylkeskommunane for retten til yrkesfagleg rekvalifisering over rammetilskotet.

Ei rekke lovendringar i ny opplæringslov som skal bidra til at fleire fullfører vidaregåande opplæring, blir finansiert over rammetilskotet til fylkeskommunane med heilårseffekt i forslaget til 2024-budsjett. Det omfattar mellom anna ei utviding av den øvre aldersgrensa for målgruppa til oppfølgingstenesta frå 21 til 25 år og ei plikt til ein trygg og god overgang frå grunnskulen til vidaregåande opplæring. Sjå òg omtalen av tiltak retta mot yrkesfaga og opplæringa for vaksne under.

Regjeringa foreslår å auke bortebruarstipendet for elevar i vidaregåande opplæring for å bidra til at geografi og privatøkonomi ikkje skal vere eit hinder for at unge får den opplæringa dei ønsker seg. Regjeringa foreslår òg å auke utstyrsstipendet for å betre samsvaret mellom stipendet og utgiftene den einskilde har til nødvendig utstyr i opplæringa. Sjå omtalen av desse tiltaka i programkategori 07.80 Utdanningsstøtte.

Tiltak for å forbetre og videreutvikle eksamen og vurdering i grunnopplæringa

Elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring skal ikkje berre fullføre, men også bli kvalifiserte til læreplass, arbeid og vidare utdanning. Arbeidslivet får informasjon om kvalifikasjonane til elevar og lærlingar gjennom karakterar, eksamen og vitnemål. Fagfornyninga har ført til behov for å utvikle eksamens- og vurderingsfeltet. Den digitale utviklinga gir moglegheiter for vidareutvikling av dette feltet, men digitale løysingar, hjelpemiddel og utvikling av KI-verktøy som ChatGPT gir også utfordringar. Eksamensgjennomføringa våren 2023 viste uønskete sårbarheiter. I tillegg bruker Utdanningsdirektoratet inntil vidare ressursar på å gjennomføre nokre eksamenar i den gamle løysinga fordi det nye gjennomføringssystemet ikkje støttar dagens ordning med todelt eksamen.

Departementet foreslår derfor å styrke arbeidet med eksamen og vurdering med 15 mill. kroner. Midlane skal både gå til å trygge eksamensgjennomføring og til vidareutvikling av eksamens- og vurderingsfeltet etter fagfornyninga.

Eit funksjonelt eksamenssystem er avhengig av at lærarar melder seg til å vere sensorar, sidan dette er ei lønt ekstraoppgåve. Over tid har det utvikla seg ein skilnad mellom honorara for lokalt gitte og sentralt gitte sensoroppdrag. For å motverke dette foreslår departementet å auke løyvinga til sensur av sentralt gitt eksamen over kap. 225, post 21, slik at timesatsen kan aukast.

Eit løft for fag- og yrkesopplæringa

Regjeringa har sett i gang ei satsing for å få fleire ut i lære i eit trygt og godt arbeidsliv. I statsbudsjettet for 2024 foreslår regjeringa å vidareføre tilskotet for at fleire skal få læreplass, gjennom betre kvalifisering og formidling til læreplassar i fag- og yrkesopplæringa. Målgruppa er både elevar som allereie frå vg1 har ein risiko for ikkje å få læreplass, og elevar som er i vg3 i skule, og som treng læreplass. Satsinga følger opp *Samfunnskontrakten for fleire læreplassar (2022–2026)* som har som mål at alle elevar som er formelt kvalifiserte, skal få læreplass. I kommune-proposisjonen for 2024 har regjeringa varsla at tilskotet skal vidareførast ut perioden til samfunnskontrakten på om lag dagens nivå.

For å få endå fleire læreplassar i privat sektor har departementet lagt fram forslag til endringar i forskrift om plikt til å stille krav om bruk av lærlingar i offentlege kontraktar (lærlingklusulen). Forslaget er sendt på høyring hausten 2023.

Regjeringa har sett ned ei arbeidsgruppe som skal greie ut korleis ein kan realisere eit nasjonalt senter for yrkesfag. Arbeidsgruppa skal levere utgreiinga si hausten 2023.

Regjeringa vil at dimensjoneringa av fag- og yrkesopplæringa skal vere i tråd med behova til samfunnet og arbeidslivet. Ny opplæringslov som er vedteken av Stortinget, slår fast at fylkeskommunane skal legge stor vekt på kompetansebehov i samfunnet i dimensjoneringa av fag- og yrkesopplæringa. Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) utviklar tenesta dimensjonering.no, som gir fylkeskommunane høve til å sjå yrkesfagtilbodet i samheng med utviklinga av arbeidsmarknaden regionalt og lokalt. HK-dir har saman med Utdanningsdirektoratet utvikla tenesta finnlærebedrift.no, som gir oversikt over godkjende lærebedrifter og ledige læreplassar.

Fag- og yrkesopplæringa stiller høge krav til at utstyret i opplæringa er oppdatert og kvalitets-sikra. Ulike modellar har blitt forsøkte for å stimulere skulane til å finansiere det utstyret dei har ansvar for i fag- og yrkesopplæringa. Forsøket er gjennomført i 2022 og 2023. Målet var å finne ut kva for modellar som er berekraftige, og som kan gi den beste utstyrssituasjonen over tid. Oslo Economics og Samfunns- og næringslivsforskning AS har forska på forsøket, og ein rapport blei publisert i august. Rapporten peikar mellom anna på at det er usikkert kva for langsiktig effekt tilskotet som blei gitt i samband med forsøket, vil ha. Regjeringa vil vurdere kva som bør gjerast vidare på dette området.

I ny opplæringslov som er vedteken av Stortinget i juni 2023, er det ei ny plikt for fylkeskommunen til å sørge for at dei som har læretid i bedrift, har tilgang til rådgiving om utdannings- og yrkesval og rådgiving om sosiale og personlege forhold. Plikta blir finansiert med heilårseffekt over rammetilskotet til fylkeskommunane i forslaget til 2024-budsjett.

Betre tilrettelagd opplæring for vaksne

Ved behandlinga av Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden* slutta Stortinget seg til at modulstrukturert opplæring skal bli hovudmodell for all opplæring for vaksne. Det er viktig at utdanningssystemet er fleksibelt og kan nyttast av vaksne med ulike behov. Ei modulisert organisering inneber at opplæringa kan gjennomførast på ulike arenaer, som i introduksjonsprogrammet, i arbeidsmarknadstiltak, i bedrifter og på skulen. Det blir òg enklare å gjennomføre opplæring for dei som

arbeider på deltid eller heiltid, men som ønsker å betre posisjonen sin på arbeidsmarknaden eller skaffe seg ny eller oppdatert kompetanse for å oppfylle krav til omstilling.

Den nye opplæringslova gir fleire vaksne rett til vidaregåande opplæring som følge av retten til opplæring til ein har fullført vidaregåande opplæring, og retten til yrkesfagleg rekvalifisering. Modulisert opplæring gjer det enklare å tilpasse opplæringa til behovet den einskilde har for å oppnå sluttkompetanse. Dei som tidlegare har gjennomført delar av vidaregåande, kan på ein enklare måte få tilpassa opplæringa og berre gjennomføre opplæringa som manglar for å kunne fullføre vidaregåande opplæring i dei einskilde faga. Det blir gjort eit forsøk med modulstrukturert opplæring for vaksne som blir finansiert over programkategori 07.50 Kompetansopolitikk og livs-lang læring, kap. 258, post 21. Nye modulstrukturerte læreplanar skal takast i bruk frå skuleåret 2024–25 i dei 13 lærefaga som har vore ein del av forsøket.

Ordninga Fagbrev på jobb er utvikla i tråd med behova vaksne har for tilpassa opplæring. Vaksne får gjennom ordninga sjansen til å ta fag- eller sveinebrev i kombinasjon med arbeid. Regjeringa vil gi fleire vaksne som manglar formell kompetanse, høve til å ta eit fagbrev medan dei er i arbeid. Derfor foreslår regjeringa å auke tilskotet til Fagbrev på jobb i statsbudsjettet for 2024, jf. kap. 225, post 69.

Den nye opplæringslova gir kommunane og fylkeskommunane ei plikt til å sørge for rådgiving for vaksne i grunnopplæringa. Betre rådgiving om utdannings- og yrkesval vil bidra til at fleire vaksne fullfører opplæring med ein sluttkompetanse som er nyttig for den einskilde og for samfunnet. Opplæringslova inneheld òg ein rett til særskild norskopplæring for vaksne i vidaregåande opplæring dersom dei ikkje kan følge opplæringa på norsk. Tilstrekkelege norskkunnskapar er ein føresetnad for å kunne følge opplæringa. Lovendringane blir finansierte med heilårseffekt over rammetilskotet til fylkeskommunane i forslaget til 2024-budsjett.

Kap. 220 Utdanningsdirektoratet

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Driftsutgifter	359 223	386 324	408 732
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i>	196 212	206 103	217 438
70	Tilskot til læremiddel o.a., <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	75 659	76 819	86 731
Sum kap. 220		631 094	669 246	712 901

Utdanningsdirektoratet har oppgåver innanfor myndigheitsutøving, vurdering, analyse, utvikling, støtte og rettleiing i barnehagesektoren og grunnopplæringssektoren. Arbeidet med digitalisering og bruk av IKT i det pedagogiske arbeidet skal vere integrert i arbeidet direktoratet gjer, og i dei statlege tiltaka som blir gjennomførte på utdanningsområdet.

Løyvingane under kap. 220 finansierer ordnære driftsoppgåver i direktoratet. I tillegg kjem oppgåver som direktoratet har ansvaret for, men som blir finansierte over andre kapittel. Det er til dømes mellombelse oppgåver som gjeld kvalitetsutvikling og -vurdering i grunnopplæringa og i barnehagen, jf. kap. 226 Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa og kap. 231 Barneagar.

Omtale av verksemda til direktoratet er derfor dels plassert under andre budsjettkapittel. Direktoratet er delegert myndigheit i forvaltningssaker som gjeld

- etatsstyring av statlege skular som gir grunnopplæring, jf. kap. 222
- etatsstyring av statsforvaltaren på barnehageområdet og grunnopplæringsområdet
- tilsynsarbeid som følger av barnehagelova, opplæringslova, privatskulelova og folkehøgskulelova
- tolking av og rettleiing om barnehagelova, opplæringslova, privatskulelova og folkehøgskulelova med forskrifter på nasjonalt nivå
- tilskot til styrking av den språklege utviklinga for minoritetsspråklege barn i barnehage,

eksamensavvikling, private skular, folkehøgskular, freds- og menneskerettssenter og andre formål, jf. kap. 224, 225, 226, 227, 228, 231 og 253

Post 01 Driftsutgifter

Mål for 2024

Dei overordna sektormåla som er omtala i innleiinga til programkategoriane 07.20 Grunnopplæringa og 07.30 Barnehagar, er førande for arbeidet til direktoratet.

Måla for verksemda til direktoratet i 2024 er:

- Barnehageeigarar, skuleeigarar og barnehagemyndigheiter varetek utvikling, læring og trivsel hos barn og unge i barnehagar, skular og lærebedrifter
- Barnehageeigarar og skuleeigarar har tilsette med kompetanse som fremjar utvikling, læring og trivsel tilpassa behova til barn og unge
- Barnehageeigarar, skuleeigarar og barnehagemyndigheiter forstår, formidlar og etterlever regelverket
- Barnehageeigarar og skuleeigarar arbeider kunnskapsbasert i utviklinga av eigne barnehagar og skular og overfor lærebedrifter
- Barnehageeigarar, skuleeigarar og barnehagemyndigheiter utnyttar dei moglegheitene digitaliseringa gir i læringsarbeid og administrative prosessar

Resultat i 2022

Barnehageeigarar, skuleeigarar og barnehagemyndigheiter varetek utvikling, læring og trivsel hos barn og unge i barnehagar, skular og lærebedrifter

Ifølge rammeplanen skal barnehagen, i samarbeid og forståing med heimen, vareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning. Direktoratet har i oppgåve å forvalte rammeplanen og støtte opp om forståinga og bruken av rammeplanen i barnehagane. I 2022 har direktoratet halde fram med å utvikle støttmateriell og kompetansepakkar som ligg tilgjengelege i rammeplanvisninga på udir.no. Sluttrapporten frå evalueringa av implementering av rammeplanen kjem i desember 2023.

Den nasjonale rammeplanen for skulefritidsordninga (SFO) tok til å gjelde 1. august 2021. Målet er å oppnå eit meir likeverdig SFO-tilbod i heile landet samstundes som det skal vere rom for lokale prioriteringar og lokal variasjon. I 2022 heldt direktoratet fram med å utvikle støtteressursar for kvalitetsutvikling og innføring av ramme-

planen. Direktoratet hadde òg i oppdrag å setje i gang eit kompetansetilbod for leiarar i SFO og vurdere kva kompetansebehov tilsette i SFO har på lengre sikt.

Det nye læreplanverket LK20 og LK20S har vore innført gradvis sidan 2020, og innføringa er framleis i ein tidleg fase. Direktoratet skal gi støtte til skuleeigarar, skular og lærebedrifter til ei kunnskapsbasert og aktiv læreplanforvaltning. Arbeidet krev eit nært samarbeid med partane i sektoren og med arbeidslivet. Direktoratet erfarer at støtte- og rettleiingsressursar som er laga, er nyttige for og blir brukte av mange i sektoren. I 2022 publiserte direktoratet to nye kompetansepakkar som skal gi støtte i innføringa av nytt planverk i opplæring i bedrift.

Direktoratet har i 2022 hatt mange aktivitetar med å utvikle eksamen i samsvar med nytt læreplanverk og i eit nytt heildigitalt system. Våren 2022 blei det gjennomført sentralt gitte eksamenar etter LK20/LK20S for alle fellesfag for vg1 og vg2 og for programfag for studieførebuande vg1 og vg2. Sidan sentralt gitte eleveksamenar blei avlyste våren 2022, gjaldt dette i all hovudsak privatisteksamenar.

Direktoratet har ei rekke oppdrag med utspring i Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*, som gjeld heile verksemda på mange ulike område. I 2022 har direktoratet starta oppfølging av oppdrag om evaluering av utvida rett til vidaregåande opplæring og modulstrukturert opplæring for vaksne, og det har starta utgreiingar på vurderingsområdet.

Eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø er ein føresetnad for trivsel, læring og utvikling. Utvikling av ulike kompetansetiltak er sentralt i direktoratets arbeid for eit godt barnehage- og skulemiljø, og digitale kompetansepakkar er eit av verkemidla. I 2022 blei ein heilskapleg kompetansepakke om trygt og godt barnehagemiljø publisert. Læringsmiljøprosjektet er eit tilbod til barnehagar, skular og kommunar som ønsker rettleiing i arbeidet. I 2022 har det vore auka merksemd på at rettleiinga skal bygge på lokale behov og styrke tiltaka i det lokale arbeidet.

Direktoratet skal saman med dei andre direktorata på oppvekstfeltet samarbeide for å sikre betre samordning av tenester til barn og unge. Direktoratet har i 2022 saman med 12 andre direktorat starta utviklinga av nye arbeidsformer for å løyse utfordringar i arbeidet på tvers av sektorar og arbeide meir systematisk med utvikling og innovasjon i forvaltninga. Sjå meir omtale under kap. 226, post 64.

Barnehageeigarar og skuleeigarar har tilsette med kompetanse som fremjar utvikling, læring og trivsel tilpassa behova til barn og unge

For å sikre eit godt barnehagetilbod og god opplæring er kompetansen til dei tilsette heilt avgjerande. Parallelt med satsinga på vidareutdanning har direktoratet vidareutvikla dei kollektive barnehage- og skulebaserte kompetanseutviklingstiltaka. Tilskot for lokal kompetanseutvikling omfattar regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage, desentralisert ordning for kompetanseutvikling i skule, kompetanseløftet i spesialpedagogikk og tilskot for lokal kompetanseutvikling i fag- og yrkesopplæringa. Ordningane skal bidra til styrkt kollektiv kompetanse ut frå lokale behov og gjennom partnerskap med universitet eller høgskule. Evalueringar viser at ordningane framleis er i startfasen, men at ein har eit godt utgangspunkt for vidare utvikling. Direktoratet jobbar tett med andre relevante aktørar om å få ordningane til å verke best mogleg.

Direktoratet har i 2022 gjennomført søknadsbehandling til vidareutdanning, og totalt har 1 565 tilsette frå barnehagesektoren og 6 886 frå skulesektoren fått tilbod om vidareutdanning. Deltakarundersøkingar har i fleire år vist at deltakarane stort sett er godt nøgde med innhaldet i vidareutdanningstilboda og opplever eit godt læringsutbyte.

For å halde oppe god kvalitet i vidareutdanningstilbod for lærarar og leiarar i barnehage og skule er direktoratet avhengig av å ha eit oppdatert og fornya kunnskapsgrunnlag og vere tett på ny forsking på feltet. Direktoratet gjennomfører mellom anna deltakarundersøkingar og evalueringar, noko som også er gjort i 2022.

Direktoratet har òg utarbeidd mykje støttemateriell til arbeidet med kompetanseutvikling i barnehage, SFO og skule. Kompetansepakkar blir utvikla i samarbeid med ulike universitet og høgskular til fleksibel bruk ved kompetanseutvikling i barnehage, SFO og skular. Pakkane har eiga leiarstøtte for gjennomføring og kan nyttast i samband med ordningar for lokal kompetanseutvikling.

Direktoratet har eit kontinuerleg og omfattande samarbeid med universitet og høgskular. Samarbeidet er viktig for å gi tilsette i barnehage og skule gode kompetanseutviklingstilbod. Direktoratet deltek i ulike referansegrupper, har observatørrolle i ulike fora og har sekretariatsansvar for Fagleg råd for lærarutdanning 2025. Direktoratet er dessutan oppdragsgivar for ulike studietilbod og forskings- og evalueringstiltak, noko som også krev god dialog med universitet og høgskular.

Barnehageeigarar, skuleeigarar og barnehagemyndigheter forstår, formidlar og etterlever regelverket

Erfaringar frå mellom anna tilsyn, klagesaksbehandling og rettleiingsoppgåvene til direktoratet og statsforvaltaren viser at det framleis er ein veg å gå for å nå dette målet. Manglande regelverksetterleving fører til at mange elevar ikkje har godt nok utbyte av opplæringa, og at dei ikkje opplever at skulemiljøet er tilstrekkeleg trygt og godt.

Direktoratet skal jobbe kunnskapsbasert ved å identifisere kva som fremjar og hemmar regeletterlevinga på barnehage- og opplæringsområdet, for på den måten å kunne målrette innsatsen til direktoratet. Det er behov for ein større heilskap og samanheng i korleis dei statlege verkemidla bidreg til å støtte opp under målet om regeletterleving. I 2022 har direktoratet derfor jobba med at regelverket blir synleg som grunnføresetnad i arbeidet ut mot skule- og barnehageområdet. Dette er eit langsiktig og kontinuerleg arbeid som vil halde fram.

Tilsyn, klagebehandling og rettleiing viser mange brot på krava til internkontroll, til dømes krava i kommunelova § 25-1. Manglande internkontroll fører til at barnehage- og skuleeigarane ikkje er i stand til å avdekke brot, og at desse ikkje blir avdekte før statlege myndigheter gjennomfører tilsyn i form av stikkprøvekontrollar. I tillegg til at internkontroll er tema for felles nasjonalt tilsyn, har direktoratet derfor i 2022 starta arbeidet med ny rettleiar for internkontroll for barnehage- og skuleeigar og barnehagemyndighet.

Personvernet til barn og unge er stadig oftare på dagsordenen i samfunnet. Direktoratet har derfor teke ei større rolle når det gjeld generell rettleiing om personvern, for å bidra til å sikre betre regeletterleving på dette området.

Direktoratet jobbar saman med og gjennom statsforvaltarane for å oppnå betre forståing av regelverket og regeletterleving i sektoren.

Statsforvaltarane gjennomfører få tilsyn med fylkeskommunane. Embeta mottok også få klager og førespurnader i skulemiljøsaker og spesialundervisningssaker frå elevar i vidaregåande opplæring. I 2022 har direktoratet derfor retta særskilt søkelys mot det arbeidet statsforvaltaren gjer overfor fylkeskommunane.

I 2022 vart det meldt 1740 skulemiljøsaker til statsforvaltarane. Det er 408 fleire enn året før, og talet på klager til direktoratet i 2022 har også meir enn dobla seg frå året før. Talet på saker til statsforvaltarane påverkar kor effektiv handhevingsordninga er. I 2022 har direktoratet jobba med fleire tiltak for å auke effektiviteten i saksbehand-

linga. Det er tilført ytterlegare ressursar til saksbehandlinga, og saksbehandlingsrettleiaren til statsforvaltarane er oppdatert. Direktoratet har òg identifisert nokre område i regelverket der endringar kan forenkle behandlinga.

2022 har vore første år for økonomisk tilsyn med private barnehagar, og direktoratet sende førebels tilsynsrapport i 126 tilsyn. Samla er det så langt om lag 22 mill. kroner i tilbakebetalingskrav eller varsla tilbakebetalingskrav.

Direktoratet har også gjennomført eit omfattande rettleiingsarbeid overfor kommunar og private barnehagar. I 2022 har direktoratet brukt om lag 30 pst. av ressursane i tilsynet på rettleiing.

Barnehageeigarar og skuleeigarar arbeider kunnskapsbasert i utviklinga av eigne barnehagar og skular og overfor lærebedrifter

Utdanningsdirektoratet støttar opp om kvalitetsutvikling i barnehagar, skular og lærebedrifter. Dette gjer direktoratet gjennom å vidareutvikle og formidle kunnskap i form av forskning, statistikk og analysar og ved å tilby støtte, opplæring og rettleiing. Direktoratet har arbeidd med å gjere kunnskapsgrunnlaget endå meir tilgjengeleg gjennom verktøyet analysebrett, som viser tal og statistikk på ein meir brukarvennleg måte gjennom ei eiga samanstilling av statistikk, og gjennom statistikkbanken. Direktoratet har hatt ein auke i talet på besøkande på statistikkssidene. Av analysebretta er analysebrettet for grunnskule særleg mykje besøkt. Det er skuleeigarar og skuleleiarar som bruker statistikken mest, men også departement, forskarar, journalistar, foreldre og politikarar er brukarar.

I 2022 har påverknaden av pandemien vore mindre enn i dei to tidlegare åra, men situasjonen har likevel vore prega av behov for å innhente og formidle kunnskap raskt.

Direktoratet har òg sett i gang oppdrag i samband med at ny opplæringslov tek til å gjelde frå skuleåret 2024–25, og ei følgeevaluering av utvida rett til vidaregåande opplæring. I den komande tida vil direktoratet rette merksemda mot kunnskap om dei yngste barna, og det er i 2022 starta eit forskingsprosjekt om organisering av kvardagen i barnehagen.

Elevundersøkinga, lærlingundersøkinga og foreldreundersøkinga i barnehagen er verktøy som gir eit godt grunnlag for barnehage- og skuleeigarar til å utvikle barnehagane og grunnopplæringa. Over 450 000 elevar gjennomfører kvart år Elevundersøkinga. Undersøkinga er viktig for at elevane skal få seie si mening om til dømes trivsel, skulemiljø og elevmedverknad. Resultata frå

Elevundersøkinga blei publiserte i Utdanningsdirektoratets statistikkbank. Mange av resultatane frå Elevundersøkinga blei skjerma av personvernårsaker, og direktoratet jobbar vidare med å forbedre visningane og samstundes sikre personvernet.

Gjennom 0–24-samarbeidet blei det avdekt at mange kommunar sakna ei felles ressurside for statistikk på oppvekstfeltet. Saman med Folkehelseinstituttet publiserte direktorata som var med i 0–24-samarbeidet, Oppvekstprofilane i mars 2022. Hovudtemaet i 2022 var kva sosial ulikskap har å seie for barns helse og oppvekst. Utdanningsdirektoratet har hatt eit særskilt ansvar for å levere indikatorar som gjeld barnehage og skule.

Barnehageeigarar, skuleeigarar og barnehagemyndigheiter utnyttar dei moglegheitene digitaliseringa gir i læringsarbeid og administrative prosessar

Utdanningsdirektoratet arbeider kontinuerleg for å auke den digitale kompetansen hos tilsette i barnehagen og grunnopplæringa, slik at dei kan utnytte dei moglegheitene digitaliseringa gir i læringsarbeid og administrative prosessar. Innsatsen gjeld mellom anna å stimulere til betre bruk av digitale læremiddel, til å utvikle dei digitale fellesløysingane i sektoren, til arbeidet med å standardisere digital læringsteknologi, til kompetansepakkar for bruk av digitale løysingar og til styrkt informasjon om personvern i sektoren. Arbeidet har vore forankra i digitaliseringsstrategien for grunnopplæringa.

I 2022 har direktoratet utarbeidd og levert innspel til Kunnskapsdepartementet om strategi for digital kompetanse og infrastruktur. Innspelet er basert på eit breitt kunnskapsgrunnlag som også omfattar kartlegging av brukarbehov, og direktoratet har sett på verkemidla samla i dei vurderingane som er gjorde.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 408,7 mill. kroner på posten. Løyvinga er auka med 1 mill. kroner i samband med oppfølginga av strategi for digital kompetanse og infrastruktur i barnehage og skule, sjå nærare omtale av strategien i innleiinga til programkategori 07.20 Grunnopplæringa. Løyvinga er auka med 1 mill. kroner, slik at direktoratet kan inngå som ressurs i det tverrfaglege nasjonale kompetanseteamet mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald. Departementet foreslår å redusere løyvinga med 0,7 mill. kroner som oppfølging av regjeringa sitt arbeid med meir effektive kontorleigeavtalar for statlege verksemdar.

Departementet foreslår at løyvinga på posten kan overskridast med tilsvarende meirinntekter under kap. 3220, post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan nyttast under post 70

Løyvinga går til kostnader direktoratet har til utviklingsprosjekt og oppdragsverksemd. Forvaltning av IKT-verktøy retta mot sektorane er finansiert over denne posten. Løyvinga finansierer også utarbeiding av eksamensoppgåvene og materiell for rettleiing til sentralt gitt eksamen i grunnskulen og i vidaregåande opplæring.

Mål for 2024

Målet med løyvinga er å gi rom for utviklingsprosjekt og oppdragsverksemd innanfor ansvarsområdet til Utdanningsdirektoratet.

Resultat i 2022

Arbeidet med å utarbeide eksamensoppgåvene og materiell for rettleiing til sentralt gitt eksamen i grunnskulen og i vidaregåande opplæring blei gjennomført som planlagt. Det same gjeld arbeidet med å utarbeide og gjennomføre nasjonale prøver og kartleggingsprøver. Våren 2022 gjennomførte direktoratet frivillige kartleggingsprøver i lesing og rekning på 1. trinn i veke 11–18.

Tabell 4.3 Tilskot til læremiddel over kap. 220, post 70 i 2021 og 2022

Tilskot til læremiddel	2021	2022
Smale fagområde	21	11
Særskilt tilrettelagde læremiddel / pedagogisk barnehagemateriell	9	5
Parallele utgåver	10	18
Læremiddel / pedagogisk barnehagemateriell for språklege minoritetar	5	6
Samla	45	40

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 86,7 mill. kroner på posten. Posten er styrkt med 5 mill. kroner i samband med oppfølginga av strategi for digital kompetanse og infrastruktur i barnehage og

skule. Dette var første gongen den nye, digitale prøva i rekning blei gjennomført. Hausten 2022 gjennomførte direktoratet obligatoriske kartleggingsprøver i lesing og rekning for 3. trinn i veke 40–43. Begge prøvene var nye, digitale prøver.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 217,4 mill. kroner på posten.

Post 70 Tilskot til læremiddel o.a., kan overførast, kan nyttast under post 21

Løyvinga på post 70 gjeld utvikling av læremiddel.

Mål for 2024

Løyvinga på post 70 skal medverke til at det blir utvikla og produsert læremiddel der det ikkje er grunnlag for kommersiell produksjon, slik at elevane har tilgang på dei læremidla dei treng. Dette gjeld læremiddel for smale fagområde, parallellutgåver på nynorsk, særskilt tilrettelagde læremiddel, universelt utforma læremiddel og læremiddel for språklege minoritetar.

Resultat i 2022

Det blei i 2022 gitt midlar til totalt 40 nye prosjekt. Sjå fordelinga for 2022 i tabellen nedanfor, saman med fordelinga frå 2021:

skule. Sjå også omtale av andre tiltak i strategien i kap. 226 Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa, post 21.

Det blir foreslått ei tilsegnsmakt knytt til posten, jf. forslag til vedtak III nr. 1.

Kap. 3220 Utdanningsdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Inntekter frå oppdrag	842	2 478	2 587
	Sum kap. 3220	842	2 478	2 587

Inntektene gjeld oppdragsverksemd.

Kap. 221 Foreldreutvala for grunnopplæringa og barnehagane

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Driftsutgifter	14 779	16 141	17 012
	Sum kap. 221	14 779	16 141	17 012

Post 01 Driftsutgifter

Foreldreutvalet for barnehagar (FUB) og Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG) er sjølvstendige rådgivande organ for Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet. Løyvinga gjeld drift av utvala og det felles sekretariatet deira. Dagens utval er i sitt siste verkeår, og nye utval vil bli utnemnde hausten 2023 for fireårsperioden 2024–27.

Mål for 2024

FUB og FUG skal fremje eit godt samarbeid mellom barnehage/skule og heim og vareta interessene til foreldra i barnehage- og skulesamanheng.

Mål for verksemda til foreldreutvala i 2024 er:

- Foreldreutvala og sekretariatet gir råd og innspel til Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet i saker som gjeld samarbeid mellom barnehage/skule og heim
- Foreldreutvala og sekretariatet gir informasjon og rettleiing om samarbeid mellom barnehage/skule og heim

- Foreldreutvala og sekretariatet samarbeider med relevante aktørar i saker som gjeld samarbeid mellom barnehage/skule og heim

Resultat i 2022

Utvala har hatt stor aktivitet i 2022 og jobba strategisk overfor samarbeidsaktørar og media med å legge fram sine synspunkt på ulike saker. FUB har hatt særleg merksemd på bemanninga i barnehagane og tiltak for eit trygt og godt miljø i barnehagane. FUG har særleg vore oppteken av å gi innspel til ny opplæringslov og tiltak for utbetring av skulebygg. Utvala har vidare jobba målretta med foreldreundersøkingar og mot lærarutdanningane, og med å vidareutvikle og marknadsføre heimesidene sine.

Budsjettforslag for 2024

Kunnskapsdepartementet vil halde oppe eit rådgivande organ og ein høyringsinstans på nasjonalt nivå som sikrar at foreldre blir høyrde i aktuelle barnehage- og skulepolitiske saker. Departementet foreslår å vidareføre ordninga med nasjonale foreldreutval og løyve 17 mill. kroner på posten.

Kap. 222 Statlege skular og fjernundervisningstenester

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Driftsutgifter	158 902	127 597	147 146
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	1 476	1 756	1 900
	Sum kap. 222	160 378	129 353	149 046

Post 01 Driftsutgifter og post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvingane på kapittelet gjeld

- drift av Sørsamisk kunnskapspark i Hattfjelldal
- drift av Samisk vidaregåande skule i Karasjok og Samisk vidaregåande skule og reindriftsskule i Kautokeino

Opplæringa ved Sørsamisk kunnskapspark og dei vidaregåande skulane følger Kunnskapsløftet – samisk. Etatsstyringa av dei samiske vidaregåande skulane og Sørsamisk kunnskapspark er delegert til Utdanningsdirektoratet.

Mål for 2024

Målet med løyvinga er å medverke til å utvikle samisk identitet, språk og kultur.

Resultat i 2022**Sørsamisk kunnskapspark**

Sørsamisk kunnskapspark tilbyr fjernundervisning for elevar som har rett til språkopplæring i sør- og lulesamisk, men som ikkje har tilbod om språkopplæring i eigen kommune. Per 1. oktober 2022 var det 147 elevar som fekk samisk som fjernundervisning. Det er på om lag same nivå som førre skuleår.

Samiske vidaregåande skular

Dei samiske vidaregåande skulane er opne for elevar frå heile landet og har både heiltids- og deltidslevar. Begge skulane har eit særleg ansvar for å gi undervisning på og i samisk. Skulane gir òg fjernundervisning i samisk.

I skuleåret 2022–23 hadde Samisk vidaregåande skule i Karasjok 104 elevar. I tillegg fekk 68 elevar fjernundervisning.

Samisk vidaregåande skule og reindriftsskule i Kautokeino hadde 86 elevar i skuleåret 2022–23. I tillegg fekk 21 elevar fjernundervisning.

Diamanten skole

Statped driv Diamanten skole i Oslo, som gir grunnskuleundervisning og vidaregåande opplæring til døvblindfødde elevar. Skulen har eit tak på ti elevplassar, og desse plassane var fylte opp i 2022. Opplæringa er individuelt tilpassa føresetnadene og behova til den einskilde eleven og legg særleg vekt på kommunikasjon, informasjonstil-eigning og mobilitet. Dette skuleåret har skulen utvikla ein eigen plan for komplementerende ferdigheiter, som skal støtte opp under utvikling, læring og livsmeistring hos denne elevgruppa.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 147,1 mill. kroner på post 01 og 1,9 mill. kroner på post 45.

I statsbudsjettet for 2022 blei det gitt ei startløyving for å bygge eit samlokalisert bygg for Det Samiske Nasjonalteateret Beaivváš og Samisk vidaregåande skule og reindriftsskule i Kautokeino. Prosjektet skal gjennomførast innanfor absolutte økonomiske rammer (prinsippa om design-to-cost) og skal vere klart til skulestart i 2024. Midlane til byggeprosjektet blir løyvde over budsjettet til Kommunal- og distriktsdepartementet, kap. 2445, post 33.

Samisk vidaregåande skule og reindriftsskule i Kautokeino overtek det nye bygget i mai 2024 og skal derfor betale husleige for delar av i 2024. Skulen flyttar samtidig ut av eksisterande bygg, men det vil bli ein viss overlapp i husleige i 2024. Husleigekostnadene vil auke med 11 mill. kroner i 2024. Departementet vil kompensere skulen for

heile denne auken og foreslår derfor å auke løyvinga på post 01 tilsvarende. Departementet foreslår å auke løyvinga på posten med ytterlegare 1 mill. kroner i 2024 som følge av ekstra kostnader i samband med flyttinga. Skulen må mellom anna betale for å flytte tunge maskinar som blir brukte i yrkesfaga.

Departementet foreslår å auke løyvinga på post 01 med 0,5 mill. kroner for å innføre gratis skulemat ved dei to statlege samiske vidaregåande skulane.

Departementet foreslår at løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3222, post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3222 Statlege skular og fjernundervisningstenester

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
02	Salsinntekter o.a.	24 482	20 986	21 909
	Sum kap. 3222	24 482	20 986	21 909

Post 02 gjeld inntekter frå mellom anna kurs og vaksenopplæring, sal frå kantine, hybelutleige og betaling frå heimeskulane for fjernundervisning.

Kap. 223 Diamanten skole

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Driftsutgifter		27 121	28 603
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>		352	380
	Sum kap. 223		27 473	28 983

Mål for 2024

Målet med løyvinga til Diamanten skole er å medverke til at barn og unge med medfødt døvblindskap har eit tilrettelagt opplæringstilbod og får sjansen til å vere aktive deltakarar i eiga læring og utvikling.

Resultat i 2022

Sjå rapport under kap. 222 over.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 28,6 mill. kroner på post 01 og 0,4 mill. kroner på post 45.

Departementet foreslår at løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3223, post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3223 Diamanten skole

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
02	Salsinntekter o.a.		685	715
	Sum kap. 3223		685	715

Post 02 gjeld inntekter frå refusjonar. Sjå rapport og rekneskap under kap. 3222.

Kap. 224 Tilskot til freds- og menneskerettssenter

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
70	Freds- og menneskerettssenter	112 860	113 658	120 926
71	Det europeiske Wergelandsenteret	11 672	12 004	12 772
	Sum kap. 224	124 532	125 662	133 698

Kunnskapsdepartementet gir tilskot til sju freds- og menneskerettssenter. Sentera er uavhengige stiftingar.

Post 70 Freds- og menneskerettssenter

Posten omfattar tilskot til desse freds- og menneskerettssentera:

- Senter for studier av Holocaust og livssynsmioriteter (HL-senteret) (Oslo)
- Falstadsenteret (Ekne i Trøndelag)
- Arkivet freds- og menneskerettighetssenter (Kristiansand)
- Nansen Fredssenter (Lillehammer)
- Narviksenteret
- Raftostiftelsen (Bergen)

Mål for 2024,

Freds- og menneskerettssentera skal dokumentere, forske på og formidle om demokrati, fred og menneskerettar, fangehistorie og folkemord. Aktiviteten til sentera er mellom anna retta mot grunnopplæringa.

Dei einskilde sentera har særskilde nasjonale eller regionale oppgåver som er nærare definerte i tilskotsbrev til sentera.

Resultat i 2022

Aktiviteten til sentera har auka mykje frå 2021 som følge av at restriksjonane blei oppheva etter pandemien. Om lag 50 000 elevar frå ungdomsskular og vidaregåande skular deltok i undervisningstilboda til freds- og menneskerettssentera i 2022, mot om lag 36 000 i 2021. Alle sentera rapporterer om auka etterspurnad etter tilboda deira, inkludert til Dembra – Demokratisk beredskap mot rasisme og antisemittisme. Det har òg vore ei satsing på digitale læringstilbod ved alle sentera.

Arbeidet med å styrke dokumentasjon, forskning og oppdatering av ulike register blei vidareført. I tillegg til undervisningstilbod blei det gjennomført ei rekke utstillingar, arrangement og markeringar lokalt. Samla besøkte om lag 130 000 personar sentera i 2022, og fleire av dei rapporterer om rekordhøge besøkstal.

HL-senteret markerte at det var 80 år sidan dei største deportasjonane av jødar frå Noreg med ei eiga utstilling og stor markering i Oslo rådhus. Senteret heldt fram forskingsarbeid med prosjekt knytte til rettsoppgjeret etter holocaust og etterkrigsoppgjeret.

Stiftelsen Arkivet fekk status som forskingsinstitusjon hos Noregs forskingsråd i 2022. Ein viktig del av arbeidet til stiftinga er å forske for å

dokumentere historiene til krigsseglarane gjennom Krigsseglarregisteret.

Narviksenteret hadde rekordhøge besøkstal. Senteret heldt fram deltaking i Dembra gjennom undervisning ved tre nye skular, i tillegg til dei som hadde starta opp i 2021.

Nansensenteret rettleia skular i arbeidet mot utanforskap og antidemokratiske haldningar gjennom Dembra-satsinga. Senteret heldt lærarkurs i korleis ein kan skape gode samtalefellesskap i klasserommet.

Falstadsenteret hadde redusert kapasitet i delar av året på grunn av pandemien, ombygging av undervisningslokala og produksjon av utstillingsmodular til eit nytt undervisningstilbod. Trass i dette hadde dei rekordhøge besøkstal på arrangementa.

Raftostiftelsen leverte tidleg i 2022 rapporten «Human rights defenders under attack», som inkluderer kartlegging av situasjonen for menneskerettsforsvararar. Kartleggingsarbeidet starta i 2020.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 120,9 mill. kroner på posten.

Tabell 4.4 Tilskot til freds- og menneskerettssenter

	(i 1 000 kr)
Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter	44 775
Falstadsenteret	27 425
Arkivet freds- og menneskerettighetssenter	19 189
Nansen Fredssenter	9 349
Narviksenteret	12 201
Raftostiftelsen	7 987
Sum	120 926

Post 71 Det europeiske Wergelandsenteret

Det europeiske Wergelandsenteret (EWC) samarbeider med Europarådet om opplæring i interkulturell forståing, menneskerettar og aktivt medbor-

garskap, jf. Innst. S. nr. 9 (2008–2009) og St.prp. nr. 86 (2007–2008) *Om samtykke til inngåelse av samarbeidsavtale av 16. september 2008 mellom Norge og Europarådet om Det europeiske ressurs-senteret for opplæring i interkulturell forståelse, menneskerettigheter og demokratisk medborgarskap.*

Mål for 2024

Tilskotet skal bidra til at Wergelandsenteret kan vere eit ressurs-senter for opplæring på områda interkulturell forståing, menneskerettar og aktivt medborgarskap for ulike målgrupper som arbeider på utdanningsfeltet.

Resultat i 2022

Over 30 000 lærarar, lærarutdannarar og andre pedagogar fekk opplæring direkte gjennom EWC-prosjekt i 2022. Fleire tilbod blei tilpassa og oppretta på grunn av krigen i Ukraina, eit land der EWC sidan 2013 har hatt eit stort prosjekt med å styrke demokratiske reformer i utdanningssektoren. Senteret har særleg arbeidd med å tilby digital undervisning og kompetanseheving for ukrainske lærarar. I alt 543 skular i åtte ulike land deltok i eit av EWCs program i 2022.

EWC har samarbeidd med lokale og nasjonale styresmakter i 13 ulike land om utdanningsspørsmål. Senteret har òg vore ein del av UNESCOs rådgivande styre for å utvikle ein ny rettleiar om korleis ein kan handtere hatefulle ytringar gjennom utdanning.

I tillegg tilbyr EWC læringstilbodet om 22. juli i samarbeid med 22. juli-senteret og Utøya AS. I 2022 blei det arrangert 15 tredagarssamlingar for elevar og lærarar på Utøya der det deltok 324 elevar frå 85 forskjellige skular. I tillegg blei det arrangert kurs for lærarar og lærarstudentar. Kunnskapsdepartementet bidrog med 5 mill. kroner i prosjektmidlar til læringstilbodet om 22. juli og demokratisk medborgarskap i 2022, jf. kap. 226, post 21

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 12,8 mill. kroner på posten.

Kap. 225 Tiltak i grunnopplæringa

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Driftsutgifter	11 890	22 692	23 958
21	Særskilde driftsutgifter	20 307	117 768	135 961
60	Tilskot til landslinjer	244 976	250 311	271 989
61	Rentekompensasjon for investeringar i lærings-arenaer og større utstyr som bidreg til meir praktisk og variert opplæring			15 000
63	Tilskot til samisk i grunnopplæringa, <i>kan overførast</i>	83 703	115 074	125 171
64	Tilskot til opplæring av barn og unge som søker opphald i Noreg	103 712	124 967	368 482
65	Rentekompensasjon for skule- og symjeanlegg, <i>kan overførast</i>	88 887	331 258	280 000
66	Tilskot til skuleturar i samband med handlingsplan mot antisemittisme	15 345	15 886	16 935
67	Tilskot til opplæring i kvensk eller finsk	8 423	9 577	9 846
68	Tilskot til opplæring i kriminalomsorga	310 689	318 886	341 241
69	Tiltak for fullføring og kvalifisering i vidaregåande opplæring	830 927	969 456	888 117
74	Prosjekttilskot	3 579	7 110	10 064
75	Grunntilskot	104 436	101 736	108 316
	Sum kap. 225	1 826 874	2 384 721	2 595 080

Post 01 Driftsutgifter og post 21 Særskilde driftsutgifter

Løyvinga på post 01 finansierer dei kostnadene som statsforvaltarane har ved å administrere sentralt gitt eksamen i grunnskulen og i vidaregåande opplæring.

Løyvinga på post 21 dekker utgifter til lærarar som har teke på seg sensoroppdrag ved sentralt gitt eksamen (sensur og klagebehandling). Statsforvaltaren utbetaler midlane.

Utarbeiding av sentralt gitt eksamen og digitale prøve- og eksamenstenester blir finansiert av løyvinga på kap. 220, post 21.

Mål for 2024

Målet med løyvingane er å bidra til å sikre at det blir gjennomført sentralt gitt eksamen i grunnskulen og i vidaregåande opplæring.

Resultat i 2022

Våren 2022 blei det avlagt 35 800 sentralt gitte eksamenar i vidaregåande opplæring. Tala er langt lågare enn vanleg fordi eleveksamen blei avlyst våren 2022. Om lag 97 pst. var privatisteksamenar.

Hausten 2022 blei det avlagt til saman 27 700 sentralt gitte eksamenar i vidaregåande opplæring, som er færre enn vanleg for hausteksamen. Av desse var 97 pst. privatisteksamenar, medan resten blei avlagde av elevar med rett til enten særskild, utsett eller ny eksamen.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 24 mill. kroner på post 01 og 136 mill. kroner på post 21.

Departementet foreslår å auke løyvinga på post 21 med 11 mill. kroner for å auke timesatsen

for sensorar på sentralt gitt eksamen. Bakgrunnen for forslaget er at det over tid har utvikla seg ein urimeleg skilnad mellom timesatsen for sentralt gitt og lokalt gitt eksamen. Auken skal bidra til å rekruttere fleire sensorar.

Post 60 Tilskot til landslinjer

Tilskotet går til fylkeskommunar med landslinjer, til drift av landslinjene og til innkjøp av utstyr.

Landslinjeordninga omfattar eit breitt spekter av utdanningstilbod, frå særleg små tilbod som berre finst éin stad i landet, til særleg utstyrskreivande tilbod som finst fleire stadar. Ordninga skal bidra til å dekke kompetansebehov i arbeidslivet.

Mål for 2024

Målet med tilskotsordninga er at elevar frå heile landet kan få eit nasjonalt tilbod i små og/eller kostbare kurs i vidaregåande opplæring.

Resultat i 2022

I skuleåret 2022–23 var det 1 760 heilårsplassar fordelt på 53 landslinjetilbod. Hausten 2022 brukte fylkeskommunane om lag 81 pst. av kapasiteten ved alle landslinjene. For våren 2022 var talet om lag 77 pst. I dei siste åra har i overkant av 80 pst. av elevplassane ved landslinjene blitt nytta.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 272 mill. kroner på posten.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 0,6 mill. kroner for å dekke vøreffekten av vg3-tilbodet for landslinja i bratt friluftsliv ved Rauma vidaregåande skole.

I statsbudsjettet for 2023 er det løyvd midlar til oppstart av ei ny landslinje i flyfag i Trøndelag ved Fosen vidaregåande skole. Departementet foreslår å auke løyvinga med 4,5 mill. kroner til vøreffekt av vg2-tilbodet og hausteffekt av vg3-tilbodet i 2024. Auken blir motsvart av ein tilsvarande reduksjon i rammetilskotet til fylkeskommunane.

Post 61 Rentekompensasjon for investeringar i læringsarenaer og større utstyr som bidreg til meir praktisk og variert opplæring

Mål for 2024

Målet med ordninga er å stimulere kommunale investeringar i læringsarenaer og større utstyr

som bidreg til meir praktisk og variert opplæring. Løyvinga skal nyttast til å innfri tilsegner om rentekompensasjon som blir gitt i 2024.

Budsjettforslag for 2024

I regjeringsplattforma varsla regjeringa at den ville innføre ei rentekompensasjonsordning for investeringar i utstyr og areal som er tilrettelagde for praktiske fag og undervisningsmetodar. I arbeidet med stortingsmeldinga om 5.–10. trinn har departementet fått tilbakemeldingar om at skulen i dag er prega av for mykje stillesitjing og for lite variasjon og praktisk læring. Dei nye læreplanane legg godt til rette for meir utforskande og praktisk læring, men det er nødvendig med fleire praktiske læringsarenaer både inne og ute, og utstyrsressursar som gjer dette mogleg i praksis. Regjeringa foreslår derfor å innføre ei ny åtteårig rentekompensasjonsordning til kommunane for investeringar i læringsarenaer og større utstyr som bidreg til meir praktisk og variert opplæring.

Tiltaket skal bidra til å nå hovudmålet i den komande meldinga til Stortinget om 5.–10. trinn og må sjåast i samheng med det eittårige tilskotet til ein meir praktisk skule på 5.–10. trinn, som departementet foreslår å løyve over kap. 226, post 21. Regjeringa tek sikte på at rentekompensasjonsordninga skal ha ei total ramme på 8 mrd. kroner. Regjeringa foreslår at ein mrd. kroner blir fasa inn i statsbudsjettet for 2024. Ordninga tek til å gjelde frå og med andre halvår 2024 og har ein budsjetteffekt på 15 mill. kroner i 2024.

Rentekompensasjonen blir rekna ut sjablongmessig med utgangspunkt i eit serielån med 20 års løpetid og flytande rente i Husbanken. Kommunane står fritt til å velje om finansieringa skal skje med eller utan opptak av lån, og dei kan velje fritt kva låneinstitusjon som skal nyttast. Husbanken skal forvalte ordninga, men Husbanken gir ikkje lån til desse tiltaka.

Post 63 Tilskot til samisk i grunnopplæringa, kan overførast

Under denne posten er det tre tilskotsordningar:

- tilskot til samiskopplæring i grunnskulen
- tilskot til samiskopplæring i vidaregåande opplæring
- tilskot til studiepermisjonar for vidareutdanning i samisk for lærarar i grunnopplæringa og rekrutteringsstipend for lærarstudentar

Berekningsreglane for tilskot til samiskopplæring i grunnskulen har vore kompliserte og gav store

skilnader i tilskot for elevar i kommunar innanfor og utanfor forvaltningsområdet for samisk språk. Tilskot for elevar i kommunar innanfor og utanfor forvaltningsområdet blei berekna etter to ulike modellar. Frå og med 2023 blir tilskotet for alle kommunar og privatskular berekna etter dei same kriteria. Tilskotet baserer seg no på talet på elevar som får opplæring i samisk språk, talet på timar etter samisk læreplan og inndeling i grupper etter hovudtrinn.

Berekningsreglane for tilskot til samiskopplæring i vidaregåande opplæring tok tidlegare utgangspunkt i talet på klokketimar per elev per fylke. I einskilde fylke er avstandane så store at det ikkje er mogleg å slå saman grupper på tvers av skular. Frå og med 2023 blir tilskotet berekna med utgangspunkt i kvar skule i staden for kvart fylke.

Nye berekningsreglar for tilskot til opplæring i samisk inneber i utgangspunktet at nokre kommunar får mindre tilskot, medan andre får meir. Løyvinga til opplæring i samisk blei derfor auka

monaleg i 2023-budsjettet, slik at ingen kommunar skulle tape på omlegginga. I tillegg blei timeprisen per berekna tilskotsstime auka både for grunnskulen og for vidaregåande opplæring. Departementet har konsultert Sametinget undervegs, og det er semje om omlegginga.

Mål for 2024

Tilskotet skal bidra med finansiering til kommunar, fylkeskommunar og private skular som tilbyr samiskopplæring i samsvar med § 6-2 og § 6-3 i opplæringslova. Tilskotet skal òg bidra til at lærarar får vidareutdanning i samiske språk, og at lærarstudentar tek utdanning i samiske språk.

Resultat i 2022

Det har vore ei liten auke i talet på elevar med samisk språk i grunnskulen frå 2021 til 2022, jf. tabellen under.

Tabell 4.5 Talet på grunnskuleelevar med samisk som første- og andrespråk

Skuleår	2019–20	2020–21	2021–22	2022–23
Samisk som førstespråk	954	1 011	1 009	990
Samisk som andrespråk	1 446	1 511	1 483	1 552
Totalt	2 400	2 522	2 492	2 542
Endring frå året før i pst.	0,3	5	-1,2	2

Kjelde: Grunnskulens informasjonssystem (GSI), Utdanningssdirektoratet

I tilskotsordninga til samisk i vidaregåande opplæring blei det i 2022 utbetalt tilskot for i alt 363 elevar. Det er 23 fleire enn i 2021.

I 2022 blei det utbetalt 1,2 mill. kroner til studiepermisjonar for vidareutdanning i samisk for lærarar i grunnopplæringa og til stipend for lærarstudentar, mot 1,6 mill. kroner i 2021 og 2,2 mill. kroner i 2020. Statsforvaltaren i Nordland og Statsforvaltaren i Trøndelag melder om at universitet og høgskular har hatt for få vidareutdanningstilbod for lærarar i 2022 til å dekke behovet. Det er også vanskeleg å rekruttere til utdanning i lule- og sørsamisk.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 125,2 mill. kroner på posten. I løyvinga inngår ein auke på 2,3 mill. kroner som følge av at det er lagt til grunn ein auke i talet på elevar som får opplæring i samisk.

Post 64 Tilskot til opplæring av barn og unge som søker opphald i Noreg

Løyvinga skal finansiere opplæring av barn og unge som søker opphald i Noreg. Dette omfattar asylsøkarar og personar som søker om familie-sameining. Løyvinga inkluderer tilskot til tre grupper:

- barn og unge til og med 15 år som har rett og plikt til grunnskuleopplæring
- ungdom mellom 15 og 18 år som søker opphald, og som har rett til grunnskuleopplæring
- ungdom mellom 15 og 18 år som søker opphald, og som har rett til vidaregåande opplæring

Tilskotsordninga er avgrensa til dei som bur på mottak/omsorgssenter eller oppheld seg lovleg i landet medan dei ventar på å få avgjort søknad om

opphaldsløyve, inntil dei fyller 18 år eller har fullført det skuleåret dei fyller 18 år.

Mål for 2024

Tilskotet skal bidra til at barn og unge som søker opphald i Noreg, får grunnskuleopplæring og vidaregåande opplæring, jf. opplæringslova § 2-1 andre ledd og § 3-1 tolvte ledd.

Resultat i 2022

Tilskotet for 2022 finansierte opplæring i skuleåret 2021–22. Som eit gjennomsnitt for månadene i skuleåret 2021–22 blei det gitt grunnskuleopplæring til 1 483 barn som budde i mottak/omsorgs-senter eller som budde privat, mot 789 i 2020–21. Auken kjem i stor grad som følge av fordrivne frå Ukraina. Skuleåret 2021–22 var det – i gjennomsnitt for månadene i skuleåret – 25 elevar i aldersgruppa 16–18 år som fekk vidaregåande opplæring. Det er 18 fleire enn i skuleåret 2020–21.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 368,5 mill. kroner på posten.

Løyvinga er auka med 234,9 mill. kroner som følge av ein auke i talet på elevar som utløyser tilskot. Auken kjem i hovudsak av at det har kome fleire fordrivne til Noreg etter angrepet på Ukraina.

Post 65 Rentekompensasjon for skule- og symjeanlegg, kan overførast

Mål for 2024

Løyvinga skal nyttast til å innfri tilsegner om rentekompensasjon som er gitt i perioden 2002–16. Målet med ordninga var å stimulere kommunar og fylkeskommunar til å bygge nye skule- og symjeanlegg og rehabilitere og ruste opp eksisterande anlegg.

Resultat i 2022

Det blei utbetalt 88,9 mill. kroner i rentekompensasjon for skule- og symjeanlegg i 2022.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 280 mill. kroner på posten.

Renteføresetnaden for ordninga i 2024 på 3 pst. er uendra frå saldert budsjett for 2023. Løyvingsbehovet er redusert med 51,3 mill. kroner som følge av at skule- og symjeanlegga som det blir gitt rentekompensasjon for, blir nedbetalte, slik at dei berekna låna blir mindre.

Post 66 Tilskot til skuleturar i samband med handlingsplan mot antisemittisme

Posten gjeld tilskot til skuleturar for ungdom i alderen 12–16 år til tidlegare konsentrasjonsleirar og minnestadar frå den andre verdskrigen, innlands eller utanlands. Tilskot til desse skuleturane er eitt av tiltaka i den vidareførte *Handlingsplan mot antisemittisme 2021–2023*.

Mål for 2024

Målet med tilskotsordninga er å stimulere til at skuleeigarar, skular og foreldregrupper organiserer turar til tidlegare konsentrasjonsleirar eller minnestadar frå den andre verdskrigen for elevar på ungdomstrinnet og i vidaregåande opplæring.

Resultat i 2022

Det blei for skuleåret 2021–22 gitt tilskot til 40 ulike turarrangørar for 12 672 elevar i ungdomsskule og vidaregåande opplæring, mot 46 arrangørar og 12 660 elevar i ungdomsskulen i skuleåret 2020–21. Alle søknader som fylte kriteriana i tilskotsordninga, fekk tilskot. Talet på søknader blei også i skuleåret 2021–22 påverka av covid-19-pandemien. Det er i stor grad private aktørar som arrangerer turane.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 16,9 mill. kroner på posten.

Post 67 Tilskot til opplæring i kvensk eller finsk

Under denne posten er det tre tilskotsordningar:

- ei tilskotsordning for opplæring i kvensk eller finsk som andrespråk i grunnskulen
- ei tilskotsordning for opplæring i kvensk eller finsk som andrespråk i vidaregåande opplæring
- ei ordning med studiepermisjonar for vidareutdanning i kvensk eller finsk for lærarar i grunnskulen

Mål for 2024

Målet med løyvinga er å bidra til at elevar med kvensk/norsk-finsk bakgrunn i Troms og Finnmark får opplæring i kvensk eller finsk som andrespråk ved kommunale og private grunnskular i samsvar med rettane som går fram av § 2-7 i opplæringslova. Vidare er målet med løyvinga å bidra til at elevar og lærlingar med kvensk/norsk-finsk bakgrunn får opplæring i kvensk eller finsk ved fylkeskommunale og private vidaregåande skular. Det er òg eit mål å styrke kompetansen i kvensk og finsk for lærarar i grunnskulen.

Resultat i 2022

Talet på elevar i Troms og Finnmark som vel kvensk eller finsk som andrespråk i grunnskulen, har gått ned dei siste åra. Hausten 2022 var det 407 elevar, 19 færre enn i 2021. Våren 2022 var det i alt 25 elevar som fekk opplæring i kvensk eller finsk i vidaregåande opplæring, mot 26 elevar i 2021. Det blei innvilga tilskot til 1,9 studieheimlar i 2022, mot 1,8 i 2021.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 9,8 mill. kroner på posten. Departementet foreslår å redusere løyvinga med 0,4 mill. kroner som følge av nytt anslag for talet på elevar som vil få opplæring kvensk eller finsk.

Post 68 Tilskot til opplæring i kriminalomsorga

Innsette i fengsel har rett til opplæring under soning av straff. Tilskotet skal bidra til at dei innsette får den opplæringa dei har krav på. Fylkeskommunane har ansvaret for opplæringa i norske fengsel, og dei vidaregåande skulane står for gjennomføringa.

Fylkeskommunar med særskilde oppgåver på området får tilskot for tilbod som ungdomseiningar, oppfølgingsklassar, eining for tilbakeføring gjennom arbeid, fritid og utdanning (TAFU), eining for narkotikaprogram med domstolskontroll (ND) og den felles IKT-løysinga Desktop for skolen (DFS).

Mål for 2024

Målet med tilskotsordninga er at innsette som ikkje har fullført grunnskulen eller vidaregåande opplæring, og som har rett til og ønsker slik opplæring, får det. Oppfølgingsklassane skal bidra til at lauslatne skal kunne fullføre opplæring som er begynt under soning. Opplæringa skal bli gitt etter læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020 og opplæring i grunnleggande ferdigheiter.

Resultat i 2022

Det er opplæringstilbod for innsette i alle fengsla i Noreg. Om lag 40 pst. av dei innsette tok del i opplæring i 2022, opp frå 36 pst. i 2021. I hovudsak følger opplæringa læreplanverket for vidaregåande opplæring, og i stor grad fag knytte til yrkesfaglege utdanningsprogram. I samarbeid med kriminalomsorga gir skulane også opplæringstilbod for å stimulere innsette til å kome i gang med grunnskule og/eller vidaregåande opplæring, kategorisert som «anna opplæring» i tabellen under. Skulane samarbeider med kriminalomsorga for å legge til rette for dei innsette som ønsker å ta fatt på høgare utdanning. Statsforvalteren i Vestland og Kriminalomsorgsdirektoratet arbeider i lag for å betre tilgangen til bruk av IKT og digitale verktøy for opplæring i fengsel.

Hausten 2022 la Riksrevisjonen fram ei undersøking av helse-, utdannings- og velferdstenester for innsette, jf. Dokument 3:4 2022–2023. Helsedirektoratet, Arbeids- og velferdsdirektoratet, Utdanningsdirektoratet, Husbanken og Kriminalomsorgsdirektoratet har laga ein plan for oppfølging av undersøkinga. Kunnskapsdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet samarbeider om oppfølginga av planen for det som gjeld opplæring i kriminalomsorga.

Omfanget av opplæring på heiltid har auka dei siste åra, noko som blir rekna som positivt. Det er samstundes langt fleire innsette som deltek i opplæring på deltid. For dei innsette som vurderer å ta opplæring i fengsel, kan både korte dommar og dårlege erfaringar frå skulen tidlegare i livet bidra til at det er vanskeleg å motivere seg for å starte på eit fullt løp med vidaregåande opplæring.

Tabell 4.6 Tal på elevar/deltakarar i fengsel og oppfølgingsklassar og tilbakeføringsprogram, gitt i totaltal og gjennomsnitt, fordelte etter opplæringstype

	2021				2022			
	Heiltid		Deltid		Heiltid		Deltid	
	Reg. elevar ¹	Snitt ²	Reg. elevar	Snitt	Reg. elevar	Snitt	Reg. elevar	Snitt
Grunnskule	19	2	81	25	11	1	57	24
Vidaregåande skule	322	121	2 551	671	207	132	2548	680
Korte opplæringstilbod ³	129	12	1 361	239	113	17	1762	315
Anna opplæring	28	9	916	140	42	4	1022	178
Sum	498	144	4 909	1 075	373	157	5 389	1 201
Fagskule ⁴	29	2			24	3		
Høgskule/universitet ⁴	146	55			129	59		

¹ Reg. elevar vil seie kor mange som har fått opplæring i løpet av kalenderåret.

² Snitt vil seie gjennomsnittleg tal på elevar/deltakarar basert på fire rapporteringstidspunkt i løpet av året.

³ Korte opplæringstilbod er tilpassa opplæringstilbod heimla i fagplanverket for den vidaregåande skulen.

⁴ Tala for fagskule og høgskule/universitet er ikkje differensierte etter heiltid/deltid.

Kjelde: Statsforvaltaren i Vestland

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 341,2 mill. kroner på posten.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 1,3 mill. kroner til å dekke opplæringskostnader for to nye plassar ved Ungdomseining aust på Eidsvoll. Sjå omtale i Prop. 1 S (2023–2024) for Justis- og beredskapsdepartementet.

Departementet foreslår ei tilsegnfullmakt på posten, jf. forslag til vedtak III nr. 2.

Post 69 Tiltak for fullføring og kvalifisering i vidaregåande opplæring

Mål for 2024

Løyvinga skal bidra til at fleire fullfører vidaregåande opplæring og er kvalifiserte for arbeid, læreplass og vidare utdanning.

Resultat i 2022

I 2022 fekk fylkeskommunane utbetalt totalt 830,9 mill. kroner til tiltak for fullføring av vidaregåande opplæring over denne posten.

Av dette blei totalt 460,9 mill. kroner utbetalt til følgande tilskot, som blei forvalta av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse:

- tilskot for at personar utan lovfesta rett til opplæringa kunne fullføre vidaregåande opplæring
- tilskot til yrkesfagleg rekvalifisering
- tilskot til Fagbrev på jobb

Fylkeskommunane kunne omprioritere mellom tilskota i tråd med ressursbehov lokalt. Fylkeskommunane rapporterer mellom anna om at midlane førte til auka innsats for nye målgrupper av vaksne med behov for å fullføre vidaregåande opplæring i samarbeid med Nav.

I 2022 blei det utbetalt 370 mill. kroner for at fleire skulle få ein læreplass. Midlane blei forvalta av Utdanningsdirektoratet. Fylkeskommunane nytta midlane til ei rekke ulike tiltak. For å betre samarbeidet mellom skule og bedrift er det mellom nytta midlar på fleire læreplasskoordinator og formidlingsrådgivarar, lokale tilskotsordningar, særskilte språkopplæringstiltak for minoritetspråklege og betre oppfølging av elevar med behov for særskild tilrettelegging.

Overordna melder fylkeskommunane om at den største utfordringa i arbeidet med kvalifisering og formidling til læreplass er å hjelpe elevar med psykisk uhelse, psykososiale utfordringar og svake norskferdigheiter ved overgangen mellom vg2 og vg3. Mange fylkeskommunar har satsa på tettare oppfølging og kvalifiseringstiltak for elevar som står i fare for å falle utanfor skule og lærebudrift. Fylkeskommunane forventar å sjå effektar

av igangsette tiltak først frå hausten 2023 og våren 2024. Fleire fylkeskommunar rapporterer likevel om at tiltaka allereie har ført til at fleire elevar får tilbod om læreplass i fylka deira.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 888,1 mill. kroner på posten.

Frå hausten 2024 får etter planen personar som allereie har studie- eller yrkeskompetanse, rett til å ta eit nytt fagbrev (yrkesfagleg rekvalifisering), jf. Innst. 442 L (2022–2023) og Prop. 57 L (2022–2023). Regjeringa foreslår ein kompensasjon på 188,6 mill. kroner over rammetilskotet til fylkeskommunane for innføringa av retten. Det er ein auke på 29,6 mill. kroner i høve til 2023 i tråd med den varsla opptrappinga av finansieringa. Departementet foreslår å redusere løyvinga med 159 mill. kroner (som svarer til tilskotet i 2023, prisjustert til 2024-kroner) mot ein tilsvarende auke av rammetilskotet til fylkeskommunane.

Løyvingsforslaget under denne posten gjeld følgande tilskot til fylkeskommunane:

- 485,0 mill. kroner for å styrke arbeidet for fleire læreplassar og bidra til kvalifisering og formidling til læreplassar i fag- og yrkesopplæringa
- 319,9 mill. kroner til å bygge ut tilbodet om vidaregåande opplæring i tråd med fullføringsretten. Retten er vedteken av Stortinget i juni 2023, og skal etter planen ta til å gjelde frå hausten 2024. Departementet tek sikte på at finansieringa av fullføringsretten vil halde fram som eit øyremerkd tilskot fram til 2026-budsjettet.
- 83,2 mill. kroner for å stimulere til auka bruk av ordninga Fagbrev på jobb. Det er ein auke på 23,2 mill. kroner frå 2023

Fylkeskommunane vil kunne omprioritere mellom tilskota dersom vurderingar om ressursbehov tilseier det.

Post 74 Prosjekttilskot

Tilskotet er retta inn mot prosjekt på område der departementet meiner det er eit særleg behov for at private og frivillige organisasjonar gjennomfører tidsavgrensa tiltak. Organisasjonane som mottok tilskotet, vil som hovudregel få innvilga tilskot i inntil tre år såframt dei oppfyller krava i tilskotsordninga. Tilskot for fleire år blir gjevne med atterhald om Stortingets årlege budsjettvedtak. Utdanningsdirektoratet forvaltar tilskotsordninga.

Mål for 2024

Formålet med tilskotsordninga er å stimulere organisasjonar til å setje i verk prosjekt som på ulike måtar kan bidra til å nå dei måla departementet har sett for grunnopplæringa, jf. omtalen i kategoriinnleiinga. Verksemda til organisasjonane skal ha ein nasjonal verdi, og aktivitetar/tiltak skal nå flest mogleg elevar og skular. I 2024 vil departementet støtte tiltak som skal betre læringsmiljøet gjennom tiltak mot mobbing og prosjekt som stimulerer til auka leseferdigheiter og leselyst.

Resultat i 2022

Følgande organisasjonar fekk tildelt til saman 3,6 mill. kroner prosjekttilskot i 2022:

- Redd Barna
- MOT Norge
- Stiftelsen Barnevakten
- Norges Røde Kors
- Foreningen Iles
- UNICEF-komiteen i Norge
- Norsk Tourette Forening

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 10,1 mill. kroner på posten. I løyvinga inngår ein auke på 2,5 mill. kroner som følge av at ordninga skal utvidast til å gjelde prosjekt som stimulerer til auka leseferdigheiter og leselyst.

Post 75 Grunntilskot

Hovudregelen i økonomiregelverket er at statlege tilskot skal lysast ut på ein slik måte at alle potensielle søkarar kan søke. Det er unntak i regelverket for dei tilfella der tilskot er øyremerkte til mottakarar som er nemnde med namn i budsjettproposisjonen, slik tilfellet er med mottakarar av grunntilskot.

Som varsla i Prop. 1 S (2022–2023) for Kunnskapsdepartementet vil departementet gjere grunntilskotet søknadsbasert frå 2024. Det vil gjere ordninga meir gjennomsiktig og lettare å etterprøve, og det vil sikre likebehandling. Målet med ordninga skal framleis vere å sikre langsiktige og stabile rammevilkår for nasjonale ressursmiljø. Utdanningsdirektoratet sende forslag til forskrift for ordninga på høyring i juni i år med høyringsfrist 15. oktober.

For å bidra til ein føreseieleg overgang til den nye søknadsbaserte ordninga foreslår departementet at ordninga skal gjelde frå 1. juli 2024. Det

inneber at dagens grunntilskotsordning vil bli vidareført i første halvår 2024. Dersom innspel i høyringsrunden tilseier at tilskot til einskilde mottakarar bør vere øyremerkte for hausten 2024, vil departementet kome tilbake til dette i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2024.

Mål for 2024

Målet med ordninga er å sikre langsiktige og stabile rammevilkår for nasjonale ressursmiljø som på ein særskild måte bidreg til å nå dei måla departementet har sett for grunnopplæringa, jf. kategoriinnleiinga.

Resultat i 2022

I 2022 fekk følgande organisasjonar tildelt til saman 104,4 mill. kroner frå ordninga for grunntilskot til nasjonale ressursmiljø. Av dette blei 52,7 mill. kroner fordelte på desse organisasjonane:

- Elevorganisasjonen
- FIRST Scandinavia
- Operasjon Dagsverk
- WorldSkills Norway
- Foreningen Norden
- Norsk håndverksinstitutt
- Forandringsfabrikken
- Blå Kors – Snakk om mobbing
- Teknisk Senter AS
- Ungt Entreprenørskap Norge
- Blikk AS
- Dysleksi Norge
- Foreningen lles
- Geitmyra matkultursenter for barn
- Leser søker bok
- Skeiv Ungdom
- Stiftinga Magasinett
- Faktisk.no
- Sex og Politikk
- FRI – foreningen for kjønns- og seksualitetsmangfold
- Landslaget for norskundervisning
- Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner
- Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon
- Unge funksjonshemmede
- privatskuleorganisasjonar

I 2022 fekk Andøya Space Education (ASE) 16,8 mill. kroner. I 2022 deltok 6 829 personar på ulike aktivitetar i regi av ASE. 5 265 var elevar i grunnopplæringa, 1 381 fleire enn i 2021. ASE gjennomførte i 2022 ei rekke etter- og vidareutdanningskurs for lærarar og hadde ansvaret for fleire nettbaserte læringsressursar.

Norsk kulturskoleråd, Fellesrådet for kunstfagene i skolen og Samarbeidsforum for estetiske fag fekk 34,9 mill. kroner over posten i 2022. Organisasjonane har arbeidd med ei rekke tiltak og satsingar for å betre kvaliteten i kulturskulane og i arbeidet med kunst og kultur i grunnopplæringa. Kvar tilskotsmottakar har fordelt ein del av tilskotet vidare til underliggende medlemsorganisasjonar og prosjekt.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 108,3 mill. kroner på posten. I løyvinga inngår ein auke på 75 000 kroner til Elevorganisasjonen som kompensasjon for tap av styregodtgjersle i samband med at styret i Lånekassen blei lagt ned frå 1. januar 2023.

Av løyvinga vil 54,1 mill. kroner etter planen bli lyst ut for hausten 2024 når forskrifta for den søknadsbaserte ordninga er fastsett. For å sikre føreseieleg finansiering vil Utdanningsdirektoratet kunne gi tilskot for tre år, med atterhald om Stortingets årlege budsjettvedtak.

Tabellen under viser forslag til fordeling av grunntilskot til organisasjonar for våren 2024. Tilskotet til interesseorganisasjonar for funksjonshemma blir fordelt på hovudorganisasjonane med 30 pst. til Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon, 30 pst. til Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner og 40 pst. til Unge funksjonshemmede. Tilskotet til privatskuleorganisasjonar blir fordelt mellom organisasjonane etter talet på medlemsskular som har rett til stats-tilskot per 1. januar. Steinerskoleforbundet, Kristne Friskolers Forbund, Montessori Norge og Norske Fag- og Friskolers Landsforbund er tilskotsmottakarar. Grunntilskotet til kunst- og kulturarbeid i opplæringa blir fordelt med 14,4 mill. kroner til Norsk kulturskoleråd, 3,3 mill. kroner til Samarbeidsforum for estetiske fag og 1,4 mill. kroner til Fellesrådet for kunstfagene i skolen.

Tabell 4.7 Fordeling av tilskot på kap. 225, post 75

(i 1 000 kr)	
Tilskotsmottakar	Tilskot 2024
Elevorganisasjonen	2 043
Operasjon Dagsverk	323
FIRST Scandinavia	6 025
WorldSkills Norway	2 142
Foreningen Norden	532
Norsk håndverksinstitutt	3 228
Interesseorganisasjonar for funksjonshemma	769
Ungt Entreprenørskap	290
Blikk AS	164
Skeiv Ungdom	822
Andøya Space Education	9 203
Privatskuleorganisasjonar	419
Grunntilskot til kunst- og kulturarbeid i opplæringa	19 116

Tabell 4.7 Fordeling av tilskot på kap. 225, post 75

(i 1 000 kr)	
Tilskotsmottakar	Tilskot 2024
Faktisk.no – skuleprosjektet TENK	3 804
Landslaget for norskundervisning	329
Sex og Politikk	329
FRI – Foreningen for kjønns- og seksualitetsmangfold Rosa kompetanse skole og Rosa kompetanse barnehage	1 096
Geitmyra matkultursenter for barn	274
Foreningen !les	2 411
Stiftinga Magasinett	603
Leser søker bok	164
Dysleksi Norge	110
Sum	54 196

Kap. 3225 Tiltak i grunnopplæringa

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	80 549	76 128	302 337
	Sum kap. 3225	80 549	76 128	302 337

Visse innanlandske utgifter til flyktningar kan etter statistikkdirektiva til OECD definerast som offentlig utviklingshjelp. Ein del av løyvinga på kap. 225, post 64 blir rapportert som utviklings-

hjelp og refusjon frå Utanriksdepartementet blir ført på kap. 3225, post 04. Refusjon av ODA-godkjende utgifter er rekna til 302,3 mill. kroner i 2024.

Kap. 226 Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overføres</i>	1 767 176	1 075 393	1 308 639
22	Vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar	1 580 278	1 570 634	1 648 270
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald , <i>kan overføres</i>	53 858	22 000	
61	Tilskotsordning til rettleiing for nyutdanna nytilsette lærarar	61 919	63 552	67 748
64	Programfinansiering av 0–24-samarbeidet	41 583		
71	Tilskot til vitensenter	94 651	94 351	115 585
	Sum kap. 226	3 599 465	2 825 930	3 140 242

Skuleeigarane har hovudansvaret for å utvikle kvaliteten på opplæringa i skular og lærebedrifter. Regjeringa legg stor vekt på å støtte og rettleie skular og skuleeigarar gjennom kompetanse- og utviklingstiltak. Kap. 226 omfattar løyvingar til kvalitetsutvikling i grunnopplæringa.

Utdanningsdirektoratet har i stor grad ansvaret for å forvalte midlane og gjennomføre tiltaka. Delar av løyvingane på post 21 og 22 dekker utgifter til lønn og administrasjon i Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet og hos eventuelle andre statlege aktørar som har ansvar og delansvar for å drifte dei ulike prosjekta og tiltaka.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overføres

Løyvinga på posten finansierer mellom anna kompetanse- og profesjonsutvikling i grunnopplæringa, tiltak for betre læringsmiljø, digitalisering, styrking av fag- og yrkesopplæringa og utvikling av læreplanverket for grunnopplæringa. Løyvinga på posten dekker òg ulike verktøy, prøver og datakjelder for kvalitetsutvikling i grunnopplæringa, mellom anna internasjonale undersøkingar,

brukarundersøkingar, utdanningsstatistikk, forskning og evaluering. Løyvinga dekker drift av tidsavgrensa prosjekt i den sentrale utdanningsadministrasjonen, tilskot til offentlege og eventuelle private aktørar som blir involverte i kvalitetsutvikling i grunnopplæringa, og eventuelle utgifter til offentlege utval og ekspertutval som departementet har sett ned. Det kan òg bli gitt tilskot til samordningsoppgåver i kommunesektoren over posten.

Mål for 2024

Midlane på posten skal medverke til å utvikle kvaliteten i grunnopplæringa for å nå dei statlege sektormåla, jf. omtalen av desse i kategoriinnleiinga.

Resultat i 2022

Samla blei det brukt 1,76 mrd. kroner over posten i 2022 for å nå dei overordna måla for grunnopplæringa som var fastsette for 2022. Tabell 4.8 viser samla rekneskap for posten i 2022, med tiltak samla for dei ulike måla for grunnopplæringa i 2022.

Tabell 4.8 Oversikt over løyvingar på kap. 226, post 21 i 2022

	(i mill. kr)
Overordna mål for grunnpoplæringa i 2022:	Rekneskap 2022
Alle har eit trygt, godt og inkluderande læringsmiljø	133,7
Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg, slik at alle får utvikla potensialet sitt	21,9
Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse	665,9
Alle lykkast i opplæringa og utdanninga	832,2
Andre tiltak	113,5
Totalt	1 767,2

Alle har eit trygt, godt og inkluderande læringsmiljø
I 2022 blei det over denne posten brukt 133,7 mill. kroner til tiltak som støttar opp under målet om at

alle har eit trygt, godt og inkluderande læringsmiljø. I tillegg blei det brukt 9 mill. kroner over kap. 231 Barnehagar, post 21 Særskilde driftsutgifter til arbeid med barnehagemiljø.

Tabell 4.9 Oversikt over løyvingar på kap. 226, post 21 til tiltak for å støtte målet om eit trygt, godt og inkluderande læringsmiljø

	(i mill. kr)
Tiltak	Rekneskap 2022
Handhevingsordninga for skulemiljøsaker	36,0
Kompetanseutvikling for å skape gode barnehage- og skulemiljø	12,8
Mobbeombod, program mot mobbing og partnerskap mot mobbing	15,6
Dembra – Demokratisk beredskap mot rasisme og antisemittisme	13,7
Gratis SFO for elevar frå låginntektsfamiliar	49,2
Pilotforsøk for meir inkluderande praksis i barnehage, skule og SFO	1,4
Læringstilbod om 22. juli	5,0
Totalt	133,7

Handhevingsordninga for skulemiljøsaker

I 2022 vart det brukt 36 mill. kroner på handhevingsordninga for skulemiljøsaker. Det blei meldt inn 1 740 slike saker i 2022, ein auke på 408 saker frå 2021. Statsforvaltaren konkluderte med at aktivtetsplikta var broten i 94 pst. av sakene. Talet på saker til statsforvaltarane påverkar kor effektiv handhevingsordninga er. I 2022 har direktoratet jobba med fleire tiltak for å auke effektiviteten i saksbehandlinga. Det er tilført ytterlegare ressursar til saksbehandlinga, og saksbehandlingsrettleiaren til statsforvaltarane er oppdatert. Direkto-

ratet har òg identifisert nokre område i regelverket der endringar kan forenkle behandlinga.

Kompetanseutvikling for å skape gode barnehage- og skulemiljø

Utdanningsdirektoratet publiserte i 2022 to digitale kompetansepakkar om trygt og godt barnehage- og skulemiljø. Kompetansepakkane skal gi støtte til tilsette og leiarar i arbeidet med å utvikle kompetansen sin på det som bidreg til å fremje eit trygt og godt miljø, og førebygge vantrivsel og krenkingar.

10,6 mill. kroner gjekk til læringsmiljøprosjektet frå denne posten. Det er eit tilbod til barnehagar, skular og kommunar som ønsker å arbeide med eit trygt og godt skulemiljø, og som treng direkte støtte og rettleiing. I perioden 2020–22 har 18 kommunar med 19 barnehagar og 33 skular delteke. Våren 2022 starta ein ny pulje opp med 17 kommunar med 25 barnehagar og 28 skular.

Utdanningsdirektoratet arbeider med å oppdatere kunnskapsgrunnlaget om å skape eit trygt, godt og inkluderande læringsmiljø, og har kome til at det er særleg behov for oppdatert kunnskap kring vidaregåande opplæring.

Utdanningsdirektoratet delte ut Benjaminprisen, som blir administrert av Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter (HL-senteret).

Mobbeombod, program mot mobbing og partnerskap mot mobbing

I 2022 blei det nytta 9,6 mill. kroner til mobbeombodsordninga. Av desse gjekk 9 mill. kroner til fylkeskommunane og 0,6 mill. kroner til Læringsmiljøsentret ved Universitetet i Stavanger. Etter ei evaluering i 2020 er ordninga førebels vidareført ut 2024 i påvente av ei endeleg vurdering av korleis ordninga skal sjå ut i framtida. Tilrådingane frå Udir om ordninga kjem i november 2023.

I 2022 gjekk det 4 mill. kroner til antimobbe-program og læringsmiljøprogram. Midlane blei fordelte til tre programeigarar: Nasjonalt utviklingssenter for barn og unge, Universitetet i Stavanger og NORCE (Norwegian Research Centre).

I 2022 gjekk det 1,95 mill. kroner til Partnerskap mot mobbing, som består av regjeringa og 14 organisasjonar i oppvekst- og utdanningssektoren.

Dembra – Demokratisk beredskap mot rasisme og antisemittisme

Tiltaket omfattar rettleiing, kurs og nettbaserte ressursar for å førebygge ulike former for gruppebaserte fordømmar. Dembra blir koordinert av Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter (HL-senteret). 2 mill. kroner gjekk til Dembra for lærarutdannarar (Dembra LU), som omfattar kurstilbod til lærarstudentar, lærarar, skuleleiarar og andre tilsette i skulen. 10,5 mill. kroner gjekk til Dembra-arbeidet i grunnopplæringa. Læringsressursane dekkjer områda hatefulle ytringar, antisemittisme, rasisme, diskriminering av minoritetar og udemokratiske haldningar. I 2022

fekk også Dembra i oppdrag i å omsetje tekstar på dembra.no til sør- og lulesamisk. 1,2 mill. kroner vart løyvde til dette i samband med behandlinga av revidert nasjonalbudsjett, jf. Prop 115 S (2021–2022). Sjå óg omtale av Dembra i del III, kap. 8 Likestilling og arbeid mot diskriminering.

Gratis SFO for elevar frå låginntektsfamiliar

Målet med ordninga for skuleåret 2022–23 var å kompensere kommunane for å gi eit gratis tilbod om heiltidsplass på 1. trinn for elevar frå familiar med låg inntekt. Av 143 kommunar som søkte, fekk totalt 60 kommunar tilskot til å dekke gratis heiltidsplassar i SFO i skuleåret 2022–2023. Ordninga for elevar frå låginntektsfamiliar vert avvikla frå hausten 2023, fordi det hausten 2022 vart innført 12 timar gratis SFO for alle 1.-klassingar, og denne ordninga gjeld også alle 2.-klassingar frå hausten 2023. Ordninga med 12 timar gratis er ei universell ordning som gjeld alle elevar uavhengig av inntekta til foreldra. Sjå nærare omtale om foreldrebetaling i SFO under hovudinnleiinga til 07.20.

Pilotforsøk for meir inkluderande praksis i barnehage, skule og SFO

Tiltaket består av to delar. I del 1 i 2022 gjekk 0,94 mill. kroner til følgeforskning av pilotforsøk for meir inkluderande praksis i barnehage, skule og SFO i fem kommunar. Konsulentfirmaet ideas2evidence i samarbeid med Høgskolen i Østfold har hatt oppdraget. Pilotprosjektet blei avslutta i mars 2023. Del 2 blir leia av NTNU Samfunnsforskning, og i 2022 gjekk 0,5 mill. kroner til utprøving og forskning på ein modell for meir inkluderande praksis der PP-tenesta jobbar tettare på barnehagar og skular (2021–26).

Læringstilbod om 22. juli

Det europeiske Wergelandsenteret fekk tilskotet, som blei brukt til å gi fleire elevar og lærarar høve til å delta i opplæringstilbodet om 22. juli og demokratisk medborgarskap. Tilbodet er utvikla av 22. juli-senteret, Utøya AS og Wergelandsenteret.

Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg, slik at alle får utvikla potensialet sitt

I 2022 blei det over denne posten brukt 21,9 mill. kroner til tiltak som støttar opp under målet.

Tabell 4.10 Oversikt over løyvingar på kap. 226, post 21 til tiltak for å støtte målet om at alle får utvikla potensialet sitt

Tiltak	(i mill. kr) Rekneskap 2022
Områdesatsingane i Groruddalen og Oslo sør	10,5
Symjeopplæring	9,0
Etatssamarbeidet om betre oppfølging av utsette barn og unge	1,6
Innovasjonsordninga Eit lag rundt eleven	0,8
Totalt	21,9

Områdesatsing i Groruddalen og Oslo sør

Midlane går til prosjekt innanfor barnehage og skule i områdesatsingane i Groruddalen (10 mill. kroner) og Oslo sør (0,5 mill. kroner). Målet med områdesatsingane, som er eit samarbeid mellom stat og kommune, er å betre miljø, butilhøve og levekår i eit geografisk avgrensa område. Eit delmål på opplæringsfeltet er at fleire elevar skal gjennomføre grunnopplæringa. Områdesatsingane er vedtekne til 2027, jf. Prop. 1 S (2023–2024) for Kommunal- og distriktsdepartementet.

Symjeopplæring

Målet med tiltaket er å gi nykomne minoritetspråklege barn, unge og vaksne i grunnskuleopplæringa meir og betre symjeopplæring og dermed redusere risikoen for ulykker. Ordninga kunne også omfatte andre elevar som ikkje kan symje, eller som ikkje har fått delteke i den ordinære symjeundervisninga. I 2022 blei det nytta 8 mill. kroner.

I tillegg blei det i 2022 nytta 1 mill. kroner til å støtte symjeopplæring for elevar i grunnskulen, mellom anna nettsida svømmedyktig.no og ferdigheitsprøva i symjing.

Etatssamarbeidet om betre oppfølging av utsette barn og unge

I 2022 har 1,6 mill. kroner gått til å drifte etatssamarbeidet. Det er eit samarbeid mellom 13 etatar

om betre oppfølging av utsette barn og unge og familiane deira, gjennom betre samarbeid mellom sektorar og tenester.

Innovasjonsordninga Eit lag rundt eleven

Utdanningsdirektoratet tildelte midlar til satsinga Eit lag rundt eleven for å undersøke effektar av systematisk satsing på tverrfagleg kompetanse gjennom to forskingsprosjekt.

Begge prosjekta leverte sluttrapportar i 2020, og NIFUs oppfølgingsrapport kom i 2021, og AFI ved OsloMet leverte rapport i 2022. Resultata viser ingen målbar effekt på læringsmiljøet eller læringsresultata, men samtidig viser forskinga at tiltaka kan ha positiv innverknad på elevane dersom skulen får til god implementering, nok tid, god forankring og god samarbeidskultur. God leiding og nok ressursar er òg avgjerande for å bygge eit god lag rundt eleven.

Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse

I 2022 blei det over denne posten brukt 665,9 mill. kroner til tiltak som støttar opp under målet om at dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse. Mesteparten av midlane til vidareutdanning blei løyvde over kap. 226, post 22 Vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar, sjå meir omtale der.

Tabell 4.11 Oversikt over løyvingar på kap. 226, post 21 til tiltak for å støtte målet om høg kompetanse

Tiltak	(i mill. kr) Rekneskap 2022
Desentralisert ordning for kompetanseutvikling	268,0
Nye karrierevegar for lærarar (lærarspesialistar)	142,4
Yrkesfaglærarløftet inkl. yrkesfaglærer 2	113,0
Kompetanseløft i spesialpedagogikk og inkluderande praksis	113,8
Vidareutvikling av undervegs- og sluttvurdering	17,4
Rettleiing av nyutdanna nyttilsette lærarar	9,6
Fagleg råd for lærarutdanningane 2025	1,2
Kvalitetsutvikling SFO	0,5
Totalt	665,9

Desentralisert ordning for kompetanseutvikling

Totalt 268 mill. kroner blei løyvde til desentralisert ordning for kompetanseutvikling i 2022. 242 mill. kroner blei fordelte til statsforvaltarane i alle fylka etter lærarårsverk og nytta til ulike kompetansetiltak etter prioritering i dei fylkesvise samarbeidsforuma. Skuleeigarar, universitet og høgskular samarbeider om innhald og organisering. 20,4 mill. kroner blei nytta til administrasjonen av ordninga internt i statsforvaltarembeta. Dei resterande midlane blei nytta til samarbeid og koordinering med universitets- og høgskulesektoren og noko til administrasjon.

Årsrapportane frå statsforvaltarane viser at det framleis er utfordringar med ordningane. Embeta har i 2022 vidareført arbeidet med å skape felles forståing for dei nye retningslinjene, få på plass langsiktige planar og skape felles forståing for roller, ansvar og intensjonar med tilskotsordninga. Statsforvaltarane rapporterer om at mange skular deltek i ordninga, både offentlege og private.

Inkluderande barnehage- og skulemiljø, arbeid med læreplanverk og inkludering og spesialundervisning er område som er prioriterte for kompetanseutvikling i grunnskulen. I vidaregåande opplæring er det vurderingspraksis, arbeid med nytt læreplanverk og leiing av skulebasert kompetanseutvikling som peikar seg ut som prioriterte område.

Karrierevegar for lærarar (lærarspesialistar)

Piloten er gradvis avvikla. Lærarar som var i funksjon skuleåret 2021–22, fekk høve til å fullføre, og

lærarar som hadde starta på lærarspesialistutdanninga, fekk høve til å fullføre utdanninga. Våren 2022 var 1 633 lærarar i funksjon som lærarspesialistar innanfor 11 fag og fagområde, og totalt 457 lærarar studerte ved ulike lærarspesialistutdanningar. Regjeringa vil utvikle ei ny ordning for karrierevegar i tett samarbeid med partane. Dette vil inngå i arbeidet med å utvikle eit nytt system for kompetanse- og karriereutvikling for lærarar og andre tilsette i barnehage og grunnopplæring. Sjå nærare omtale i kategoriinnleiinga

Yrkesfaglærarløftet

Studieåret 2022–23 kunne yrkesfaglærarar søke på 25 vidareutdanningstilbod ved ni universitet og høgskular. Totalt 324 yrkesfaglærarar fekk tilbod om å delta studieåret 2022–23, og det blei i 2022 nytta 61 mill. kroner til vikar- og stipendmidlar og til studieplassar.

I tilskotsordninga for lokal kompetanseutvikling i fag- og yrkesopplæringa og Yrkesfaglærer 2-ordninga blei til saman 50 mill. kroner fordelte til fylkeskommunane og nytta til ulike kompetansetiltak etter prioritering i dei fylkesvise samarbeidsforuma. Skuleeigarar, arbeidslivet og tilbydarane av kompetanseutvikling samarbeider om innhald og organisering. 1 mill. kroner blei nytta til koordinering av eit nasjonalt nettverk for fylkeskommunane i ordningane. Deltakinga til yrkesfaglærarane i hospiteringsordninga auka med 50 pst. frå 2021, medan talet på instruktørar og faglege leiarar som deltok i ordninga, gjekk monaleg ned. Det var òg ein auke i deltakinga i Yrkesfaglærer 2-ordninga.

Kompetanseløft i spesialpedagogikk og inkluderende praksis

Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderende praksis blei sett i gang hausten 2020 og er ei oppfølging av Meld. St. 6 (2019–2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*. Målet er å bygge kompetanse, både hos PP-tenesta, hos tilsette i barnehagar og skular og i heile støttesystemet i laget rundt barna og elevane, slik at alle barn og unge, uavhengig av føresetnader, skal få høve til utvikling, meistring, læring og trivsel.

Hovuddelen av kompetanseløftet er tilskot til lokal kompetanseutvikling med utgangspunkt i lokale behov. Kompetanseutviklinga skal skje i partnerskap med universitet eller høgskule. I 2022 blei det fordelt 109 mill. kroner til partnerskap mellom kommunar og universitet eller høgskule. Over 280 kommunar tek del i partnerskapane, enten åleine eller i nettverk med andre kommunar. Partnerskapane omfattar både offentlege og private eigarar, og det er ein føresetnad at PP-tenesta er inkludert i arbeidet.

I tillegg blei det brukt 4,4 mill. kroner til å utvikle nettbaserte støtteressursar og kompetansepakke for inkluderende praksis. Nye nettsider om inkludering og spesialpedagogikk blei publiserte hausten 2022, det same blei kompetansepakka «Inkluderende praksis».

Spesialpedagogikk og inkludering er høgt prioritert som kompetanseområde både i barnehagar og i skular. Barnehage- og skuleeigarar har vurdert kompetansebehova på dette området, og mange er no i gang med konkrete kompetansetil-tak. I 2022 var det også ein auke i talet som fekk tilbod om vidareutdanning i spesialpedagogikk, sjå omtale under kap. 226, post 22.

Vidareutvikling av undervogs- og sluttvurdering

Vidareutviklinga av undervogs- og sluttvurdering som følge av fagfornyinga heldt fram. 10 mill. kroner blei nytta til utprøving av endringar i eksamensordninga, og 7 mill. kroner blei nytta til digitale vurderingsverktøy i sluttvurderinga.

Rettleiing av nyutdanna nyttilsette lærarar

I 2022 gjekk det 9,6 mill. kroner i stimuleringsmidlar til rettleiing av nyutdanna nyttilsette lærarar i barnehage og skule, midlar som universitet og høgskular søkte på. I tillegg blei det nytta 5,7 mill. kroner over kap. 231 Barnehagar, post 21. 17 universitet og høgskular gav tilbod om rettleiing til barnehagar og skular. Tiltaket inkluderte òg informasjonstiltak og nettverksarbeid mellom barnehage- og skuleeigarar og lærarutdanningsinstitusjonane for at fleire nyutdanna nyttilsette lærarar skulle få rettleiing. Sjå også omtalen av midlar løyvde over kap. 226, post 61 Tilskotsordning til rettleiing for nyutdanna nyttilsette lærarar.

Fagleg råd for lærarutdanning 2025

I 2022 blei det brukt 1,2 mill. kroner på drift av Fagleg råd for lærarutdanning 2025. Rådet blei etablert i 2018, og Utdanningsdirektoratet har sekretariatsansvaret. Rådet skal utarbeide fagleg funderte analysar og råd til bruk i oppfølginga av strategien *Lærarutdanning 2025: nasjonal strategi for kvalitet og samarbeid i lærarutdanningane*. Sjå òg omtalen under kap. 275 Tiltak for høgare utdanning og forskning, post 21.

Kvalitetsutvikling SFO

I 2022 blei det brukt 0,53 mill. kroner til utvikling av støtte- og rettleiingsmateriell til nasjonal rammeplan for SFO. Førebelse resultat frå ei undersøking blant tilsette og leiarar i samband med kartlegging av innføringa av ny rammeplan, viser ei positiv vurdering av støttemateriellet frå Utdanningsdirektoratet.

Alle lykkast i opplæringa og utdanninga

I 2022 blei det brukt 832,2 mill. kroner over denne posten til tiltak som støttar opp under målet.

Tabell 4.12 Oversikt over løyvingar på kap. 226, post 21 til tiltak for å støtte målet om at alle skal lykkast i opplæringa

Tiltak	(i mill. kr) Rekneskap 2022
Tiltak for å motverke negative konsekvensar av covid-19-pandemien	291,0
Fornyng av innhaldet i skulen, nye læremiddel i samband med fagfornyng og læreplanforvaltning	175,2
Den teknologiske skulesekken	112,0
Forsking, evalueringar, brukarundersøkingar og data for vurdering av kvalitet i skulen	98,4
Kompetansetiltak om psykisk helse i skulen	0,7
Oppfølgingsordninga	44,4
Forsøk med ulike ordningar for å stimulere til investeringar i utstyr i yrkesfaga	18,2
Tilskot til skulebibliotek og lesestimulering	17,6
Venneslabrua – frå ungdomstid til arbeidsliv	2,5
Tiltak for betre opplæring i realfag	15,7
Tiltak for minoritetsspråklege elevar og nasjonale minoritetar	16,6
Styrkt tilbod for ukrainske born, unge og vaksne	10,0
Samisk fjernundervisning og oppgradering av system for opptak	6,5
Digilær.no – nasjonal plattform for nettbasert undervisning	8,4
Lektor 2-ordninga for realfag	9,0
Tilskot til produksjonsskular	6,0
Totalt	832,2

Tiltak for å motverke negative konsekvensar av covid-19-pandemien

291 mill. kroner gjekk til kommunar, fylkeskommunar og private skular for tiltak retta mot sårbare barn og unge og for tiltak for å motverke negative konsekvensar av pandemien. 216 mill. kroner var retta mot sårbare barn og unge, og 75 mill. kroner var for å motverke negative konsekvensar av pandemien.

Fornyng av innhaldet i skulen, nye læremiddel i samband med fagfornyng og læreplanforvaltning

I 2022 blei det utbetalt 100 mill. kroner i tilskot til kommunane til nye læremiddel i samband med fagfornyng. Stortinget løyvde også 40 mill. kroner i Prop. 78 S (2021–2022) til å etablere ei tilskotsordning for å utvikle pedagogisk barnehagemateriell og læremiddel på ukrainsk (og russisk ved behov). I tilskotsordninga vart det nytta

31,2 mill. kroner i 2022. Ressursane og læremidla er ferdig utvikla.

Det vart i tillegg nytta 15,6 mill. kroner til å utvikle digitale læremiddel på samisk.

Om lag 12,5 mill. kroner blei nytta til kvalitets-sikring og kvalitetsutvikling av eksamen.

Det blei vidare nytta om lag 10,6 mill. kroner til læreplanforvaltning i 2022. Dette blei nytta til tiltak knytte til innføring av læreplanar, den digitale læreplanvisninga, utvikling av modulstrukturerede læreplanar for vaksne i 13 lærefag og kompetansepakkar for å støtte forståing og bruk av læreplanverket. 2 mill. kroner gjekk til vedlikehold, oppdatering og drift av språkløyper.no og realfagsløyper.no.

I tillegg blei om lag 5,3 mill. kroner nytta til kartleggingsverktøyet i grunnleggande norsk for språklege minoritetar i skulen. Verktøyet er no digitalisert og laga som ei støtte til lærarar. Verktøyet blir vidareutvikla i 2024.

Den teknologiske skulesekken

I 2022 blei det tildelt 60 mill. kroner til innkjøp av digitale læremiddel. Ordninga skal stimulere kommunar og fylkeskommunar til innkjøp av digitale læremiddel. I tillegg vart det nytta 20,1 mill. kroner på tilskotsordningar til kommunane og 10 mill. kroner til vitensentra til kompetanseheving i programmering for elevar og lærarar, 12,5 mill. kroner til vidareutvikling av kundeportalen og 9,1 mill. kroner til utgreiing, forvaltning av tiltaka i Den teknologiske skulesekken m.m.

Forskning og undersøkingar for vurdering og utvikling av kvalitet i skulen

I 2022 gjekk det 30 mill. kroner til ei rekke forskings-, kartleggings- og evalueringsoppdrag. Døme på prosjekt er evaluering av fagfornyinga, evaluering av lærarnorma og evaluering av ny kompetansemodell – desentraliserte ordningar for skule og yrkesfag. I tillegg blir det gjennomført spørjeundersøkingar i Skule-Noreg kvar vår og haust.

I 2022 blei det nytta 34 mill. kroner til internasjonale studiar. Noreg deltek regelmessig i desse trendstudiane, som blir gjennomførte kvart tredje, fjerde eller femte år:

- PISA – Programme for International Student Assessment
- TIMSS – Trends in International Mathematics and Science Study
- ICCS – International Civic and Citizenship Education Study
- ICILS – International Computer and Information Literacy Study
- PIRLS – Progress in International Reading Literacy Study

I tillegg deltek Noreg i TALIS – Teaching and Learning International Survey.

Utgiftene til studiane varierer frå år til år alt etter kvar i syklusen studien er. Resultata frå studiane gir høve til å følge utviklinga i skulen sett i ein internasjonal samanheng og til å følge utviklinga i viktige fag, evner og haldningar over tid.

I 2022 gjekk det 11,4 mill. kroner til statistikk og indikatorutvikling. Det er sentrale element for arbeidet med kvalitet i skulen. Midlane blir nytta til å produsere statistikk og analysar om grunnopplæringa, til dømes statistikk om grunnskulen gjennom GSI (Grunnskuleinformasjonssystem). Midlane blir òg nytta til å vidareutvikle formidling av statistikk og analyse, med vekt på god brukarforankring. Døme på dette er analy-

sebreitt, analysenotat, samarbeid mellom velferdsdirektorat om oppvekstprofilar og Utdanningssektoren. Internasjonalt OECD/NESLI-arbeid inngår òg i denne posten.

Det blei òg nytta 2,6 mill. kroner til å utvikle ny teknisk løysing for å innhente informasjon frå barnehage og grunnskule.

Det blei nytta 19,1 mill. kroner til ulike brukarundersøkingar. Av desse midlane blei 16,6 mill. kroner brukt på ny teknisk løysing for brukarundersøkingar, medan dei resterande midlane, 2,5 mill. kroner, blei nytta til å drifte brukarundersøkingane. Vidare vart det nytta 1,2 mill. kroner til kvalitetsvurderingssystemet.

Kompetansetiltak om psykisk helse i grunnskulen og vidaregåande opplæring

Utdanningsdirektoratet tildelte i 2021 32,7 mill. kroner til tilskotsordning for psykisk helse i grunnskule og vidaregåande opplæring. I 2022 gjekk 0,7 mill. kroner til følgeforskning av prosjektet og til eit webinar for mottakarane av tilskotsordninga. Følgeforskninga vert avslutta i 2024.

Oppfølgingsordninga

Oppfølgingsordninga blei etablert med bakgrunn i Meld. St. 21 (2016–2017) *Lærelyst – tidleg innsats og kvalitet i skolen*. Målet med ordninga er å gi støtte og rettleiing til kommunar som er under den nedre grensa for kvalitet på sentrale område av opplæringa.

I 2022 blei det nytta 39 kommunar identifiserte til oppfølgingsordninga og starta opp arbeidet. Samstundes var kommunane som blei identifiserte i 2020, i gang med si gjennomføringsfase med ulike tiltak med sikte på betre kvalitet i opplæringa. Statsforvaltarane følger opp alle kommunane som er med i ordninga. I 2022 blei det nytta 44,4 mill. kroner til å støtte og rettleie kommunane i ordninga.

Forsøk med ulike ordningar for å stimulere til investeringar i utstyr på yrkesfaga

I 2022 blei det utbetalt 17,2 mill. kroner til fylkeskommunane til forsøk med ulike ordningar for å stimulere til investeringar i utstyr i yrkesfaga, medan 1 mill. kroner blei nytta til effektforskning. Formålet med tilskotet er å bidra til betre utstyr i dei yrkesfaglege utdanningsprogramma, samstundes som forskinga skal undersøke kva verknader tilskotet har på fylkeskommunale investeringar i utstyr. Oslo Economics og Samfunns- og næringslivsforskning AS publiserte ein rapport i august i

år. Rapporten peikar mellom anna på at det er usikkert kva for langsiktig effekt tilskotet som blei gitt i samband med forsøket, vil ha.

Tilskot til skulebibliotek og lesestimulering

Tiltaket er forankra i *Nasjonal bibliotekstrategi 2020–2023 – Rom for demokrati og dannelse*. Tiltaket gjeld ei tilskotsordning for kommunar som vil utvikle skulebiblioteka med tanke på lesestimulering.

Direktoratet tildelte 17,6 mill. kroner i 2022 i tilskot til kommunar og satsingane deira på skulebibliotek og lesestimulering. Tilskotsordninga blei evaluert i 2021, og ein rapport blei publisert på nyåret 2022. Evalueringa av tilskotsordninga viser at ho fungerer etter siktemålet. Ordninga har gitt elevar betre tilgang til skulebiblioteket, og dei les meir enn før. Elevane får også større eigarskap til biblioteket, og dei blir betre kjende med korleis eit bibliotek kan brukast som læringsarena, mellom anna gjennom auka elevmedverknad.

Venneslabrua – frå ungdomstid til arbeidsliv

Det blei gitt 2,5 mill. kroner til Agder fylkeskommune til prosjektet Venneslabrua – frå ungdomstid til arbeidsliv, som blir gjennomført i perioden 2019–23.

Tiltak for betre opplæring i realfag

I 2022 var det seks talentsenter for elevar med stort læringspotensial i matematikk, naturfag og teknologi. Talentsentera er lagde til seks av viten-sentera.

Matematikkssenteret arrangerte ei nettverksamling hausten 2022 for kompetansmiljø som arbeider med matematikkvanskar. Samlinga er eit tiltak for å bygge opp eit sterkt kompetansmiljø om matematikkvanskar i Noreg.

Tiltak for minoritetsspråklege elevar og nasjonale minoritetar

3,1 mill. kroner blei nytta til stipend for minoritetsspråklege lærarar og rettleiing innanfor minoritetsfeltet.

Det blei nytta 1,4 mill. kroner til utvikling av læremiddel i kvensk eller finsk som andrespråk og til kompetansehevingstiltak for lærarar i faget i regi av Statsforvaltaren i Troms og Finnmark. 1,1 mill. kroner blei nytta til nasjonale minoritetar, midlar som mellom anna gjekk til utvikling av digitale læringsressursar på digilær.no i kvensk eller finsk

som andrespråk, og til motivasjonsfilmar for å få fleire elevar til å velje faget og til å halde fram med opplæring i språka. Midlane vart òg nytta til eit førskuletilbod for barn med romsk bakgrunn i regi av Språksenteret i Oslo kommune. I tillegg blei det nytta 2,0 mill. kroner til tiltak i grunnskuleopplæringa for romar i Lørenskog.

9 mill. kroner gjekk til *Fleksibel opplæring*. Tilbodet blei gitt av Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring (NAFO) ved OsloMet. NAFO leverer nettbasert tospråkleg fagopplæring i matematikk og naturfag på 8.–10. trinn på arabisk, somali og tigrinja. Målgruppa er ungdomsskuleelevar, elevar i innføringstilbod i vidaregåande opplæring, kombinasjonsklassar og vaksenopplæringa. Begynnaropplæring i engelsk med støtte på arabisk blei prøvd ut i utvalde skular frå skulestart 2021, og fire skular deltok. Begynnaropplæring i engelsk med støtte på morsmålet blei pilotert skuleåret 2022–23, og om lag 20 elevar deltok. Frå hausten 2023 blir grunnleggande engelsk eit fast tilbod på arabisk, somali og tigrinja.

Styrkt tilbod for ukrainske barn, unge og vaksne

På grunn av krigen i Ukraina og mange nykomne barn og unge i Noreg, fekk Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring (NAFO) ved OsloMet 10 mill. kroner i tilleggsproposisjon Prop. 78 S (2021–2022) for å tilpasse og styrke tilbodet til ukrainske barn, unge og vaksne. Midlane gjekk mellom anna å utvide *Fleksibel opplæring* og utvikle digitale ressursar på ukrainsk (og russisk der det manglar). NAFO har tilsett tospråklege ukrainske lærarar og utvikla tospråkleg opplæring i grunnleggande norsk på ukrainsk. Så langt har 450 elevar fått bruke tilbodet, som blir gitt frå 5. trinn til vidaregåande opplæring. NAFO har også vidareutvikla morsmål.no, skolekassa.no og Bilde-tema slik at desse ressursane no finst både på ukrainsk og på russisk. Dei jobbar òg med å utvikle LEXIN ordbok på ukrainsk, og held webinar og fagdagar for barnehagelærarar, lærarar, skuleleiarar og skuleeigarar om temaet mottak og opplæring av nykomne.

Digilær.no – nasjonal plattform for nettbasert undervisning

8,4 mill. kroner gjekk til å utvikle og drifte digilær.no. I 2022 blei mykje arbeid lagt ned i å oppgradere plattform, server, operativsystem, databasar og applikasjonar. Oppgraderinga fører til betre tryggleik, enklare vedlikehald og betre kvalitet i dei følgjande åra.

Gjennom digilær.no blei det i 2022 gitt tilbod i følgande fag av ulike fagmiljø:

- Tospråkleg opplæring i grunnleggande norsk på ukrainsk
- Begynnaropplæring engelsk for arabisktalende
- Tospråkleg fagopplæring i naturfag og matematikk (tigrinja, arabisk, somali)
- Forsering i matematikk 1T
- Pilotar i kvensk, finsk, sørsamisk og lulesamisk

Desse tilboda er utvikla og etablerte innanfor fagområda der skuleeigaren ikkje klarer å gi denne opplæringa lokalt.

Midlane inkluderer forsering i matematikk 1T, der læringsinnhaldet er oppdatert i samsvar med teknologiutviklinga. Elevtalet var om lag 300, og undervisninga blei levert av dei fylkeskommunale nettskulane, Nettskulen i Nordland og Nettskulen Vestfold.

Samisk fjernundervisning og opptakssystemet for samisk vidaregåande opplæring

Til samisk fjernundervisning blei det til saman nytta 6,5 mill. kroner:

- 2,1 mill. kroner til fjernundervisning i sørsamisk
- 1,6 mill. kroner til fjernundervisning i lulesamisk
- 1,5 mill. kroner til fjernundervisning i nordsamisk

1,8 mill. kroner blei nytta til å oppgradere systemet for opptak til dei samiske vidaregåande skulane, slik at dette er samkøyrte med opptaket i Troms og Finnmark fylkeskommune. I tillegg blei det nytta noko midlar til digital teknologi og støttefunksjonar i fylkeskommunen.

Lektor 2 for realfag

Lektor 2 for realfag skal bidra til at skular og næringsliv knyter tettare band, og at næringslivets kompetanse kan nyttast i opplæringa. Lektor 2 for realfag skal òg bidra til auka relevans i opplæringa og auka rekruttering til realfaga. I skuleåret 2022–23 deltok 167 skular, og av dei deltok 42 for første gong. 100 ungdomsskular og 65 vidaregåande skular deltok, i tillegg til to barneskular finansierte av Olje- og energidepartementet. Frå 2023 er det sett i verk ei gradvis avvikling av tiltaket.

Produksjonsskular

Tilskotet blei utbetalt til Vestland fylkeskommune og gjekk til produksjonsskulane i fylket.

Andre tiltak

I 2022 blei det brukt 113,5 mill. kroner til andre tiltak som støttar opp under målet for posten, jf. tabell 4.13.

Tabell 4.13 Andre tiltak finansierte over løyvinga på kap. 226, post 21

Tiltak	(i mill. kr) Rekneskap 2022
Auka bemanning på skular i område med levekårsutfordringar	15,0
Samiske læremidler og fagfornyelsen	15,0
Ny tilbodsstruktur i fagopplæringa	3,8
Kvite bussar og aktive fredsreiser	4,0
Tilskot til Stiftelsen Lenken	2,0
Tilskot til Stiftelsen 10. august	4,0
Tilskot til Eidsvoll 1814 – demokratinettstaden Min Stemme	1,0
Universitetet i Oslo – arrangement av OL i matematikk	16,7
Tilskot til støttegruppa etter 22. juli	2,5
Diverse tiltak (forvaltning av tiltak, utvalsarbeid m.m.)	49,5
Totalt	113,5

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 1,3 mrd. kroner på posten til ulike tiltak for kvalitetsutvikling i grunnopplæringa.

Departementet foreslår følgende flyttingar av midlar til og frå posten:

- 12,3 mill. kroner frå posten til kap. 226, post 71 til ordninga med talentsenter for realfag. Sjå omtalen av vidareutvikling av ordninga under denne posten
- 10 mill. kroner til forskning på digitalisering til posten frå kap. 201, post 21
- 1 mill. kroner til Min Stemme / Eidsvoll 1814 frå posten til kap. 328, post 70 under Kultur- og likestillingsdepartementet
- 1,52 mill. kroner frå posten til kap. 1620, post 01 under Finansdepartementet for finansiering av offisiell statistikk i SSB i samband med nytt statistikkprogram
- 1,4 mill. kroner frå posten til kap. 846, post 21 under Barne- og familiedepartementet for del-finansiering av digiung.no og ung.no

- 0,75 mill. kroner frå posten til kap. 200, post 01 som følge av auka oppgåver knytt til tryggleik og beredskap i departementet.

Departementet foreslår at fleire tiltak på posten blir fasa ut frå 2024. Det gjeld:

- 25 mill. kroner på grunn av avviklinga av lærar-spesialistordninga
- 36,3 mill. kroner som følge av at tilskotsordninga med gratis SFO for barn i låginntektsfamiljar vart avvikla frå hausten 2023. Det er innført ei nasjonal ordning med 12 timar gratis SFO for alle på 1. og 2. trinn og ei eiga moderasjonsordning for barn i låginntektsfamiljar

Nedanfor følger omtale av større tiltak og viktige prioriteringar og endringar innanfor løyvingsforslaget. Departementet vil ved behov omdisponere midlar mellom dei ulike satsingane på posten.

Departementet foreslår ei tilsegnfullmakt på 10 mill. kroner på posten, jf. forslag til vedtak III nr. 1.

Tabell 4.14 Budsjettforslag for 2024, kap. 226, post 21

		(i mill. kr)
Type tiltak	Kort om tiltaket	Beløp
Desentralisert ordning for kompetanseutvikling	Utdanningsdirektoratet forvaltar ordninga og samarbeider tett med statsforvaltarembeta i alle fylke om vidareutvikling av praksis knytt til ordninga.	260
Kompetanseløftet i spesialpedagogikk og inkluderande praksis i barnehage, skule, PPT og eventuelt andre tenester	Arbeidet blei starta i 2020, og ordninga er gradvis styrkt kvart år. 160 mill. kroner i 2024 svarer til ei styrking på 10 mill. kroner frå 2023. Målet er å bygge kompetanse, både hos PP-tenesta, hos tilsette i barnehagar og skular og i heile støttesystemet i laget rundt barna og elevane.	160
Tilskotsordning for utstyr og læringsarenaer på 5.–10.trinn	Midlane skal gå til ei tilskotsordning for utstyr og læringsarenaer, for meir praktisk, variert og relevant læring i skulen.	127
Yrkesfaglærarløftet	Dette omfattar yrkesfaglærer 2-ordninga. Forslaget er ein auke på 10 mill. kroner frå 2023.	120
Handhevingssordninga i skulemiljøsaker	Midlane skal medverke til å nå målet om ei effektiv og rettsikker ordning. Løyvinga er auka med 10 mill. kr, både for å styrke det forebyggjande arbeidet embeta gjer for å støtte og rettleie skulane og kommunane med å utvikle trygge skulemiljø, og for å få ned tida for saksbehandlinga i skulemiljøsaker.	55

Tabell 4.14 Budsjettforslag for 2024, kap. 226, post 21

		(i mill. kr)
Type tiltak	Kort om tiltaket	Beløp
Betre læringsmiljø	Dette omfattar ulike tiltak for å sikre eit betre læringsmiljø, herunder læringsmiljøprosjektet, ordninga med fylkesvise mobbeombod for barnehagar og skular, partnerskap mot mobbing m.m. Løyvinga er styrka med 25 mill. kroner. Midla skal gå til ein pakke som skal bidra til auka kompetanse i sektoren, slik at fleire elevar får eit trygt og godt skulemiljø og mobbeta går ned.	53,2
Strategi for digital kompetanse og infrastruktur i barnehage og skule	Løyvinga er auka med 34 mill. kroner. Av desse skal 15 mill. kroner gå til å utgreie og etablere felles støtte-tenester for å betre regelverksetterlevinga, og 10 mill. kroner skal gå til å utvikle dei digitale fellesløysingane i skulesektoren. I tillegg skal 5 mill. kroner gå til å styrke kunnskapsgrunnlaget gjennom å etablere eit koordinert forskingsprogram. 4 mill. kroner vil gå til risikoreduserande tiltak i eksamensgjennomføringa. Sjå også omtale under kap. 220, post 70 og kap. 220, post 01.	79
Eksamen og vurdering	Tildelinga til tiltaka er auka med 15 mill. kroner. Midla skal gå til å trygge eksamensgjennomføringa og vareta vidare utvikling av feltet.	35
Oppfølgingsordninga	Kommunar som er med i ordninga, får støtte og rettleiing, tilpassa dei lokale utfordringane. Eit nytt opptak til ordninga er utsett til 2025 i påvente av oppfølginga av NOU 2022: 13, noko som fører til ei nedskalering samanlikna med 2023.	34
Tilskotsordning skulebibliotek og lesestimulering	Ordninga blir styrkt med 5 mill. kroner i 2024. Styrkinga skal særleg rettast mot levekårsutsette område.	30
Tiltak for leseferdigheiter og lesemotivasjon	Midlane skal bidra til å auke leseferdigheiter og lesemotivasjon blant barn og unge.	17,5
Tiltak for å gi betre bemanning og høgare kompetanse i barnehage og skule for å kunne ta hand om nykomne barn, unge og vaksne	Dette er ei vidareføring av midlar tildelte i samband med behandlinga av revidert nasjonalbudsjett for 2023 og inkluderer mellom anna vidareutdanningstilbod og utviding av fleksibel opplæring.	20,9
Auka bemanning på skular i levekårsutsette område	Dette vidarefører ordninga som blei oppretta ved behandlinga av revidert nasjonal budsjett for 2022.	15
Dembra	Tiltaket blir koordinert av Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter (HL-senteret), som mottok desse midlane.	14,5
Digilær.no – nasjonal plattform for nettbasert undervisning	Midlane går til drift og utvikling av digilær.no.	12,5

Tabell 4.14 Budsjettforslag for 2024, kap. 226, post 21

		(i mill. kr)
Type tiltak	Kort om tiltaket	Beløp
Samisk fjernundervisning og samiske læremiddel	Dette inkluderer 5 mill. kroner til samisk fjernundervisning som blir tildelt Udir, og 6 mill. kroner til samiske læremiddel i fagfornyninga som blir tildelt Sametinget. I tillegg er det sett av 3 mill. kroner til eit prosjekt som skal forbetre kvaliteten på fjernundervisninga.	14
Symjeopplæring	10 mill. kroner er tilskot til symjeopplæring for nykomne minoritetsspråklege elevar. 1 mill. kroner går til å støtte symjeopplæring for elevar i grunnskulen, mellom anna nettsida svømmedyktig.no og ferdigheitsprøva i symjing.	11
Auka kompetanse hos tilsette i SFO	Løyvinga skal bidra til betre implementering av ny rammeplan for SFO og til at kompetansen blant dei tilsette ved SFO blir styrkt.	10
Områdesatsing i Groruddalen og Oslo sør	Midlane skal gå til prosjekt innanfor barnehage og skule i områdesatsingane i Groruddalen (10 mill. kroner) og Oslo sør (0,5 mill. kroner). Målet med områdesatsingane, som er eit samarbeid mellom stat og kommune, er å betre miljø, butilhøve og levekår.	10,5
Fleksibel opplæring	Tilbodet gir opplæring over nettbaserte løysingar for minoritetsspråklege elevar med rett til tospråkleg fagopplæring.	9
Rettleiing av nyutdanna nytilsette lærarar i barnehage og skule	Løyvinga går til universitet og høgskular etter søknad. Ho må sjåast i samanheng med midlar løyvde over kap. 231, post 21.	7,5
Sikre tilbod om små og spesialiserte utdanningar innan spesialpedagogikk	Dette er ei videreføring av midlar tildelte i samband med behandlinga av revidert nasjonalbudsjett for 2023. Midlane blir tildelt NTNU og skal gå til å videreføre og vidareutvikle tilbodet i erfaringsbasert master i syns- og audio-pedagogikk.	5
Lektor 2-ordninga i realfag	Departementet foreslår ei gradvis avvikling av ordninga. Løyvinga blir derfor redusert med 5 mill. kroner i 2024.	2
Tilskot til læringstilbod om 22. juli	Wergelandsenteret er mottakar av tilskotet. Tilbodet er utvikla av 22. juli-senteret, Utøya AS og Wergelandsenteret. Det blir foreslått å auke tilskotet med 1,5 mill. kroner slik at fleire elevar og lærarar kan delta på tilbodet enn i dag.	6,5
Tilskot til støttegruppa etter 22. juli	Støttegruppa blei oppretta etter terrorangrepa i 2011 og jobbar for å fremje interessene til dei som blei ramma av terrorangrepa. Gruppa deltek òg i ei rekke forum med norske styresmakter og internasjonale aktørar. Tilskotet skal bidra til å styrke støttegruppa.	4,5
Tilskot til Stiftelsen 10. august	Tilskotet går til eit minne- og kunnskapssenter der skuleelevar, studentar og andre besøkande kan lære om terrorangrepet på Al-Noor Islamic Center i 2019 og hat og terror mot muslimar.	4,0

Tabell 4.14 Budsjettforslag for 2024, kap. 226, post 21

Type tiltak	Kort om tiltaket	Beløp (i mill. kr)
Gjennomgang av fag- og timefordelinga i vidaregåande opplæring	Departementet vil setje av midlar til arbeidet i Utdanningsdirektoratet med å gå gjennom fag- og timefordelinga i vidaregåande opplæring.	4
Tiltak retta mot nasjonale minoritetar	Arbeidet med å utvikle læremiddel i kvensk og finsk er styrkt med 4 mill. kroner. Løyvinga inkluderer også 2 mill. kroner til grunnskuleopplæring for romar i Lørenskog kommune.	8
Tilskot til Stiftelsen Lenken	Tilskotet skal støtte opp under arbeidet til stiftinga.	2
EU Kids Online	Det er sett av 0,5 mill. kroner på posten til UiO for gjennomføringa av den internasjonale EU Kids Online-undersøkinga i Noreg i 2024. Barne- og familiedepartementet tildeler 2 mill. kroner til same formål over sitt budsjett. Totalt er tildelinga til UiO til dette formålet 2,5 mill. kroner i 2024.	0,5
Anna	Departementet vil setje av om lag 110 mill. kroner på posten til arbeid med brukarundersøkingar, statistikk, forskning, evaluering og deltaking i internasjonale undersøkingar. Løyvinga dekkjer òg drift av nokre tidsavgrensa prosjekt, tiltak for å følge opp fagfornyninga, ny opplæringslov og utgifter til offentlege utval og ekspertutval som departementet har sett ned.	176,5
Totalt		1 308,6

Post 22 Vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar

Løyvinga finansierer satsinga på vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar, jf. *Kompetanse for kvalitet – strategi for vidareutdanning for lærere og skuleledere frem mot 2025 og revideringa av strategien i 2023*.

Løyvinga finansierer også rektorutdanning og modulbasert vidareutdanning for skuleleiarar. For tilsette i skulen som manglar lærarutdanning, er det stipendordningar for toårig praktisk-pedagogisk utdanning (PPU), praktisk-pedagogisk utdanning for yrkesfag (PPU-Y) og treårig yrkesfaglærarutdanning (YFL). Staten har også finansiert stipendmidlar for at skuleeigarar kan rekruttere personar utanfrå som ønsker å ta ei yrkesfaglærarutdanning for å jobbe i skulen, og stipendordning for minoritetsspråklege lærarar. I tillegg finansierer løyvinga tiltak for å betre rekrutteringa til lærarutdanningane og læraryrket i barnehage og skule.

Mål for 2024

Vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar, kvalifisering og rekruttering av lærarar skal bidra til god fagleg og pedagogisk kvalitet i grunnopplæringa. Dette skal føre til at elevane lærer meir.

Resultat i 2022

Vidareutdanning for lærarar

I 2022 blei det brukt 1,4 mrd. kroner til vidareutdanning for lærarar gjennom strategien *Kompetanse for kvalitet*. I skuleåret 2022–23 blei det gitt tilbod om vidareutdanning til over 5 600 lærarar, inkludert rettleiarutdanning. Det var ein nedgang i talet på lærarar som søkte og fekk tilbod om vidareutdanning i matematikk, engelsk og norsk, men det er framleis i desse faga flest lærarar får tilbod om vidareutdanning. Det var ein auke i talet på lærarar som fekk tilbod om vidareutdanning i spesialpedagogikk og i dei praktiske og estetiske faga.

Ei deltakarundersøking i 2022 viser at lærarar som har teke vidareutdanning, meiner at vidareutdanninga er relevant, har god kvalitet og bidreg til

auka refleksjon og engasjement, fagleg utbyte og endringar i undervisninga.

Rektorutdanninga og vidareutdanning for skuleleiarar

82,4 mill. kroner gjekk til rektorutdanninga og modulbasert vidareutdanning for skuleleiarar. I 2022 begynte 475 på rektorutdanninga og 434 på den modulbaserte vidareutdanninga for skuleleiarar, ei endring frå høvesvis 451 og 521 i 2021. Evalueringa av rektorutdanninga viser at deltakarane er svært nøgde med tilbodet. Dei opplever at utdanninga er relevant og har gitt stort læringsutbyte.

Tiltak for å rekruttere til lærarutdanningane og læraryrket

I 2022 gjekk 80 mill. kroner til kompetansetiltak for ikkje-kvalifisert undervisningspersonell. Det blei utbetalt 503 nye stipend til personar for studium på PPU, PPU-Y, YFL, studium for minoritetspråklege lærarar og studium for å fullføre lærarutdanninga. Av desse gjekk 91 stipend til å rekruttere personar utanfor skulen. Den andre halvparten av stipenda blei utbetalte til deltakarane i 2019 og 2020 etter fullførte studium.

I 2022 gjekk 6 mill. kroner til Høgskulen på Vestlandet (HVL) for å finansiere eit nasjonalt rekrutteringsprosjekt til lærarutdanningane og læraryrket i barnehage og skule, særleg retta mot å stimulere til auka mangfald og kjønnsbalanse. Prosjektet har ei kunnskapsbasert tilnærming og jobbar breitt med rekruttering. I 2022 henta prosjektet inn kunnskap om rekruttering til lærarutdanningane og om statusen til læraryrket. I alt er prosjektet finansiert med 22 mill. kroner over fire år. Regjeringa styrka òg forsøksordninga for at dei med påbegynt fireårig lærarutdanning kan fullføre utdanninga, med 4 mill. kroner.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 1,6 mrd. kroner på posten.

Løyvinga finansierer mellom anna vidareutdanningsplassar våren 2024 og gir rom for å tilby vidareutdanning til om lag 5 400 lærarar hausten 2024 innanfor ordninga Kompetanse for kvalitet. I 2024 er engelsk, matematikk, norsk, norsk teiknspråk og samisk prioriterte fag i vidareutdanningsordninga. I tillegg vil søknader frå tidlegare Finnmark fylke og søknader frå kommunar i oppfølgingsordninga bli prioriterte. Det er vidare sett

av eigne pottar til spesialpedagogikk og praktiske og estetiske fag.

Det er behov for fleire kvalifiserte lærarar i barnehagar og skular. 10 mill. kroner over posten skal gå til auka rekruttering til lærarutdanningane og læraryrket. Regjeringa vil styrke det nasjonale rekrutteringsarbeidet som blir koordinert av Høgskulen på Vestlandet og utført i samarbeid med barnehage- og skuleeigarar, universitet og høgskular, partane i sektoren og studentar. Dette er eit fleirårig og målretta arbeid med nasjonale og regionale tiltak for å få fleire lærarar i barnehage og skule over heile landet.

Som følge av at lærarspesialistordninga blir avvikla, foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 16 mill. kroner.

Som følge av dei stipendordningane som blir finansierte av løyvinga på posten, der delar av stipendet først blir utbetalte når vidareutdanninga er fullført, er det behov for ei tilsegnfullmakt på 280 mill. kroner knytt til posten, jf. forslag til vedtak III nr. 1.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga har finansiert innkjøp av eit nytt digitalt system for gjennomføring av prøvar og eksamenar. Målet med løyvinga var å gi elevane og eksamenskandidatane ei intuitiv og brukarvennleg teneste der dei kan få vist eigen kompetanse på fleire måtar enn i dag. Tenesta skal vareta nye krav til universell utforming. Satsinga gjaldt først for treårsperioden 2019–21. Men på grunn av avlyst eleveksamen blir prosjektet avslutta først i 2023.

Det blir ikkje løyvd midlar på denne posten i 2024.

Resultat i 2022

Hovudprosjektet for å kjøpe inn og ta i bruk eit nytt digitalt system blei starta opp i 2019. Smitteverntiltak som følge av covid-19-pandemien har resultert i avlysing av eksamen og at skular og skuleeigarar ikkje har vore tilgjengelege for brukartest. Prosjektet blei derfor forseinka.

Post 61 Tilskotsordning til rettleiing for nyutdanna nyttilsette lærarar

Målgruppa for tilskotet er nyutdanna nyttilsette lærarar i grunnskulen. Kommunar og private skular som gir rettleiing til nyutdanna nyttilsette lærarar i grunnskulen, kan søke om tilskot til å plan-

legge og gjennomføre sjølve rettleiinga. Tilskotet skal brukast til direkte kostnader til rettleiinga.

får ein god overgang frå utdanninga til yrket, og at dei blir verande i skulen.

Mål for 2024

Målet med løyvinga er både å bidra til at skuleeigarane følger opp ansvaret sitt for å ha rettleiingsordningar lokalt, og å styrke rettleiinga til den einskilde nyutdanna nyttilsette læraren. Målet med rettleiinga er at fleire nyutdanna nyttilsette lærarar

Resultat i 2022

I 2022 blei det innvilga 268 søknader, mot 238 i 2021. Dette omfatta 2 828 nyutdanna nyttilsette lærarar i 209 kommunar og 59 private skular. Satsen per lærar i 2022 blei 21 734 kroner.

Tabell 4.15 Innvilga søknader om tilskot til rettleiing av nyutdanna nyttilsette lærarar i perioden 2021–22

	2021	2022
Sats per lærar	27 077	21 734
Innvilga søknader	238	268
– Kommunar	186	209
– Private skular	52	59
Talet på lærarar med tilskot	2 259	2 828
– Kommunale skular	2 151	2 704
– Private skular	108	124

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 67,7 mill. kroner på posten.

Post 64 Programfinansiering av 0–24-samarbeidet

Posten blei oppretta i 2020 for å finansiere eit tre-årig pilotforsøk i perioden 2020–22. På grunn av covid-19-pandemien blei forsøket forseinka og forlengt til og med juni 2023. Tolv kommunar var med i piloten, dei ligg i Trøndelag, Innlandet og Vestfold og Telemark. Arbeids- og sosialdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Barne- og familiedepartementet og Kunnskapsdepartementet bidrog med midlar som blei rammeoverførte til posten i 2020. I 2023 var det inga løyving på denne posten, og for 2024 er det berre rapportering for løyvinga i 2022 som er med.

Resultat i 2022

41,6 mill. kroner blei utbetalt til pilotkommunane i 2022. Tiltaka som kommunane testa ut i prosjektperioden, har blitt evaluerte av ulike kompetansemiljø. Den overordna evalueringa av programfinansiering som verkemiddel blei gjort av Oxford Research, og sluttrapporten kom i april 2023.

Post 71 Tilskot til vitensenter

Eit vitensenter er eit lærings- og opplevingscenter for teknologi, naturvitenskap og matematikk der besøkande lærer ved å eksperimentere. Vitensentera er eit viktig verkemiddel for auka kunnskap i teknologi og realfag og bidreg til å skape interesse for og rekruttering til eit kompetanseområde Noreg treng. Sentera fungerer som ei støtte og gir verktøy til skulane og lærarane i opplæringa. Tilbodet er basert på læreplanar i realfag. Hausten 2023 er det 13 vitensenter i Vitensenterprogrammet i Forskingsrådet:

- Jærmuseet – Rogaland
- Nordnorsk vitensenter – Tromsø
- Vitensenteret i Oslo v/Norsk Teknisk Museum
- Vilvite – Bergen
- Vitenlaben – Grenland
- Vitensenteret i Trondheim
- Vitensenteret Innlandet – Gjøvik
- Inspiria Science Center – Østfold
- Sørlandet vitensenter – Arendal og Kristiansand
- Vitenparken Campus Ås
- Atlanterhavsparken – Ålesund
- Vitensenter Nordland – Mo i Rana
- ViteMeir – Kaupanger

Vitensenter som vil vere ein del av tilskotsordninga må søke Forskningsrådet og dokumentere at dei oppfyller gitte kriterium. Forskningsrådet vurderer dette og gir ei tilråding til departementet.

Mål for 2024

Målet med tilskotet er å auke interessa for teknologi og realfag.

Resultat i 2022

I 2022 fekk 13 regionale vitensenter midlar frå denne posten. Sentera hadde betydeleg fleire besøkande i 2022 enn i 2021. Vitensentra leverte i 2022 undervisning til om lag 239 000 elevar og lærarar. Dette er 45 000 fleire enn året før. Ifølgje lærarane er vitensentera eit viktig supplement til undervisninga i realfag.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 115,6 mill. kroner på posten.

Departementet vil legge om ordninga med talentsenter i realfag. Tilbodet skal ha som formål å auke motivasjon og meistring i realfag for ei breiare elevgruppe enn i dag. Målgruppa for tilbodet skal dreiest frå å vere einskildelevar til å gjelde heile elevgrupper. Ordninga er i dag lagd til seks vitensenter. Forvaltninga av ordninga skal overførast frå Utdanningsdirektoratet til Noregs forskingsråd. Departementet foreslår å auke løyvinga med 12,3 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon under kap. 226, post 21, slik at midlane til ordninga blir flytta. Departementet foreslår vidare å auke løyvinga med 5 mill. kroner for å styrke ordninga. Innanfor løyvinga vil det bli gitt eit tilskot på 0,3 mill. kroner til Vitensenterforeningen.

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 2,1 mill. kroner for å frigjere midlar til andre formål.

Fordelinga av tilskotet til vitensentera blir vedteke av styret i Vitensenterprogrammet. Styret blir oppnemnt av Noregs forskingsråd. I styret sit mellom anna representantar frå academia og næringslivet.

Kap. 227 Tilskot til særskilde skular

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
63	Tilskot til kommunar og fylkeskommunar	43 433	41 808	44 569
78	Tilskot	186 434	180 469	199 609
	Sum kap. 227	229 867	222 277	244 178

Post 63 blir nytta når midlane går til kommunar og fylkeskommunar, medan post 78 blir nytta til tilskot til andre mottakarar.

Post 63 Tilskot til kommunar og fylkeskommunar

Mål for 2024

Målet med løyvinga er å støtte tilbod som ikkje har lovheimla rett til tilskot, men som departementet likevel ønsker å støtte fordi verksemda ved skulane dekker viktige behov.

Tilskot til vaksenopplæring i Sandefjord kommune

Stiftelsen Signo har ein institusjon og ein skule for døvblinde og personar med høyrselshemmingar i

kombinasjon med funksjonsnedsetjingar. Verksemda ligg i Sandefjord kommune. Sandefjord kommune er etter opplæringslova ansvarleg for å finansiere vaksenopplæring. Tilskotet skal bidra til å dekke meirutgifter Sandefjord kommune har som følge av ansvaret for å gi vaksenopplæring til bevararar ved Stiftelsen Signo.

Tilskot til Fjellheimen leirskule

Tilskotsmottakar er Engerdal kommune, og tilskotet skal nyttast til å drifte Fjellheimen leirskule. Fjellheimen leirskule er ein leirskule for barn, unge og vaksne med psykisk utviklingshemming eller lærevanskar. Leirskulen finansierer drifta med statstilskot, betaling frå elevane/delta-

karane og bidrag frå Engerdal kommune, som eig og driv Fjellheimen leirskule.

Tilskot til dei kommunale sameskulane i Snåsa og Målselv

Tilskotet finansierer drift av dei kommunale samekulane i Snåsa og Målselv med tilhøyrande internat. Skulen i Snåsa gir opplæring på sørsamisk, medan skulen i Målselv gir opplæring på nordsamisk. Skulane tek opp elevar frå heile landet. Tilskotet skal også bidra til å dekke utgifter til skuleskyss for elevar ved den kommunale sameskulen i Målselv.

Resultat i 2022

Tilskot til Norsk-russisk videregående skole i Murmansk

Skulen stansa drifta etter at Russland gjekk til åtak på Ukraina i 2022. Det var derfor ingen norske elevar som tok vg3 ved skulen hausten 2022. Dei norske elevane som gjekk på skulen skuleåret 2021–22, fekk tilbod om å avslutte skuleåret ved Kongsbakken videregående skole i Tromsø.

Tilskot til vaksenopplæring i Sandefjord kommune

Tilskotet kommunen fekk i 2022, gjekk til kjøp av vaksenopplæringstenester frå Stiftelsen Signo. Det var 35 elevar som fekk opplæring i 2022.

Tabell 4.16 Fordeling av tilskot på kap. 227, post 63

	(i 1 000 kr)
Tilskotsmottakar	Tilskot 2024
Vaksenopplæring i Sandefjord kommune	6 093
Fjellheimen leirskule	7 460
Dei kommunale sameskulane i Snåsa og Målselv	31 016
Sum	44 569

Post 78 Tilskot

Mål for 2024

Målet med løyvinga er å støtte private tilbod som ikkje har lovheimla rett til tilskot, men som departementet likevel ønsker å støtte fordi verksemda ved skulane dekker viktige behov.

Tilskot til Fjellheimen leirskule

Skulen kan ta inn opptil 1 000 deltakarar kvart år. I 2022 var det 782 deltakarar. Dette er ein nedgang samanlikna med året før, då 860 personar fekk eit opphald ved skulen. I vårsemesteret hadde skulen 69 avbestillingar, av desse var 51 på grunn av covid-19-pandemien.

Tilskot til dei kommunale sameskulane i Snåsa og Målselv

Sameskulen i Snåsa hadde 11 elevar hausten 2022, mot 10 elevar året før. Talet på elevar har falle dei siste åra. Sameskulen i Målselv hadde 18 elevar hausten 2022, mot 20 elevar året før. I tillegg fekk 18 elevar fjernundervisning, som er om lag på same nivå som i 2021.

Tilskot til skuleskyss for elevar ved dei kommunale sameskulane i Snåsa og Målselv

For 2022 er det utbetalt 0,7 mill. kroner til Målselv kommune for utgifter til skuleskyss for elevar ved sameskulen.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 44,6 mill. kroner på posten. Tabellen under viser fordelinga av løyvinga. Tilskotet til skuleskyss til den kommunale sameskulen i Målselv inngår i tilskotet til drifta av skulen.

Tilskot til Den franske skolen i Oslo

Samarbeidet mellom Noreg og Frankrike på utdanningsområdet går tilbake til 1918 og er nedfelt i ein tosidig avtale. Avtalen inneber at Noreg gir eit årleg tilskot til Den franske skolen i Oslo, mot at Frankrike legg til rette for opplæring av lærlingar frå Noreg i Frankrike. Den franske sko-

len i Oslo har elevar frå Frankrike og Noreg i tillegg til elevar med bakgrunn frå mange andre land. Tilskotet skal styrke samarbeidet med Frankrike og stillinga til det franske språket i Noreg.

I revidert budsjett for 2023 har departementet omtala dei økonomiske utfordringane som skulen vil få som følge av auka husleige frå skuleåret 2025–26, jf. Prop. 118 S (2022–2023). Departementet tek sikte på å auke tilskotet til skulen med 10 mill. kroner frå skuleåret 2025–26. I dialog med skulen vil departementet setje vilkår for kor mange elevar skulen kan ha.

Tilskot til internatdrifta ved Krokeide videregående skole og Feiring videregående skole

Krokeide videregående skole AS og Feiring videregående skole AS er godkjende etter privatskulelova § 2-1 bokstav f for å tilby særskilt tilrettelagd opplæring for funksjonshemma elevar. Skulane gir eit landsdekkande tilbod. Tilskotet skal bidra til drifta av internata og det sosialmedisinske hjelpeapparatet ved skulane, slik at skulane kan tilby yrkesretta vidaregåande opplæring for personar med fysiske eller psykiske utfordringar.

Tilskot til Røde Kors Nordisk United World College

United World Colleges (UWC) er ein internasjonal organisasjon som arbeider for å fremje fred og forståing gjennom utdanning. Det er i alt 18 UWC-skular i 18 land. Tilskotet går til Røde Kors Nordisk United World College i Fjaler i Vestland (RKNUWC). Skulen fører elevane fram til ein International Baccalaureate-eksamen (IB-eksamen).

Tilskot til Signo grunn- og videregående skole og Briskeby videregående skole

Målgruppene til Signo grunn- og videregående skole er døvblinde og elevar med høyrselshemming og ulike funksjonsnedsetjingar. Målgruppa til Briskeby videregående skole er elevar med nedsett høyrsel. Tilskotet skal bidra til at skulane kan halde fram med drifta på om lag same nivå som før dei blei godkjende etter privatskulelova § 2-1 bokstav f for å tilby særskilt tilrettelagd opplæring for funksjonshemma elevar. Tilskotet skal òg bidra til å dekke heimreisekostnader for elevane ved skulane og drift av internatet ved Signo grunn- og videregående skole.

Tilskot til opplæring i rusinstitusjonar

Tilskotet skal finansiere opplæringstilbodet som rusinstitusjonane Tyrilistiftelsen og Stiftelsen Fossumkollektivet har i Viken og Innlandet. Tilskotet skal dekke kostnader til opplæring som ligg utanfor ramma av opplæringslova, og som derfor ikkje ligg under ansvaret til fylkeskommunane.

Tilskot til Lycée International de Saint-Germain-en-Laye

Tilskotet medverkar til at det blir gitt grunnskuleopplæring og vidaregåande opplæring til norske elevar ved den norske seksjonen ved Lycée International de Saint-Germain-en-Laye. Sett i høve til timetalet den norske seksjonen gir, er tilskotet til seksjonen vesentleg høgare per elev enn for privatskular i utlandet som er godkjende etter privatskulelova. Tilskotet til seksjonen er òg monaleg høgare enn støtta som dei andre nordiske landa gir til sine nasjonale seksjonar. Departementet vil derfor vurdere nivået på tilskotet fram mot 2025-budsjettet.

Resultat i 2022

Tilskot til Den franske skolen i Oslo

I skuleåret 2022–23 hadde Den franske skolen i Oslo 276 elevar på barnetrinnet, 190 elevar på ungdomstrinnet og 97 elevar i vidaregåande opplæring. Samla hadde skulen 563 elevar, mot 560 elevar i skuleåret 2021–22.

Tilskot til internatdrifta ved Krokeide videregående skole og Feiring videregående skole

Krokeide videregående skole hadde i 2022 104 elevar på internatet om våren og 102 elevar om hausten. I 2021 var det til samanlikning 97 elevar om våren og 116 elevar om hausten ved internatet. Skulen er godkjend for 220 elevar og har plass til drygt 115 elevar på internatet. Utnyttinga av kapasiteten på internatet er derfor god. Feiring videregående skole hadde i 2022 87 elevar på internatet om våren og 107 elevar om hausten. I 2021 var det til samanlikning 52 elevar om våren og 101 elevar om hausten. Skulen er under oppbygging og godkjend for 248 elevar.

Tilskot til Røde Kors Nordisk United World College

I skuleåret 2022–23 hadde skulen 204 elevar frå 89 land. 58 av elevane kom frå nordiske land. Elev-

talet og fordelinga mellom regionane elevane kjem frå, har vore relativt stabile dei siste åra.

Tilskot til Signo grunn- og videregående skole og Briskeby videregående skole

Signo grunn- og videregående skole fekk våren 2022 tilskot for 20 elevar på grunnskulenivå og 10 heiltidselevar på vidaregåande nivå. Om hausten var det 17 elevar på grunnskulenivå og 14 heiltidselevar på vidaregåande nivå. Tilskotet til Briskeby videregående skole blei utbetalt for 39 heiltids- og 10 deltidselevar våren 2022 og 40 heiltids- og 10 deltidselevar om hausten. Elevtalet ved dei to skulane har vore relativt stabilt i dei siste åra og ligg på eit høgt nivå i høve til det elevtalet skulane er godkjende for.

Tilskot til opplæring i rusinstitusjonar

Fossumkollektivet hadde i 2022 til saman 82 elevar ved skuleavdelingane i Viken og 33 elevar ved dei to avdelingane i Innlandet. Ved dei to verksemdene Tyrilistiftelsen har i Innlandet, har 73 bebuarar hatt eit opplæringstilbod i regi av Frankmotunet, og 97 bebuarar har delteke på ulike skuletilbod i Lillehammer.

Tilskot til Lycée International de Saint-Germain-en-Laye

Hausten 2022 var det 25 elevar på barnetrinnet, 8 elevar på ungdomstrinnet og 15 elevar i vidaregåande skule som fekk opplæring i den norske seksjonen ved skulen.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 199,6 mill. kroner på posten. Tabellen under viser fordelinga av løyvinga.

Røde Kors Nordisk United World College i Fjaler står i ein økonomisk krevjande situasjon, mellom anna som følge av redusert tilskot frå Sverige. Departementet foreslår å auke tilskotet til skulen med 5 mill. kroner. Regjeringa vil ta kontakt med dei andre nordiske landa for å få dei til å auke sitt bidrag til drifta av skulen.

Ved stortingsbehandlinga av revidert budsjett for 2023 blei løyvinga auka med 2,6 mill. kroner for å vidareføre tilskotet til Lycée International de Saint-Germain-en-Laye for hausten 2023. Departementet vidarefører denne auken i løyvingforslaget for 2024, jf. omtalen av dette tilskotet over.

Tabell 4.17 Fordeling av tilskot på kap. 227, post 78

Tilskotsmottakar	(i 1 000 kr) Tilskot 2024
Den franske skolen i Oslo	35 731
Internatdrifta ved Krokeide videregående skole	30 408
Internatdrifta ved Feiring videregående skole	18 128
Røde Kors Nordisk United World College	42 568
Signo grunn- og videregående skole og Briskeby videregående skole	54 993
Opplæring i rusinstitusjonar	12 456
Lycée International de Saint-Germain-en-Laye	5 325
Sum	199 609

Kap. 228 Tilskot til private skular o.a.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
70	Private grunnskular, <i>overslagsløyving</i>	3 348 534	3 515 056	3 818 469
71	Private vidaregåande skular, <i>overslagsløyving</i>	1 774 322	1 925 246	2 122 517
72	Diverse skular som gir yrkesretta opplæring, <i>overslagsløyving</i>	143 131	143 980	152 104
73	Private grunnskular i utlandet, <i>overslagsløyving</i>	125 438	122 571	153 664
74	Private vidaregåande skular i utlandet, <i>overslagsløyving</i>	15 804	17 638	23 054
75	Private skular for funksjonshemma elevar, <i>overslagsløyving</i>	444 287	434 808	515 696
76	Andre private skular, <i>overslagsløyving</i>	60 326	62 182	67 320
77	Den tysk-norske skolen i Oslo, <i>overslagsløyving</i>	30 528	32 353	34 586
78	Kompletterande undervisning	24 278	24 869	26 517
79	Toppidrett	79 415	77 715	82 868
80	Distriktstilskot til private grunnskular			3 110
81	Elevutveksling til utlandet	1 196	2 199	2 345
82	Kapital- og husleigetilskot til private skular	70 487	72 619	77 433
83	Særtilskot til Møbelsnekkerskolen, Plus-skolen og Hjerleid Handverksskole	4 300		5 000
84	Redusert foreldrebetaling i skulefritidsordninga ved private skular	13 788	58 200	84 646
85	Kompensasjon for meirutgifter knytte til covid-19	70 000		
	Sum kap. 228	6 205 834	6 489 436	7 169 329

Løyvingane over kap. 228 går i hovudsak til tilskot til private skular som er godkjende etter privatskulelova. I tillegg blir det over dette kapittelet gitt tilskot til kompletterande undervisning, jf. privatskulelova § 6-4, Den tysk-norske skolen i Oslo og toppidrett.

Regjeringa har som mål å styrke den offentlege fellesskulen over heile landet og stoppe veksten i private skular. Ved lovendingar som tok til å gjelde 15. juni 2022, vart høvet til å få godkjent profilskular og private yrkesfagsskular oppheva, jf. Prop. 98 L (2021–2022) og Innst. 404 L (2021–2022). I tillegg skifta lova namn frå friskulelova til privatskulelova, og namnet på godkjenningsgrunnlaget i § 2-1 andre ledd bokstav g vart endra

til «vidaregåande opplæring i tradisjonshandverksfag».

Som ei vidare oppfølging av Hurdalsplattforma har Stortinget etter forslag frå regjeringa vedteke å ta inn ei føresegn i privatskulelova § 2-1 om at det ved behandlinga av søknader om godkjenning av nye skular og driftsendringar ved eksisterande skular, skal leggest vesentleg vekt på fråsegna frå vertskommunen eller vertsfylket. Stortinget har også vedteke forslag frå regjeringa om å endre privatskulelova slik at storleiken på statstilskotet og skulepengane til skular som er godkjende etter privatskulelova kap. 6A, skal bli fastsette i forskrift. Endringane tok til å gjelde 1. august 2023, jf. Prop. 80 L (2022–2023) og Innst. 342 L (2022–2023). Departementet har fastsett endringar i for-

skrift til privatskulelova kap. 6A som inneber at storleiken på statstilskotet blir endra frå 75 pst. til 65 pst. av tilskotsgrunnlaget, og at skulane kan ta inntil 35 pst. av tilskotsgrunnlaget i skulepengar. Desse forskriftsendringane tok til å gjelde 1. august 2023.

I budsjettet for 2023 blei einsskilte særtilskot til private skular avvikla etter forslag frå regjeringa. Tiltaka får heilårseffekt i 2024 og er omtalte under den aktuelle posten.

Offentlege skular blir i hovudsak finansierte gjennom dei frie inntektene til kommunesektoren. Sidan elevar som går i private skular blir direkte finansierte gjennom tilskot frå staten, blir det gjort eit trekk i rammetilskotet til kommunane og fylkeskommunane tilsvarende 80 pst. av gjennomsnittskostnaden for kvar nye elev i privat skule (trekkordninga). Ordninga tek utgangspunkt i at

20 pst. av kostnaden for ein privatskuleelev ligg igjen i kommunen. Det er ei eiga ordning som deretter korrigerer rammetilskota til den einsskilte kommunen og fylkeskommunen for elevar dei har i private skular, etter årleg fastsette satsar (korreksjonsordninga).

Elevtalsendringa frå skuleåret 2021–22 til 2022–23 gir eit trekk på 120 mill. kroner i rammetilskotet til kommunane og 38,3 mill. kroner i rammetilskotet til fylkeskommunane gjennom trekkinga i 2024.

Departementet har i samband med arbeidet med ny tilskotsmodell for private grunnskular laga ei oppstilling for statens meirutgifter for elevar i private grunnskular i Noreg, jf. tabellen under. Private grunnskular i utlandet er ikkje med i oppstillinga. Det er ikkje laga ei tilsvarende oppstilling for vidaregåande opplæring.

Overslag 2024	Mrd. kroner
Tilskot til private grunnskular kap. 228, post 70 og tilskot til grunnskular under kap. 228, post 75	3,9
Akkumulert trekk frå rammetilskotet til kommunane	2,1
Statens meirutgifter til private grunnskular	1,8

Tabellen over viser at staten har ei meirutgift på 1,8 mrd. kroner for elevar i private grunnskular i 2024, samanlikna med om elevane hadde gått i offentleg skule. Denne meirutgifta kan i hovudsak forklarast med tre forhold:

- Private grunnskular blir kompenserte for smådriftsulemper gjennom statstilskotet, medan makrotrekket i rammetilskotet til kommunane skjer etter ein nasjonal gjennomsnittssats. Privatskulane har i hovudsak færre elevar enn offentlege skular, og gjennomsnittleg tilskot til privatskulane blir derfor høgare enn trekksatsen til kommunane. I tillegg blir kommunesektoren trekt 80 pst. av trekksatsen, medan privatskulane mottek 85 pst. av tilskotsgrunnlaget.
- Det har vore ein utrekningspraksis der kombinerte barne- og ungdomsskular er blitt kompenserte for smådriftsulemper to gonger, både for barnetrinnet og for ungdomstrinnet. Budsjetteffekten av denne praksisen er anslått til 548 mill. kroner i 2024.
- Trekkordninga med eit makrotrekk i rammetilskotet vart innført i 2001. Ved innføringa vart

kommunesektoren trekt for dei årlege endringane i talet på elevar. Dermed vart det ikkje gjort trekk for vel 9 000 elevar som allereie gjekk i private grunnskular i 2001. Budsjetteffekten av dette er rekna til om lag 1,1 mrd. kroner.

Mål for 2024

Målet med tilskotsordningane er å medverke til at det kan bli oppretta og drive privatskular etter privatskulelova.

Resultat i 2022

Tabellen under viser endringar i talet på elevar som gir rett på tilskot og private skular som fekk tilskot over post 70–76 frå skuleåret 2020–21 til skuleåret 2022–23. For grunnskulen gjeld tala frå elevteljinga 1. oktober. For vidaregåande skule viser tala gjennomsnittet av elevtalet frå elevteljingane 1. oktober og 1. april.

Tabell 4.18 Privatskular, tal på skular og elevar

Post	Skuletype	Skular			Elevar		
		2020–21	2021–22	2022–23	2020–21	2021–22	2022–23
70	Grunnskular	255	258	266	26 101	27 007	27 973
71	Vidaregåande skular	83	84	84	14 537 ¹	14 934 ¹	14 884
72	Diverse skular som gir yrkesretta opplæring	28	28	28	1 278	1 169	1 200
73	Grunnskular i utlandet	9	9	9	547	612	833 ²
74	Vidaregåande skular i utlandet	3	3	3	85 ¹	108	134 ²
75	Skular for funksjonshemma elevar	16	16	18	957 ¹	1 010 ¹	1 131
76	Andre private skular	1	2	2	135	175	178
	Sum	395	400	410	43 640	45 015	46 333

¹ Inkludert elevar tekne opp som følge av mellombels særregel om inntak i privatskular hausten 2020 og 2021.

² Auken i talet på elevar ved skular i utlandet, heng saman med at det var færre elevar ved skulane under covid-19-pandemien.

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Hausten 2022 gjekk 4,4 pst. av grunnskuleelevane i private skular, mot 4,3 pst. året før. Hausten 2022 gjekk 8,8 pst. av elevane i vidaregåande opplæring i private skular, mot 8,7 pst. året før. Dei siste ti åra har det vore ein auke i delen elevar i private grunnskular og i private vidaregåande skular. I skuleåret 2009–10 gjekk 2,4 pst. av elevane i grunnskulen og 6,4 pst. av elevane i vidaregåande opplæring i privatskular. Tala inkluderer alle elevar i private grunn- og vidaregåande skular i Noreg som er godkjende etter privatskulelova.

Post 70 Private grunnskular, overslagsløyving

Private grunnskular som er godkjende etter privatskulelova, får tilskot tilsvarende 85 pst. av tilskotssatsen.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 3,8 mrd. kroner på posten. I løyvinga inngår ein reduksjon på 49,1 mill. kroner som følge av første år med innføring av ny tilskotsmodell.

Den statistiske berekningsmåten i tilskotsmodellen for private grunnskular har ikkje fungert sidan statsbudsjettet for 2020, jf. omtalen i tidlegare budsjettproposisjonar for Kunnskapsdepartementet. I statsbudsjettet for 2023 blei satsane rekna ut med utgangspunkt i satsane frå 2020,

korrigert for endringar i tilskotsgrunnlaget frå 2018 til 2021. Kunnskapsdepartementet har arbeidd med ein ny tilskotsmodell for private grunnskular sidan 2021.

I tråd med innspel frå privatskuleorganisasjonane, er den nye tilskotsmodellen i hovudsak ei vidareføring av prinsippa i modellen som gjaldt fram til 2020. Det skal vere mogleg å drive privatskular over heile landet, og den nye modellen vil framleis gi god kompensasjon for smådriftsulemper.

I tillegg til endringane i tilskotsmodellen vil også utrekningspraksisen for private grunnskular bli endra. Det har lenge vore ein praksis der kombinerte barne- og ungdomsskular er blitt kompenserte for smådriftsulemper to gonger. Med endra utrekningspraksis blir kombinerte barne- og ungdomsskular berre kompensert for smådriftsulemper ein gong. Endra utrekningspraksis reduserer utgiftene over statsbudsjettet med 548 mill. kroner.

Ny tilskotsmodell og utrekningspraksis tek til å gjelde hausten 2024. Endringane vil bli fasa inn over fem år, slik at ny tilskotsmodell og utrekningspraksis er fullt innfasa frå hausten 2028. Overgangsordninga tek utgangspunkt i endringar mellom tilskotet skulen ville fått med dagens modell og utrekningspraksis, og det skulen får med ny modell.

Ny tilskotsmodell for private grunnskular er nærare omtalt i del III av proposisjonen, kap. 12.

Post 71 Private vidaregåande skular, overslagsløyving

Private vidaregåande skular som er godkjende etter privatskulelova, får tilskot tilsvarende 85 pst. av tilskotssatsen. Satsane for tilskot til private vidaregåande skular bygger på dei gjennomsnittlege utgiftene i den offentlege skulen to år tidlegare. Det blir rekna ut ein sats for kvart utdanningsprogram. For dei nye utdanningsprogramma som kom med ny tilbodsstruktur hausten 2020, vil departementet inntil vidare vidareføre satsane frå dei tilsvarende utdanningsprogramma i den gamle tilbodsstrukturen. Desse satsane blir prisjusterte inntil ein har grunnlag for å berekne nye satsar.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 2,1 mrd. kroner på posten. I løyvinga inngår ein auke på 0,7 mill. kroner som følge av oppdaterte elevtal og ein auke på 202,9 mill. kroner som følge av nye satsar i høve til saldert budsjett for 2023.

I statsbudsjettet for 2023 blei dei ulovfesta tilskota til Kongshaug Musikkgymsnas, Oslo by steinerskole og Kristen VGS Vennesla avvikla frå hausten 2023. Endringa får heilårseffekt i 2024. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga med 6,3 mill. kroner.

Post 72 Diverse skular som gir yrkesretta opplæring, overslagsløyving

Med verknad frå 1. januar 2021 vart føresegnene i kapittel 4 i vaksenopplæringslova om diverse skular flytta frå vaksenopplæringslova til kapittel 6A i privatskulelova, jf. lov av 19. juni 2020 nr. 91. Satsane for tilskot til skular som er godkjende etter kap. 6A i privatskulelova, med unntak av Norsk Yrkesdykkerskole, er baserte på tre av satsane for private vidaregåande skular. Dei tre satsane er dei same som for utdanningsprogram for studiespesialisering, idrettsfag og musikk, dans og drama. Skular som er godkjende etter kap. 6A i privatskulelova, har fått 75 pst. av tilskotssatsane. Frå skuleåret 2023–24 får skulane 65 pst. av tilskotssatsane.

I dag er 28 skular godkjende etter kap. 6A i privatskulelova. Desse er bibelskular, kunstskular og Norsk Yrkesdykkerskole.

Oxford Research evaluerte tilskotsordninga i 2019 på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet. Departementet har varsla ei oppfølging av denne gjennomgangen.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 152,1 mill. kroner på posten. I løyvinga inngår ein auke på 4,4 mill. kroner som følge av oppdaterte elevtal og ein auke på 15,5 mill. kroner som følge av nye satsar i høve til saldert budsjett for 2023.

Stortinget vedtok ved behandlinga av Prop. 80 L (2022–2023), jf. Innst. 342 L (2022–2023), at storleiken på statstilskotet og skulepengane til skular godkjende etter privatskulelova kap. 6A skal bli fastsette i forskrift. Departementet har fastsett endringar i forskrift til privatskulelova kap. 6A som inneber at storleiken på statstilskotet blir endra frå 75 pst. til 65 pst. av tilskotsgrunnlaget, og at skulane kan ta inntil 35 pst. av tilskotsgrunnlaget i skulepengar. Desse forskriftsendringane tok til å gjelde 1. august 2023. Endringa førte til ei innsparing i statsbudsjettet i 2023, og endringa får heilårseffekt i 2024. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga med 11,7 mill. kroner.

Post 73 Private grunnskular i utlandet, overslagsløyving

Skulane får tilskot etter same grunnlag som private grunnskular i Noreg, men satsen blir høgare fordi desse skulane ikkje er omfatta av ordninga med kompensasjon for meirverdiavgift. Posten omfattar òg avrekning mellom Noreg og Sverige for svenske elevar i norske skular i utlandet og for norske elevar ved svenske private grunnskular i utlandet. I tillegg omfattar posten utgifter til spesialundervisning.

Frå hausten 2024 mottok private grunnskular i utlandet tilskot etter ny tilskotsmodell og utrekningspraksis, jf. omtalen under post 70 og omtalen av den nye tilskotsmodellen i del III av budsjettproposisjonen, kap. 12.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 153,7 mill. kroner på posten. I løyvinga inngår ein reduksjon på 2,4 mill. kroner som følge av ny tilskotsmodell for private grunnskular som tek til å gjelde hausten 2024. Når endringane er fullt innfasa vil det redusere utgiftene over posten med 24 mill. kroner. Endra utrekningspraksis reduserer utgiftene med 25 mill. kroner, medan andre endringar i modellen isolert sett gir eit auka løyvingsbehov på 1 mill. kroner. Endringane vil bli fasa inn gradvis over fem år, slik at ny tilskotsmodell og utrekningspraksis er fullt innfasa frå hausten 2028.

Post 74 Private vidaregåande skular i utlandet, overslagsløyving

Skulane får tilskot etter same grunnlag som private vidaregåande skular i Noreg, men satsen blir høgare fordi desse skulane ikkje er omfatta av ordninga med kompensasjon for meirverdiavgift. Posten omfattar òg utgifter til spesialundervisning.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 23,1 mill. kroner på posten. I løyvinga inngår ein auke på 1,9 mill. kroner som følge av oppdaterte elevtal og ein auke på 3,5 mill. kroner som følge av nye satsar i høve til saldert budsjett for 2023.

Post 75 Private skular for funksjonshemma elevar, overslagsløyving

Private grunn- og vidaregåande skular for funksjonshemma elevar får tilskot tilsvarende 100 pst. av ein normalsats per elev. Nokre av skulane får i tillegg statstilskot til husleigeutgifter på same nivå som i 2003, jf. Innst. O. nr. 80 (2002–2003).

Kunnskapsdepartementet bad i 2021 Utdanningsdirektoratet foreslå endringar i tilskotsordninga basert på ein gjennomgang Oxford Research gjorde i 2020. Etter departementets vurdering fungerer ordninga med private skular for funksjonshemma elevar godt. Departementet har vurdert om det bør gjerast ei meir omfattande vurdering av rolla til desse skulane i utdanningssystemet. Alle barn og elevar skal kunne oppleve god tilrettelegging og eit inkluderande fellesskap i ordinære tilbod. Samtidig har mange av skulane for funksjonshemma elevar lange historiske røter, og dei har opparbeidd ein kompetanse som ein berre delvis finn i offentlege tilbod, og som elevar og føresette er nøgde med. Departementet vil derfor hausten 2023 sende på høyring forslag til endringar i regelverk og tilskotsordning som er å rekne som mindre justeringar.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 515,7 mill. kroner på posten. I løyvinga inngår ein auke på 49,5 mill. kroner som følge av oppdaterte elevtal og ein auke på 31,4 mill. kroner som følge av nye satsar i høve til saldert budsjett for 2023.

Post 76 Andre private skular, overslagsløyving

Posten omfattar Unge Sjømenns Kristelige Forening (MS Gann) og Maritim vidaregåande skole Sørlandet (MS Lofoten). Skulane får tilskot per elev etter satsen for utdanningsprogram for teknikk og industriell produksjon eller elektro. Skulane får 85 pst. av tilskotssatsen. I tillegg får skulane eit fast tilskot for ekstrakostnader ved skuledrift på skip.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 67,3 mill. kroner på posten. I løyvinga inngår ein auke på 0,5 mill. kroner som følge av oppdaterte elevtal og ein auke på 4,6 mill. kroner som følge av nye satsar i høve til saldert budsjett for 2023.

Post 77 Den tysk-norske skolen i Oslo, overslagsløyving

Avtalen mellom Noreg og Tyskland om Den tysk-norske skolen i Oslo blei ført vidare og godkjend av Stortinget i april 2018, jf. Innst. 337 S (2017–2018) og Prop. 78 S (2017–2018). Tilskotet blir rekna ut på same måte som tilskotet til private skular som er godkjende etter privatskulelova, men med 54,4 pst. av tilskotssatsen. I tillegg blir det gitt eit særskilt tilskot som kompensasjon for at skulen ikkje lenger får tilskot til komplette- rande undervisning, og for å dekke høgare husleigekostnader til nye, større lokale for skulen.

Frå hausten 2024 mottok Den tysk-norske skolen i Oslo tilskot etter den nye tilskotsmodellen og utrekningspraksisen for private grunnskular, jf. post 70 og kap. 12 i del III av budsjettproposisjonen. Det inneber isolert sett eit redusert tilskot til skulen. Den tysk-norske skulen i Oslo er i ei særstilling og ein viktig del av samarbeidet med Tyskland. For at skulen skal kunne halde fram aktiviteten på same nivå som i dag, foreslår regjeringa at særtilskotet som ikkje følger av avtalen med Tyskland, blir auka tilsvarende reduksjonen som følger av ny tilskotsmodell. Samla sett vil derfor ikkje Den tysk-norske skolen i Oslo få endra tilskot som følge av ny tilskotsmodell.

Mål for 2024

Tilskotet skal styrke samarbeidet med Tyskland og stillinga til det tyske språket i Noreg.

Resultat i 2022

Hausten 2022 var det til saman 332 elevar ved Den tysk-norske skolen i Oslo, og av dei gjekk 268 elevar i grunnskulen og 64 elevar i vidaregåande skule. Dette er det same elevtalet som hausten 2021.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 34,6 mill. kroner på posten.

Post 78 Kompletterande undervisning

Tilskotsordninga medverkar til å finansiere kompletterande undervisning i norsk, samfunnsfag og kristendom, religion, livssyn og etikk (KRLE) for norske elevar ved utanlandske eller internasjonale grunnskular i utlandet. Tilskotsmottakarar i ordninga er to sertifiserte nettskular – Globalskolen og Norskskolen.

Mål for 2024

Målet med tilskotet er at norske elevar ved internasjonale eller utanlandske grunnskular i utlandet skal ha høve til å få nettundervisning i norsk, samfunnsfag og kristendom, religion, livssyn og etikk (KRLE).

Resultat i 2022

Eit øvre elevtak blir fastsett på grunnlag av løyvinga til formålet. For 2022 var dette taket på 1 470 elevar. I 2022 gav nettskulane kompletterande undervisning til i alt 1 427 elevar, og dette var ein auke på 24 elevar samanlikna med 2021.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 26,5 mill. kroner på posten.

Post 79 Toppidrett

Ordninga gjeld skular som i tillegg til godkjenninga etter privatskulelova er godkjende som toppidrettsgymnas av Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité. Løyvinga

omfattar òg eit forvaltningstilskot til Olympiatoppen.

Skular med tilbod om toppidrett som er godkjende av Olympiatoppen, blir ikkje automatisk omfatta av ordninga med særskilt toppidrettstilskot.

I Prop. 1 S (2022–2023) for Kunnskapsdepartementet blei det varsla at tilskotet til toppidrett skulle vurderast fram mot statsbudsjettet for 2024. Vurderinga skulle omfatte offentlege tilbod om toppidrett, inkludert landslinjer. Vidare skulle det vurderast om det skal takast inn fleire skular i ordninga med tilskot til toppidrett.

Departementet vil vidareføre tilskotet til private tilbod om toppidrett som er godkjende av Olympiatoppen. Tilskotet støttar mellom anna opp om satsinga til regjeringa på idrett. Departementet vil legge til rette for at dei eksisterande tilboda skal ha gode rammevilkår. Samstundes vil regjeringa styrke satsinga på toppidrett i dei offentlege vidaregåande skulane, i samarbeid med fylkeskommunane. Til dømes har fylkeskommunane i Trøndelag og Vestland etablert samarbeid med Olympiatoppen regionalt for å legge til rette for talent innanfor toppidrett i fylka. Departementet vil vurdere korleis det kan støttast opp om fleire slike gode samarbeid.

Mål for 2024

Målet med tilskotet er at dei skulane som er omfatta av ordninga, kan legge til rette for at toppidrettsutøvarar kan kombinere trening med vidaregåande opplæring.

Tilskotet skal òg bidra til Olympiatoppens arbeid med å behandle søknader om kvalitetssikring av toppidrettsdelen av tilbodet ved skular godkjende etter privatskulelova § 2-1 andre ledd bokstav d.

Resultat i 2022

Hausten 2022 var det totalt 2 825 toppidrettselevar ved dei 13 skulane som fekk tilskot til toppidrett, og det er 38 færre enn i 2021.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 82,9 mill. kroner på posten. I løyvinga inngår 383 000 kroner til eit forvaltningstilskot til Olympiatoppen.

Tabell 4.19 Fordeling av tilskot over kap. 228, post 79

	(i 1 000 kr)
Skular som får toppidrettstilskot	Særtilskot 2024
Haugesund Toppidrettsgymnas AS	7 050
Norges Toppidrettsgymnas Bodø AS	2 664
Norges Toppidrettsgymnas Bærum AS	10 426
Norges Toppidrettsgymnas Geilo AS	2 832
Norges Toppidrettsgymnas Kongsvinger AS	4 356
Norges Toppidrettsgymnas Lillehammer AS	8 013
Norges Toppidrettsgymnas Tromsø AS	3 932
Stiftelsen Telemark Toppidrett gymnas	6 943
Wang AS (Oslo)	13 805
Wang Fredrikstad AS	5 413
Wang Hamar AS	5 882
Wang Toppidrett Stavanger AS	5 512
Wang Tønsberg AS	5 657
Sum	82 485

Post 80 Distriktstilskot til private grunnskular

Dei fleste privatskulane som ligg langt unna næraste offentlege opplæringstilbod, vil ikkje få vesentleg endra tilskot som følge av ny tilskotsmodell for private grunnskular. Nokre få skular med lang avstand til næraste offentlege tilbod vil få monaleg redusert tilskot som følge av ny utrekningspraksis for kombinerte skular.

Regjeringa foreslår eit søknadsbasert tilskot for private grunnskular som etter søknad til Utdanningsdirektoratet kan dokumentere meir enn 10 km reiseveg til næraste offentlege skule. Tilskotet er ikkje lovfesta, og kan bli gitt til kombinerte skular som i innføringsåret får redusert tilskot som følge av endra utrekningspraksis. Skulen må vere godkjend og i drift når ny tilskotsmodell trer i kraft. Private grunnskular i utlandet blir ikkje omfatta av distriktstilskotet.

Regelverket for ordninga vil bli fastsett i forskrift.

Mål

Formålet med ordninga er å medverke til at privatskular som ligg langt unna næraste offentlege tilbod og som får redusert tilskot som følge av endra

utrekningspraksis for private kombinerte barne- og ungdomsskular, kan halde fram drifta.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 3,1 mill. kroner på posten. Løyvinga skal dekke tilskot hausten 2024.

Post 81 Elevutveksling til utlandet

Tilskotsordninga gjeld utveksling til utlandet for elevar ved tre private vidaregåande skular med rett til statstilskot. Desse er Danielsen vidaregåande skole i Bergen, Heltberg Private Gymnas i Oslo og Drottningborg vidaregåande skole i Grimstad.

Resultat i 2022

32 elevar utløyste tilskot for skuleåret 2020–21, ein auke på 30 elevar frå skuleåret 2020–21. To skular fekk tilskot. Samla vart det utbetalt 1,2 mill. kroner i 2022.

Budsjettforslag for 2024

I Prop. 1 S (2022–2023) for Kunnskapsdepartementet blei det varsla at tilskotsordninga skulle

avviklast frå skuleåret 2022–23. Tilskotet på posten blir utbetalt etterskotsvis, og avviklinga av løyvinga skulle først kome i 2024. Regjeringa har vurdert ordninga på nytt, og har etter ei samla vurdering kome fram til at ordninga skal vidareførast. Departementet foreslår å løyve 2,3 mill. kroner på posten.

Post 82 Kapitaltilskot til privatskular, kapital- og husleigetilskot

Mål for 2024

Målet med tilskotsordninga er å medverke til at private skular i Noreg skal kunne finansiere husleige og vedlikehald og rehabilitering av bygg.

Resultat i 2022

I 2022 fekk private skular 70,5 mill. kroner i kapitaltilskot. Tilskotet er ei rammestyrt ordning og blei fordelt på grunnlag av elevtal mellom dei private grunn- og vidaregåande skulane i Noreg som får driftstilskot over kap. 228, post 70 og 71.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 77,4 mill. kroner på posten.

Post 83 Særtilskot til Møbelsnekkerskolen, Plus-skolen og Hjerleid Handverksskole

Møbelsnekkerskolen, Plus-skolen og Hjerleid Handverksskole har godkjenning etter privatskulelova § 2-1 andre ledd bokstav h, vidaregåande opplæring i yrkesfaglege studieprogram. Dette godkjenningsgrunnlaget blei oppheva ved lovendring som tok til å gjelde 15. juni 2022. Plus-skolen og Hjerleid Handverksskole har òg godkjenning etter privatskulelova § 2-1 andre ledd bokstav g, tradisjonshandverksfag.

Mål for 2024

Målet med tilskotsordninga er å bidra til finansiering av skulane, slik at dei kan halde oppe tilboda innan tradisjonshandverksfag.

Resultat i 2022

I 2022 vart det utbetalt 4,3 mill. kroner i tilskot til dei tre skulane, fordelt etter elevtal.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 5 mill. kroner på posten. Tilskotet blir fordelt slik: Hjerleid Handverksskole AS med 2,2 mill. kroner, Plus-skolen AS med 2,2 mill. kroner og Møbelsnekkerskolen AS med 0,6 mill. kroner.

Post 84 Redusert foreldrebetaling i skulefritidsordninga ved private skular

Ordninga gjeld frå 1. august 2021 og inneber at elevar på 1.–4. trinn frå familiar med låg inntekt i SFO ved privatskular kan få tilbod om redusert foreldrebetaling. Tilbodet om redusert foreldrebetaling i SFO ved privatskular inneber at foreldrebetalinga for ein SFO-plass maksimalt utgjer 6 pst. av samla personinntekt i hushaldet etter skattelova kapittel 12 og skattepliktig kapitalinntekt.

Frå hausten 2022 blei 12 timar gratis SFO per veke for elevar på 1. trinn innlemma i den same tilskotsordninga for redusert foreldrebetaling i SFO ved private skular. Hausten 2023 blei tilskotsordninga igjen utvida, til å inkludere 12 timar gratis SFO per veke for elevar på 2. trinn. Dei 12 gratistimane gjeld for alle første- og andreklassingar uavhengig av inntekta til foreldra.

Mål for 2024

Målet med tilskotsordninga er å medverke til at skulefritidsordninga (SFO) ved private skular kan tilby redusert foreldrebetaling i SFO på same måte som i SFO ved offentlege skular.

Resultat i 2022

I 2022 blei det løyvd 22,2 mill. kroner for at dei private grunnskulane skulle kunne tilby 12 timar gratis SFO for elevar på 1. trinn og redusert foreldrebetaling på SFO for elevar på 1.–4. trinn frå familiar med låg inntekt. Tilskotet tok til å gjelde hausten 2022, og det kom inn 136 søknader. Det vart innvilga 12 timar gratis SFO til 1 462 elevar på 1. trinn og redusert betaling for 99 elevar på 1.–4. trinn med bakgrunn i den samla inntekta i hushaldet. Om lag 3,8 mill. kroner av løyvinga blei nytta. Dette kjem truleg av at ordninga framleis er relativ ny og lite kjend.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 84,6 mill. kroner på posten. Dette skal gå til lågare foreldrebetaling

for elevar frå familiar med låg inntekt på 1.–4. trinn og til å gi 12 timar gratis SFO for første- og andreklassingar.

Post 85 Kompensasjon for meirutgifter knytte til covid-19

Ordninga omfatta private grunnskular og vidaregåande skular som er godkjende med heimel i privatskulelova, Den tysk-norske skolen i Oslo, Den franske skolen i Oslo og United World College i Fjaler. Ordninga skulle bidra til at privatskulane blei kompenserte for økonomiske konsekvensar av covid-19-pandemien på om lag same nivå som kommunesektoren. Ordninga er ikkje vidareført

etter 2022, og det er dermed inga løyving på posten i 2024.

Resultat i 2022

I 2022 blei det utbetalt 70 mill. kroner for å kompensere privatskulane for meirutgifter som følgde av covid-19-pandemien for første halvår 2022. Smittevernrettileiarar for skulane førte i nokre tilfelle til at undervisninga blei organisert i mindre grupper enn normalt. Fleire skular hadde òg meirutgifter ved å gi eit godt opplæringstilbod til elevar som var heime med milde symptom. Meirutgiftene dreia seg særleg om eit auka behov for vikarar og overtid.

Kap. 229 22. juli-senteret

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Driftsutgifter		22 067	23 236
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast, kan nyttast under post 01</i>		30 600	27 249
	Sum kap. 229		52 667	50 485

Løyvingane til 22. juli-senteret blei i statsbudsjettet for 2023 flytta frå kap. 251 til kap. 229 under programkategori 07.20 Grunnopplæringa. Sjå omtale av resultat for 2022 under kap. 251.

22. juli-senteret formidlar kunnskap om terrorangrepet i regjeringskvartalet og på Utøya 22. juli 2011. Senteret skal gjennom utstillingar, undervisning og andre pedagogiske opplegg forvalte minnet om terrorangrepet og setje det inn i både ein historisk og ein dagsaktuell kontekst. Senteret skal legge til rette for diskusjon og refleksjon om 22. juli 2011 og tema som hat, vald og ekstremisme, nasjonalt og globalt. Målgruppa for senteret er skuleklassar frå ungdomsskuletrinna og oppover, lærarar og lærarstudentar og allmenta.

Post 01 Driftsutgifter og post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast, kan nyttast under post 01

Mål for 2024

Måla for 22. juli-senteret for 2024 er:

- Elevar, lærarar og lærarstudentar lærer om og reflekterer over terrorangrepet 22. juli 2011 og tilgrensande tematikk
- Læringsressursane til 22. juli-senteret er tilgjengelege for befolkninga i heile landet
- 22. juli-senteret dokumenterer, bevarer og formidlar relevante perspektiv og gjenstandar knytte til terrorangrepet 22. juli 2011
- 22. juli-senteret skal arbeide for at eit permanent senter blir utforma slik at det blir eit godt nasjonalt minne- og læringssenter for besøkande

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 23,2 mill. kroner på post 01 og 27,2 mill. kroner på post 45.

I statsbudsjettet for 2022 blei det gitt ei startløyving for å reetablere 22. juli-senteret permanent i tilknytning til tidlegare lokale ved Høgblokka i regjeringskvartalet. Senteret skal vere eit minne- og læringssenter, og det er planlagt ferdig hausten 2025. Byggeprosjektet har ei samla kostnadsramme på 541,9 mill. kroner (prisnivå per 1.7.2024). Midlane til byggeprosjektet blir løyvde

over budsjettet til Kommunal- og distriktsdepartementet, kap. 2445, post 33. I tillegg kjem ei samla løyving på 90,5 mill. kroner til inventar og brukar-

utstyr og til å etablere utstilling over kap. 229, post 45. Departementet foreslår å løyve 27,2 mill. kroner av dette i 2024.

Kap. 230 Statleg spesialpedagogisk teneste

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Driftsutgifter	625 527	587 286	628 299
21	Særskilde driftsutgifter	24 989	25 659	27 200
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	3 645	10 108	10 936
	Sum kap. 230	654 161	623 053	666 435

Statped er direkte underlagd Kunnskapsdepartementet og skal bidra til at sektormåla for barnehagen og grunnsopplæringa blir nådd. Statped er ei statleg spesialpedagogisk støttetjeneste for kommunar og fylkeskommunar i arbeidet for at barn, unge og vaksne med varige og omfattande behov for særskild tilrettelegging får gode, tilpassa barnehage- og opplæringstilbod i inkluderande fellesskap. Statped har ein særskild funksjon knytt til samiskspråklege med spesialpedagogiske behov, basert på god forståing for samisk språk og kulturutvikling. Statped driv Diamanten skole i Oslo, som er ein grunnskule og vidaregåande skule for døvblindfødde.

Statped er under omstilling som ein del av oppfølginga av Meld. St. 6 (2019–2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skole og SFO*. Omstillingsperioden har gjort verksemda landsdekkande. Som følge av omstillinga har Statped fått redusert løyvinga til drift med 115 mill. kroner i perioden 2020–23. Departementet vurderer at eit vidare kutt vil gå ut over kjerneoppgåvene til Statped. Løyvinga til Statped blir derfor ført vidare på 2023-nivå, slik at Statped får gode rammer til å ferdigstille dei faglege omstillingsprosessane i 2024, utan at eit større kutt går ut over tenestetilbodet til målgruppene Statped har ansvar for. Midlar frå tidlegare reduksjonar i løyvinga til Statped har gått til å bygge opp eit kompetanseløft for spesialpedagogikk og inkluderande praksis for kommunar, fylkeskommunar og PPT. Det er viktig for regjeringa at fleire i kommunane har kompetanse innanfor spesialpedagogikk, og derfor held regjeringa fram styrkinga av kompetanseløftet til 160 mill. kroner i 2024. Samla sett

har regjeringa styrkt innsatsen med 45 mill. kroner utover reduksjonen i midlane frå Statped. Sjå kap. 226 Kvalitetsutvikling i grunnsopplæringa post 21 for nærare omtale av kompetanseløftet.

Post 01 Driftsutgifter, post 21 Særskilde driftsutgifter og post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvingane gjeld drift av Statped, inkludert ventelønn og lønn etter rettsvilkårsavtalen for overtalige. I tillegg blir det over post 01 gitt midlar til internasjonalt samarbeid mv., utgifter til medlemskap i og nasjonal koordinator for The European Agency for Special Needs and Inclusive Education, tilskot til kompetansetjenester frå Signo og Briskeby og til å følgevaluere omstillinga i Statped.

Mål for 2024

- Kommunar og fylkeskommunar får tenester og støtte til kompetanseutvikling som fremjar læring, utvikling og deltaking i eit inkluderande fellesskap for barn og elevar med varige og komplekse spesialpedagogiske behov
- Barn og elevar med rett til opplæring i og på teiknspråk er inkluderte både i eit norsk/samisk og eit norsk teiknspråkleg fellesskap
- Kommunar og fylkeskommunar har tilrettelagde læremiddel og pedagogisk materiell som fremjar læring, utvikling og deltaking for teiknspråklege, blinde og sterkt svaksynte barn og elevar i eit inkluderande fellesskap

Resultat i 2022

1. mai 2022 endra Statped organisasjonen frå regional inndeling til landsdekkjande verksemd. Siktemålet er å gi like tenester over heile landet og sikre god kvalitet på tenestene.

Brukarmedverknadssystemet vart endra i 2022, og det nasjonale brukarrådet blir no leia av brukarsida. Erfaringane frå hausten var positive, og rådet gir viktige innspel og synspunkt til arbeidet Statped gjer. Det har vore kontinuerleg samarbeid med kommunane gjennom direkte tenesteyting, dialog med leiarar og deltaking i PPT-leiarnettverk. Kontakten gir oversikt over behov, utfordringar og kontekst.

Statpedundersøkinga retta spørsmål til PPT, skular, barnehagar, brukarar og føresette. I 2022 viste undersøkinga at Statped leverte gode tenester, og at samarbeidspartnarane fekk tenester raskt. Ei generell tilbakemelding frå foreldre var at hjelpa er profesjonell, og at Statped lyttar til barnet.

Statped gjennomførte 238 kurs og konferansar, med 11 748 deltakarar, det er noko lågare enn i 2021, men høgare enn i 2020.

Statped held fram med å levere god digital tenesteyting. Digitalisering har på fleire område gitt auka tilgang for brukarar og samarbeidspartnarar og gitt læringsutbytte til fleire. Statped.no blir brukt til støtte- og rettleiing og til å finne læringsressursar.

I Statpedundersøkinga 2022 kjem det fram at 89 pst. av skulane, barnehagane og PPT meiner at bistanden frå Statped har medverka til å heve kompetansen deira. 86 pst. meiner at bistand frå Statped gjer dei i stand til å møte brukarane på ein betre måte.

Statped har bidrege aktivt i arbeidet med kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande opplæring, som Utdanningsdirektoratet har ansvaret for, og har eit breitt samarbeid med kommunar, fylkeskommunar, universitet og høgskular. *Spør oss*-tenesta bidreg til tidleg innsats, ved at

samarbeidspartnarar raskt kjem vidare med eige arbeid, og Statpedundersøkinga syner at samarbeidspartnarane var særst nøgde med tenesta. Statped har prioritert universell utforming i formidling og yting av tenester.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 628,3 mill. kroner på kap. 230, post 01, slik at driftsløyvinga til Statped blir halden på same nivå som i 2023. Løyvinga vil gi rom for at Statped kan utføre oppgåvene sine i tråd med behova i sektoren. Departementet foreslår å redusere løyvinga med 60 000 kroner som oppfølging av regjeringa sitt arbeid med meir effektive kontorleigeavtalar for statlege verksemdar.

Departementet foreslår 10 mill. kroner til å forbetre læremiddeltilbodet til elevar med varige og omfattande behov for tilrettelegging. Dette er ei vidareføring av midlar som kom i revidert statsbudsjett for 2023.

Departementet foreslår å flytte 1 mill. kroner frå kap. 230, post 01 til kap. 201, post 21 for å gå til Senter for spesialpedagogisk forskning og inkludering.

Den ideelle organisasjonen HLF Briskeby, eigd av Hørelshemmedes landsforbund, og Stiftelsen Signo får tilskot til kompetansetenester som kompletterer tenester frå Statped, og 36 mill. kroner av løyvinga over kap. 230, post 01 skal gå til dette. Departementet foreslår ei vidareføring av tilskotet på same nivå i 2024. Deretter vil omfang og innretting på tilskotet bli vurdert opp mot behovet for vidare tenester, dette i dialog med HLF Briskeby, Signo og Statped.

Departementet foreslår at løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3230, post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Departementet foreslår å løyve høvesvis 27,2 og 10,9 mill. kroner på kap. 230, post 21 og post 45.

Kap. 3230 Statleg spesialpedagogisk teneste

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Inntekter frå oppdrag	24 989	25 750	27 200
02	Salsinntekter o.a.	5 171	7 514	7 845
	Sum kap. 3230	30 160	33 264	35 045

Post 01 gjeld oppdragsverksemd som Statped utfører for kommunar, fylkeskommunar, høgskular, universitet og andre.

Post 02 gjeld sal av læremiddel, utleige av lokale og inntekter frå kurs.

Programkategori 07.30 Barnehagar

Utgifter under programkategori 07.30 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
231	Barnehagar	791 801	1 089 563	1 151 535	5,7
	Sum kategori 07.30	791 801	1 089 563	1 151 535	5,7

Innleiing

Regjeringa ønsker eit samfunn med mindre skilnader og betre moglegheiter for alle og vil derfor styrke moglegheitene for tidlegare innsats og sosial utjamning gjennom å auke ressursane der behova er størst, mellom anna gjennom å satse meir på dei yngste barna og dei barna som har størst behov. Alle barn skal få høve til å ta del i det fellesskapet barnehagen gir, og det er derfor viktig å halde foreldrebetalinga låg og sikre gode moderasjonsordningar.

Barnehagen skal vareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning, og barna skal møte trygge vaksne med god og rett kompetanse. Regjeringa vil ha fleire barnehagelærarar og barne- og ungdomsarbeidarar i barnehagen og legge til rette for at alle tilsette skal få styrkt kompetansen sin. Dei tilsette skal få tillit til å bruke tid og fagkunnskap saman med barna.

Regjeringa vil gi kommunane dei riktige verkøya for å drive god styring av både private og kommunale barnehagar. Eit meir moderne styrings- og finansieringssystem vil styrke kvaliteten og kompetansen i barnehagane. Private barnehagar skal vere ein naturleg del av det kommunale velferdstilbodet og ikkje oppfattast som eit investeringsobjekt for kommersielle interesser. Barna skal vere i sentrum, og likeverdige barnehagetilbod krev at finansieringa må tilpassast behova i barnegruppene.

Regjeringa legg til grunn følgjande sektormål som skal gjelde for barnehagane i 2024:

- Sterkare felles opplærings- og utdanningsmiljø fremjar inkludering, motivasjon og meistring

- Ein meir samordna og tidlegare innsats for alle barn og unge
- Kunnskapssektoren har tilbod av høgare kvalitet
- Medarbeidarane i kunnskapssektoren har meir relevant kompetanse

Barnehagane er i hovudsak finansierte gjennom dei frie midlane til kommunane, det vil seie rammetilskotet og skatteinntektene. I tillegg kjem foreldrebetalinga, som i dag utgjer om lag 15 pst. av finansieringa. Barnehageeigaren har det overordna ansvaret for at barnehagen blir driven i samsvar med gjeldande lover og regelverk. Kommunen som barnehagemyndigheit skal gi rettleiing og sjå til at barnehagane blir drivne i samsvar med regelverket. Statsforvaltaren kan føre tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit og med einskilde barnehagar i særskilde tilfelle. Utdanningsdirektoratet har ansvar for å føre økonomisk tilsyn med private barnehagar.

For statistikk og informasjon om ressursbruk, sjå del III, kap. 7 Nøkkeltal for barnehagesektoren. Sjå òg omtalen i del I, kap. 3 Oppfølging av oppmodingsvedtak.

Hovudprioriteringar for 2024

Regjeringa foreslår å nominelt vidareføre maksimalprisen for foreldrebetaling i barnehage på 3 000 kroner per måned frå 1. januar 2024 og deretter redusere maksimalprisen til 2 000 kroner per måned frå 1. august 2024. Regjeringa foreslår å ytterlegare redusere maksimalprisen for foreldrebetaling for barn som bur i kommunar med sentralitetsindeks 5 og 6, slik at desse frå 1.

august 2024 får ein maksimalpris på 1 500 kroner. Samla sett er dette ein historisk reduksjon i maksimalprisen i barnehage, som bidreg til å gjere barnehage meir tilgjengeleg for alle.

Regjeringa vil at alle som arbeider i barnehagen skal ha god og relevant kompetanse. Departementet foreslår å løyve om lag 790 mill. kroner i 2024 til tiltak for å fremje kvaliteten og kompetansen i barnehagane. Om lag 260 mill. kroner av dette vil gå til den regionale ordninga for kompetansetiltak.

Regjeringa vil at alle barn skal ha tilgang til likeverdige tilbod av høg kvalitet, og at kommunen skal få meir demokratisk styring og kontroll med barnehagesektoren. Eit samla forslag til endringar i regelverket for styring og finansiering av barnehagesektoren vil bli sendt på brei offentlig høyring i løpet av hausten 2023.

Departementet foreslår å vidareføre ordningane med gratis barnehage for tredje barn i familien som går i barnehage samstundes, og gratis barnehage for alle 1–5-åringar i tiltakszona i Finnmark og Nord-Troms, ordningar som begge vart innførte hausten 2023.

Departementet foreslår å vidareføre moderasjonsordninga med eit nasjonalt minstekrav til foreldrebetaling, som inneber at ingen skal betale meir enn 6 pst. av samla skattbar inntekt for ein barnehageplass, med maksimalprisen som øvre grense. Departementet foreslår å vidareføre ordninga med 20 timar gratis kjernetid i barnehage per veke for barn i alderen 2–5 år i familiar med låg inntekt. Departementet foreslår å fastsetje inntektsgrensa for ordninga til 642 700 kroner frå 1. august 2024. Regjeringa vil i samsvar med Hurdalsplattforma gjennomgå og forbetre dei behovsprøvde moderasjonsordningane som gjeld barnehage.

Sosial utjamning og inkludering av alle barn

Økonomiske hindringar for å delta i barnehage

Under Solberg-regjeringa steig maksimalprisen for foreldrebetaling i barnehage, slik at det blei dyrare for familiar å ha barn i barnehagen. Dette er i strid med intensjonen i barnehageforliket frå 2003. Støre-regjeringa ser på barnehage som ein del av utdanningsløpet og meiner at prisen bør vere låg for alle. Tidlegare undersøkingar om barnetilsyn viser at prisen for ein barnehageplass har noko å seie for bruken av barnehage blant familiar med låg inntekt. Dei nasjonale moderasjonsordningane som er innførte dei seinare åra, blir heller ikkje nytta av alle som har rett til dei. Departe-

mentet anslår at 3 000 av barna med rett til moderasjon i barnehagen ikkje nytta denne retten i 2021.

Lågare foreldrebetaling og gratis barnehagetilbod for fleire barn

Regjeringa har i statsbudsjettet for 2023 redusert maksimalprisen til under nivået frå barnehageforliket. Regjeringa foreslår for 2024 å redusere maksimalprisen betydeleg, slik at prisen for eit ordinært heiltidstilbod i frå 1. august 2024 vert sett til 2 000 kroner. For foreldre med to barn i barnehagen inneber dette ei innsparing på 18 700 kroner i året. Regjeringa foreslår å nominelt vidareføre maksimalprisen på 3 000 kroner per måned frå 1. januar 2024, jf. forslag til vedtak VI nr. 1. Samla sett inneber forslaget at maksimalprisen vert redusert med 1 315 kroner per måned samanlikna med 2022. Regjeringa foreslår å redusere foreldrebetalinga ytterlegare i dei mest spreiddbygde kommunane. I kommunar med sentralitetsindeks 5 og 6 vert maksimalprisen frå 1. august 2024 fastsett til 1 500 kroner.

Departementet innførte frå 1. august 2023 gratis barnehage frå tredje barn i familien som går i barnehage samstundes. Regjeringa har frå 1. august 2023 også innført gratis barnehage for alle 1–5-åringar i tiltakszona i Finnmark og Nord-Troms. Departementet foreslår å vidareføre det nasjonale minstekravet til redusert foreldrebetaling, som gjer at ingen familiar må betale meir enn 6 pst. av samla skattbar inntekt for ein barnehageplass, med maksimalprisen som ei øvre grense. Fordi denne regjeringa prioriterer å halde maksimalprisen låg for alle, betyr det at færre har behov for særskild moderasjon.

Departementet foreslår å vidareføre den nasjonale ordninga med gratis kjernetid 20 timar per veke for barn i alderen 2–5 år frå familiar med låg inntekt. Ordninga blir vidareført på same reelle nivå, slik at inntektsgrensa blir sett til 642 700 kroner frå 1. august 2024, jf. forslag til vedtak VI nr. 2.

Regjeringa vil i samsvar med Hurdalsplattforma gjennomgå og forbetre dei behovsprøvde moderasjonsordningane som gjeld barnehage.

Frå august 2022 har kommunane hatt høve til å bruke heilautomatiserte avgjerder når dei behandlar søknader om moderasjon i foreldrebetalinga for barnehagar og for skulefritidsordningar (SFO). Dette gjer saksbehandlinga enklare og kan bidra til at familiar med låg inntekt får dei moderasjonsordningane dei har rett på.

Eit betre kunnskapsgrunnlag om kva som bidreg til sosial utjamning

Forskinga har vist at innsats retta mot barn i barnehagealder er særleg verksamt både for å utjamne skilnader her og no, men også for å førebygge større skilnader på sikt. For å få meir kunnskap om bruk av barnehage og SFO blant ulike sosioøkonomiske grupper i samfunnet har departementet bestilt ei ny barnetilsynsundersøking frå SSB. Undersøkinga vil etter planen bli lagd fram hausten 2023.

Vi treng systematisk kunnskap om korleis barnehagar, skular og SFO verkar inn på sosial utjamning. Barne- og familiedepartementet har i august 2022 oppnemnt ei ekspertgruppe som skal foreslå tiltak som både gir betre levekår for barn som veks opp i fattigdom, og i tillegg skal førebygge at fattigdom går i arv. Ekspertgruppa leverer sin rapport i oktober 2023. Kunnskapsdepartementet har i januar 2023 oppnemnt ei ekspertgruppe som skal gi eit kunnskapsgrunnlag og tilrådingar om korleis barnehagar, skular og SFO kan vere med på å jamne ut sosiale skilnader. Departementet foreslår å løyve 2 mill. kroner i 2024 til å innhente meir kunnskap om hindringar for sosial utjamning i barnehagesektoren, jf. omtalen under kap. 231, post 21. For omtale av den kommande meldinga om sosial mobilitet og sosial utjamning, sjå programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Minoritetsspråklege barn har framleis lågare deltaking i barnehage

86,2 pst. av minoritetsspråklege barn i alderen 1–5 år gjekk i barnehage i 2022. Tilbake i 2012 var talet 75 pst., så det har vore ei positiv utvikling det siste tiåret. Til samanlikning gjekk 95,4 pst. av andre barn i barnehage i 2022. Skilnaden i bruk av barnehage er større dess yngre barna er. For meir statistikk om minoritetsspråklege barn i barnehage, sjå del III kap. 7.

Minoritetsspråklege barn har i gjennomsnitt gått færre år i barnehage før dei begynner på skulen, men det store fleirtalet av minoritetsspråklege barn har gått i barnehage før skulestart. Dette kan medverke til eit svakare norskspråkleg grunnlag når dei startar på skulen, noko som kan gjere opplæringa vanskelegare. Årsakene til lågare bruk av barnehage er samansette. Familieøkonomien er ei årsak, og her kan tiltaka for å fjerne økonomiske hindringar vere nyttige, jf. omtalen over. Andre årsaker kan vere av kulturell og/eller praktisk art. Ei viktig årsak kan vere at foreldra er usikre på kva barnehagetilbodet har å

seie for barna deira, til dømes når det gjeld å lære norsk i tillegg til morsmålet familien snakkar heime.

Informasjon og støtte til minoritetsspråklege barnefamilier

Som eit ledd i å nå ut til minoritetsspråklege familier med mellom anna informasjon om barnehagetilbodet og hjelp til å søke om plass, har Utdanningsdirektoratet sidan 2018 forvalta eit øyremerkt tilskot til auka barnehagedeltaking for minoritetsspråklege barn, jf. omtalen under kap. 231, post 66. Departementet foreslår å løyve 23,5 mill. kroner til tilskotet i 2024. Kommunane står fritt til å bruke midlane slik det passar best lokalt for å nå målet, mellom anna til open barnehage, som er rekna som ein god rekrutteringsarena.

For omtale av barnehagetiltak retta mot fordrivne frå Ukraina, sjå programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Utfordringar for småbarnsfamilier i levekårsutsette område

Levekårsutsette område er kjenneteikna av ei opphoping av ulike levekårsproblem, jf. NOU 2020: 16 *Levekår i byer – Gode lokalsamfunn for alle*. Dette kan mellom anna gjelde låg sysselsetjing og låg familieinntekt med tilhøyrande barnefattigdom, noko som kan føre til risiko for nedgåande spiralar som over tid fører til at områda sakkar ytterlegare akterut i forhold til andre område i same kommune. Småbarnsfamilier med låg inntekt i kombinasjon med andre utfordringar er særleg sårbare, og dei har behov for gode tilbod som kan medverke til at barna får støtte til å trivast og til å utvikle seg positivt.

Styrking av barnehagar i levekårsutsette område

Staten deltek i eit samarbeid med fleire kommunar om områdesatsingar i levekårsutsette område. Gjennom områdesatsingane i delar av Oslo med samansette levekårsutfordringar bidreg Kunnskapsdepartementet med støtte innanfor delprogrammet *Oppvekst og utdanning*, jf. omtalen i programkategori 07.20 Grunnopplæringa og Prop. 1 S (2023–2024) for Kommunal- og distriktsdepartementet. Sjå også Meld. St. 28 (2022–2023) *Gode bysamfunn med små skilnader*.

I 2022 blei det oppretta eit øyremerkt tilskot til auka pedagogtettleik i barnehagar i levekårsutsette område. Regjeringa foreslår å løyve 80 mill.

kroner til tilskotet i 2024, jf. omtalen under kap. 231, post 21. Tilskotet er eit ledd i arbeidet med å styrke satsinga på barnehagar i område med integrerings-, språk- og levekårsutfordringar, jf. omtalen i Hurdalsplattforma.

Tidlegare innsats for trivsel og utvikling for alle barn i barnehagen

Dei fleste foreldre er nøgde med barnehagetilbodet

Utdanningsdirektoratet har ei årleg foreldreundersøking som for 2022 viser at 97 pst. av foreldra i ganske stor eller svært stor grad er nøgde med barnehagetilbodet. Foreldra er særleg nøgde med korleis barna trivst i barnehagen, og kor god tryggleiken er. Berre 1,9 pst. av foreldra er ganske eller svært misnøgde med tilbodet. Foreldra har vore om lag like nøgd med barnehagen alle dei åtte åra undersøkinga har vore gjennomført, også gjennom koronapandemien.

Alle barn har rett til eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø

Barnehagane skal jobbe for at alle barn har det trygt og godt i barnehagen, og alle tilsette har plikt til å følge med på korleis barna i barnehagen har det. Dersom eit barn opplever at det ikkje er trygt og godt å vere i barnehagen, skal det gjerast noko med det. Dette gjeld mellom anna dersom barnet opplever krenkingar som til dømes ute-stenging, vald, mobbing, diskriminering eller trakkering, jf. barnehagelova kapittel VIII.

Regjeringa vil styrke kunnskapsgrunnlaget om korleis barn trivst i barnehagen, og arbeidet barnehagane gjer med å følge opp føresegna om eit trygt og godt barnehagemiljø. Utdanningsdirektoratet har derfor fått i oppdrag å kartlegge og vurdere kva slags kompetanse skulane og barnehagane treng no for å bli betre til å bygge trygge og gode barnehage- og skulemiljø. Som del av dette er det sett i gang ei evaluering av korleis barnehagesektoren forstår og etterlever kapittel VIII i barnehagelova om psykososialt barnehagemiljø. I tillegg skal det lysast ut eit forskingsoppdrag om korleis barna trivst i barnehagen og opplever barnehagetilbodet.

Ikkje alle barn med behov for særskild tilrettelegging får eit godt nok tilbod

Barnehagen er ein viktig arena for arbeidet med tidleg innsats og inkluderande fellesskap, men ikkje alle barn får eit godt tilpassa og inkluderande pedagogisk tilbod i barnehagen, slik regel-

verket tilseier, jf. Meld. St. 6 (2019–2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skole og SFO*.

Alle barn i barnehagen skal ifølge rammeplanen få eit tilpassa allmennpedagogisk tilbod etter deira egne behov og føresetnader. Barn under opplæringspliktig alder med særleg behov for spesialpedagogisk hjelp har rett på slik hjelp etter § 31 i barnehagelova. Retten gjeld uavhengig av om barnet går i barnehage. Kommunen skal oppfylle retten, og den pedagogisk-psykologiske tenesta (PPT) er sakkunnig instans som vurderer behovet. I 2022 fekk 3,6 pst. av barna i barnehage spesialpedagogisk hjelp, same del som i 2021. Det har vore ein svak auke over tid i prosentdelen av barn som får slik hjelp. Sjå meir statistikk i del III, kap. 7 Nøkkeltal for barnehagesektoren.

Auka kompetanse for å gi eit betre tilbod til barn med behov for særskild tilrettelegging

Regjeringa vil at alle barn, uavhengig av ulike føresetnader og behov, skal få delta i det fellesskapet barnehagen utgjer, og få den oppfølginga dei treng. Departementet følger opp fleire tiltak som skal bidra til å gi eit betre pedagogisk tilbod til alle barn, inkludert barn med behov for særskild tilrettelegging. Dette omfattar mellom anna ein sterk auke i vidareutdanning for barnehagelærarar i spesialpedagogikk, og fagskuletilbod for barne- og ungdomsarbeidarar i barnehage med temaet «barn med særskilde behov», jf. omtalen under kap. 231, post 21. Kompetanseløftet i spesialpedagogikk og inkluderande praksis er under oppbygging, og i overkant av 280 kommunar deltek i ordninga, jf. omtalen i programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Tiltak for tverrfagleg samarbeid

Det er godt dokumentert, mellom anna i *Tett på*-meldinga, at tverrfagleg samarbeid er utfordrande og ofte ikkje fungerer godt nok, noko som kan føre til at viktig og nødvendig informasjon ikkje kjem fram til dei som treng det. Det kan føre til at barna ikkje får den hjelpa dei treng i tide, eller ikkje får hjelp i det heile teke. Sjå òg omtalen i programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Det er eit overordna samfunns mål at utsette barn og unge får nødvendig hjelp og oppfølging uavhengig av kva teneste eller forvaltningsnivå som er ansvarleg. Regjeringa ønsker å styrke det universelle velferdstilbodet for barn og unge gjennom å prioritere velferdstenester som omfattar alle barn, og har derfor sett i gang fleire tverrdeparte-

mentale prosessar for å sikre at alle barn og unge har ein trygg og god oppvekst. Med verknad frå 1. august 2022 blei det innført ei rekke endringar i velferdstenestelovgivinga med mål om å styrke oppfølginga av utsette barn og unge og familieane deira gjennom auka samarbeid mellom velferdstene- nestene. Mellom anna blei det innført ein rett til barnekoordinator på visse vilkår, jf. Prop. 1 S (2022–2023) for Kunnskapsdepartementet.

Frå 2020 til medio 2023 har det vore gjennomført eit forsøk med programfinansiering i tolv kommunar. Formålet med programfinansiering er å gi kommunane større fridom til å disponere mid- lane slik at dei er betre tilpassa lokale behov, jf. Prop. 1 S (2022–2023) for Kunnskapsdepartemen- tet. Aktuelle departement jobbar saman om å vur- dere mogleg programfinansiering av eksisterande tilskot til tiltak for utsette barn og unge og famili- ane deira som ein del av arbeidet med tillitsre- forma og eit styrkt heilskapleg og samordna tenestetilbod til barn og unge.

Dokument 3:8 (2021–2022) *Riksrevisjonens undersøkelse av myndighetenes innsats mot vold i nære relasjoner* blir følgd opp i det tverrdeparte- mentale arbeidet med Hurdals-punktet om ein ny opptrappingsplan mot vald og overgrep mot barn og vald i nære relasjonar. Justis- og beredskapsde- partementet tek sikte på å legge fram planen hausten 2023.

Tiltak som gjeld tilbodet til minoritetsspråklege barn i barnehagen

Barnehagen er ein viktig arena for å legge eit så godt språkleg grunnlag som mogleg. Dette gjeld særleg barn med eit anna morsmål. Fleire minori- tetsspråklege barn startar seinare i barnehage enn andre barn, slik at dei oftare har færre år der før dei kjem på skulen. Tidlegare rapportar frå områdesatsinga i Oslo viser variasjon i språkarbei- det mellom barnehagar og mellom avdelingar i same barnehage. Årsakene kan vere mange og omfattar mellom anna både kompetanse, systema- tikk og ressursar.

Alle barnehagar som har minoritetsspråklege barn, skal i samsvar med rammeplanen støtte barna i å bruke morsmålet sitt, samstundes som barnehagen aktivt skal fremje og utvikle den norskspråklege kompetansen til barna. Regje- ringa foreslår å løyve 218 mill. kroner til tiltak for å styrke den språklege utviklinga for minoritets- språklege barn, jf. omtalen under kap. 231, post 63.

Utdanningsdirektoratet lanserte 1. mars 2023 den nye temasida *Flerspråklige barn i barnehagen*

på udir.no. Direktoratet har samla tidlegare til- gjengelege støtte- og rettleiingsressursar i tillegg til å ha utvikla nytt innhald. Nettsida vil bli vidare- utvikla og oppdatert med mellom anna innhald frå kompetansepakken «Personalets arbeid i barne- hagen for å fremme og utvikle de fleirspråklege barnas norsk- eller samiskspråklege kompe- tanse», som direktoratet etter planen skal legge fram før jul 2023. Denne kompetansepakken skal også bli tilgjengeleg på nettstaden kompe- tanse.udir.no, og formålet er å gi fagleg påfyll og støtte til å utvikle kompetanse og praksis i barne- hagen.

Kvaliteten på barnehagetilbodet

Variasjonen i kvaliteten på barnehagetilbodet er for stor

Undersøkingar og forskning har gjennom fleire år vist at det er stor variasjon i kvaliteten på barneha- getilbodet, både mellom barnehagar og innanfor kvar barnehage. Dette er eit problem, både fordi ein del barn ikkje får det tilbodet dei har rett på, og fordi det kan vere med på å auke dei sosiale skilnadene i samfunnet. Det er også eit problem at foreldre vil oppleve at dei får ulikt tilbod sjølv om dei betaler det same.

God kompetanse hos alle tilsette er avgjerande for god kvalitet i barnehagetilbodet. Per desem- ber 2022 var kravet om pedagogtettleik oppfylt i 67 pst. av alle ordinære barnehagar utan bruk av dispensasjon. Det manglar nesten 2 600 årsverk for å oppfylle kravet om pedagogtettleik i alle bar- nehagar utan bruk av dispensasjon. 25,9 pst. av dei tilsette i grunnbemanninga har ikkje registrert formell barnehagefagleg kompetanse.

Regjeringa vil sikre god kvalitet i alle barnehagar

Nasjonal barnehagestrategi mot 2030

Regjeringa la i januar 2023 fram *Barnehagen for en ny tid. Nasjonal barnehagestrategi mot 2030*. Gjen- nom strategien vil regjeringa legge til rette for at alle barn i Noreg skal få høve til å ta del i barneha- gefellesskapet, og at kvaliteten i barnehagane skal bli betre og meir likeverdig over heile landet. Stra- tegien skal mellom anna bidra til følgande:

- Betre kvalitet i tilbodet til barna gjennom auka kompetanse hos dei tilsette, god leiing og til- strekkeleg bemanning
- Auka deltaking i barnehagen gjennom låg mak- simalpris og gode moderasjonsordningar
- At fellesskapets ressursar går til barna gjen- nom betre regulering av barnehagesektoren

- Eit meir likeverdig barnehagetilbod i heile landet gjennom å gi kommunane betre demokratisk styring og kontroll

Kunnskapsdepartementet har også lagt fram ein ny strategi for digital kompetanse og infrastruktur. Strategien skal gjelde for barnehagar, grunnskular og vidaregåande opplæring i perioden 2023–30. Dette er nærare omtala under programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Støtte til barnehagane i det pedagogiske arbeidet

Utdanningsdirektoratet har ansvaret for å støtte barnehagane i forståinga og bruken av rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver, og det er utvikla rettleiings- og støttemateriell som barnehagane fritt kan bruke. I perioden 2018–23 gjennomførte Utdanningsdirektoratet ei evaluering av korleis rammeplanen blir praktisert, fortolka, operasjonalisert og erfart i sektoren. Første delrapport viste at det varierer korleis rammeplanen er teken i bruk i ulike barnehagar, og i kva grad planen blir brukt aktivt av heile personalet. Sluttrapporten kjem etter planen i desember 2023.

Eit treårig pilotprosjekt for ekstern rettleiing av barnehageeigarar for å styrke kvalitetsutviklinga i utvalde fylke held på i perioden 2021–23. Piloten omfattar 30 barnehageeigarar med geografisk spreiding og storleik, halvparten private og halvparten kommunale. OsloMet leiar arbeidet i samarbeid med Telemarksforskning, Dronning Mauds Minne Høgskole og Høgskolen i Østfold. Piloten har tre delar: rettleiing, kunnskapssamanstilling på barnehagekvalitet og utvikling av eit indikatorsett. Sluttrapporten kjem hausten 2023.

Vidareutvikling og deling av kunnskapsgrunnlaget

Utdanningsdirektoratet skal støtte opp om kvalitetsutviklinga i barnehagesektoren. Dette blir løyst både ved å gjere relevant kunnskapsgrunnlag tilgjengeleg gjennom ulike plattformer og ved å tilby støtte, verktøy og rettleiing. Direktoratet jobbar for å vidareutvikle kunnskapsgrunnlaget, det gjeld både forskning, analysar og statistikk om barnehagane. Ein føresetnad for systematisk kvalitetsutvikling i barnehagane og i barnehagesektoren er at kunnskapsgrunnlaget blir teke i bruk aktivt som grunnlag for utviklingsprosessar. Direktoratet har derfor prioritert formidling og brukarinvolvering. Arbeidet med publikasjonane Utdanningsspegelen og Vetuva er døme på dette. Ekstra datainnhentingar og forskning i samband

med covid-19-pandemien har bidrege med ny kunnskap.

Som ein del av oppfølginga av strategien *Barnehagen for en ny tid. Nasjonal barnehagestrategi mot 2030*, vil regjeringa setje i gang ein heilskapleg gjennomgang av system for kvalitet i barnehagen (KiB) i samarbeid med partane. Gjennomgangen skal sjå på kva slags støtte barnehagane, barnehageeigarane og kommunen som barnehagemyndigheit treng i arbeidet med kvalitetsutvikling. Gjennomgangen skal òg sjå på kva for kunnskapsgrunnlag lokale og nasjonale styresmakter treng når dei skal vurdere og utvikle kvaliteten i barnehagane, og korleis ein skal utvikle og innhente dette. Verkemidla må møte behova i barnehagetilbodet til samiske barn.

Utdanningsdirektoratet gjennomfører kvart år ei foreldreundersøking som kan nyttast av dei barnehagane som ønsker det.

Strategi for kompetanse og rekruttering mot 2025

Hausten 2022 la departementet fram ein revidert og oppdatert kompetansestrategi som gjeld for perioden 2023–25. Strategien skal bidra til at alle tilsette skal få høve til kompetanseutvikling. Regjeringa har som mål at minst 50 pst. av dei tilsette er barnehagelærarar innan 2025, og at fleire styrarar og barnehagelærarar har mastergrad. I barnehagestrategien tydeleggjer regjeringa at ho vil jobbe for at barnehagelærarane utgjer minst 60 pst. av dei tilsette i barnehagen innan 2030.

Barnehagelærarane er spesielt utdanna for å sikre eit systematisk pedagogisk arbeid. Kvaliteten i barnehagane blir styrkt når det er fleire barnehagelærarar. Både styraren og barnehagelærarane må ha fagleg og analytisk-metodisk kompetanse til å gjennomføre systematisk vurdering av barnehagens praksis, og i tillegg kompetanse til å utvikle og endre denne praksisen. Ein større prosentdel barnehagelærarar med mastergrad vil òg medverke til å styrke kvalitetsutviklinga i barnehagane.

Regjeringa har dessutan eit mål om at minst 25 pst. av dei tilsette i barnehagen er barne- og ungdomsarbeidarar innan 2025. Ved å styrke den regionale ordninga for kompetanseutvikling vil regjeringa gjere det mogleg å prioritere lokalt at fleire tilsette tek fagbrev som barne- og ungdomsarbeidarar gjennom praksiskandidatordninga.

I 2022 blei 100 mill. kroner av veksten i dei frie inntektene til kommunane grunnlagt med å legge til rette for fleire barnehagelærarar i grunnbemanninga, og dette skulle sjåast i lys av målet om at 50 pst. av dei tilsette i barnehagen skal vere bar-

nehagelærarar innan 2025. Vidare blei veksten i dei frie inntektene til kommunane grunngitt med dei kostnadene kommunane hadde til auka grunnbemanning og fleire pedagogar dei siste åra.

Styrking av kompetanseutviklingstiltaka i barnehagen

Departementet foreslår å løyve over om lag 790 mill. kroner til kompetanseutvikling i barnehagen i 2024, jf. omtalen under kap. 231, post 21. Revidert kompetansestrategi må òg sjåast i samheng med den langsiktige barnehagestrategien mot 2030, som regjeringa la fram i januar 2023.

Regjeringa har styrkt vidareutdanningstilbodet til barnehagelærarane og den regionale ordninga for kompetanseutvikling i barnehagen, som inngår i tilskotsordninga for lokal kompetanseutvikling, i tråd med kompetansestrategien. Tilskotsordninga gir støtte til kollektiv kompetanseutvikling med utgangspunkt i lokale vurderingar av kompetansebehov i barnehagar og skular, og gjennom partnerskap med universitet eller høyskule. Sjå nærare omtale under programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Sluttrapporten frå følgjevalueringa av kompetansestrategien (SINTEF 2022) viser til at koplinga mellom universitet og høyskular og barnehagane i regional ordning kan bidra til eit meir profesjonalisert kompetanseutviklingsarbeid i barnehagesektoren. Samstundes blir det peika på at det kan vere utfordrande å utvikle profesjonelle faglege fellesskap når ein tredel av dei tilsette ikkje har relevant utdanning.

Inntil 30 pst. av midlane til regional ordning kan mellom anna nyttast til at assistentar kan ta fagbrev på jobb eller gjennom praksiskandidatordninga. Midlane kan også nyttast til å sikre ein barnehagefagleg grunnkompetanse hos assistentar. Det er barnehageeigarane sitt ansvar å sørge for at desse får ei innføring i barnehagens samfunnsmandat, ansvar og innhald. Det er fastsett nasjonale rammer for barnehagefagleg grunnkompetanse, og det er utvikla eit interaktivt e-læringstilbod som vil vere gratis og tilgjengeleg for bruk frå hausten 2023.

Fagskuleutdanning i oppvekstfag er ei vidareutdanning for barne- og ungdomsarbeidarar og assistentar med minimum fem års erfaring frå arbeid med barn i barnehage. Tiltaket gir høve til auka kompetanse innanfor tre område: barn med behov for særskild tilrettelegging, arbeid med språk, fleirspråklegheit og kulturell kompetanse og arbeid med dei yngste barna (0–3 år) i barnehagen.

Den nasjonale leiarutdanninga og dei modulbaserte vidareutdanningane for styrarar bidreg til å styrke leiarkompetansen i barnehagane. Studia er på masternivå.

Departementet er i gang med å utvikle eit heilskapleg system for kompetanse- og karriereutvikling for barnehage og opplæring, som etter planen skal starte opp hausten 2025 med vidare planar for oppfølging. NOU 2022: 13 *Med vidare betydning*, som vart lagd fram hausten 2022, og høyringa til denne vil vere eit viktig kunnskapsgrunnlag i dette arbeidet. Sjå nærare omtale under kap. 07.20 Grunnopplæringa.

Behov for fleire barnehagelærarar

Høg kvalitet i barnehagelæruddanninga (BLU) er ein føresetnad for å sikre kompetansen til barnehagelærarane. Barnehagelæruddanninga har rekrutteringsutfordringar. Søkartala våren 2022 viste ein nedgang på 25,6 pst. Nedgangen heldt fram i 2023 med 16,5 pst. Dette er ein større nedgang enn dei andre læruddanningane. Departementet vil sjå nærare på nedgangen i rekrutteringa til barnehagelæruddanninga og vurdere kva som kan gjerast for å snu trenden. Departementet vil mellom anna styrke det nasjonale rekrutteringsarbeidet og følge opp stortingsvedtaket om å lage ein strategi for å auke rekrutteringa av lærarar, som må sjåast i samheng med eit nytt system for kompetanse- og karriereutvikling og profesjonsmeldinga (oppmodningsvedtak 690). Rammeplanen for barnehagelæruddanninga blei revidert i 2022, og ny forskrift tok til å gjelde 1. januar 2023. Den reviderte rammeplanen er meir fleksibel og gir institusjonane større handlingsrom til å utvikle praksisnær barnehagelæruddanning. Ei av endringane er at kravet om at pedagogikkfaget skal vere ein del av alle kunnskapsområda, er teke ut. Det er også frigjort 20 studiepoeng som institusjonane sjølv kan disponere der dei ser behov.

Regjeringa vidarefører midlar til auka kvalitet i barnehagelæruddanninga. Gode barnehagelærarar er ein nøkkel til god pedagogisk kvalitet i barnehagane. Det er derfor viktig med ei barnehagelæruddanning som har høg kvalitet, og som er godt forankra i forskning og nær knytt til praksisfeltet. Ei tydeleg satsing på BLU vil også bidra til rekruttering og vere eit svar på låge søkartal.

Arbeidsplassbasert barnehagelæruddanning (ABLU) er eit tilbod til erfarne assistentar og barne- og ungdomsarbeidarar som ønsker å utdanne seg til barnehagelærar. Undersøkingar har vist at barnehagelærarar som har teke ABLU, i

større grad blir verande i yrket. Regjeringa vil vidareføre denne moglegheita til å kombinere jobb og studium, fordi det bidreg til å rekruttere studentar som ikkje ville valt heiltidsutdanning.

Eit viktig tiltak for å bidra til at barnehagelærarane blir i yrket, er å gi rettleiing til nyutdanna nyttilsette lærarar. Regjeringa samarbeider med partane for å medverke til at fleire nyutdanna nyttilsette lærarar får rettleiing. Dette arbeidet vil inngå i oppfølginga av NOU 2022: 13 *Med vidare betydning – Et helhetlig system for kompetanse- og karriereutvikling i barnehage og skole*. Sjå nærare omtale i kap. 07.20 Grunnopplæringa.

Styring og finansiering av private barnehagar

Strategien *Barnehagen for en ny tid. Nasjonal barnehagestrategi mot 2030* konkretiserer regjeringa sine politiske mål for sektoren og varslar ein gjennomgang av regelverket for finansiering og styring av barnehagesektoren i løpet av 2023. Eit modernisert styrings- og finansieringssystem skal setje barna i sentrum og bidra til å rette merksemda mot kvalitetsutvikling i barnehagane.

Noreg skal ha både private og kommunale barnehagar og ein desentralisert barnehagestruktur. Regjeringa er oppteken av at det skal vere eit mangfald av barnehagar å velje mellom. Regjeringa meiner at dagens styrings- og finansieringssystem går ut over den samla kvaliteten i barnehagetilbodet. Systemet fungerer ikkje godt nok verken for private barnehagar eller for kommunane, og sektoren har lenge etterspurt endringar. I barnehagestrategien har regjeringa fleire mål for eit nytt styrings- og finansieringssystem. Regjeringa vil at alle barn skal ha tilgang til likeverdige tilbod av høg kvalitet, og at kommunen skal få meir demokratisk styring og kontroll med barnehagesektoren. Dette skal bidra til å styrke barnehagens rolle i å jamne ut sosiale skilnader og sikre at offentlege tilskot og foreldrebetaling går til drift av barnehagar og stimulerer til mangfald og kvalitetsutvikling over tid. Private barnehagar skal vere ein naturleg del av det kommunale velferdstilbodet, ikkje eit investeringsobjekt for kommersielle interesser. Kommunane skal få større høve både til å prioritere små privateigde og ideelle barnehagar og til å bestemme finansieringa og krav til alle barnehagar.

Gjennomgang av regelverket

Gjennomgangen av regelverket bygger på eit solid kunnskapsgrunnlag og faglege råd, mellom anna frå velferdstenesteutvalet (NOU 2020: 13) og det partssamansette Storberget-utvalet (2021). Begge utvala peika på at kommunane bør få meir ansvar for finansieringa og styringa av sektoren. Dagens regelverk er tilpassa ei tid då utbygging av plassar var hovudprioriteringa, og gir private barnehageeigarar sterke rettar. Det er lagt mindre vekt på rom for lokale prioriteringar og kommunens høve til å styre sektoren, og at ulike barnehagar har ulikt finansieringsbehov ut frå storleik, kvar dei ligg, behova til barnegruppa og så vidare. Dei siste åra er kommunens behov for å tenke samla om alle barn i kommunen forsterka. Ein forventar tidleg innsats i barnehagen og betre koordinerte tenester på tvers av sektorar. For å oppnå dette må også private barnehagar vere ein naturleg del av velferdstilbodet i kommunane, og regelverket må gi kommunane handlingsrom og ansvar. Foreldre skal framleis få søke på dei barnehagane dei ønsker, så vil kommunen organisere opptaket, slik dei gjer i dag. Eit samla forslag til endringar i regelverket vil bli sendt på brei offentlig høyring i løpet av hausten 2023.

Krav om at kvar barnehage skal vere eit eige rettssubjekt

Frå 1. januar 2023 skal private barnehagar vere eit eige rettssubjekt, og det er forbod mot å drive anna verksemd i same selskap som barnehagen. Kvar barnehage må etter dei nye reglane vere eit eige selskap som leverer fullstendig rekneskap. Ordinære barnehagar med færre enn 30 barn, familiebarnehagar med færre enn ti barn og opne barnehagar som er berre éin eining, er unnatekne dette kravet. Utdanningsdirektoratet og statsforvaltaren gir rettleiing om det nye regelverket. Departementet har vore i kontakt med einskilde barnehageeigarar som synest at overgangen til eige rettssubjekt er krevjande. Departementet ser at overgangen blir særleg utfordrande for barnehagar eigde av sokn i Den norske kyrkja på grunn av dei særskilde reguleringane som gjeld for dei. Departementet vil derfor sende på høyring forslag om at desse barnehagane blir unnatekne kravet om eige rettssubjekt. Departementet vil fortsette å følge med på implementeringa av det nye regelverket.

Kap. 231 Barnehagar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	558 258	788 994	835 421
63	Tilskot til tiltak for å styrke språkutviklinga blant minoritetsspråklege barn i barnehage	144 549	204 278	217 765
66	Tilskot til auka barnehagedeltaking for minoritets-språklege barn	17 342	22 008	23 460
70	Tilskot til symjing i barnehagane	71 652	74 283	74 889
	Sum kap. 231	791 801	1 089 563	1 151 535

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast

Midlane på posten skal medverke til å heve kvaliteten på barnehagetilbodet i både kommunale og private barnehagar. Midlane finansierer ei rekke kompetansetiltak for alle grupper tilsette. Vidare blir midlane nytta til andre kvalitetstiltak, tilretteleggingsmidlar til barnehageeigarar som har tilsette som deltek i studietilbod, auka kunnskapsgrunnlag om barnehagen og forvaltning av ulike tiltak. Utdanningsdirektoratet har i stor grad ansvaret for å forvalte midlane og gjennomføre tiltaka. Delar av løyvingane på post 21 dekker utgifter til lønn og administrasjon i Kunnskapsdepartementet, mellom anna for klagesaksbehandlinga i samband med økonomisk tilsyn med private barnehagar, og løn og administrasjon i Utdanningsdirektoratet og hos eventuelle andre statlege aktørar som har ansvar og delansvar for å drifte dei ulike prosjekta og tiltaka.

Mål for 2024

Å auke kvaliteten på barnehagetilbodet og få meir kunnskap om barnehagen.

Resultat i 2022

Samla blei det nytta 558,3 mill. kroner over posten i 2022. Av dette gjekk 465,8 mill. kroner til kompetansetiltak for tilsette i barnehagane for å følge opp strategien *Kompetanse for fremtidens barnehage. Revidert strategi for kompetanse og rekruttering 2018–2022*.

Oppfølging av kompetansestrategien

Departementet legg til grunn at kompetansetiltak for alle grupper tilsette medverkar til høgare kvalitet på barnehagetilbodet, og at tiltaka er viktige verkemiddel i arbeidet med å utvikle praksisen i barnehagen i samsvar med rammeplanen. Tabell 4.20 gir ei oversikt over dei ulike kompetansetiltaka som er ein del av kompetansestrategien.

Tabell 4.20 Fordeling av midlar til oppfølging av kompetansestrategien for barnehagar i 2022

Type kompetansetiltak	(i mill. kr)
Den regionale ordninga for kompetanseutvikling	210,7
Vidareutdanning for barnehagelærarar, tilleggsutdanning i barnehagepedagogikk og rettleiarutdanning for praksislærarar, inkludert tilretteleggingsmidlar	113,9
Auka pedagogtettleik i utsette byområde	50,0
Arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning (ABLU) – fire kull som går over fire skuleår – midlar til studieplassar	26,6
Leiarutdanning for barnehagestyrarar	50,7
Fagskuleutdanning i oppvekstfag – tre kull som går over to skuleår	8,2
Rettleiing av nyutdanna nytilsette lærarar	5,7
Totalt	465,8

Den regionale ordninga for kompetanseutvikling

I 2022 gjekk 210,7 mill. kroner til den regionale ordninga for kompetanseutvikling som statsforvaltarembeta har ansvaret for å administrere.

Av dette blei om lag 156,8 mill. kroner nytta til barnehagebaserte kompetansetiltak. Dei fleste barnehagane i Noreg deltek eller har delteke i barnehagebaserte kompetansetiltak i 2022 og tidlegare. Dei fleste tiltaka har vore innanfor dei fire satsingsområda i kompetansestrategien:

- barnehagen som pedagogisk verksemd
- kommunikasjon og språk
- eit inkluderande miljø for omsorg, leik, læring og danning
- verdigrunnlaget til barnehagen

Dei resterande 53,9 mill. kronene blei nytta til anten tilretteleggingsmidlar for lokal prioritering (1 578 deltakarar), fagbrev gjennom praksiskandidatordninga (19 deltakarar i tre fylke), kompetansehevingstudiar for assistentar og barne- og ungdomsarbeidar (78 deltakarar i tre fylke) eller barnehagefagleg grunnkompetanse for assistentar utan kompetanse og erfaring frå barnehage (676 deltakarar i fire fylke).

Tilsette i barnehagen deltek òg i kompetanseløftet i spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Sjå nærare omtale under kap. 226 post 21.

Vidareutdanning for barnehagelærarar, tilleggsutdanning i barnehagepedagogikk og rettleiarutdanning for praksislærarar, inkludert tilretteleggingsmidlar

I 2022 fekk 1047 barnehagelærarar og andre pedagogar som søkte tilleggsutdanning for å kvalifisere seg til arbeid som pedagogisk leiar, tilbod om vidareutdanning. I 2022 kunne barnehagelærarar for første gong søke studietilbod utanfor Utdanningsdirektoratets studiekatalog gjennom ordninga. Spesialpedagogikk var blant faga som vart prioritert i direktoratets søknadsbehandling. 217 barnehagelærarar fekk tilbod om vidareutdanning i spesialpedagogikk, der 159 hadde søkt tilbod i studiekatalogen og 58 hadde søkt tilbod utanfor katalogen. Deltakarundersøkinga frå 2022 viser at deltakarane var motiverte for å delta på studium. Undersøkinga viser òg at barnehagelærarar som har delteke på vidareutdanninga, meiner at kvaliteten på studiet var god, og at utdanninga har gitt godt fagleg utbyte som har medverka til å utvikle pedagogisk praksis i barnehagen.

Arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning (ABLU)

Arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning (ABLU) er eit tilbod til assistentar og barne- og ungdomsarbeidar som ønsker å utdanne seg til barnehagelærar. Tiltaket er retta mot barnehagelærarar i Rogaland, Oslo og Viken. Deltidsstudiet går over fire år, samstundes som deltakarane jobbar i barnehage. Tiltaket er forankra i kompetan-

sestrategien. Det var 267 deltakarar fordelt på fire kull i 2022.

Leiarutdanning for barnehagestyrarar

I 2022 blei det nytta 50,7 mill. kroner til leiarutdanning for barnehagestyrarar. Dette inkluderer både den nasjonale leiarutdanninga for barnehagestyrarar og dei modulbaserte vidareutdanningane for styrarar. Modulane er felles med skuleleiarane og blei sett i gang i 2021. Av totalen blei 13,2 mill. kroner nytta til modulane i 2022. Tilboda legg vekt på å styrke og gjere styraren trygg i rolla som leiar. Deltakarundersøkingane frå NIFU og evalueringa frå Fafo viser at deltakarane har nytte av studiet i eigen kvardag. Betydninga av studiet ser ut til å vare over tid, og styrarane opplever at studiet har betydning for evna til å utvikle barnehagen.

Fagskuleutdanning i oppvekstfag – tre kull som går over to skuleår

Fagskulane rapporterte at det var utfordrande å rekruttere deltakarar til studiet på grunn av koronasituasjonen. Det var 103 deltakarar i 2022. Det blei inngått avtalar med to nye fagskular om gjennomføring av studium innanfor tre fagområde i perioden frå våren 2022 til og med hausten 2023.

Rettleiing av nyutdanna nyttilsette lærarar

Tiltaket er samordna med rettleiing av nyutdanna nyttilsette lærarar i skulen, sjå rapport for tiltaket under kap. 226, post 21.

Auka pedagogtettleik i utsette byområde

Som eit ledd i målet om å auke til 50 pst. barnehagelærarar er det oppretta eit eige øyremerkt tilskot for å auke pedagogtettleiken i levekårsutsette område. Kommunane Oslo, Drammen, Stavanger, Bergen og Trondheim mottok tilskot. I 2022 fekk dei fem kommunane samla sett 50 mill. kroner for 14 200 barn i dei aktuelle områda. Tilskotet kan nyttast til å auke prosentdelen av barnehagelærarårsverk i dei aktuelle bydelane/områda. Sekundært kan tilskotet bidra til auka grunnbemanning dersom det er vanskeleg å rekruttere barnehagelærarar.

Andre tiltak for å auke kvaliteten på barnehagetilbodet

I 2022 blei det nytta om lag 92,5 mill. kroner på posten til andre tiltak for å auke kvaliteten på barnehagetilbodet, sjå nærare omtale i tabell 4.21 om fordeling av midlar til andre tiltak for å auke kvaliteten på barnehagetilbodet.

Tabell 4.21 Fordeling av midlar til andre tiltak for å auke kvaliteten på barnehagetilbodet i 2022

		(i mill. kroner)
Type tiltak	Kort om tiltaket	Beløp
Kunnskapsgrunnlaget	System for å følge med på og betre kvaliteten i barnehagesektoren, inkludert statistikkinnhenting, analysar og forskning. Omfattar mellom anna foreldreundersøkinga, ståstadsanalysen, kostnadsanalysen, forskning på covid-19-pandemien i barnehagane, evaluering av implementeringa av rammeplanen, LÆRERMOD, rapportar knytte til regulering av private barnehagar o.a.	15,5
Støtte til bruk av rammeplanen	Midlar blei nytta til å vidareutvikle støtte- og rettleiingsressursar og kompetansepakkar til arbeidet barnehagane gjer med å utvikle praksis i samsvar med rammeplanen.	4,9
Pilot om rettleiing av barnehageeigarar for å styrke barnehagekvaliteten	OsloMet leiar dette tredelte oppdraget: 1) samstilling av forskning på barnehagekvalitet med vekt på eigarrolla, 2) rettleiing av 31 eigarar, 3) vurdering rundt kriteriesett for å identifisere eigarar som treng bistand.	5,0
Inkluderande barnehagemiljø	Midlane gjekk i 2022 til Læringsmiljøprosjektet, der det no er like mange deltakarar frå barnehage som frå skule. Midlane blei også brukte til den siste puljen i «Inkluderande barnehage og skulemiljø, samlingsbasert tilbod». Den digitale kompetansepakken om trygt og godt barnehagemiljø blei også publisert i heilskap. Dette er tilbod som gir støtte til tilsette, leigarar og eigarar i arbeidet med å utvikle eigen kompetanse om det som bidreg til å fremje eit trygt og godt miljø og forebygge mistriivsel og krenkingar.	9,0
Kvensk barnehagetilbod	Midlane gjekk til språkprosjekt i barnehagar for å gi kvenske/norsk-finske barn høve til å lære og utvikle det kvenske språket i tidleg alder. Prosjekta har bidrege til at stadig fleire barn blir introduserte for det kvenske språket i tidleg alder, noko som er positivt for å rekruttere elevar som vil ta kvensk som fag i skulen.	0,5
Støtte til samiske formål	Midlane gjekk til statsforvaltarens arbeid med å støtte samiske barnehagar og samisk innhald i barnehagen.	0,9
Anna	Midlar til oppbygging av ei eining for tilsyn med private barnehagar, til statsforvaltarane for tilsyn, til klagebehandling, til utvikling av sektoren og anna.	56,8
Totalt		92,5

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 835,4 mill. kroner på posten til ulike tiltak for kvalitetsutvikling i barnehagesektoren og innhenting av kunnskap. Departementet foreslår følgande flyttingar av midlar til og frå posten:

- 214 000 kroner frå posten til kap. 1620, post 01 til rammeoverføring av Kunnskapsdepartementets løyvingar til offisiell statistikk til SSB
- 750 000 kroner frå posten til kap. 200, post 01 som følge av fleire oppgåver knytt til tryggleik og beredskap i departementet.

Tabell 4.22 Budsjettforslag for 2024 kap. 231, post 21

		(i mill. kr)
Type tiltak	Kort om tiltaket	Beløp
Tiltak for å følge opp kompetansestrategien og strategien <i>Barnehagen for en ny tid</i>	Kompetansetiltak retta mot ulike tilsette i barnehagane. Løyvinga gjer rom for å tilby vidareutdanning til om lag 1 850 barnehagelærarar.	393
Regional ordning for kompetanseutvikling	Ordninga inngår i tilskotsordning for lokal kompetanseutvikling i barnehage og grunnopplæring og skal støtte den kollektive kompetanseutviklinga i barnehagen. Ordninga er omtalt i strategien <i>Kompetanse for fremtidens barnehage. Revidert strategi for kompetanse og rekruttering 2023–2025</i>	260
Auka pedagogtettleik i utsette byområde	Som eit ledd i målet om å auke til 50 pst. barnehagelærarar blei det i 2022 oppretta eit eige øymerkt tilskot for å auke pedagogtettleiken i levekårsutsette område.	80
Auka kvalitet i barnehagelærarutdanninga (BLU)	Midlar til å gjere lærarutdannarar ved universitet/høgskular og i barnehagen i stand til å utvikle BLU til den tverrfaglege, krevjande utdanninga som var intensjonen med reforma i 2012/2013.	50
Utviklingsmidlar til statsforvaltarane	Midlar til oppfølging av kompetansestrategien for barnehage med vekt på det arbeidet statsforvaltarane gjer med regional ordning for kompetanseutvikling.	10,9
Inkluderande barnehagemiljø	Dette er tiltak som skal bidra til at barn har trygge og gode barnehagemiljø. Det må sjåast i samheng med midlar over kap. 226, post 21.	10,3
Tilsyn og klagebehandling hos statsforvaltarane	Statsforvaltarane har faste tilsynsoppgåver som følger av barnehagelova. Det inneber å føre tilsyn direkte med einkilde barnehagar dersom det viser seg at kommunens tilsyn ikkje fungerer etter intensjonen.	9
Økonomisk tilsyn med private barnehagar	Utviklingsmidlar til det nye nasjonale tilsynet som blei oppretta 1. januar 2022.	4
Kvensk barnehagetilbod	Midlar til språkprosjekt i barnehagar for å gi kvenske/norsk-finske barn sjansen til å lære og utvikle det kvenske språket sitt i tidleg alder.	0,8
Anna	Kunnskapsgrunnlag, støtteressursar til rammeplanen o.a.	17,4
Totalt		835,4

Midlane på posten skal nyttast til ulike tiltak i samsvare med målet for posten. Utdanningsdirektoratet får fullmakt til å vurdere disponeringa av midlane på posten i samråd med departementet, innfor den ramma som er foreslått over, og i samsvare med tiltaka i kompetansestrategien og andre prioriterte område. Regjeringa vil etablere fleire vidareutdanningsplassar i universitets- og høgskulesektoren. Dersom det ikkje er mogleg å etablere nok plassar, vil midlar i hovudsak bli omfordelte til regional ordning. Departementet vil ved behov omdisponere midlar mellom dei ulike satsingane på posten.

Post 63 Tilskot til tiltak for å styrke den språklege utviklinga blant minoritetsspråklege barn i barnehage

Utdanningsdirektoratet tildeler tilskotet til kommunar som oppfyller følgande to kriterium: at minst 10 pst. av barnehagebarna i kommunen er definerte som minoritetsspråklege, og at dette utgjer minst 50 barn. Definisjonen omfattar barn med ein annan språk- eller kulturbakgrunn enn norsk, samisk, svensk, dansk og engelsk. Kommunane står fritt til å bruke midlane slik det passar best lokalt for å nå målet for posten.

Tidlegare heitte posten tilskot til «norskspråkleg utvikling». Det følger av rammeplanen at barnehagen skal fremje kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling for barna. Namnet på posten blei derfor i 2023 endra til «Tilskot til tiltak for å styrke den språklege utviklinga blant minoritetsspråklege barn i barnehage».

Mål for 2024

Målet med tilskotsordninga er å styrke den språklege utviklinga for minoritetsspråklege barn i barnehage. I Prop. 1 S (2022–2023) blei det varsla at departementet ville sjå nærare på samanhengen mellom dette tilskotet og tilskotet over post 66 til tiltak for auka barnehagedeltaking for minoritetsspråklege barn. Utdanningsdirektoratet har hatt ei undersøking blant kommunane som har motteke tilskotet dei siste åra. Undersøkinga viser at så å seie alle kommunane som motteke tilskot, meiner at tilskotet i dag bidreg til måloppnåing. Departementet foreslår derfor ikkje store justeringar i postane i 2024. Fram mot 2025-budsjettet vil departementet sjå nærare på alternative fordelingskriterium som varetar måla med begge ordningane endå betre.

Resultat i 2022

Kommunane som oppfyller kriteria, får tilskot. I 2022 omfatta dette 116 kommunar med 44 327 minoritetsspråklege barn i barnehage, mot 118 kommunar med 44 165 barn i 2021. Kommunane har ikkje rapporteringsplikt for bruken av tilskotet.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 218 mill. kroner på posten i 2024.

Post 66 Tilskot til auka barnehagedeltaking for minoritetsspråklege barn

Midlane skal gå til informasjons- og rekrutteringsarbeid i kommunar som har særlege utfordringar med å få minoritetsspråklege barn til å begynne i barnehagen. Dei kommunane som får midlar, står fritt til å bruke midlane slik det passar best lokalt for å nå målet. Kommunar med 80 eller fleire minoritetsspråklege barn som ikkje går i barnehage, får tilbod om å søke om tilskot.

Mål for 2024

Målet med tilskotsordninga er at fleire minoritetsspråklege barn skal få gå i barnehage. I Prop. 1 S (2022–2023) blei det varsla at departementet ville sjå nærare på samanhengen mellom dette tilskotet og tilskotet over post 63 til tiltak for å styrke den språklege utviklinga blant minoritetsspråklege barn i barnehage. Utdanningsdirektoratet har hatt ei undersøking blant kommunane som har motteke tilskotet dei siste åra. Undersøkinga viser at så å seie alle kommunane som motteke tilskot, meiner at tilskotet i dag bidreg til måloppnåing. Departementet foreslår derfor ikkje store justeringar i postane i 2024. Fram mot 2025-budsjettet vil departementet sjå nærare på alternative fordelingskriterium som varetar måla med begge ordningane endå betre.

Resultat i 2022

20 kommunar oppfylte kriteriet for tilskotet, og alle søkte om og fekk tilskot. Kommunane fekk innvilga tilskot for totalt 5 035 barn som ikkje gjekk i barnehage. Satsen per barn blei dermed 3 444 kroner. I 2021 fekk 18 kommunar tilskot for 5 259 barn, og satsen per barn var 3 297 kroner.

Kommunane står fritt til å bruke midlane slik det passar best lokalt for å nå målet, mellom anna

til open barnehage, som er rekna som ein god rekrutteringsarena. Det er vanskeleg å seie om fleire minoritetsspråklege barn bruker barnehagen som følge av akkurat dette tilskotet, mellom anna fordi kommunane kan bruke midlane på mange ulike måtar, men også fordi det er mange faktorar som spelar saman når foreldre vel om barnet skal gå i barnehage. Sidan ordninga blei oppretta i 2018 har barnehagebruken blant minoritetsspråklege barn auka frå 80,3 pst. i 2017 til 86,2 pst. i 2022. Sjå meir statistikk i del III, kap. 7 Nøkkeltal for barnehagesektoren.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 23,5 mill. kroner på posten i 2024.

Post 70 Tilskot til symjing i barnehagane

Tilskotsordninga blir forvalta av statsforvaltarane og skal medverke til at kommunar, frivillige orga-

nisasjonar og barnehagar kan gjennomføre tiltak for å nå målet.

Mål for 2024

Det overordna målet med ordninga er at barnehagebarn i alderen 4–6 år skal bli trygge i vatnet, slik at dei får eit godt grunnlag for å lære å symje.

Resultat i 2022

Av ei løyving på 72,2 mill. kroner i 2022 blei 71,6 mill. kroner nytta til ordninga, og det blei tildelt midlar i alle fylke. Tilskotet gjorde at 37 200 barn fekk tilbod om symjeopplæring i barnehagetida, mot 33 300 barn i 2021.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 75 mill. kroner på posten i 2024.

Programkategori 07.40 Høgare yrkesfagleg utdanning

Utgifter under programkategori 07.40 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
240	Fagskular	1 176 737	1 249 623	1 459 322	16,8
241	Tiltak for høgare yrkesfagleg utdanning	41 872	23 354	24 648	5,5
242	Noregs grønne fagskule – Vea	38 183	32 757	35 281	7,7
Sum kategori 07.40		1 256 792	1 305 734	1 519 251	16,4

Inntekter under programkategori 07.40 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
3242	Noregs grønne fagskule – Vea	10 930	6 640	7 586	14,2
Sum kategori 07.40		10 930	6 640	7 586	14,2

Innleiing

Fagskulane skal kunne svare raskt på nye kompetansebehov og bidra til å tette kompetansegap i arbeidslivet. I samsvar med lov om høgere yrkesfaglig utdanning (fagskulelova) skal fagskulane gi kompetanse som kan takast i bruk for å løyse oppgåver i arbeidslivet utan ytterlegare opplæringstiltak. Fagskulane er viktige i arbeidet med livslang læring og tilgang til utdanning i heile landet. Regjeringa vil derfor styrke satsinga på høgare yrkesfagleg utdanning.

Følgande overordna mål er særleg relevante for løyvingane under programkategori 07.40:

- Kompetanseheving og livslang læring er meir tilgjengeleg for alle over heile landet
- Kunnskapssektoren har tilbod av høgare kvalitet
- Opplæring og utdanning som gir fleire relevant kvalifisering

- Medarbeidarar i kunnskapssektoren har meir relevant kompetanse

Høgare yrkesfagleg utdanning kan spele ei endå viktigare rolle i å møte kompetansebehov framover, men det krev at politikken på området blir utvikla vidare. Regjeringa har derfor starta arbeidet med ei melding til Stortinget om høgare yrkesfagleg utdanning. Meldinga vil mellom anna ta for seg utvikling av fagskulesektoren, kvalitet og relevans i fagskuleutdanningane, i tillegg til akkreditering og finansiering av fagskulane.

I 2023 har det kome ny kunnskap om høgare yrkesfagleg utdanning som vil vere viktig i arbeidet med meldinga til Stortinget om høgare yrkesfagleg utdanning. Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU) har lagt fram kandidatundersøkinga med tittelen *Høy arbeidsmarkedsrelevans i fagskoleutdanningene*. Kunnskapsdepartementet har i 2020 sett i gang ei evaluering av innføringa og verknaden av tiltaka i

Meld. St. 9 (2016–2017) *Fagfolk for fremtiden – Fagskoleutdanning*, jf. oppmødingsvedtak nr. 643, 2. mai 2017 i del 1. Deloitte har gjennomført evalueringa, og sluttrapporten frå evalueringa er lagd fram. Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) har lagt fram den siste rapporten om evaluering av Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR).

Hovudprioriteringar for 2024

Regjeringa vil at fleire skal ta høgare yrkesfagleg utdanning, og foreslår 21,5 mill. kroner til halvårseffekt av 500 nye studieplassar til fagskulane frå hausten 2024. I tillegg kjem utgifter til utdanningsstøtte over programkategori 07.80. Utdanningar innanfor tekniske fag, helse- og velferdsfag og område som er særleg viktige for det grønne skiftet, skal prioriterast ved tildeling av midlar til dei nye studieplassane, jf. Meld St. 14 (2022–2023) *Utsyn over kompetansebehovet i Norge*.

Regjeringa foreslår å løyve 43 mill. kroner for å vidareføre og trappe opp opptaket til 500 studieplassar som Stortinget har løyvd midlar til i statsbudsjettet for 2023.

Vidare foreslår regjeringa å styrke tilskotsordninga for driftsmidlar til fagskulane med 21,6 mill. kroner. Dette er midlar som er overførte frå tilskotsordninga for fleksibel og desentralisert utdanning, som blir avvikla, jf. omtalen i programkategori 07.60.

Som ei følge av den store auken i talet på fagskulestudentar dei siste åra er det behov for midlar for å kunne vidareføre og sikre kvaliteten


og relevansen i høgare yrkesfagleg utdanning. Regjeringa foreslår derfor ein auke på 10 mill. kroner i tilskotsordninga for utviklingsmidlar til fagskulane. Vidare foreslår regjeringa å overføre 9,7 mill. kroner til tilskotsordninga for utviklingsmidlar frå program for maritim kompetanse, som blir avvikla, jf. omtalen i programkategori 07.60.

Kapasitet i høgare yrkesfagleg utdanning

Samfunnet treng fleire fagskulekandidatar

Det har vore ein sterk vekst i talet på fagskulestudentar dei siste åra, men veksten har flata ut i 2022. Hausten 2022 var det registrert nesten 28 000 fagskulestudentar, ifølge *Tilstandsrapport for høgare yrkesfagleg utdanning 2023*, som er utarbeidd av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir). I 2022 var det om lag 1 800 færre studentar på korte tilbod under 60 studiepoeng enn i 2021, medan talet på studentar på tilbod mellom 60 og 120 studiepoeng har auka med nesten 1 200 studentar. Nedgangen i talet på studentar på dei korte utdanningstilboda heng saman med at desse tilboda fekk mange studentar under covid-19-pandemien.

Talet på avlagde studiepoeng har halde fram med å stige frå 2021 til 2022, noko som heng saman med kraftig vekst i studenttalet i åra før. Talet på studentar i tekniske fag og helse- og velferdsfaga har halde fram med å vekse frå 2021 til 2022, medan det i økonomi- og administrasjonsfaga, samferdselsfaga og kreative fag har vore ein nedgang. Det er ein relativ stor del korte utdan-



Figur 4.3 Utvikling i talet på fagskulestudentar per fagområde, 2018–2022

Kjelde: Tilstandsrapport for høgare yrkesfagleg utdanning 2023

ningstilbud innanfor økonomi- og administrasjonsfaga.

Etterspurnaden etter fagskuleutdanna er stor i arbeidslivet, og den er større enn tilgangen på arbeidskraft med høgare yrkesfagleg utdanning, ifølge Kompetansebehovsutvalets rapport *Fremtidige kompetansebehov: Høyere yrkesfaglig utdanning for et arbeidsliv i endring* frå 2022. I rapporten slår utvalet fast at høgare yrkesfagleg utdanning har gode føresetnader for å møte ein stigande etterspurnad etter kompetanse driven av trendar, som til dømes IKT-utdanningar og tilbod retta mot grøne næringar, i tillegg til helse- og velferdsfag.

NHOs kompetansebarometer 2022 viser at 53 pst. av NHO-bedriftene etterspurde fagskuleutdanna. Det er det nest mest etterspurde utdanningsnivået, etter vidaregåande opplæring med yrkesfaglege utdanningsprogram. Ifølge bedriftene har dei størst behov for naturvitenskaplege fag, handverksfag og tekniske fag.

Kandidatundersøkinga til NIFU frå 2023 finn at arbeidslivsrelevansen i fagskuleutdanningane er stor. Kandidatane får i stor grad relevante jobbar etter utdanninga, og ein stor del av fagskulestudentane kombinerer utdanning med arbeid. Av fagskulekandidatane som gjekk ut i 2019 og 2020, var 88 pst. yrkesaktive i 2021, medan berre 2 pst. opplyste at dei var arbeidsledig. Ifølge NIFU kjem dette truleg av ein kombinasjon av ein god arbeidsmarknad og at fagskulekandidatane er etterspurde og godt integrerte i arbeidsmarknaden.

Fleire studieplassar i høgare yrkesfagleg utdanning

Regjeringa ønsker at kapasiteten i høgare yrkesfagleg utdanning skal halde fram med å vekse, og foreslår derfor midlar til 500 nye studieplassar frå hausten 2024. Midlar til nye studieplassar til fagskulane skal fordelast på bakgrunn av lokale, regionale og nasjonale kompetansebehov og kapasitet i fagskulane. Fordelinga av studieplassar skal skje i eit samspel mellom arbeidsliv, fagskular og styresmakter for å sikre at nye studieplassar trefter kompetansebehova i arbeidslivet best mogleg.

Som det går fram av Meld. St. 14 (2022–2023) *Utsyn over kompetansebehovet i Norge*, vil regjeringa at tekniske fag, helse- og velferdsfag og område som er særleg viktige for det grøne skiftet, skal prioriterast ved fordeling av midlar til nye studieplassar. Utsynsmeldinga peikar på at fagskulane er særleg eigna til å svare på nye kompetansebehov som følger av megatrendar som klima- og miljøutfordringane. Meldinga viser også til at nye studieplassar ved fagskulane vil gi fylkes-

kommunane høve til å dekke behovet for utdanningstilbud som følger av nye industrisatsingar og andre kompetansebehov som er relevant for det grøne skiftet i eigne regionar.

Tilgang til høgare yrkesfagleg utdanning

Det er behov for fagskuletilbod i heile landet

Tilstandsrapport for høgare yrkesfagleg utdanning 2023 viser at det hausten 2022 var 170 studiestadar ved dei 58 offentlege og private fagskulane. Studiestadane er spreidde over heile landet, og utdanningane er godt tilpassa yrkesfagutdanningar i vidaregåande opplæring. Slik kan fagskulane bidra til gode utdanningsvegar for fagarbeidarar.

Over halvparten av fagskulestudentane er 30 år eller eldre, og om lag 70 pst. av fagskulestudentane studerer på deltid. I 2022 hadde 60 pst. av fagskulestudentane nettbasert eller nett- og samlingsbasert undervisning. Prosentdelen nettbaserte utdanningstilbod har auka dei siste åra. Utviklinga med meir nettbasert undervisning har skote fart under covid-19-pandemien, og fagskulane har vore gode til å tilpasse seg behov og etterspurnad. Utviklinga med meir nettbasert undervisning gjer at utdanninga blir meir attraktiv og tilgjengeleg for folk i arbeid uavhengig av kvar dei bur.

Ifølge *Fremtidige kompetansebehov: Høyere yrkesfaglig utdanning for et arbeidsliv i endring* meiner Kompetansebehovsutvalet at nettbasert og samlingsbasert undervisning framleis bør vere sentralt i høgare yrkesfagleg utdanning for å nå breiare ut geografisk. Dei vektlegg at dette må vere basert på etterspurnad, og at nett- og samlingsbasert undervisning ikkje må gå ut over arbeidslivsrelevans og praksisnærleik.

Fagskulane må vere synlege og tilgjengelege for dei som vil søke utdanning, og derfor må dei offentlege fagskulane vere med i det samordna opptaket. Dei private fagskulane kan velje om dei vil vere med i Samordna opptak, og dei fleste er ikkje med.

Tiltak for å utvikle nye fagskuletilbod

Regjeringa legg vekt på at høgare yrkesfagleg utdanning skal vere tilgjengeleg i heile landet. Fagskulane skal bidra til at arbeidslivet får nødvendig kompetanse. Dei skal tilby og utvikle fleksible og tilgjengelege utdanningar, slik at dei som er i arbeid, kan oppdatere og utvikle kompetansen sin.

Fagskulane kan søke om midlar til å utvikle nye utdanningstilbod gjennom tilskotsordningane for utviklingsmidlar til fagskulane og tre-

parts bransjeprogram for kompetanseutvikling. Treparts bransjeprogram for kompetanseutvikling er ei av ordningane i Kompetanseprogrammet. Sjå omtalen av Kompetanseprogrammet under programkategori 07.50.

Fagområdeakkreditering gir fagskulen høve til sjølv å opprette nye utdanningar og gjere endringar i eksisterande utdanningar innanfor det akkrediterte fagområdet. Per 15. september har tolv fagskular akkreditering for til saman 22 fagområde. Ein fagskule som får akkreditert eit fagområde, har vist at kompetanse og rutinar er på plass, slik at fagskulen sjølv er i stand til å akkreditere utdanningar innanfor fagområdet. Dette bidreg til at fagskulane blir meir robuste, dei får større sjølvråderett til å legge planar for vidareutvikling og til å styre ressursane, og dei kan raskare omstille utdanningstilbodet ut frå behov i arbeidslivet. Det er derfor viktig at fleire fagskular arbeider for og oppnår fagområdeakkreditering. I tillegg vil dette kunne legge grunnlaget for vidare vekst i fagskulesektoren utan at kapasiteten NOKUT har til å akkreditere einskildutdanningar, blir pressa ytterlegare.

Fagskuletilbodet har auka dei siste åra. Det har ført til fleire søknader til NOKUT om akkreditering av fagskuleutdanningar frå 66 i 2017 til 118 i 2022. Regelverket for godkjenning av nye fagskuleutdanningar er etablert for å sikre kvaliteten i høgare yrkesfagleg utdanning. Det kan ta lang tid å etablere nye studietilbod når mange fagskular søker NOKUT om godkjenning samstundes. Departementet har sendt på høyring eit forslag om å endre fagskulelova. Forslaget opnar for at fagskular kan søke NOKUT om institusjonsakkreditering, noko som inneber at fagskulane sjølv vil kunne akkreditere høgare yrkesfaglege utdanningstilbod innanfor alle fagområda.

I 2023 har NOKUT fått ei særskild tildeling av midlar for å arbeide med mellom anna institusjonsakkreditering i høgare yrkesfagleg utdanning og for å handtere restansen av søknader om akkreditering av nye fagskuleutdanningar.

Relevant høgare yrkesfagleg utdanning

Fagskulane må gi studentane relevant kompetanse av høg kvalitet

Som det går fram av Meld. St. 14 (2022–2023) *Utsyn over kompetansebehovet i Norge*, viser framskrivningane at det framover vil vere færre i arbeidsfør alder enn i dag, og det kan bli vanskelegare å rekruttere arbeidskraft frå utlandet. Då blir det endå viktigare at utdanningstilboda passar til behova i samfunnet på best mogleg måte. Høgare

yrkesfagleg utdanning er viktig for å tilføre arbeidslivet relevant kompetanse og gi folk i arbeid kompetanse tilpassa livssituasjonen deira. Høgare yrkesfagleg utdanning er derfor eit sentralt verkemiddel i utdannings- og kompetansepolitikken.

Det er mange faktorar som påverkar relevansen i høgare yrkesfagleg utdanning. Det gjeld mellom anna innhaldet i utdanningstilboda, samspillet med arbeids- og næringslivet og kompetansen til dei tilsette. Digitalisering og raske teknologiske endringar stiller krav til kontinuerleg endring i utdanningstilboda, slik at dei er relevante for studentane og arbeidslivet. Kandidatundersøkinga frå 2023 viser at 54 pst. av fagskulekandidatane meiner innhaldet i utdanninga stemmer godt med arbeidsoppgåvene dei har.

Fag- og sveinebrev er framleis det vanlegaste opptaksgrunnlaget til høgare yrkesfagleg utdanning, ifølgje *Tilstandsrapport for høgare yrkesfagleg utdanning 2023*. Satsinga på høgare yrkesfagleg utdanning bidreg til å styrke mogleghetene for fagarbeidarar og gi dei sjansen til å oppnå ny og spesialisert kompetanse.

Høgare yrkesfagleg utdanning er generelt godt tilpassa behova i arbeidslivet, men dette gjeld i noko mindre grad for kreative fag og til ein viss grad også økonomiske og administrative fag, ifølgje rapporten *Fremtidige kompetansebehov: Høyere yrkesfaglig utdanning for et arbeidsliv i endring*. Det er viktig at høgare yrkesfagleg utdanning klarer å nå målet om å vere tett på arbeidslivet og halde oppe kvaliteten, også når sektoren er i kraftig vekst. NOKUT har ansvar for å føre tilsyn med kvaliteten i høgare yrkesfagleg utdanning, og fagskulane skal ha tilfredsstillande interne system for kvalitetssikring, jf. fagskulelova § 5.

Tiltak for ei meir relevant høgare yrkesfagleg utdanning av høg kvalitet

Frå 2017 har det blitt tildelt statlege tilskot til prosjekt som skal utvikle høgare yrkesfagleg utdanning, og midlane har mellom anna finansiert kompetansetiltak i fagskulane, utvikling av nye fagskuleutdanningar og investeringar i utstyr og infrastruktur. Regjeringa foreslår å styrke tilskotsordninga for utviklingsmidlar frå 2023 mellom anna som ei følge av den store auken i talet på fagskulestudentar dei siste åra.

I 2023 la Deloitte fram *Evaluering av fagskolemeldingen, Måloppnåelse og virkninger av tiltak i fagskolemeldingen – sluttrapport*. Denne rapporten viser mellom anna at den positive utviklinga fagskulesektoren har vore gjennom dei seinare åra, i

stor grad kan kome av gjennomførte tiltak i fagskulemeldinga frå 2016. I tillegg har det vore auka merksemd om sektoren, noko som meldinga òg har bidrege til. Deloitte meiner at det bør arbeidast vidare for å identifisere formålstenlege og effektive samarbeidsformer og samarbeidsarenaer med relevant arbeids- og næringsliv for å sikre at høgare yrkesfagleg utdanning er godt tilpassa behova i arbeidslivet.

I 2021 gav Kunnskapsdepartementet NOKUT i oppdrag å evaluere nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR). NKR gjer greie for læringsutbyte for norske utdanningar og kvalifikasjonsnivå etter fullført utdanning. NOKUT har i 2023 levert rapporten *Kvalifikasjonar på rammealvor*. NOKUT finn at NKR er eit verktøy for utdanningssektoren, men at NKR er lite kjent i arbeidslivet. Dei fleste utdanningsinstitusjonane er positive til NKR. Nokre universitet og høgsko-

lar er kritiske til kvalifikasjonsrammeverket, og nokre fagskular ønsker endringar i strukturen til rammeverket. Studentane er godt kjende med læringsutbyteskildringar og bruker dei i studieval og eksamensførebuing. NOKUT tilrår mellom anna å gjere føremålet med rammeverket tydelegare, å justere strukturen og å opne for fleire kvalifikasjonar. Evalueringa er eit viktig kunnskapsgrunnlag for å vidareutvikle høgare yrkesfagleg utdanning.

I 2022 blei Fagskolen Rogaland og Fagskolen i Viken tildelt status som senter for framifrå høgare yrkesfagleg utdanning. Målet med ordninga er å styrke statusen til høgare yrkesfagleg utdanning og stimulere til å utvikle framifrå kvalitet i utdanningane. Ei evaluering av forsøksordninga etter tre år vil vere grunnlag for å avgjere om ordninga skal vidareførast.

Kap. 240 Fagskular

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag
		2022	budsjett 2023	2024
60	Driftstilskot til fagskular	1 127 323	1 197 585	1 384 174
61	Utviklingsmidlar til fagskular, <i>kan overførast</i>	49 414	52 038	75 148
	Sum kap. 240	1 176 737	1 249 623	1 459 322

Post 60 Driftstilskot til fagskular

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) forvaltar ordninga for driftstilskot til fagskular. Direktoratet fordeler tilskotet til fylkeskommunane, som tildeler tilskot vidare til fylkeskommunale og private fagskuletilbod i eige fylke. Tilskotet til fylkeskommunane blir justert årleg ut frå oppnådde studiepoeng ved utdanningstilbod som har fått offentleg tilskot. Tilskotsordninga omfattar øymerkt tilskot til nokre fagskular som mellom anna har nasjonalt nedslagsfelt og tidlegare var godkjende etter privatskulelova kap. 6A. Ordninga inkluderer òg midlar til vidareutdanningstilbod innanfor industri og bygg gjennom ordninga Industriefagskulen. Midlane blir fordelte av HK-dir etter søknad.

Det er viktig å sjå samanhangen mellom kompetansebehova i arbeidslivet og talet på fagskulekandidatar i helsefag. Kunnskapsdepartementet vil saman med Helse- og omsorgsdepartementet følge utviklinga for helsefaga i høgare yrkesfagleg

utdanning gjennom mellom anna den årlege tilstandsrapporten for høgare yrkesfagleg utdanning, som blir utarbeidd av HK-dir, og vurdere tiltak ved behov.

Mål for 2024

Følgande mål gjeld for høgare yrkesfagleg utdanning som er omfatta av løyvinga over kap. 240, post 60:

- Høg kvalitet i høgare yrkesfagleg utdanning
- Relevant høgare yrkesfagleg utdanning som svarer på kompetansebehova i arbeidslivet
- God tilgang til høgare yrkesfagleg utdanning i heile landet
- Effektiv og veldriven fagskulesektor

Resultat i 2022

Fylkeskommunane fekk til saman 1,1 mrd. kroner til å drifte fagskular i 2022. Tilskotet auka med 16,3 mill. kroner frå 2021 som følge av resultatba-

sert uttelling. 38,8 mill. kroner på posten var øyremerket vidareutdanningstilbod i industri og bygg gjennom ordninga Industrifagskulen. HK-dir har vidareutvikla ordninga med Industrifagskulen etter dialog med sektoren og partane i arbeidslivet. Ordninga er frå 2022 lagt opp som ei treårig rammetildeling der sju fagskular skal tilby vidareutdanningstilbod i tett samarbeid med lokale og regionale bedrifter.

I 2022 fekk 39 fagskular driftstilskot over posten, og 27 av desse fagskulane er private. Rapporteringa som følger, gjeld utdanningstilboda som har fått midlar over posten.

Om lag 70 pst. av alle studentane følger utdanningstilbod som er heilt eller delvis finansierte av det statlege driftstilskotet. Talet på avlagde studiepoeng ved utdanningstilbod med driftstilskot held fram med å auke, og frå 2021 til 2022 var auken på 13 pst., mot 10 pst. året før. Delen av studentar som tek høgare yrkesfagleg utdanning på deltid, kan vise om fagskuletilboda er attraktive og tilgjengelege for folk i arbeid. Det same gjeld korleis undervisninga er organisert. Hausten 2022 var 80 pst. av fagskulestudentane på offentleg finansierte tilbod deltidsstudentar, same prosentdel som året før. 56 pst. av studentane følgde nett- og samlingsbasert undervisning.

Budsjettforslag for 2024

Regjeringa foreslår å løyve 1,4 mrd. kroner til drift av fagskular. I løyvinga inngår ein auke på 22,7 mill. kroner på bakgrunn av auke i studiepoeng som er oppnådde ved fagskuletilbod med offentleg tilskot i 2022. Løyvinga inkluderer 42,5 mill. kroner til ordninga Industrifagskulen.

For å få fleire til å ta høgare yrkesfagleg utdanning foreslår regjeringa 21,5 mill. kroner til 500 nye studieplassar til fagskulane frå hausten 2024. I tillegg kjem utgifter til utdanningsstøtte over programkategori 07.80. I forslaget har departementet lagt til grunn finansiering av toårige studieplassar, og i 2024 er det lagt inn midlar til halvårseffekt for desse studieplassane. Utdanningar innanfor tekniske fag, helse- og velferdsfag og område som er særleg viktige for det grønne skiftet, skal prioriterast ved tildeling av midlar til dei nye studieplassane, jf. Meld. St. 14 (2022–2023) *Utsyn over kompetansebehovet i Norge*.

Stortinget vedtok midlar til 500 nye studieplassar til fagskulane i statsbudsjettet for 2023. Regjeringa foreslår å løyve 43 mill. kroner for å vidareføre og trappe opp opptaket til desse studieplas-

sane. I tillegg kjem utgifter til utdanningsstøtte over programkategori 07.80.

Forslaget omfattar å overføre 21,6 mill. kroner til tilskotsordninga for driftsmidlar til fagskulane frå tilskotsordninga for fleksibel og desentralisert utdanning. Overføringa inneber dermed ein tilsvarende reduksjon på kap. 272, post 72 under programkategori 07.60. Gjennom tilskotsordninga for driftsmidlar til fagskulane blir midlane fordelte pro rata mellom fylkeskommunane. Fylkeskommunane kan bruke midlane til å styrke driftstilskotet til fagskulane ved å auke satsane og/eller til å finansiere nye studieplassar. Sjå programkategori 07.60 for omtale av flytting av midlar frå program og tilskotsordningar forvalta av HK-dir.

Tilskotsordninga for driftsmidlar til fagskular omfattar øyremerkte tilskot til elleve fagskular og utdanningstilbod ved to andre fagskular. Desse fagskulane fekk inntil 2010 tilskot etter kap. 6A i privatskulelova. Ved overgangen til fagskulelova fekk skulane vidareført tilskotet, som tok utgangspunkt i talet på studentar ved den einskilde fagskulen. For utdanninga i bygg- og treteknikk ved Fagskulen Innlandet har tilskotet per student blitt svært høgt fordi det har vore færre studentar ved utdanninga dei siste åra. I samband med at Fagskulen Innlandet tok over ansvaret for fagskuleutdanninga ved Norges Byggskole, har Fagskulen Innlandet, som den einaste fylkeskommunale fagskulen, fått eit øyremerkte tilskot til drift frå 2015. Tilskotet på 5,9 mill. kroner til utdanninga bygg- og treteknikk blir frå 2024 innlemma i driftstilskotet som Innlandet fylkeskommune fordeler til fagskular i eige fylke. Fagskulen Innlandet kan søke Innlandet fylkeskommune om midlar til utdanninga bygg- og treteknikk på same måte som for andre fagskuleutdanningar.

Post 61 Utviklingsmidlar til fagskular, kan overførast

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) forvaltar tilskotsordninga for utviklingsmidlar til fagskulane. Fagskular kan søke om tilskot til tiltak og utviklingsprosjekt som skal auke kvaliteten i høgare yrkesfagleg utdanning og sikre godt samsvar mellom utdanningstilboda og den kompetansen som arbeidslivet etterspør.

Mål for 2024

Høg kvalitet i utdanningstilboda og godt samsvar mellom utdanningstilboda og den kompetansen arbeidslivet etterspør.

Resultat i 2022

Midlane har gitt fagskulane høve til å utvikle prosjekt som sikrar relevansen og kvaliteten til utdanningane. I 2022 fekk HK-dir 90 søknader om totalt 125,1 mill. kroner. 48 prosjekt ved 26 fagskular fekk tildelt til saman 50,7 mill. kroner. Midlane blei tildelte prosjekt som utviklar nye utdanningar i samarbeid med lokalt og regionalt arbeidsliv, gir tilsette kompetanseheving i digitalisering for å tilpasse seg behovet for omstilling i arbeidslivet, og bruker digital teknologi for læring. I tillegg gjekk midlane til eingongsinvesteringar i utstyr og infrastruktur for å auke kvaliteten i utdanningane. Midlane blei tildelte offentlege og private fagskular over heile landet.

Budsjettforslag for 2024

Kunnskapsdepartementet foreslår å løyve 75,1 mill. kroner til tilskotsordninga for utviklingsmidlar.

Som ei følge av den store auken i talet på fagskulestudentar dei siste åra er det behov for midlar for å kunne vidareføre og sikre kvaliteten

og relevansen i høgare yrkesfagleg utdanning. Regjeringa foreslår derfor ein auke på 10 mill. kroner i tilskotsordninga for utviklingsmidlar til fagskulane. Departementet foreslår i tillegg å overføre 9,7 mill. kroner frå program for maritim kompetanse til tilskotsordninga for utviklingsmidlar til fagskulane. Overføringa inneber dermed ein tilsvarande reduksjon på kap. 272, post 52 under programkategori 07.60. Sjå programkategori 07.60 for omtale av flytting av midlar frå program og tilskotsordningar forvalta av HK-dir.

Følgande prioriteringar gjeld for utviklingsmidlane i 2024:

- utvikling av nye utdanningar i samarbeid med lokalt, regionalt og nasjonalt arbeidsliv
- bruk av digital teknologi for læring
- auka kompetanse for lærarar
- eingongsinvesteringar i utstyr og infrastruktur

Fagskular med fagområdeakkreditering og fagskular med maritime fag vil bli prioriterte i vurderinga av søknader. For helse- og velferdsfag og tekniske fag er det ein særskilt prioritering når det gjeld prosjekt for utvikling av nye utdanningar.

Kap. 241 Tiltak for høgare yrkesfagleg utdanning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
21	Tiltak for høgare yrkesfagleg utdanning, <i>kan overførast</i>	41 872	23 354	24 648
	Sum kap. 241	41 872	23 354	24 648

**Post 21 Særskilde driftsutgifter,
kan overførast**

Posten omfattar midlar til prosjekt for fagskulesektoren.

Mål for 2024

God kunnskap om fagskulesektoren, høg kvalitet i høgare yrkesfagleg utdanning og ein tilgjengeleg og synleg fagskulesektor.

Resultat i 2022

Det er i 2022 gjennomført fleire tiltak som skal bidra til å nå måla for løyvinga på posten. Dette gjeld mellom anna tildeling av midlar til to senter

for framifrå høgare yrkesfagleg utdanning. Arbeidet med siste delrapport i evalueringa av tiltaka i Meld. St. 9 (2016–2017) *Fagfolk for fremtiden – Fagskoleutdanning* er ferdig. I evalueringa konkluderer Deloitte med at sektoren har utvikla seg mykje sidan 2016. Evalueringa viser at tiltaka i hovudsak er sette i verk og har fungert etter intensjonen, men at det er ein del utfordringar som krev merksemd framover. Dette gjeld mellom anna ansvaret fylkeskommunane har for høgare yrkesfagleg utdanning, og kva fagskulesektoren skal vere i framtida.

Fagskolen Diakonova og AOF Østfold har fått midlar for å prøve ut modulbasert høgare yrkesfagleg utdanning for flyktningar. Målet med midlane er å stimulere til opptak av flyktningar i

fagskulen og utvikling av tilpassa studietilbod for denne gruppa.

Sikt – Kunnskapssektorens tenesteleverandør har fått midlar for å utvikle eit nasjonalt utdanningsregister som skal kunne handtere data for utdanningar frå grunnopplæring til høgare utdanning. Registeret skal mellom anna bidra til å kvalitetssikre at utdanningane er akkrediterte, og til å legge til rette for bruk av data til analysar, styring, forskning og utarbeiding av statistikk.

Nasjonale fagplanar er oppgraderte, noko som vil bidra til eit kvalitetsløft av høgare yrkesfagleg utdanning. Innhaldet om høgare yrkesfagleg utdanning på Utdanning.no er styrkt. Godkjenningsordning for utanlandsk fagskuleutdanning er evaluert, og evalueringa viser at ordninga ikkje kommuniserer godt nok til moglege søkarar, og at ordninga er lite kjend i arbeidslivet.

Som eit tiltak på grunn av covid-19-pandemien blei det i 2022 tildelt midlar til fagskular for å få studentane til å halde oppe studieprogresjonen.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 24,6 mill. kroner på posten. Midlane vil mellom anna gå til Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) for å gjennomføre *Studiebarometeret for fagskulestudentar* og Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) for å arbeide med ulike tiltak for høgare yrkesfagleg utdanning. Midlane til direktoratet gjeld mellom anna tiltak som skal utvikle kvaliteten i høgare yrkesfagleg utdanning og kunnskapsgrunnlaget om sektoren. Midlane til forsøksordninga med to senter for framifrå høgare yrkesfagleg utdanning blir vidareførte i 2024.

Departementet foreslår å flytte 109 000 kroner frå kap. 241, post 21 til kap. 1620, post 01 under Finansdepartementet for finansiering av offentleg statistikk i Statistisk sentralbyrå i samband med nytt statistikkprogram.

Kap. 242 Noregs grønne fagskule – Vea

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Driftsutgifter	36 392	31 392	33 805
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	1 791	1 365	1 476
	Sum kap. 242	38 183	32 757	35 281

Post 01 Driftsutgifter og post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga på kap. 242 går til å drifte Noregs grønne fagskule – Vea. Fagskulen har studentar på mellom anna blomsterdekoratør-, gartnar- og anleggsgartnarfaglege studieprogram. Vea er akkreditert for grønne design- og miljøfag. I tillegg til høgare yrkesfagleg utdanning gir Vea tilbod om vaksenopplæring på vidaregåande nivå for elevar frå ulike fylke når fylkeskommunen betaler for det, jf. kap. 3242, post 61.

Mål for 2024

Noregs grønne fagskule – Vea skal arbeide etter følgende mål:

- Høg kvalitet i høgare yrkesfagleg utdanning

- Relevant høgare yrkesfagleg utdanning som svarer på kompetansebehova i arbeidslivet
- God tilgang til høgare yrkesfagleg utdanning i heile landet
- Effektiv og veldriven fagskulesektor

Resultat i 2022

Noregs grønne fagskule – Vea hadde gode resultat i 2022. Ved utgangen av året hadde skulen 16 fagskuletilbod og to tilbod i vidaregåande opplæring, i tillegg til korte kurs. Hausten 2022 var det 302 studentar og elevar ved skulen, og av desse var 213 fagskulestudentar og 89 vaksne elevar i vidaregåande opplæring. Det var 58 fleire fagskulestudentar og 15 færre elevar enn året før. I tillegg har 148 studentar gjennomført einskildemne på fagskulenivå, ein nedgang frå 303 studentar i 2021. Dette er ifølge fagskulen ein forventa ned-

gang etter ei særleg satsing under covid-19-pandemien.

Frå 2021 til 2022 har talet på søkarar per studieplass ved fagskuletilboda auka, og talet på søkarar per studieplass ved tilboda i vidaregåande opplæring har gått ned. Ifølge fagskulen har nedgangen i søkarar per studieplass på vidaregåande utdanningar for vaksne truleg samanheng med fagfornyninga og omgjering frå treårig yrkeskompetanseløp til fagbrevløp.

Skulen er ein attraktiv samarbeidspartnar, både nasjonalt og internasjonalt, og har god kontakt med yrkesfeltet i faga han tilbyr.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 33,8 mill. kroner på post 01 og 1,5 mill. kroner på post 45.

Kap. 3242 Noregs grøne fagskule – Vea

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
02	Salsinntekter o.a.	10 930	6 261	7 536
61	Refusjon frå fylkeskommunar		379	50
	Sum kap. 3242	10 930	6 640	7 586

Post 02 gjeld inntekter frå mellom anna semesteravgift, sal i kantine, hybelutleige og kortare kurs. Post 61 gjeld betaling frå fylkeskommunar for kjøp av opplæringsplassar ved skulen. Dei samla

Noregs grøne fagskule – Vea reduserer tilbodet retta mot vidaregåande opplæring og aukar fagskuletilbodet. Dette endrar samansetninga av inntektene til skulen. Refusjonar frå fylkeskommunar på kap. 3242, post 61 blir reduserte med 0,3 mill. kroner, og salsinntektene på kap. 3242, post 02 aukar med 1 mill. kroner. Som følge av den samla auken under inntektsløyvingane, foreslår departementet ein auke på 0,7 mill. kroner på kap. 242, post 01.

Departementet foreslår at løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3242, post 02 og 61, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

inntektene er foreslått auka med 0,7 mill. kroner, jf. omtale under kap. 242, post 01.

Departementet foreslår å løyve 7,5 mill. kroner på post 02 og 50 000 kroner på post 61.

Programkategori 07.50 Kompetansepolitikk og livslang læring

Utgifter under programkategori 07.50 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
251	22. juli-senteret	26 161			0,0
253	Folkehøgskular	1 045 730	1 066 257	1 116 379	4,7
254	Studieforbund o.a.	74 312	76 236	75 183	-1,4
256	Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse	393 686	441 943	466 839	5,6
257	Kompetanseprogrammet	316 821	208 695	210 808	1,0
258	Tiltak for livslang læring	147 088	129 317	112 836	-12,7
	Sum kategori 07.50	2 003 798	1 922 448	1 982 045	3,1

Inntekter under programkategori 07.50 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
3256	Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse	49 090	29 757	31 066	4,4
	Sum kategori 07.50	49 090	29 757	31 066	4,4

Innleiing

Eit høgt kompetansenivå i befolkninga, tilpassa behova til arbeidslivet, bidreg til brei deltaking, nyskaping, omstilling og vekst i norsk nærings- og arbeidsliv. Kunnskapsdepartementet la våren 2023 fram ei melding til Stortinget om kompetansebehova i arbeidslivet på kort og lang sikt, jf. Meld. St. 14 (2022–2023) *Utsyn over kompetansebehovet i Norge*. I åra som kjem, er det rimeleg å tru at mangel på kompetanse vil bli ein av dei viktigaste flaskehalsane for å løyse dei store utfordringane i samfunnet. Det gir behov for klare prioriteringar. I utsynsmeldinga varslar regjeringa at følgande vil bli prioritert i utdannings- og kompetansepolitikken framover:

- kompetanse som er nødvendig for eit høgproduktivt og konkurransedyktig næringsliv
- kompetanse som er nødvendig for å gjennomføre det grønne skiftet
- kompetanse som er nødvendig for å ha gode velferdstenester i heile landet og for å handtere den demografiske utviklinga, balansert opp mot behovet for arbeidskraft i andre sektorar i samfunnet
- å kvalifisere og mobilisere fleire av dei som står utanfor arbeidslivet

Kunnskapsdepartementet har ansvaret for å samordne kompetansepolitikken, men dei kompetansepolitisk verkemidla går på tvers av departement, sektorar og forvaltningsnivå. Sentrale tiltak

i kompetansepolitikken er derfor omtalte under andre programkategoriar under Kunnskapsdepartementet og andre departement. Over programkategori 07.50 Kompetansepolitikk og livslang læring blir nokre av dei sentrale verkemidla finansierte, mellom anna Kompetanseprogrammet. Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) blir finansiert over programkategorien.

Tilskot til folkehøgskulane blir òg finansierte over denne programkategorien.

Følgande overordna mål for Kunnskapsdepartementet er særleg relevante for løyvingane under programkategori 07.50:

- Samfunnet og arbeidslivet har tilgang på relevant kompetanse
- Kompetanseheving og livslang læring er meir tilgjengeleg for alle over heile landet
- Opplæring og utdanning som gir fleire relevant kvalifisering

Hovudprioriteringar for 2024

Ei rekke av dei viktigaste satsingane til regjeringa for å bidra til livslang læring i heile landet blir finansierte over andre programkategoriar under Kunnskapsdepartementet:

- 28,2 mill. kroner til 500 nye studieplassar i høgare yrkesfagleg utdanning, inkludert utgifter til utdanningsstøtte, og ein auke på 10 mill. kroner i utviklingsmidlar til fagskulane. Sjå programkategori 07.40
- 319,9 mill. kroner for å bygge ut tilbodet om vidaregåande opplæring i tråd med retten til opplæring fram til ein har fullført med studie- eller yrkeskompetanse (fullføringsretten), sjå programkategori 07.20
- 83,2 mill. kroner til ordninga Fagbrev på jobb, sjå programkategori 07.20

I tillegg foreslår departementet 188,6 mill. kroner for å innføre ein rett til å ta fagbrev for personar som allereie har studie- eller yrkeskompetanse (yrkesfagleg rekvalifisering), over rammetilskotet til fylkeskommunane.

Budsjettforslaget legg til rette for fem bransje-program i 2024, og det gjer at det kan etablerast program for to nye bransjar, sjå kap. 257.

Kompetansebehov i arbeidslivet

Mange verksemdar får ikkje tak i personar med relevant kompetanse

Etter at arbeidskraftmangelen i 2022 var på det høgaste sidan før finanskrisa i 2008, blei arbeidskraftmangelen noko lågare våren 2023, ifølge

Navs bedriftsundersøking. Mangelen på arbeidskraft gjekk ned frå over 70 000 personar i 2022 til om lag 53 000 i 2023, men er framleis stor. Helse- og sosialtenestene manglar framleis flest folk. Behovet for arbeidskraft innanfor bygg- og anleggsverksemd blei redusert med 45 pst. frå 2022 til 2023, men dette er framleis bransjen der det er nest størst mangel på arbeidskraft.

Det er dei mest folkerike delane av landet (Oslo og Aust-Viken, som består av tidlegare Østfold og Akershus, utanom Asker og Bærum) som manglar mest arbeidskraft. Verksemdene i Troms og Finnmark, Nordland og Aust-Viken er dei som opplever størst rekrutteringsproblem når ein tek omsyn til folketalet.

Utanlandsk arbeidskraft dekker over 20 pst. av arbeidskraftsbehovet i Noreg – og langt meir innanfor ufaglærte yrke og handverksyrke. Dei siste 20 åra har talet på arbeidsinnvandrarar blitt femdobla. Arbeidsinnvandringa gjekk ned under pandemien, men var i 2022 tilbake på nivået frå før pandemien. Tilgangen på utanlandsk arbeidskraft i framtida er usikker, mellom anna fordi mange land i Europa har utfordringar med ei aldrande befolkning og mangel på arbeidskraft.

Kompetansebehova endrar seg med omstilling av næringslivet og offentleg sektor

Den teknologiske og demografiske utviklinga endrar kompetansebehova i samfunnet. God tilgang på etter- og vidareutdanning er viktig for å dekke endra kompetansebehov i arbeidslivet.

Digitalisering og automatisering reduserer etterspurnaden etter nokre yrke og arbeidsoppgåver og endrar innhaldet i andre yrke. Samstundes skaper utviklinga nye jobbar. Den teknologiske utviklinga har dei siste tiåra favorisert høgt utdanna arbeidskraft og fortrent arbeidskraft med grunnskuleutdanning og vidaregåande opplæring. Den raske utviklinga innanfor teknologi som kunstig intelligens får konsekvensar for arbeidsmarknaden, men det er uvisst korleis utviklinga vil påverke behovet for kompetanse og arbeidskraft framover.

Den demografiske utviklinga der stadig færre yrkesaktive står bak kvar pensjonist, endrar òg kompetansebehova. Talet på eldre over 80 år er venta å doble seg fram mot 2040. Fleire eldre aukar behovet for helse- og omsorgstenester, særleg i distrikta, der mangelen på arbeidskraft i kommunale helse- og omsorgstenester er stor.

Det grøne skiftet inneber at kompetansen til arbeidstakarar må tilpassast omstillinga til eit lågutsleppssamfunn. Kompetansebehovsutvalet la

i vår fram ein rapport om kompetansebehov for grøn omstilling. Omstillinga fører til nye jobbar i nye næringar, men omstillinga kjem særleg i eksisterande næringar. Etterspurnaden etter yrkesgrupper som ingeniørar, IKT-spesialistar og fagarbeidarar i teknologi og handverksfag vil auke som følge av omstillinga, ifølgje rapporten frå utvalet. Det er samstundes utfordrande å føreseie kva type og kor mange jobbar som vil falle bort eller kome til med det grønne skiftet. Veksttakten innanfor nye energinæringar som havvind, batteriindustri, hydrogen og CO₂-fangst og -lagring er usikker.

Kompetansereform for arbeidslivet

Auka krav til kompetanse i arbeidslivet inneber at kompetanspolitikken har ei nøkkelrolle i møte med fleire samfunnsutfordringar. Regjeringa har sett ned eit utval som skal greie ut ei kompetansereform for arbeidslivet, i tråd med Hurdalsplattforma. Utvalet består av hovudsamanslutningane i arbeidslivet og skal levere ein rapport hausten 2024. Utvalet skal greie ut moglegheiter og verkemiddel for læring i arbeidslivet i Noreg, korleis det kan leggast til rette for at det blir utvikla kostnadseffektive moglegheiter for utdanning og kompetanseutvikling av god kvalitet som er tilpasse behova i arbeidslivet, korleis partane i arbeidslivet kan legge til rette for læring i arbeidslivet, korleis ein kan vidareutvikle modellar for realkompetansevurdering og verdsetjing av kompetanse utvikla i arbeidslivet, og ulike modellar for å stimulere til etter- og vidareutdanning.

Kompetanseprogrammet

Kompetanseprogrammet består av fleire tiltak for kompetanseutvikling i tråd med behova til arbeidslivet. Kompetanseprogrammet har tre programområde:

1. treparts bransjeprogram for kompetanseutvikling
2. utprøving av insentivordningar for livslang læring
3. Kompetansepluss

Bransjeprogramma er eit spleiselag der staten finansierer utvikling og drift av relevante kompetansetilbod for bransjar med særleg stort behov for kompetanseutvikling for å tilpasse seg endra kompetansebehov. Bedriftene og dei tilsette bidreg med tida dei bruker på kompetanseutvikling. I 2023 er det fem bransjeprogram. Bransjeprogramma for maritim næring og olje-, gass- og leverandørindustrien skal fasast ut i 2024, og

departementet inviterte derfor partane i arbeidslivet til å nominere nye bransjar. Partane nominerte i alt 10 bransjar. Departementet vil etablere to nye bransjeprogram – eit for informasjonssikkerheit og IKT og eit for finansnæringa. Programma vil etter planen starte opp i 2023, med første tildeling i 2024. Kompetanseprogrammet blir finansiert over kap. 257.

Styrking av høgare yrkesfagleg utdanning

Fagskulane har ei viktig rolle i regjeringa si satsing på livslang læring. Fagskulane skal gi korte og yrkesretta utdanningstilbod i heile landet, og dei skal kunne reagere raskt på nye kompetansebehov og bidra til å tette kompetansesgap i arbeidslivet. Regjeringa vil styrke høgare yrkesfagleg utdanning. Derfor foreslår regjeringa midlar til 500 nye studieplassar og ein auke i utviklingsmidlar til fagskulane frå 2024. Sjå omtalen under programkategori 07.40.

Desentralisert utdanning ved fagskular, høgskular og universitet

Regjeringa vil at studietilbod skal bli endå meir tilgjengelege for folk i heile landet. I statsbudsjettet for 2024 foreslår regjeringa å auke rammeløyvinga til universitet og høgskular med 200 mill. kroner for å gjere utdanning tilgjengeleg for fleire gjennom å styrke det desentraliserte og fleksible tilbodet.

Utdanningsstøtteordningar tilpassa vaksne i arbeid

Høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning skal bli meir tilgjengelege ved at ein tilbyr fleire korte og moduliserde utdanningar som er tilpassa behova til den einskilde og til arbeidslivet. Departementet vil derfor utvide utdanningsstøtteordningane slik at kortare utdanningstilbod tilpassa vaksne i arbeid kan gi rett til lån frå våren 2025. Sjå omtale av tiltaket under programkategori 07.80 Utdanningsstøtte.

Godkjenningsordningane for utanlandsk utdanning skal utviklast

Godkjenning av utanlandsk utdanning og yrkesgodkjenning er verktøy for å sikre tilgangen til kvalifisert arbeidskraft frå utlandet. Godkjenningsoppgåvene til NOKUT blei overførte til HK-dir frå 1. januar 2023. Godkjenningsordninga for utanlandsk fag- og yrkesopplæring, som blei etablert i 2016, er i dag avgrensa til nokre få euro-

peiske land og fag. Det er krevjande å vurdere utanlandsk fag- og yrkesopplæring i nivå, omfang og fagleg innhald. Det har derfor vore utfordrande å utvide godkjenninga. HK-dir leverte våren 2023 eit forslag til forskriftsføresetninger og ein plan for å utvide ordninga. Vidare er det gjennomført ei evaluering av godkjenning av utanlandsk fagskuleutdanning, som inngår i arbeidet med ei melding til Stortinget om høgare yrkesfagleg utdanning. I Prop. 126 L (2022–2023) *Lov om universiteter og høyskoler (universitets- og høyskoleloven)* har departementet foreslått å videreføre reglane om godkjenning av utanlandsk høgare utdanning og i tillegg vise til UNESCOs globalkonvensjon for godkjenning av høgare utdanning. Regjeringa vil halde fram med å utvikle godkjenninga for utanlandsk utdanning for å gjere det enklare å ta i bruk kompetanse frå utlandet i det norske arbeidslivet. I statsbudsjettet for 2024 foreslår departementet ein auke for å styrke arbeidet til HK-dir med godkjenning av utanlandsk utdanning, jf. kap. 256.

Arbeidskraftreserven – dei som står utanfor arbeidslivet

Det blir stadig vanskelegare for dei med lite utdanning å klare seg i arbeidsmarknaden

Over 500 000 vaksne er verken i arbeid eller i utdanning. Om lag halvparten av arbeidskraftreserven opplyser at helse er den største hindringa for å kome i arbeid, men nesten like mange viser til låg utdanning. Dei som ikkje har fullført utdanning utover grunnskulen, har problem med å få ei varig tilknytning til arbeidslivet. Dette er ei stor gruppe, som utgjer 230 000 personar under 62 år, blant dei mange innvandrarak og unge. Det blir eit stadig skarpere skilje i arbeidsmarknaden mellom dei som har fullført vidaregåande opplæring, og dei som ikkje har gjort det.

Det er fleire barrierar som kan hindre personar i å kvalifisere seg for arbeid gjennom utdanning og kompetanseutvikling. Mange som har erfaring med ikkje å lykkast i skulen, har låg motivasjon for å ta meir utdanning. Det er eit problem at realkompetansevurdering blir brukt i for liten grad for å avkorte og tilpasse opplæringsløpa til vaksne i vidaregåande opplæring. For mange vaksne vil manglande ytingar til livsopphald vere eit hinder for å ta meir utdanning. Mange i målgruppa har behov for karriererettleiing for å finne ut kva moglegheiter dei har.

Retten til vidaregåande opplæring blir utvida, og opplæringa blir betre tilpassa vaksne

Ved behandlinga av Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden* slutta Stortinget seg til at modulstrukturert opplæring skal bli hovudmodell for all opplæring for vaksne. Tilbodet skal enklare kunne tilpassast ønskt sluttkompetanse for den einskilde, vere effektivt og kunne kombinerast med arbeid, også for dei som er på arbeidsmarknadstiltak eller i introduksjonsprogram for nykomne innvandrarak. Nye modulstrukturerte læreplanar skal etter planen takast i bruk frå skuleåret 2024–25 for nivået under vidaregåande, i utvalde lærefag og i opplæring som er ein kombinasjon av dei to nivåa. Departementet prioriterer midlar til tiltak for ei god implementering av overgangen til modulstrukturert vaksenopplæring i forslaget til statsbudsjettet for 2024 jf. kap. 258, post 21. Frå 2017 og ut våren 2024 blir det gjennomført eit forsøk med modulstrukturert opplæring for vaksne. Den nye opplæringa skal bygge vidare på erfaringane i forsøket.

Ny opplæringslov, som blei vedteken av Stortinget i juni 2023, inneber fleire endringar som vil gi vaksne utvida rettar til vidaregåande opplæring. Retten til vidaregåande opplæring blir utvida til ein har fullført og bestått med studie- eller yrkeskompetanse. Det blir òg innført ein yrkesfagleg rekvalifiseringsrett som gir alle med studie- eller yrkeskompetanse moglegheit til å ta eit nytt fagbrev. Sjå meir omtale i programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) har fått i oppdrag å greie ut og kartlegge fleire sider ved bruken av realkompetansevurdering med frist i desember 2023. Oppdraget omfattar mellom anna å kartlegge korleis fylkeskommunane forstår og bruker realkompetansevurdering. HK-dir skal greie ut om hindringar og foreslå moglege tiltak for meir effektiv og einsarta realkompetansevurdering i vidaregåande opplæring for vaksne.

Tilskotet til ordninga Fagbrev på jobb blir styrkt

Departementet foreslår i statsbudsjettet for 2024 å auke tilskotet for å stimulere til auka bruk av ordninga Fagbrev på jobb. Ordninga legg til rette for at fleire kan ta eit fagbrev i kombinasjon med arbeid. Sidan ordninga blei etablert i 2018 har om lag 950 kandidatar oppnådd fag- eller sveinebrev gjennom ordninga. Sjå omtalen av tiltaket under programkategori 07.20 Grunnopplæringa, kap.

225, post 69. I utsynsmeldinga blei det varsla at regjeringa ville vurdere om ordninga også kan utviklast til å bli ei ordning for NAV-brukarar og deltakarar i introduksjonsprogrammet. Utdanningsdirektoratet har saman med Arbeids- og velferdsdirektoratet, Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse og Integrerings- og mangfaldsdirektoratet greidd ut dette, og konklusjonen til direktorata var at dagens ordning legg til rette for stor grad av fleksibilitet i opplæringa for vaksne, òg for brukarane til NAV og deltakarar i introduksjonsprogrammet. Regjeringa ser derfor ikkje nå behov for å endre innrettinga av Fagbrev på jobb for å tilpasse ordninga til NAV-brukarar og deltakarar i introduksjonsprogrammet. Samstundes viste utgreiinga til direktorata at praktiseringa av Fagbrev på jobb varierer mellom fylkeskommunane og at handlingsrommet i ordninga kan nyttast betre. Regjeringa vil halde fram satsinga på Fagbrev på jobb for at fleire vaksne som manglar formell kompetanse, skal få høve til å ta eit fagbrev medan dei er i arbeid. Departementet vil derfor kartlegge praksisen og bruken av ordninga for å få eit betre grunnlag for å vurdere om ordninga kan gjerast meir tilgjengeleg for kvalifiserte kandidatar.

Betre samarbeid på tvers av sektorar for å få fleire i arbeid

Kunnskapsdepartementet samarbeider tett med Arbeids- og inkluderingsdepartementet om å kvalifisere fleire for arbeid. Mellom anna har AV-dir, IMDi og HK-dir etablert eit nasjonalt nettverk mellom Arbeids- og velferdsetaten og fylkeskommunane som skal jobbe for at fleire ledige, permitterte og utsette grupper på arbeidsmarknaden skal fullføre vidaregåande opplæring og få varig tilknytning til arbeidslivet. Nettverket vil mellom anna samarbeide om å identifisere og spreie gode lokale modellar for karriererettleiing, realkompetansevurdering og opplæring. Sjå Prop. 1 S (2023–2024) for Arbeids- inkluderingsdepartementet for

meir omtale av utdanningstiltak for ledige og permitterte og innvandrarar.

Utdanningsstøtteordningar tilpassa vaksne i vidaregåande opplæring

I samband med ny opplæringslov, som blei vedteken i juni 2023, vil departementet endre grensa mellom ordningar i Lånekassen for lån og stipend til vidaregåande opplæring, slik at vaksne over 21 år som ikkje har fullført vidaregåande opplæring, får tilgang til lånebasert ordning. I statsbudsjettet for 2024 blir det foreslått midlar til IT-utvikling i Lånekassen som skal legge til rette for å gjere utdanningsstøtteordningane meir tilpassa vaksne i vidaregåande opplæring, jf. programkategori 07.80 Utdanningsstøtte, kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning.

Betre karriererettleiing og rådgiving

Karriererettleiing er eit viktig verkemiddel for at fleire skal delta i arbeid, utdanning og livslang læring. Fylkeskommunane har ei lovpålagd plikt til å tilby karriererettleiing, og alle fylka har eitt eller fleire karrieresenter. Den nasjonale digitale karriererettleiingstenesta, karriereveiledning.no, får stadig fleire brukarar og blir vidareutvikla. I dag er tenesta bemanna både av rettleiarar som er tilsette i HK-dir og av mellombels tilsette i utvalde fylkeskommunar. Basert på erfaringar frå dei to første driftsåra vil departementet etablere ein modell for varig drift av tenesta, der dei som bemannar ho er fast tilsette i HK-dir i Tromsø. Dette skal styrke tenesta og bidra til auka effektivitet. Omlegginga skal skje gradvis i takt med at dei eksisterande samarbeidsavtalane med fylkeskommunane går ut.

I ny opplæringslov, som blei vedteken før sommaren, blir det innført ei plikt for kommunane og fylkeskommunane til å sørge for rådgiving for vaksne i grunnopplæringa. Plikta blir finansiert med heilårseffekt i forslaget til statsbudsjettet for 2024 over rammetilskotet til fylkeskommunane.

Kap. 251 22. juli-senteret

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Driftsutgifter	24 627		
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overførast, kan nyttast under post 01</i>	1 534		
	Sum kap. 251	26 161		

Løyvingane til 22. juli-senteret blei flytta til kap. 229 under programkategori 07.20 Grunnopplæringa i statsbudsjettet for 2023. Sjå omtalen av mål og budsjettforslag for 2024 under kap. 229.

Post 01 Driftsutgifter og post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, kan overførast, kan nyttast under post 01

Resultat i 2022

Elevar og lærarar er den viktigaste målgruppa til 22. juli-senteret. Senteret har utvikla pedagogiske verktøy for å kunne formidle om terrorhandlingane 22. juli 2011. Prosentdelen elevar av dei besøkande auka frå 18 pst. av dei som besøkte senteret i 2021, til 52 pst i 2022. Ei ny løysing for

elektronisk tinging gav enklare tilgang for skular til undervisninga ved senteret.

I 2022 fekk Statsbygg i oppdrag å bygge eit nytt permanent 22. juli-senter i Høgblokkka i regjeringskvartalet. Senteret har gjennom 2022 førebudd bygginga av eit nytt permanent senter. Arbeidet med dette nye senteret vil vere ei sentral oppgåve for 22. juli-senteret fram mot opninga i 2025.

Senteret har i 2022 vidareutvikla filmprosjektet *Historier om de vi mistet*, der etterlatne blir intervjua om korleis det er å leve med konsekvensane av 22. juli i dag. 22. juli-senteret lanserte nye nettsider og la samstundes ut nye ressursar som lærarar kan nytte i undervisning om 22. juli. I 2022 opna 22. juli-senteret den mellombelse kunstutstillinga *Scar*.

Tabell 4.23 Talet på besøkande ved 22. juli-senteret i perioden 2018–22

	2018	2019	2020	2021	2022
Elevar	11 646	9 636	801	2 832	11 791
Andre besøkande	30 331	31 432	3 035	12 711	10 909
Samla	41 977	41 068	3 836 ¹	15 543 ¹	22 700

¹ I 2020 og 2021 var senteret stengt store delar av året på grunn av covid-19-pandemien.

Kjelde: 22. juli-senteret

Kap. 253 Folkehøgskular

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
70	Tilskot til folkehøgskular	1 039 311	1 059 818	1 109 529
71	Tilskot til Folkehøgskolerådet	5 693	5 692	6 055
72	Tilskot til Nordiska folkehögskolan	726	747	795
	Sum kap. 253	1 045 730	1 066 257	1 116 379

Post 70 Tilskot til folkehøgskular

Folkehøgskular er eit skuleslag der den faglege, personlege og sosiale utviklinga til elevane står i sentrum. I dag er det 83 folkehøgskular fordelte på alle fylka i landet. Tilboda er hovudsakleg eittårige, og elevane bur på internat på skulen. Folkehøgskulane har fagleg og pedagogisk fridom og bestemmer sitt eige verdigrunnlag.

Folkehøgskuleutvalet la 31. oktober 2022 fram NOU 2022: 16 *En folkehøgskole for alle – Vilkår for økt kvalitet og mangfold i folkehøgskolene*. Utvalet har gått gjennom heile folkehøgskulesektoren, med hovudvekt på samfunnsoppdraget til folkehøgskulane, godkjenningvilkår, finansieringssystemet og krav til kvalitet. Departementet vil kome tilbake til korleis NOU-en skal følgast opp. Departementet ønsker brei involvering av sektoren i arbeidet, gjennom Folkehøgskolerådet og andre relevante aktørar.

Folkehøgskulane har samla sett opplevd ein nedgang i talet på elevar dei siste åra, og utviklinga ser ut til å halde fram for skuleåret 2023–24. Særleg har einskilde av dei nyoppretta folkehøgskulane hatt få søkjarar. Departementet vil i oppfølginga av NOU-en frå folkehøgskuleutvalet legge vekt på at folkehøgskulesektoren framover

må basere seg på realistiske anslag for elevtalsutviklinga. Høvet til å søke om godkjenning av nye folkehøgskular er mellombels stansa medan arbeidet med oppfølging av rapporten frå folkehøgskuleutvalet held på.

Mål for 2024

Målet med tilskotet er å fremje allmenndanning og folkeopplysning.

Resultat i 2022

Stavanger Urban Folkehøgskole og Øyrekka folkehøgskole starta opp med tilskot frå hausten 2022.

Tabellen nedanfor viser utviklinga i talet på folkehøgskuleelevar frå 2019 til 2022. Etter at elevtalet ved folkehøgskulane auka fram mot 2019, har talet på elevar gått noko ned dei siste åra. I 2022 gjekk 7 385 elevar på folkehøgskule. Det utgjør om lag 12 pst. av eit årskull. Elevtalet på kortvarige kurs er framleis lågt samanlikna med tidlegare år og kjem i hovudsak av endra forskrift til folkehøgskulelova frå 2021, som førte til at berre eit fåtal av kortkursa gir rett til stats-tilskot.

Tabell 4.24 Elevtal i folkehøgskulane 2019–22

	2019	2020	2021	2022
Årselevar langkurs (16,5–33 veker)	7 775	7 703	7 469	7 262
Årselevar kortkurs (2–94 dagar)	497	227	51	123
Sum årselevar ¹	8 272	7 930	7 520	7 385

¹ Sum årselevar er det samla talet teljande heiltidselevar per kalenderår. Tala er korrigererte for dobbeltteljande elevar og det maksimale elevtalet til skulane. Tala er også korrigererte med ein omrekningsfaktor.

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 1 109,5 mill. kroner på posten.

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 18,1 mill. kroner. Samstundes viser departementet til at Jeløy Folkehøgskole og Ringsaker Folkehøgskole har blitt lagde ned.

Innanfor løyvinga vil departementet vidareføre ekstratilskotet til Svalbard folkehøgskole på same nivå som i 2023.

I 2020 førte covid-19-pandemien til fleire avlyste kortkurs. I 2022 vart det omfordelt om lag 2,6 mill. kroner for å kompensere for avlyste kort-

kurs ved folkehøgskulane i 2020. Justeringa vil inngå i tilskotsgrunnlaget for 2024.

Post 71 Tilskot til Folkehøgskolerådet

Folkehøgskolerådet er ein interesseorganisasjon for folkehøgskulane. Rådet har eit fast sekretariat. Folkehøgskolerådet tek hand om fellesoppgåver for folkehøgskulane og koordineringsoppgåver for Utdanningsdirektoratet.

Mål for 2024

Folkehøgskolerådet skal fremje kunnskap om og utvikling av folkehøgskulane.

Resultat i 2022

Det blei gitt eit tilskot på 5,7 mill. kroner til Folkehøgskolerådet i 2022. Rådet hadde fellesoppgåver for folkehøgskulane og koordineringsoppgåver for Utdanningsdirektoratet. Folkehøgskolerådet fremjar utvikling av folkehøgskulane mellom anna gjennom eit godt samarbeid med departementet og andre offentlege aktørar.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 6,1 mill. kroner på posten.

Post 72 Tilskot til Nordiska folkhögskolan

Nordiska folkhögskolan i Kungälv blei etablert i 1947 for å fremje demokratiske verdiar og styrke samhaldet i Norden.

Mål for 2024

Tilskotet skal bidra til å drifte nordisk folkehøgskuleverksemd.

Resultat i 2022

Tilskotet støtta drifta av Nordiska folkhögskolan, inkludert utgifter til norske gjestelærarar. Skulen rapporterer at drifta var normal i 2022, men at covid-19-pandemien framleis gjorde det vanskeleg å rekruttere elevar utanfor Sverige.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 0,8 mill. kroner på posten.

Kap. 254 Studieforbund o.a.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
70	Tilskot til studieforbund	70 712	72 719	73 312
73	Tilskot til vaksenopplæringsorganisasjonar	3 600	3 517	1 871
	Sum kap. 254	74 312	76 236	75 183

Post 70 Tilskot til studieforbund

Tilskotet bidreg til å finansiere opplæring i regi av frivillig sektor og skal redusere opplæringskostnadene for deltakarane.

Frå og med 2021 får Akademisk Studieforbund, Studieforbundet AOF Norge, Studieforbundet Livslang Læring og Studieforbundet næring og samfunn tilskot over budsjettet til Kunnskapsdepartementet, medan dei andre ti studieforbunda får tilskot over budsjettet til Kulturdepartementet. Tilskotsordninga skal evaluerast innan utgangen av 2025.

Studieforbunda som får tilskot under Kunnskapsdepartementet, tilbyr kurs retta mot kompetanseheving i og for arbeidslivet, mellom anna sertifiseringskurs for ingeniørar og helsepersonell, men òg kurs for primærnæringane, fagforbund og humanitære organisasjonar.

Ein mindre del av tilskotet kan nyttast til å refundere kostnader til opplæring i samisk språk

som blir gjennomført av godkjende studieforbund eller nettskular, jf. forskrift til samelova om rett til opplæring i samisk.

Mål for 2024

Målet med tilskotet er at vaksne skal få tilgang til fleksibel og brukartilpassa opplæring utanfor det formelle utdanningssystemet, jf. § 1 i lov om vaksenopplæring. Tilskotet skal bidra til å redusere utanforskap og fremje inkludering.

Resultat i 2022

Aktiviteten i dei fire studieforbunda har vore lågare enn vanleg dei siste åra på grunn av covid-19-pandemien, men det var ein auke i aktiviteten frå 2021 til 2022. Studieforbundet Livslang Læring rapporterte om flest kurstimar i 2022.

I 2022 var det flest deltakarar på kurs innanfor organisasjons- og leiingsfag (32 pst.), estetiske fag

og handverksfag (26 pst.) og realfag, industri og tekniske fag (14 pst.). Studieforbunda framhevar at dei har god måloppnåing på opplæring retta

mot spesielle målgrupper, til dømes tilbod til ufaglærte.

Tabell 4.25 Aktivitet og deltaking i studieforbunda 2017–22

	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Deltakarar	203 648	194 280	185 147	149 596	167 265	179 926
Kurs	13 084	12 301	11 579	9 181	8 687	9 879
Kurstimar	434 697	403 865	386 296	268 759	231 516	263 715

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 73,3 mill. kroner på posten. Departementet foreslår å redusere løyvinga med 4,1 mill. kroner for å frigjere midlar til andre formål. Berekninga av tilskot til det ein-skilde studieforbundet vil bli justert for å ta omsyn til at aktiviteten i studieforbunda var påverka av smittevernrestriksjonane i 2020 og 2021.

Post 73 Tilskot til vaksenopplæringsorganisasjonar

Fleksibel utdanning Norge (FuN) er fellesorgan og interesseorganisasjon for dei offentleg godkjende nettskulane og andre institusjonar på feltet fleksibel utdanning og digitale læringsformer.

Mål for 2024

FuN skal arbeide for meir kunnskap om og utvikling av fleksibel og nettbasert utdanning som blir gitt gjennom medlemsorganisasjonane. Dette inkluderer òg fellesoppgåver for nettskular og medlemsorganisasjonar.

Resultat i 2022

I 2022 har FuN mellom anna revidert ein rettleiar for kvalitet i nettbasert utdanning og drive utviklingsarbeid i EØS-prosjekt og prosjekt innanfor Nordplus, Erasmus+ og Interreg.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 1,9 mill. kroner på posten til Fleksibel utdanning Norge.

Departementet foreslår å avvikle tilskotet til Fleksibel utdanning Norge med halvårseffekt frå 2024. Det eksisterte tidlegare eit tilskot til nettskular. Tilskotet blei avvikla i statsbudsjettet for 2015, fordi nettstudiar var blitt ein del av den ordinære verksemda ved universitet, høgskular og fagskular. Frå 2021 blei vaksenopplæringslova med forskrifter endra slik at det ikkje lenger er ei eiga godkjenningssordning for nettskular. Departementet meiner at FuN ikkje lenger utfører oppgåver for departementet som gjer at det kan prioriterast direkte statstilskot til organisasjonen, men at drifta av organisasjonen bør finansierast av medlemsorganisasjonane eller andre inntektskjelder. Ettersom tilskotet blir avvikla over to år, får FuN noko tid til å omstille seg og eventuelt finne andre finansieringskjelder.

Kap. 256 Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Driftsutgifter	389 883	433 017	452 817
21	Særskilde driftsutgifter	3 803	8 926	14 022
	Sum kap. 256	393 686	441 943	466 839

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) har eit heilskapleg ansvar innanfor sitt sektorområde. Sektorområdet er all opplæring og utdanning retta mot vaksne, det vil seie på kompetansefeltet, i grunnopplæringa, norsk og samfunnskunnskap for innvandrarar, høgare yrkesfagleg utdanning og høgare utdanning. På nokre område, som internasjonalisering og karriererettleiing, har direktoratet breiare verkeområde. Direktoratet har nasjonalt, tverrsektorielt systemansvar for karriererettleiing og pådrivar- og samordningsansvar for deling av data og for felles-tenester innanfor forskning. HK-dir har ansvar for godkjenning av utanlandsk utdanning.

Løyvingane over kap. 256 finansierer ordinære driftsoppgåver i HK-dir. I tillegg kjem oppgåver som direktoratet har ansvar for, men som blir finansierte over andre budsjettkapittel. HK-dir har ansvaret for å forvalte tilskotsordningar og tiltak under kap. 225, 240, 241, 254, 257, 258, 270 og 272 og ordningar under budsjetta til Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Kulturdepartementet og Kommunal- og distriktsdepartementet.

Post 01 Driftsutgifter og post 21 Særskilde driftsutgifter

Mål for 2024

Gjennom følgande mål skal Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse arbeide for eit berekraftig og omstillingsdyktig samfunn:

- Utdanningsinstitusjonar og opplæringstilbydarar har tilbod av høg kvalitet
- Den einskilde har god kunnskap om og tilgang til utdanning, karriererettleiing og livslang læring
- Dokumentasjon av utdanning, kompetanse og kvalifikasjonar gir den einskilde tilgang til utdanning og arbeid
- Kompetansepolitikken er godt samordna og stimulerer til kompetanseutvikling og samarbeid mellom arbeidsliv og utdanning
- Styresmakter, institusjonar og aktørane i arbeidslivet har eit godt kunnskapsgrunnlag for avgjerdene sine om utdanning, forskning og kompetanseutvikling

I 2024 er det viktig at HK-dir har stor merksemd på oppgåvene med opptak og godkjenning av utanlandsk utdanning. Direktoratet har forvalta ein stor portefølje av søknadsbaserte ordningar, tilskot og utviklingsmidlar retta mot mellom andre fagskular, høgskular og universitet. I 2024 foreslår regjeringa å flytte 338,8 mill. kroner frå program og tilskotsordningar til rammeløyvinga

for universitet og høgskular. Sjå nærare omtale under kategoriinnleiinga under programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning og under kap. 260 Universitet og høgskular og kap. 272 Tiltak for internasjonalisering og høgare utdanning.

HK-dir skal framleis følge opp arbeidet i sektoren med internasjonalisering, utdanningskvalitet, fleksibel og tilgjengeleg utdanning, mellom anna ved å forvalte og dele kunnskap frå arbeidet ved institusjonane og utviklingsprosjekt som har finansiering frå tidlegare ordningar i direktoratet. HK-dir skal vidareutvikle arbeidet med data, statistikk og anna kunnskapsgrunnlag på desse områda for å følge utviklinga og gi kunnskapsbaserte råd til institusjonane og departementet. Direktoratet skal også bidra til å samle, dokumentere og dele erfaringar, data og kunnskapsgrunnlag mellom ulike universitet og høgskular og andre verksemdar i sektoren. Denne typen tilrettelegging og rådgiving frå HK-dir vil vere eit viktig supplement til institusjonane sine egne initiativ på felta.

Resultat i 2022

Ny organisering av direktoratet etter samanslåinga kom på plass 1. mai 2022, og i 2022 har det også blitt arbeidd med å førebu overføring av oppgåver og tilsette frå Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga i samband med at HK-dir fekk ansvaret for godkjenning av utanlandsk utdanning frå 1. januar 2023.

Nedanfor er rapportering på dei måla som gjaldt for HK-dir i 2022.

Kompetansepolitikken og politikken for høgare utdanning er heilskapleg og godt samordna og utvikla i ein internasjonal kontekst

Opprettinga av HK-dir har lagt godt til rette for eit samla og tydeleg direktorat som ser politikken for høgare utdanning og kompetansepolitikken i samanheng. Direktoratet har i 2022 etablert ein organisasjonsmodell som er orientert mot målgrupper, og som tydeleggjer ansvaret for ulike område både internt og eksternt.

Direktoratet har nytta internasjonale kontaktflater i sine råd og innspel i aktuelle saker og vurderer sjølv at samanslåinga av ulike fagmiljø har styrkt kvaliteten og koordineringa av innspel til politikktutforming. For å bidra til ein effektiv og heilskapleg kompetansepolitikk er det etablert ein fast arena på nasjonalt nivå for administrative møte med partane i Kompetansepolitisk råd. HK-dir har gjennom samarbeid, oppfølging av pro-

sjekt, kunnskapsutvikling, rådgiving og formidling bidrege til å styrke arbeidet til fylkeskommunane med regional kompetansepolitikk og gjennomføring av tiltak som bidreg til at fleire vaksne får auka kompetansen sin.

Direktoratet har mellom anna samarbeidd med Sikt – Kunnskapssektorens tenesteleverandør om å revidere samstyringsmodellen for digitalisering i høgare utdanning og forskning. Modellen spelar ei viktig rolle i arbeidet med å implementere strategi- og handlingsplan for digital omstilling i høgare utdanning og forskning. Gjennom ansvaret for støtteordninga for norskspråklege tidsskrift innanfor humaniora og samfunnsvitskap og registeret over vitskaplege publiseringskanalar har HK-dir bidrege til å auke delen ope tilgjengelege artiklar, støtta opp under norsk som fagspråk og hjelpt forskarar med å finne tidsskrift der dei kan publisere artiklar ope.

I 2022 viste ei kartlegging utført av HK-dir at arbeidet med informasjonstryggleik og personvern i høgare utdannings- og forskingssektoren er i framgang. Basert på funna i kartlegginga har direktoratet gitt tilrådingar til dei einskilde verksemdene om korleis dei kan betre etterlevinga av krava frå Kunnskapsdepartementet. I 2022 blei 83 pst. av tilrådingane følgde opp, noko som har bidrege til å styrke informasjonstryggleiken og personvernet i høgare utdannings- og forskingssektoren.

I 2022 har direktoratet lagt grunnlaget for eit operativt fagmiljø for tryggleik og beredskap for høgare utdannings- og forskingssektoren frå 2023. Dei har etablert eit samarbeid med NOKUT og sekretariatet for Beredskapsrådet for kunnskapssektoren og utarbeidd ein plan for å kartlegge tilstanden og vurdere risikoen for heile tryggleiksområdet.

Utdanning, opplæring og karriererettleiing av høg kvalitet er tilgjengeleg for alle uavhengig av bakgrunn, kompetansenivå og funksjonsevne

Tilskotsordningane i HK-dir har gitt positive resultat på viktige mål som tverrfagleg samarbeid, kvalitetsutvikling av korte profesjonsutdanningar, arbeidslivsrelevans, meir og betre praksis i arbeidslivet, digitalisering, aktiv involvering av studentar i utdanningane, mindre fråfall og meir tilgjengeleg utdanning.

HK-dir fekk ansvar for Samordna opptak 1. januar 2022. I 2022 har Samordna opptak planlagt for modernisering og oppdatering av opptakssystema. Det er òg sett i gang eit arbeid med å modernisere Nasjonal vitnemålsdatabase.

HK-dir er det nasjonale programkontoret for internasjonalt utdannings- og opplærings samarbeid. I 2022 har direktoratet følgd opp Meld. St. 7 (2020–2021) *En verden av muligheter* med ei rekke tiltak mellom anna retta mot utfordringar med fragmentert informasjon til studentar, administrasjon av studentutveksling og mobilitet i profesjonsutdanningane.

Treparts bransjeprogram for kompetanseutvikling bidrog til at 11 bransjar fekk tilgang til å utvikle relevant kompetanse. Tilskot frå HK-dir har òg ført til at fleire vaksne deltek i vidaregåande opplæring.

Styresmakter, utdanningstilbydarar, arbeidslivet og den einskilde har eit godt kunnskapsgrunnlag for avgjerdene sine om i utdanning og kompetanseutvikling

I 2022 har HK-dir utarbeidd eit breitt kunnskapsgrunnlag om utdanning og kompetanseutvikling. HK-dir publiserer mellom anna årlege tilstandsrapportar om høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning som gir eit kvalitetssikra kunnskapsgrunnlag om utviklinga i sektoren over tid.

Kompetansebehovsutvalet er ført vidare i perioden 2021–27 med HK-dir som sekretariat. Utvalet leverte i 2022 temarapporten *Fremtidig kompetansebehov: Høyere yrkesfaglig utdanning for et arbeidsliv i endring*. Rapporten peikar på at fagskulesektoren kan spele ei viktigare rolle for å dekke framtidige nasjonale og regionale kompetansebehov.

I 2022 har HK-dir henta inn ei undersøking av kvaliteten og kvalitetsutviklinga i karriererettleiing i skulen. Den viste at kvalitetssikring av rettleiing ikkje har høg prioritet i skulen. Som oppfølging har HK-dir gått i dialog med fylkeskommunane om tiltaka som blei foreslåtte i rapporten.

Direktoratet arbeider også for å gjere data meir tilgjengelege for gjenbruk i kunnskapssektoren gjennom programmet Kunnskapssektorens datafellesskap (KUDAF). På nettsida Database for statistikk om høgare utdanning (DBH) publiserer HK-dir opne, dokumenterte, kontrollerte og standardiserte data om aktivitet i høgare utdanning. Statistikken blir mellom anna brukt i nasjonalrekningskapsen og til å berekne finansiering av universiteta og høgskulane. I 2022 blei det henta ut 470 000 datatabellar frå databasen via API.

HK-dir forvaltar nettressursar som utdanning.no og karriereveiledning.no, som gir i rettleiing om utdanning, karriere og arbeid. Ei undersøking frå 2022 viser at 76 pst. av dei 14 000 respondentane meiner utdanning.no er ei nyttig eller

svært nyttig teneste. HK-dir har i 2022 vidareutvikla nettsidene dimensjonering.no og finnlærebedrift.no for å betre informasjonen om høvesvis utdanningstilbod for yrkesfag og godkjende lærebedrifter og ledige plassar, slik at tilbod kan sjåast i samanheng med lokale og regionale behov.

Innvandrarar og utsette grupper i arbeidsmarknaden får kompetansetiltak som medverkar til at fleire deltek i arbeids- og samfunnslivet

HK-dir har arbeidd med å sikre og utvikle kvaliteten på norskprøva. I 2022 har 20 030 kandidatar avlagt til saman 61 352 delprøver i norsk. Direktoratet har gjennomført fleire tiltak for å auke kjennskapen til prøver og språknivå. HK-dir har vidare arbeidd med sikring og forbetring av prøvesystemet, noko som har resultert i at det er levert stabile gjennomføringar av prøver i norsk og samfunnskunnskap til målgruppene i 2022.

Direktoratet har også arbeidd med fagleg utvikling og kompetanseheving for karriererettleiarar som rettleiarar flyktingar og innvandrarakar. Dette gjer at dei som mottok rettleiing, får eit betre grunnlag for å gjere val om arbeid og utdanning og kan få meir ut av introduksjonsprogrammet. Mellom anna har HK-dir utvikla ein digital ressurs for dei som underviser i karrierekompetanse.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 452,8 mill. kroner på post 01 og 14 mill. kroner på post 21.

Forslaget omfattar ei eittårig løyving i 2024 på 2 mill. kroner på post 01 til arbeidet med godkjenning av utanlandsk utdanning.

Løyvinga på post 01 er foreslått redusert med 1,5 mill. kroner mot tilsvarande auke på kap. 200, post 01 på grunn av ei stilling som tidlegare er flytta frå direktoratet til Kunnskapsdepartementet.

Finansieringa av kontraktsfesta midlar til å produsere offentleg statistikk skal i samband med det nye statistikkprogrammet overførast til Statistisk sentralbyrå. Kunnskapsdepartementet foreslår å overføre 0,8 mill. kroner frå løyvinga på posten til kap. 1620, post 01 under Finansdepartementet. HK-dir har ein avtale med Direktoratet for forvaltning og økonomistyring om bruk av løysing for rekneskap og lønn, og det står att å overføre 0,2 mill. kroner til kap. 1605, post 01 under Finansdepartementet.

Departementet foreslår tilsvarande som i 2023 ein reduksjon på 3 mill. kroner på post 01 fordi det er lagt til grunn ein økonomisk gevinst for delar av forventa effektivisering i samband med etableringa av direktoratet. Resterande gevinstar blir att i direktoratet for å styrke prioriterte oppgåver og funksjonar.

Departementet foreslår å redusere løyvinga på post 01 med 7 000 kroner som oppfølging av regjeringa sitt arbeid med meir effektive kontorleigeavtalar for statlege verksemdar.

Løyvinga på post 21 er foreslått auka med 4,6 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 275, post 21. Dette er midlar som skal gå til arbeidet i HK-dir med det nye digitale systemet for gjennomføring av opptaket til høgare utdanning.

Departementet foreslår at løyvinga på kap. 256, post 01 kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3256, post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3256 Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Inntekter frå oppdrag	1 112	1 649	1 721
02	Inntekter frå refusjonar o.a.	47 978	28 108	29 345
	Sum kap. 3256	49 090	29 757	31 066

Inntektene på post 01 gjeld oppdragsverksemd for HK-dir. Inntektene på post 02 gjeld hovudsakleg

refusjon av kostnader til administrasjon av Erasmus+, EU og Nordisk ministerråd.

Kap. 257 Kompetanseprogrammet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
21	Særskilde driftsutgifter	3 236	7 442	7 898
70	Tilskot, <i>kan overførast</i>	313 585	201 253	202 910
	Sum kap. 257	316 821	208 695	210 808

Kompetanseprogrammet omfattar ulike tiltak for kompetanseutvikling i arbeidslivet. Programområda i Kompetanseprogrammet er

1. treparts bransjeprogram for kompetanseutvikling
2. utprøvingar av insentivordningar for livslang læring
3. Kompetansepluss

Treparts bransjeprogram for kompetanseutvikling

Treparts bransjeprogram er eit samarbeid mellom staten og partane i arbeidslivet. Målet med bransjeprogramma er at fleire skal delta på kurs og i vidareutdanning i dei bransjane som til kvar tid inngår i ordninga. Permitterte og ledige kan òg delta i kompetanseutvikling innanfor bransjeprogramma. Ordninga skal bidra til at bransjane får tilgang til relevant kompetanseutvikling.

Utprøvingar av insentivordningar for livslang læring

Kompetanseprogrammet legg til rette for å prøve ut ulike insentivordningar for å auke etterspurnaden etter livslang læring. Eit forsøk med vidareutdanningsstipend for fagarbeidarar starta opp i 2021 og går over to år. Sluttrapporten frå forsøket skal kome i desember 2023.

Kompetansepluss

Kompetansepluss er ei tilskotsordning for opplæring i grunnleggjande ferdigheiter i lesing og skriving, rekning, IKT, munnlege ferdigheiter og norsk eller samisk, slik at deltakarane får styrkt mogleghetene sine til å delta i arbeids- og samfunnslivet.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, og post 70 Tilskot, kan overførast

Post 21 finansierer utgifter til forskning på forsøket med vidareutdanningsstipend for fagarbeidarar og administrasjon av Kompetanseprogrammet i HK-dir, særleg arbeidet med bransjeprogramma. Post 70 finansierer sjølve programmet.

Mål for 2024

Fleire lærer heile livet, slik at dei kan stå lenger i arbeid.

Resultat i 2022

Treparts bransjeprogram for kompetanseutvikling

Det var totalt elleve bransjeprogram i 2022. Det blei gitt tilsegn på om lag 162 mill. kroner til 245 kurs og utdanningstilbod i desse bransjeprogramma. På grunn av stor etterspurnad har mange av utdanningstilboda i bransjeprogramma blitt gjennomførte fleire gongar. I 2022 er det gitt tilsegn til 9 240 deltakar plassar med oppstart i 2022 og 2023. Fafos evaluering av bransjeprogramma, som blei publisert i mars 2022, viser gode resultat og at samarbeidet mellom partane i bransjeprogrammet har fungert etter siktemålet. Alle bransjeprogramma ser ut til å ha samsvart med behova i bransjane og har treft målgruppa på ein god måte.

Forsøk med vidareutdanningsstipend for fagarbeidarar

HK-dir gjennomfører forsøket i samarbeid med Lånkassen, SSB og forskarar frå Frisch-senteret og Fafo. Det var 635 søkarar som fekk stipend under hovudforsøket i studieåret 2022–23. Sluttrapporten frå forsøket kjem i desember 2023.

Kompetansepluss

I Kompetansepluss-utlysinga for 2022 prioriterte HK-dir søknader som kombinerer opplæring i digitale ferdigheiter med lesing og skriving. Det blei tildelt totalt 170 mill. kroner, som gjorde at om lag 8 300 personar fekk sjansen til å delta i ordninga.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 7,9 mill. kroner på post 21 og 202,9 mill. kroner på post 70. Det meste

av prisjusteringa på post 70 er omprioritert til andre formål.

Departementet vil vidareføre programområda i Kompetanseprogrammet. HK-dir kan prioritere mellom programområda etter kva slags behov som er viktigast.

Bransjeprogramma for maritim næring og olje-, gass- og leverandørindustrien skal fasast ut i 2024. Departementet vil etablere to nye bransjeprogram – eit for informasjonssikkerheit og IKT og eit for finansnæringa. Programma vil etter planen starte opp i 2023, med første tildeling i 2024.

Kap. 258 Tiltak for livslang læring

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	147 088	129 317	112 836
	Sum kap. 258	147 088	129 317	112 836

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast

Løyvinga finansierer tiltak innanfor kompetansepolitikken, inkludert grunnopplæring for vaksne. Størstedelen av løyvinga blir tildelt Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir).

Løyvinga på posten kan òg bli nytta til å drifte tidsavgrensa arbeid i utval, departement og direktorat og til tilskot til aktørar som blir involverte i kompetansepolitikk og vaksenopplæring.

Mål for 2024

Fleire lærer heile livet, slik at dei kan stå lenger i arbeid.

Resultat i 2022

Rapporteringa nedanfor gjeld dei største tiltaka som det er tildelt midlar til over posten i 2022. I tillegg blei det utbetalt midlar til tiltak i Kompetanseprogrammet over posten i 2022, sjå kap. 257, post 70.

Forsøk med modulstrukturert opplæring for vaksne

Modulforsøket består av tre forsøk og blir gjennomført i 42 kommunar og fem fylkeskommunar. Forsøket med modulstrukturert førebuande vak-

senopplæring (opplæring på grunnskulenivå for vaksne) hadde 3 754 deltakarar i juni 2022. Det er ein nedgang frå 2021, men representerer likevel om lag ein tredel av alle vaksne i grunnskulen. Dei aller fleste av deltakarane er minoritetsspråklege. I forsøket med modulstrukturert fag- og yrkesopplæring var det 369 deltakarar i 2022. Kombinasjonsforsøket gir vaksne høve til å kombinere opplæring i førebuande vaksenopplæring med modulstrukturert fag- og yrkesopplæring. Fire fylkeskommunar er med i forsøket, som hadde 80 deltakarar i 2022.

Den siste følgeevalueringsrapporten frå Ideas2evidence, som blei publisert i januar 2023, viser at dei fleste lærarane og bedriftene meiner opplæringa bidreg til å nå måla om ei meir fleksibel opplæring som er betre tilpassa behova til vaksne. Evalueringa peiker på at det er store fylkesvise variasjonar i praktiseringa av realkompetansevurdering. Delen av deltakarane i forsøket som er realkompetansevurderte, har auka i forsøksperioden. Resultat- og effektevalueringa for forsøket vil halde på til 2026.

Nasjonal digital karriererettleiingsteneste og nasjonalt kvalitetsrammeverk for karriererettleiing

Den nasjonale digitale karriererettleiingstenesta karriereveiledning.no består av ein nettstad med informasjon og tilgang til profesjonell rettleiing

via chat og telefon. Tenesta får gode tilbakemeldingar frå brukarane, og ho kjem i tillegg til lokale, fysiske karriererettleiingstenester. Tenesta leverte i 2022 karriererettleiing via chat og telefon til nær 13 000 personar. I tillegg var det nær 10 000 deltakarar på webinar og nettmøte.

HK-dir har i 2022 arbeidd vidare med å utvikle og setje i verk eit nasjonalt, tverrsektorielt kvalitetsrammeverk for karriererettleiing. Det blei utvikla nye verktøy og innhald på nettstaden *Kvalitet i karriereveiledning*. Fylkeskommunane melder om at rammeverket og dei digitale ressursane er til god nytte i arbeidet med kvalitet i tenestene.

Kompetanseutvikling for lærarar i vaksenopplæringa

I samarbeid med opplæringsstadane i kommunar og fylke, universitet og høgskular fordelte statsforvaltarane i 2022 midlar til etterutdanning av lærarar som underviser vaksne etter integreringslova og opplæringslova. Ordninga bidreg til å bygge opp tilpassa regionale kompetansetilbod.

Digitale verktøy og informasjon for vaksne som ønsker å ta fagbrev

HK-dir lanserte i 2022 ein ny versjon av tenesta *Veien til fagbrev* som ein del av samarbeidet mellom HK-dir, AV-dir og IMDi om utvikling av opplærings- og utdanningstenester for arbeidsledige, permitterte og utsette grupper på arbeidsmarknaden. HK-dir melder om at den relanserte tenesta har ført til auka pågang frå bedrifter som vil kvalifisere ufaglærte til fagbrev, og som har vanskeleg for å finne fram til relevante ordningar i fylkeskommunane. I tillegg starta HK-dir arbeidet med

tenesta *Veien til studiekompetanse* i 2022. Tenesta blei lansert i 2023. I samarbeid med nokre fylkeskommunar og Nav er det utvikla modellar for samarbeid om karriererettleiing.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 112,8 mill. kroner på posten. Under er dei største tiltaka som vil bli finansierte av løyvinga på posten, omtala.

Om lag 40 mill. kroner skal gå til forsøket med modulstrukturert opplæring for vaksne. Utgiftene til forsøket er venta å bli reduserte med om lag 20 mill. kroner i høve til 2023 som følge av at det skal avsluttast sommaren 2024. Samstundes foreslår departementet om lag 10 mill. kroner til implementering av modulstrukturert opplæring som hovudmodell i grunnopplæringa for vaksne.

Departementet vil setje av 12,5 mill. kroner til tilskot til fylkeskommunar i samband med drifta av den nasjonale digitale karriererettleiingstenesta [karriereveiledning.no](https://www.karriereveiledning.no).

Departementet vil setje av midlar til digitale verktøy for vaksne som ønsker å ta fagutdanning. Tiltaket skal bidra til at fleire vaksne tek ei fagutdanning, og til betre karriererettleiing for vaksne.

Løyvinga vil òg finansiere ei rekke andre tiltak, som kompetanseutvikling for lærarar i vaksenopplæringa, utgifter til drift av Kompetansebehovsutvalet og utvalet som skal greie ut ei kompetansereform for arbeidslivet, til kvalitetsrammeverket for karriererettleiing og til deltaking i PIAAC (ei internasjonal undersøking av ferdigheitene til vaksne).

Departementet vil ved behov omdisponere midlar mellom dei ulike satsingane på posten.

Programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning

Utgifter under programkategori 07.60 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
260	Universitet og høgsular	41 653 574	42 801 762	45 398 672	6,1
270	Studentvelferd	525 784	953 214	720 909	-24,4
271	Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga	186 318	119 342	125 791	5,4
272	Tiltak for internasjonalisering og høgare utdanning	734 776	605 775	370 517	-38,8
273	Kunnskapssektorens tenesteleverandør – Sikt	178 729	182 910	425 635	132,7
274	Universitetssenteret på Svalbard	158 265	158 265	168 386	6,4
275	Tiltak for høgare utdanning og forskning	283 954	263 601	142 627	-45,9
284	Dei nasjonale forskingsetiske komiteane	19 094	20 119	21 206	5,4
285	Noregs forskingsråd	6 880 749	5 229 094	5 549 991	6,1
286	Regionale forskingsfond	159 012	122 087		-100,0
287	Grunnløyving til samfunns- vitskapelege forskingsinstitutt	228 426	234 990	245 303	4,4
288	Internasjonale samarbeidstiltak	4 419 542	5 016 256	7 043 367	40,4
289	Vitskapelege prisar	46 138	46 047	49 101	6,6
	Sum kategori 07.60	55 474 361	55 753 462	60 261 505	8,1

Inntekter under programkategori 07.60 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
3271	Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga	10 163	4 785	4 995	4,4
3275	Tiltak for høgare utdanning og forskning		10	10	0,0
3288	Internasjonale samarbeidstiltak	16 171	16 414	31 037	89,1
	Sum kategori 07.60	26 334	21 209	36 042	69,9

Innleiing

Alle delar av samfunnet dreg stor nytte av kunnskap som er skapt og formidla gjennom forskning og høgare utdanning. Kvaliteten i kunnskapssektoren og ei langsiktig satsing i breidda av ulike fag- og temaområde er avgjerande for å nå dei samla måla til regjeringa på tvers av alle departement og politikkområde. Dei overordna måla for Kunnskapsdepartementet er omtalte i kap. 1 Hovudinnleiinga, og løyvingane under programkategori 07.60 er relevante for alle desse.

Hovudprioriteringar for 2024

Regjeringa foreslår å auke løyvinga til universitet og høgskular med 1,6 mrd. kroner nominelt samanlikna med revidert budsjett for 2023. Det omfattar 151,1 mill. kroner i resultatbasert uttelling for auken på indikatorane i finansieringssystemet. Forslaget omfattar òg 255 nye studieplassar, inkludert mellom anna 60 studieplassar i medisin og 100 studieplassar i IKT.

Regjeringa foreslår 2,1 mill. kroner i samband med at dei første studentane startar fjerde studieår i den nye, femårige lærarutdanninga i praktiske og estetiske fag (LUPE) hausten 2024. Frå 2025 til 2029 vil regjeringa foreslå å trappe opp løyvinga etter kvart som studentane tek til på det fjerde og femte studieåret i LUPE ved alle dei seks institusjonane som tilbyr denne utdanninga.

Som del av auken i rammeløyvinga foreslår regjeringa å flytte 338,8 mill. kroner frå program og tilskotsordningar forvalta av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse til rammeløyvinga til universiteta og høgskulane. Dette er midlar som er retta mot både kvalitetsarbeidet i sektoren, internasjonalt arbeid og fleksibel og desentra-

lisert utdanning. Flyttinga følger opp målet i Hurdalsplattforma om ei reell avbyråkratisering i høgare utdanning ved å gå gjennom oppgåvene til direktorata og overføre myndigheit til institusjonane. Det følger òg opp forenklinga i finansieringssystemet som inneber større tillit og ansvar til institusjonane.

Regjeringa la hausten 2022 fram langsiktige mål og prioriteringar for forskning i den nye langtidsplanen for forskning og høgare utdanning for 2023–2032. Regjeringa foreslår minst 1 mrd. kroner over fem år til ei satsing på framtidens databehandling – kunstig intelligens, digital tryggleik og samfunnskonsekvensar av teknologiutviklinga.

Regjeringa foreslår ei samla løyving på 6 141,5 mill. kroner til Noregs forskingsråd i 2024 over Kunnskapsdepartementets budsjett som skal bidra til å nå mål og prioriteringar fastsette i langtidsplanen. Regjeringa vil i 2024 mellom anna legge vekt på forskning i næringslivet, norsk fagspråk og nukleære fag inkludert fusjonsenergi. Sjå nærare omtale av langtidsplanen i del III, kap. 5.

Regjeringa foreslår i tillegg å løyve 9 mill. kroner til samisk forskning og høgare utdanning. Regjeringa foreslår å løyve 103,7 mill. kroner i 2024 til ei ordning i Forskningsrådet for å finansiere FoU-prosjekt forankra i behova i dei kommunale helse- og omsorgstenestene.

Regjeringa foreslår å løyve 140 mill. kroner i 2024 og vil foreslå 140 mill. kroner i 2025 til å fornye og oppdatere det nasjonale forskingsnettet. Investeringskostnadene skal dekkast gjennom brukarbetaling over estimert levetid på investeringa på 20 år.

Regjeringa foreslår ei startløyving på 178 mill. kroner for prosjektet NTNU Campussamling. Prosjektet inneber å flytte campus på Dragvoll til Gløshaugen for å oppnå meir samverknaad mellom

fagmiljøa. Regjeringa forventar at prosjektet skal gjennomførast innanfor ein samla kostnad på 6,7 mrd. kroner (styringsramma). For å ta høgde for nødvendig usikkerheit foreslår regjeringa ei kostnadsramme på 7,8 mrd. kroner.

Regjeringa foreslår tilsegner om tilskot til 1 650 nye studenthyblar i 2024.

Overordna rammer i politikken for forskning og høgare utdanning

Ny langtidsplan i forskning og høgare utdanning 2023–2032 set kurs for politikktutviklinga

Hausten 2022 la regjeringa fram ein ny langtidsplan for forskning og høgare utdanning, jf. Innst. 170 (2022–2023) og Meld. St. 5 (2022–2023) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning (2023–2032)*. Planen set tre overordna mål for politikken for forskning og høgare utdanning:

- styrkt konkurransekraft og innovasjonsevne
- miljømessig, sosial og økonomisk berekraft
- høg kvalitet og tilgjengelegheit i forskning og høgare utdanning

I tillegg til måla har regjeringa seks prioriterte område:

- hav og kyst
- helse
- klima, miljø og energi
- mogleggjerande og industrielle teknologiar
- samfunnstryggleik og beredskap
- tillit og fellesskap

I langtidsplanen lanserte regjeringa samfunnsoppdrag som eit nytt verkemiddel for å finne løysingar på komplekse samfunnsutfordringar. Det er no i gang eit arbeid med å utforme nærare og foreslå tidfesta mål og delmål for dei to nasjonale samfunnsoppdraga: berekraftig fôr og inkludering av fleire barn og unge i utdanning og arbeids- og samfunnsliv. Regjeringa tek sikte på å avgjere ambisjonane for begge samfunnsoppdraga i første halvdel av 2024. Regjeringa vil i tillegg greie ut eit samfunnsoppdrag om sirkulær økonomi, jf. fleirtalsmerknad til Innst. 170 S (2022–2023). Sjå ytterlegare omtale av dette i Prop. 1 S (2023–2024) for Klima- og miljødepartementet. Sjå nærare omtale av langtidsplanen i del III, kap. 5.

Ny universitets- og høgskulelov

Departementet har følgd opp universitets- og høgskuleutvalet, jf. NOU 2020: 3 *Ny lov om universite-*

ter og høyskoler, med ein heilskapleg gjennomgang av lova, som blei lagd fram for Stortinget sommaren 2023, jf. Prop. 126 L (2022–2023). I arbeidet har departementet òg vurdert lovendringsforslaga frå NOU 2022: 2 *Akademisk yringsfrihet*. Målet er ei ny universitets- og høgskulelov som er oppdatert, tydelegare og betre tilpassa særlege utfordringar i universitets- og høgskulesektoren. Det blir mellom anna foreslått å klargjere ansvaret til institusjonane for å verne dei som utøver den akademiske fridommen, å stramme inn reglane om mellombelse tilsetjingar, å modifisere kravet om to sensorar ved eksamen, å slå fast at nedlegging av studiestadar skal vere ei politisk avgjerd, og reglar som skal styrke norsk og samisk fagspråk.

Kunnskapsdepartementet tok i januar 2023 imot ein rapport frå ei ekspertgruppe som har vurdert dei gjeldande akkrediteringskrava for universitet. Rapporten, *Kvalitets- og akkrediteringskrav for norske universiteter*, har vore på høyring våren 2023. Han blir vidare følgd opp med eventuelle endringar i relevante lover og forskrifter.

Endra finansieringssystem for universiteta og høgskulane

Regjeringa la i utsynsmeldinga fram eit forenkla finansieringssystem for universiteta og høgskulane, jf. Innst. 472 (2022–2023) og Meld. St. 14 (2022–2023) *Utsyn over kompetansebehovet i Norge*. Endringane gir institusjonane meir tillit, handlingsrom og ansvar for å prioritere og dimensjonere innanfor rammeløyvinga for å nå sektormåla og verksemdsmåla. Dei tydeleggjer òg at det ikkje er det resultatbaserte finansieringssystemet som er hovudverktøyet regjeringa og Stortinget har for å signalisere mål og prioriteringar for forskning og høgare utdanning.

Hovuddelen av løyvinga til universiteta og høgskulane er rammeløyvinga tildelt direkte frå Kunnskapsdepartementet. Frå og med 2025 vil det berre vere gjennomførte studiepoeng, ein ny indikator for fullføring av studieprogram og doktorgradsindikatoren som får regelstyrt utteljing. Fastsetjing av rammeløyvinga må sjåast i samanheng med andre finansieringskjelder. Ein betydeleg del av forskingsfinansieringa skjer gjennom andre kanalar, som Noregs forskingsråd og EUs rammeprogram for forskning og innovasjon, basert på fagfellelvurderingar av forskingsresultat. Sjå nærare omtale av endringane i del III, kap. 11.

Ny forskrift om eigenbetaling

Ein viktig del av samfunnsoppdraget til utdanningsinstitusjonane er å bidra til at studentane og arbeidslivet nasjonalt og regionalt får den kompetansen dei treng. Ein føresetnad for dette er at det finst både grunnutdanningar og vidareutdanningar som er tilgjengelege og fleksible, at folk kan ta utdanning der dei bur, og at det er mogleg å få påfyll av kompetanse gjennom heile livet. Endringane i finansieringssystemet bidreg til det ved at det ikkje vil vere skilje mellom gradsutdanning og vidareutdanning i satsane for studieplassar og studiepoeng. I tillegg har Kunnskapsdepartementet fastsett endringar i eigenbetalingsforskrifta frå og med 2024, med ein overgangsperiode til 2025. Universiteta og høgskulane kan bruke innhald frå ordinære utdanningstilbod når dei utviklar studiepoenggivande tilbod for dei med arbeidserfaring, og dei kan tilby heile gradar mot betaling. Ein føresetnad er at tilboda er tilpassa yrkesaktive med minst to års arbeidserfaring.

Studieavgift for studentar utanfrå EØS og Sveits

I statsbudsjettet for 2023 foreslo regjeringa at studentar frå land utanfor EØS og Sveits frå hausten 2023 skal betale minst kostnadsdekkande studieavgift ved statlege universitet og høgskular og private høgskular med statstilskot. Stortinget har vedteke endringane i universitets- og høgskulelova, jf. Innst. 378 L (2022–2023) og Prop. 68 L (2022–2023). Det skal ikkje krevjast studieavgift frå: utanlandske borgarar som etter internasjonale avtalar har rett til likebehandling med norske statsborgarar; utanlandske borgarar som på grunn av tilknytning til Noreg har rett til lån og stipend til utdanning i Noreg; doktorgradskandidatar; utvekslingsstudentar på avtalar mellom norske og utanlandske universitet og høgskular når det ikkje ligg til grunn eigenbetaling. Departementet har vidare fastsett forskrift om fleire unntak frå studieavgifta, mellom anna for studentar som er omfatta av eit nasjonalt finansiert samarbeidsprogram retta mot det globale sør, for studentar som deltek på studieprogram som institusjonen tilbyr i samarbeid med institusjonar i utlandet (fellesgrad), og for urfolk ved Samisk høgskole. Private høgskular som mottok statstilskot, kan ikkje bruke statstilskotet til å dekke driftskostnader ved utdanning for studentar frå land utanfor EØS og Sveits som skal betale studieavgift.

Som varsla i Prop. 68 L (2022–2023), gav departementet våren 2023 Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) i oppdrag å greie ut moglege stipendordningar for internasio-

nale studentar frå land utanfor EØS og Sveits. Som ein del av utgreiinga har HK-dir kartlagt erfaringar frå Danmark, Sverige og Finland, der ulike stipendordningar blei innførte parallelt med innføringa av studieavgift i høvesvis 2006, 2011 og 2017. I utgreiinga viser HK-dir til erfaringar frå Sverige, der stipendprogram innretta mot rekrutteringa av studentar frå utviklingsland har vist seg å vere eit effektivt verkemiddel. Regjeringa vil med verknad frå studieåret 2024–25 etablere ei ny målretta stipendordning for internasjonale studentar frå utviklingsland (ODA-mottakarland). Ordninga vil bli administrert av HK-dir. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2023–2024) for Utanriksdepartementet.

Gjennomgang av forskningssystemet

I langtidsplanen for forskning og høgare utdanning varsla regjeringa at ho vil legge fram ei stortingsmelding i 2025 om forskningssystemet. Forskingssystemet omfattar dei aktørane som driv, påverkar og brukar forskning, og relasjonane mellom dei. Fleire store trendar og utviklingstrekk påverkar forskningssystemet. Døme på slike kan vere endra føresetnader som følge av tryggleikspolitiske omsyn, digital og grøn omstilling, og mindre rom for vekst i forskingsløyvingane. Utviklinga krev nytenking om politikken for både langsiktig grunnforskning og for den anvendte forskinga slik at vi kan møte utfordringane på ein kunnskapsbasert måte. Meldinga vil sjå på heile systemet, samanhengen mellom nivåa og korleis systemet samla bidreg til å nå måla i langtidsplanen.

Arbeid med endra regelverk for opptak til høgare utdanning

I desember 2022 tok Kunnskapsdepartementet imot ei offentleg utgreiing frå opptaksutvalet, jf. NOU 2022: 17 *Veier inn – ny modell for opptak til universiteter og høyskoler*. Utvalet gjekk gjennom regelverket for opptak til høgare utdanning og foreslo i rapporten ein ny modell for opptak til høgare utdanning. Kunnskapsdepartementet vurderer no forslaga til ny modell. Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget med forslag til nytt opptakssystem våren 2024.

Norsk fagspråk

Dei siste åra har stadig meir undervisning og forskning ved universitet og høgskular vore på engelsk. Regjeringa vil at norsk skal vere eit fullverdig og samfunnsberande språk i Noreg. I *Frå*

ord til handling – handlingsplan for norsk fagspråk i academia legg regjeringa fram konkrete grep for å trygge og styrke norsk fagspråk for framtida. Tiltaka omfattar mellom anna føringar for norsk fagspråk i undervisning og læring, styrking av norskkompetansen til undervisarane og meir innsats for forskning og formidling på norsk.

Utdanning i tråd med samfunnsbehova

God tilgang til høgare utdanning er avgjerande for at den einkilde og samfunnet skal oppnå kompetansen som trengst for å løyse oppgåvene samfunnet står overfor. Arbeidsløysa er låg i dag. Framskrivningane viser at ein mindre del av befolkninga framover vil vere i arbeidsfør alder, og det kan bli vanskelegare å rekruttere arbeidskraft frå utlandet. Det blir derfor endå viktigare framover at universiteta, høgskulane, fagskulane og institusjonar i vidaregåande opplæring prioriterer utdanningstilbod som best mogleg samsvarar med behova i samfunnet. I utsynsmeldinga peikar regjeringa på kompetanse som er nødvendig for eit høgproduktivt og konkurransedyktig næringsliv, kompetanse som er nødvendig for å gjennomføre det grøne skiftet, og kompetanse som er nødvendig for å ha gode velferdstenester i heile landet.

Fleksibelt og desentralisert tilbod gjer utdanning tilgjengeleg for fleire

Regjeringa vil at studietilbod skal bli endå meir tilgjengeleg for folk i heile landet som av ulike årsaker ikkje kan studere ved ein av dei faste studiestadane til fagskular, universitet og høgskular. Meir tilgjengeleg utdanning i distrikta medverkar til å mobilisere verksemder og innbyggjarar lokalt til å prioritere meir utdanning. Å gjere utdanning tilgjengeleg for fleire er ein sentral del av samfunnsoppdraget til institusjonane.

Regjeringa foreslår å auke rammeløyvinga til universitet og høgskular med 200 mill. kroner for å gjere utdanning tilgjengeleg for fleire gjennom å styrke det desentraliserte og fleksible tilbodet. Midlane blir fordelte til institusjonane dels ut frå kor tilgjengelege dei faste campusane er i regionar med dårlegare tilgang til høgare utdanning, og dels ut frå omfanget av fleksibel og desentralisert undervisning utanfor dei faste campusane. Fordelinga styrker fleircampusinstitusjonane som blei slått saman i strukturreforma, og gjer det mogleg å halde oppe og vidareutvikle studiestadar som spelar ei viktig rolle for samfunnsutviklinga i regionane.

Regjeringa vil vidareføre 50 mill. kroner til tilskotsordninga for studiesentera gjennom den søknadsbaserte ordninga i Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse. Regjeringa vil vurdere korleis ordninga skal forvaltast framover, jf. Meld. St. 27 (2022–2023) *Eit godt liv i heile Noreg – distriktpolitikk for framtida*.

Profesjonsutdanningar som gir relevant og oppdatert kompetanse

Tilstrekkeleg kapasitet og kvalitet i profesjonsutdanningane er nødvendig for å bemanne sentrale samfunnstenester til innbyggjarane og for at dei held høg kvalitet. Regjeringa vil legge fram ei stortingsmelding om profesjonsutdanningane i 2024. Meldinga skal innehalde tiltak som bidreg til at samfunnet har god tilgang på kompetent arbeidskraft, at profesjonsutdanningane gir relevant og oppdatert kompetanse, og at utdanningane rekrutterer frå heile befolkninga.

Regjeringa foreslår ytterlegare 60 nye studie-plassar i medisin frå 2024, i tillegg den allereie styrkte årlege kapasiteten på til saman 125 medisin-plassar frå perioden 2020–23. Vidare foreslår regjeringa 20 studie-plassar til etablering av fysioterapiutdanning ved Høgskolen i Innlandet i Elverum og 20 studie-plassar i vernepleie ved Høgskolen i Innlandet på Kongsvinger.

Det er framleis behov for fleire sjukepleiarar og spsjalsjukepleiarar. Mangel på praksisplassar er ei utfordring både for sjukepleiarutdanningane og for andre profesjonsutdanningar. Regjeringa arbeider for meir kapasitet og høgare kvalitet i praksis for helse- og sosialfagstudentar gjennom oppfølging av den bilaterale samarbeidsavtalen med KS. Regjeringa vil også halde fram satsinga på bu- og reise-stønad til studentane og andre tiltak som støttar opp under kvalitet og kapasitet i praksis i kommunar langt frå campus.

Regjeringa har sett i gang eit arbeid med å redusere rammeplanstyringa av lærarutdanningane. Departementet har forenkla dei elleve rammeplanane etter anbefaling frå eit rammeplanutval og Universitets- og høgskolerådet. Regjeringa har nedsett ei ekspertgruppe om styring av lærarutdanningane. Eit av måla er at kvalitetsutviklingsarbeidet i lærarutdanningane gjer det mogleg å redusere rammeplanstyring til eit minimum.

Det er framleis behov for å auke kvaliteten i barnehagelærarutdanninga og for å rekruttere fleire kvalifiserte søkarar til lærarutdanningane. Regjeringa vidarefører derfor løyvingane til desse tiltaka, og til partnerskapssamarbeid mellom lærarutdanningsinstitusjonar og skule- og barne-

hageeigarar. Regjeringa har ei brei tilnærming for å rekruttere fleire til læraryrket. Ein viktig del av dette er at fleire søker seg til, og fullfører ei av lærarutdanningane. Oppfølginga av Stortingets vedtak nr. 690, 25. mai 2023 om å lage ein strategi for auka rekruttering av lærarar vil være sentralt i dette arbeidet.

Samisk språk, kultur og samfunnsliv er viktig for kompetanse og rekruttering i barnhage, grunnsopplæring og høgare utdanning

Dei samiske språka er truga, og Noreg har forplikta seg internasjonalt til å beskytte dei. Samiske barn har rett til opplæring i samisk språk og kultur, men i Noreg er ikkje krava innfridde. Dei samiske studietilboda ved Nord universitet, Samisk høgskole og Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet er ikkje fullt utbygde på alle dei tre samiske språka sør-, lule- og nordsamisk.

I Meld. St. 13 (2022–2023) *Samisk språk, kultur og samfunnsliv – Kompetanse og rekruttering i barnehage, grunnsopplæring og høgere utdanning* legg regjeringa vekt på at fleire må kvalifiserast for studiar. Dei samiske fagmiljøa må styrkast, og lærarutdanningstilbodet må byggast ut og bli meir tilgjengeleg og attraktivt. Regjeringa vil derfor støtte tiltak som senter for samisk leksikografi, styrke fagmiljøa i sør- og lulesamisk og støtte fleksible nordsamiske språk- og lærarutdanningar med eit nasjonalt nedslagsfelt.

Digitale teknologiar og infrastrukturar

Nødvendig digital omstilling i universitets- og høgskulesektoren

Digital omstilling i undervisning, forskning og innovasjon blir avgjerande for universiteta og høgskulane når dei skal møte regionale kompetansebehov og bidra til å skape eit innovativt næringsliv i heile landet. Den nasjonale strategien for digital omstilling i universitets- og høgskulesektoren 2021–2025 skal bidra til å gi fleire tilgang til utdanning uavhengig av bustad og livssituasjon. Han skal òg bidra til undervisningskvalitet og studentaktive læringsformer, studietilbod med nødvendig yrkestilpassa digital kompetanse, open forskning og deling av data og andre digitale ressursar. Universiteta og høgskulane er i gang med å følge opp digitaliseringsstrategien. Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) har i samarbeid med institusjonane utarbeidd ein handlingsplan for perioden 2023–25 for å følge opp strate-

gien, og arbeider med ein årleg tilstandsrapport for digital omstilling i sektoren.

Meir kapasitet, kunnskap og kompetanse i kunstig intelligens

I september 2023 lanserte regjeringa ei forskings- og innovasjonssatsing på framtidens databehandling – kunstig intelligens (KI), digital tryggleik og samfunnskonskvensar av teknologiutviklinga. Dei fleste samfunnsområda blir påverka av endringar som følge av utviklinga av KI. For å møte utviklinga må Noreg ha nok kapasitet, kunnskap og kompetanse for å få auge på konskvensar og moglegheiter av dette digitale teknologiskiftet. Regjeringa har gitt Forskringsrådet i oppdrag å konkretisere satsinga, som vil vere på minst 1 mrd. kroner over ein femårsperiode.

Nye verktøy baserte på kunstig intelligens, som ChatGPT, kan få stor betydning mellom anna for læring og vurdering. Det er høg aktivitet hos universitet og høgskular for å samle kunnskap, dele og diskutere denne teknologien. I arbeidet med å følge opp strategi og handlingsplan for digital omstilling i høgare utdanning og forskning vil HK-dir mellom anna følge med på korleis undervisnings- og vurderingsformer endrar seg når kunstig intelligens blir meir utbreidd.

Styrking av digitale infrastrukturar for forskning, høgare utdanning og opptak

Det er behov for å forbetre forskingsinfrastrukturen ved å oppgradere det nasjonale forskingsnettet, som vil sikre at Noreg har ei nasjonal nettilkopling med høg kapasitet og tryggleik til det internasjonale forskarfellesskapet. Forskringsnettet gjer det mogleg å drive relevant forskning, overføre store datamengder og bruke superdatamaskinar. Regjeringa prioriterer derfor denne oppgraderinga.

Samstundes vil regjeringa styrke infrastrukturen for samfunnsøkonomiske data og helsedata ved å sikre at microdata.no blir vidareutvikla med meir data og fleire variablar for å støtte bruk av registerdata hos små og store aktørar i heile landet.

Samordna opptak står for gjennomføringa av opptaket til høgare utdanning, som i 2023 gjeld over 135 000 søkarar. Dei digitale systema for å behandle søknader blei utvikla på 1990-talet og tidleg på 2000-talet. Systema er i dag utdaterte, har stor driftsrisiko, er lite brukarvennlege og oppfyller ikkje lovkrav til datasystem. I 2023 blei det starta eit arbeid med å utvikle eit nytt IT-sys-

tem for Samordna opptak. Målet med prosjektet er å utvikle eit sikkert, påliteleg og framtidretta system, slik at opptaket til høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning kan gjennomførast også i komande år. Planane legg til grunn at bruksområdet for systema kan bli utvida til å omfatte opptak til fleire typar utdanning i framtida. Kunnskapssektorens tenesteleverandør – Sikt og HK-dir vil halde fram arbeidet i 2024.

Innovasjon – Strategi for at forskning og utviklingsarbeid i næringslivet skal utgjere to pst. av BNP innan 2030

Evna til å utvikle og ta i bruk ny kunnskap er blant dei viktigaste konkurransefaktorane for norsk næringsliv. Kunnskap er avgjerande for å bidra til ei berekraftig omstilling i eksisterande næringar og som eit grunnlag for etablering av nye næringar. Næringslivet står i dag for ein stor del av Noregs samla innsats innanfor forskning og utviklingsarbeid (FoU), og det har vore ei positiv utvikling i FoU-investeringane i næringslivet dei seinare åra. Samstundes investerer norsk næringsliv framleis noko mindre i FoU enn gjennomsnittet for OECD-landa.

Frå 2020 til 2021 gjekk den samla FoU-delen av BNP ned frå 2,24 til 1,94 pst. Nedgangen i andelen av BNP kjem av at BNP auka langt kraftigare enn FoU-kostnadene.

Gitt betydninga av FoU for Noregs framtidige omstillings- og verdiskapingsevne er det ikkje godt nok at Noreg presterer middels på FoU-investeringane i næringslivet. Regjeringa vil våren 2024 legge fram ein strategi for å følge opp målet i Hurdalsplattforma om at forskning og utvikling i næringslivet skal utgjere to pst. av BNP innan 2030.

Internasjonalt samarbeid og utveksling

Noreg treng å ta del i internasjonalt samarbeid for forskning og utdanning

Noreg er avhengig av internasjonalt samarbeid og dialog på tvers av landegrensene for å handtere dei store samfunnsutfordringane. Noregs deltaking i EUs rammeprogram for forskning og innovasjon (Horisont Europa) og EUs program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett (Erasmus+), saman med ei brei og god involvering i dei europeiske områda for utdanning (EEA) og forskning (ERA), gjer det mogleg å utvikle og samarbeide om utdanning, forskning og innovasjon med andre land. Gjennom *Nasjonal handlingsplan for Det europeiske forskningsområdet 2022–2024* bidreg Noreg til å følge opp felles europeisk poli-

tikk for å styrke europeisk forskning og innovasjon og auke samarbeidet om store samfunnsutfordringar, som grønt og digitalt skifte.

Samarbeid med leiande internasjonale kunnskapsmiljø bidreg til å auke kvaliteten i norske fagmiljø, og regjeringa er oppteken av eit sterkt utdannings- og forskingssamarbeid med strategisk viktige land utanfor EU/EØS. Gjennom oppfølging av *Panorama – strategi for høgere utdannings- og forskingssamarbeid med Brasil, Canada, India, Japan, Sør-Korea, Kina, Sør-Afrika og USA (2021–2027)* bidreg utdannings- og forskingsmiljøa til etablering, bygging og vidareutvikling av strategiske partnerskapar av framifrå kvalitet. Partnerskapsprogramma UTFORSK og INTPART er sentrale verkemiddel som bidreg til å auke utdannings- og forskingssamarbeidet med dei prioriterte landa.

Ansvarleg internasjonalt samarbeid

Regjeringa er oppteken av å få til ein god balanse mellom ein open og internasjonalt orientert høgare utdannings- og forskingssektor og behovet for auka varsemnd, slik at norsk kunnskap og teknologi ikkje blir misbrukt i strid med dei tryggleiks- og forsvarspolitiske interessene våre. Bakteppet er den geopolitiske utviklinga, som også påverkar rammevilkåra for internasjonalt kunnskapsamarbeid.

For å bidra til meir kunnskap og medvit om ansvarleg internasjonalt samarbeid har Kunnskapsdepartementet etablert Rundebord for akademisk samarbeid med Kina som ein fast møteplass for informasjonsutveksling mellom styresmaktene og norske høgare utdannings- og forskingsinstitusjonar. I tillegg har Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse og Noregs forskingsråd i 2023 på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet lagt fram nasjonale retningslinjer for ansvarleg internasjonalt samarbeid som ein digital ressurs. Retningslinjene skal vere eit praktisk verktøy som rustar institusjonane til å gjere gode vurderingar av konkrete samarbeid, slik at nasjonale interesser blir sikra.

Utanriksdepartementet arbeider med endringar i eksportkontrollregelverket, mellom anna med innføring av ei ny lisensordning knytt til kunnskapsoverføring. Regjeringa har òg vedteke å opprette ein eigen etat for å styrke arbeidet med gjennomføring av sanksjonar og eksportkontroll. Dette vil få praktiske konsekvensar for høgare utdannings- og forskingssektoren, og Kunnskapsdepartementet følger opp prosessane i tett dialog med sektoren. Det er viktig for Kunnskapsdepartementet at regelverket blir følgt, og samstundes at den

nye lisensordninga ikkje skaper unødige hinder for sektoren og det internasjonale samarbeidet.

Styrkt arbeid med tryggleik og beredskap i høgare utdannings- og forskingssektoren

Dei norske tryggleiks- og etterretningstenestene har dei seinaste åra peika konkret på kunnskapssektoren som eit attraktivt mål for etterretningsverksemda til framande statar, mellom anna som følge av tilgang til avansert forskingsinfrastruktur. Regjeringa held fram med å styrke arbeidet med tryggleik og beredskap i sektoren gjennom fleire tiltak.

Departementet inviterte underliggende verksemder til eit sektormøte om tryggleik i november 2022 saman med etterretnings- og tryggingstenestene. Slike møte skal arrangerast ved behov dei komande åra og skal styrke kunnskapen i sektoren om tryggingstruslar og tiltak.

Kunnskapsdepartementet har utnemnt eit råd for samfunnstryggleik og beredskap i kunnskapssektoren. Beredskapsrådet medverkar til samordna praksis og erfaringsutveksling i sektoren. I 2022 publiserte dei mellom anna ein rettleiar for analysar av risiko og sårbarheit for kunnskapssektoren.

Det er viktig at den einskilde har høg kompetanse om korleis ein bør handtere uønskete hendingar. Sikresiden.no gir om lag 400 000 studentar og tilsette og 33 verksemder i universitets- og høgskulesektoren brukarvennleg informasjon og opplæring på feltet. Dei siste åra har sikresiden.no mellom anna utvikla ein ressurs med rettleiing og e-læring om korleis ein kan trygge informasjonsverdiar og førebygge spionasje retta mot høgare utdanning og forskning.

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse har ansvaret for den løpande sektorstyringa av informasjonstryggleik og personvern i høgare utdanning og forskning. Direktoratet kartlegg og vurderer tilstand og risiko i høgare utdannings- og forskingssektoren og følger opp med tiltak for å redusere risikoen. I 2022 viste kartlegginga for første gong at talet på brot på informasjonstryggleiken og personvernet gjekk ned.

Sjå programkategori 07.10 for omtale av departementet sitt arbeid med tryggleik og beredskap i alle sektorane under Kunnskapsdepartementet.

Bygg for undervisning og forskning som legg best mogleg til rette for høg kvalitet

Bygg i universitets- og høgskulesektoren skal legge til rette for forskning og utdanning av høg kvalitet. Sektoren disponerer rundt 3,6 mill. kvadratmeter og representerer med dette den største

byggporteføljen i statleg sivil sektor. Om lag 2,7 mill. kvadratmeter er statleg eigd, og nokre institusjonar leiger i den private marknaden. Statlege byggeprosjekt blir finansierte etter ulike modellar. I ordinære byggeprosjekt løyver Stortinget midlar til investeringa særskilt over budsjettet til Kommunal- og distriktsdepartementet. I brukarfinansierte byggeprosjekt i statens husleigeordning blir investeringa dekt av leigetakaren gjennom auka husleige og innanfor uendra rammeløyving for institusjonen. Statsbygg er byggherre for desse prosjekta. I tillegg kan institusjonane gjennomføre prosjekt i eigen regi innanfor uendra rammeløyving.

Det har vore store investeringar i bygg for universitets- og høgskulesektoren i dei siste åra. I 2024 vil regjeringa halde fram arbeidet med å bygge Livsvitskapsbygget, Vikingtidsmuseet og Blått bygg og foreslår å starte bygging av NTNU Campussamling. Sjå òg omtale i Prop. 1 S (2023–2024) for Kommunal- og distriktsdepartementet.

Realisering av prosjektet Norsk havteknologiser i Trondheim vil òg påverke verksemda til NTNU. Sjå omtale i Prop. 1 S (2023–2024) for Nærings- og fiskeridepartementet og Prop. 1 S (2023–2024) for Kommunal- og distriktsdepartementet.

Vedlegg 3 gir ei oversikt over prosjekt under bygging i sektoren.

Regjeringa greier ut alternativ for betre insentiv i vurderinga og gjennomføringa av nye bygg ved universiteta som forvaltar bygg gjennom kapitalbelastning, og vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Regjeringa greier òg ut alternativ til den nove-rande modellen for statlege byggeprosjekt i statleg sivil sektor for prosjekt i universitets- og høgskulesektoren.

Tiltak som bidreg til fleire studentbustadar

Regjeringa har høge ambisjonar om å bygge nye studentbustadar og foreslår tilsegn om tilskot til 1 650 nye hybeleiningar i 2024. Regjeringa har som mål at det blir bygd 3 000 nye studentbustadar årleg. I 2023 gjennomførte regjeringa tiltak som skal sikre at fleire studentbustadar blir bygde, etter nokre år med låge søkartal. Kostnadsramma per hybeleining auka til 1 450 000 kroner, og prosjekt som er ferdige innan fire år etter tilsegna om tilskot, kan nytte den prisjusterte ramma som gjeld når bygget står ferdig. Tiltaka har resultert i fleire søknader frå samskipnadene.

Kap. 260 Universitet og høgsular

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
50	Statlege universitet og høgsular, <i>kan nyttast under post 70</i>	39 565 542	40 600 307	43 086 156
70	Private høgsular, <i>kan nyttast under post 50</i>	2 088 032	2 201 455	2 312 516
	Sum kap. 260	41 653 574	42 801 762	45 398 672

Post 50 Statlege universitet og høgsular, kan nyttast under post 70, og post 70 Private høgsular, kan nyttast under post 50

Mål for 2024

Følgande overordna mål gjeld frå 2023 for universitet og høgsular som får løyving frå Kunnskapsdepartementet over kap. 260:

- Høg kvalitet i utdanning og forskning
- Berekraftig samfunnsutvikling, velferd og innovasjon
- God tilgang til utdanning, forskning og kompetanse i heile landet

Måla er fastsette for å reflektere dei aktuelle politiske hovudprioriteringane for universitet og høgsular og etter innspel frå sektoren. Måla er òg sette i samanheng med måla i langtidsplanen for forskning og høgare utdanning, som gjeld uavhengig av sektor.

Departementet har utviklingsavtalar med kvart av dei statlege universiteta og kvar av dei statlege høgskulane, og det blei i 2022 fastsett nye utviklingsavtalar for perioden 2023–26. Avtalane har differensierte mål og styringsparametrar som omfattar strategiske prioriteringar som den ein-skilde institusjonen har for å bidra til å nå dei nasjonale sektormåla. Avtalane inngår i tildelingsbrev til institusjonane.

Departementet har ikkje utviklingsavtalar med dei private høgskulane, men følger opp mål og resultat som del av tilskotsforvaltninga.

Resultat i 2022

God tilgang til utdanning

Studenttalet stabiliserer seg etter pandemien

Hausten 2022 var det om lag 295 000 registrerte studentar ved norske universitet og høgsular med finansiering frå Kunnskapsdepartementet.

Det er ein reduksjon på 9 000 samanlikna med året før, men høgare enn talet på 279 000 registrerte studentar i 2019, før covid-19-pandemien. Om lag 17 pst. av studentane var registrerte på private høgsular. Omrekna til heiltidsekvivalentar var studenttalet 258 000 i 2022, samanlikna med 264 000 i 2021.

Tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB) viser at det var om lag 13 000 norske studentar ved universitet og høgsular i utlandet i 2022, og det er ein liten reduksjon frå 2021. Dette talet har gått ned kvart år sidan 2014, då det var rundt 17 000.

Høgare utdanning bidreg til sosial utjamning

I aldersgruppa 19–24 år var 37 pst. studentar i Noreg eller i utlandet i 2022, og det har vore ein auke frå 2008, då delen var om lag 30 pst. Dei som har minst éin forelder med lang høgare utdanning (meir enn fire år), er i større grad studentar sjølve. Dess høgare utdanning foreldra har, dess høgare er prosentdelen studentar. Sidan 2008 er det likevel størst auke blant dei som har foreldre utan høgare utdanning. For dei som har foreldre med høgare utdanning, er prosentdelen studentar relativt stabil, medan delen har auka med 9 prosenteningar for dei med foreldre med vidaregåande utdanning og 10 prosenteningar for dei med foreldre med grunnskuleutdanning.

Meir fleksible og desentraliserte tilbod

I 2022 var nesten 10 pst. av alle studentane registrerte på tilbod med nettbasert eller desentralisert undervisning. Før 2014 var det fleire studentar på desentraliserte tilbod enn på nettbaserte, men frå og med det året vaks talet på nettstudentar forbi talet på studentar på desentraliserte tilbod. Trenden med at desentralisert undervisning går tilbake medan det nettbaserte aukar, heldt fram i 2022.

I 2022 lyste HK-dir ut 184 mill. kroner til fleksibel og desentralisert utdanning som utdanningsinstitusjonane og studiesentera kunne søke på. 150 mill. kroner blei tildelt fagskular, høyskular og universitet til arbeid med fleksibel utdanning, og 34 mill. kroner gjekk til studiesenter. Utdanningstilboda er spreidde over heile landet der det er lokalt, regionalt og nasjonalt behov, slik som profesjonsutdanningar, teknologi, digitalisering og grønt skifte.

Høg kvalitet i utdanning og forskning

Gode utdannings- og forskingsmiljø

Kvaliteten i forskning og utdanning er avhengig av at fagmiljøa skaffar fram ny kunnskap og får studentane til å lære, og av korleis denne kunnskapen bidreg til samfunnsutviklinga. Kunnskap gir nytte for samfunnet over svært lang tid, men dette lèt seg ikkje talfeste direkte. Kvaliteten kan derfor ikkje avgjerast kvantitativt eller på kort sikt. Kvantitative rapportar kan likevel gi relevant informasjon om kvalitetsutviklinga, sjølv om dei ikkje gir eit heilskapleg bilete.

Talet på studiepoeng stabiliserer seg etter pandemien

Under covid-19-pandemien var det fleire enn nokon gong som søkte seg til høgare utdanning, på grunn av arbeidsløysa. Av statistikken ser det ut til at aktiviteten i universitets- og høyskulesektoren er i ferd med å stabilisere seg på same nivå som før pandemien. I 2022 tok kvar student i gjennomsnitt færre studiepoeng enn i 2020 og 2021. Men studentane tek fleire studiepoeng enn i 2019, 46,7 samanlikna med 46,1, og nivået i 2022 er høgare enn det har vore i gjennomsnitt dei siste ti åra.

Fleire i relevant arbeid etter utdanning

Over tid har strykprosenten gått ned i høgare utdanning. Under pandemien var han særleg låg. I 2022 er strykprosenten på 7,1 pst., tilbake på same nivå som i 2019. På bachelorgradsnivå har fullføringsgraden for kull som etter normert tid skulle fullføre bachelor i 2022, gått opp med nærare 2 prosenteningar samanlikna med kulla som starta året før. På masterutdanningar har det derimot vore ein svak nedgang på same indikator. NIFU gjennomfører kandidatundersøkingar annakvart år. Undersøkinga frå 2021 viser at delen av mastergradskandidatar som var arbeidsledige eller undersysselsette eller hadde ein jobb som samsvarte dårleg med utdanninga, var den lågast

observerte dei siste ti åra. I ein stram arbeidsmarknad er det liten grunn til å tru at denne delen var vesentleg høgare i 2022.

Noko mindre nøgde studentar

Sjølv om restriksjonane i samfunnet blei avvikla og universiteta og høyskulane kunne drive ordnært i starten av 2022, viser Studiebarometeret at studentane har blitt noko mindre nøgde med studia samanlikna med dei to føregåande åra. På ein skala frå 1 til 5 har gjennomsnittet gått frå 4,0 til 3,8 på spørsmålet om studentane er einige i påstanden om at dei alt i alt er nøgde med studieprogrammet sitt. NOKUT peikar på at det kan kome av at studentane hadde høge forventningar til programma etter pandemien, og at desse ikkje blei fullstendig innfridde. Dei meiner òg det kan kome av at den økonomiske situasjonen generelt har negativt innverknad på kor nøgde studentane er. NOKUT peikar også på at endringar i spørjeskjemaet kan vere med på å forklare noko av endringane. Sjølv om den samla vurderinga av studia har gått ned, er studentane litt meir nøgde no enn dei var i 2021 med den faglege rettleiinga og tilbakemeldinga frå dei tilsette.

Gjennomførte doktorgradar og kvalitet i forskning

For sektoren samla var det ein liten nedgang samanlikna med 2021 i gjennomføringsgrad i doktorgradsutdanninga, men tala har vore relativt stabile over tid. I 2022 blei det avlagt 1 562 doktorgradar, 39 færre enn i 2021. Innanfor eit etterspurt område, IKT, blei det registrert fleire doktorgradsavtalar i 2022 enn det er gjort kvart år sidan 2013. I 2022 blei det registrert 776 avtalar.

Det er eit positivt teikn for kvaliteten på norsk forskning når mange forskarar får stipend frå Det europeiske forskingsrådet (ERC), som er ein finansieringsarena med høg konkurranse og vekt på framifrå vitskapleg kvalitet. I 2021 var det rekordmange (30) norske søknader som fekk tilslag, men i 2022 var talet (21) tilbake på nivået i åra før. Den største delen av innvilga prosjekt frå Noreg, finn vi blant dei som får *Consolidator Grant*, det vil seie dei med mellom sju og tolv års erfaring etter doktorgraden. Fagleg er det søkarar i humaniora og samfunnsfag som gjer det best, og dei siste fem åra har over halvparten av innvilga prosjekt frå Noreg høyrte til i desse faga. Det er langt over gjennomsnittet for heile ERC, der berre ein firedel av prosjekta dei siste fem åra høyrer til humaniora og samfunnsfag.

Deltaking i internasjonale samarbeid

Studentutveksling

Som følge av strenge internasjonale reisereglar blei studentutvekslinga om lag halvert i 2020. I takt med at covid-19-pandemien har sleppt taket, har utvekslingsgraden stige. *Tilstandsrapporten for høgare utdanning 2023* viser at om lag 10 200 internasjonale studentar reiste til Noreg i 2022, over 1 400 fleire enn i 2019. I 2022 var om lag 16 pst. av utvekslingsstudentane frå land utanfor EØS og Sveits. Rundt 7 600 norske studentar drog på utveksling til utlandet i 2022, mot om lag 8 500 før pandemien. I 2022 var det nær 14 000 internasjonale gradsstudentar i Noreg som ikkje var på utveksling. Dette er ein auke på 6 pst. sidan året før. Om lag 65 pst. av dei internasjonale gradsstudentane var i 2022 frå land utanfor EØS og Sveits, basert på kriteria i tilstandsrapporten. Dei siste ti åra har talet på internasjonale studentar som kjem til Noreg, stige med 18 pst.

Vitskapleg publisering

Stadig fleire vitskaplege publikasjonar av forskarar ved universitet og høgskular i Noreg blir publiserte i samarbeid med internasjonale forfattarar. Prosentdelen internasjonale sampublikasjonar var 59,5 pst. i 2022, og utviklinga held fram med jamn auke frå 51 pst. i 2016.

Rammeprogramma Horisont Europa og Erasmus+

Norske universitet og høgskular hadde rekordhøg deltaking i dei første åra av rammeprogrammet Horisont Europa. Dei siste tala viser at dei norske institusjonane har henta heim 122,5 mill. euro frå programmet sidan oppstart, og 19,5 pst. av søknadene blir innvilga (suksessrate). Institusjonane deltok på 3,9 pst. av alle søknadene på utlysingane så langt i rammeprogrammet, og på 4,7 pst. av prosjekta som blei innstilte til finansiering. Dei norske institusjonane var innstilte til å ta imot 1,1 pst. av den samla finansieringa i desse utlysingane. I norsk samanheng står universitet og høgskular som sektor for 25 pst. av den norske returdelen som blir henta heim frå EU.

Norske aktørar deltek også aktivt i dei sentraliserte tiltaka under Erasmus+. UH-sektoren står for hovudvekta av den norske deltakinga. Noreg deltek mellom anna sterkt i det nye tiltaket «Europeiske lærarakademi» med åtte norske lærestarar. Akademia skal bygge nettverk mellom tilbydarar av lærarutdanning i Europa og bidra til å heve kvaliteten på lærarutdanningane og lærar-

profesjonen. Satsinga «Europeiske universitet» har fått stor betydning for norsk UH-sektor. Med deltaking i ti universitetsalliansar per 2023 har Noreg allereie nådd måltala i Erasmus+-strategien.

Bygg som er tilpassa undervisning og forskning

Dei norske studentane lét til å vere nøgde med studentfasilitetane. I Studentenes helse- og trivselundersøkelse (SHoT) frå 2022 svarte 48 pst. av studentane at dei var nøgde med det fysiske læringsmiljøet. Dei norske studentane lét òg til å vere meir nøgde med studentfasilitetane samanlikna med andre land i Eurostudent VII-undersøkinga, og 35 pst. av dei norske studentane er heilt nøgde med tilgangen til fasilitetar som bibliotek, lesesal og datamaskinar. Dei er også meir nøgde med støttetjenester enn gjennomsnittet i undersøkinga, men berre 12 pst. av dei norske studentane meiner at desse tenestene er fullstendig tilstrekkelege.

I 2022 blei samlokaliseringssjoktet Campus Ås ved NMBU avslutta, og det nye veterinærbygget er no teke i bruk av alle brukarar.

Vikingtidsmuseet

Det blei gitt startløyving til rehabilitering og utbygging av Vikingtidsmuseet i 2020. I starten av 2022 varsla Statsbygg at dei eksisterande planane for prosjektet ikkje kunne bli realiserte innanfor kostnadsramma, og det har vore nødvendig å gjere endringar i gjennomføringa av prosjektet, jf. omtale i Prop. 115 S (2021–2022). Frå sommaren 2022 har regjeringa arbeidd med eit nedskalert alternativ. Dette inneber at nokre av funksjonane som ikkje påverkar tryggleiken til samlinga, er tekne ut av prosjektet. Trass i eit redusert omfang blei kostnadsramma auka til 3,8 mrd. kroner (prisinivå per september 2022), jf. Innst. 117 S (2022–2023) og Prop. 21 S (2022–2023). Statsbygg har utført arbeid med mellombels sikring av skip og sledar, grunnarbeid er i gang, og det er inngått gjennomføringsavtale for nybygget.

Livsvitskapsbygget

Prosjektet Livsvitskapsbygget fekk startløyving i 2018, men blei endra hausten 2020 og våren 2021, då det blei vedteke at bygget også skulle omfatte lokale for Klinikk for laboratoriemedisin ved Oslo universitetssjukehus. For å legge til rette for samlokaliseringa og som følge av kostnadsaukar i prosjektet vedtok Stortinget å auke kostnadsramma

til 12 mrd. kroner i 2022 (prisenivå per 1. juli 2022), jf. Prop. 1 S (2021–2022). I 2022 var det press i arbeidsmarknaden og kraftig prisvekst mellom anna som følge av krigen i Ukraina. Regjeringa slutta seg til å gjennomføre prosjektet fram til bygget er tett og anlegget utandørs er ferdig, men ville ikkje inngå avtalar for innreiing før kostnadene kjem ned til eit akseptabelt nivå, jf. Prop. 115 S (2021–2022). Prosjektet har i 2022 jobba med å ta ned kostnadene for innreiing.

Blått bygg

I statsbudsjettet for 2022 blei det gitt startløyving til Blått bygg i Bodø for Nord universitet. Hovudbygget i prosjektet vil stå ferdig i 2024 og gi betre rammevilkår for havbruksmiljøet ved universitet. Deretter vil lokala til det helsefaglege miljøet bli rehabiliterte.

Campussamlingsprosjektet ved NTNU

I 2022 vedtok regjeringa å endre føresetnadene for campussamlingsprosjektet ved NTNU, som då var i forprosjektfase. Nokre delprosjekt som tidlegare var med i prosjektet, blei tekne ut, arealramma redusert og forventta investeringsramme om lag halvert.

Forskning og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

Innovasjon, verdiskaping og samspel med omverda

I *Studiebarometeret 2022* svarer om lag halvparten av studentane at dei i nokon eller stor grad får god informasjon om arbeidslivsrelevansen for utdanninga. Om lag fire av ti svarer det same på spørsmål om representantar frå arbeidslivet bidreg i undervisninga, og om lag ein av tre svarer det same på spørsmål om det er mogleg å jobbe med prosjekt i samarbeid med arbeidslivet. Samla er resultatata for spørsmåla om tilknytninga til arbeidslivet noko lågare enn i tidlegare år. I Eurostudent VII-undersøkinga svarte over halvparten at dei var godt eller svært godt førebudde på den nasjonale arbeidsmarknaden, og det er rundt gjennomsnittet blant landa i undersøkinga.

Open tilgang til forskning er høgt prioritert. Etter fleire år med kraftig vekst i prosentdelen artiklar som er ope tilgjengelege, ser det no ut til at denne delen er i ferd med å flate ut på rundt 80 pst.

Universiteta og høgskulane leverte 156 patentsøknader i 2022, som er 20 færre søknader

enn året før, medan inngåtte kontraktar for utlisensiering av oppfinningar har auka med 22.

Bidrags- og oppdragsinntektene som universiteta og høgskulane får inn utanom Forskringsrådet og EU, steig i 2022. Som del av dei totale driftsinntektene utgjorde inntekter frå bidrag og oppdrag 9 pst. i 2022, mot 7 pst. i 2021. Frå 2021 til 2022 auka inntektene per faglege årsverk med 20 pst., frå 164 500 til 197 500 kroner i gjennomsnitt.

Universitetsmusea

Fem universitet har eit særskilt ansvar for å ta hand om vitenskaplege samlingar og drive museum med publikumsutstillingar. Universitetsmusea hadde til saman 1,3 mill. besøkande i 2022, ein auke på over 8 pst. frå 2021. Skuleklassar og barnefamiliar er viktige målgrupper for formidlinga.

Forskning er grunnlag for utstillingar og formidlinga ved universitetsmusea. Den vitenskaplege publiseringa ved universitetsmusea har, som ved universiteta og høgskulane elles, gått ned frå 2021 til 2022, og ligg i gjennomsnitt på 1,3 publiseringspoeng per fagleg tilsett. Dette er noko høgare enn gjennomsnittet ved universiteta og høgskulane, som låg på 1,17 i 2022.

Universiteta har ansvar for å sikre og bevare samlingane for ettertida. Sikringa av magasinareala for dei verdifulle vitenskaplege samlingane er stort sett som tidlegare. Rapporteringa frå 2022 tyder på at den største utfordringa for dei fleste musea framleis er risikoen for vasskadar.

Lærarutdanningane og helse- og sosialfagutdanningane

I 2022 blei det uteksaminert om lag 6 850 kandidatar frå lærarutdanningane retta mot barnehage eller skule. Dette er ein auke på 24,1 pst. frå 2021, då det var ein forventta nedgang som følge av at det ikkje blei utdanna eit ordinært kull frå grunnskulelærarutdanninga det året. Samanlikna med gjennomsnittet for dei tre åra 2018, 2019 og 2020 er det i 2022 ein nedgang i talet på kandidatar frå lærarutdanningane på om lag 10 pst. Nedgangen har vore størst i praktisk-pedagogisk utdanning (PPU). Dette kjem i hovudsak av ein nedgang i opptaket etter at det blei innført nye opptakskrav i 2019. Det er også ein nedgang i uteksaminerte kandidatar frå grunnskulelærarutdanningane, men delen som har fullført på normert tid, er på eit høgare nivå for kulla som starta i 2016 og 2017, enn for tidlegare kull. I 2022 blei det tildelt 10 mill. kroner til nasjonale rekrutteringstiltak i grunn-

skulelærerutdanningane. Sjå omtale under kap. 226, post 22.

Frå helse- og sosialfaglege utdanningar blei det i 2022 uteksaminert 9 047 kandidatar på utdanningane som har kandidatmåltal. Det er ein auke frå 8 478 i 2021. Samstundes blei det utdanna 4 437 sjukepleiarar, som er om lag 200 fleire enn i 2021.

Effektiv, mangfaldig og solid høgare utdanningssektor og forskningssystem

I perioden 2013–22 har det blitt 45 500 fleire studentar i høgare utdanning (19,6 pst.), og samstundes har det blitt 10 100 fleire tilsette (30,6 pst.). Forholdstalet mellom faglege stillingar og administrative stillingar har auka frå 2,46 til 2,6. Det har dermed over tid vore ein større vekst i tilsette enn studentar ved dei høgare utdanningsinstitusjonane, og delen faglege årsverk har auka samanlikna med administrative årsverk.

Tabell 4.26 Indikatorar for aktiviteten ved universitet og høgskular, 2019–22

	60-studiepoengeiningar	Studentar	Publiseringspoeng	Totale årsverk	Faglege årsverk
2019	189 900	261 400	27 600	39 500	24 900
2020	201 100	273 200	29 300	40 400	25 300
2021	206 700	284 100	31 600	42 100	26 400
2022	202 200	278 200	29 500	43 100	27 100

Tala er avrunda til næraste hundre og gjeld institusjonar med tildeling frå Kunnskapsdepartementet. Talet for studentar er eigenfinansierte studentar i haustsemesteret. Faglege årsverk inkluderer fagleg-administrative leiarstillingar.

Kjelde: Database for statistikk om høgare utdanning

Effektiv drift og forvaltning av universitet og høgskular

Universitet og statlege høgskular hadde 53,3 mrd. kroner i driftsinntekter i 2022. Løyvinga over kap. 260, post 50 utgjorde 74,3 pst. av dette, med 39,6 mrd. kroner.

Avsetningar ved statlege universitet og høgskular

Universiteta og dei statlege høgskulane hadde samla avsetningar av løyvingar frå Kunnskapsdepartementet på 3,7 mrd. kroner ved utgangen av 2022. Av desse var 2,3 mrd. kroner avsetningar til investeringar (5,8 pst. av løyvinga frå Kunnskapsdepartementet) og 1,4 mrd. kroner avsetningar til andre formål (3,4 pst. av løyvinga frå Kunnskapsdepartementet). I tråd med regelverket for avsetningar er det ei øvre grense på 5 pst. av løyvinga frå Kunnskapsdepartementet for avsetningar til andre formål. Det er ikkje ei slik grense for avsetningar til investeringar, men institusjonane må dokumentere planlagde investeringar overfor departementet. Det var éin institusjon som hadde avsetningar til andre formål over grensa på 5 pst., sjå tabell 4.15 i vedlegg 4.

Frå 2021 til 2022 har dei samla avsetningane frå løyvingar frå Kunnskapsdepartementet blitt redusert med 698 mill. kroner. Det utgjorde

9,2 pst. for institusjonane sett under eitt, men variasjonen mellom institusjonane er frå –3,1 til 35,6 pst., sjå tabell 4.15 i vedlegg 4.

Private høgskular

Private høgskular fekk tilskot på 2,1 mrd. kroner over kap. 260, post 70 i 2022. Dei hadde driftsinntekter på i overkant av 4,9 mrd. kroner, ein auke på 6,3 pst. frå 2021. Det samla driftsresultatet for desse institusjonane var 63,3 mill. kroner i 2022, og det er ein nedgang på 78,5 pst. i høve til 2021. På bakgrunn av rekneskapane frå 2022 har fleirtalet av dei private institusjonane god eller middels god økonomi. Fire av 15 private institusjonar har etter departementets vurdering svak økonomi, og departementet vil følge med på utviklinga hos desse institusjonane.

Studiepoeng per fagleg tilsett

Etter ein jamn reduksjon sidan 2014 gjekk talet på avlagde studiepoeng per fagleg tilsett opp i 2020. Deretter har talet gått noko ned igjen. I 2022 blei det avlagt om lag 455 studiepoeng per fagleg tilsett. Til samanlikning blei det avlagt meir enn 500 studiepoeng per fagleg tilsett i 2013.

Rekruttering, kompetanse og karriere for tilsette ved universitet og høyskolar

75,8 pst. av årsverka i undervisnings- og forskarstillingar i 2022 var i stillingar som krev doktorgrad eller tilsvarende kompetanse. Dette er ein marginal auke frå 75,5 pst. i 2021. Totalt var det om lag 43 100 årsverk i sektoren, og av desse var om lag 27 100 faglege årsverk og 10 400 administrative årsverk. Forholdstalet mellom faglege og administrative tilsette var 2,6 for sektoren sett under eitt i 2022, i 2013 var forholdstalet 2,46.

Frå 2021 til 2022 er delen mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar redusert frå 12,9 pst. til 11,8 pst. Dette er den lågaste delen mellombels tilsette dei siste sju åra. Åremålsstillingar inngår ikkje i utrekninga. I andre stillingstypar er fleire fast tilsette, og prosentdelen mellombels tilsette var 11,1 pst. i 2022 når ein også inkluderer administrative stillingar og støttestillingar.

Budsjettforslag for 2024

Regjeringa foreslår å løyve til saman 45,4 mrd. kroner til universiteta og høyskulane over kap. 260, fordelt med 43,1 mrd. kroner til universitet og statlege høyskular over post 50 og 2,3 mrd. kroner til private høyskular over post 70. Det ligg til grunn ei prisjustering på 4,4 pst., tilsvarende som for andre 50- og 70-postar. Den ekstraordinære priskompensasjonen frå revidert budsjett for 2023 er ført vidare. Samla sett er løyvingforslaget til universiteta og høyskulane nominelt 1,6 mrd. kroner høgare enn revidert budsjett for 2023. Det er ein realnedgang på 0,7 pst. frå 2023 og ein realvekst på 1,6 pst. frå 2019. Forslaget omfattar ein reduksjon på 490,5 mill. kroner i heilårseffekt av innføring av studieavgift for studentar utanfrå EØS og Sveits og utfasing av mellombelse midlar løyvd i samband med Utdanningsløftet 2020.

Forslaget omfattar òg ein reduksjon på 437,2 mill. kroner for å frigjere midlar til nye satsingar og omprioriteringar innanfor høgare utdanning og forskning, fordelt med 412,2 mill. kroner på kap. 260, post 50 og 24,9 mill. kroner på kap. 260, post 70. Reduksjonen er som utgangspunkt fordelt pro rata på alle institusjonane med løyving over kap. 260, men justert noko: Institusjonar med høge søkartal per studieplass, dei med stor del studentar i helse-, lærar- og MNT-fag og dei med stor del EU-inntekter, får ein reduksjon som er noko mindre.

Meir tillit og ansvar til institusjonane gjennom vektlegging av rammeløyvinga

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) har forvalta ein stor portefølje av søknadsbaserte ordningar, tilskot og utviklingsmidlar retta mot mellom anna fagskular, høyskular og universitet. Måla for ordningane har vore å medverke til internasjonaliseringsarbeidet og kvalitetsutviklingsarbeidet i sektoren og å styrke tilgangen til desentralisert og fleksibel utdanning for å dekke kompetansebehova. Over tid har summen av program og tilskotsordningar blitt stor. Porteføljen av utlyste programmidlar og tilskot over Kunnskapsdepartementets budsjett retta mot høgare utdanning og fagskuleutdanning har gått frå anslagsvis om lag 160 mill. kroner i 2014 i tidlegare Vox og Senter for internasjonalisering i utdanning, til anslagsvis om lag 790 mill. kroner i HK-dir i 2023.

På alle desse områda har det vore nødvendig å trappe opp innsatsen, og dei finansierte prosjekta har gitt verdfulle erfaringar. Konkurransbaserte ordningar inneber samstundes ressurskrevjande arbeid med søknadsskriving- og handsaming. I tillegg kan einskilde, tidsavgrensa prosjekt bli dominerande, utan at nyttige erfaringar blir tilstrekkeleg implementerte i den ordinære verksemda ved institusjonane. Når det gjeld studiekvalitet, har Riksrevisjonen til dømes peika på at spreings-effekten av prosjekta som er finansierte med tilskot frå HK-dir, er noko usikker, samstundes som det er sett av for lite ressursar til kvalitetsarbeid ved universiteta og høyskulane.

Regjeringa meiner desentralisert og fleksibel utdanning, høg studiekvalitet og internasjonalisering er svært viktige område som framleis må ha høg prioritet. I tråd med tillitsreforma legg regjeringa derfor om finansieringa på desse områda for at universiteta og høyskulane sjølve skal få hand om ressursane til å vareta ansvaret sitt for å nå desse måla. I Meld. St. 14 (2022–2023) *Utsyn over kompetansebehovet i Norge* har regjeringa lagt fram ein politikk for å styrke ansvaret og handlingsrommet som institusjonane har for å disponere rammeløyvinga slik at dei kan nå måla sine. Regjeringa følger opp dette med å redusere omfanget av omfattande søknadsbaserte ordningar, og slik også bidra til å gjere midlane meir føreseielege for å vareta det langsiktige arbeidet med høg kvalitet i institusjonane. Endringane inneber ei avbyråkratisering i høgare utdanning ved å overføre ansvar til institusjonane. Endringane er òg i tråd med tilrådingane frå Hatlen-utva-

let, som i 2022 foreslo endringar i finansierings-systemet for universitet og høgskular.

Av den samla auken i løyvinga på kap. 260 kjem 338,8 mill. kroner frå reduksjonar på kap. 272 og kap. 275 i samband med at dei søknadsbasererte ordningane blir avvikla.

Nokre av ordningane har vore retta mot ein-skilde avgrensa fagområde og har dermed berre vore aktuelle for nokre institusjonar. Desse midlane vil bli fordelte til dei relevante institusjonane mellom anna på bakgrunn av dei tidlegare tildelingane frå programma og omfanget av utdanning i dei aktuelle faga. 76,8 mill. kroner vil bli fordelte til lærarutdanning, 17 mill. kroner til maritim utdanning og 14 mill. kroner til kunstutdanning og kunstnarleg utviklingsarbeid.

20 mill. kroner vil bli fordelte til institusjonane som har hatt det største gjennomslaget i dei generelle kvalitetsprogramma i HK-dir i perioden 2016–22. Dette inkluderer mellom anna ordninga med senter for framifrå utdanning. Desse ordningane har finansiert fleirårige prosjekt, og har dermed framleis eit løyvingbehov over kap. 272. Departementet tek sikte på å flytte ytterlegare midlar til kap. 260 i 2025 når pågåande prosjekt blir avslutta. Beløpet vil vere om lag 100 mill. kroner.

HK-dir vil framleis ha ei sentral rolle i å følge opp arbeidet i sektoren med internasjonalisering, utdanningskvalitet og fleksibel og tilgjengeleg utdanning. Direktoratet skal særleg styrke seg i arbeidet med å forvalte og dele kunnskap frå arbeidet ved institusjonane gjennom analysar, data, statistikk og anna kunnskapsgrunnlag. Direktoratet vil òg bidra til å samle, dokumentere og dele erfaringar, data og kunnskapsgrunnlag mellom ulike universitet og høgskular og andre verksemder og interessentar i og utanfor sektoren. Sjå nærare omtale under kap. 256, post 01.

Utdanning og forskning i heile landet

Regjeringa foreslår å tildele 200 mill. kroner for å gjere utdanning tilgjengeleg for fleire gjennom å styrke det desentraliserte og fleksible tilbodet.

Midlane blir fordelte til institusjonane dels ut frå i kva grad dei faste campusane er tilgjengelege i regionar med dårlegare tilgang til høgare utdanning. Dei faste studiestadane med eit langsiktig nærvær av utdanningar og forskingsmiljø utgjer grunnstammen i det regionale utdanningstilbodet, og regjeringa legg vekt på at fordelinga skal gi fleircampusinstitusjonane rammevilkår som gjer det mogleg å utvikle eksisterande studiestadar vidare. Midlane blir også fordelte ut frå omfan-

get av fleksibel og desentralisert undervisning utanfor dei faste campusane, mellom anna basert på gjennomslaget i ordninga i HK-dir for fleksibel og desentralisert utdanning.

Departementet foreslår å auke rammeløyvinga til Universitetet i Sørøst-Noreg med 8 mill. kroner for å etablere ein campus på Gol.

Departementet foreslår å auke rammeløyvinga til Høgskolen i Innlandet med 3 mill. kroner for å styrke forskingsaktiviteten på Kongsvinger.

I samband med revidert nasjonalbudsjett 2023 vedtok Stortinget midlar til kompetanseutvikling og studietilbod i Aust-Finnmark. Regjeringa foreslår 2,1 mill. kroner til Samisk høgskole til studietilbod innanfor samisk begynnarpplæring og vidareutdanningstilbod. Regjeringa foreslår også 5,7 mill. kroner til Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet til studietilbod innanfor mellom anna reiseliv og entreprenørskap, tryggleik og beredskap.

Kapasitet i høgare utdanning og forskning

I statsbudsjettet for 2023 starta utfasinga av midlar til dei mellombelse studieplassane frå Utdanningsløftet 2020. Midlane blir trekte ut etter kvart som studentane som er tekne opp i 2020, 2021 og 2022, fullfører utdanninga. I 2024 inneber det ein reduksjon over kap. 260 på 208,1 mill. kroner, fordelt med 179,5 mill. kroner over post 50 og 28,6 mill. kroner over post 70. Vidare blir løyvinga redusert med til saman 127 mill. kroner for dei 250 mellombelse rekrutteringsstillingane. Av dette er 111,3 mill. kroner over post 50 og 15,7 mill. kroner over post 70.

Regjeringa foreslår å auke løyvingane til universitet og høgskular med til saman 101,5 mill. kroner for å vidareføre og trappe opp ordinære tildelingar til studieplassar i budsjetta for 2019–23. Av dette er 90,8 mill. kroner over post 50 og 10,7 mill. kroner over post 70.

Regjeringa foreslår å løyve 18,3 mill. kroner til 255 nye studieplassar i 2024. Regjeringa ser behov for at fleire legar blir utdanna i Noreg, og forslaget omfattar derfor midlar til 60 nye studieplassar i medisin ved Universitetet i Oslo (UiO), Universitetet i Bergen (UiB) og ved Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet (NTNU). Desse studieplassane skal styrke desentrale studiemodellar i høvesvis Agder, Stavanger og Innlandet. Dei nye studieplassane kjem i tillegg til at det i 2022 og 2023 blei tildelt midlar for til saman 45 nye studieplassar i medisin, og at dei 80 mellombelse plassane frå 2020 blir førte vidare.

Forslaget omfattar òg 100 studieplassar i IKT-utdanningar fordelt med 30 plassar til NTNU, 20 til UiO og 10 kvar til UiB, Høgskolen i Østfold, Høgskulen på Vestlandet, OsloMet – storbyuniversitetet og Universitetet i Agder. Forslaget omfattar vidare midlar til 25 studieplassar til etablering av flyingeniørutdanning ved NTNU. I tillegg kjem 5 mill. kroner til etableringskostnader, jf. midlane som ble løyvde i samband med revidert budsjett for 2023. Forslaget omfattar òg midlar til 20 studieplassar til etablering av fysioterapiutdanning i Elverum ved Høgskolen i Innlandet. I tillegg kjem 6,3 mill. kroner i eingongsløyving for investerings- og utviklingskostnader. Det blir òg tildelt midlar til 10 studieplassar i bachelorutdanning i folkedans på Rauland ved Universitetet i Sørøst-Noreg, 20 studieplassar i bachelorutdanning i skogfag i Steinkjer ved Nord universitet og 20 studieplassar i vernepleie på Kongsvinger ved Høgskolen i Innlandet.

Regjeringa foreslår å tildele Noregs idretts-høgskole 2,1 mill. kroner i samband med at dei første studentane startar fjerde studieår i den nye, femårige lærarutdanninga i praktiske og estetiske fag (LUPE) hausten 2024. Frå 2025 til 2029 vil regjeringa foreslå å trappe opp løyvinga etter kvart som studentane tek til det fjerde og femte studieåret i LUPE ved alle dei seks institusjonane som tilbyr denne utdanninga. Sjå òg omtale under programkategori 07.80 om mogleg gjeldslette.

Regjeringa foreslår å løyve 9 mill. kroner til samisk forskning og utdanning. Løyvinga omfattar støtte til eit senter for samisk leksikografi ved Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet (UiT) med 1,5 mill. kroner og ei styrking av fagmiljøa i sørsamisk og lulesamisk ved Nord universitet med 3 mill. kroner. Vidare omfattar ho høvesvis 1,5 mill. kroner til UiT og 3 mill. kroner til Samisk høgskole for å legge til rette for nasjonale, fleksible språk- og lærarutdanningar i nordsamisk. Sjå òg omtale under programkategori 07.80 om mogleg gjeldslette.

I samband med revidert nasjonalbudsjett blei det flytta 0,1 mill. kroner frå statlege universitet og høgskular på kap. 260, post 50, til private høgskular på kap. 260, post 70 i omfordeling av studie-plassane som er tildelte som følge av krigen i Ukraina. Regjeringa foreslår å flytte tilsvarende beløp i 2024.

Regjeringa legg til grunn at studieavgifta for studentar utanfrå EØS/Sveits, som blei innført i 2023, framleis vil gi redusert pågang av søkarar frå desse landa. Dette vil gjere fleire studieplassar tilgjengelege for norske søkarar og andre EØS-borgarar.

Resultatbasert uttelling

Forslaget omfattar resultatbasert uttelling på 151,1 mill. kroner som følge av betre resultat på indikatorane i finansieringssystemet. Av dette er 130,8 mill. kroner over post 50 og 20,3 mill. kroner over post 70. Sidan indikatorane med lukka ramme blir avvikla i 2025-budsjettet, er uttellinga for desse i 2024 berekna basert på eit treårig gjennomsnitt, slik at ikkje tilfeldige variasjonar i dei årlege resultatata skal gi utslag i det varige løyvingsnivået for institusjonane framover.

Studieavgift for studentar utanfrå EØS og Sveits

I 2023 blei løyvinga til universiteta og høgskulane redusert med 74,5 mill. kroner som følge av innføring av studieavgift for studentar utanfrå EØS og Sveits. Det var lagt til grunn at dei internasjonale studentane i gjennomsnitt tek ei toårig utdanning. Reduksjonen i løyvinga vil derfor bli trappa opp over to år, ettersom det blir teke opp eit nytt kull som betaler full studieavgift. Det inneber ein ytterlegare reduksjon i rammeløyvinga på 155,4 mill. kroner i 2024, fordelt med 143,3 mill. kroner på kap. 260, post 50 og 12,1 mill. kroner på kap. 260, post 70. Frå og med 2025 vil reduksjonen samla vere på 310,8 mill. kroner.

Bygg for undervisning og forskning

Løyvingar til byggeprosjekt blir foreslått på Kommunal- og distriktsdepartementets budsjett. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2023–2024) for Kommunal- og distriktsdepartementet.

Regjeringa foreslår ei startløyving på 178 mill. kroner for NTNU Campussamling i 2024. Prosjektet skal samle fagmiljøa som i dag held til på Dragvoll, sentralt på Gløshaugen. Dette vil skape nye tverrfaglege synergjar for utdanning og forskning. Prosjektet har ei arealramme på 91 000 m², og det er eit mål at bygga skal takast i bruk seinast i 2030. Med utgangspunkt i den eksterne kvalitetssikringa (KS2) av prosjektet foreslår regjeringa ei samla kostnadsramme på 7,8 mrd. kroner, der 7,2 mrd. kroner er til bygg og 577 mill. kroner er til brukarutstyr (pris per 1. juli 2024). Delprosjekt P5 Hovedbygget kan berre gjennomførast om det er innanfor den samla kostnadsramma for campus-samlinga. Kunnskapsdepartementet vil styre prosjektet innanfor ei styringsramme på 6,7 mrd. kroner (pris per 1. juli 2024). Styringsramma har auka frå 6,1 mrd. kroner, jf. Prop. 1 S (2022–2023), som følge av prisstiging, at det er gjort nokre justeringar i kostnadsgrunnlaget basert på tilrådingane i

KS2-rapporten, og at styringsramma no inkluderer om lag 340 mill. kroner i utgifter til infrastruktur og anna som NTNU skal dekke innanfor uendra rammeløyving. Sjå òg forslag til vedtak XI.

Regjeringa foreslår å redusere løyvinga til NTNU på kap. 260, post 50 med 10 mill. kroner som dei har fått øyremerkd til prosjektering for campussamlinga i Trondheim. Når regjeringa foreslår startløyving for NTNU campussamling i 2024, er dette prosjekteringsarbeidet ferdig.

Våren 2023 blei avtalane for innreiing for prosjektet Livsvitskapsbygget inngått innanfor gjeldande kostnadsramme. For å vidareføre prosjektet foreslår regjeringa 2,8 mrd. kroner til bygging og utstyr i 2024. Prosjektet skal etter planen stå ferdig i siste halvdel av 2026. Vidare foreslår regjeringa 720 mill. kroner til bygging og utstyr til nytt vikingtidsmuseum og 123 mill. kroner til byggeprosjektet for Blått bygg ved Nord universitet. Regjeringa foreslår òg å auke løyvinga over kap. 260, post 50 til brukarutstyrsprosjektet for Blått bygg med 43 mill. kroner. I budsjettet for 2022 vedtok Stortinget at Nord universitet skal få ein husleigekompensasjon på 75 pst. for Blått bygg. I samband med at nybygget i dette prosjektet står ferdig i midten av 2024, foreslår Kunnskapsdepartementet å auke løyvinga på kap. 260, post 50 med 11,9 mill. kroner til Nord universitet i 2024.

Kunnskapsdepartementet foreslår ein husleigekompensasjon på 50 pst. for universitetsareala i Radiumhospitalet og å auke løyvinga på kap. 260, post 50 med 3,3 mill. kroner til Universitetet i Oslo i 2024. Anslått årleg husleigekompensasjon frå og med 2025 er 4,9 mill. kroner.

For ei nærare forklaring av løyving per kapittel og post for byggeprosjekta, sjå Prop. 1 S (2023–2024) for Kommunal- og distriktsdepartementet.

Andre saker

Regjeringa foreslår å auke løyvinga på kap. 260, post 50 med 4 mill. kroner for å styrke Termporta-

len ved Universitetet i Bergen, som skal bidra til å samle og gjere tilgjengeleg fagterminologi på bokmål, nynorsk og engelsk. Tiltaket er ein del av handlingsplanen for norsk fagspråk.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga på kap. 260, post 50 med 9 mill. kroner til arbeidet med Norwegian Internet Exchange (NIX) ved Universitetet i Oslo. NIX driftar samtrafikkpunkt som dei fleste norske nettleverandørar er tilkopl, og som mykje av internettrafikken går gjennom.

Regjeringa foreslår å flytte 7 000 kroner frå kap. 260, post 50 til Finansdepartementets budsjett, som følge av at Samisk høgskole har inngått avtale med Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) om levering av lønns- og personaltenester.

Steinerhøgskolen blei tildelt 1 mill. kroner i 2023 til det femte året av grunnskulelærarutdanninga, tilsvarande halvårseffekt av 20 studieplassar. Regjeringa foreslår å auke løyvinga til Steinerhøgskolen over kap. 260, post 70 med ytterlegare 1 mill. kroner i 2024.

Departementet foreslår å redusere løyvinga til Noregs musikkhøgskole over kap. 260, post 50 med 32 000 kroner som oppfølging av regjeringa sitt arbeid med meir effektive kontorleigeavtalar for statlege verksemder.

Departementet foreslår at OsloMet – storbyuniversitetet og Universitetet i Bergen (UiB) får fullmakt til å organisere avisa Khrono som ei foreining. Verksemda er i dag organisert ved OsloMet og UiB, og fullmakta inneber at verksemda blir overført til foreininga frå og med 1. januar 2024. Det inkluderer tilsette på inntil 17 årsverk, materiell og nettstaden www.khrono.no. Departementet legg til grunn at dette har avgrensa økonomisk verdi. Medlemskontingentar skal dekke dei løpande forpliktingane i foreininga. Departementet legg til grunn at organisering av Khrono som foreining skal skje innanfor uendra rammeløyving for universiteta og høgskulane. Sjå forslag til vedtak IX.

Kap. 270 Studentvelferd

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
74	Tilskot til velferdsarbeid o.a.	106 588	81 846	87 305
75	Tilskot til bygging av studentbustadar, <i>kan overførast</i>	419 196	871 368	633 604
	Sum kap. 270	525 784	953 214	720 909

Post 74 Tilskot til velferdsarbeid o.a.

Posten omfattar tilskot til det generelle velferdsarbeidet til studentsamskipnadene og tilskot til landsomfattande interesseorganisasjonar for studentar.

Mål for 2024

God studentvelferd og studentorganisasjonar som er dyktige til å fremje studentane sine interesser. Velferdsarbeidet til studentsamskipnadene skal supplere det generelle velferdstilbodet elles i samfunnet og vere integrert i læringsmiljøet ved utdanningsinstitusjonane.

Resultat i 2022

Studentsamskipnadene spelar ei viktig rolle for å bidra til høg studiekvalitet gjennom tilbod og tenester som kan betre studiekvardagen. I 2022 hadde dei 14 studentsamskipnadene til saman om lag 275 000 medlemmer, og dei fekk eit samla tilskot på 87,5 mill. kroner til det generelle velferdsarbeidet. Å kunne tilby rimelege studentbustadar er det mest omfattande tenestetilbodet, men tilskotet har òg gått til velferdstilbod som kantine, trening, helsetenester, barnehage, rådgiving og sosiale, faglege og kulturelle tiltak. I 2022 fekk samskipnadene ei ekstra løyving på 60 mill. kroner over kap. 275, post 70 til førebyggjande tiltak retta mot den psykiske helsa til studentane som følge av covid-19-pandemien. For å vareta studentane både fagleg og sosialt har studentsamskipnadene gjennomført ei rekke tiltak, ofte i samarbeid med utdanningsinstitusjonane og studentorganisasjonane. Dei har organisert sosiale samkomer og tilbode psykisk helsehjelp og samtalar til studentane som har trunge nokon å snakke med.

Landsomfattande interesseorganisasjonar for studentar fekk eit tilskot på til saman 19,1 mill. kroner. Dette var Association of Norwegian Students Abroad, Norsk studentorganisasjon, Organisasjon for norske fagskolestudenter, Stipendiatorganisasjonene i Norge og International Students Union of Norway (ISU). Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse har ikkje fått rapportering frå ISU og har kravd at dei betaler tilbake tilskotet. Tilskotet til dei andre har medverka til drift av organisasjonane og til å fremje interessene til studentane mellom anna gjennom deltaking i faste styre og råd, offentleg utvals- og utgreiingsarbeid, høyringsfråsegner og offentlege debattar på vegner av studentane.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 87,3 mill. kroner på posten. Av dette er 69,4 mill. kroner tilskot til velferdsarbeidet til studentsamskipnadene, og 17,9 mill. kroner er tilskot til landsomfattande studentorganisasjonar.

Tilskota til dei landsomfattande studentorganisasjonane blir forvalta av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse på vegner av Kunnskapsdepartementet. Departementet foreslår følgende øyremerkte tilskot:

- Association of Norwegian Students Abroad: 10,8 mill. kroner
- Norsk studentorganisasjon: 4,1 mill. kroner
- Organisasjon for norske fagskolestudenter: 2,7 mill. kroner
- Stipendiatorganisasjonene i Norge: 0,4 mill. kroner

Forslaget omfattar å redusere løyvinga til Lånekassen over kap. 2410, post 01 mot ein tilsvarande auke over kap. 270, post 74. Forslaget inkluderer derfor 75 000 kroner meir i tilskot til Association of Norwegian Students Abroad, til Norsk studentorganisasjon og til Organisasjon for norske fagskolestudenter som følge av at dei ikkje lenger sit i styret til Lånekassen med tilhøyrande honorar.

Post 75 Tilskot til bygging av studentbustadar, kan overførast

Posten omfattar midlar til studentsamskipnadene, og i særskilde tilfelle studentbustadstiftingar, til kjøp, ombygging, oppføring og rehabilitering av studentbustadar. Studentbustadane skal vere eit supplement til den private bustadmarknaden. Husbanken forvaltar tilskota for Kunnskapsdepartementet.

Mål for 2024

Rimelege og tilgjengelege bustadar for studentar.

Resultat i 2022

I 2022 gav Kunnskapsdepartementet tilsegn om tilskot til 1 130 hybeleiningar. Alle tilsegnene var til bygging av nye studentbustadar i regi av studentsamskipnadene.

Dei siste ti åra har det vore ein jamn auke i talet på nye studentbustadar. Det er i gjennomsnitt bygd i overkant av 1 400 nye studenthyblar årleg frå 2012, og samla sett 14 247 nye hyblar i perioden 2012–22. Eit fleirtal på om lag 60 pst. av

bustadane som samskipnadene har bygd dei siste fire åra, er hyblar for éin person med eige bad og kjøkken. Om lag 20 pst. var hyblar der fleire deler bad og kjøkken, og 20 pst. var hyblar for par og familiebusadar.

I 2022 blei det ferdigstilt 1 292 nye hybeleiningar, og 979 hybeleiningar blei oppgraderte. Kvart år må studentsamskipnadene gi tilbakemelding om tilsegner dei ikkje klarer å nytte. Hausten 2022 leverte studentsamskipnadene tilbake 306 tilsegner om tilskot som dei fekk i åra 2020 og 2021.

I 2022 var det til saman 44 500 hybeleiningar. For heile landet var dekningsgraden på studentbustadar 16 pst. i 2022, ifølge tal frå Database for statistikk om høgare utdanning. Dekningsgraden varierer mellom studiestadane. Til dømes er dekningsgraden i Oslo og Akershus på 14 pst., medan han på Ås er 37 pst. Det er ikkje eit mål å ha like stor dekningsgrad alle stadar, sidan behovet vil variere avhengig av tilbodet på den private leigemarknaden. Bygging av studentbustadar skal gi rimelege bustadar for studentar. Gjennomsnittleg husleige for ei hybeleining i 2022 var 4 537 kroner.

Budsjettforslag for 2024

Eit viktig grep for å betre studentøkonomien og bidra til å dempe presset i den private leigemarknaden, er å bygge fleire rimelege studentbustadar. Regjeringa heva derfor kostnadsramma i 2023 og foreslår 1 650 nye tilsegner om tilskot til studentbustadar i 2024. Løyvinga på 633,6 mill. kroner skal dekke forventa utbetaling til både gamle og nye tilsegner. Midlane til eit prosjekt blir normalt betalte ut over tre år.

Tilskotssatsane og kostnadsramma blir justerte med forventa prisvekst. I 2024 vil tilskotssatsen vere 419 800 kroner per hybeleining i pressområda og 358 300 kroner utanfor pressområda. Kostnadsramma er 1 513 800 kroner i 2024.

Låneramma i Husbanken er 24 mrd. kroner i 2024. Regjeringa skal vurdere om ein skal gi føringar på kor mykje av den totale låneramma som skal gå til å bygge studentbustadar. Sjå omtale under kap. 2412 i Prop. 1 S (2023–2024) for Kommunal- og distriktsdepartementet.

Departementet foreslår ei tilsegnfullmakt på 2 234 mill. kroner knytt til posten, jf. forslag til vedtak III nr. 1.

Kap. 271 Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Driftsutgifter	176 354	115 236	121 439
21	Særskilde driftsutgifter	9 964	4 106	4 352
	Sum kap. 271	186 318	119 342	125 791

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar driftsutgifter for Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT), eit statleg forvaltningsorgan som er fagleg uavhengig på fleire område. NOKUT har ansvar for akkreditering og tilsyn med kvaliteten i høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning.

Mål for 2024

- Norsk høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning har god kvalitet
- NOKUTs verkemiddel for ekstern kvalitetssikring er treffsikre og bidreg til utvikling

- Samfunnet er godt informert om kvaliteten i norsk høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning

Resultat i 2022

NOKUT fekk i 2022 inn fleire søknader om akkreditering enn tidlegare, særleg frå fagskulane. Eit stort omfang av søknader om å akkreditere nye fagskuleutdanningar og meldingar om endringar i eksisterande utdanningar gjorde at NOKUT ikkje nådde sitt eige mål for saksbehandlingstida for fagskulane. Til saman sende fagskulane inn 121 søknader, og av desse var 63 ikkje ferdigbehandla i løpet av året. Alle søknader frå universitet og høgskular blei behandla innanfor NOKUTs eige

mål om maksimalt 6 og 14 måneders saksbehandlingstid på høvesvis bachelor-/masternivå og ph.d.-nivå.

I 2021 blei det opna for at alle universitet og høgskular kan tilby profesjonsgradane i psykologi, rettsvitenskap og teologi, jf. Innst. 425 S (2020–2021) og Meld. St. 19 (2020–2021) *Styring av statlige universiteter og høyskoler*. Det er ein føresetnad at institusjonar som vil tilby slike profesjonsstudium, må få akkreditert studietilbodet av NOKUT før Kunnskapsdepartementet kan gi institusjonen rett til å tildele graden. Universitetet i Agder, Universitetet i Stavanger og Handelshøyskolen BI fekk i 2022 rett til å tildele graden master i rettsvitenskap.

I perioden 2017–24 gjennomfører NOKUT den tredje runden av tilsyn med det systematiske kvalitetsarbeidet ved universitet og høgskular. NOKUT fullførte tilsyn ved åtte høgskular og starta tolv nye tilsyn ved universitet og høgskular i 2022. NOKUT rapporterer at institusjonane bruker tida før dei periodiske tilsyna til å styrke kunnskapen om regelverket til arbeidet med kvalitetsutvikling. NOKUT arbeider òg med erfaringsdeling og rettleiing overfor institusjonane.

I 2022 fullførte NOKUT tilsyn ved seks fagskular som hadde fått pålegg om å rette feil og manglar i 2021. Erfaringa generelt er at fagskulane har behov for meir rettleiing, erfaringsdeling og oppfølging av regelverket for kvalitetsarbeidet enn universiteta og høgskulane.

NOKUT har i 2022 arbeidd aktivt for å forenkle og effektivisere saksbehandlinga for å korte ned saksbehandlingstida. NOKUT har særskilt prioritert godkjenning av og informasjon om utdanning frå Ukraina. NOKUT har til dømes innlemma Ukraina i ordninga med automatisk godkjenning av høgare utdanning. Ansvar for godkjenning av utanlandsk utdanning blei flytta frå NOKUT til HK-dir frå og med 1. januar 2023. Bakgrunnen for flyttinga var å samle godkjenning av utanlandsk høgare utdanning, utanlandsk fagskuleutdanning og utanlandsk fag- og yrkesopplæring i eitt organ.

Departementet har delegert oppgåva med økonomiske tilsyn med dei private høgskulane til NOKUT. Basert på tidlegare funn har NOKUT

gjennomført tilsyn ved fem høgskular. NOKUT har kontrollert økonomiforvaltninga og arbeidet med samfunnstryggleik ved dei statlege universiteta og høgskulane og andre verksemdar under Kunnskapsdepartementet. På bakgrunn av kontrollane har departementet fått råd om oppfølging i etatsstyringa av verksemdene.

NOKUT gjennomførte i 2022 undersøkingar blant studentar ved både fagskular og universitet og høgskular, og blant undervisarar ved universitet og høgskular. Undersøkingane gir departementet, institusjonane, studentar og andre nyttig informasjon om kvaliteten i sektoren.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 121,4 mill. kroner på posten.

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 95 000 kroner som oppfølging av arbeidet regjeringa gjer med meir effektive kontorleigeavtalar for statlege verksemdar.

Departementet foreslår at løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3271, post 02. Sjå forslag til vedtak II nr. 1.

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Posten omfattar utgifter til oppgåver der NOKUT får midlar frå eksterne kjelder. Utgifter utover løyvinga på kap. 271, post 21 føreset meirinntekt på kap. 3271, post 01.

Resultat i 2022

Det blei i 2022 ført ei meirutgift på 10 mill. kroner på posten, som blir dekt av meirinntekta på kap. 3271, post 01, jf. meirinntektsfullmakta.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 4,4 mill. kroner på posten, som kan overskridast mot tilsvarande meirinntekt på kap. 3271, post 01, jf. forslag til vedtak II nr. 2.

Kap. 3271 Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Inntekter frå oppdrag	9 964	4 120	4 301
02	Salsinntekter o.a.	199	665	694
	Sum kap. 3271	10 163	4 785	4 995

Løyvingane gjeld inntekter NOKUT får frå prosjektverksemd, kurs og konferansar.

Kap. 272 Tiltak for internasjonalisering og høgare utdanning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
51	Tiltak for internasjonalisering, <i>kan overførast, kan nyttast under post 71</i>	151 167	96 547	71 025
52	Tiltak for høgare utdanning, <i>kan overførast, kan nyttast under post 72</i>	404 327	263 228	147 276
71	Tilskot til tiltak for internasjonalisering, <i>kan overførast, kan nyttast under post 51</i>	79 186	125 868	100 111
72	Tilskot til tiltak for høgare utdanning, <i>kan overførast, kan nyttast under post 52</i>	100 096	120 132	52 105
	Sum kap. 272	734 776	605 775	370 517

Post 51 Tiltak for internasjonalisering, kan overførast, kan nyttast under post 71

Posten blir forvalta av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse. Løyvinga kan nyttast under kap. 272, post 51 når midlane går til statlege aktørar, og under kap. 272, post 71 Tiltak for internasjonalisering for tilskot til ikkje-statlege aktørar.

Mål for 2024

- Deltakinga til norske opplæringsaktørar i internasjonalt samarbeid bidreg til å oppfylle kvalitetsmål i grunnopplæringa
- Norske elevar og studentar tek del i eit internasjonalt læringsmiljø

Resultat i 2022

Delar av løyvinga har i 2022 vore nytta til samarbeidsprogramma NORPART og UTFORSK, som er eit sentralt verkemiddel i styrkinga av utdanningssamarbeid med dei prioriterte landa i Panorama-strategien (2021–2027). Løyvinga til dei to programma bidrog til at Noreg deltok aktivt i internasjonalt samarbeid innanfor utdanning og forskning, til gode koplingar mellom forskning og høgare utdanning i arbeidet og til auka kvalitet i høgare utdanning. I UTFORSK blei det i 2022 tildelt 90 mill. kroner i støtte til 30 nye fireårige prosjekt (tildelingsrate 41 pst.). USA er det største samarbeidslandet, følgd av Brasil og Kina. Fagområda teknologi og naturvitskap utgjer over halvparten av prosjekta, medan samfunnsfag utgjer om lag ein firedel. Det er stor interesse i sektoren for samarbeidsprogrammet.

Dei nordiske landa har ein avtale om å gi innbyggjarane sine gjensidig tilgang til høgare utdanning, med ein fastsett kompensasjon mellom landa. I 2022 betalte Noreg 58,3 mill. kroner i samband med avtalen. Avtalen sikrar at norske søkarar til høgare utdanning i andre nordiske land blir behandla likt med nasjonale søkarar ved opptak. Det same gjeld andre nordiske statsborgarar som søker opptak til høgare utdanning i Noreg. I 2022 var det 2 514 norske heilgradsstudentar i andre nordiske land og 1 201 nordiske studentar i Noreg.

Delar av løyvinga har i 2022 vore nytta til Fulbright-programmet, som er eit stipendprogram som støttar særleg kvalifiserte søkarar til studium på mastergrads- og doktorgradsnivå i USA og tilsvarende studentar frå USA som vil studere i Noreg. I tillegg blir det gitt stipend til forskarar frå Noreg og USA. Til saman 28 nordmenn fekk i 2022 stipend over dette programmet, 17 studerte på master- eller ph.d.-nivå, og 11 fekk forskarstipend. Samstundes fekk 35 amerikanske stipendmottakarar finansiert opphald i Noreg i 2022.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår ei samla løyving for post 51 og 71 på 171,1 mill. kroner, fordelt med 71 mill. kroner på post 51 og 100,1 mill. kroner på post 71. Departementet foreslår å redusere løyvinga med 11,9 mill. kroner. Departementet foreslår å flytte 5,7 mill. kroner frå kap. 272, post 51 og 71 til kap. 288, post 74 for kontingenten til Europeisk senter for utvikling av yrkesretta opplæring (Cedefop). Sjå nærare omtale under kap. 288, post 74.

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) har forvalta ein stor portefølje av søknadsbaserte ordningar, tilskot og utviklingsmidlar retta mot mellom anna fagskular, høgskular og universitet. I 2024 foreslår regjeringa å flytte 338,8 mill. kroner frå program og tilskotsordningar på kap. 272, post 51, 52, 71 og 72 og kap. 275, post 21 til rammeløyvinga for universitet og høgskular. Sjå nærare omtale under kap. 256, post 01, kategoriinnleiinga under programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning og under kap. 260 Universitet og høgskular. Forslaget omfattar å flytte 43 mill. kroner frå kap. 272, post 51 og 71 til rammeløyvinga for universitet og høgskular over kap. 260, post 50 og 70. Endringane vil ikkje ha konsekvensar for forplikta utbetalingar framover i ordningar og program som blir avvikla.

HK-dir vil framleis bidra til at universitet og høgskular når måla sine gjennom kunnskapsinnhenting og kunnskapsdeling, rådgiving og samordning. Direktoratet vil følge opp målsetjingane i Pan-

orama-strategien og Strategi for norsk deltaking i Erasmus+ og Det europeiske utdanningsområdet, mellom anna i arbeidet for ansvarleg internasjonalt samarbeid og norsk deltaking i sentraliserte tiltak som europeiske universitetsalliansar. HK-dir vil gjennom forvaltninga av noverande prosjektportefølje bidra til innovasjon, læring og deling av kunnskap, erfaringar og lovande praksis.

- Løyvinga på post 51 og 71 går til følgende program og tiltak for internasjonalisering i utdanning:
- programmet UTFORSK (oppfølging av Panorama-strategien)
 - den nordiske avtalen om gjensidig tilgang til høgare utdanning (74,4 mill. kroner)
 - ordninga Noregs-kunnskap i utlandet
 - prosjektetableringsstøtte Erasmus+
 - tilskot til internasjonalt samarbeid og utveksling i grunnskulen og den vidaregåande skulen
 - United World College
 - Det europeiske ungdomsparlamentet
 - Fulbright

Forslaget inneber at følgende program blir fasa ut frå 2024:

- Partnerskapsprogram for globalt akademisk samarbeid (NORPART), gjeld løyvinga over Kunnskapsdepartementets budsjett
- Program for auka studentmobilitet

Post 52 Tiltak for høgare utdanning, kan overførast, kan nyttast under post 72

Posten blir forvalta av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse. Løyvinga kan nyttast under kap. 272, post 52 når midlane går til statlege aktørar, og under kap. 272, post 72 Tiltak for høgare utdanning for tilskot til ikkje-statlege aktørar.

Mål for 2024

Dei uteksaminerte kandidatane frå høgare utdanning er svært kompetente og dekkjer kompetansebehova i arbeidslivet og samfunnet.

Resultat i 2022

Kvalitetsprogramma er ei samlenemning på program som er innretta mot kvalitet i høgare utdanning. Føremålet med programma er å gi universiteta og høgskulane høve til å utvikle og spreie gode undervisningsmetodar og utdanningstilbod i tråd med forventningane i langtidsplanen for forskning og høgare utdanning. Eit av verkemidla under desse programma er senter for framifrå utdanning. Det står sentralt i ordninga at sentera skal arbeide

for å spreie resultatane sine og bidra med kompetansen sin til kvalitetsutvikling ved andre institusjonar for å løfte breidda i norsk høgare utdanning. Ordningane har lagt eit godt grunnlag som universiteta og høgskulane kan bygge vidare på i kvalitetsarbeidet framover. I 2022 fekk tre nye utdanningsmiljø status og finansiering som senter for framifrå utdanning. Ein rapport frå Riksrevisjonen i 2023 om studiekvalitetsarbeidet ved universiteta og høgskulane viser at det har vore utfordrande å få god spreingseffekt, noko som har vore eit viktig mål med kvalitetsordningane.

Samarbeid med arbeidslivet er også eit viktig formål i fleire av tilskotsordningane for kvalitet gjennom HK-dir. Program for studentaktiv læring gir til dømes støtte til prosjekt som utviklar, prøver ut og evaluerer studentaktive lærings- og vurderingsformer for å styrke studentane si læring. Programma har vore attraktive, med høg konkurranse om midlar.

HK-dir overtok i 2022 oppfølginga av Program for maritim kompetanse, som er retta mot å utvikle kvalitet og relevans i maritime profesjonsutdanningar ved fagskular, høgskular og universitet. I 2022 tildelte HK-dir 37 mill. kroner til 20 nye prosjekt med særleg vekt på digitalisering og det grøne skiftet.

I 2022 blei den søknadsbaserte ordninga for fleksibel og desentralisert utdanning ført vidare, og det blei oppretta ei ny søknadsbasert ordning for studiesenter. HK-dir tildelte 184 mill. kroner gjennom dei to tilskotsordningane i 2022. Av midlane gjekk om lag 150 mill. kroner til 29 prosjekt ved universitet og høgskular, og 14 prosjekt ved fagskular, medan 33 studiesenter fekk tilskot på til saman 34 mill. kroner. I begge ordningane er det lagt vekt på kompetansebehova i dei ulike regionane og god geografisk spreing av midlane ved tildeling av støtte. Ordningane har medverka til å styrke tilgangen til fleksibel og desentralisert utdanning i heile landet og meir aktivitet i distrikta gjennom at fleire får tilgang til utdanning der dei bur.

Direktoratet tildelte 50 mill. kroner til bu- og reisestønad til helse- og sosialfagstudentar og andre tiltak som støttar opp under kvalitet og kapasitet i praksis i kommunar som ligg langt frå campus. Førebels rapportering viser at midlane har bidrege til auka praksiskapasitet, og at kommunar som ikkje tidlegare har vore brukte som praksisarena, no blir det.

Lærebokordninga skal medverke til meir bruk og utvikling av norsk fagspråk. Søknader på fagområde med stort domenetap til engelsk og bøker på samisk og nynorsk er prioritert i ordninga. Større vektlegging av norsk fagspråk i høgare

utdanning kan føre til at det blir produsert og publisert fleire læremiddel på norsk og samisk framover.

Covid-19-pandemien har gitt verdifull erfaring og kompetanse i bruk av digitale verktøy i undervisning, vurdering og læring som det er viktig å bygge vidare på. Fleirtalet av prosjekta som har fått støtte frå HK-dir dei seinare åra, inkluderer utvikling og pedagogisk bruk av digitale verktøy. Prosjekta har teke i bruk digitale verktøy for å fremje meir studentaktivitet i undervisnings- og læringsprosessen eller for å gjere undervisninga meir praksisnær.

Gjennom Program for kunstnarleg utviklingsarbeid har kunstnarlege utviklingsprosjekt fått prosjektmidlar og drive den nasjonale forskarskulen i dei skapande og utøvande kunstfaga, og utvikla doktorgradsutdanningane på dette området. Nasjonal forskarskule samlar stipendiatar frå små fagmiljø ved utdanningsinstitusjonar over heile landet og tilbyr eit tverrfagleg lærings- og forskingsmiljø.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår ei samla løyving for post 52 og 72 på 199,4 mill. kroner, fordelt med 147,3 mill. kroner på post 52 og 52,1 mill. kroner på post 72.

Forslaget omfattar å flytte 218,9 mill. kroner frå kap. 272, post 52 og 72 til rammeløyvinga for universitet og høgskular over kap. 260, post 50 og 70. Endringane vil ikkje ha konsekvensar for forplikta utbetalingar framover i ordningar og program som blir avvikla. Sjå òg omtale under kap. 272, post 51 og 71.

Vidare omfattar det å flytte 21,6 mill. kroner til kap. 240, post 60, som er driftsmidlar for fagskulane, og 9,7 mill. kroner til kap. 240, post 61, som er tilskot til utvikling av fagskular. Sjå nærare omtale under programkategori 07.40.

HK-dir vil framleis ha ei sentral rolle i å følge opp arbeidet i sektoren med utdanningskvalitet og fleksibel og tilgjengeleg utdanning, i tråd med studentane sine interesser og kompetansebehova i samfunnet. Direktoratet vil følge opp tilrådingane i rapporten frå Riksrevisjonen om kvalitet i høgare utdanning, og målsetjingane som ligg i mellom anna Langtidsplanen for forskning og høgare utdanning, utsynsmeldinga og Strategi og handlingsplan for digital omstilling i høgare utdanning og forskning. Departementet vil be direktoratet sjå på framtidig organisering og innretning av arbeidet med eit samla kunnskapsgrunnlag, og utvikle ei koordinerande rolle for arbeidet med eit godt kunnskapsgrunnlag for høgare utdanning. HK-dir

vil halde fram arbeidet med å utvikle og dele kunnskapsgrunnlag, gi kunnskapsbaserte råd, legge til rette for utviklingsprosessar og innovasjon og samordne arenaer for deling av kunnskap, erfaringar og lovande praksis.

Løyvinga på post 52 og 72 går til følgande program og tiltak retta mot høgare utdanning:

- søknadsbasert ordning for studiesenter
- lærebokordninga for høgare utdanning
- støtteordninga for opne norskspråklege tidskrift innanfor humaniora og samfunnsvitenskap
- utdanningskvalitetsprisen for høgare utdanning
- International Council for Open and Distance Education (ICDE)

Forslaget inneber at følgande program blir fasa ut frå 2024:

- Studentaktiv læring / Arbeidslivsrelevans
- Program for kunstnarleg utviklingsarbeid
- Senter for framifrå høgare utdanning
- Program for fleksible utdanningstilbod (med unntak av løyvinga til studiesenter)
- Maritim kompetanse

Departementet foreslår å auke løyvinga på posten med 2 mill. kroner for å følge opp Frå ord til handling – handlingsplan for norsk fagspråk i akademia. I samband med revidert nasjonalbudsjett for 2023 vedtok Stortinget midlar til kompetanseutvikling og studietilbod i Aust-Finnmark. Regjeringa foreslår å løyve 2,5 mill. kroner til Aust-Finnmark kunnskapscenter for å legge til rette for tilbod innanfor høgare yrkesfagleg utdanning.

Departementet foreslår 31,9 mill. kroner til bu- og reisestønad til helse- og sosialfagstudentar og andre tiltak som støtter opp under kvalitet og kapasitet i praksis i kommunar som ligg langt frå campus.

Regjeringa foreslår 8,5 mill. kroner til Høgskolesenteret i Kristiansund for å legge til rette for at universitet og høgskular kan tilby utdanning av høg kvalitet i Kristiansund.

Post 71 Tilskot til tiltak for internasjonalisering, kan overførast, kan nyttast under post 51

Sjå omtale under kap. 272, post 51.

Post 72 Tilskot til tiltak for høgare utdanning, kan overførast, kan nyttast under post 52

Sjå omtale under kap. 272, post 52.

Kap. 273 Kunnskapssektorens tenesteleverandør – Sikt

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
50	Verksemdskostnader	178 729	182 910	425 635
	Sum kap. 273	178 729	182 910	425 635

Post 50 Verksemdskostnader

Posten omfattar løyvinga til Sikt – Kunnskapssektorens tenesteleverandør, som er eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter under Kunnskapsdepartementet. Sikt har ansvar for felles digitale tenesteleveransar til kunnskapssektoren.

Mål for 2024

- Kunnskapssektoren har god tilgang til infrastruktur og fellestenester av høg kvalitet

- Kunnskapssektoren deler data for auka kunnskapsutvikling, innovasjon og verdiskaping
- God informasjonstryggleik og godt personvern i kunnskapssektoren

Resultat i 2022

Sikt – Kunnskapssektorens tenesteleverandør blei oppretta 1. januar 2022, som følge av omorganisering av den sentrale forvaltninga av høgare utdanning, høgare yrkesfagleg utdanning og kompetansefeltet. Sikt har ansvar for hovuddelen av tenesteleveransane til dei tidlegare verksemdene Unit –

Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning, Uninett AS og Norsk senter for forskingsdata AS. Organiseringa skal gjere det enklare å levere eit heilskapleg og samanhengande tenestetilbod.

Sikt leverer fellestenester, data og digital infrastruktur til grunn- og vidaregåande opplæring, fagskule, høgare utdanning og forskning. Dei utviklar, skaffar og forvaltar rundt 80 ulike produkt og tenester mellom anna innan studieadministrasjon, undervisningsstøtte, infrastruktur, forskingsdata, bibliotek, datadeling, tryggleik og personvern. Talet på kundar og brukarar auka i 2022.

Sikt og Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) har samarbeidd om å revidere samstyringsmodellen for digitalisering i høgare utdanning og forskning. Samstyringsmodellen skal sikre brukarmedverknad i den løpande produktutviklinga og dermed at utvikling og forvaltning av fellestenestene er i tråd med behova til brukarane.

Sikt og HK-dir har i 2022 jobba med kvalitets-sikring og førebuing av prosjektet for å modernisere og oppdatere opptakssystemet til grunnutdanningar ved universitet og høgskular, Samordna opptak. Opptaksplattforma bygger på gammal teknologi og har no eit stort behov for modernisering.

Kunnskapsdepartementet tildelte 8,7 mill. kroner av ei ramme på 14 mill. kroner til Sikt i 2022 for å utvikle eit nasjonalt utdanningsregister. Utdanningsregisteret skal vere ei plattform for sikker lagring av utdanningstilbod og akkrediteringa deira. Tiltaket skal fremje datadeling i sektoren, gi betre tenester for brukarane og legge til rette for bruk av data. Utdanningsregisteret skal utviklast for å kunne handtere data for heile utdanningsløpet, frå grunnopplæring til høgare utdanning.

Sikt har ført vidare arbeidet i cybertryggleiks-senteret for forskning og utdanning, som er ei fellesteneste for betre å avdekke, analysere og handtere truslar og dermed redusere risiko i informasjonstryggleik og personvern i høgare utdanning og forskning. Senteret har òg ansvaret for oppgåva som sektorvist responsmiljø (SRM), som skal dekke alle dei underliggende verksemdene i sektor for høgare utdanning og forskning, frå hausten 2022 også for Utdanningsdirektoratet og Statped.

Sikt har i 2022 halde fram med å forhandle og reforhandle avtalar om open forskning med dei store forlaga på vegner av universitet, høgskular, forskingsinstitutt og sjukehus. Avtalane gir lesetilgang til alle tidsskrifta til forlaga og høve til å publisere forskingsartiklar utan ekstra kostnader. Sikt har auka tilgangen til forskingsdata gjennom

nasjonalt og internasjonalt samarbeid. Sikt har både spesialtilpassa løysingar for nokre særskilde data (som European Social Survey, microdata.no og NorLAG-undersøkinga frå OsloMet), og eit stort forskingsdataarkiv for ulike norske spørjeundersøkingar, som no blir vidareutvikla til Surveybanken.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 425,6 mill. kroner på posten.

Av løyvinga er 140 mill. kroner første års løyving til å oppgradere det nasjonale forskingsnettet. Nettet blir brukt av meir enn 150 organisasjonar særleg i universitets- og høgskulesektoren og instituttsektoren, men også andre sektorar, som til dømes næringslivet. Regjeringa legg opp til ei tilsvarende tilleggsløyving på 140 mill. kroner i 2025. Brukarbetalingar over 20 år vil dekke investeringskostnadene for å oppgradere det nasjonale forskingsnettet. Det inneber at løyvinga til Sikt – Kunnskapssektorens tenesteleverandør frå og med 2025 blir redusert over den estimerte levetida til investeringa på 20 år. Sjå òg forslag til vedtak VIII.

Regjeringa vil styrke infrastrukturen for å gjere samfunnsøkonomiske data og helsedata tilgjengelege. Av løyvinga går 5 mill. kroner til microdata.no med mål om støtte den vidare utviklinga av plattforma med meir data og fleire variablar for bruk av registerdata hos små og store aktørar i heile landet.

Stortinget vedtok i 2023 å løyve 53,7 mill. kroner til å utvikle eit nytt IT-system for Samordna opptak og vedtok i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2023 at prosjektet kunne starte opp. Det er sett ei kostnadsramme (per 2023) på 264,4 mill. kroner. Midlane i 2023 var løyvde over kap. 275, post 21. Sikt skal ha hovudansvaret for å drive prosjektet vidare med bidrag frå Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir). Kunnskapsdepartementet foreslår å flytte investeringsløyvinga frå kap. 275, post 21 med høvesvis 52,7 mill. kroner til Sikt på kap. 273, post 50 og 4,6 mill. kroner til HK-dir på kap. 256, post 21. Kunnskapsdepartementet foreslår vidare å auke løyvinga til investeringa med 17,9 mill. kroner på kap. 273, post 50. Departementet foreslår å løyve til saman 70,6 mill. kroner til investeringa på kap. 273, post 50 i 2024.

Ekstern kvalitetssikrar av prosjektet har vurdert at det nye IT-systemet vil vere meir komplekst å forvalte og drifte. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga til Sikt med 15,5 mill. kroner.

Kap. 274 Universitetscenteret på Svalbard

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
70	Tilskot til Universitetscenteret på Svalbard	158 265	158 265	168 386
	Sum kap. 274	158 265	158 265	168 386

Post 70 Tilskot til Universitetscenteret på Svalbard

Posten omfattar tilskot til Universitetscenteret på Svalbard AS (UNIS). UNIS er eit statleg aksjeselskap underlagt Kunnskapsdepartementet. UNIS blei etablert i 1993 som ein høgare utdannings- og forskingsinstitusjon for å gi utdanning på universitetsnivå i arktiske studium og bidra til å utvikle Svalbard som internasjonal forskingsplattform.

Mål for 2024

Høg kvalitet i utdanning og forskning knytt til Svalbards plassering i eit høgarktisk område.

Resultat i 2022

UNIS har studietilbod på universitetsnivå som eit supplement til den undervisninga som blir gitt ved institusjonane på fastlandet. Den geografiske plasseringa gir spesielle fortrinn gjennom bruk av naturen som laboratorium og arena for observasjonar, innsamling og analyse av data. Etter to år med redusert aktivitet som følge av covid-19-pandemien har 2022 vore eit normalår med full drift ved UNIS. UNIS tilbyr einskildemne på bachelor-, master- og doktorgradsnivå og tek imot studentar frå heile verda. I 2022 hadde 717 studentar frå til

saman 46 ulike nasjonar kortare eller lengre studieopphald ved UNIS. 45 pst. av studentane kom frå studieprogram ved norske universitet. Til saman blei det utført 208 studentårsverk ved senteret. Det er 41 fleire enn i 2021 og på same nivå som i 2018. UNIS hadde 23 stipendiatar og fire postdoktorar i 2022.

UNIS har dei siste åra brukt meir ressursar på å koordinere og organisere forskinga og dei faglege satsingane. Dei har i løpet av 2022 mellom anna førebudd søknader om forskingsmidlar og er partner i ulike prosjekt som fekk finansiering. Vidare har dei hatt interne satsingar på Nasjonalt vitenarkiv og på å sikre og gjere vitenskapleg data tilgjengelege for å styrke forskingsaktiviteten og bli meir synleg internasjonalt. Gjennom det internasjonale prosjektet Cryosphere Integrated Observatory Network (CRIOS) fekk Arktisk teknologi finansiering til å etablere ein observasjonsstasjon for kryosfæren i Longyearbyen. Ved Arktisk geofysikk starta dei pilotprosjektet PermaMeteoCommunity, som skal utvikle eit responsssystem for klimaendringar i arktiske samfunn.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 168,4 mill. kroner på posten.

Kap. 275 Tiltak for høgare utdanning og forskning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i>	134 174	186 077	71 062
70	Tilskot, <i>kan nyttast under post 21</i>	149 780	77 524	71 565
	Sum kap. 275	283 954	263 601	142 627

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 70

Løyvinga til ulike tiltak og prosjekt innanfor høgare utdanning og forskning kan nyttast under kap. 275, post 21 når midlane er til statlege aktørar, og under kap. 275, post 70 for tilskot til ikkje-statlege aktørar.

Delar av løyvinga kan nyttast til lønn og andre utgifter for tilsette i Kunnskapsdepartementet.

Mål for 2024

Høg kvalitet og samordning innanfor høgare utdanning og forskning.

Resultat i 2022

Midlane til partnerskapssamarbeid i 2022 har bidrege til at lærarutdanningsinstitusjonane har kunna vidareutvikle kvalitetssamarbeidet med skule- og barnehageeigarar om praksis av høg kvalitet. Praksissatsingane som regjeringa har støtta gjennom Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir), om styrkt praksis og FoU-samarbeid, har hatt som mål å få til samarbeid og kunnskapsutvikling om kvalitet i praksis, slik at studentane kan få eit betre læringsutbyte. Fagleg råd for lærarutdanning har teke føre seg arbeidet som blir gjort i samband med bachelor- og masteroppgåver i lærarutdanningane, og potensialet for kvalifisering, kunnskap og organisasjonsutvikling som ligg i dette. Seks universitet og høgskular tok i 2022 opp til saman 311 studenar til den nye femårige lærarutdanninga i praktiske og estetiske fag for trinn 1–13 (LUPE). Dette er eit litt lågare opptakstal enn til den treårige utdanninga i dei siste åra, men like mange som i 2018 og nokre år før. I 2022 støtta departementet institusjonane i arbeidet med å førebu implementeringa av denne utdanninga.

Kunnskapsdepartementet starta i 2017 arbeidet med å utvikle nasjonale retningslinjer for helse- og sosialfagutdanningane (RETHOS-prosjektet). Det er sett av 5,3 mill. kroner årleg til prosjektet. Retningslinjene blir utarbeidde av programgrupper som departementet nemner opp. Det er til no utarbeidd retningslinjer for 21 grunnutdanningar og 11 master- og/eller vidareutdanningar. I 2022 har retningslinjer for fleire masterutdanningar vore under utvikling.

HK-dir og Sikt – Kunnskapssektorens tenesteleverandør fekk til saman 17,5 mill. kroner i 2022 til programmet for informasjonstryggleik (2019–22). Programmet har bidrege til at fleire institusjonar etterlever krava til informasjonstryggleik og personvern, og det er no avslutta.

Departementet tildelte 5,5 mill. kroner til Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI) for å bidra til meir innsikt i og spreining av informasjon om internasjonale forhold, særleg til barn og unge. NUPI har mellom anna arrangert seminar og konferansar med om lag 6 400 deltakarar og produsert 28 podkastepisodar med 35 500 avspelingar. Alle arrangement blir direktesende digitalt.

Det blei tildelt midlar til Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek for prøveprosjektet tilrettelagt pensum for studentar med lesevanskar, som resulterte i produksjon av 487 titlar som både e-bok og på lyd i 2022.

Departementet tildelte midlar til fleire evalueringar og utgreiingsoppdrag som har bidrege til eit betre grunnlag for å nå måla for posten, mellom anna den europeiske studentundersøkinga Eurostudent VIII, ekspertgruppe for akademisk yringsfridom, ekspertgruppe om universitetsakkreditering, undersøking blant arbeidsgivarar som har tilsett nyutdanna kandidatar frå fagskular, høgskular og universitet, evaluering av campusutviklingsplanar og evaluering av Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR), sjå meir om resultatata av NKR-evalueringa

under programkategori 07.40 Høgare yrkesfagleg utdanning.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 71,1 mill. kroner på posten.

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse har forvalta ein stor portefølje av søknadsbaserte ordningar, tilskot og utviklingsmidlar retta mot mellom andre fagskular, høgskular og universitet. I 2024 foreslår regjeringa å flytte 338,8 mill. kroner frå program og tilskotsordningar til rammeløyvinga for universitet og høgskular. Sjå nærare omtale under kap. 256, post 01, kategori-innleiinga under programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning og under kap. 260 Universitet og høgskular. Forslaget omfattar å flytte til saman 76,9 mill. kroner frå kap. 275, post 21 til rammeløyvinga til universitet og høgskular over kap. 260, post 50 og 70, som har vore retta til ordningane partnerskap for og kvalitetsutvikling av praksis i lærarutdanningane. Endringane vil ikkje ha konsekvensar for forplikta utbetalingar framover i ordningar som blir avvikla.

Kunnskapsdepartementet foreslår å flytte løyvinga som i 2023 går til å utvikle nytt teknisk system for opptak til høgare utdanning, med 52,7 mill. kroner til kap. 273, post 50 og 4,6 mill. kroner til kap. 256, post 21, sjå omtale under kap. 273, post 50.

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 1,5 mill. kroner, mot ein tilsvarende auke på kap. 200, post 01, mellom anna som følge av fleire oppgåver knytt til tryggleik og beredskap i departementet. Sjå nærare omtale under kap. 200, post 01.

Departementet foreslår ein reduksjon i løyvinga på 0,6 mill. kroner for å finansiere andre tiltak på Kunnskapsdepartementets budsjett.

Midlane over kap. 275, post 21 skal gå til mellom anna følgjande formål:

- Utvikling av nasjonale retningslinjer for helse- og sosialfagutdanningane: 6 mill. kroner
- Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI), for å spreie forskingsbasert informasjon om internasjonale tilhøve, særleg til barn og unge: 6 mill. kroner
- Sikt, for arbeid med sektorvist responsmiljø (SRM): 4,2 mill. kroner
- HK-dir, for arbeid med styringsmodell for informasjonstryggleik: 4,2 mill. kroner
- Prosjekt for å styrke kvaliteten i praksis i lærarutdanningane: 3,9 mill. kroner

- Arbeidet med å redusere rammeplanstyringa av lærarutdanningane: 2,5 mill. kroner
- Nord universitet, for arbeid med trafikklærarutdanning: 1,1 mill. kroner
- Polhavsprogrammet GoNorth: 1 mill. kroner
- Fagleg råd for lærarutdanning 2025: 0,9 mill. kroner

I tillegg foreslår departementet midlar over kap. 275, post 21 til mellom anna å dekke kostnader ved å avvikle dei regionale forskingsfonda, stortingsmelding om profesjonsutdanning, den europeiske studentundersøkinga Eurostudent VIII, evaluering av Erasmus+, arbeidet med forskingsprisar og andre mindre tiltak. Sjå kap. 286, post 60 for nærare omtale av avvikling av dei regionale forskingsforfonda.

Kunnskapsdepartementet foreslår å løyve 5 mill. kroner til Kommunane sitt strategiske forskingsorgan (KSF) for å medverke til eit kunnskapssystem forankra i forskings- og kunnskapsbehova til dei kommunale helse- og omsorgstenesene. Sjå òg kap. 285, post 51. Helse- og omsorgsdepartementet foreslår òg å løyve 5 mill. kroner til KSF. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2023–2024) for Helse- og omsorgsdepartementet.

Post 70 Tilskot, kan nyttast under post 21

Mål for 2024

Høg kvalitet og samordning innanfor høgare utdanning og forskning.

Resultat i 2022

Universitets- og høgskulerådet (UHR) arbeider for å betre samordninga mellom universitet og høgskular. I 2022 har UHR mellom anna gitt innspel om aktuelle saker frå regjeringa, lagt til rette for erfaringsutveksling mellom institusjonane i samband med krigen i Ukraina og arrangert konferansar i sektoren. UHR har også fått midlar til Det nasjonale publiseringstualet og til UHR-lærarutdanning.

Komité for kjønnsbalanse og mangfald i forskning har i 2022 mellom anna gitt råd til fleire institusjonar om EU-krav til handlingsplanar og mangfaldstiltak, leia arbeidspakke på interseksjonalitet i Horisont Europa-prosjektet GENDERACTION-plus og formidla aktuell forskning og informasjon om kjønn og mangfald i *akademia via kifinfo.no*.

Midlane til Det Norske Videnskaps-Akademi, Det Kongelige Norske Videnskabers Selskap, Akademiet for yngre forskarar, Senter for grunnforskning og Forskningsinstituttene fellesarena

har bidrege til drift og arbeid for å fremje og formidle vitskap, mellom anna ved å organisere møte og symposium og gjennom vitskapleg publisering.

Studiesenteret Lister kompetanse, Høgskolesenteret i Kristiansund og Campus Nord-Troms studiesenter fekk særskilt øyremerkte tilskot i 2022, i motsetnad til andre studiesenter. Dei to førstnemnde søkte og fekk i 2023 tilskot gjennom den felles søknadsbaserte ordninga i Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse, medan Høgskolesenteret i Kristiansund fekk direkte tilskot over Kunnskapsdepartementets budsjett.

Løyvinga på posten har også finansierte tiltak som kvalitetsutvikling for grunnskulelærarutdanning (GLU 1–7) ved Steinerhøyskolen, Space Education 2.0 ved Andøya Space og kandidatundersøkinga ved Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 71,6 mill. kroner på posten.

Departementet foreslår følgande tilskot:

- Senter for grunnforskning (CAS), inkludert Young CAS Fellow: 26,5 mill. kroner
- Universitets- og høgskolerådet, inkludert Kifkomiteen og Det nasjonale publiseringsutvalet: 24,1 mill. kroner
- Det Norske Videnskaps-Akademi: 10,6 mill. kroner
- Det Kongelige Norske Videnskabers Selskap: 3,7 mill. kroner
- Akademiet for yngre forskarar: 2,5 mill. kroner
- UHR-lærarutdanning: 2 mill. kroner
- Andøya Space: 0,9 mill. kroner
- Forskningsinstituttene fellesarena: 0,7 mill. kroner

Departementet foreslår ein reduksjon i løyvinga på 10,9 mill. kroner for å finansiere andre tiltak på Kunnskapsdepartementets budsjett.

Kap. 3275 Tiltak for høgare utdanning og forskning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Inntekter frå oppdrag		10	10
	Sum kap. 3275		10	10

Kap. 284 Dei nasjonale forskningsetiske komiteane

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Driftsutgifter	19 094	20 119	21 206
	Sum kap. 284	19 094	20 119	21 206

Post 01 Driftsutgifter

Dei nasjonale forskningsetiske komiteane (FEK) er eit forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet. Løyvinga dekkjer arbeidet i administrasjonen, granskingsutvalet og dei tre nasjonale forskningsetiske komiteane for høvesvis medisin og helsefag, samfunnsvitskap og humaniora, og natur-

vitskap og teknologi. Oppgåvene er fastsette i forskningsetikklova, som også slår fast at komiteane og utvala er fagleg uavhengige organ.

Mål for 2024

- Forskarar og forskingsinstitusjonar fremjar etisk god og ansvarleg forskning

- Andre aktørar tek omsyn til forskingsetikk i arbeidet sitt
- Samfunnet har tillit til forskning

Resultat i 2022

Riksrevisjonen konkluderte i 2021 med at dei statlege universiteta og høgskulane ikkje gjer nok for å sikre at forskning skjer i tråd med forskingsetikklova og forskingsetiske normer. For å følge opp dette har FEK i 2022 jobba vidare med å revidere og ferdigstille faglege retningslinjer og rett-leiarar. Dei har òg drive rådgiving og formidling for å legge betre til rette for at institusjonane og forskarar fremjar etisk god og ansvarleg forskning. Ei anna prioritert oppgåve har vore å styrke sam-

arbeidet mellom komiteane, utvala og sekretariatet og velje ut fagleg prioriterte tema å jobbe saman om. I 2022 var temaet akademisk fridom og publiseringsetikk. Dei fekk i 2022 mange nye medlemmer i komiteane og utvala og har derfor også arbeidd med opplæring av nye medlemmer. FEK har også bidrege til å gjere andre aktørar i forskningssystemet meir merksame på forskingsetikk, mellom anna finansaktørar, oppdragsgivarar og samarbeidspartnarar.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 21,2 mill. kroner på posten.

Kap. 285 Noregs forskingsråd

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
51	Strategiske forskingsprioriteringar			3 013 973
52	Langsiktig, grunnleggande forskning	2 378 476	1 757 574	1 769 145
53	Sektoroverskridande og strategiske satsingar	2 709 508	1 939 694	
54	Forskinginfrastruktur av nasjonal, strategisk interesse	1 005 607	787 609	
55	Verksemdskostnader	787 158	744 217	766 873
	Sum kap. 285	6 880 749	5 229 094	5 549 991

Noregs forskingsråd er ein sentral aktør i det norske forskings- og innovasjonssystemet og eit viktig verkemiddel for å nå dei forskingspolitiske måla til regjeringa. Sjå omtalen av mål under post 55.

I tråd med sektorprinsippet for norsk forskning, som inneber at kvart departement har ansvar for å finansiere forskning innanfor sine ansvarsområde, bidreg løyvingar frå mange departement til å nå dei måla regjeringa har sett for forskingspolitikken. Ei oversikt over tildelingane til Forskingsrå-

det frå alle departement i 2023 og 2024 er lagd fram i del III, kap. 5.

Kunnskapsdepartementet har ansvaret for etatsstyringa av Forskingsrådet og for at rådet når måla som er sette for verksemda. Eit felles styringssystem for Forskingsrådet samordnar styringssignala frå dei ulike departementa til Forskingsrådet.

Nokre av løyvingane til Forskingsrådet er øyremerkte tilskot til institusjonane, sjå tabell 4.27.

Tabell 4.27 Øyremerkte tilskot gjennom Noregs forskingsråd

Organisasjon	(i 1 000 kr)	
	Kap.post	Forslag 2024
Simula AS	285.52	80 525
Uninett Sigma2 AS ¹	285.51	50 000

¹ Løyvinga til Uninett Sigma 2 AS er ei snittløyving for den komande avtaleperioden.

Oppfølging av økonomisituasjonen i Noregs forskingsråd

Kunnskapsdepartementet viser til tidlegare orienteringar til Stortinget om økonomisituasjonen i Noregs forskingsråd i Prop. 1 S (2021–2022) for Kunnskapsdepartementet, Prop. 115 S (2021–2022) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2022*, Prop. 1 S (2022–2023) for Kunnskapsdepartementet og Finansdepartementets Prop. 33 S (2022–2023) *Ny saldering av statsbudsjettet 2022*. I 2022 sette styret i Forskingsrådet i verk fleire tiltak for å redusere dei negative avsetningane som følge av tidlegare års overforbruk. Døme på tiltak var reduksjon i utlysingar og tildelingar og utsetjing av utlysingar på einskilde program. I tillegg vedtok Stortinget ei ekstraordinær fullmakt for 2022, som blei ført vidare i 2023, jf. Innst. 12 S (2022–2023) vedtak VIII. Fullmakta gjer det mogleg å nytte løyvingar som er overførte til Forskingsrådet til forskingsformål i 2023 eller tidlegare budsjettår, til å dekke forpliktingar til forskingsprosjekt med andre formål i Forskingsrådets portefølje innanfor ei samla ramme på 3 500 mill. kroner. Prognosar frå hausten 2022 tilsa negative avsetningar på einskilde postar fleire år fram i tid. I nysalderinga av statsbudsjettet for 2022 vedtok Stortinget ei ekstra løyving på 1,64 mrd. kroner til Forskingsrådet.

For å følge opp effekten av den ekstra løyvinga og dei andre tiltaka som blei sette i verk for å redusere avsetningane, bad Kunnskapsdepartementet i tildelingsbrevet til Forskingsrådet for 2023 om at Forskingsrådet skulle legge fram oppdaterte prognosar kvart kvartal for bindingar og utbetalingar samla og for einskilde postar.

I 2023 har Forskingsrådet hatt tett dialog med departementa, særleg dei departementa som har postar med negative avsetningar, for å følge situasjonen. Kvartalsrapportane har vore eit godt utgangspunkt for denne dialogen og har gitt god oversikt over prognosar fram i tid på dei einskilde budsjettpostane.

Prognosar frå den siste kvartalsrapporten syner at Forskingsrådet samla sett ligg an til å ha positive overføringar på 2,17 mrd. kroner ved utgangen av 2023 og 1,69 mrd. kroner ved utgangen av 2024. Samstundes vil det i følge prognosane vere negative avsetningar på budsjettpostar under Helse- og omsorgsdepartementet, Kommunal- og distriktsdepartementet og Utanriksdepartementet. Dei negative avsetningane er rekna til om lag 87 mill. kroner ved utgangen av 2024.

Regjeringa foreslår også å vidareføre den ekstraordinære fullmakta til Forskingsrådet. Det vil seie at Stortinget samtykker i at Forskingsrådet i 2024 kan nytte løyvingar som er overførte til Forskingsrådet til forskingsformål i 2024 eller tidlegare budsjettår, til å dekke forpliktingar til forskingsprosjekt med andre formål i Forskingsrådets portefølje innanfor ei samla ramme på 500 mill. kroner, jf. forslag til vedtak XIII.

Arbeid med ny budsjettmodell for Noregs forskingsråd

I Prop. 1 S (2022–2023) for Kunnskapsdepartementet varsla regjeringa at einskilde postar må kunne ha negative avsetningar fram til forslag til ny budsjettmodell for Forskingsrådet kan leggst fram for Stortinget i samband med statsbudsjettet for 2024. Arbeidet med ny budsjettmodell har vore ein sentral del av oppfølginga av økonomisituasjonen.

Forskingsrådet er i dag ei nettobudsjettert verksemd med særskilde fullmakter til å overføre ubrukte midlar ved utgangen av eitt budsjettår til eit anna. Den viktigaste oppgåva til Forskingsrådet er å lyse ut og tildele midlar til forskings- og innovasjonsformål. Prosjekta som får pengar, varer oftast over fleire år. Perioden med utlysing, innsending av søknader, og fagleg vurdering inneber at det alltid vil ta noko tid frå Stortinget gjer sine vedtak om løyving til pengane vert nytta til formålet. I dag er ikkje løyvingane til Forskingsrådet forankra i tilsegnfullmakter, men Forskingsrådet gir likevel tilsegn om tilskot gjennom

heile prosjektperioden. Dette er ei av årsakene til at det bygger seg opp avsetningar, jf. omtale i tidlegare budsjettproposisjonar til Stortinget. Høge og varierende avsetningar utfordrar Stortingets løyvingreglement og økonomireglementet fordi det kan kome i konflikt med kontantprinsippet, eittårsprinsippet og kravet om realistisk budsjettering. Budsjettet og statsrekneskapen reflekterer ikkje fullt ut den faktiske forskingsaktiviteten som staten finansierer gjennom Forskingsrådet i budsjettåret. DFØ har peikt på at måten Forskingsrådet har praktisert likviditetsstyring på, bryt med Stortingets løyvingreglement.

Regjeringa meiner at det er heilt nødvendig at Forskingsrådet har gode rammevilkår for å løyse oppgåvene sine effektivt og på ein måte som tek omsyn til den langsiktige karakteren forskning har. Eit godt budsjettssystem skal bygge opp under dette. Forskingsrådet treng tilstrekkeleg fleksibilitet til å kunne sjå midlane i samanheng, føreseielegheit til å planlegge framover og forplikte forskingsprosjekt fram i tid. På grunnlag av dette tek regjeringa sikte på å innføre bruttobudsjettering med tilsegnfullmakter og meirinntektsfullmakter for Forskingsrådet frå og med 1. januar 2025. Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget med forslag til utforming av og overgang til ny budsjettmodell i forslaget til statsbudsjett for 2025.

Regjeringa foreslår òg å redusere talet på budsjettpostar med løyvingar til Forskingsrådet. Alle departement skal som hovudregel finansiere forskning i Forskingsrådet over éin budsjettpost. Unntaket er pengar som går direkte vidare til gitte mottakarar, til dømes basisløyvingar til forskingsinstitutt og vitensenter. Dette forslaget bidreg til å gjere strukturen for finansiering av formål gjennom Forskingsrådet enklare og meir oversiktleg. På Kunnskapsdepartementets område inneber dette at forskning gjennom Forskingsrådet blir finansiert over følgjande postar:

- kap. 201, post 50 (Forskning på utdanning og forskning)
- kap. 226, post 71 (Tilskot til vitensenter)
- kap. 285, post 51 (Strategiske forskingsprioriteringar)
- kap. 285, post 52 (Langsiktig, grunnleggjande forskning)
- kap. 285, post 55 (Verksemdkostnader)
- kap. 287, post 70 (Grunnløyving til samfunnsvitenskaplege forskingsinstitutt)

Nærare omtale av dei nye postane under kap. 285 blir gitt under.

Post 51 Strategiske forskingsprioriteringar

Post 51 er ei samanslåing av tidlegare kapittel 285, post 53 Sektoroverskridande og strategiske satsingar og 54 Forskingsinfrastruktur av nasjonal, strategisk interesse.

Løyvinga skal støtte forskning med høg relevans og kvalitet på område som regjeringa prioriterer, og bidra til å oppnå måla og prioriteringane i langtidsplanen for forskning og høgare utdanning. Inkludert i dette er forskings- og datainfrastruktur av nasjonal strategisk interesse og støtte til internasjonalt forskningssamarbeid. Midlar på posten kan òg verke saman med midlar frå andre departement i ein startfase for å skape koordinerte endringar i forskinga for prioriterte samfunnssektorar. Samfinansiering skal vurderast jamleg for å følge opp forskingsprioriteringane til regjeringa.

Den nye budsjettposten finansierer mange ulike satsingar. Kunnskapsdepartementet vil gjennomgå posten med sikte på å rydde i det som blir finansiert over den nye posten. Departementet vil i den samanheng også vurdere behovet for å revidere prinsippa for fordeling av løyvingane på posten, jf. Innst. 12 S (2020–2021) og Prop. 1 S (2020–2021), og vil kome tilbake til Stortinget i samband med komande budsjett.

Mål for 2024

Forskning med høg relevans og kvalitet som medverkar til å følge opp prioriteringane i *Langtidsplan for forskning og høgare utdanning 2023–2032*, jf. Innst. S. 170 (2022–2023) og Meld. St. 5 (2022–2023), og andre satsingar som regjeringa prioriterer.

Budsjettforslag for 2024

Kunnskapsdepartementet foreslår å løyve 3 mrd. kroner på posten.

Regjeringa foreslår at løyvinga på posten skal gå til satsingar som følger opp prioriteringane i langtidsplanen for forskning og høgare utdanning, og som medverkar til sektoroverskridande forskning av strategisk interesse.

I 2024 vil delar av løyvinga på posten gå til den varsla satsinga på framtidens databehandling – kunstig intelligens, digital tryggleik og samfunnskonsekvensar av teknologiutviklinga, som omtalt i kategoriinnleiinga. Satsinga gjennom Forskingsrådet har tre hovudspor: a) forskning om konsekvensar av kunstig intelligens og andre digitale teknologiar for individ og samfunn, b) forskning på

digitale teknologiar som kunstig intelligens, digital tryggleik, neste generasjons IKT, nye sensorar og kvanteteknologi, c) forskning på korleis digitale teknologiar kan brukast til innovasjon i næringslivet og offentleg sektor og korleis kunstig intelligens kan kome til nytte i forskinga på mange ulike fagområde. Satsinga skal vere på minst 1 mrd. kroner over ein femårsperiode.

Forskringsrådet spelar ei sentral rolle i arbeidet med å styrke det internasjonale forskingssamarbeidet med strategisk viktige land utanfor EU/EØS. Samarbeid med leiande internasjonale kunnskapsmiljø bidreg til å auke kvaliteten i norske fagmiljø. Som ein del av arbeidet med ein forenkla poststruktur, jf. omtale over, foreslår departementet å flytte 41,1 mill. kroner frå kap. 288, post 21 til kap. 285, post 51. Midlane skal gå til samarbeidsprogrammet Internasjonale partnarsskap for framifrå utdanning, forskning og innovasjon (INTPART). INTPART bidreg til å styrke forskingssamarbeidet med dei prioriterte samarbeidslanda i Panorama-strategien (2021–27), og departementet er oppteke av at Forskringsrådet følger opp Sør-Korea som eit av dei nye prioriterte samarbeidslanda. Dei konkurransutsette midlane til polarforskning blir vidareført. Forskringsprosjektet Arven etter Nansen går inn i det siste prosjektåret i 2024.

Departementet foreslår å løyve 103,7 mill. kroner til ei ordning i Forskringsrådet for å finansiere FoU-prosjekt forankra i behova til dei kommunale helse- og omsorgstenestene. Ordninga må sjåast i samanheng med midlar til Kommunane sitt strategiske forskingsorgan, jf. omtale i kap. 275, post 21. Målet er eit kunnskapsløft som eit bidrag for å møte utfordringane i dei kommunale helse- og omsorgstenestene.

Regjeringa tek sikte på å legge fram ein strategi i løpet av våren 2024 for å auke næringslivet sin del i finansieringa av forskning og utviklingsarbeid. Dette er i tråd med målsetjinga i langtidsplanen for forskning og høgare utdanning. Regjeringa foreslår at delar av løyvingane på posten skal medverke til å styrke næringslivets kontakt med forskingsutførande sektor og auke næringslivets kompetanse, noko som på sikt kan auke næringslivets forskingsinnsats.

Midlane på posten skal òg gå til å finansiere Forskringsrådets ordning Nasjonal satsing på infrastruktur. I tillegg skal løyvinga finansiere følgjande særskilde formål:

- norsk bidrag til dei internasjonale infrastrukturprosjekta CESSDA ERIC, ECCSEL ERIC, Svalbard Integrated Arctic Earth Observing

System, European Spallation Source og EISCAT.

- basisløyvinga til Sigma2 AS. Kunnskapsdepartementet foreslår at denne blir vidareført i 2024

Det internasjonale forskingsinfrastruktursamarbeidet EISCAT er i dag organisert som ei ideell foreining etter svensk lov. EISCAT har vedteke å gjere om organisasjonsforma til aksjeselskap. Selskapet skal vere eigd av styresmaktene i dei tre vertslanda Sverige, Finland og Noreg. Regjeringa kjem tilbake til denne saka i samband med revideringa av statsbudsjettet for 2024.

Løyvinga på posten vil òg gå til Retur-EU, ei ordning for å støtte opp om dei norske institutta si deltaking i EUs rammeprogram for forskning og innovasjon, Horisont Europa. Sjå Prop. 1 S (2022–2023) for Kunnskapsdepartementet for omtale av ramma for Retur-EU-ordninga.

Departementet foreslår å rammeoverføre 20,6 mill. kroner til Nærings- og fiskeridepartementet til Innovasjon Noregs arbeid med å stimulere til auka deltaking i Horisont Europa.

Departementet foreslår å flytte 4 mill. kroner til kapittel 285, post 55, der midlane skal nyttast til oppfølging av aktuelle forskingstiltak.

Post 52 Langsiktig, grunnleggande forskning

Kunnskapsdepartementet har eit særskilt ansvar for å finansiere forskning som ikkje er øyremerkte særskilde tema eller formål. Løyvinga over kap. 285, post 52 skal finansiere langsiktig, grunnleggande forskning, bidra til å betre den vitskaplege kvaliteten i forskingsmiljø eller på einskilde forskingsområde og bidra til å utvikle fagmiljø av framifrå kvalitet.

Mål for 2024

Langsiktig, grunnleggande forskning av høg kvalitet, uavhengig av fagområde.

Resultat i 2022

Satsinga på langsiktig, grunnleggande forskning har medverka til at forskningssystemet har prioritert banebrytande forskning, og til at dei beste forskarane har fått høve til å drive framifrå forskning og utvikle forskarkarrieren sin. Norsk artikkelproduksjon er generelt høg og held eit høgt siteringsnivå. Norsk forskning hevdar seg også betre i Europa enn tidlegare, men det er framleis potensial for fleire norske prosjekt frå Det europeiske forskingsrådet (ERC), ikkje minst i naturvitskap,

livsvitenskap og teknologi. I 2022 blei ei ny fagevaluering av biovitenskap og naturvitenskap sett i gang.

Forskningsrådet tildelte i 2022 meir enn 80 nye prosjekt innanfor banebrytande forskning (FRIPRO). Alle prosjekta startar i 2023. Universitets- og høyskulesektorens del av løyvingane har auka over tid, medan instituttsektorens del har flata ut.

Prosentdelen innvilga prosjekt blei svært låg, om lag 5 pst., og Forskningsrådet har sett i gang tiltak for å redusere søknadsmengda. Målet er at 25 pst. av prosjekta blir innvilga, med mindre ressursbruk både for søkerane og for Forskningsrådet. For FRIPRO er mellom anna årleg søknadsfrist erstatta med behandling av søknader etter kvart, og det er innført karantene for søknader som får karakter under gitte grenser. Desse og nokre mindre tiltak er innførte for å nå målet om at 25 pst. av søknadene blir innvilga.

Sentera for framifrå forskning (SFF) bidreg til å styrke kvaliteten i norsk forskning. Søknadsbehandlinga av den femte generasjonen SFF-ar blei gjennomført i 2022 og resulterte i at ni nye prosjekt startar opp i 2023. 13 senter i tredje generasjon SFF-ar er i avslutningsfasen.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 1,8 mrd. kroner på posten.

Meld. St. 5 (2022–2023) *Langtidsplan for forskning og høgare utdanning 2023–2032* seier at regjeringa vil legge grunnlaget for å utvikle fleire framifrå fagmiljø og heve kvaliteten på forskning og utdanning. Satsinga på langsiktig, grunnleggande forskning skal medverke til at dei beste forskarane får høve til å drive framifrå forskning. Løyvingane på posten må sjåast under eitt med løyvingane på kapittel 285, post 51 *Strategiske forskingsprioriteringar*. Løyvingane på desse to postane nyttast til å sette i gang breie, tematiske forskingssatsingar som er nødvendig for å løyse store samfunnsutfordringar, og til å sørge for at forskningssystemet har tilstrekkeleg med forskarinitiert forskning av høgste kvalitet.

Post 53 Sektoroverskridande og strategiske satsingar

Sjå kap. 285, post 51 for mål og budsjettforslag for 2024.

Resultat i 2022

Midlane på posten skal sørge for ei god oppfølging av langtidsplanen for forskning og høgare

utdanning. På grunn av den koordinerande rolla Kunnskapsdepartementet har i forskingspolitikken finansierer posten mange ulike område og aktivitetar i Forskningsrådets portefølje. Midlane skal også bidra til å auke forskingskapasitet på viktige område.

Løyvinga på posten finansierer stimuleringsordningar for auka deltaking i EUs rammeprogram for forskning og innovasjon. Midlane går til ei rekke tiltak, i hovudsak i Forskningsrådet, men òg i Innovasjon Noreg. I løpet av dei to første åra i programperioden for Horisont Europa har norske forskings- og innovasjonsmiljø, næringsliv og offentlege verksemder og helseføretak henta heim om lag 3,35 pst. av dei konkurranseutsette midlane, førebels godt over ambisjonsnivået på 2,8 pst. for heile programperioden. Dette utgjer om lag 4,9 mrd. kroner. Av dei norske miljøa som deltek, står næringslivet for 21 pst., universitets- og høyskulesektoren for 25 pst. og instituttsektoren for 35 pst.

Brorparten av dei konkurranseutsette midlane til polarforskning blei òg finansiert over denne posten, totalt 64 mill. kroner. I underkant av 30 pst. av alle midlar fordelte til polarforskning over Forskningsrådets budsjett var Svalbard-relevante. I tillegg gjekk 60 mill. kroner til det forskarinitierte prosjektet Arven etter Nansen (AeN). AeN fekk sær gode skotsmål i midtvegsevalueringa og er no inne i siste fase.

Andre sentrale satsingar som har fått finansiering over denne posten, er senter for forskingsdriven innovasjon (SFI) og forskingssenter for miljøvennleg energi (FME). SFI-ane bidreg til å fremje utvikling av næringsretta forskingsmiljø som ligg i den internasjonale forskingsfronten. Sentera legg godt til rette for eit nært samarbeid mellom bedrifter og forskingsgrupper. I 2022 var det i underkant av 60 aktive senter med tildeling frå Forskningsrådet, av desse var 39 SFI og 11 FME. Meir enn 60 pst. av partnerane i sentera er frå næringslivet.

Ein del av Forskningsrådets oppdrag er å bidra til nyskaping og verdiskaping frå forskingsinstitusjonane, og dette blir finansiert over posten. Forskningsrådet melder at det er potensial til å auke FoU-innsatsen i næringslivet gjennom meir samarbeid med universitet, høyskular og instituttsektor og gjennom auka mobiliseringsinnsats. Støtte gjennom FORNY skal bidra til at forskingsresultata frå offentlig finansierte forskingsinstitusjonar kjem til nytte og skaper verdiar i samfunnet. Forskningsrådets støtte til tidlegfasekommerialisering frå utdannings- og FoU-institusjonane

gjennom FORNY er viktig for å verifisere idear og prosjekt.

Talet på søknader om kommersialiseringssjunkt frå universitet, høgskular og institutt auka i 2022, etter ein nedgang i pandemiåra. Søknadene held generelt høg kvalitet og ei rekke prosjekt resulterer i nye lisensar eller oppstartsselskap som også har suksess i EU og på venturemarknaden.

Deltakinga frå norsk næringsliv i EUs ramme-program Horisont Europa held frem å auke. Norske forskings- og innovasjonsmiljø har gjort det godt i Horisont Europas innovasjonssatsing, EIC, særleg innanfor djup teknologi. Dette i samspel med universitet, høgskular og institutt. Den norske returandelen i søyle 2 Globale utfordringar og konkurransedyktig europeisk næringsliv er på 3,8 pst., og samfunnsoppdrag har ein returdel på 5 pst.

Post 54 Forskingsinfrastruktur av nasjonal, strategisk interesse

Sjå kap. 285, post 51 for mål og budsjettforslag for 2024.

Resultat i 2022

Etter søknadsbehandling av utlysinga i 2020 har Forskingsrådet i 2022 sluttført kontraktsforhandlingar med institusjonane for 22 søknader. Samla tildeling i infrastrukturordninga er så langt 7,4 mrd. kroner. Midlane fordeler seg på universitets- og høgskulesektoren (55 pst.), instituttsektoren (31 pst.) og internasjonale organisasjonar (14 pst.), men mange av infrastrukturane medfører samarbeid på tvers av sektorar. Institusjonane har lagt ein stor innsats i å utvikle og drifte infrastrukturane som yter tenester til ei rekke forskingsmiljø og næringsliv innan prioriterte område i langtidsplanen for forskning og høgare utdanning. Norske forskingsmiljø deltek i 18 felleseuropeiske forskingsinfrastrukturar i ESFRI Roadmap, med samla finansiering frå infrastrukturordninga på over 2 mrd. kroner.

Komiteen som evaluerte infrastrukturordninga i 2021 konkluderte med at ordninga er ein suksess, med stor og aukande positiv innverknad på forskningssystemet. Komiteen tilrådde å vidareføre ordninga som den viktigaste mekanismen for å støtte investeringar i nasjonal forskingsinfrastruktur og norske nodar i internasjonale forskingsinfrastrukturar, men hadde også ein del tilrådingar for forbetringar som Forskingsrådet har følgd opp i 2022. Forskingsrådet la i juni 2023 fram eit nytt vegkart for norsk forskingsinfrastruktur

som synleggjer behov for oppdatering av forskingsinfrastruktur i Noreg i åra framover. Vegkartet greier ut om det strategiske grunnlaget for Forskingsrådets infrastruktursatsing og vil vere sentralt i å velje ut prosjekt i framtidige tildelingar. Vegkartet blir utarbeidd ved hjelp av faglege innspel frå institusjonane og tematiske workshopar.

Dei nasjonale forskingsinfrastrukturane har eit stort potensial for å delta i felleseuropeiske søknader til Horisont Europa. Forskingsrådet etablerte ei ny referansegruppe for programmet for forskingsinfrastrukturar (RI-programmet) i 2022. Referansegruppene skal bidra til at norske aktørar får betre informasjon om utlysingar og satsingar i EUs ramme-program.

Post 55 Verksemdskostnader

Løyvinga omfattar midlar til drift av Forskingsrådet. Utgifter til å lyse ut forskingsmidlar, evaluere søknader, utvikle porteføljeplanar og så vidare blir i hovudsak finansierte over denne posten. Det same gjeld utgifter til Forskingsrådets arbeid med rådgiving, møteplassfunksjon og særskild tenesteyting for alle departementa som løyver forskingsmidlar gjennom Forskingsrådet. Nasjonale fag-, tema- og institusjonsevalueringar blir finansierte gjennom FoU-løyvingane frå det einskilde departementet.

Mål for 2024

- Auka vitskapleg kvalitet
- Auka verdiskaping i næringslivet
- Handtere store samfunnsutfordringar
- Eit velfungerande forskningssystem
- God rådgiving

Resultat i 2022

Forskingsrådet starta i 2021 eit arbeid med å omorganisere verksemda. Frå og med 1. september 2022 var ny organisering på plass. Den nye organiseringa har ei mindre toppleiargruppe og skal bidra til betre måloppnåing for organisasjonen. I 2022 starta også ein prosess for å effektivisere verksemda og redusere bemanninga. Parallelt med nedbemanninga har Forskingsrådet gjennomført ei større omlegging av tilskots, rådgivings- og dialogverksemda som mellom anna skal forenkle og effektivisere arbeidet med utlysingar, søknadsbehandling og prosjektoppfølgning. Forskingsrådet har òg teke ned kostnadene til konsulent- og byråbruk når det gjeld kommunikasjon.

Forskningsrådet har i løpet av året utvikla nye porteføljeplanar for alle porteføljane og arbeid vidare med porteføljeanalysar. På oppdrag for Forskningsrådet har Menon Economics gjennomført ei undervegsevaluering av innføringa av porteføljestyring i Forskningsrådet. I 2022 kom det to rapporter som del av denne undervegsevalueringa. Rapportane vil bli brukte i det vidare arbeidet med å sikre ei formålstenleg gjennomføring av porteføljestyringa. Forskningsrådet har i 2022 sett i gang nye fagevalueringar av biovitenskap og naturvitenskap og teke initiativ til ein rapport om privat finansiering av forskning, utvikling og innovasjon i Noreg.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 766,9 mill. kroner på posten. Forslaget omfattar ein generell reduksjon i løyvinga til verksemdskostnadene på ytterlegare 42,1 mill. kroner frå 2023, som inneber at Forskningsrådet skal halde fram arbeidet med å vurdere og gjennomføre kostnadsreducerande tiltak i verksemda.

I samband med gjennomgangen av forskingsystemet tek regjeringa sikte på at Forskningsrådet frå og med 2025 skal vere bruttobudsjettet. I tillegg foreslår regjeringa i 2024 å legge om poststrukturen for midlar til forskning over budsjetta til dei ulike departementa. Omlegginga krev endringar i økonomiforvaltning og rekneskap. Forslaget omfattar derfor òg ei særskild løyving på 4 mill. kroner i 2024 for å redusere risikoen i omlegginga. Kunnskapsdepartementet tek sikte på tilsvarende ekstra løyving på 2 mill. kroner i 2025.

Av løyvinga på posten er 4 mill. kroner flytta frå kap. 285, post 51. Midlane skal nyttast til oppfølging av aktuelle forskningstiltak.

Verkemiddelaktørane har i 2023 arbeid vidare med eit felles oppdrag om grøn prosjektklassifisering og rapportering, med sikte på implementering og oppstart frå 1. januar 2024. Departementet foreslår å overføre 3,4 mill. kroner frå Nærings- og fiskeridepartementets budsjett til kap. 285, post 55 for dette oppdraget.

I 2023 auka bidraget frå Olje- og energidepartementet til arbeidet i Forskningsrådet med Energi21-strategien. Bidraget skal halde fram, og departementet foreslår å overføre 1 mill. kroner frå Olje- og energidepartementets budsjett til kap. 285, post 55.

Justis- og beredskapsdepartementet har i 2023 gitt Nasjonalt tryggingsorgan og Noregs forskingsråd i oppdrag å vere det nasjonale koordineringssenteret for cybertryggleik for heile programperioden til Digital Europe Programme (DIGITAL) 2021–2027. Departementet foreslår å overføre 1,2 mill. kroner frå Justis- og beredskapsdepartementets budsjett til kap. 285, post 55.

Klima- og miljødepartementet har gitt Forskningsrådet eit oppdrag om å gjennomføre ei naturvitenskapleg fagfelleevaluering av fagsystemet for økologisk tilstand i 2023 og 2024. Departementet foreslår å overføre 1 mill. kroner frå Klima- og miljødepartementets budsjett til kap. 285, post 55 i 2024.

I statsbudsjettet 2023 blei det overført 1,5 mill. kroner frå Klima- og miljødepartementet til Forskningsrådet til oppfølging av Mission Innovation Zero-Emission Shipping. Bidraget auka med ytterlegare 1,5 mill. kroner i revidert nasjonalbudsjett 2023, til 3 mill. kroner totalt. Bidraget skal halde fram, og departementet foreslår å overføre 1,5 mill. kroner frå Klima- og miljødepartementets budsjett til kap. 285, post 55 i 2024.

Kap. 286 Regionale forskingsfond

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
60	Regionale forskingsfond, tilskot til forskning	159 012	122 087	
	Sum kap. 286	159 012	122 087	

Post 60 Regionale forskingsfond, tilskot til forskning

Dei regionale forskingsfonda (RFF) har som formål å styrke forskningsevna i regionane gjennom

tilskot til forskning og innovasjon og gjennom mobilisering av regionale aktørar til auka FoU-innsats. Fonda skal medverke til at private og offentlege verksemder oppnår auka kompetanse, innovasjonsevne og verdiskaping. Fonda skal vidare

mobilisere bedrifter og offentlege verksemder til å delta i nasjonal og internasjonal forskning. RFF-ordninga blei oppretta i 2009, og utbetalingane tok til i 2010.

Resultat i 2022

Dei regionale forskingsfonda har gitt fylkeskommunane høve til å prioritere forskingsinnsatsen sin ut frå dei føresetnadene og fortrinna regionen har. Kunnskapsdepartementet har i tråd med den fastsette fordelingsnøkkelen fordelt tilskotet til fylkeskommunane som lyser ut og tildeler forskingsmidlane i lys av regionale kunnskaps- og FoU-behov definert av fylkeskommunane sjølve.

Frå 2010 til og med 2023 er om lag 2,8 mrd. kroner løyvd til dei regionale fonda. Vel 55 pst. av dei samla tildelingane har gått til næringslivet. Resten av midlane fordeler seg nokså likt mellom forskingsorganisasjonar (universitet, høgskular, forskingsinstitutt) og andre, offentlege verksemder. Dei siste åra er mest midlar tildelte forskingsfeltene miljø, marin og helse.

RFF-finansierte prosjekt har i mange høve ført til nye prosjekt både nasjonalt og internasjonalt. Søknadstypen kvalifiseringsprosjekt har dekt eit viktig behov ved å tilby finansiering av innleiande og avklarande forskingsarbeid. Ordninga med regional kvalifiseringsstøtte har for dei fleste fagområda vore unik i norsk samanheng. Denne støtta har tilfredsstilt eit behov som korkje Forskningsrådet eller andre delar av verkemiddelapparatet har møtt.

Budsjettforslag for 2024

Kunnskapsdepartementet foreslår å avvike løyvinga til dei regionale forskingsfonda i 2024. Det er sett av midlar til å dekke kostnader ved avvikling av dei regionale forskingsfonda på kap. 275, post 21. I tillegg er midlar som blir sparte inn ved å avvike RFF, i hovudsak foreslått omprioriterte til å opprette eit forskingsprogram i Forskningsrådet for dei kommunale helse- og omsorgstenestene, og til Kommunane sitt strategiske forskingsorgan (KSF), jf. omtale i høvesvis kap. 285, post 51 og kap. 275, post 21.

Kap. 287 Grunnløyving til samfunnsvitskaplege forskingsinstitutt

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2024
		2022	budsjett 2023	
57	Grunnløyving til samfunnsvitskaplege forskingsinstitutt	228 426	234 990	
70	Grunnløyving til samfunnsvitskaplege forskingsinstitutt			245 303
	Sum kap. 287	228 426	234 990	245 303

Post 70 Grunnløyving til samfunnsvitskaplege forskingsinstitutt

Kunnskapsdepartementet har det overordna ansvaret for politikken for forskingsinstitutta. Klima- og miljødepartementet, Kunnskapsdepartementet, Landbruks- og matdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet har i tråd med sektorprinsippet for forskning ansvaret for grunnløyvinga til dei 32 forskingsinstitutta som mottek statleg grunnløyving. Kunnskapsdepartementet står for grunnløyvinga til dei 17 samfunnsvitskaplege forskingsinstitutta. Dei driv i hovudsak forskning på feltene arbeidsliv, velferd, energi og miljø, globale utviklingsutfordringar, helse, migrasjon,

offentleg økonomi, regional utvikling, sosialpolitikk, utanriks- og tryggingpolitikk og utdanning og innovasjon. Alle institutta har ein tverrfagleg profil. Departementet foreslår, som ein del av forslaget om ein ny, forenkla poststruktur for løyvingar til Noregs forskingsråd, at posten blir endra frå ein 50-post til ein 70-post frå 2024.

Mål for 2024

Målet med løyvinga er at Noreg skal ha ein sterk samfunnsvitskapleg instituttsektor som tilbyr næringsliv og offentleg sektor relevant kompetanse og forskningstenester av høg internasjonal kvalitet. Til liks med andre institutt som får statleg

grunnløyving, skal dei samfunnsvitskapelege institutta bidra til berekraftig utvikling og omstilling i nærings- og samfunnslivet.

Resultat i 2022

Driftsinntektene til dei 17 samfunnsvitskapelege institutta var i underkant av 1,8 mrd. kroner i 2022.

Grunnløyvinga til desse institutta utgjorde om lag 16 pst. av driftsinntektene deira, det same talet som i 2020 og i 2021. Talet på forskarårsverk har auka jamt frå 720 årsverk i 2018 til 837 årsverk i 2022. Kvinner stod for 53 pst. av forskarårsverka i 2022. Av instituttgruppene med statleg grunnløyving hadde dei samfunnsvitskapelege institutta i 2022 høgast vitskapeleg publisering per forskarårsverk.

Tabell 4.28 Grunnløyvinga til dei samfunnsvitskapelege institutta

	(1000 kr)	
	Grunnløyving 2022 ¹	Pst. endring 2020–22 (nominell)
Chr. Michelsens Institutt (CMI)	19 048	3
Forskningsstiftelsen Fafo	23 974	4
Fridtjof Nansens Institutt (FNI)	8 669	2
Institutt for fredsforskning (PRIO)	23 005	5
Institutt for samfunnsforskning (ISF)	13 596	6
Møreforskning AS	8 098	10
NORCE Norwegian Research Centre AS, samfunnsvitskapeleg aktivitet	34 312	2
Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU)	17 761	5
Nordlandsforskning AS	5 853	10
Norsk institutt for bærekraftsforskning AS (NORSUS)	6 091	11
Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI)	16 846	–1
NTNU Samfunnsforskning AS	13 835	6
Samfunns- og næringslivsforskning AS (SNF)	8 223	3
Stiftelsen Frischsenteret for samfunnsøkonomisk forskning	4 137	17
Stiftelsen SINTEF, samfunnsvitskapeleg aktivitet	26 814	26
Telemarksforskning	7 310	11
Vestlandsforskning	4 954	2
Totalsum	242 526	4,7

¹ I tillegg kjem 14,8 mill. kroner i Retur-EU-midlar.

Kjelde: Noregs forskingsråd

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 245,3 mill. kroner på posten. I tillegg kjem grunnløyvinga til Chr. Michelsens Institutt på 21,1 mill. kroner. Denne løyvinga blir gitt over kap. 161, post 71 på budsjettet til Utanriksdepartementet. 5,4 mill. kroner av løyvinga på posten gjeld Norsk senter for bere-

kraftig klimatilpassing (Nordapt) ved Vestlandsforskning i Sogndal.

10 pst. av grunnløyvinga til dei samfunnsvitskapelege institutta skal fordelast mellom institutta etter oppnådde resultat på dei indikatorane som er fastsette i retningslinjene for grunnløyving til forskingsinstitutt og forskingskonsern.

Institutta skal nytte grunnløyvinga til langsiktig kunnskaps- og kompetanseoppbygging. Løyvinga skal mellom anna stimulere den vitskaplege kvaliteten til institutta, publisering og internasjon-

alisering og samarbeid. Innanfor desse rammene avgjer institutta sjølv bruken av grunnløyvinga, og i årsrapportane deira gjer dei greie for korleis midlane er nytta.

Kap. 288 Internasjonale samarbeidstiltak

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
21	Særskilde driftsutgifter	39 636	48 317	10 322
72	Internasjonale grunnforskningsorganisasjonar	313 307	312 386	391 034
73	EUs rammeprogram for forskning og innovasjon	3 216 775	3 657 681	5 046 781
74	EUs program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett	824 875	972 334	1 564 078
75	UNESCO-kontingent	20 599	21 057	26 374
76	UNESCO-formål	4 350	4 481	4 778
	Sum kap. 288	4 419 542	5 016 256	7 043 367

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Løyvinga går til internasjonalt samarbeid for å heve kvaliteten nasjonalt innanfor ansvarsområda til departementet, inkludert bilateralt samarbeid med prioriterte land. Løyvinga dekker mellom anna kontingenten til Senter for utdanningsforskning (CERI) og Global Science Forum under OECD. Mindre delar vil òg kunne nyttast til Noregs hus i Cité Internationale Universitaire de Paris (CIUP) og prosjekt i regi av Europarådet og UNESCO.

Mål for 2024

Noreg deltek aktivt i internasjonalt samarbeid innanfor utdanning og forskning, og det er gode koplingar mellom forskning og høgare utdanning i arbeidet.

Resultat i 2022

Hovuddelen av løyvinga har i 2022 vore nytta til samarbeidsprogrammet INTPART – Internasjonale partnerskapar for framifrå utdanning, forskning og innovasjon. INTPART er eit av hovudtiltaka for å følge opp *Panorama – strategi for høgere utdannings- og forskningsamarbeid med Brasil, Canada, India, Japan, Kina, Sør-Afrika, Sør-Korea og USA (2021–2027)*. Ordninga bidreg til etable-

ring, bygging og vidareutvikling av strategiske partnerskapar av framifrå kvalitet gjennom støtte til koplingar mellom høgare utdanning, forskning og innovasjon. INTPART blir forvalta av Noregs forskingsråd i samarbeid med Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse. Ordninga lanserte den sjuande utlysinga si i 2021 og tildelte 70 mill. kroner til sju nye prosjekt i november 2022. Ein del av løyvinga har i 2022 gått til Europarådets prosjekt The European Qualifications Passport for Refugees. Det blei òg gitt ei løyving på 1,5 mill. kroner til UNESCOs mellomstatlege havforskningskommisjon (IOC). Løyvinga er støtte til havforskningskommisjonens koordinering av FNs havforskingstiår (2021–30). Tiåret bidreg til auka havkompetanse både nasjonalt og internasjonalt, og norske forskingsmiljø deltek aktivt.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår ei samla løyving på posten på 10,3 mill. kroner for 2024. Midlane på posten skal mellom anna gå til særskilde prosjekt i internasjonale organisasjonar, til dømes i UNESCO og Europarådet, som er særleg retta mot å nå Noregs mål for internasjonalt forskings- og utdanningsamarbeid, mellom anna bidrag til å oppnå FNs berekraftsmål 4 om god utdanning til alle. I 2024 vil delar av løyvinga gå til UNESCOs Intergovernmental Oceanographic Commission. Deler av løy-

vinga skal også dekke kontingenten til dei internasjonale organisasjonane CIMPA, EQAR og Global Science Forum. I 2024 vil delar av løyvinga gå til arbeidet med å kartlegge sensitive fagområde og strategisk viktige teknologiar, som inngår i departementets arbeid med å legge til rette for ansvarleg internasjonalt samarbeid innan høgare utdanning og forskning. Løyvinga på posten går også til finansieringa av teknologi- og kunnskapsutsendingar ved Innovasjon Noregs kontor i New Delhi, Rio de Janeiro og Tokyo.

I tråd med forslaget om ny poststruktur for Forskringsrådet, jf. omtale i kap. 285, foreslår Kunnskapsdepartementet å flytte 41,1 mill. kroner frå kap. 288, post 21 til kap. 285, post 51. Midlane skal gå til samarbeidsprogrammet INTPART.

Post 72 Internasjonale grunnforskningsorganisasjonar

Løyvinga dekker norsk deltaking i Den europeiske organisasjonen for kjerneforskning (CERN), Det europeiske molekylærbiologiske laboratoriet (EMBL), Den europeiske konferansen for molekylærbiologi (EMBC), Det europeiske synkrotronstråleanlegget (ESRF) og Den internasjonale kreftforskningsorganisasjonen (IARC).

Mål for 2024

Medlemskapen i internasjonale grunnforskningsorganisasjonar skal medverke til global kunnskapsutvikling og til å nå overordna forskingspolitiske mål om høg kvalitet og internasjonalisering.

Resultat i 2022

Alle dei internasjonale grunnforskningsorganisasjonane Noreg deltek i, medverkar til global kunnskapsutvikling og driv verdsleiane forskning innanfor fagfeltene sine. Medlemskapen i organisasjonane gjer det mogleg for norske forskarar å delta på linje med forskarar frå andre medlemsland og bidra til global kunnskapsutvikling og forskning av høg kvalitet.

Forskarane får kjennskap til ny teknologi og tilgang til ei rekke infrastrukturtenester og held seg oppdaterte om og bidreg i forskingsfronten. Gjennom kurs og opplæring ved grunnforskningsorganisasjonane hentar norske forskarar heim kunnskap til nytte for det norske forskingsmiljøet. Medlemskap i desse organisasjonane bidreg òg til å utvikle det felleseuropeiske forskingsområdet. Noreg har delegatar som sit i dei styrande organa til organisasjonane.

Ved CERN studerer forskarane dei minste byggesteinane i universet og kreftene som held dei saman, i den avanserte partikkelakseleratoren Large Hadron Collider (LHC). I 2022 oppnådde CERN protonstrålar med den høgaste energien nokosinne. Gjennom det norske CERN-senteret NorCC bidrog over 100 norske forskarar og studentar med nyutvikla partikkel- og strålingsdetektorar som no er integrerte i eksperimenta ATLAS og ALICE ved LHC. Dei bidrog òg med utvikling av kunstig intelligens til analysane og utvikling av teori koplå til eksperimenta. I 2023 opnar CERN eit nytt besøkssenter fullt av pedagogiske eksperiment for fysikk og teknologi som vil vere inspirerende for dei over 1000 norske elevane frå vidaregåande skule som besøker CERN årleg.

EMBL og underavdelinga European Bioinformatics Institute har etablert løysingar for kontrollert og sikker deling av humane genomiske data og koordinerer no fleire europeiske initiativ som gjer det mogleg for prosjekt i medlemslanda å bruke desse dataa på ein betre måte. Noreg er aktivt med i dette samarbeidet. EMBL er også sentral i Earth Biogenome Project. Dette prosjektet kan mellom anna medverke til betre forvaltning av biologisk mangfald i tråd med FN's naturavtale.

ESRF markerte i 2022 to år med vellykka drift etter bygginga av den nye maskinen som gir meir enn 100 gongar betre kvalitet på synkrotronstrålen enn tidlegare. ESRF verkar som eit «supermikroskop» som kan filme plasseringa av og rørslene til atom i faste og levande materiale innanfor mange fagfelt, som kjemi, materialfysikk, arkeologi og kulturarv, biologi, medisin, miljøvitskap med fleire. Kvart år mottek ESRF 9000 vitenskaplege besøk, og det blir publisert 2000 vitenskaplege artiklar basert på resultatane frå ESRF.

IARC er WHO's spesialiserte kreftforskningsinstitutt med fokus på førebygging. IARC har nyleg produsert forskning som viser at ein einiskild spesialutvikla HPV-vaksinedose verkar like beskyttande som tre dosar. Dette gjer det mogleg å beskytte langt fleire mot livmorhalskreft og andre skadelege effektar av HPV-viruset. Dette vil vere særleg viktig for låg- og middelsinntektsland. I India er det berekna at ein vil kunne førebygge opp til ein mill. tilfelle av livmorhalskreft blant jenter som no er under 10 år.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 391 mill. kroner på posten. Kontingentane for dei einiskilde medlemslanda blir fastsette ut frå ein avtalefesta utrek-

ningsnøkkel der bruttonasjonalproduktet eller liknande er ein hovudfaktor. Kontingentkrava for 2024 er enno ikkje fastsette for alle organisasjo-

nane. Budsjettforslaget for 2024 tek for dei fleste organisasjonane derfor utgangspunkt i dei kontingentane som blei vedtekne for 2023.

Tabell 4.29 Norske kontingentbidrag til internasjonale grunnforskningsorganisasjonar i 2024

Organisasjon	Kontingent i lokal valuta (i 1000)		1 000 kr
	CHF	Euro	
CERN	26 294		323 327
EMBC		647	7 739
EMBL		3 185	38 112
ESRF		1 068	12 777
IARC		759	9 078
Forslag til løyving på kap. 288, post 72			391 034

Post 73 EUs rammeprogram for forskning og innovasjon

Løyvinga dekker Noregs kontingent til deltaking i EUs rammeprogram for forskning og innovasjon, Horisont Europa (2021–27), og midlar til EUs tiltakspakke for gjenoppbygging etter covid-19-pandemien, «Next Generation EU», som blir kanaliserte gjennom Horisont Europa. I tillegg dekker posten etterbetalingar for Horisont 2020 (2014–20).

Mål for 2024

Måla for løyvinga er

- høg kvalitet i norsk forskning og fleire framifrå og innovative miljø
- auka verdiskaping, styrkt konkurranse- og innovasjonsevne og bidrag til omstilling, at Noreg kan handtere store samfunnsutfordringar betre og bidra til å nå berekraftsmåla og ei berekraftig samfunnsutvikling
- utvikling av forskings- og innovasjonspolitikken
- nye samarbeidsmonster på tvers av landegrenser, sektorar og fag

Resultat i 2022

Norske forskings- og innovasjonsmiljø, næringsliv og offentlege verksemder og helseføretak har totalt henta heim om lag 3,35 pst. av dei konkurranseutsette midlane i Horisont Europa til og med desember 2022, førebels godt over ambisjonsnivået på 2,8 pst. for heile programperioden. Omrekna til norske kroner utgjer dette om lag 4,9 mrd. kroner. Samla sett gir dette norske pro-

sjektdeltakarar tilgang til prosjektmidlar til ein total verdi av 35 mrd. kroner. Heile 23,6 pst. av alle søknadene med norsk deltaking er innstilte til finansiering i Horisont Europa. Denne suksessraten ligg 7,4 prosentpoeng over snittet for alle søknadene til Horisont Europa og viser høg kvalitet på søknader med norsk deltaking. Norske fagmiljø har ein særleg sterk returdel i EUs samfunnsoppdrag (*missions*) på sunne hav og vatn og klimanøytrale og smarte byar.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 5 mrd. kroner på posten. Løyvingsbehovet for Noregs bidrag i 2024 er basert på Europakommisjonens budsjett for 2024. Endra valutakurs og auka proporsjonalitetsfaktor gir store utslag og aukar løyvingsbehovet samanlikna med åra før.

Post 74 EUs utdannings-, opplærings-, ungdoms- og idrettsprogram

Løyvinga på posten dekker kontingenten for norsk deltaking i EUs program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett, Erasmus+ (2021–27).

Resultat i 2022

Erasmus+ skal bidra til å løyse viktige samfunnsutfordringar som berekraftig utvikling, inkludering og digital omstilling, som er tverrgående prioriteringar i alle tiltak.

Norske aktørar deltek i stor grad i fleire av dei nye flaggskipinitiativa i Erasmus+, til dømes Euro-

peiske lærarakademi og Europeiske universitet. Dette er sentraliserte tiltak som blir forvalta av Europakommisjonen, og norske aktørar konkurrerer med resten av Europa om midlane. I Erasmus+ lærarakademi er det med ti norske aktørar, ti lærestadar er med i europeiske universitetsalliansar, og norske aktørar deltek i seks senter for framifrå fag- og yrkesopplæring.

Vidare er interessa for deltaking i læringsmobilitet stigande. Både grunnopplæringa og høgare utdanning har hatt gode mobilitetstal i 2022. I grunnopplæringa syner programstatistikken frå Erasmus+ at den internasjonale mobiliteten er på eit høgare nivå enn før pandemien, noko som bidreg til at ein er i rute med å nå måltala i Erasmus+-strategien. For høgare utdanning er mobilitetstala tilbake til nivået før pandemien.

Målet med den norske deltakinga i Erasmus+ er styrkt kvalitet, relevans og attraktivitet i det norske utdanningssystemet og høgare kompetanse hos den einskilde deltakaren. Deltakinga skal bidra til å handtere store samfunnsutfordringar, eit styrkt samarbeid mellom utdanning, opplæring og arbeids- og samfunnsliv, og at fleire deltek i eit internasjonalt læringsmiljø. Det skal vere eit bidrag til utviklinga av politikk og rammevilkår.

På bakgrunn av at Stortinget gav samtykke til å innlemme Europeisk senter for utvikling av yrkesretta opplæring (Cedefop) i EØS-avtalen, jf. Innst. 462 S (2022–2023) og Prop. 75 S (2022–2023), blir kontingenten flytta frå kap. 272, post 51 og 71 til kap. 288, post 74. Cedefops kontingent vil frå og med 2023 inngå som ein del av EFTA-sekretariatets utbetalingsbudsjett og følge same prosesar som mellom anna kontingenten for Erasmus+.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 1,6 mrd. kroner på posten. Løyvingsbehovet for Noregs bidrag i 2024 er basert på Europakommisjonens budsjett for 2024. Endra valutakurs og auka proporsjonalitetsfaktor gir store utslag og aukar løyvingsbehovet samanlikna med åra før.

Departementet foreslår å flytte 5,7 mill. kroner frå kap. 272, post 51 og 71 til kap. 288, post 74 for kontingenten til Europeisk senter for utvikling av yrkesretta opplæring (Cedefop).

Post 75 UNESCO-kontingent

Løyvinga dekkjer den norske kontingenten til UNESCO, FN's organisasjon for utdanning, vitenskap, kultur og kommunikasjon. UNESCO har i hovudoppgåve å medverke til fred og tryggleik

ved å fremje internasjonalt samarbeid på fagområda til organisasjonen.

Mål for 2024

Norsk deltaking i UNESCO skal medverke til at UNESCO arbeider for ei god gjennomføring av og tek ei leiarrolle i koordineringa av FN's berekraftsmål nr. 4 om utdanning. Deltakinga skal òg medverke til at UNESCO følger opp den globale konvensjonen for godkjenning av kvalifikasjonar i høgare utdanning, og at organisasjonen kan få eit betre kunnskapsgrunnlag for hav og klima, ikkje minst ved å ha ei leiande rolle i gjennomføringa av FN-tiåret for havforskning (2021–30). I tillegg skal UNESCO verne og styrke verdas kultur- og naturarv, styrke presse- og ytringsfridommen og arbeide for meir open tilgang til forskingsresultat. I dei styrande organa til UNESCO har Noreg som mål å styrke resultatrapporteringa, å betre samarbeidet med andre relevante FN-organisasjonar og å konsentrere innsatsen der organisasjonen har dei største fortrinna.

Resultat i 2022

Berekraftsmåla (SDG-ane) og Agenda 2030 er førande for arbeidet til UNESCO. UNESCO har hovudansvaret for SDG 4 – utdanningsmålet – i FN. UNESCO arbeider kontinuerleg med tiltak knytte til berekraftsmål nr. 4, sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremje høve til livslang læring for alle. UNESCO arbeider aktivt og systematisk med å implementere ein global konvensjon for godkjenning av kvalifikasjonar innanfor høgare utdanning, som Noreg var den første staten til å ratifisere. Den globale godkjenningkonvensjonen tredde i kraft 5. mars 2023, etter å ha nådd kravet om 20 ratifiserande medlemsstatar i desember 2022. Den globale godkjenningkonvensjonen er det første globale normative dokumentet innanfor høgare utdanning frå UNESCO nokon gong.

Den mellomstatlege havforskningskommisjonen (IOC) leiar arbeidet med gjennomføring av FN's tiår for havforskning, der norske forskingsmiljø òg gir viktige bidrag. IOC har vidare gitt viktig kunnskap om samanhengen mellom tilstanden i hava og klimaendringar og kva havet har å seie for dei andre berekraftsmåla. Noreg var medlem av Verdsarvkomiteen i perioden 2017–21 og ei aktiv og tydeleg stemme for å verne om og fremje verdas kultur- og naturarv. Noreg følger opp UNESCOs arbeid og mandat for presse- og ytringsfridom. Saman med dei andre nordiske landa arbeider Noreg kontinuerleg med å gjere UNESCO meir

effektivt og resultatorientert og med å få innført eit meir kjønnsnøytralt språk og meir straumlinjeforma vedtaksstrukturar i organisasjonen.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 26,4 mill. kroner til medlemskontingenten i UNESCO i 2024.

Post 76 UNESCO-formål

Løyvinga på posten går til tilskotsordninga til UNESCO-formål, som blir forvalta av Den norske UNESCO-kommisjonen. UNESCO-kommisjonen er eit rådgivande organ for norske styresmakter og fungerer som eit bindeledd mellom styresmaktene og fagmiljø på ansvarsområda til UNESCO. Drifta av UNESCO-kommisjonen blir finansiert over kap. 200, post 21.

Mål for 2024

Tilskotsordninga skal styrke arbeidet og ansvarsområda til UNESCO, gjere UNESCO meir kjend i Noreg og understøtte dei vedtekne satsingsområda til Den norske UNESCO-kommisjonen.

Resultat i 2022

20 ulike prosjekt fekk støtte frå tilskotsordninga.

Prosjekta låg innanfor satsingsområda til Den norske UNESCO-kommisjonen: presse- og ytringsfridom, berekraftig utvikling, immateriell kulturarv, verdsarv og dokumentarv og demokratiutvikling. Prosjekta er spreidde ut i Noreg, og ordninga har dermed medverka til å gjere ansvarsområda til UNESCO meir kjende i fleire delar av landet.

Ein del av løyvinga gjekk i 2022 til å sikre vidare støtte til UNESCOs skulenettverk, Associated School Program Network (ASPnet). ASPnet er eit globalt nettverk av meir enn 12 000 utdanningsinstitusjonar i 182 land som arbeider for å fremje verdiane og måla til UNESCO, mellom anna delmål 4.7 i Agenda 2030 om utdanning for å fremje berekraftig utvikling. I 2022 var det 38 medlemsskular i Noreg. FN-sambandet er nasjonal koordinator for ASPnet i Noreg.

Budsjettforslag for 2024

Kunnskapsdepartementet foreslår å løyve 4,8 mill. kroner på posten. Dette inkluderer ei særskild løyving på 700 000 kroner til UNESCOs skulenettverk ASPnet.

Kap. 3288 Internasjonale samarbeidstiltak

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	16 171	16 414	31 037
	Sum kap. 3288	16 171	16 414	31 037

Løyvinga på post 04 gjeld refusjon av utgifter til UNESCO-kontingenten og kontingenten til FNs samarbeidsorganisasjon mot kreft (IARC), som

etter statistikkdirektiva til OECD delvis blir definert som offentleg utviklingshjelp.

Kap. 289 Vitskaplege prisar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
51	Holbergprisen	17 492	17 474	18 633
71	Abelprisen	17 011	16 968	18 093
72	Kavliprisen	11 635	11 605	12 375
	Sum kap. 289	46 138	46 047	49 101

Dei internasjonale forskingsprisane til regjeringa blir delte ut for å anerkjenne framifrå vitskapleg arbeid og auke merksemda kring forskning i samfunnet.

Post 51 Holbergprisen

Mål for 2024

Formålet med Holbergprisen er å verdsetje banebrytande forskning innanfor humaniora, samfunnsvitskap, jus og teologi. Prisen skal skape merksemd i samfunnet om fagfelte og føre til interesse for dei blant barn og unge.

Resultat i 2022

I 2022 fekk professor Sheila Sen Jasanoff ved John F. Kennedy School of Government, Harvard University, i USA, Holbergprisen for framifrå forskning innanfor vitskaps- og teknologistudier. Holbergprisen blir delt ut årleg av Universitetet i Bergen. Prisen er på 6 mill. kroner. I samband med Holbergprisen blir også Nils Klim-prisen delt ut. Nils Klim-prisen er ein pris til framifrå yngre forskarar i eller frå Norden innanfor dei same fagfelte som Holbergprisen omfattar. I 2022 gjekk prisen til den finske teologen Elisa Uusimäki, Afdeling for Teologi, Institut for Kultur og Samfund ved Aarhus Universitet, for forskinga hennar om litteratur og kultur i den antikke jødedommen. Prisen er på 500 000 kroner. I tillegg til å dekke prisbeløpet til vinnarane blir løyvinga nytta til ulike arrangement i samband med priskomitéarbeidet og prisutdelinga og til aktivitetar som skal auke interessa for fagfelte blant barn og unge og i samfunnet elles. Holbergprisen i skulen er ein nasjonal forskarkonkurransse for elevar i vidaregåande skule innanfor humanistiske og samfunnsvitskaplege fag. Kvart år deltek 20 skular med omkring 1 000 elevar frå heile landet. I 2022 var det Elise Harwiss frå Elve-

bakken vidaregåande skule i Oslo som vann Holbergprisen i skulen.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 18,6 mill. kroner på posten.

Post 71 Abelprisen

Mål for 2024

Formålet med Abelprisen er å verdsetje banebrytande forskning innanfor matematikk. Prisen skal skape merksemd i samfunnet og auke interessa for matematikk blant barn og unge.

Resultat i 2022

I 2022 blei Abelprisen delt ut til Dennis Parnell Sullivan frå Stony Brook University og The Graduate School and University Center of the City University of New York i USA, for banebrytande bidrag til topologien, som er eit område innanfor matematikken der idear om geometriske strukturar spelar ei sentral rolle. Abelprisen blir delt ut årleg av Det Norske Videnskaps-Akademi (DNVA) og er på 7,5 mill. kroner. Løyvinga dekker prisbeløpet og fleire arrangement i samband med prisutdelinga og priskomitéarbeidet. Gjennom Abelprisen finansierer DNVA ei rekke tiltak som skal stimulere interessa for matematikk blant barn og unge. I 2022 nådde dei ei brei målgruppe frå grunnskule til vidaregåande skule og lærarar, gjennom støtte til mellom anna frivillige studentorganisasjonar, formidlingsprosjekt og den internasjonale matematikkolympiaden som blei arrangert i Oslo i juni 2022. I tillegg støttar DNVA mellom anna Abelkonkurransen for elevar i vidaregåande skule, Unge Abel lagkonkurransse for ungdomstrinnet, og Holmboeprisen, som årleg blir delt ut til éin eller fleire matematikklærarar.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 18,1 mill. kroner på posten.

Post 72 Kavliprisen**Mål for 2024**

Formålet med Kavliprisen er å anerkjenne banebrytande forskning innanfor astrofysikk, nanovitskap og nevrovitskap. Prisen skal skape merksemd i samfunnet om fagfelte og føre til internasjonalt samarbeid mellom forskarar.

Resultat i 2022

Kavliprisen er eit samarbeid mellom Det Norske Videnskaps-Akademi, The Kavli Foundation og Kunnskapsdepartementet. Kavliprisen blir delt ut annakvart år for framifrå vitskapleg arbeid innanfor fagfelte astrofysikk, nanovitskap og nevrovitskap. I 2022 gjekk prisen for astrofysikk til Conny Aerts (Belgia), Jørgen Christensen-Dalsgaard

(Danmark) og Roger Ulrich (USA) for å ha utvikla eit heilt forskingsfelt innanfor sol- og stjerneforskning (helio- og asteroseismologi). Forskinga deira har gjort at vi forstår betre kva som skjer på innsida av sola og stjernene. Prisen for nanovitskap gjekk til David L. Allara (USA), Ralph G. Nuzzo (USA), Jacob Sagiv (Israel og Romania) og George Whitesides (USA). Forskinga deira ligg bak overflateteknologien som i dag blir brukt i nær sagt alle delar av kvardagslivet vårt, frå solceller, batteri og skrivarblekk til covid- og graviditetstestar. Prisen for nevrovitskap gjekk til Jean-Louis Mandel (Frankrike), Harry T. Orr (USA), Christopher A. Walsh (USA) og Huda Y. Zoghbi (USA og Libanon). Over tid har arbeidet deira med genkartlegging gitt auka kunnskap om genetikken bak ei rekke alvorlege hjernelidingar.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 12,4 mill. kroner på posten.

Programkategori 07.80 Utdanningsstøtte

Utgifter under programkategori 07.80 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
2410	Statens lånekasse for utdanning	50 673 213	55 761 937	56 970 243	2,2
	Sum kategori 07.80	50 673 213	55 761 937	56 970 243	2,2

Inntekter under programkategori 07.80 fordelt på kapittel


(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
5310	Statens lånekasse for utdanning	20 050 235	21 421 541	22 353 761	4,4
5617	Renter frå Statens lånekasse for utdanning	4 290 537	9 714 332	10 363 860	6,7
	Sum kategori 07.80	24 340 772	31 135 873	32 717 621	5,1

Innleiing

Utdanningsstøtteordninga er ei velferdsordning som skal medverke til at alle har eit godt grunnlag for livsopphald under utdanninga, uavhengig av bustad, alder, kjønn, funksjonsevne og sosiale og økonomiske tilhøve. Utdanningsstøtta skal òg legge til rette for at elevar og studentar kan arbeide effektivt og med gode resultat, slik at samfunnet og arbeidslivet får tilgang på kompetanse.

Fleirtalet av studentane og elevane nyttar utdanningsstøtteordningane gjennom Lånekassen. Studieåret 2022–23 fekk 428 000 elevar, lærlingar og studentar utdanningsstøtte. Figur 4.4

viser at nær 70 pst. av utdanningsstøtta blir tildelt studentar ved universitet og høgskular i Noreg. Nivået på utdanningsstøtta i Noreg er i internasjonal samanheng god. Samanlikna med andre europeiske land har studentane i Noreg ein høgare del av inntekta si frå offentleg støtte. Studentar i Noreg er dei som er minst avhengige av bidrag frå familien, jf. Eurostudent VII. Norske studentar i utlandet har også gode utdanningsstøtteordningar, jf. Meld. St. 7 (2020–2021) *En verden av muligheter – Internasjonal studentmobilitet i høyere utdanning*. Sjølv om utdanningsstøtteordningane er gode, har den høge prisveksten dei siste åra påverka studentøkonomien, slik situasjonen også



Figur 4.4 Utbetalt lån og stipend, prosentdel per utdanningskategori for studieåret 2022–23

Kjelde: Lånekassen

har påverka økonomien til andre grupper i samfunnet.

Lånekassen har sidan etableringa medverka til at høgare utdanning har vore tilgjengeleg for alle samfunnslag. I dag er 1,2 mill. nordmenn kundar i Lånekassen, nær 22 pst. av befolkninga. Om lag 0,8 mill. av kundane betaler tilbake på studielånet. Sidan etableringa i 1947 er det utbetalt til saman 1 040 mrd. kroner med dagens kroneverdi. Lånekassen har gjennom fleire år arbeidd for å utvikle enkle og brukarvennlege tenester for alle. Lånekassen har høg grad av maskinell behandling og er ei røynd IT-verksemd som på ein god måte handterer endringar i utdanningsstøtteordningane og ein stor kundemasse.

Følgande overordna mål for Kunnskapsdepartementet er særleg relevante for løyvingane under programkategori 07.80:

- Kunnskap legg grunnlag for demokrati, velferd, omstilling og berekraft
- Samfunnet og arbeidslivet har tilgang på relevant kompetanse
- Kunnskapssektoren utjamnar sosiale og geografiske skilnader
- Kompetanseheving og livslang læring er meir tilgjengeleg for alle over heile landet
- Opplæring og utdanning som gir fleire relevant kvalifisering

Hovudprioriteringar for 2024

Regjeringa vil at det skal vere betre samsvar mellom utstyrsstipendet frå Lånekassen og utgiftene

elevar i vidaregåande opplæring har til nødvendig utstyr i opplæringa. For å redusere kostnaden for den einskilde foreslår regjeringa å styrke utstyrsstipendet med 40 mill. kroner i 2024. Satsinga har ein heilårseffekt på 40,9 mill. kroner i 2025 og inneber ein auke på 9,5 pst. utover forventa prisvekst for 2024.

Mange ungdommar i distrikta må flytte heim frå for å få den vidaregåande opplæringa dei ønsker seg. Når ungdommane bur borte, får familien auka utgifter til livsopphald. For å bidra til at geografi og privatøkonomi ikkje skal vere eit hinder for at unge får den opplæringa dei ønsker seg, foreslår regjeringa å styrke borteboarstipendet med 60 mill. kroner i 2024. Satsinga har ein heilårseffekt på 120 mill. kroner i 2025 og inneber ein auke på 10 pst. utover forventa prisvekst for 2024. Med denne auken vil stipendet frå hausten 2024 vere på 6 677 kroner i månaden.

Dei siste åra er det gjennomført fleire endringar i utdanningsstøtteordningane som vil gi større fleksibilitet og betre vilkår for vaksne som tek utdanning. Regjeringa vil i 2024 halde fram arbeidet med å gjere Lånekassen betre tilpassa vaksne som treng økonomisk støtte for å ta korte utdanningar. Korte vidareutdanningar gir i dag ikkje rett til utdanningsstøtte. Kunnskapsdepartementet vil derfor etablere ei ny utdanningsstøtteordning som inneber at kortare utdanningstilbod kan gi rett til lån. Frå våren 2025 skal vaksne i kort, modulisert høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning få tilgang til eit fleksibelt lån utan stipenddel, med løpande rente.

Regjeringa ønsker å auke delen av studentane som tek ein heil grad i utlandet etter at dei har fått støtte til lengre språkopplæring. Regjeringa foreslår derfor å gjeninnføre kravet om at ein må halde fram med utdanning etter gjennomført språkopplæring for å få omgjort lån til stipend. Regjeringa foreslår også å utvide ordninga for rekrutteringsstipend retta mot einskilde prioriterte samarbeidsland og å auke storleiken på stipendet.

Utdanningsstøtta blir justert etter forventa vekst i konsumprisindeksen (KPI). Justeringa skal bidra til å halde oppe kjøpekrafta til studentane. Regjeringa foreslår ein ny budsjettpraksis som framover vil bidra til at nivået på lån og stipend betre følger utviklinga i prisar på varer og tenester over tid.

Lånekassen er ei viktig finansieringskjelde til livsopphald

Like moglegheiter til utdanning

Utdanningsstøtta er ei viktig inntektskjelde for norske studentar og for elevar som treng støtte for å ta vidaregåande opplæring. Statistisk sentralbyrå har i 2021 undersøkt levekåra blant studentane. Ifølge *Studenters levekår 2021* svarer meir enn åtte av ti heiltidsstudentar at dei får lån og stipend frå Lånekassen. For seks av ti heiltidsstudentar er Lånekassen hovudinntektskjelda deira. Utdanningsstøtteordningane fungerer godt for dei fleste elevane og studentane, og Noreg har i internasjonal samanheng svært gode ordningar for støtte til utdanning både i Noreg og utanfor landet. I takt med auken i talet på studentar ved universitet, høyskular og fagskular er det blitt fleire som får lån og stipend til utdanning.

Regjeringa ønsker å legge til rette for at studentane skal kunne gjennomføre utdanninga på normert tid. Då er mellom anna nivået på utdan-

ningsstøtta viktig. Utdanningsstøtta blir justert etter forventa vekst i konsumprisindeksen (KPI). Justeringa skal bidra til å halde oppe kjøpekrafta til studentane. I 2022 og 2023 er prisveksten høgare enn normalt. I 2022 enda prisveksten på 5,8 pst. og i nasjonalbudsjettet for 2024 er forventa prisvekst for 2023 anslått til 6 pst. Høgare priser på varer og tenester reduserer kjøpekrafta til elevar og studentar.

Regjeringa meiner at arbeid ved sida av utdanninga kan gi studentar viktig arbeidserfaring. Utdanningsstøtteordningane er innretta slik at heiltidsutdanning kan kombinerast med noko arbeid. Fleirtalet av studentane arbeider ved sida av utdanninga og har arbeid som er relevant for utdanninga. Tid brukt på betalt arbeid har auka i 2021 og 2022, jf. *Studiebarometeret* til NOKUT frå 2022. Endringa kan kome av låg arbeidsløyse, som har gjort det enklare for studentane å få jobb. Samstundes kan høg prisvekst ha bidrege til at fleire har behov for å vere i arbeid. Ifølge *Studenters levekår 2021* er det skilnader mellom kor mykje tid studentane bruker på studiar og arbeid, avhengig av kva by dei studerer i. Unge heiltidsstudentar i Stavanger bruker flest timar på betalt arbeid, med eit gjennomsnitt på 18 timar i veka. Studentar i Trondheim og Bergen arbeider i snitt minst ved sida av studia, med 12,5 timar i veka. I Oslo er snittet 15 timar i veka.

Lånekassen har hatt eit unntak frå inntektsgrensene for studentar som under covid-19-pandemien hadde inntekt frå arbeid i helse- og omsorgssektoren, i beredskapssektoren og i grunnopplæringa eller barnehage. I denne perioden har det vore ein auke i talet på timar brukte på betalt arbeid blant studentar som utdannar seg til desse sektorane, jf. *Studiebarometeret* (2022). Det kan tyde på at unntak frå inntektsgrensene i einskilde yrke har hatt utslag. Det er positivt at studentane har bidrege under pandemien.

Tabell 4.30 Hovudtal heiltidsstudentar i universitets- og høyskuleutdanning

Del studentar med jobb	66 pst.
Del studentar med arbeid fordi dei ønsker arbeidserfaring	34 pst.
Del studentar med arbeid som er relevant for utdanninga	58 pst.
Gjennomsnittleg tid brukt på betalt arbeid, alle studentar	9,4 timar i veka
Gjennomsnittleg tid brukt på betalt arbeid, studentar i arbeid	14,4 timar i veka

Kjelde: *Studenters levekår 2021* og *Studiebarometeret* til NOKUT frå 2022

Oppretthalde kjøpekraft blant elevar og studentar

Regjeringa vil legge til rette for at studentane kan gjennomføre utdanninga på normert tid. Då er mellom anna nivået på utdanningsstøtta viktig. Utdanningsstøtta blir justert etter forventa vekst i konsumprisindeksen (KPI). Justeringa skal bidra til å halde oppe kjøpekrafta til studentane over tid.

Regjeringa har sett i verk ulike tiltak for å betre den økonomiske situasjonen for studentane. I 2022 kunne studentar og vaksne elevar i vidaregåande opplæring med dokumenterte utgifter til straum søke om særskilt stipend på totalt 4 500 kroner frå Lånekassen. Stipenda bidrog til å hjelpe mange studentar i ein periode då prisane steig meir enn venta, og kom i tillegg til den ordinære straumstøtteordninga til hushalda som også mange studentar blir omfatta av. For studieåret 2023–24 er i tillegg alle lån og stipend justerte med 7 pst. frå førre studieår. Dette svarer til ein auke på 9 000 kroner i basislån.

Regjeringa foreslår å endre budsjetteringspraksis for prisjustering av lån og stipend. Endringa skal bidra til at nivået på lån og stipend betre følger utviklinga i prisar på varer og tenester over tid. Satsane for studieåret 2024–25 baserer seg på vedteke budsjett for 2024 og forventa KPI for 2024, som vert fastsett hausten 2023. Forslaget inneber at dersom anslaget for prisvekst i 2024 har endra seg i august 2024, vil utdanningsstøttesatsane for komande budsjettår (studieåret 2025–26) bli justerte for å ta høgde for dette. Ein vil med andre ord justere nivået på lån og stipend etter meir oppdaterte anslag for prisvekst, men det vil ikkje slå inn før i komande studieår.

Auka utstyrsstipend for elevar

Utstyrsstipendet for elevar i vidaregåande opplæring skal bidra til at alle, uavhengig av økonomi, får lik rett til vidaregåande opplæring. Ein rapport frå Rambøll i 2019 viser at det er stor skilnad mellom kostnadene einsskilde elevar har til utstyr, og utstyrsstipendet frå Lånekassen. Det gjeld særleg for dei yrkesfaglege utdanningsprogramma. Dette kan føre til at ikkje alle har råd til å ta yrkesfaglege utdanningsprogram. Det er uheldig for den einsskilde eleven, men også for samfunnet, som treng fleire med yrkesfagleg kompetanse.

Regjeringa foreslår å auke utstyrsstipendet til elevar i vidaregåande opplæring med 9,5 pst. utover forventa prisvekst for 2024. Utgiftene elevane har til nødvendig utstyr i opplæringa, varierer frå utdanningsprogram til utdanningsprogram. Utdanningsprogramma er derfor fordelte på fem

ulike stipendsatsar i ordninga. For elevar på yrkesfaglege utdanningsprogram som bygg- og anleggsteknikk, som har den høgaste stipendsatsen, vil utstyrsstipendet auke med 843 kroner for studieåret 2024–25. For til dømes idrettsfag er auken på 675 kroner, og for elektro og datateknologi er auken på 497 kroner. Regjeringa foreslår å løyve 40 mill. kroner til denne satsinga i 2024.

Demografiske utfordringar i Distrikts-Noreg

Delar av Distrikts-Noreg står overfor store demografiske utfordringar i åra som kjem, jf. NOU 2020: 15 *Det handler om Norge*. Kombinasjonen av nedgang i folketalet, ei aldrande befolkning og spreidd busetnad vil gjere det krevjande å halde oppe gode velferdstenester i delar av landet. Ein del av utfordringa er mangel på kompetent arbeidskraft til å dekke behova til både privat og offentleg sektor.

Det å få fleire til å fullføre vidaregåande opplæring i distrikta vil vere avgjerande for å sikre at folk kan halde fram med å bu i heile landet. I delar av Noreg er det så store avstandar eller lang reisetid at elevar i vidaregåande opplæring må bu på hybel for å få vidaregåande opplæring. Det er heller ikkje elevgrunnlag til å kunne tilby alle utdanningsprogram ved alle vidaregåande skular i landet.

Den einsskilde familien har fostringsplikt for eigne barn til dei er 18 år eller ferdige med vanleg vidaregåande opplæring. Hushald med elevar som ikkje kan bu heime, har høgare utgifter enn andre. Bortebuande elevar må til dømes betale for husrom og mat. Elevar har i mindre grad enn studentar høve til å arbeide ved sida av opplæringa. Elevar som må flytte heimanfrå, kan derfor søke om bortebuarstipend i Lånekassen. For skuleåret 2023–24 er stipendet på 5 848 kroner i månaden.

Det å flytte heimanfrå i ung alder er i seg sjølv vanskeleg for mange. Dersom den økonomiske børa i tillegg blir for stor, kan det føre til at somme ikkje kan velje det utdanningsprogrammet dei ønsker. Det kan igjen gjere det vanskelegare å fullføre vidaregåande opplæring. På sikt vil dårlege moglegheiter til å ta vidaregåande opplæring gjere det mindre attraktivt å bu i distrikta.

Auka bortebuarstipend for elevar

Bortebuarstipendet skal bidra til å dekke buutgiftene ein familie får når ein elev må bu vekke for å ta vidaregåande opplæring. Stipendet er viktig for dei som får opplæring langt unna heimstaden, særleg i distrikta. Regjeringa foreslår å styrke bortebuarstipendet til elevar i vidaregåande opp-

læring med 10 pst. utover forventa prisvekst for 2024. Samla inneber det at bortebruarstipendet vert auka med 829 kroner i månaden. Ein elev vil då få utbetalt 8 290 kroner meir i året. Satsinga skal bidra til at geografi og privatøkonomi ikkje skal vere til hinder for at alle kan få den opplæringa dei ønsker seg. Regjeringa foreslår å løyve 60 mill. kroner til denne satsinga i 2024. Tiltaket har ein heilårseffekt på 120 mill. kroner i 2025.

Bortebruarstipendet har blitt monaleg styrkt dei siste åra. I 2022 auka regjeringspartia i samarbeid med SV stipendet med 20 mill. kroner (40 mill. kroner i heilårseffekt) og i 2023 med 57 mill. kroner (115 mill. kroner i heilårseffekt). Sats per måned er auka frå 4 709 kroner i 2021 til 4 979 kroner i 2022, 5 848 kroner i 2023 og no til 6 677 kroner i 2024. Bortebruarstipendet er over ein treårsperiode styrkt med satsingar på 275 mill. kroner, i tillegg til prisjustering. Stipendet har totalt sett auka med 42 pst. sidan 2021.

Færre gradsstudentar i utlandet

Gradsutdanning i utlandet er viktig for mobiliteten blant norske studentar, og derfor har Lånekassen gode ordningar for dei som vel å ta ein heil grad i utlandet. Desse ordningane, som òg gjeld for utveksling, skal sikre tilgang til studieopphald i utlandet. For å sikre tilgang til høgt rangerte lærestadar i utlandet har Lånekassen òg ei eiga stipendordning som kjem i tillegg til den ordinære ordninga. Sidan 2014–15 har færre studentar valt å ta ein heil grad i utlandet. Det kan vere fleire årsaker til dette. Mellom anna har den norske krona i periodar vore svak, og dei siste åra har vore prega av pandemi og krig.

Ordninga med lån og stipend til lengre språkopplæring i utlandet skal gi studentar som skal ta ein heil grad i utlandet, den språklege tilrettelegginga dei treng for å få ei heilskapleg fagleg og kulturell oppleving i studielandet. Frå 2017–18 blei kravet om å halde fram med ei utdanning etter fullført språkopplæring for å få omgjort lån til stipend, fjerna. Ein analyse frå Lånekassen viser at etter endringa vart delen som tek ei gradsutdanning etter fullført språkopplæring, kraftig redusert. Ein konklusjon i analysen er at ordninga i liten grad har bidrege til målsetjinga om fleire gradsstudentar i utlandet, og ordninga verkar derfor lite målretta. Ordninga skal gjere det mogleg å få dei nødvendige språkkunnskapane ein treng for å kunne ta ein heil grad i det aktuelle landet.

Meir målretta ordningar for studentar i utlandet

Regjeringa ønsker å auke delen av studentar som tek ein heil grad i utlandet etter at dei har fått støtte til lengre språkopplæring. Regjeringa foreslår derfor å gjeninnføre kravet om at ein må halde fram med utdanning etter gjennomført språkopplæring for å få omgjort lån til stipend. Tiltaket reduserer løyvingbehovet med 4,8 mill. kroner.

Utdanningsstøtteordningane for utdanning i utlandet skal vere med på å rekruttere fleire studentar til å studere i Noregs prioriterte samarbeidsland innanfor høgare utdanning og forskning. Rekrutteringsstipendet som blei oppretta studieåret 2022–23, er eit viktig verkemiddel for å nå dette målet. Ein student som tek eit utvekslingsopphald i einskilde prioriterte samarbeidsland, har rett til eit rekrutteringsstipend i inntil ti månader. Då rekrutteringsstipendet blei oppretta, varsla departementet at det ville vurdere å utvide ordninga på eit seinare tidspunkt.

Regjeringa foreslår no å utvide ordninga for rekrutteringsstipend, slik at fleire vel å ta ein heil grad i eit av dei utvalde samarbeidslanda innanfor høgare utdanning og forskning. For å styrke rekrutteringa foreslår regjeringa også å auke rekrutteringsstipendet med 1 500 kroner. Dette inneber at frå studieåret 2024–25 vil både utvekslingsstudentar og studentar som tek ein heil grad i eit av dei utvalde samarbeidslanda, kunne få eit stipend på 4 277 kroner i månaden i inntil ti månader per studieår utan at det blir behovsprøvd.

Det har frå studieåret 2022–23 ikkje vore mogleg å få lån og stipend til utdanning i Russland eller Belarus på grunn av det russiske krigsåtaket på Ukraina.

Unntak frå kravet om heiltidsstudium ved utdanning i sørsamisk språk i utlandet

For at ein skal få lån og stipend til utdanning i utlandet, må utdanninga vere på fulltid. I dag finst det berre deltidsstudiar i sørsamisk språk i Noreg og i Sverige. På grunn av kravet om fulltidsutdanning får ein ikkje lån og stipend til å studere sørsamisk språk i Sverige. Samstundes er sørsamisk eit språk som regjeringa ønsker å ta vare på, og manglande utdanningsstøtte kan hindre rekruttering til sørsamisk språkutdanning. For å stimulere til at fleire vel å studere sørsamisk, foreslår regjeringa at studentar som studerer sørsamisk på deltid i utlandet, skal få lån og stipend. Dette er eit einskilt unntak berre for studiar i sørsamisk, og det aukar løyvingbehovet med 0,1 mill. kroner i 2024.

Kundane har meir gjeld no enn tidlegare

Kundane i Lånekassen har meir gjeld no enn tidlegare. I 2022 var gjennomsnittleg gjeld etter avslutta utdanning 410 000 kroner. I 2012 var gjennomsnittleg gjeld 321 000 kroner (i 2022-kroner). Dette er ein auke på 28 pst. over ti år. Ein del av auken kan forklarast med opptrappinga til elleve månader med utdanningsstøtte og høgare låneramme til skulepengar for studentar i utlandet, i tillegg til den generelle prisauken i samfunnet.

Det er også fleire som avsluttar utdanninga med meir enn 1 mill. kroner i studiegjeld. Dette gjaldt om lag 1 pst. av nye tilbakebetalarar i 2022. Dei som får så høg gjeld, har enten studert på privatskular med skulepengar eller teke fleire utdanningar. Dei fleste har studert i utlandet, men stadig fleire har berre studert i Noreg. Nær halvparten av dei som fekk meir enn 1 mill. kroner i gjeld etter studiar i Noreg i 2022, har teke privat trafikkflygarutdanning, og ein del har høg gjeld utan fullført utdanning. Denne utdanninga skil seg vesentleg frå anna utdanning ved at det er mogleg å få svært høge lån. Kunnskapsdepartementet vil vurdere innramminga av dette lånet fram mot 2025.

Dei siste åra har utdanningsstøtteordninga blitt endra slik at ho er betre tilpassa behova til fleire studentgrupper, mellom anna med ei auka låneramme for studentar over 30 år og studentar med barn. For dei fleste grupper er betre tilgang på lån til utdanning eit gode. Samstundes er det uheldig om studentar får for stor gjeldsbyrde tidleg i utdanningsløpet, til dømes vaksne som tek grunnskule eller vidaregåande opplæring. Stor gjeld kan for desse gruppene bli ei fattigdomsfelle, og det kan gjere det vanskelegare å få støtte til vidare utdanning. Over tid har stadig færre kundar i Lånekassen betalingsproblem, mellom anna som følge av at tilbodet om betalingsutsetjing førebels vart utvida i samband med covid-19-pandemien. Frå 2023 har det igjen vore ein auke i delen kundar med betalingsproblem, og regjeringa vil følge med på utviklinga.

Utdanningsstøtte for vaksne i utdanning

Mange har ikkje råd til å ta utdanning som vaksne

Behovet for å veksle mellom arbeid og utdanning gjennom heile karrieren vil bli større framover. Den teknologiske utviklinga og det grøne skiftet vil føre til endra arbeidsoppgåver og nye yrke. Det er derfor viktig at noverande og framtidige arbeidstakarar og arbeidsgivarar har tilgang til oppdatert kompetanse. Mangel på arbeidskraft aukar

også behovet for å mobilisere fleire av dei vaksne som verken er i jobb eller utdanning, inn i arbeidslivet. Redusert inntekt under utdanning kan føre til at fleire ikkje har råd til å vidareutdanne eller omskulere seg, jf. Meld. St. 14 (2022–2023) *Utsyn over kompetansebehovet i Norge*. Funn frå *Studentenes helse- og trivselsundersøkelse* i 2022 kan tyde på at eldre studentar har større problem med å handtere løpande utgifter enn yngre.

Utdanningsstøtteordningane i Lånekassen er ei viktig kjelde til livsopphald for dei som ønsker å kombinere arbeid med utdanning. Utdanningsstøtta fungerer ikkje godt som erstatning for arbeidsinntekt over ein kortare periode, jf. Meld. St. 14 (2022–2023). Ordningane i Lånekassen har i liten grad vore tilpassa behova til sysselsette med bustadlån og forsørgaransvar som tek utdanning. Slik ordningane er lagde opp i dag, kan ein mellom anna ikkje få lån og stipend til kortare utdanningar.

Utdanningsstøtteordningar tilpassa vaksne i arbeid

Det er allereie gjennomført fleire endringar i utdanningsstøtteordningane som gir større fleksibilitet og betre vilkår for vaksne som har behov og motivasjon for å ta meir utdanning. Målet er at ordningane i Lånekassen skal vere meir relevante for vaksne som har behov for kompetansepåfyll gjennom arbeidslivet. Fleire tiltak har ført til at vaksne i større grad kan få utdanningsstøtte over lengre tid. Det er i tillegg innført ulike tilbod om ekstra lån slik at vaksne studentar no kan få meir støtte når dei tek utdanning. Det blir stadig fleire studentar over 30 år, og nokre fleire studentar har barn, jf. rapporten *Utdanningsstøtten 2023*.

Høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning skal bli endå meir tilgjengeleg ved at ein tilbyr fleire korte og moduliserde utdanningar som er tilpassa behova både til den einskilde og til arbeidslivet. Korte vidareutdanningar gir i dag ikkje rett til utdanningsstøtte. Kunnskapsdepartementet vil derfor utvide utdanningsstøtteordningane slik at kortare utdanningstilbod tilpassa vaksne i arbeid kan gi rett til lån. Med innføring frå våren 2025 skal vaksne i slike tilbod få tilgang til ei ny låneordning utan stipenddel, med løpande rente. Lånet blir tilgjengeleg uavhengig av inntekta til den einskilde. Storleiken på lånet vil vere avhengig av omfanget av utdanninga i studiepoeng og ikkje av kor lang tid ein bruker på utdanninga, slik det er for det ordinære lånet. Låneordninga vil også vere tilgjengeleg som eit alternativ for personar som tek lengre utdanning på deltid.

Ny grense mellom ordningar for lån og stipend til vidaregåande opplæring

Stortinget vedtok våren 2023 ei ny opplæringslov, jf. Prop. 57 L (2022–2023) og Innst. 442 L (2022–2023). Lova trer i kraft frå hausten 2024 og inneheld fleire store endringar, som fullføringsrett og rett til yrkesfagleg rekvalifisering. Endringane vil gi betre høve til å kvalifisere seg for vidare utdanning og arbeid, jf. programkategori 07.20 Grunnopplæringa. Fullføringsretten inneber at ein bør endre grensa mellom stipendbasert utdanningsstøtteordning for unge og den lånebaserte utdanningsstøtta for vaksne. Den stipendbaserte ordninga for unge i vidaregåande opplæring er allereie i dag dårleg eigna for vaksne utan fullført vidaregåande opplæring. I dag får personar som er under 25 år og har ungdomsrett, vurdert søknaden om lån og stipend opp mot inntekta til foreldra. Regelverket for utdanningsstøtte er basert på den lovfesta retten ungdom i dag har til vidaregåande opplæring, og bør endrast for at endringar i retten ikkje skal gi urimelege og utilsikta utslag for vaksne. Kunnskapsdepartementet tek derfor sikte på å endre utdanningsstøtteordninga frå og med studieåret 2024–25 slik at vaksne over 21 år som ikkje har fullført vidaregåande opplæring, får tilgang til den lånebaserte ordninga.

Utdanning spesielt tilrettelagd for brukarar av Nav kan gi rett til lån og stipend

Frå hausten 2021 er utdanningsstøtteordningane endra slik at deltakarar i program som «Menn i helse» får rett til lån og stipend i periodane utan livsopphaldsytingar frå Nav. Dagpengar og utdanningsstøtte skal kunne kombinerast utan restriksjonar baserte på at stipendet frå Lånekassen blir behovsprøvd mot andre offentlege ytingar. Stortinget vedtok i handsaminga av statsbudsjettet for 2022 at også anna utdanning spesielt tilrettelagd for brukarar av Nav kan gi rett til lån og stipend frå hausten 2024. Endringa gjeld vidaregåande opplæring for vaksne.

Tilgang til utdanningsstøtte for studentar som er fagleg forseinka

Utdanningsstøtteordninga er utforma slik at studentar skal kunne gjennomføre utdanninga på ein effektiv måte. Studentar som er forseinka med meir enn 60 studiepoeng, mistar retten til lån og stipend fram til dei har teke igjen forseinkinga. Formålet med denne regelen er å gi insentiv til effektiv gjennomføring av studia og samstundes

unngå at den einskilde får høg utdanningsgjeld utan utsikter til endeleg sluttkompetanse. Samstundes kan denne regelen føre med seg utilsikta konsekvensar ved at studentar som i tidlegare studieløp har avbrote studia for å arbeide, ikkje får høve til å starte på nye studium før dei har teke opp fag frå tidlegare studieløp utan relevans for dei nye studia. Det er rimeleg at dei som har betalt ned heile utdanningsgjelda, bør kunne ta opp meir lån og stipend innanfor eigen eksisterande utdanningskvote sjølv om dei har vore forseinka i tidlegare utdanning. Argumentet knytt til høg gjeldsrisiko vil i liten grad gjelde for denne gruppa studentar. Regjeringa foreslår derfor at personar som har nedbetalt heile utdanningsgjelda si, får høve til å få lån og stipend frå Lånekassen sjølv om dei har forseinking frå tidlegare utdanning. Tiltaket gir nokre fleire med rett til støtte og aukar løyingsbehovet med 2,9 mill. kroner i 2024.

Gjeldssletting for lærarar med studium i samisk og kvensk

Dei som fullfører 60 studiepoeng eller meir i kvensk eller eit samisk språk som ein del av einskilde lærarutdanningar, eller i tillegg til praktisk-pedagogisk utdanning eller barnehagelærarutdanning, kan få sletta opptil 50 000 kroner av gjelda. For å stimulere til at fleire lærarar vel å ta utdanning i samisk og kvensk, foreslår regjeringa å utvide ordninga. Utvidinga skal gi dei som tek lektorutdanning for trinn 8–13, ei av grunnskulelærarutdanningane og lærarutdanning i praktiske og estetiske fag for trinn 1–13, same rett til å få sletta gjeld også når studiepoenga i kvensk eller eit samisk språk er tekne utanom eller i tillegg til profesjonsutdanninga. Tiltaket aukar løyingsbehovet med 0,3 mill. kroner i 2024.

Gjeldssletting for lærarutdanning i praktiske og estetiske fag

Dei som tek ei grunnskulelærer- eller lektorutdanning kan få delar av gjelda i Lånekassen sletta. Ein må ha hatt arbeidd som lærar i grunnskulen eller vidaregåande opplæring i ein oppteningsperiode etter studiane. I 2021 blei det etablert ei femårig integrert lærarutdanning i praktiske og estetiske fag (LUPE). Utdanninga har erstatta den treårige faglærarutdanninga som blei fasa ut. Sidan lærarutdanninga for desse faga no er ei femårig utdanning, vil den også vere ein del av ordninga for gjeldssletting for grunnskulelærer- eller lektorutdanning.

Kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Driftsutgifter	414 983	418 306	440 597
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overførast, kan nyttast under post 01</i>	25 006	15 610	35 000
50	Avsetning til utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i>	8 272 693	8 700 408	8 811 341
70	Utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i>	4 101 865	3 857 257	4 139 022
71	Andre stipend, <i>overslagsløyving</i>	666 003	555 604	585 756
72	Rentestøtte, <i>overslagsløyving</i>	1 106 027	2 727 801	2 814 761
73	Avskrivningar, <i>overslagsløyving</i>	812 687	918 015	904 593
74	Tap på utlån	281 044	415 500	380 500
90	Auka lån og rentegjeld, <i>overslagsløyving</i>	34 992 905	38 153 436	38 858 673
	Sum kap. 2410	50 673 213	55 761 937	56 970 243

Post 01 Driftsutgifter og post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, kan overførast, kan nyttast under post 01

Statens lånekasse for utdanning (Lånekassen) er eit statleg forvaltningsorgan som tilbyr lån og stipend til utdanning i Noreg og utlandet. Løyvingane under kap. 2410, post 01 finansierer ordinære driftsoppgåver i verksemda. Løyvingane under post 45 finansierer større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, til dømes særskild IT-utvikling i Lånekassen.

Mål for 2024

Kunnskapsdepartementet har sett følgande mål for Lånekassen:

- Like moglegheiter til utdanning gjennom finansiering av kompetansebehova til den ein-skilde og samfunnet
- Ein enklare kvardag for alle i utdanning og alle med utdanningslån

Resultat i 2022

I 2022 feira Lånekassen 75-årsjubileum. Lånekassen har sidan etableringa medverka til at høgare utdanning har vore tilgjengeleg for alle samfunnslag. Det er ei velfungerande verksemd med fleire kundar enn nokosinne. Hovuddelen av søknadene om lån og stipend blir behandla maskinelt,

noko som mellom anna skal sikre at kundane får lån og stipend til rett tid. Lånekassen hadde 1,2 mill. kundar i 2022 og fekk 1 mill. søknader om utdanningsstøtte, betalingsutsetjing, sletting av renter og sletting av lån. Talet på kundar med betalingsproblem heldt fram med å minke i 2022, og talet på kundar med oppsagde lån var redusert med om lag 400 samanlikna med 2021. Det har vore ein gradvis nedgang dei siste åra. Kundar med oppsagde lån utgjer 2,3 pst. av alle som betaler tilbake på lånet sitt. Fleire tal og fakta om kundar og ordningar i Lånekassen finn ein i rapporten *Utdanningsstøtten 2022* frå Lånekassen.

Våren 2020 utvikla og iverksette Lånekassen ekstraordinære tiltak for dei som blei råka av covid-19-pandemien. Tiltaka gjaldt for både elevar, studentar og dei som betaler tilbake på lånet sitt. Desse tiltaka blei vidareførte i 2022, og det vart gjennomført kontroll med dei. Lånekassen utforma òg ei støtteordning for studentar som blei ramma av auka energiprisar. Det blei utbetalt straumstipend til studentar i to omgangar i 2022. Samstundes administrerte Lånekassen dei ordinære ordningane for eit nytt studieår. Dette har medført noko lengre saksbehandlingstid for ein-skilde typar saker.

Lånekassen har fått føringar frå Kunnskapsdepartementet om å utvikle seg som fagdirektorat, og som del av dette arbeidet er det oppretta fagmiljø for regelforvaltning, analyse og ordningsutvikling. Vaksne som treng kompetansepåfyll

gjennom arbeidslivet, og som har større økonomiske forpliktingar, har fått særleg merksemd dei siste åra. Lånekassen skal etter planen kunne tilby relevant utdanningsstøtte til nye utdanningar og målgrupper innan 2025.

Budsjettforslag for 2024

Departementet foreslår å løyve 440,6 mill. kroner på post 01 og 35 mill. kroner på post 45.

Løyvinga på post 01 blir redusert med 0,8 mill. kroner som følge av forenkla regelverk og som følge av at utviklingskostnader i samband med forskriftsendringar i tidlegare år blir fasa ut.

Departementet foreslår å redusere løyvinga på post 01 med 0,5 mill. kroner som følge av at eittårige midlar til utviklingskostnader som følge av endringar i satsane for utstyrsstipend for yrkesfag blir fasa ut. Frå hausten 2023 blei utstyrsstipendet utvida frå fire til fem satsar.

Styret i Lånekassen blei lagt ned frå 1. januar 2023. Elev- og studentorganisasjonane fekk honorar for å sitje i styret. For å kompensere for tap av styregodtgjersle foreslår departementet å redusere løyvinga over post 01 med 0,3 mill. kroner mot ein tilsvarende samla auke i tilskotet til organisasjonane under kap. 225, post 75 og 270, post 74.

Løyvinga på post 45 blir redusert med 16,9 mill. kroner som følge av at kostnader i samband med utvikling av fleksibelt lån til vaksne og utvida rett til vidaregåande opplæring, blir fasa ut.

Departementet foreslår å løyve 25 mill. kroner på post 45 for å sikre nødvendig utvikling og vedlikehald av IT-systema i Lånekassen, mellom anna til ny IT-driftsavtale frå 2024.

For å gjere utdanningsstøtteordningane meir tilpassa vaksne i vidaregåande opplæring foreslår

regjeringa å løyve 10 mill. kroner til IT-utvikling i Lånekassen.

Kap. 2410, post 50–90, kap. 5310 og kap. 5617

Løyvingane på desse kapitla og postane dekker dei ulike delane av utdanningsstøtteordningane til Lånekassen. Endringar i ordningane gjennom Lånekassen har som regel effekt på fleire budsjettpostar under kap. 2410, kap. 5310 og kap. 5617. Budsjettet for utdanningsstøtte blir derfor omtala samla. I tillegg blir dei einskilde postane omtala kvar for seg.

Mål for 2024

Dei overordna måla for programkategori 07.80 Utdanningsstøtte går fram av kategoriinnleiinga.

Resultat i 2022

Av dei 1,2 mill. kundane i Lånekassen i 2022 var 64,2 pst. tilbakebetalarar, medan 35,8 pst. var mottakarar av lån og stipend.

Den samla tildelinga av utdanningsstøtte var for undervisningsåret 2022–23 på 37,7 mrd. kroner. Av dette blei 4,6 mrd. kroner betalt ut som stipend, sjå fordelinga på dei ulike stipendformene i tabell 4.33. Resten blei betalt ut som lån.

I kalenderåret 2022 blei 4,7 mrd. kroner betalt ut som stipend. I tillegg blei 7,9 mrd. kroner gjort om frå lån til stipend under konverteringsordninga. Dei samla stipendutgiftene i 2022 blei dermed 12,6 mrd. kroner.

I tabellane under er det gitt ei oversikt over utviklingstrekk i hovudtala for mottakarar av lån og stipend og tilbakebetalarar i Lånekassen.

Tabell 4.31 Hovudtal for tildeling til elevar i vidaregåande opplæring med ungdomsrett

	2019–20	2020–21	2021–22	2022–23
Tal på elevar/lærlingar i vidaregåande opplæring ¹	241 810	243 041	248 041	249 584
Tal på elevar/lærlingar med ungdomsrett	213 770	216 486	216 525	218 078
Tal på mottakarar av lån og stipend med ungdomsrett	163 551	163 595	164 888	165 713
Sum stipend (i mill. kroner)	2 136	2 105	2 082	2 085
Gjennomsnittsstipend (i kroner)	13 095	12 895	12 648	12 603
Sum lån (i mill. kroner)	178	232	172	156
Gjennomsnittslån (i kroner)	26 245	33 152 ²	29 997	30 462

¹ Talet er henta frå SSB og syner alle elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring.

² Auka gjennomsnittslån kjem i hovudsak av tilleggslån for våren 2021 og innføringa av tilleggslån for elevar som forsørger barn.

Tabell 4.32 Hovudtal for tildeling til høgare utdanning m.m.

	2019–20	2020–21	2021–22	2022–23
Talet på studentar i høgare utdanning ¹	294 561	305 879	318 146	309 202
Talet på mottakarar av lån og stipend i høgare utdanning	199 493	206 488	209 815	208 236
Talet på andre mottakarar av lån og stipend ²	55 317	57 553	56 494	54 024
Sum lån inkl. omgjeringsslån (i mill. kroner)	29 614	32 523	32 810	32 946
Gjennomsnittslån (i kroner)	118 042	124 813 ³	125 453	127 388
Utbetalt konverteringsstipend ⁴ (i mill. kroner)	7 143	6 784	5 767 ⁵	1 673 ⁵
Sum andre stipend (i mill. kroner)	2 345	2 296	2 678	2 520

¹ Talet på studentar i høgare utdanning kjem frå Database for statistikk om høgare utdanning (DBH) og tal frå Lånekassen på studentar i utlandet.

² Tala gjeld studentar i fagskular, folkehøgskular, bibelskular og korte yrkesretta utdanningar og vaksne elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring utan ungdomsrett.

³ Auka gjennomsnittslån kjem i hovudsak av innføringa av tilleggslån for studentar over 30 år og studentar som forsørger barn.

⁴ Utbetalt stipend etter at behovsprøving mot inntekt og formue er gjennomført. Status per august 2023.

⁵ Omgjering frå lån til stipend skjer samstundes som behovsprøvinga mot inntekt og formue blir gjennomført. Behovsprøvinga for 2022 er i hovudsak gjennomført, og ein stor del av konverteringsstipendet for dette året er derfor utbetalt. For 2023 er det enno ikkje utbetalt konverteringsstipend.

Tabell 4.33 Fordeling av ulike stipendformer i dei to siste undervisningsåra

	Talet på stipend		Stipend i mill. kroner	
	2021–22	2022–23	2021–22	2022–23
Inntektsavhengig stipend	16 489	15 789	462	452
Bortebuarstipend	24 519	24 125	1 035	1 070
Utstyrsstipend	159 781	160 448	322	332
Flyktningstipend ¹	9 066	7 177	712	526
Stipend til skulepengar i utlandet	11 744	13 125	388	428
Utvida stipend til skulepengar i utlandet	1 458	1 575	89	81
Valutajustering (netto) av stipend og utvida stipend til skulepengar i utlandet	10 468	13 078	1	31
Stipend til skulepengar ved utanlandske eller internasjonale vidaregåande skular	655	827	53	68
Språkstipend	460	620	10	14
Tilleggsstipend til tilrettelagd utdanning i Frankrike og Tyskland	28	33	0,6	1
Rekrutteringsstipend utveksling	-	675	-	8
Reisestipend, Noreg og Norden	8 085	8 697	16	19
Reisestipend, utanfor Norden	17 519	20 815	28	43
Sjukestipend ²	902	1 023	35	42
Foreldrestipend ²	2 881	3 199	215	227
Barnestipend ¹	26 394	26 560	607	607
Stipend til søkarar med nedsett funksjonsevne ¹	10 544	12 551	419	504
Straumstipend	122 800	122 880	368	184
Totalt	423 793	316 806	4 762	4 638

¹ Stipendet blir i ettertid behovsprøvd mot inntekt og formue. Ein del av det som opphavleg blei tildelt som stipend, vil derfor på eit seinare tidspunkt kunne bli gjort om til lån.

² Ved sjukdom og fødsel vil lån bli omgjort til stipend i ettertid. Det betyr at det ikkje ligg føre endelege tal for desse tiltaka ved utløpet av undervisningsåret. For undervisningsåret 2021–22 blei det endelege resultatet for omgjering ved sjukdom 90 mill. kroner og for omgjering ved fødsel 273 mill. kroner.

Tabell 4.34 Hovudtal for lån og renter i dei siste fire åra

	(i mill. kroner)			
	2019	2020	2021	2022
Tal på tilbakebetalande låntakarar ¹	718 675	728 942	748 274	772 410
Renteberande lån	138 988	145 416	154 936	167 401
Betalte renter	2 955	2 958	2 234	2 564
Avdrag	9 164	9 212	9 992	10 320
Ettergitt lån og renter	861	868	844	813
Rentestøtte	1 142	1 204	824	1 106
Uteståande lån	192 770	206 978	222 787	237 400
Uteståande renter	1 799	1 922	1 872	2 298

¹ Ikkje oppgitt i mill. kroner.

Tildeling av lån og stipend

Stipend til utdanning i einsskilde prioriterte samarbeidsland

For at fleire skal ta utdanning i dei prioriterte samarbeidslanda til Noreg, blei det frå studieåret 2022–23 innført eit stipend på 2 500 kroner i månaden ved utvekslingsopphald på inntil ti månader til Brasil, India, Kina, Russland, Sør-Afrika, Japan og Sør-Korea. 675 studentar har fått dette rekrutteringsstipendet i 2022–23. Av desse var det 187 som tok utdanning i Sør-Afrika, 170 i Japan, 101 i Sør-Korea og 92 i India. Det har frå studieåret 2022–23 ikkje vore mogleg å få lån og stipend til utdanning i Russland på grunn av det russiske krigsåtaket på Ukraina. Derfor er det heller ingen som har fått rekrutteringsstipend til utdanning i Russland. Innføringa av rekrutteringsstipendet er i hovudsak finansiert ved å redusere talet på utanlandske institusjonar som gir rett til utvida stipend til skulepengar.

Behovsprøving av stipend mot dagpengar

Inntektsgrensa ved behovsprøving av stipend mot dagpengar for studentar som kombinerer dagpengar med høgare utdanning, blei senka i 2022–23. Grensa var den same som gjeld for personinntekt og kapitalinntekt, men blei endra til den lågare grensa som gjeld for trygdeytningar. Det er for tidleg å talfeste det endelege resultatet av tiltaket.

Forenkling av reglar for lån og stipend til einsskilde utanlandske statsborgarar

Det blei gjennomført fleire endringar frå 2022–23 for å forenkle regelverket for utanlandske statsborgarar med rett til lån og stipend i Lånekassen.

Avgrensa rett til lån og stipend for helsefaglege utdanningar

Frå hausten 2022 blei det presisert at rett til lån og stipend til medisnutdanning og til utdanning av tannlegar, jordmødrer, provisorfarmasøytar, sjukepleiarar og veterinærar, berre skal omfatte EØS-landa, Storbritannia, Sveits, USA, Canada, Australia og New Zealand.

Utbetaling ved avbrot utdanning som følge av sjukdom

Covid-19-pandemien viste at det var behov for større grad av fleksibilitet i regelverket for utdanningsstøtte for studentar som avbryt utdanninga som følge av sjukdom. Frå hausten 2022 kan ein student få behalde eller få utbetalt lån og stipend for sjukdomsperioden, uavhengig av kor langt inn i semesteret ein er før avbrotet. Dei fleste studentar i slike situasjonar får allereie sjukestipend, og tiltaket har derfor ikkje omfatta mange. Tiltaket har likevel vore positivt for dei det gjeld.

Tilleggsstipend som følge av høge straumprisar

På grunn av dei høge kraftprisane blei det for vårsemesteret 2022 tilbode eit eige stipend til elevar og studentar som fekk auka utgifter til straum. Sti-

pendet var eit eingongsbeløp på 3 000 kroner, og det var eit vilkår for å få stipendet at søkaren var borte buar og hadde eigne utgifter til straum. Eit tilsvarende stipend blei innført for haustsemesteret 2022, og då var beløpet 1 500 kroner. Om lag 122 600 søkarar tok imot stipendet som blei tilbode våren 2022. Samla blei 367,8 mill. kroner tildelt i straumstipend for våren 2022. I ein etterkontroll er 9,2 mill. kroner av dette beløpet gjort om til lån igjen, for søkarar som ikkje har dokumentert at dei hadde rett til stipendet. Om lag 122 900 søkarar tok imot stipendet som blei tilbode hausten 2022. Samla blei 184,4 mill. kroner tildelt i straumstipend for hausten 2022. Det er førebels ikkje gjennomført etterkontroll av denne stipendtildelinga.

Unntaksheimel i tilfelle krig eller andre alvorlege hendingar

Etter det russiske angrepet på Ukraina i februar 2022 blei det innført ei regelendring for å regulere tidsavgrensa unntak frå føresegnene i forskrift om utdanningsstøtte om rett til lån og stipend til utdanning i utlandet. Departementet har like etter dette sendt ein instruks til Lånekassen om dei unntaka som kunne gjerast i regelverket for søkarar som vart råka av krigen.

Oppfølgingsomtale av endringar i 2021

Oppheving av rett til omgjerding av lån til stipend for forbeingsprivatistar

Tidlegare kunne dei som avsluttar vidaregåande opplæring med privatisteksamen, få omgjerding av lån til stipend ved bestått eksamen, sjølv om dei tidlegare hadde bestått det same faget som elev med ungdomsrett. Retten til slik omgjerding blei oppheva frå og med studieåret 2021–22. Om lag 4 200 søkarar i 2020–21 fekk dermed ikkje omgjort lån til stipend for eitt eller fleire fag på grunn av denne endringa.

Forsøksordning med vidareutdanningsstipend for fagarbeidarar

I 2021 blei det sett i gang ei forsøksordning med eit vidareutdanningsstipend for fagarbeidarar. Målet var å få kunnskap om korleis økonomiske insentiv kan påverke deltaking i vidareutdanning for fagarbeidarar, og om det har noko å seie for tilknytninga til arbeidsmarknaden. Forsøksordninga varte til august 2023. For at forsøksordninga i størst mogleg grad skal svare til ei vanleg stipend-

ordning for personar under utdanning, var det Lånekassen som stod for utbetalingane under ordninga. Det var 33 søkarar som fekk stipend frå Lånekassen under piloten studieåret 2021–22, medan om lag 635 søkarar fekk stipend under hovudforsøket i studieåret 2022–23. Sluttrapporten frå forsøket skal kome i desember 2023.

Mellombels unntak frå behovsprøving av stipend for einskilde studentar

Det blei gjort unntak frå inntektsgrensene for studentar som hadde inntekt frå arbeid i einskilde yrke frå 2020 og ut 2022. Unntaket gjaldt for studentar som hadde inntekt frå arbeid i helse- og omsorgssektoren, Heimevernet eller Sivilforsvaret, eller politistudentar som hadde inntekt frå polititeneste eller beredskapsarbeid. I 2022 ble unntaket utvida til å gjeld dei som arbeider i skule eller barnehage og. For desse studentane blei slik inntekt ikkje rekna med i behovsprøvinga av stipend dersom studentane sende inn dokumentasjon om dette. For den første perioden med unntak, frå 1. mars 2020 til 31. desember 2020, viser oppdaterte tal at om lag 5 500 studentar fekk behalde meir stipend enn dei elles ville ha gjort. For 2021 viser førebelse tal at om lag 5 400 studentar har fått behalde meir stipend enn dei ville gjort utan regelendringa. Ein ser vidare at 29 pst. av dei som fekk unntak frå inntekt i 2020, også fekk det for 2021.

Budsjettforslag for 2024

Ettersom ein del av undervisningsåret 2024–25 ligg utanfor budsjettåret 2024, er det behov for to tilsegningsfullmakter. Sjå forslag til vedtak III nr. 3 og 4.

Grunnlaget for forslaget til løyvingane på kap. 2410, post 50–90, kap. 5310 og kap. 5617 er

- oppdaterte overslag over talet på mottakarar av lån og stipend i ulike kategoriar og nye overslag over gjennomsnittleg tildeling innanfor kvar einskild kategori. Regjeringa foreslår midlar til 500 nye studieplassar til fagskulane i statsbudsjettet for 2024. Fleire studieplassar aukar behovet for lån og stipend.
- prisvekstjustering på 3,8 pst. av alle utdanningsstøttesatsar for studieåret 2024–25
- lønnsvekstjustering av alle inntekts- og formuesgrenser som blir nytta i samband med behovsprøving av stipend og sletting av renter og gjeld
- renteprognose på 4 pst. (årleg effektiv rente ekskl. gebyr) for 2024 og oppdaterte overslag over storleiken på den rentefrie og den rente-

berande delen av utlånsporteføljen til Lånekassen i 2024

- berekna effektar av endringar som blei vedtekne i statsbudsjettet for 2023
- forslag til regelendringar og nye tiltak i 2024 som vil påverke løyvingsbehovet. Nokre av desse inneber at driftsbudsjettet til Lånekassen må aukast. Sjå oversikt over kva endringar som gir slikt behov, under kap. 2410, post 01 og 45.

Auka utstyrsstipend

Departementet foreslår å auke løyvinga til utstyrsstipendet for alle utdanningsprogram i vidaregåande opplæring med 40 mill. kroner frå undervisningsåret 2024–25.

Auka bortebruarstipend

Departementet foreslår å auke løyvinga til bortebruarstipendet med 60 mill. kroner frå undervisningsåret 2024–25. Stipendet aukar frå 5 848 kroner i månaden i studieåret 2023–24 til 6 677 kroner i månaden i studieåret 2024–25.

Stipend berre til dei som held fram med utdanning etter fullført språkopplæring

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 4,8 mill. kroner som følge av at det blir stilt krav om at ein tek utdanning etter fullført språkopplæring for å få omgjort lån til stipend for språkopplæringa.

Unntak frå kravet om heiltidsstudium ved utdanning i sørsamisk språk i utlandet

Departementet foreslår å auke løyvinga med 0,1 mill. kroner som følge av unntak frå kravet om heiltidsstudium ved utdanning innanfor sørsamisk språk i utlandet.

Tilgang til utdanningsstøtte for studentar som er fagleg forseinka

Departementet foreslår å auke løyvinga med 2,9 mill. kroner som følge av at studentar som er fagleg forseinka, skal få utdanningsstøtte.

Gjeldssletting for lærarar med studium i samisk og kvensk

Departementet foreslår å auke løyvinga med 0,3 mill. kroner som følge av ordninga for gjeldssletting for studentar med studium i samisk og kvensk vert utvida.

Verkeleg verdi

For å rekne ut den verkelege verdien av utlånsporteføljen til Lånekassen er det laga ein modell som skil mellom kostnader som er knytte til dei utdanningspolitiske og sosiale tiltaka i utdanningsstøtteordningane, og kostnader knytte til kredittrisiko. Lånekassen hadde ein portefølje av uteståande lån og renter på 239,7 mrd. kroner ved utgangen av 2022. Den verkelege verdien av porteføljen er lågare enn den bokførte porteføljen. Dette kjem av både dei ulike utdanningspolitiske og sosiale ordningane som er knytte til utdanningsstøtteordningane i Lånekassen, og forventta tap som kjem av at kundane ikkje oppfyller betalingspliktene sine.

Tabell 4.35 syner kva for element det er justert for når ein har rekna ut verkeleg verdi av porteføljen. Det er lagt til grunn at låna i gjennomsnitt er rentefrie i noko under tre år. På grunnlag av modellen og ein føresetnad om ei rente på 4 pst. er den verkelege verdien av porteføljen ved utgangen av 2022 rekna ut til 208,7 mrd. kroner. Differansen mellom bokført verdi og berekna verkeleg verdi er 31 mrd. kroner. Den verkelege verdien er berekna til 87 pst. av dei samla fordringane per 31. desember 2022.

Tabell 4.35 Verkeleg verdi av utlånsporteføljen til Lånekassen

	Verdi i mill. kroner per 31. desember 2021	Verdi i mill. kroner per 31. desember 2022
<i>Opphavleg låneportefølje</i>		
– tilbakebetalarar	156 809	169 699
– studentar	67 849	69 999
<i>Sum opphavleg låneportefølje</i>	<i>224 658</i>	<i>239 698</i>
– omgjering til stipend	11 597	12 059
Portefølje etter omgjering til stipend	213 061	227 639
Neddiskontert portefølje	163 286	150 906
Neddiskonterte renteinntekter	50 314	77 691
Neddiskontert portefølje inkl. renteinntekter	213 600	228 596
<i>Justeringar</i>		
– rentestøtte studentar	2 873	4 590
– sletting av renter tilbakebetalarar	1 992	3 077
– ettergitt gjeld	7 130	6 717
<i>Sum justeringar</i>	<i>11 996</i>	<i>14 384</i>
<i>Justert låneportefølje</i>	<i>201 604</i>	<i>214 213</i>
– nedskrivning lån og renter	5 112	5 112
– over-/underkurs	-60	-375
<i>Verdi</i>	<i>196 432</i>	<i>208 726</i>

Ved å legge til grunn dei same føresetnadene som ved berekning av verkeleg verdi av porteføljen kan ein berekne noverdien av nye utlån i Lånekas-

sen. Tabell 4.36 syner at staten kan forvente å få tilbake om lag 54 øre for kvar ny krone som blir lånt ut frå Lånekassen.

Tabell 4.36 Noverdien av 1 krone i nytt utlån i Lånekassen

	Verdi i kroner per 31. desember 2021	Verdi i kroner per 31. desember 2022
<i>Opphavleg låneportefølje</i>		
– tilbakebetalarar	0,000	0,000
– studentar	1,000	1,000
<i>Justeringar</i>		
– forventa omgjerung til stipend	0,251	0,247
Portefølje etter omgjerung til stipend	0,749	0,753
Neddiskontert låneportefølje etter omgjerung	0,568	0,487
Renteinntekter	0,177	0,161
<i>Justeringar</i>		
– rentestøtte studentar	0,038	0,061
– sletting av renter tilbakebetalarar	0,007	0,006
– ettergitt gjeld	0,025	0,023
<i>Sum justeringar</i>	<i>0,070</i>	<i>0,090</i>
<i>Justert låneportefølje</i>	<i>0,675</i>	<i>0,558</i>
Nedskrivning lån og renter	0,018	0,015
<i>Verdi</i>	<i>0,657</i>	<i>0,543</i>

Post 50 Avsetning til utdanningsstipend, overslagsløyving

Inntil 40 pst. av basislånet til studentar i høgare utdanning m.m. kan bli konvertert frå lån til stipend. Løyvinga på post 50 dekkjer avsetning til eit fond (konverteringsfondet) som Lånekassen trekker midlar frå etter kvart som lån blir gjorde om til stipend.

Det er budsjettert med at det vil bli gitt 11,5 mrd. kroner i omgjeringslån i 2024. Heile dette beløpet kan bli gjort om til utdanningsstipend. Tre faktorar bidreg til at det likevel ikkje er behov for å setje av eit så høgt beløp i konverteringsfondet. For det første blir utdanningsstipendet behovsprøvd mot inntekt og formue, og derfor vil ein del av det som kunne blitt gjort om til stipend, likevel ikkje bli omgjort. For det andre vil ein del av den utdanninga det blir gitt støtte til, ikkje bli bestått og derfor ikkje gi rett til omgjerung. Og for det tredje vil ein del av den høgare utdanninga det blir gitt støtte til, ikkje føre fram til ein avlagd grad og dermed ikkje gi rett til omgjerung på grunnlag av oppnådd grad. Samla er det estimert at desse tre faktorane reduserer avset-

ningsbehovet med 23,2 pst., og forslaget til løyving på posten utgjer 76,8 pst. av anslaget for nye omgjeringslån i 2024.

Post 70 Utdanningsstipend, overslagsløyving

Løyvinga på posten gjeld inntektsavhengig stipend, utstyrsstipend, og bortebruarstipend til elevar og lærlingar i vanleg vidaregåande opplæring, stipend til søkarar i høgare utdanning m.m. med nedsett funksjonsevne eller funksjonshemming, og flyktningstipend, foreldrestipend, sjukestipend og barnestipend for alle grupper.

Post 71 Andre stipend, overslagsløyving

Løyvinga på posten gjeld ulike stipend til dekking av reiseutgifter og skulepengar i innland og utland. Ho gjeld òg stipend til språkkurs, eit tilleggssstipend til spesielt tilrettelagd ingeniør- og økonomiutdanning i Frankrike og Tyskland og eit rekrutteringsstipend ved utvekslingsopphald i dei prioriterte samarbeidslanda til Noreg.

Post 72 Rentestøtte, overslagsløyving

Løyvinga på posten dekker kostnaden ved at utdanningslån er rentefrie i utdanningstida, og er eit uttrykk for kor mykje staten subsidierer lånedelen av støtteordningane med. Løyvingsbehovet på posten varierer med rentenivået.

Post 73 Avskrivningar, overslagsløyving

Avskrivningane på posten omfattar mellom anna avskrivning på grunn av sjukdom og død. Vidare er

det egne ordningar for avskrivning for visse lærarutdanningar og for personar som er busette og arbeider i Finnmark og utvalde kommunar i andre fylke. I tillegg blir restgjeld automatisk avskriven når gjelda er under det som er sett som minimumsbeløpet for innkrevjing.

Oversikta under viser dei elementa som utgjer post 73 Avskrivningar:

Tabell 4.37 Avskrivningselement i Lånekassen

Element	(i 1 000 kr)		
	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
Avskrivning ved sjukdom	444 793	502 718	462 762
Avskrivning ved død	86 138	73 938	86 138
Automatisk avskrivning	493	450	493
Avskrivning for lærarutdanning	52 565	34 469	50 539
Avskrivning Finnmarks-ordninga	129 904	173 921	178 215
Avskrivning kvoteordninga	10 788	6 480	6 346
Sletting av renter	88 012	126 039	120 100
Sum	812 692	918 015	904 593

Av samla avskrivning på 904,6 mill. kroner er det berekna at 735,7 mill. kroner vil vere avskrivning av det opphavlege utdanningslånet. Dei resterande avskrivningane fordeler seg på 58,5 mill. kroner frå renter i 2024 og 110,4 mill. kroner frå renter frå tidlegare år.

Post 74 Tap på utlån

Løyvinga på posten dekker avskrivning av grovt eller vedvarande misleghaldne utdanningslån. Låna blir avskrivne i rekneskapane som tap i Lånekassen når dei blir overførte permanent til Statens innkrevjingssentral (SI).

Oversikta nedanfor viser dei hovudelementa som utgjer post 74 Tap på utlån:

Tabell 4.38 Tapselement i Lånekassen

	(i 1 000 kr)		
	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
SI-permanent	228 434	355 000	320 000
Lån etter gjeldsordning	51 247	55 500	55 500
Andre forhold	1 363	5 000	5 000
Sum	281 044	415 500	380 500

Tap på hovudstolen er berekna til å vere 266,4 mill. kroner, medan tap på renter frå tidlegare periodar er 99,1 mill. kroner i 2024. Årets renter på taps-/kostnadsfordringane er berekna til å vere 15 mill. kroner i 2024.

Personar som ikkje har betalt etter tredje varsel om betaling, får lånet førebels overført til SI. Dersom arbeidet til SI fører fram og personen kjem à jour med betalningar, blir saka ført tilbake til Lånekassen. Lånekassen eig kravet, men SI handterer gjeldsordningssaker i denne perioden. Det er først når lånet blir permanent overført til SI, normalt når gjelda har vore oppsagd i tre år, at kravet i rekneskapssamanheng blir overført til SI.

Frå 1996 til og med 2022 har om lag 73 700 kundar fått gjelda permanent overført til SI, med eit samla beløp på 9,3 mrd. kroner. Av dette er det fram til i dag kravd inn 5,2 mrd. kroner. Innkrevjingsresultatet i 2022 for permanent overførte

utdanningslån var på 267,7 mill. kroner, medan det i 2021 var 262,4 mill. kroner. I 2024 er innkrevjingsresultatet berekna til å bli 275 mill. kroner. Det blei overført lån permanent frå Lånekassen til SI på 228,4 mill. kroner i 2022, mot 305,3 mill. kroner i 2021. Overføringa til SI i 2024 er berekna til 320 mill. kroner.

Post 90 Auka lån og rentegjeld, overslagsløyving

Løyvinga på posten dekker samla nye utlån frå Lånekassen i 2024 og berekna renter i løpet av året som ikkje er betalte ved utgangen av året.

Nye utlån til kundar og omgjeringsar av stipend til lån er berekna til å utgjere 36,2 mrd. kroner, medan nettoutlån til ubetalte renter er berekna til 2,7 mrd. kroner. Den samla løyvinga på posten blir då 38,9 mrd. kroner i 2024.

Kap. 5310 Statens lånekasse for utdanning

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	16 702	5 000	4 000
29	Termingebyr	1 661	1 938	1 801
89	Purregebyr	78 788	78 555	90 228
90	Redusert lån og rentegjeld	12 082 463	13 410 403	13 970 169
93	Omgjering av utdanningslån til stipend	7 870 621	7 925 645	8 287 563
Sum kap. 5310		20 050 235	21 421 541	22 353 761

Kapittelet gjeld inntekter til Lånekassen, i hovudsak innbetalingar frå kundane, innbetaling frå konverteringsfondet og ulike refusjonar.

Post 04 gjeld ettergiving av utdanningslån for kvotestudentar frå utviklingsland som flyttar til heimlandet og buset seg der varig. Visse innanlandske kostnader kan etter statistikkdirektivet i OECD bli definerte som offentleg utviklingshjelp.

Post 29 gjeld gebyr for rekning ved terminfall. Kundar som nyttar eFaktura eller AvtaleGiro, blir ikkje belasta med rekningsgebyr.

Post 89 gjeld gebyr på 280 kroner ved første puring og 490 kroner ved andre puring (varsel om oppseiing).

Post 90 gjeld innbetalte avdrag og betalte berekna renter frå tidlegare år. Avskrivne og

betalte renter er splitta opp i avskrivne og betalte renter i inneverande og tidlegare budsjettperiodar.

Tilbakebetaling av hovudstolen er berekna til 11,4 mrd. kroner i 2024. Tilbakebetaling av rentegjeld frå tidlegare periodar er berekna til 1,3 mrd. kroner i 2024. Tilbakebetaling frå taps-/kostnads-løyvingar utgjør 1,2 mrd. kroner og omfattar både hovudstol og berekna renter frå tidlegare periodar, spesifisert på kap. 2410, post 73 og 74.

Post 93 omfattar innbetaling frå konverteringsfondet til Lånekassen basert på konvertering av lån til stipend. Sjå omtale under kap. 2410, post 50.

Verksemder med mellomvære med statskassa vil ha eit unntak frå kontantprinsippet, jf. forslag til vedtak VII.

Kap. 5617 Renter frå Statens lånekasse for utdanning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
80	Renter	4 290 537	9 714 332	10 363 860
	Sum kap. 5617	4 290 537	9 714 332	10 363 860

Løyvinga på posten gjeld renter til staten for alle utlån til Lånekassens kundar. Dette gjeld renter som er belasta kundar i tilbakebetalingsfasen, og renter som er løyvde på tilskotspostar til å dekke kostnadene staten har på lån som er rentefrie under utdanninga (rentestøtta), og lån som er avskrivne.

Brutto rentestøtte er berekna til om lag 3,4 mrd. kroner, medan opptente og innbetalte renter frå kundane er berekna til 4,3 mrd. kroner i 2024. Anslaget for opptente ikkje-betalte renter frå kundane er 2,7 mrd. kroner, medan anslaget for årets renter frå taps-/kostnadsløyvingar er 70,9 mill. kroner i 2024.

Del III
Omtale av særlege tema

5 Forsking og utvikling i statsbudsjettet

Innleiing

Regjeringa har høge ambisjonar for forskning og høgare utdanning. Dette er uttrykt i den nye langtidsplanen for forskning og høgare utdanning (2023–2032) og i forslaget til statsbudsjett for 2024. Planen inneheld regjeringas overordna mål og prioriteringar for den komande tiårsperioden. Oppfølginga av planen er nærare omtala lenger ned i dette kapittelet.

Det er viktig å utnytte samspelet mellom nasjonale prioriteringar og internasjonale satsingar. Noreg har eit utstrekt internasjonalt samarbeid innanfor forskning og høgare utdanning, jf. *Strategi for norsk deltagelse i Horisont Europa og det europeiske forskningsområdet (2021–2027)*, *Erasmus+ og det europeiske utdanningsområdet (2021–2027)* og *Panorama – strategi for høyere utdannings- og forskningssamarbeid med Brasil, Canada, India, Japan, Kina, Sør-Afrika, Sør-Korea og USA (2021–2027)*.

FoU-innsatsen i statsbudsjettet og utviklinga i FoU-innsatsen

Forsking og utvikling i statsbudsjettet for 2024

Eit førebels overslag viser at dei samla løyvingane til forskning og utvikling (FoU) i budsjettforslaget til regjeringa for 2024 er på om lag 48,6 mrd. kroner. Det utgjer 0,92 pst. av overslaget for bruttonasjonalprodukt (BNP) i 2024. Dette er ein nominell auke på om lag 4,6 mrd. kroner frå saldert budsjett 2023, og det er ein realauke på 5,6 pst. Overslaget er gjort med bakgrunn i statsbudsjettanalysen for 2023 frå Statistisk sentralbyrå (SSB). Der som ein inkluderer Skattefunn-ordninga, blir den offentlege FoU-innsatsen på om lag 52 mrd. kroner i 2024. Inkludert provenyeffekten av Skattefunn utgjer FoU-innsatsen 0,98 pst. av overslaget for BNP i 2024. Tabell 5.1 viser løyvingane til FoU over statsbudsjettet fordelt på departement. Overføringar til folketrygda, Statens pensjonsfond utland og brutto låne- og avdragstransaksjonar er haldne utanfor. Tala er svært usikre, og endelege tal for FoU-løyvingane vil bli lagde fram sommaren 2024.

Tabell 5.1 Overslag over løyvingane til FoU over statsbudsjettet

(i mill. kr)				
Departement	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Nominell endring 2023–24	Reell endring 2023–24
Arbeids- og inkluderingsdepartementet	429	377	-52	-71
Barne- og familiedepartementet	223	255	32	22
Finansdepartementet	172	189	17	9
Forsvarsdepartementet	1 300	1 589	289	230
Helse- og omsorgsdepartementet	5 991	6 490	499	226
Justis- og beredskapsdepartementet	160	164	4	-3
Klima- og miljødepartementet	1 309	1 393	84	24
Kommunal- og distriktsdepartementet	1 683	2 615	932	855
Kultur- og likestillingsdepartementet	350	382	32	16
Kunnskapsdepartementet	23 553	25 927	2 374	1 298
Landbruks- og matdepartementet	892	949	57	17
Nærings- og fiskeridepartementet	4 378	4 834	456	256
Olje- og energidepartementet	909	943	34	-8
Samferdselsdepartementet	354	378	24	8
Statsbankane	606	576	-30	-58
Utanriksdepartementet	1 673	1 514	-159	-235
Totalt	43 981	48 576	4 594	2 584

Realveksten i FoU-løyvingane over Kunnskapsdepartementets budsjett skriv seg i hovudsak frå ein auke i Noregs kontingent til EUs rammeprogram for forskning og innovasjon.

Veksten i FoU-løyvingane over Kommunal- og distriktsdepartementets budsjett skriv seg frå auka løyvingar til byggeprosjekt i universitets- og høgskulesektoren i tråd med framdrift i prosjekta.

Veksten i FoU-løyvingane over Helse- og omsorgsdepartementets budsjett skriv seg i hovudsak frå auka løyvingar til helseføretaka.

Veksten i FoU-løyvingane over Nærings- og fiskeridepartementets budsjett skriv seg i hovudsak frå løyvingar til forskning og innovasjon for grøn omstilling i næringslivet.

Nedgangen i FoU-løyvingane over Utanriksdepartementets budsjett kjem i hovudsak av lågare

anslag for Noregs løyvingar til EØS-finansieringsordningane.

Utvikling i dei offentlege løyvingane til FoU i statsbudsjettet


I Hurdalsplattforma skriv regjeringa at ho vil vidareføre treprosentmålet i forskingspolitikken og legge fram ein strategi for at forskning og utvikling i næringslivet skal utgjere 2 pst. av BNP innan 2030. Denne strategien vil regjeringa legge fram våren 2024. Tabell 5.2 syner utviklinga frå 2010 til 2024. Overslaga for 2024 er usikre. FoU er berekna til 0,92 pst. av anslått BNP. Dette er ein oppgang samanlikna med siste overslag for 2023.

Tabell 5.2 Overslag over løyvingane til FoU i statsbudsjettet i perioden 2010–24

År	Totalt, løpande prisar, mill. kroner	Vekst, mill. kroner	Prosentvis vekst, løpande prisar	Prosentvis vekst, faste prisar	Prosentdel av BNP	Prosentdel av BNP, inkl. Skattefunn
2010	22 976	1 772	8,4	4,4	0,88	0,93
2011	23 551	575	2,5	-1,7	0,84	0,88
2012	24 489	938	4,0	0,2	0,82	0,87
2013	26 375	1 886	7,7	4,3	0,85	0,90
2014	28 311	1 936	7,3	4,7	0,90	0,96
2015	30 769	2 458	8,7	5,9	0,98	1,08
2016	32 979	2 210	7,2	4,9	1,06	1,18
2017	35 848	2 869	8,7	6,7	1,08	1,20
2018	36 612	764	2,1	-0,8	1,02	1,14
2019	38 179	1 567	4,3	1,3	1,06	1,18
2020	39 194	1 015	2,7	1,1	1,13	1,23
2021	40 772	1 578	4,0	-0,1	0,97	1,06
2022	42 430	1 658	4,1	-2,1	0,76	0,82
2023	43 981	1 551	3,7	-1,9	0,88	0,94
2024	48 576	4 594	10,4	5,6	0,92	0,98

Figur 5.1 samanliknar tal frå FoU-statistikken og tal frå statsbudsjettanalysen. Sidan statsbudsjettanalysen tek utgangspunkt i formålet med løyvingane, kan han bli produsert tidlegare enn FoU-statistikken. SSB har anslått FoU-løyvingane i 2023 til 44 mrd. kroner. Det er 0,88 pst. av prognosen for

BNP for 2023. I tillegg kjem støtta til FoU gjennom Skattefunn-ordninga, berekna til 3,2 mrd. kroner i 2023. FoU-løyvingane i statsbudsjettet er viste i faste prisar i det grå feltet i figur 5.1. Den heiltrekte linja i figuren viser FoU-løyvingane i pst. av BNP.




Figur 5.1 Utvikling i FoU-løyvingar i statsbudsjettet og offentlig finansierte FoU-utgifter

Kjelde: NIFU/SSB (FoU-statistikk og statsbudsjettanalyse)

Dei samla FoU-investeringane i Noreg

Nivået på FoU-investeringar målt som prosentdel av BNP er ein indikator på graden av kunnskap-sintensitet i økonomien. Regjeringa har som mål at den totale utførte FoU-innsatsen i Noreg skal utgjere 3 pst. av BNP innan 2030. I 2016 utgjorde dei totale FoU-utgiftene for første gong over 2 pst. av BNP. Når målet for FoU-investeringane er fastsett som ein prosentdel av BNP, må dette vurderast over tid og med utgangspunkt i ein normalsituasjon, ikkje i unntakssituasjonar som gir sterke positive eller negative utslag.

Dei samla FoU-investeringane i Noreg har hatt tilnærma kontinuerleg vekst gjennom dei siste 50 åra. Som del av BNP har FoU-utgiftene leige relativt stabilt på rundt 1,5 pst. sidan 1990-åra. Det var ein god auke i prosentdelen i perioden 2014–17. FoU av BNP nådde det høgaste nivået i 2020 med 2,3 pst. Dette skriv seg frå ein nedgang i BNP-over-slag på grunn av pandemien. Dei samla FoU-utgif-tene i Noreg i 2021 var på totalt 81,6 mrd. kroner. Dette utgjorde 1,94 pst. av BNP, ein nedgang frå 2,24 pst. i 2020. Nedgangen kjem av at BNP auka langt kraftigare enn FoU-utgiftene. Frå 2020 til 2021 var det ein svak realvekst i dei samla FoU-utgiftene.



Figur 5.2 Utvikling i FoU-utgifter, BNP og FoU-intensitet

Kjelde: NIFU og SSB

FoU-statistikken er basert på oppgaver frå dei sektorane som faktisk utførte FoU i Noreg. Neste samla statistikkopdatering kjem i oktober 2023.

Noregs forskingsråd

Noregs forskingsråd spelar ei sentral rolle i det norske forskings- og innovasjonssystemet. Forskingsrådet har ei omfattande verksemd når det gjeld finansiering, rådgiving og møteplassfunksjon. Kunnskapsdepartementet har etatsstyringsansvaret for Forskingsrådet og ansvaret for at rådet når dei måla som er sette for heile verksemda. For nærare omtale av rådets verksemd og styringssystemet for Forskingsrådet, sjå program-

kategori 07.60 Høgare utdanning og forskning, kap. 285 Noregs forskingsråd. Her finn du òg omtale av den økonomiske situasjonen i Noregs forskingsråd og den nye budsjettmodellen.

Noregs forskingsråd får løyvingar frå alle departementa. Tildelingane frå departementa omfattar både generelle faglege tildelingar, instituttildelingar og særskilde midlar til einsskild program eller aktivitetar. Tabellen nedanfor viser ei oversikt over løyvingforslag for 2023 og 2024. Regjeringa vidarefører eit høgt nivå på løyvingane til Noregs forskingsråd i 2024. Samla sett er det ein nominell auke i løyvingane på om lag 550 mill. kroner. For ei meir detaljert skildring av løyvingane, sjå budsjettproposisjonane til dei ulike departementa.

Tabell 5.3 Løyvingar til Noregs forskingsråd

Departement	(i mill. kr)	
	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
Arbeids- og inkluderingsdepartementet	191,0	172,6
Barne- og familiedepartementet	42,1	50,8
Finansdepartementet	38,8	40,7
Forsvarsdepartementet	22,2	22,0
Helse- og omsorgsdepartementet	381,2	413,1
Justis- og beredskapsdepartementet	62,6	69,1
Klima- og miljødepartementet	628,8	651,1
Kommunal- og distriktsdepartementet	203,9	213,8
Kultur- og likestillingsdepartementet	29,3	30,5
Kunnskapsdepartementet	5 048,3	5 374,6
Kunnskapsdepartementet, verksemdsbudsjett	744,2	766,9
Landbruks- og matdepartementet	394,7	391,9
Nærings- og fiskeridepartementet	2 154,7	2 277,0
Olje- og energidepartementet	919,5	933,2
Samferdselsdepartementet	139,2	145,2
Utanriksdepartementet	256,3	251,4
Totalt	11 256,7	11 804,0

Langtidsplan for forskning og høgare utdanning 2023–2032

Den nye langtidsplanen for forskning og høgare utdanning 2023–2032 vart lagt fram hausten 2022 og er det retningsgivande dokumentet til regjeringa for forskning og høgare utdanning. Planen

fastset måla og prioriteringane til regjeringa for forskning og høgare utdanning for dei neste ti åra. Langtidsplanen inneheld tre overordna mål:

- styrkt konkurransekraft og innovasjonsevne
- miljømessig, sosial og økonomisk berekraft
- høg kvalitet og tilgjengelegheit i forskning og høgare utdanning

Planen inneheld òg seks tematiske prioriteringar:

- hav og kyst
- helse
- klima, miljø og energi
- mogleggjerande og industrielle teknologiar
- samfunnstryggleik og beredskap
- tillit og fellesskap

Desse måla og tematiske prioriteringane uttrykker ambisjonane og prioriteringane til regjeringa for forskning og høgare utdanning. Under blir det gitt omtale om oppfølging av langtidsplanen, nærare bestemt status for oppfølginga av tiltaka i planen.

Oppfølging av overordna mål

Måla er formulerte på eit overordna nivå, og dei er meinte å vere langsiktige.

Styrkt konkurransekraft og innovasjonsevne

Målet om styrkt konkurransekraft og innovasjonsevne er avgjerande for at Noreg skal klare dei omstillingane vi står overfor. Forsking, utvikling, innovasjon og høgare utdanning er grunnleggjande for verdiskapinga i samfunnet. Regjeringa vil legge betre til rette for at både næringslivet og offentleg sektor skal utforske og ta i bruk kunnskap og teknologi.

Norsk næringsliv har hatt ein sterk vekst i FoU-investeringane det siste tiåret, men regjeringa meiner at ytterlegare styrking av FoU i næringslivet er nødvendig for auka verdiskaping i framtida. Regjeringa vil derfor utvikle ein strategi for korleis det best kan leggest til rette for oppfølging av målet om auka FoU i næringslivet. Arbeidet med strategien er godt i gang under felles leiding av Kunnskapsdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet. Strategien skal etter planen leggest fram våren 2024.

Regjeringa innførte i statsbudsjettet for 2023 eit hovudprinsipp om at prosjekt som mottek støtte gjennom det næringsretta verkemiddelapparatet, skal ha ein plass på vegen mot omstillingsmålet for 2030, og at Noreg skal vere eit lågutsleppssamfunn i 2050. Grøn plattform har blitt eit sentralt verkemiddel for å nå målet regjeringa har sett om eit grønt industriløft.

Norske aktørar gjer det generelt godt i EUs rammeprogram for forskning og innovasjon, Horisont Europa, med ein returdel på 3,35 pst. Det er godt over den i utgangspunktet ambisiøse nasjonale målsetjinga på 2,8 pst. Utover deltakinga i EUs rammeprogram blir det jobba for å vurdere

Noregs tilknytning opp mot andre europeiske initiativ som gjeld grøn og digital omstilling, medrekna European Chips Act, som er ei europeisk satsing innanfor teknologiutvikling, produksjon og forsyningsberedskap på halvleiarteknologi, og tverrnasjonale partnerskapar for grøn og digital næringsutvikling for prosjekt av såkalla allmenn-europeisk interesse (Important Projects of Common European Interest – IPCEI).

Miljømessig, sosial og økonomisk berekraft

Berekraftsmåla spelar ei stadig viktigare rolle i det norske forskings- og innovasjonssystemet, og universiteta og høgskulane er sentrale aktørar i arbeidet med å utvikle kunnskap som bidreg til at vi som samfunn kan sikre behovet for miljømessig, sosial og økonomisk berekraft. Noreg treng både verdsleiande fagmiljø og høg kvalitet i heile breidda av forskning og høgare utdanning for å utvikle og ta i bruk ny kunnskap for verdiskaping, omstilling og berekraft.

Ei rekke nasjonale og internasjonale verkemiddel på tvers av departementa støttar opp under arbeidet med å utvikle ny kunnskap som på ein betre måte kan sikre ei meir heilskapleg tilnærming til dagens samfunnsutfordringar. Samfunnsoppdrag som verkemiddel støttar opp under det auka behovet for å sjå det nasjonale og internasjonale i samanheng, på tvers av sektorar. Dei representerer eit verkemiddel som kan bidra til å sikre ei meir heilskapleg tilnærming til korleis vi skal vareta omsyna til komplekse utfordringar i samfunnet, miljøet og økonomien i den brytningstida vi er inne i. Gjennom tverrfaglege og tverrsektorielle tilnærmingar til store samfunnsutfordringar i vår tid, kan samfunnsoppdraga bidra til meir målretta innsats på tvers av samfunnsområde.

Høg kvalitet og tilgjengelegheit i forskning og høgare utdanning

Regjeringa har ei klar målsetjing om at all norsk forskning og høgare utdanning skal ha høg kvalitet. På område der forholda ligg til rette for det, bør ambisjonen vere endå høgare – å vere framifrå eller verdsleiande. Det er institusjonane innanfor forskning og høgare utdanning sjølve som har ansvaret for kvaliteten. Regjeringa, departementet og det statlege verkemiddelapparatet skal legge til rette for kvalitetsarbeidet i fagmiljøa.

Forskningsrådet fremjar kvalitet mellom anna ved å kvalitetssikre forskingsprosjekta dei finansierer, og ved å gjennomføre evalueringar av forskingskvaliteten på ulike område, seinast innan

rettsvitenskap. I 2022 har regjeringa prioritert å få på plass ein berekraftig økonomi for Forskningsrådet, slik at arbeidet for høg kvalitet i norsk forskning kan halde fram. Når det gjeld høgare utdanning, vil Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) vidareføre det viktige arbeidet sitt, særleg med akkreditering og tilsyn. Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) har fram til no fremja studiekvalitet ved ulike tilskotsordningar. Frå 2024 blir dette lagt om, og midlane blir no lagde inn i grunnløyvinga til universiteta og høgskulane, i tråd med tillitsreforma til regjeringa. HK-dir skal framleis arbeide for høg studiekvalitet, særleg ved å ta meir ansvar for analysar, statistikk og informasjon om studiekvaliteten.

Regjeringa vil at studietilbod skal bli endå meir tilgjengelege for folk i heile landet som av ulike årsaker ikkje kan studere ved ein av dei faste studiestadane til fagskular, universitet og høgskular. Meir tilgjengeleg utdanning gjennom fleksible og desentraliserte tilbod medverkar til å mobilisere verksemdar og innbyggjarar lokalt til å prioritere meir utdanning. I 2022 var nesten 10 pst. av alle studentane registrerte på tilbod med nettbasert eller desentralisert undervisning. Trenden med at desentralisert undervisning går tilbake, medan den nettbaserte aukar, heldt fram i 2022. I 2023 tildelte HK-dir om lag 150 mill. kroner gjennom ei søknadsbasert ordning retta mot fleksible og desentraliserte utdanningstilbod. Regjeringa foreslår i 2024 å auke rammeløyvinga til universitet og høgskular med 200 mill. kroner for å gjere utdanning tilgjengeleg for fleire gjennom å styrke det desentraliserte og fleksible tilbodet. Sjå nærare omtale i kap. 260, post 50 og 70.

Oppfølging av tematiske prioriteringar

Dei tematiske prioriteringane er utvalde område der regjeringa meiner det er særleg viktig at Noreg satsar på forskning og høgare utdanning i åra som kjem.

Hav og kyst

Per august 2023 har Forskningsrådet lyst ut havrelaterte prosjekt for om lag 630 mill. kroner. Av desse er det hittil tildelt 386 mill. kroner. Prosjekta omfattar forskning, kompetansebygging, samarbeid og innovasjon. Regjeringa har starta arbeidet med samfunnsoppdraget med mål om at alt fôr til oppdrettsfisk og husdyr skal kome frå berekraftige kjelder. Regjeringa arbeider kontinuerleg med å planlegge og setje i verk berekraftig næringsutvikling og god naturforvaltning i hava

og kystområda våre. Dette krev eit godt kunnskapsgrunnlag og omfattande regelverksutvikling. Ambisjonane på havfeltet blir derfor også spegla i arbeidet til regjeringa med fagutdanningar og forvaltningsforskning.

Helse

Regjeringa har prioritert forskning på, i og om den kommunale helse- og omsorgstenesta. Regjeringa vil løyve 103,7 mill. kroner i 2024 til ei ordning i Forskningsrådet for å finansiere FoU-prosjekt forankra i behova som dei kommunale helse- og omsorgstenestene har. For å sikre at midlane samsvarer med behov i kommunane, ønsker regjeringa å bidra til å opprette eit strategisk forskingsorgan for kommunane ved å løyve til saman 10 mill. kroner til KS for at dei skal organisere og drifte organet.

Helse- og omsorgsdepartementet finansierer PraksisNett, ein forskingsinfrastruktur som mellom anna skal legge til rette for at forskarar skal kunne gjennomføre gode og kvalitetssikra kliniske studiar i allmennpraksis. Regjeringa vil fremje enklare tilgang til helsedata gjennom å vidareutvikle tenestene til Helsedataservice, og gjenbruk av eksisterande data- og analysetenester i universitets- og høgskulesektoren. Regjeringa la fram ein ny nasjonal strategi for persontilpassa medisin i januar 2023. Arbeidet med å skildre innhald og retning for eit kunnskapssystem for folkehelse er omtalt i Meld. St. 15 (2022–2023) *Folkehelsemeldinga: Nasjonal strategi for utjamning av sosiale helseforskjellar*, og det blir arbeid vidare med dette.

For å lykkast med prioriteringa av helse i langtidspanen trengst det tilstrekkeleg utdanningskapasitet. Regjeringa følger i samarbeid med KS opp den bilaterale samarbeidsavtalen om kvalitet og kapasitet i praksisstudia i kommunane. I samband med behandlinga av revidert nasjonalbudsjett for 2023 blei ordninga for støtte til bustad og reise for helse- og sosialfagstudentar i praksis styrkt med 20 mill. kroner. Regjeringa foreslår å styrke ordninga med ytterlegare 31,9 mill. kroner i 2024. Regjeringa foreslår vidare 60 nye studieplassar i medisinstudiet, 20 studieplassar til etablering av ei fysioterapiutdanning i Elverum, og 20 studieplassar til vernepleiarutdanning i Kongsvinger.

Klima, miljø og energi

Regjeringa har eit breitt verkemiddelapparat for forskning, utvikling og innovasjon, og Noreg er representert nasjonalt og internasjonalt. Minst

35 pst. av budsjettet for Horisont Europa og 30 pst. av budsjettet til EUs investeringsprogram InvestEU skal bidra til å nå EUs klimamål.

I *Klimastatus og -plan* gjer regjeringa greie for korleis verkemidla for FoU støttar opp under klima og omstilling. Av dei totale investeringane i FoU i 2021 var over 11 mrd. kroner FoU på energi, medan 5,5 mrd. kroner var miljøretta FoU og nærare 5 mrd. kroner FoU på klima. Innanfor energi har forskning på energieffektivisering og fornybar energi auka over tid, medan forskning på petroleum har gått ned. FoU retta mot både miljø og klima auka spesielt i 2021, i første rekke knytt til CO₂-handtering og teknologi. I tillegg syner tal frå SSB at prosentdelen av dei innovative føretaka som har grøne innovasjonar har auka frå 2020 til 2022.

Samfunnsoppdraget Berekraftig før, som blei lansert i langtidsplanen og no er kome inn i fasen for design- og implementering, vil følgja opp denne tematiske prioriteringa. Arbeidet inkluderer representantar frå forvaltning, næringsliv og forskning. Regjeringa vil greie ut eit samfunnsoppdrag om sirkulær økonomi, jf. fleirtalsmerknad til Innst. 170 S (2022–2023). Sjå ytterlegare omtale av dette i Prop. 1 S (2023–2024) for Klima- og miljødepartementet.

Mogleggjerande og industrielle teknologiar

Denne tematiske prioriteringa vektlegg grunnforskning på fagområde som er nødvendige for å utvikle mogleggjerande og industrielle teknologiar. Innsatsen legg grunnlaget for bruk av teknologiane på dei andre prioriterte områda i langtidsplanen. Anvendt forskning og nærstående tiltak for å ta moden teknologi i bruk er handsama der.

Langtidsplanen prioriterer tre deltema innanfor mogleggjerande og industrielle teknologiar: Kunstig intelligens, kvanteteknologi og nevroteknologi. Regjeringa foreslår å løyve midlar til ei satsing på forskning og innovasjon på framtidens data-behandling som mellom anna vil rette seg mot dei nemnde områda. Satsingsforslaget inneber minst 1. mrd. kroner over fem år. Sjå nærare omtale i kapittel 285, post 51.

Innanfor høgare utdanning og kompetanse prioriterer langtidsplanen nødvendig spisskompetanse for framveksande og konvergerande teknologiar av særskilt strategisk betydning. Regjeringa foreslår å løyve midlar til 100 nye studieplassar i IKT-utdanningar. Sjå nærare omtale i kap. 260, post 50 og 70. Regjeringa vil kome tilbake til oppfølging av dei andre tiltaka for mogleggjerande og

industrielle teknologiar. Fleire departement arbeider med å følge opp prioriteringa.

Samfunnstryggleik og beredskap

Samfunnstryggleik og beredskap blir stadig viktigare på mange område. Ei rekke departement følger opp tiltak i langtidsplanen knytte til den tematiske prioriteringa samfunnstryggleik og beredskap, som mellom anna omfattar område som smitteverntiltak, antibiotikaresistens, mattryggleik, globale utfordringar for sikkerheit og samansette trugsmål, særleg innanfor digital tryggleik. Også tema som er knytte til klimaendringar, som å utvikle modellar og analyseverktøy og styrke kompetansen og forståinga av syklusen til vatnet, forsyningstryggleik for energi og førebygging av tørkeskadar og flaum- og skredskadar, vil bli følgde opp.

Nye og samansette truslar krev styrkt samarbeid innanfor forskning, innovasjon og kompetanseutvikling på tvers av sektorar og gjennom tverrfaglege perspektiv. Den endra politiske og militære situasjonen frå 2022 har skapt behov for kunnskap om kva desse endringane betyr for Noregs tryggingspolitiske handlingsrom. Regjeringa vil vidareføre arbeidet med å styrke norske forskingsmiljø med kompetanse på tryggingspolitiske endringar og utviklingstrekk, på regionalt nivå i Europa og når det gjeld globale maktforskyvingar og konfliktpotensial.

Erfaringane frå koronapandemien viste oss veikskapar i dagens kunnskapssystem og gjorde det klart at vi treng betre beredskap for å handtere kunnskapsbehov i kriser. Kunnskapen som skal støtte opp under avgjerder i kriser, må ha høg kvalitet, vere relevant og kunne skaffast raskt. Statusskildringar, fortløpande analyse, sanntidsforskning og gode effektstudiar krev produksjon og innhenting av nye data, rask tilgang til eksisterande data, høve til deling og kopling av data, samarbeid om analysar på tvers av einingar og sektorar, tilstrekkeleg nett- og reknekapasitet og tilstrekkeleg kapasitet til å samanfatte og formidle relevant innsikt. Under leiing av Kunnskapsdepartementet jobbar ei rekke departement saman om å gi kunnskapsberedskapen større plass i beredskapsarbeidet.

Tillit og fellesskap

Å førebygge utanforskap frå tidleg alder er særskilt viktig for å halde ved like tilliten og fellesskapet i samfunnet gjennom generasjonane. Derfor har regjeringa sett i gang utvikling av eit samfunns-

oppdrag med mål om å inkludere fleire barn og unge i utdanning, arbeid og samfunnslev, jf. omtalen nedanfor. Ein annan føresetnad for tillit i samfunnet er yringsfridom. Regjeringa er i ferd med å gå gjennom alle høyringsinnspela til rapporten frå Ytringsfridomskommisjonen og vurderer vidare oppfølging av rapporten i lys av desse. Når det gjeld yringsfridom i akademia, har regjeringa mellom anna følgd opp innspel frå Kierulf-utvalet i framlegget til ny universitets- og høgskulelov.

Vidare vil regjeringa gjennom dialog med Forskingsrådet følge opp ambisjonane om ein tverrsektoriell FoU-strategi for å styrke kunnskapsgrunnlaget for likestillings-, ikkje-diskriminerings- og mangfaldsinnsatsen. Innanfor språkpolitikken er målet å sikre norsk som samfunnsberande språk, noko som føreset eit solid grunnlag i norsk språkforskning. Innan akademia, der engelsk tek gradvis over, er det nødvendig med ein særskild innsats. Tilliten og dialogen mellom akademia og det norske samfunnet føreset at vi sikrar og vidareutviklar norsk som eit levande fagspråk. Regjeringa har derfor nyleg lagt fram ein eigen handlingsplan for norsk fagspråk i akademia som skal snu den uheldige utviklinga.

Regjeringa har òg fremja ei eiga stortingsmelding om samisk språk og kultur, og foreslår å løyve 9 mill. kroner til samisk forskning og høgare utdanning. Sjå nærare omtale i kapittel 260, post 50.

Kunnskapssystemet

Kunnskapssystemet må vere velfungerande for å kunne følge opp måla og prioriteringane i langtidsplanen på ein god måte. Langtidsplanen har derfor ein eigen del om kunnskapssystemet som tek for seg viktige tema som høgare utdanning og kompetansebehov, tillit til forskning og akademisk fridom, forskningssystemet, målretta samfunnsoppdrag og datainfrastruktur.

Høgare utdanning og kompetansebehov

I utsynsmeldinga, jf. Innst. 472 (2022–2023) og Meld. St. 14 (2022–2023) *Utsyn over kompetansebehovet i Norge*, peikar regjeringa på kompetanse som er nødvendig for eit høgproduktivt og konkurransedyktig næringsliv, kompetanse som er nødvendig for å gjennomføre det grøne skiftet, og kompetanse som er nødvendig for å ha gode velferdstenester i heile landet. Regjeringa la også fram eit forenkla finansieringssystem for universiteta og høgskulane. Endringane gir institusjonane meir tillit, handlingsrom og ansvar for å prioritere

og dimensjonere innanfor rammeløyvinga for å nå sektormåla og verksemdsmåla.

I 2024 vil regjeringa legge fram ei stortingsmelding om profesjonsutdanningane, med hovudvekt på helse- og sosialfaga, lærarutdanningane og ingeniørutdanningane. Regjeringa vil føre ein ambisiøs og offensiv kunnskapspolitik og bygge sterke profesjonsutdanningar av høg kvalitet i heile landet. Meldinga skal innehalde tiltak som bidreg til at samfunnet har god tilgang på kompetent arbeidskraft, at profesjonsutdanningane gir relevant og oppdatert kompetanse, og at utdanningane rekrutterer frå heile befolkninga.

Eit forskingssystem i god balanse

I langtidsplanen varsla regjeringa at ho vil legge fram ei melding til Stortinget om forskingssystemet. Sjå omtale i programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning.

Langtidsplanen inneheld eit tiltak om eit nasjonalt vegkart for å sikre god norsk oppfølging av aktuelle tiltak for ei forsterka satsing på Det europeiske forskingsområdet – European Research Area (ERA). Kunnskapsdepartementet la i juli 2023 fram ein nasjonal handlingsplan for ERA for perioden 2022–24. Handlingsplanen er utarbeidd i samarbeid med aktuelle sektordepartement og Noregs forskingsråd og etter konsultasjonar med sektorane. Dei overordna måla for ERA samsvarer generelt godt med måla i langtidsplanen. Handlingsplanen skal sikre gode norske bidrag for å nå måla for ERA, særleg ein fordjupa indre marknad for kunnskap og styrkt europeisk samarbeid om grønt og digitalt skifte, og forsterke prioriteringane i langtidsplanen.

Målretta samfunnsoppdrag

Langtidsplanen blei lansert med eit nytt verkemiddel i Noreg gjennom to målretta nasjonale samfunnsoppdrag. I behandlinga av planen bad Stortinget i ein fleirtalsmerknad om at regjeringa kjem tilbake i budsjettproposisjonen for 2024 med omtale av oppfølginga av dei nye samfunnsoppdraga, jf. Innst. 170 S (2022–2023). I fleirtalsmerkningen blei det òg fremja forslag om eit tredje samfunnsoppdrag som bør rettast inn mot sirkulære løysingar og meir berekraftig bruk av naturen, og dette blei knytt til digitalisering, som er ein sentral premis for grønt omstilling.

Målretta samfunnsoppdrag er nyskapande og ambisiøse prosjekt der forskning blir kopla med andre verkemiddel for å løyse konkrete problem innanfor ein gitt tidsfrist gjennom tverrsektoriell

og målretta innsats. Noreg deltek allereie i EUs samfunnsoppdrag, og dei to nasjonale samfunnsoppdraga vil medverke til meir praktisk bruk av forskingsbasert kunnskap for å løyse krevjande og konkrete samfunnsutfordringar. Samfunnsoppdraga tek utgangspunkt i område som har høg prioritet for regjeringa, og der forskingsbasert kunnskap og kompetanse er nødvendig for å nå dei konkrete måla. Dei to samfunnsoppdraga er:

- berekraftig fôr
- å inkludere fleire barn og unge i utdanning og arbeids- og samfunnsliv

I 2023 arbeider regjeringa vidare med å utvikle dei to samfunnsoppdraga. Det er sett ned ei operativ gruppe for kvart av samfunnsoppdraga med fagfolk som utviklar forslag til tidfesta mål og delmål for samfunnsoppdraga, og som vil gi råd om organisering av det vidare arbeidet. Arbeidet i begge gruppene blir leia av Noregs forskingsråd. Etter at forslaga frå dei operative gruppene ligg føre

omkring årsskiftet 2023/2024, vil regjeringa gjere ein samla vurdering av innretting av samfunnsoppdraga, før dei kan setjast i gang. Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget med saka.

Open forskning og verdien av data

For å nå måla i langtidsplanen er det viktig med tilgang til nok reknekraft. For å sikre tilgang til superdatamaskinar i Europa gjekk Noreg frå 1. januar 2019 inn i eit samarbeid med sju andre europeiske land som søkte om og fekk tilslag på midlar frå EU til å bygge ein av dei kraftigaste superdatamaskinane i verda. Det er viktig at kompetansen hos aktuelle brukarar av dei nye superdatamaskinane blir styrkt. For å bidra til dette arbeidet fekk Uninett Sigma2 i 2022 tilskot frå Noregs forskingsråd på 10 mill. kroner over to år. Tilskotet blir foreslått vidareført i 2024. Sjå òg omtale i budsjettproposisjonen til Kommunal- og distriktsdepartementet, kap. 500, post 50.

6 Nøkkeltal for grunnopplæringa

Innleiing

Kapittelet gir informasjon om utviklinga i talet på elevar, lærlingar og lærarar og ressursbruken i grunnopplæringa.

Kommunane og fylkeskommunane er ansvarlege for drifta av høvesvis grunnskulen og vidaregåande opplæring. Grunnskulen og den vidaregåande opplæringa blir i hovudsak finansierte gjennom dei frie inntektene til kommunane og fylkeskommunane. Både i kommunane og i fylkes-

kommunane er opplæring ein stor og viktig sektor. Samla brutto driftsutgifter til grunnskuleopplæring var 99,4 mrd. kroner i 2022. Tilsvarande var samla brutto driftsutgifter til vidaregåande opplæring 42,4 mrd. kroner i 2022. Talet på elevar, lærlingar og lærarar er avgjerande for ressursbruken i skulen.

Ressursbruken i grunnopplæringa i Noreg har auka noko dei siste åra når det gjeld både totale ressursar og ressursar per elev.

Elevar og lærlingar i grunnopplæringa

Tabell 6.1 Talet på elevar i ordinære grunnskular, frå skuleåret 2015–16 til skuleåret 2022–23

Skuleår	Barnetrinnet (1.–7. trinn)	Ungdomstrinnet (8.–10. trinn)	Totalt
2015–16	438 387	185 368	623 755
2016–17	444 638	184 637	629 275
2017–18	447 355	185 674	633 029
2018–19	448 655	187 695	636 350
2019–20	446 218	190 032	636 250
2020–21	443 967	191 530	635 497
2021–22	439 644	195 030	634 674
2022–23	437 855	199 079	636 934

Kjelde: GSI (Utdanningsdirektoratet)

Tabell 6.1 viser at talet på elevar i grunnskulen har auka noko samanlikna med førre skuleår. 97,7 pst. av 16-åringane som avslutta grunnskulen våren 2022, var i vidaregåande opplæring same år. Av

elevane som begynte på 1. trinn i vidaregåande opplæring hausten 2022, var det om lag like mange som begynte på eit yrkesfagleg program som på eit studieførebuande program.

Tabell 6.2 Fordeling på utdanningsprogram i vidaregåande opplæring, frå skuleåret 2015–16 til skuleåret 2022–23

Skuleår	Elevar på studieførebuande program	Elevar på yrkesfag	Lærlingar, elevar i fagopplæring i skule og lærekandidatar	I alt
2015–16	118 013	72 026	42 021	232 060
2016–17	121 409	69 644	42 777	233 830
2017–18	123 095	66 562	44 637	234 294
2018–19	121 390	67 092	46 316	234 798
2019–20	119 141	67 854	48 281	235 276
2020–21	119 244	68 970	48 012	236 226
2021–22	117 990	68 195	49 981	236 166
2022–23	116 789	68 627	51 472 ¹	236 888

¹ I 2022–23 var det i tillegg 1 058 personar som hadde kontrakt om fagbrev på jobb. Statistikken har tal om fagbrev på jobb frå 2020. 725 personar hadde kontrakt i 2020–2021, og 1 022 i 2021–22.

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Det har vore ein jamn auke i talet på elevar, lærlingar og lærekandidatar totalt i vidaregåande opplæring i fleire år. Men frå 2020–21 til 2021–22 såg vi ein liten nedgang. Frå 2021–22 til 2022–23 ser vi igjen at det totale talet stig noko.

Per 1. oktober 2022 var det registrert 48 400 lærlingar og 1 895 lærekandidatar. Det er om lag 1 700 fleire lærlingar enn på same tidspunkt i 2021, medan det er om lag 55 fleire lærekandidatar. I 2022 er det også registrert over tusen som har kontrakt gjennom tilbodet fagbrev på jobb.

Lærarårsverk

Årsverk til undervisningspersonale blir rekna ut på bakgrunn av registrerte timar per skuleår. I 2022–23 er det berekna talet på årsverk til undervisning og andre oppgåver i grunnskulen 62 819, ein auke på om lag 600 årsverk frå året før.

Tabell 6.3 Berekna årsverk utførte av undervisningspersonale til undervisning og andre oppgåver i grunnskulen, frå skuleåret 2015–16 til skuleåret 2022–23

Skuleår	Berekna årsverk til undervisning og andre oppgåver, sum årsverk		Assistent-årsverk
	Av dette	Andre oppgåver	
2015–16	57 612	6 407	8 417
2016–17	58 421	6 480	8 868
2017–18	59 357	6 459	9 389
2018–19	60 372	6 430	9 849
2019–20	61 425	6 411	10 020
2020–21	61 705	6 240	10 658
2021–22	62 226	6 146	11 032
2022–23	62 819	6 253	11 491

Kjelde: GSI (Utdanningsdirektoratet)

Tabell 6.4 Utvikling i talet på lærarårsverk i vidaregåande opplæring, frå skuleåret 2015–16 til skuleåret 2022–23

Skuleår	Lærarårsverk i vidaregåande opplæring, avtalte årsverk
2015–16	23 091
2016–17	23 300
2017–18	23 188
2018–19	23 259
2019–20	23 491
2020–21	23 500
2021–22	23 870
2022–23	23 978

Kjelde: Statistikkbanken (SSB)

Gruppestorleik

Indikatoren «berekna gjennomsnittleg gruppestorleik» kjem fram når ein ser på forholdet mellom elevtimar og lærartimar. Med elevtimar meiner ein det samla talet på ordinære timar til undervisning som elevane får kvart år. Lærartimar er summen av alle timane lærarane gir undervisning per år. Indikatoren gruppestorleik gir uttrykk for kor mange elevar ein lærar har i gjennomsnitt per undervisningstime. Gruppestorleik bør sjåast som ein indikasjon og ikkje som eit absolutt mål.

Gruppestorleik 1 omfattar timar til spesialundervisning og særskild norskopplæring for språklege minoritetar. Sidan desse timane blir inkluderte, kan det føre til at gruppestorleiken verkar lågare enn det nokre elevar og lærarar opplever i kvardagen.

Gruppestorleik 2 er ein annan måte å rekne ut gruppestorleiken på. Her er timar til spesialundervisning og til særskild norskopplæring for språklege minoritetar tekne ut av både lærartimar og elevtimar i berekninga. Denne indikatoren er ikkje i same grad som gruppestorleik 1 eigna til å måle endringar i ressursinnsats over tid, fordi endringar knytte til spesialundervisning og sær-

skild norskopplæring vil kunne påverke indikatoren. Gruppestorleik 2 gir eit bilde av ressursinnsatsen for dei elevane som ikkje får særskilde individretta styrkingstiltak.


Tabell 6.5 Gjennomsnittleg gruppestorleik på 1.–10. trinn¹, frå skuleåret 2015–16 til skuleåret 2022–23

Skuleår	Gruppestorleik 1(1.–10. trinn)	Gruppestorleik 2(1.–10. trinn)
2015–16	13,5	16,8
2016–17	13,5	16,8
2017–18	13,3	16,6
2018–19	13,1	16,3
2019–20	12,9	15,8
2020–21	12,8	15,7
2021–22	12,6	15,5
2022–23	12,6	15,6

¹ Offentlege og private grunnskular utanom spesialskular og utanlandsskular.

Kjelde: GSI (Utdanningsdirektoratet)

Hausten 2018 blei det innført ei norm for lærartettleik på skulenivå for 1.–10. trinn i offentlege skular. Skuleåret 2018–19 skulle gruppestorleik 2 maksimalt vere 16 på 1.–4. trinn og 21 på 5.–7. og 8.–10. trinn. Frå hausten 2019 blei norma skjerpa, og gruppestorleik 2 skal maksimalt vere 15 på 1.–4. trinn og 20 på 5.–7. og 8.–10. trinn. Det har vore ein monaleg auke i prosentdelen grunnskular som oppfyller kravet på 1.–4. trinn sidan norma vart innført. Hausten 2022 oppfylte 89 pst. av skulane lærarnorma. 96 pst. av skulane oppfylte norma på 5.–7. trinn, og 92 pst. av skulane oppfylte norma på 8.–10. trinn. Figur 6.1 viser utviklinga i gruppestorleik 2 fordelt på dei ulike hovudtrinna. Lærartettleiken har vore stabil dei siste tre åra, men gått noko ned sidan førre skuleår. Gruppestorleiken var 13,7 på 1.–4. trinn, 16,2 på 5.–7. trinn og 17,7 på 8.–10. trinn. Det vil seie at lærarnorma i gjennomsnitt var oppfylt på alle hovudtrinn i skuleåret 2022–23.



Figur 6.1 Gjennomsnittleg gruppestorleik 2 på hovudtrinna i grunnskulen¹, frå skuleåret 2007–08 til skuleåret 2022–23

¹ Offentlege og private grunnskular utanom spesialsksular og utanlandssksular.
Kjelde: GSI (Utdanningsdirektoratet)


For vidaregåande opplæring er det vanskeleg å lage eit godt mål på forholdstalet mellom lærarar og elevar. Det finst ikkje godt nok talgrunnlag for å skilje mellom lærarar og elevar på ulike studieretningar, og dette er ein faktor som har stor innverknad på gruppestorleiken i vidaregåande opplæring.

Skulestruktur

I skuleåret 2022–23 var det 2 741 grunnskular i Noreg. Av desse 2 741 skulane var 284 private

grunnskular. 4,7 pst. av elevane i grunnskulen gjekk på ein privat grunnskule i skuleåret 2022–23.

Når det gjeld storleiken på grunnskulane i Noreg, varierer denne frå nokre få elevar til over 1 000 elevar på dei største skulane. Figuren nedanfor illustrerer fordelinga av små, mellomstore og store skular. Det har over tid vore ei utvikling i retning av fleire store skular og færre små skular.



Figur 6.2 Prosentdel grunnskular fordelte etter talet på elevar


Kjelde: Statistisk sentralbyrå

6 pst. av elevane i grunnskulen gjekk på skular med færre enn 100 elevar, 33 pst. gjekk på skular med mellom 100 og 299 elevar, og 61 pst. gjekk på skular med 300 eller fleire elevar i 2022. Sidan skuleåret 2002–03 har meir enn 50 pst. av elevane gått på store skular (over 300 elevar).

Tidlegare kartleggingar av skulenedleggingar har vist at den viktigaste årsaka til at skular blei lagde ned, var lågt elevtal. Andre viktige faktorar var kommuneøkonomi og problem med å rekrut-

tere kvalifiserte lærarar. I dei fleste tilfella der kommuneøkonomi blei rapportert som årsak, var dette i kombinasjon med få elevar.

Hausten 2022 var det 419 vidaregåande skular i landet. Det er éin skule mindre enn året før. Av desse var 101 private. Det har vore ein liten auke i talet på private vidaregåande skular dei siste åra. Talet på offentlege vidaregåande skular har vore relativt stabilt i same periode.



Figur 6.3 Endring i talet på kommunale og private grunnskular og talet på fylkeskommunale og private vidaregåande skular mellom 2015–16 og 2022–23

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Ser vi på utviklinga i talet på skular i perioden 2015–16 til 2022–23 under eitt, ser vi at det har vore ein nedgang i talet på offentlege grunnskular og vidaregåande skular. I same periode har det vore ein auke i talet på private grunnskular og vidaregåande skular.

Skuleresultat

Nasjonale prøver hausten 2022

Nasjonale prøver skal måle ferdigheitene til elevane i lesing og rekning og i delar av engelskfaget. Resultatet skal gi skuleeigaren og skulen eit grunnlag for kvalitetsutvikling i opplæringa. Elevar på 5., 8. og 9. trinn deltek på nasjonale prøver. Nasjonale prøver er inndelte i tre nivå på 5. trinn og fem nivå på 8. og 9. trinn.

Det blei gjort endringar i prøvene hausten 2022 som følge av nye læreplanar, og det gjer at resultatata frå 2022 ikkje kan samanliknast direkte med tidlegare år.

Ifølge Utdanningsdirektoratets analysar viser dei nasjonale prøvene i hovudsak inga vesentleg endring i prestasjonane til elevane. Gutane presterer litt betre enn jenter i rekning og engelsk på alle trinn, medan det er motsett i lesing. På 5. trinn presterer gutane litt betre enn jentene i engelsk, medan på 8. trinn er engelskresultata meir jamne. Skilnadene mellom kjønna er i tråd med resultatata frå tidlegare år. Samanlikna med andre fylke har Oslo, på både barne- og ungdomstrinnet, ein større prosentdel elevar på dei høgaste meistringsnivåa.

Skulebidragsindikatorane

Kvar elev har med seg mange føresetnader som påverkar skuleresultatata. Skulebidragsindikatorane set seg som mål å seie kor mykje skulen bidreg med i resultatata til elevane.

For 1.–4. trinn blir det berre kontrollert for familiebakgrunn (utdanninga til foreldra, hushaldsinntekt og innvandringsbakgrunn), sidan det ikkje er faktiske elevresultat å kontrollere mot. På 5.–7. trinn blir det kontrollert for dei tidlegare resultatata for elevane (resultat på nasjonale prøver på 5. trinn) i tillegg til indikatorane for familiebakgrunn. Indikatorane for 1.–4. trinn og 5.–7. trinn for dei samanslåtte årgangane 2021 og 2022 viser at ein stor del av resultatskilnadene mellom skulane kan forklarast med skilnader i elevgrunnlaget.

På 65 pst. av skulane presterer elevane i snitt som forventa på nasjonale prøver på 5. trinn gitt

familiebakgrunnen deira. 17 pst. av skulane har elevar som i snitt presterer signifikant høgare enn forventa, medan på dei resterande 18 pst. av skulane presterer elevane signifikant dårlegare enn forventa. Når det gjeld resultatata på nasjonale prøver på 8. trinn, hadde 68 pst. av skulane elevar som i snitt presterte som forventa. På 15 pst. av skulane presterer elevane signifikant høgare enn forventa, og på 17 pst. signifikant dårlegare.

Oslo kommune har høgast del skular som bidreg meir enn landsgjennomsnittet til resultatata til elevane, både på 1.–4. trinn og på 5.–7. trinn. Agder, Nordland og Trøndelag har flest skuler som bidreg under snittet. Av dei største kommunane er det Oslo, Bærum, og Stavanger som bidrag over snittet på begge trinna.

Skulebidragsindikatorane er eit supplement til eksisterande informasjon om kvalitetsskilnader mellom fylke, kommunar og skular. Dei gir ein indikasjon på kor mykje den einskilde skulen bidreg med, men dei gir ikkje nødvendigvis heile bildet.

Karakterar og grunnskulepoeng

Elevane som gjekk ut av grunnskulen våren 2023, har i snitt 42,4 grunnskulepoeng. På grunn av covid-19-pandemien blei det i 2020, 2021 og 2022 ikkje gjennomført eksamen i grunnskulen. Grunnskulepoenga desse åra vert derfor berekna på bakgrunn av standpunkt-karakterar. Samanlikna med avgangskullet i 2022, har avgangskullet i 2023 i snitt 1 grunnskulepoeng mindre. 2023-kullet har riktig nok i snitt 0,4 grunnskulepoeng meir enn det siste avgangskullet før covid-19-pandemien i 2019, som var sist gong grunnskulepoenga vart rekna ut på same måte. Jenter har i snitt 4 grunnskulepoeng meir enn gutane. Skilnaden på jenter og gutar er redusert samanlikna med dei siste åtte åra, då har han vore mellom 4,3 og 4,6.


Samanlikna med i fjor er det svært små endringar i dei gjennomsnittlege standpunkt-karakterane i ulike fag. Jentene får i snitt høgare standpunkt-karakterar enn gutane i alle fag, utanom kroppsøving. Skilnaden er størst i kunst og handverk, der jentene i snitt får 0,7 karakterpoeng meir enn gutane.

Nokre elevar får ikkje standpunkt-karakter i eitt eller fleire fag. Dei får i staden merknader om fritak eller manglande vurderingsgrunnlag i det aktuelle faget. Nynorsk er det faget der flest elevar er fritekne frå å få standpunkt-karakter. 21 pst. av avgangselevane hadde fritak, noko som er ein auke på 3 prosenteningar frå førre skuleår.

Bruk av undervisningspersonale utan godkjend utdanning

Kompetansekrava for tilsetjing i grunnskulen tilseier at ein må ha lærarutdanning eller anna godkjend utdanning for å bli fast tilsett. Tal frå Utdanningsdirektoratet viser at 4,4 pst. av årsverka til undervisning ikkje oppfylte kompetansekrava for tilsetjing i 2022–23. Desse kan vere mellombels tilsette eller tilsette under føresetnad av at utdanning dei har begynt på, blir fullført. Figur 6.4 viser

utviklinga i prosentdelen av berekna årsverk til undervisning i grunnskulen som ikkje oppfyller kompetansekrava for tilsetjing. Talet har vore i overkant av 4 pst. dei siste åra, noko som kan kome av meir vikarbruk som følge av den statlege satsinga på vidareutdanning av lærarar og innføringa av lærarnorma. Det var ein nedgang frå normalen i skuleåret 2020–21 som kan ha samanheng med koronapandemien og lite behov for vikarbruk.



Figur 6.4 Prosentdelen av årsverk i grunnskulen som ikkje oppfyller kompetansekrava for tilsetjing

Kjelde: GSI (Utdanningsdirektoratet)


5,4 pst. av lærarane i vidaregåande opplæring hadde i 2022 vidaregåande utdanning eller lågare, medan 4,7 pst. hadde universitets-/høgskuleutdanning på lågare nivå, men utan pedagogisk utdanning. 4,2 pst. hadde universitets-/høgskuleutdanning på høgare nivå, men ikkje pedagogisk utdanning.

Lærarar som underviser i norsk, matematikk, norsk teiknspråk og samisk på 1.–7. trinn, skal ha minst 30 studiepoeng i faget. På 8.–10. trinn skal lærarar som underviser i norsk, matematikk, engelsk, norsk teiknspråk og samisk, ha minst 60 studiepoeng i undervisningsfaget. Lærarar utdanna før 2014 har dispensasjon frå dette kravet fram til 2025. Regjeringa innfører eit varig unntak

frå kravet om fagleg fordjuping i undervisningsfag for lærarar som oppfyller krava for å bli tilsett som lærar før 1. januar 2014, eller som har allmennlærarutdanning. Dette ligg som ein del av ny opplæringslov. I norsk, matematikk og engelsk har det vore ein nedgang frå førre skuleår i prosentdelen av lærarar som ikkje oppfyller krava.

Tilsette med innvandrarbakgrunn

Det har vore ein svak auke i prosentdelen tilsette med innvandrarbakgrunn i kommunale grunnskular dei siste tre åra. Norskfødde med innvandrarforeldre utgjer ein svært liten del.




Figur 6.5 Prosentdelen innvandrarer og norskfødde med innvandrarforeldre blant undervisningspersonalet¹ i grunnskular og i vidaregåande skular, 2020–22

¹ Tala inkluderer både hovud- og biarbeidsforhold.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Av 22 000 studentar som utdanna seg til å bli lærar i skulen i 2022, hadde berre 10 pst. innvandrarbakgrunn. Delen med innvandrarbakgrunn som

går på slike utdanningar, har likevel auka litt dei siste tre åra. Dette gjeld i hovudsak norskfødde med innvandrarforeldre.



Figur 6.6 Prosentdelen innvandrarer og norskfødde med innvandrarforeldre blant studentar under utdanning for å bli lærar¹, 2020–22

¹ Allmenn-/grunnskulelærerutdanning inkludert masterutdanning for grunnskulelærarar, fag- og yrkesfaglærerutdanning, integrert masterutdanning og praktisk-pedagogisk utdanning.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Framtidig behov for lærarar

Framskrivningar som er gjorde av SSB i 2023 gjennom modellen Lærermod, viser forventna behov for lærarar i perioden fram mot 2040. Modellen framskriv ein auke i lærartettleiken fram mot 2040. Dette kan tyde på at lærarar med lærarutdanning i aukande grad vil kunne erstatte lærarar utan lærarutdanning i åra som kjem. Dette gjeld for dei fleste typar lærarar i barnehage og opplæring. Det er berre for lærarar med praktisk-pedagogisk utdanning innanfor yrkesfag (PPU-Y) at framskrivinga viser ein lågare lærartettleik framover samanlikna med i dag.

Framskrivingane er ikkje ein fasit på kva som vil skje i framtida, men viser korleis framtida *kan* bli dersom dagens trendar held fram uendra. Framskrivingane er baserte på høgare søkartal til lærarutdanningane enn dei faktiske i 2023, og søkinga må opp på tidlegare nivå for at framskrivingane skal slå til. Det er også usikkert korleis dette vil slå ut regionalt, og kva det betyr for lærarbehovet på ulike fag og trinn. Det er derfor stor uvisse knytt til modellen.

Kommunal ressursbruk

Korrigerte brutto driftsutgifter viser dei utgiftene kommunane har til undervisning, inkludert drift av skulelokale og skyss. Korrigerte brutto driftsutgifter per elev i grunnskulen var 143 297 kroner i 2022, ein nominell auke på 5,8 pst. frå 2021. Den kommunale pris- og lønnsauken (deflatoren) var i 2022 på 5,3 pst., som vil seie at det i snitt har vore ein realauke i utgifter per elev i grunnskulen. I vidaregåande opplæring var korrigerte brutto driftsutgifter per elev på studieførebuande program 161 513 kroner og på yrkesfaglege program 195 790 kroner. Dette er ein nominell auke på høvesvis 7,7 og 6,6 pst. frå 2021 til 2022.

I kommunesektoren var brutto driftsutgifter til grunnskule 18,0 pst. av totale brutto driftsutgifter i 2022. Prosentdelen av utgifter til grunnskule har gått noko ned dei siste ti åra. Lønnsutgiftene er


den klart største driftskostnaden både i grunnskulen og i vidaregåande opplæring. Det er store kommunale skilnader i ressursbruk i skulen. I kommunar med spreidd busetnad er det fleire mindre skular for at reiseavstanden til elevane skal vere akseptabel. Mykje av variasjonen mellom kommunane i kor mykje pengar dei bruker på skule, kan forklarast med ulik kostnadsstruktur. Frie inntekter i form av eigedomsskatt og kraftinntekter har òg tydeleg innverknad på utgiftsnivået. Kommunar med store inntekter bruker meir pengar på skule. Den resterande variasjonen mellom kommunar kan mellom anna kome av variasjonar i elevsamansetjinga. Spesielt for små kommunar kan elevar med behov for ekstrainsats vere utslagsgivande. Ulikskapar kan òg kome av ulik politisk prioritering mellom kommunar.

Noreg bruker mykje ressursar på utdanning samanlikna med andre land, viser tal frå OECD (*Education at a Glance 2022: OECD Indicators*). Dersom ein ser på utgiftene per elev, har Noreg blant dei høgaste utgiftene til grunnskulen og vidaregåande opplæring blant OECD-landa.

Spesialundervisning

Elevar som ikkje har eller kan få tilfredsstillande utbyte av det ordinære opplæringstilbodet, har krav på spesialundervisning. Prosentdelen elevar med spesialundervisning i grunnskular og spesialskular har dei siste ti åra stabilisert seg på om lag 8 pst. I skuleåret 2022–23 låg delen som fekk spesialundervisning, på 7,8 pst. av alle elevar i grunnskulen, same nivå som året før. 67 pst. av alle elevar som får spesialundervisning, er gutar.

I løpet av barnetrinnet og utover på ungdomstrinnet aukar prosentdelen av elevar med spesialundervisning, som figuren under viser. I skuleåret 2022–23 hadde 3,5 pst. av elevane på 1. trinn ein-skildvedtak om spesialundervisning. På 10. trinn var prosentdelen av elevar med spesialundervisning 10,5 pst. 47 925 elevar fekk vedtak om spesialundervisning med undervisningspersonale.



Figur 6.7 Prosentdel av elever med einskildvedtak av totalt elevtal, fordelt på årstrinn. Skuleåret 2022–23

Kjelde: GSI (Utdanningsdirektoratet)


Elevar med innvandrarbakgrunn

Særskild norskopplæring

I opplæringslova § 2-8 (for grunnskulen) og § 3-12 (for vidaregåande opplæring) heiter det at elevar som har eit anna morsmål enn norsk og samisk, har rett på særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg ferdigheit i norsk til å følge den vanlege opplæringa i skulen. I skuleåret 2022–23 fekk 43 949 elevar i grunnskulen særskild norskopplæ-

ring, noko som er 4 200 fleire enn året før. Dette utgjer 6,9 pst. av elevane. 4 924 elevar på 1. trinn fekk særskild norskopplæring i 2022, og det er 8,1 pst. av alle førsteklasingane. Om nødvendig har elevane òg rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar. I skuleåret 2022–23 var det 2 158 elevar som berre fekk morsmålsopplæring, 7 203 elevar som berre fekk tospråkleg fagopplæring, og 863 elevar som fekk begge delar.

Resultat i grunnskulen



Figur 6.8 Grunnskulepoeng etter innvandringsskategorier og kjønn, 2020–22

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Det er små skilnader mellom grunnskulepoenga til norskfødde med innvandrarforeldre og andre elevar. Berre 2,2 poeng skilde desse i 2022. Avstanden mellom innvandrarar (dei som sjølve har innvandra) og andre elevar er noko større. 4,8 poeng skilde desse i 2022. Det er vanskeleg å vurdere resultatane til innvandrarar. Mange av dei kan ikkje vurderast ut frå ordinære læreplanar, fordi dei treng tid til å tileigne seg eit nytt språk. 19 pst. av innvandrarar fekk ikkje berekna grunnskulepoeng i 2022.

Det er særleg dei med 0–2 års butid som ikkje har fått berekna grunnskulepoeng: 69 pst. Til samanlikning har 28 pst. av dei med 3–4 års butid og 14 pst. av dei med 5–6 års butid ikkje fått berekna grunnskulepoeng.

Butida har stor innverknad på kor mange grunnskulepoeng innvandrarar har ved utgangen av 10. trinn. Det er først blant dei med meir enn 7–8 års butid at talet på grunnskulepoeng nærmar seg talet på grunnskulepoeng for norskfødde med innvandrarforeldre.

Jenter får i gjennomsnitt 4,4 grunnskulepoeng meir enn gutane. Norskfødde jenter med innvandrarforeldre får fleire grunnskulepoeng enn gutar utan innvandrarbakgrunn.


Det er ein større del av innvandrarane som er fritekne frå nasjonale prøver, enn norskfødde med

innvandrarforeldre og andre elevar. På 8. trinn er 10 pst. av innvandrarane fritekne frå nasjonale prøver i lesing. I engelsk og rekning er 7,5 pst. fritekne. Det er små skilnader mellom norskfødde med innvandrarforeldre og andre elevar i den delen som er fritekne. 3–4 pst. av både norskfødde med innvandrarforeldre og andre elevar er fritekne i kvart av faga engelsk, lesing og rekning.

Prosentdelen elevar på dei to lågaste meistringsnivåa er høgare blant innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre enn blant andre elevar. Det er størst skilnader i lesing og minst skilnader i engelsk. Tala må tolkast i lys av at prosentdelen som er fritekne, er høgare for innvandrarar enn for norskfødde med innvandrarforeldre og andre.

I lesing gjer jentene det betre enn gutane. I rekning gjer gutane det betre enn jentene. Desse skilnadene gjer seg gjeldande både mellom elevar med innvandrarbakgrunn og mellom andre elevar. Det er små skilnader mellom gutar og jenter i engelsk.

Butida har mykje å seie for meistringsnivået til elevane. Dei som har budd i Noreg i 7–8 år, nærmar seg nivået til dei norskfødde med innvandrarforeldre i lesing.



Figur 6.9 Prosentdelen elevar på dei to lågaste meistringsnivåa (1 og 2) i nasjonale prøver i faga engelsk, lesing og rekning på 8. trinn, etter innvandringskategori, 2022


Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Gjennomføring av vidaregåande opplæring

Dei norskfødde jentene med innvandrarforeldre fullfører og består vidaregåande opplæring i løpet av fem/seks år i same grad som dei andre jentene.

65 pst. av innvandrarane som begynte i vidaregåande opplæring i skuleåret 2016–17 (2016-kul-


let), fullførte og bestod vidaregåande opplæring i løpet av fem/seks år. Denne prosentdelen har auka i dei siste åra, men er framleis klart lågare enn delen norskfødde med innvandrarforeldre og andre. Kor lenge ein har budd i Noreg, har mykje å seie for fullføringsprosenten.



Figur 6.10 Prosentdelen som starta i vidaregåande opplæring i skuleåret, 2014–15 (2014-kullet) til 2016–17 (2016-kullet), og som fullførte og bestod vidaregåande opplæring i løpet av fem (studieførebuande) eller seks (yrkesfag) år, etter innvandringskategori og kjønn

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Læreplassar og kontraktar




Figur 6.11 Prosentdelen innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre med læreplass som første ønske som har fått godkjent lærekontrakt eller plass som lærekandidat, 2020–22

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Av 20 800 søkarar (med ungdomsrett) med læreplass som førsteønske i skuleåret 2022–23, fekk

16 700 ein godkjend lærekontrakt per 31. desember 2022. (I tillegg var det 900 lærekandidatar.)



Figur 6.12 Prosentdelen i alderen 16–25 år som verken er i utdanning eller arbeid eller har fullført vidaregåande opplæring, etter innvandringskategori og kjønn, 2020–22

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

I 2022 er 11 pst. av innvandrarakar i alderen 16–25 år verken i utdanning eller arbeid eller har fullført vidaregåande opplæring. Til samanlikning gjeld dette 6 pst. av norskfødde med innvandrarakarforeldre og 5 pst. av andre i same aldersgruppe.

Vaksne i grunnopplæringa

Vaksne som treng grunnskuleopplæring, har rett til slik opplæring dersom dei sjølve ønsker det, jf. opplæringslova § 4A-1. Talet på vaksne som får opplæring på grunnskulenivå, er gått ned. Tal frå GSI viser at det i skuleåret 2022–23 var knappe 10 800 vaksne som fekk grunnskuleopplæring. Av dei som fekk slik opplæring, var det om lag 8 000 som fekk det som ordinær grunnskuleopplæring. Så var det i underkant av 2 700 som fekk opplæringa som spesialundervisning. I tillegg var det ei lita gruppe som fekk både ordinær opplæring og opplæring som spesialundervisning.

Vaksne som ikkje har gjort bruk av retten til vidaregåande opplæring som ungdom, får rett til vidaregåande opplæring som vaksne frå og med det året dei fyller 25 år. Opplæringa skal vere tilpassa behova og livssituasjonen til den einskilde. Vaksne som ønsker å gjennomføre vidaregåande opplæring, kan søke om ordinært inntak og konkurrere om plassane med søkarane med ungdoms-

rett, eller dei kan søke om individuelt opptak basert på realkompetanse. Med dette alternativet blir undervisninga ofte komprimert og/eller avkorta. Vaksne kan òg søke vidaregåande opplæring gjennom private tilbydarar av opplæring, til dømes studieforbund, men det meste av opplæringa skjer i dei vidaregåande skulane. Dei fleste vaksne får opplæring gjennom vaksenopplæringstilbod og er ikkje ein del av den generelle søkar- og elevstatistikken for vidaregåande opplæring.

Tal frå Utdanningsdirektoratet viser at det i 2021–22 deltok om lag 16 300 vaksne i opplæring på vidaregåande skular eller vaksenopplærings-senter. Det er om lag like mange som året før.

Skulefritidsordninga

Kommunar må ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.–4. trinn og for barn med særskilde behov på 5.–7. trinn. Det har aldri gått fleire barn i SFO enn i skuleåret 2022–23. Då gjekk det 165 045 barn i skulefritidsordninga (SFO), noko som er ein auke på heile 12 000 frå året før. Dette må sjåast i samanheng med innføringa av 12 timar gratis SFO per veke på 1. trinn frå hausten 2022, sidan den største auken har skjedd på 1. trinn. Delen barn på 1. trinn som gjekk i SFO var på 92 pst., medan delen barn på

1.–4. trinn som gjekk i SFO, var på 67 pst. Tabell 6.6 viser at deltaking i SFO varierer mykje mellom dei ulike klassetrinna og er høgast blant dei yngste barna. 2 235 av elevane i SFO var elevar på 5.–7. trinn.

Det er ingen krav til kompetanse for tilsette i SFO i dag. Tal frå GSI viser at 8 pst. av dei tilsette i SFO i skuleåret 2022–23 hadde godkjend lærar- eller barnehagelærarutdanning. 43 pst. hadde fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar, og 49 pst. hadde annan bakgrunn.

Kommunen kan krevje kostnadene til SFO dekte gjennom foreldrebetaling. Dette bidreg til at

det er stor variasjon i foreldrebetaling i SFO mellom kommunar. Frå hausten 2022 fekk alle elevar på 1. trinn tilbod om 12 timar gratis SFO per veke, og frå hausten 2023 fekk alle elevar på 2. trinn tilbod om det same. Hausten 2020 vart det innført ei nasjonal ordning med redusert foreldrebetaling i SFO for barn frå låginntektsfamiliar på 1.–2. trinn og gratis SFO for barn med behov for særskild tilrettelegging på 5.–7. trinn. Hausten 2021 vart den nasjonale ordninga med redusert foreldrebetaling i SFO utvida til å gjelde 3.–4. trinn òg. Kommunar kan i tillegg velje å tilby ytterlegare inntektsgraderte satsar, friplassar og søskenmoderasjon i SFO.

Tabell 6.6 Deltaking i skulefritidsordninga (SFO)

Skuleår	2015–16	2016–17	2017–18	2018–19	2019–20	2020–21	2021–22	2022–23
Talet på barn i SFO	159 633	160 994	160 571	158 318	156 597	147 749	152 955	165 045
Prosentdel av barna i SFO med fulltidsplass	57	56	57	56	57	58	58	58
Dekningsgrad 1.–4. trinn (pst.)	62	62	62	61	62	59	62	67
Dekningsgrad 1. trinn (pst.)	80	81	82	82	82	82	83	92
Dekningsgrad 2. trinn (pst.)	75	74	76	76	76	73	77	79
Dekningsgrad 3. trinn (pst.)	60	59	58	59	59	54	58	62
Dekningsgrad 4. trinn (pst.)	33	32	31	30	31	28	30	34
Prosentdel av SFO-ar som tilbyr søskenmoderasjon	66	65	66	67	68	69	72	73

Kjelde: GSI (Utdanningsdirektoratet)

Leksehjelp

Alle elevar i grunnskulen har rett til åtte veketimar med gratis leksehjelp etter skuletid. Kommunane har ansvaret for tilbodet, og det kan organiserast slik det er mest formålstenleg ut frå lokale

tilhøve. Tilbodet skal vere gratis, omfatte alle og vere frivillig for kvar einskild elev. I skuleåret 2022–23 deltok 100 543 barn på 1.–10. trinn på leksehjelp. Dette utgjer 16 pst. av elevane, om lag på same nivå som året før. Det er flest elevar på 4.–7. trinn som nyttar seg av leksehjelp.

7 Nøkkeltal for barnehagesektoren

Innleiing

Kapittelet gir informasjon om utviklinga i talet på barn og tilsette og om ressursbruken i barnehagesektoren.

Barnehagane blir i all hovudsak finansierte gjennom dei frie inntektene til kommunane og for-eldrebetalinga. Barnehagesektoren er eit av dei største tenesteområda i kommunane. Samla

brutto driftsutgifter til barnehagar i 2022 var 60,8 mrd. kroner og utgjorde 11 pst. av driftsutgiftene i kommunane. Talgrunnlaget i kapittelet er henta frå Statistisk sentralbyrå (SSB), rapportering frå barnehagane (BASIL), KOSTRA (KOMmune-STat-RApportering), Database for statistikk om høgare utdanning (DBH) og ulike undersøkingar som er gjennomførte på oppdrag frå departementet.

Barn i barnehage

Tabell 7.1 Barn i barnehage, dekningsgrad og gjennomsnittleg opphaldstid, 2017–22

	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Barn i barnehage	281 622	278 578	275 804	272 264	268 465	268 730
Dekningsgrad 1–5 år (pst.)	91,3	91,8	92,2	92,8	93,4	93,4
Dekningsgrad 0 år (pst.)	3,9	4,0	4,2	4,3	4,6	4,6
Dekningsgrad 1 år (pst.)	72,1	73,2	74,8	76,6	79,1	81,0
Dekningsgrad 2 år (pst.)	92,9	93,2	93,6	94,1	94,7	94,7
Dekningsgrad 3 år (pst.)	96,1	96,4	96,5	96,7	96,8	96,8
Dekningsgrad 4 år (pst.)	97,3	97,3	97,1	97,6	97,5	97,2
Dekningsgrad 5 år (pst.)	97,6	97,6	97,5	97,7	97,8	97,4
Gjennomsnittleg avtala opphaldstimar per veke	44,4	44,5	44,6	44,6	44,7	44,7
Prosentdel av barn med heiltidsplass	95,5	96,1	96,6	96,9	97,3	97,6

Kjelder: Utdanningsdirektoratet (BASIL), Statistisk sentralbyrå, Kunnskapsdepartementet

Ved utgangen av 2022 gjekk 268 730 barn i ein ordinær barnehage eller ein familiebarnehage. Dette inkluderer òg nullåringar og seksåringar, altså barn som av ulike årsaker har fått barnehageplass før eittårsalderen, og barn som har fått utsett skulestart til det året dei fyller sju. I tillegg hadde 107 opne barnehagar kapasitet til å ta imot 3 157 barn i 2022. Departementet har ikkje statistikk for deltakinga i opne barnehagar.

Etter fleire år med nedgang i talet på barn i barnehage har talet auka svakt i 2022. Oppgangen heng truleg saman med ein mellombels auke i

fødselstala i 2021 og ein auke i barn i barnehagealder som følge av krigen i Ukraina. Barn under 3 år utgjorde 38 pst. av alle barn i barnehage.

I 2022 hadde 97,6 pst. av barna heiltidsplass i barnehagen, mot 69,6 pst. i 2005, det vil seie avtala opphaldstid på 41 timar i veka eller meir. Gjennomsnittleg avtala opphaldstid for barn i barnehage har i same periode auka frå 39 til 44,7 timar per veke. Dekningsgraden i 2022 for barn i alderen 1–5 år var 93,4 pst., mot 76,2 pst. i 2005. Dekningsgraden har vore stabil for dei eldre barna dei siste åra og auka for dei yngste barna.

Tabell 7.2 Barn i barnehage etter eigarforhold, offentlig og privat, 2018–22

	2018	2019	2020	2021	2022
Offentlege	139 910	138 822	136 987	135 074	136 989
– kommunale	139 154	138 122	136 280	134 360	136 282
– fylkeskommunale/statlege	756	700	707	714	707
Private	138 668	136 982	135 277	133 391	131 741
– kyrkjelyd/trussamfunn	6 847	6 724	6 407	6 118	5 985
– foreldreieigde	30 286	29 857	29 756	29 206	29 094
– kvinne- og familieforbund / sanitetsforeining	904	695	798	776	790
– bedrift	3 305	3 011	2 754	2 639	2 055
– pedagogisk/ideologisk org.	4 337	4 368	4 461	4 332	4 062
– einskildpersonar	9 027	8 643	8 007	7 217	6 529
– konsern/aksjeselskap	72 249	71 815	71 581	71 696	71 962
– stiftelse	8 984	9 167	8 928	8 959	8 852
– studentsamskipnad	2 729	2 702	2 585	2 448	2 412
I alt	278 578	275 804	272 264	268 465	268 730

Barn som går i opne barnehagar, er ikkje med i tabellen, medan barn i familiebarnehagar er inkluderte i tabellen. I 2022 gjekk 42 barn i offentlege familiebarnehagar, og 3 803 barn gjekk i private familiebarnehagar.

Kjelder: Utdanningsdirektoratet (BASIL), Statistisk sentralbyrå

Tabell 7.3 Opne barnehagar, offentlege og private, 2015–22

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Kommunale	41	41	40	43	43	36	30	33
Private	76	73	73	74	73	74	75	74
Totalt	117	114	113	117	116	110	105	107

Kjelde: Utdanningsdirektoratet (BASIL)

Talet på barn i barnehagar har gått ned sidan 2013. Hovudtyngda av reduksjonen i barnehageplassar har vore i offentlege barnehagar. Men i 2022 var det ein auke på 1 915 barn med plass i offentlege barnehagar frå året før og ein nedgang på 1 650 plassar i private barnehagar. I 2022 hadde om lag halvparten av barna plass i ein offentlig barnehage og halvparten i ein privat barnehage.

Ved utgangen av 2022 var det 5 420 barnehagar i Noreg, inkludert familiebarnehagar og opne barnehagar. Av desse var 2 618 kommunale, 12 fylkeskommunale eller statlege og 2 802 private barnehagar. Frå 2008 har det vore ein stabil nedgang i talet på barnehagar, og frå 2021 til 2022 har det vore ein reduksjon på 99 private og 6 offentlege barnehagar.


Tabell 7.4 Prosentdel barn i barnehage blant minoritetsspråklege barn og andre barn, 2020–22

	2020		2021		2022	
	Minoritets- språklege	Andre	Minoritets- språklege	Andre	Minoritets- språklege	Andre
1-åringar	54,4	83,2	58,2	85,2	59,4	86,8
2-åringar	85,2	97,0	87,4	97,3	86,4	97,7
3-åringar	93,3	98,2	94,0	98,2	93,5	98,3
4-åringar	95,7	98,6	94,9	98,7	94,1	98,5
5-åringar	95,1	98,8	96,2	98,9	94,0	98,9
1-2-åringar	70,2	90,1	73,4	91,3	73,1	92,1
3-5-åringar	94,7	98,5	95,1	98,6	93,9	98,6
1-5-åringar	85,3	94,7	86,9	95,2	86,2	95,4

Kjelder: Utdanningsdirektoratet (BASIL), Statistisk sentralbyrå

Minoritetsspråklege barn er definerte ved at både barnet og dei føresette til barnet har eit anna morsmål enn norsk, samisk, svensk, dansk eller engelsk. 86,2 pst. av minoritetsspråklege barn i alderen 1–5 år gjekk i barnehage i 2022. Det har vore ein liten nedgang sidan 2021. Prosentdelen barn som går i barnehage, aukar med alderen til barna. For minoritetsspråklege barn er skilnaden mellom ulike aldersgrupper større enn for andre barn. For 3-, 4- og 5-åringar er prosentdelen mino-

ritetsspråklege barn som går i barnehage, nesten like høg som for andre barn, men for 1-2-åringar er denne delen mykje lågare enn for andre barn, særleg for 1-åringane. Minoritetsspråklege barn startar altså seinare i barnehage og har dermed i gjennomsnitt gått færre år i barnehage før dei byrjar på skulen, men det store fleirtalet av minoritetsspråklege barn har gått i barnehage før skulestart. For statistikk om samiske barnehagar og barnehagedeltaking, sjå del III kap. 10.



Figur 7.1 Talet på barn i barnehage fordelt etter barnehagestorleik, 2008–22

Opne barnehagar er ikkje inkluderte i talet på barnehagar.

Kjelder: Utdanningsdirektoratet (BASIL), Statistisk sentralbyrå

Talet på barn i små barnehagar, definerte som 25 barn eller færre, har gått ned med 34 pst. dei siste 10 åra, medan talet på barn i barnehagar med 51–75 barn har gått ned med 5 pst. i same tidsrom.

Talet på barn i barnehagar med 26–50 barn har hatt ein nedgang på 7 pst., medan talet for barnehagar med 76 eller fleire barn er på same nivå.

Personalet i barnehagen

Tabell 7.5 Personalet i barnehagen, 2018–22

	2018	2019	2020	2021	2022
Talet på tilsette	96 098	96 744	95 909	95 201	95 706
Talet på årsverk	77 101	78 055	77 700	77 447	78 115
Årsverk i grunnbemanninga	64 135	64 844	64 392	63 926	64 507
Styrarar (årsverk)	4 783	4 786	4 739	4 705	4 647
Årsverk i grunnbemanninga med barnehage- lærarutdanning eller pedagogisk utdanning som tilsvarer utdanningskravet til pedagogisk leiar	26 266	27 294	27 605	27 694	27 587
– i pst. av grunnbemanninga	41,0	42,1	42,9	43,4	42,8
Årsverk i grunnbemanninga med fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar	12 897	13 561	13 873	14 171	14 558
– i pst. av grunnbemanninga	20,1	20,9	21,5	22,2	22,6
Personale som gir særskild språkstimulering til minoritetsspråklege barn (årsverk i parentes)	1 347 (399)	1 200 (358)	1 035 (317)	927 (286)	779 (267)
– prosentdel som har barnehagelærarutdanning	22,8	21,3	19,6	22,3	22,9
Personale som jobbar med barn/barnegrupper som krev ekstra ressursinnsats (årsverk i parentes)	7 698 (4 565)	8 315 (4 945)	8 487 (5 119)	8 922 (5 443)	9 260 (5 657)
– prosentdel som har barnehagelærarutdanning	29,3	28,5	26,8	27,2	25,9

Grunnbemanninga er dei tilsette i barnehagen som jobbar direkte med barna. Det er stillingskategoriane pedagogisk leiar og anna grunnbemanning som utgjer grunnbemanninga.

Kjelder: Utdanningsdirektoratet (BASIL), Statistisk sentralbyrå

Ved utgangen av 2022 var det 95 706 tilsette som utførte 78 100 årsverk i barnehagane. Skilnaden mellom talet på tilsette og talet på årsverk viser at det er mange tilsette som jobbar deltid.

Det var 64 507 årsverk i grunnbemanninga i barnehagen i 2022, altså dei som jobbar direkte med barna. 42,8 pst. av årsverka i grunnbemanninga har barnehagelærarutdanning, medan 22,6 pst. av årsverka i grunnbemanninga har fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar. Prosentdelane for begge kategoriane har gått noko opp dei siste fem åra.

Bemanningsnorma for barnehagen tok til å gjelde frå 1. august 2018. Norma inneber at barnehagen skal ha minst éin tilsett per tre barn under 3 år og éin tilsett per seks barn over 3 år. Frå same

tidspunkt blei også pedagognorma i barnehagen skjerpa, slik at barnehagen skal ha minst éin pedagogisk leiar per sju barn under 3 år og éin pedagogisk leiar per 14 barn over 3 år.

Per desember 2022 var grunnbemanninga i barnehagane på nasjonalt nivå i gjennomsnitt 5,7 barn per vaksen dersom ein korrigerer for alder og opphaldstid. Vaksne er målt i årsverka til pedagogiske leiarar og assistentar. Det har vore ein sterk reduksjon i talet på barn per vaksen sidan bemanningsnorma blei innført. 99 pst. av barnehagane oppfylte bemanningsnorma i 2022, noko som er på same nivå som året før.

67 pst. av barnehagane oppfylte den skjerpa pedagognorma utan bruk av dispensasjon per desember 2022, ned frå 71 pst. i 2021. Prosentde-

len pedagogiske leiarar med dispensasjon frå utdanningskravet har òg auka med nesten 1 prosentening til 6,7 i 2022. Totalt manglar det 2 580

årsverk for å oppfylle pedagognorma i alle barnehagar utan bruk av dispensasjon, ein auke på 364 årsverk frå 2021.

Tabell 7.6 Bemanningstettleik og pedagogtettleik, 2018–22


	2018	2019	2020	2021	2022
Talet på barn per årsverk i grunnbemanninga, korrigererte for alder og opphaldstid (bemanningstettleik)	5,8	5,7	5,7	5,7	5,7
Prosentdel av barnehagar som oppfyller bemanningsnorma (bemanningstettleik på 6,0 eller lågare)	75	94	99	99	99
Prosentdel av barnehagar som oppfyller den skjerpa pedagognorma utan dispensasjon ¹	53	64	69	71	67
Prosentdel av pedagogiske leiarar med dispensasjon frå utdanningskravet	10,2	8,7	6,8	5,9	6,7

¹ Den skjerpa pedagognorma tok til å gjelde 1. august 2018.

Kjelde: Utdanningsdirektoratet (BASIL)

Det har tidlegare vore stor skilnad på barnehagane i dei målbare faktorane som utgjer ramma rundt barnehagekvardagen, som talet på barn per vaksen (bemanningstettleik) og den formelle kompetansen til personalet. Det har dei seinare åra vore ein sterk reduksjon i ulikskapen mellom

barnehagar når det gjeld barn per årsverk i grunnbemanninga og barn per årsverk pedagogisk leiar med godkjend utdanning. Dette må sjåast i samanheng med innføringa av bemanningsnorma og skjerpa pedagognorm i 2018.



Figur 7.2 Personalsamansetjing i kommunale og private barnehagar, 2022 (pst.)

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Det er berre ein liten skilnad i prosentdelen barnehagelærarar eller tilsvarende mellom kommunale og private barnehagar, medan prosentdelen barne- og ungdomsarbeidarar nesten er dobbelt så høg for dei kommunale. Private barnehagar har 10 prosentteiningar høgare prosentdel med annan bakgrunn i grunnbemanninga enn kommunale barnehagar.

Av alle tilsette i grunnbemanninga i barnehagen i 2022 var 10,2 pst. menn. Grunnbemanninga omfattar dei tilsette i barnehagen som jobbar direkte med barna. Frå 2017 til 2022 har det vore ein auke på om lag 1 prosentteining i prosentdelen menn i grunnbemanninga.

Tabell 7.7 Menn i barnehagane, 2017–22

	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Prosentdel menn av tilsette i grunnbemanninga	9,2	9,5	9,8	9,9	10,1	10,2
Prosentdel mannlege pedagogiske leiarar	8,5	8,9	9,3	9,8	10,1	10,2
Prosentdel menn av tilsette i anna grunnbemanning ¹	9,7	9,9	10,1	10,0	10,1	10,3

¹ Tidlegare år har anna grunnbemanning blitt omtala som assistentar.
Kjelde: Utdanningsdirektoratet (BASIL)


I 2022 omfatta opptaket på barnehagelæruddanninga 2 403 studentar, ein stor nedgang frå 3 011 i 2021. Talet på ferdig uteksaminerte barnehagelærarar gjekk ned med 173 i same tidsrom. Pro-

sentdelen menn i opptaket har variert sidan 2017, medan prosentdelen uteksaminerte menn har auka over dei siste åra og ligg på 15,5 pst. i 2022.

Tabell 7.8 Utdanning av barnehagelærarar ved statlege og private høgskular og universitet, 2017–22

	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Opptak til barnehagelæruddanning	3 000	2 959	3 094	3 144	3 011	2 403
– prosentdel menn	20,0	19,6	18,7	18,6	19,0	21,2
Uteksaminerte barnehagelærarar	1 966	2 030	2 249	2 190	2 272	2 099
– prosentdel menn	14,0	15,4	15,7	15,1	16,7	15,5

Kjelde: Database for statistikk om høgare utdanning (DBH)




Figur 7.3 Prosentdelen innvandrarak og norskfødde med innvandrarforeldre blant dei tilsette i barnehagane, 2020–22

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Tilsette med innvandrarbakgrunn utgjorde i 2022 om lag 18 pst. av personalet som arbeider direkte med barna i barnehagane, og dei aller fleste av desse har sjølv innvandra. Norskfødde med inn-

vandrarforeldre utgjorde berre 1 pst. av dei tilsette. Dei siste tre åra har prosentdelen tilsette med innvandrarbakgrunn auka noko, frå 16 pst. i 2020 til 18 pst. i 2022.




Figur 7.4 Prosentdelen innvandrarak og norskfødde med innvandrarforeldre blant studentane i barnehagelærerutdanninga, 2020–22

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Prosentdelen studentar med innvandrarbakgrunn i barnehagelærerutdanninga har auka dei siste tre åra. Av 7 600 studentar i 2022 utgjorde dei

med innvandrarbakgrunn 21 pst., høvesvis 16 pst. som sjølv hadde innvandra, og 5 pst. norskfødde med innvandrarforeldre.

Foreldrebetaling og moderasjonsordninger i barnehagen

Figur 7.5 Maksimalpris i barnehage, 2011–23

Kjelde: Kunnskapsdepartementet

Regjeringa har frå 1. januar 2023 redusert maksprisen i barnehage til 3 000 kroner per måned, som er under nivået som blei vedteke ved inngåinga av barnehageforliket. Sjå meir om regjerings politikken i programkategori 07.30 Barnehagar.

Det er innført to moderasjonsordningar i barnehagen for familiar med låg inntekt. Nasjonalt minstekrav til redusert foreldrebetaling gjer at ingen familiar må betale meir enn 6 pst. av samla skattbar inntekt for ein barnehageplass, med maksprisen som ei øvre grense. Ordninga med gratis kjernetid gjer at barn frå familiar med inntekt under ei gitt grense har rett til 20 timar gratis opphald i barnehagen i veka. Denne ordninga gjeld for 2–5-åringar.

Frå 1. august 2023 har barn frå familiar med inntekt under 615 590 kroner rett til gratis kjernetid i barnehagen. Statistikk frå SSB viser at 37 000 barn hadde rett til gratis kjernetid i barnehage i

2021. Tal frå rapporteringssystemet til kommunane viser at 34 400 barn fekk innvilga gratis kjernetid i barnehage i 2021.

I 2022 fekk totalt 42 758 barn lågare opphaldsbetaling på grunn av låg inntekt. 35 136 hushald fekk redusert foreldrebetaling på grunn av låg inntekt. 1 606 barn har i tillegg friplass i barnehage.

Dersom ein familie har meir enn eitt barn i barnehage i same kommune, har familien rett til søskenmoderasjon i foreldrebetalinga. Denne ordninga gjeld uavhengig av inntekt. Reduksjonen for det andre barnet er minimum 30 pst. Til og med 2022 har det for det tredje barnet og oppover blitt gitt 50 pst. reduksjon. Frå 2023 er barnehageplassen gratis frå det tredje barnet. I 2022 fekk 50 747 barn søskenmoderasjon, og det er 3 482 fleire enn i 2021.

Tabell 7.9 Moderasjonsordningar i barnehagen, 2018–22

	2018	2019	2020	2021	2022
Inntektsgrense for gratis kjernetid	533 500	548 500	566 100	583 650	598 825
Hushald som har fått reduksjon i foreldrebetaling på grunn av låg inntekt ¹	33 459	35 261	* ³	35 136	33 434
Barn som har fått innvilga lågare opphaldsbetaling fordi foreldra har låg inntekt ¹	41 918	43 310	* ³	42 758	39 673
Barn med rett til lågare opphaldsbetaling på grunn av låg inntekt (overslag for 2022) ²	55 187	53 825	51 132	46 020	39 000
Barn som har fått innvilga gratis kjernetid fordi foreldra har låg inntekt ¹	26 027	33 991	33 917	34 382	32 095
Barn med rett til gratis kjernetid på grunn av låg inntekt (overslag for 2022) ²	33 327	42 452	40 732	37 018	36 000
Barn som får søskenmoderasjon	46 077	48 594	47 712	47 265	50 747

¹ Omfattar også lokale ordningar med inntektsgrenser som er høgare enn dei nasjonale minstekrava.

² Omfattar dei som har rett til ordninga i medhald til dei nasjonale minstekrava.

³ Tal for 2020 manglar på grunn av feilrapportering.

Kjelder: Kunnskapsdepartementet, Utdanningsdirektoratet, Statistisk sentralbyrå

Barn med behov for særskild tilrettelegging

Barn under opplæringspliktig alder som har eit særleg behov for spesialpedagogisk hjelp, har rett til slik hjelp etter § 31 i barnehagelova. Retten gjeld uavhengig av om barnet går i barnehage eller ikkje. Barn med behov for særskild tilrettelegging er ei samansett gruppe. Mange av desse barna har nedsett funksjonsevne, som kan omfatte fysiske funksjonshemmingar, utviklingshemmingar, språk- og talevanskar, åtferdsvanskar og psykiske lidningar.

Prosentdelen barn i barnehage som får spesialpedagogisk hjelp etter § 31 i barnehagelova, har auka over tid. I 2022 fekk 3,6 pst. av barna i barnehage spesialpedagogisk hjelp. 71 pst. av barna som får spesialpedagogisk hjelp, er gutar. Den spesialpedagogiske hjelpa i barnehagen heng ofte saman med utfordringar med språkutvikling og åtferdsvanskar. Prosentdelen som får spesialpedagogisk hjelp, aukar frå 0,3 pst. blant barna under 2 år til 6,9 pst. blant 5-åringane.

Tabell 7.10 Barn i barnehage som får spesialpedagogisk hjelp, 2017–22

	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Tal	8 674	8 813	9 190	9 255	9 725	9 759
Prosentdel	3,1	3,2	3,3	3,4	3,6	3,6

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Barn i asylmottak som går i barnehage

Barn i asylmottak har ikkje rett til barnehageplass, men det er lagt økonomisk til rette for at dei kan få eit tilbod. Staten har finansiert heiltidsplassar for 4- og 5-åringar sidan 2011, og for 1-, 2- og 3-åringane sidan 2020, etter ein kortare periode

med finansiering av gratis kjernetid. I og med at barnefamiljar i asylmottak er prioriterte for busetjing, og busetjingar kan skje året rundt, er det variasjon i tala for deltaking i barnehage i kommunar som har asylmottak. Utlendingsdirektoratet har ikkje registreringar som viser nøyaktig prosentdel barn som nyttar seg av plassane.

Kostnader i og finansiering av barnehagar

Barnehagesektoren består av om lag halvparten kommunale og halvparten private barnehagar. Private barnehagar får driftstilskot per heiltidsplass rekna ut frå gjennomsnittlege ordinære

driftsutgifter i tilsvarande kommunale barnehagar i same kommune. Prosentdelen barnehageutgifter av dei samla brutto driftsutgiftene til kommunane har vore stabil i dei seinare åra, og var i 2022 på 60,7 mrd. kroner.

Tabell 7.11 Driftsutgifter til barnehage i kommunane, 2017–22

	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Brutto driftsutgifter til barnehage (mill. kroner) ¹	49 865	52 308	54 674	54 861	58 490	60 772
Prosentdel av brutto driftsutgifter til barnehage	11,5	11,5	11,4	11,2	11,2	11,0
Korrigerte brutto driftsutgifter ² per barn ³ i kommunal barnehage (kroner)	200 833	215 203	227 831	225 646	251 924	266 986

Løpande prisar.

¹ Brutto driftsutgifter er driftsutgifter til kommunen sin eigen tenesteproduksjon og kjøp av tenester frå andre.


² Korrigerte brutto driftsutgifter er driftsutgifter til kommunen sin eigen tenesteproduksjon.

³ Korrigert for alder og opphaldstid.

Kjelde: KOSTRA (Statistisk sentralbyrå)

Det har vore ein nominell auke i dei korrigerte brutto driftsutgiftene per barn i kommunale barnehagar på om lag 6 pst. frå 2021 til 2022, og den reelle auken har vore på om lag 1 pst. Figur 7.6 viser spreinga mellom kommunar i korrigerte brutto driftsutgifter per barn i kommunale barnehagar og korrigerte brutto driftsutgifter per elev i grunnskulen og skulefritidsordninga. Figuren viser at det er skilnader mellom kor mykje dei ulike kommunane bruker på dei ulike tenestene.

Skilnadene mellom kommunar kan til dømes kome av geografiske skilnader, ulikt økonomisk handlingsrom eller skilnader i prioritering av barnehagar, skule og SFO framfor andre tenestetilbod. At kostnadsnivået kan tilpassast på lokalt nivå, er eit av formåla med rammefinansiering av kommunesektoren. Figuren viser òg at variasjonen i kommunale driftsutgifter ikkje er unikt for barnehagesektoren.



Figur 7.6 Ulikskap mellom kommunar, korrigerte driftsutgifter per barn/elev i kommunale barnehagar, grunnskular og skolefritidsordninga, 2022

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Barnehagane er delvis finansierte gjennom foreldrebetaling, men dei er hovudsakleg finansierte av det offentlege. 88,3 pst. av drifta i dei kommu-

nale barnehagane var i 2022 finansiert av det offentlege, ein auke sidan 2021.


Tabell 7.12 Finansiering av kommunale barnehagar, 2015–22

	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Prosentdel av driftsmidlar finansierte gjennom foreldrebetaling	13,7	13,5	13,4	12,9	11,9	12,2	11,7
Prosentdel av driftsmidlar finansierte av det offentlege	86,3	86,4	86,6	87,1	88,1	87,8	88,3

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Figur 7.7 viser at det over tid har vore stor spreing i lønnsmda til ulike private aktørar. Driftsmarginen til private barnehagar var på 2,5 pst. i

2021, ned frå 4,1 i 2020. Lønnsmda har òg gått noko ned blant dei ideelle og einskildståande barnehagane.



Figur 7.7 Driftsmarginar i private ordinære barnehagar, 2015–21

Kjelde: Telemarksforsking

8 Likestilling og arbeid mot diskriminering

Kunnskapsdepartementets arbeid med likestilling og mot diskriminering er eit systematisk og langsiktig haldningsarbeid som startar i barnehagen, blir vidareført i skulen og må ligge til grunn i fagskulane, universiteta og høgskulane og i forskninga. Målet er at alle skal ha like sjansar uavhengig av kjønn, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, funksjonsevne, etnisk bakgrunn og religion. Som offentlig myndigheit er departementa forplikta til å vurdere likestillingskonsekvensar i alt sitt arbeid, jf. likestillings- og diskrimineringslova § 24 første ledd.

Arbeid for likestilling og mot diskriminering i barnehage og skule

Barnehage

Forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver tok til å gjelde i 2017 og seier mellom anna at barnehagen skal fremje likeverd og likestilling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn. Barnehagen skal motverke alle former for diskriminering og fremje nestekjærleik. Barnehagen skal bygge verksemda på prinsippet om likestilling og ikkje-diskriminering og bidra til at barna møter og skaper eit likestilt samfunn. Alle skal ha like sjansar til å bli sett, høyrde og oppmuntra til å delta i fellesskap i alle aktivitetar i barnehagen. Personalet må reflektere over sine eigne haldningar for best mogleg å kunne formidle og fremje likeverd og likestilling.

Skule

Frå hausten 2022 er innføringa av nye læreplanar for grunnopplæringa innanfor læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020 (LK20/LK20S) fullført for alle trinn. Innanfor det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring er aktuelle tema verdival, mellommenneskelege relasjonar, seksualitet, å kunne setje grenser og respektere grensene til andre og å kunne handtere tankar, kjensler og relasjonar. Konkrete læringsmål innanfor samfunnsfag er mellom anna at elevane skal drøfte

kva likeverd og likestilling har å seie for eit demokrati, og utvikle forslag til korleis ein kan motarbeide fordommar, rasisme og diskriminering.

Kompetanseheving for lærarar

Regjeringa vil bidra til betre kunnskap om kjønns- og seksualitetsmangfald blant lærarar. Eitt av tiltaka er derfor kompetanseheving om kjønns- og seksualitetsmangfald retta mot lærarar, leiarar og lærarstudentar. I 2022 ferdigstilte Utdanningsdirektoratet i samarbeid med Helsedirektoratet ein støtteressurs for lærarar om seksualitet og kjønn. LHBTIQ-perspektivet er omtalt i støtteressursane.

Handlingsplanar og strategiar

Det ligg føre handlingsplanar og strategiar som har relevans for det heilskaplege arbeidet for likestilling og mot diskriminering i både barnehagar og grunnopplæring.

Regjeringa vil i 2024 fremje ein strategi for likestilling mellom kvinner og menn. Gjennom strategien vil regjeringa legge rammene for likestillingspolitikken og forsterke innsatsen på kjønnslikestillingsfeltet. For nærare omtale, sjå Prop. 1 S (2023–2024) for Kultur- og likestillingsdepartementet.

Kultur- og likestillingsdepartementet arbeider med ei melding til Stortinget om seksuell trakassering. Meldinga skal omfatte ei kartlegging av omfanget av seksuell trakassering og forslag til førebyggjande tiltak mot seksuell trakassering i arbeidslivet, i opplæringssektoren og på kultur- og fritidsarenaer. Regjeringa tek sikte på å legge fram meldinga i 2024.

Det følger av dagens opplæringslov at elevar som har teiknspråk som førstespråk, eller som etter sakkunnig vurdering har behov for slik opplæring, har rett til opplæring i og på teiknspråk. Ny opplæringslov, som etter planen skal gjelde frå hausten 2024, vidarefører retten til opplæring i og på norsk teiknspråk. Vilåret etter den nye lova er at eleven har ei høyrselshemming. Dei nye reglane opnar for større fleksibilitet og inneber ei foren-

kling av dagens reglar. Dei ulike justeringane i reglane er nærmare omtalte i Prop. 57 L (2022–2023) *Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)*, kap. 29.

Elevar med nedsett funksjonsevne i vidaregåande opplæring er ei samansett gruppe og kan ha heilt ulike utfordringar. Mange elevar med nedsett funksjonsevne får eit dårlegare tilbod i vidaregåande opplæring enn elevar utan nedsett funksjonsevne. Det er sett i gang eit arbeid med ein strategi for at elevar med nedsett funksjonsevne skal få eit betre og likeverdig tilbod i vidaregåande opplæring.

Arbeid for likestilling og mot diskriminering i høgare utdanning

Tilleggsponng for opptak til studium

Søkarar til høgare utdanning kan få tilleggsponng ved opptak til visse studium der det er sterk ubalanse mellom kjønna. Institusjonane får berre bruke kjønnsponng i ein avgrensa periode, og dei må gjere greie for at andre tiltak for betre kjønnsbalanse ikkje har gitt resultat. Universitets- og høgskulelovutvalet la i 2020 fram NOU 2020: 3 *Ny lov om universiteter og høyskoler*, der dei skriv at kjønnsponng kan vere i strid med likestillingsregelverket og EUs likestillingsdirektiv. Departementet vurderte hausten 2020 føresegna om kjønnsponng og la til grunn at forskrifta ikkje er i strid med likestillingsregelverket eller -direktivet.

I dag får menn tilleggsponng ved desse studia

- veterinær- og dyrepleie ved NMBU
- toll, vareførsel og grensekontroll ved Universitetet i Stavanger
- bioingeniør ved UiT – Noregs arktiske universitet
- sjukepleie ved Lovisenberg diakonale høgskule og Universitetet i Agder
- barnevernspedagogutdanning ved OsloMet
- profesjonsstudium i psykologi ved NTNU, UiB og UiO

Kvinner får tilleggsponng ved desse studia

- 19 bachelorstudium i teknologi- og ingeniørfaga ved NTNU
- sju femårige integrerte masterprogram i teknologi- og ingeniørfag ved NTNU
- bachelorstudium i Nautikk, programmering, digital infrastruktur og cybertryggleik, digital infrastruktur og cybertryggleik og musikkteknologi ved NTNU

Eit offentleg utval som såg på systemet for opptak til høgare utdanning, leverte sin rapport, NOU 2022: 17 *Veier inn – ny modell for opptak til universiteter og høyskoler*, 1. desember 2022. Utvalet foreslår å erstatte kjønnsponng med kvotar for kjønn. Departementet vurderer for tida alle forslag frå utvalet.

Likestilling blant tilsette i høgare utdanning og forskning

51,7 pst. av dei nye doktorane i 2022 var kvinner. Talet har halde seg relativt stabilt sidan 2010, men kvinnedelen er svakt aukande. 36 pst. av årsverka i dosent- og professorstillingar blei utførte av kvinner i 2022. Det er store skilnader mellom fagfelt og institusjonar. Flest kvinner finn vi ved institusjonar med mange profesjonsutdanningar. Kvinnedelen i faglege toppstillingar har nådd 50 pst. for medisin- og helsefag. For humaniora og kunstfag er delen 40 pst. Lågast ligg teknologifag med 15 pst. kvinner, følgt av matematikk og naturvitenskap og landbruks- og fiskerifag og veterinærmedisin med 21 pst.

Det er fleire kvinner enn menn som er mellombels tilsette ved universitet og høgskular. Regjeringa har som mål å redusere mellombelse tilsetjingar i sektoren, slik at ein med tida kjem ned mot det same nivået som i arbeidslivet elles. Mellom anna følger regjeringa opp utviklinga i etatsstyringa og har ei klar forventning til utdanningsinstitusjonane om at dei jobbar målretta med bemanningsplanlegging og sørger for at det framover blir ein monaleg reduksjon i mellombelse tilsetjingar.

Komité for kjønnsbalanse og mangfald i forskning (Kif) skal støtte opp om og gi råd om tiltak som bidreg til å integrere arbeidet med kjønnsbalanse og mangfald ved universiteta, høgskulane og forskingsinstitutta. Arbeidet skal medverke til meir mangfald blant dei tilsette og i forskinga. I 2021 blei eit nytt mandat utvikla for komiteen som er oppnemnd for perioden 2022–25. Den nye komiteen skal bidra til å auke kunnskapen om korleis kjønn og sosial og etnisk bakgrunn påverkar kritiske overgangar i ein forskarkarriere, frå vegen inn i forskning til topp- og leiarstillingar. Kunnskapsdepartementet følger òg opp arbeidet med likestilling og mangfald i etatsstyringa av universiteta og høgskulane. I tildelingsbrevane er det tydelege forventningar om at verksemdene arbeider aktivt for å fremje like karrieremoglegheiter for kvinner og menn i norsk academia og legg til rette for større mangfald.

Arbeid mot rasisme, antisemittisme og hatytringar

Rammeplanen for barnehagen seier mellom anna at barnehagen skal motverke diskriminering, fordommar, stereotypiar og rasisme. Barnehagen skal medverke til at kulturelt mangfald blir til glede for heile barnegruppa. Barnehagen skal synleggjere eit mangfald av familieformer og sørge for at alle barn får spegla familien sin i barnehagen. Utdanningsdirektoratet tilbyr støtteressursar som barnehagane kan bruke i dette arbeidet.

Skulen har ei svært viktig rolle når det gjeld å førebygge rasistiske haldningar og skape rom for eit mangfaldig fellesskap. Det følger av opplæringslova kapittel 9 A at alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. Skulen skal ha nulltoleranse mot krenkingar som mobbing, vald, diskriminering og trakassering og har plikt til å arbeide kontinuerleg for å sikre elevane eit trygt og godt skulemiljø.

Overordna del av læreplanverket utdjuvar verdigrunnlaget i formålsparagrafen og dei overordna prinsippa for grunnopplæringa. Han gjer òg greie for det breie samfunnsoppdraget skulen har, oppdraget som går ut på både å danne og å utdanne. Overordna del gir retning for opplæringa i fag, og alle fag bidreg til å realisere formålet med opplæringa.

Læreplanane for fag gjer greie for innhald og mål i faga. Læreplanane i samfunnsfag, historie, samfunnskunnskap, norsk, musikk og KRLE har kompetansemål som bidreg til at elevane gjennom heile skuleløpet får heilskapleg kunnskap om diskriminering, rasisme og utanforskap. Heilskapen bidreg også til at dei får innsikt i demokratiske verdiar og spelereglar. Gjennom skulegangen skal elevane lære om korleis vi lever saman med ulike perspektiv, haldningar og syn på livet. Elevane skal øve seg på å tenke kritisk, ta ulike perspektiv og handtere meningsbryting gjennom refleksjon, dialog og diskusjon.

Det er ein nær samanheng mellom arbeidet mot hat, rasisme og diskriminering og arbeidet med å skape trygge og gode barnehage- og skulemiljø der alle er inkluderte. Gjennom opplæringa skal elevane utvikle kritisk tenking, demokratisk beredskap og etisk medvit. For å nå desse måla må elevane vere trygge. Vi har allereie fleire tiltak som kan hjelpe skulane med dette viktige arbeidet. Eksempel på dette er mobbeombod, Læringsmiljøprosjektet, ulike nettbaserte tilbod eller vida-

reutdanning for skuleleiarar. I tillegg har Kunnskapsdepartementet gitt Utdanningsdirektoratet i oppgåve å samordne tiltak som støttar arbeidet med å utvikle inkluderande, trygge og gode skulemiljø, og vurdere kva behov for kompetanse skulane har no.

Demokratisk beredskap mot rasisme og antisemittisme og udemokratiske haldningar (Dembra) er eit kurstilbod som gir kompetanseutvikling for lærarstudentar (Dembra LU), lærarar, skuleleiarar og andre tilsette i grunnopplæringa. Dembra er for barneskulen, ungdomsskulen, vidaregåande opplæring og lærarutdanningane. Læringsressursane som er utvikla, dekkjer områda hatefulle ytringar, antisemittisme, rasisme, ekstremisme, diskriminering av minoritetar og udemokratiske haldningar. Desse læringsressursane blir brukte i lærarutdanningane, i etterutdanningane og til skulebasert kompetanseheving. Dembra engasjerer dei nasjonale freds- og menneskerettssentera i arbeidet. Det er etablert regionale knutepunkt for Dembra-arbeidet over heile landet. Dembra-materiell finst no tilgjengeleg på nordsamisk, lulesamisk og sørsamisk òg. Ein undervisningspakke om konspirasjonsteoriar og konspirasjonstenking for vidaregåande opplæring og lærarutdanningane vil vere ferdig ved utgangen av 2024. Sjå omtale av rapporten om bruken av midlar i 2022 og forslag til løyving til Dembra for 2024 under kap. 226, post 21.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet leier arbeidet med ein ny tverrdepartemental handlingsplan mot rasisme og diskriminering. Planen skal vere ferdig i november 2023.

Likestilling i Kunnskapsdepartementet

Likestillings- og diskrimineringslova § 26 pålegg alle arbeidsgivarar å arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremje likestilling og hindre diskriminering innanfor eiga verksemd (aktivitets- og meldeplikta). Nedanfor er ei oversikt over status for arbeidet med likestilling og mangfald for Kunnskapsdepartementet. Når det gjeld rapportering frå dei ulike verksemdene og etatane utanom departementet, viser vi til årsrapportane til dei einskilde verksemdene og etatane. Tabell 8.1 viser kjønnsbalansen i Kunnskapsdepartementet, og kvinners lønn i pst. av menns lønn, totalt og for dei ulike stillingskategoriane i departementet. Stillingsnivå er basert på eksisterande stillingskategoriar i Kunnskapsdepartementet.

Tabell 8.1 Tilstandsrapport om kjønnsbalanse og lønn i Kunnskapsdepartementet i 2022

	Kvinner (pst.)	Menn (pst.)	Totalt (N)	Kvinnerns lønn i pst. av menns
Alle tilsette	66,7	33,3	303	95,2
Toppleiing, ikkje omfatta av Hovudtariffavtalen i staten: departementsråd, ekspedisjonssjef	66,7	33,3	6	89
Tilsette i Kunnskapsdepartementet omfatta av Hovudtariffavtalen i staten, totalt	66,7	33,3	297	95,5
Mellomleiarar				
Avdelingsdirektør med personalansvar, kommunikasjonssjef	56,7	43,3	30	102,7
Saksbehandling og administrativt personale				
Avdelingsdirektør utan personalansvar, fagdirektør, spesialrådgivar	53,8	46,2	39	97,3
Utgreiingsleiar, underdirektør, prosjektleiar	76,4	23,6	55	103,2
Seniorrådgivar	65	35	117	99,1
Rådgivar	80	20	40	100,7
Førstekonsulent, seniorkonsulent	63,7	36,4	12	105,6

Tal frå eige lønns- og personalsystem per 31. desember 2022. Lærlingar er inkluderte i tala over alle tilsette. Tilsette som utfører arbeid som pensjonist, er ikkje inkluderte i oversikta.

Kunnskapsdepartementet ønsker å vere ei likestilt og inkluderande verksemd og arbeider for å gi rom for tilsette med ulik bakgrunn. Departementet har høg prosentdel kvinner blant dei tilsette. Per 31. desember 2022 var kjønnsfordelinga i departementet 66,7 pst. kvinner og 33,3 pst. menn. Dette er ein marginal reduksjon i prosentdelen kvinner frå 2021. Kjønnsfordelinga i toppleiinga i departementet var lik kjønnsfordelinga i departementet samla. Ved same tidspunkt hadde Kunnskapsdepartementet 21 kvinnelege og 15 mannlege leiarar med personalansvar, noko som betyr at 58,3 pst. av leiarane i departementet var kvinner¹. Dei tre lærlingane i departementet er kvinner. Talet på leiarar med personalansvar og lærlingar er ikkje endra frå 2021.

Eitt av måla i personal- og lønns politikken i Kunnskapsdepartementet er at lønn og karrieremoglegheiter skal vere uavhengig av kjønn, alder og etnisk eller kulturell bakgrunn. Det er utarbeidd retningslinjer for lønnsfastsetjing i lønns politikken for å minske risikoen for diskriminering, og departementet arbeider for å jamne ut lønns-

skilnader mellom kjønna. I gjennomsnitt tente kvinner 95,2 pst. av det menn tente i Kunnskapsdepartementet i 2022, og det er ein nedgang frå 97 pst. i 2021. Noko av endringa har samanheng med mellombelse fungeringar i høgare lønte stillingar. Samstundes syner tal for lønnsauken for fast tilsette i perioden 2021–22 at kvinner i snitt har hatt ein prosentvis lønnsauke på 3,9 pst. Auken var 3,6 pst. for menn. Gjennomsnittleg lønnsutvikling i perioden 2021–22 var 3,8 pst.

Statistikken for 2022 viser at menn og kvinner i Kunnskapsdepartementet har tilnærma lik lønn i dei fleste stillingskategoriane. I stillingskategoriane avdelingsdirektør, prosjektleiar, utgreiingsleiar, rådgivar, seniorkonsulent og førstekonsulent har kvinner høgare gjennomsnittleg lønn enn menn. Det er fleire kvinner i dei lågast lønte stillingskategoriane. Dette trekker gjennomsnittet ned for kvinner samla sett.

I 2021 vart det teke i bruk ein ny stillingskode i Kunnskapsdepartementet, kode 1114 utgreiingsleiar. Stillingskoden er ein opprykkskode for tilsette på nivået mellom seniorrådgivar og fagdirektør. Ved avslutninga av 2022 var det 37 kvinner og 10 menn som hadde fått den nye stillingskoden.

¹ Dette inkluderer leiarar i ulønt permisjon og i konstituering.

Lønnsnivået i stillingskoden er tilnærma likt mellom kjønna.

Overtidsbruken i Kunnskapsdepartementet varierer frå år til år, men har gått ned det siste året. Det blei gjort ein analyse av skilnader i bruken av overtid mellom kvinner og menn i 2022. Det var prosentvis fleire som arbeidde overtid av gruppa kvinner enn av gruppa menn. 59 pst. av kvinnene i departementet har arbeidd overtid i 2022, og blant mennene er det 52 pst. som har arbeidd overtid. Samstundes har menn som har

arbeidd overtid, i snitt fleire timar overtid, 54,5 timar. Kvinner som har arbeidd overtid, har i snitt arbeidd 42,3 timar. Årsakene til overtidsbruken vil variere over tid. Einskildpersonar med større oppgåver og eventuelle prosjekt som er i avslutningsfasen, kan ha innverknad på tala for det einskilde året.

Departementet evaluerer bruken av mellom- belse stillingar saman med representantar for dei tilsette kvart år.

Tabell 8.2 Tilsetjingstilhøve, deltid, permisjon, fråvær som følge av omsorg for sjukt barn og legemelde sjukefråvær for kvinner og menn i Kunnskapsdepartementet per 31. desember 2022

	Mellombels tilsette (pst.) ¹		Deltid (pst.) ¹		Uttak av foreldrepermisjon ²		Fråvær som følge av omsorg for sjukt barn (pst.)		Legemeldt sjukefråvær (pst.)	
	K	M	K	M	K	M	K	M	K	M
	Totalt i verksemda	3,9	1,6	1,6	1,6	20,9	9,6	73	27	6,1

Tala er henta frå eige lønns- og personalsystem per 31. desember 2022.

¹ Prosentdelen innanfor kvart kjønn. Tilsette som utfører arbeid som pensjonist er ikkje inkluderte i oversikta.

² Uttak av foreldrepermisjon i gjennomsnitt av talet på veker.

Talet på mellombels tilsette har auka noko frå 2021 til 2022. Det er ikkje identifisert at det er tilsette som har arbeidd ufrivillig deltid i 2022. Det er ein vekst frå 2021 i uttaket av foreldrepermisjon og fråvær som følge av omsorg for sjukt barn for kvinner, og ein reduksjon i det same for menn. Det har vore ein auke i det legemelde sjukefråværet for kvinner og ein marginal nedgang i det legemelde sjukefråværet for menn frå 2021.

Av søkerane til kunngjorde stillingar i Kunnskapsdepartementet i 2022 var 63,6 pst. kvinner og 36,4 pst. menn. Det vart rekruttert 30 personar til departementet i 2022, og av desse var 77 pst. kvinner og 23 pst. menn. Fire av rekrutteringane i 2022 var til leiarstillingar, og i desse stillingane vart tre kvinner og éin mann tilsette. I 2022 utgjer tilsetjingar i målgruppa for inkluderingsdugnaden 3,3 pst. og tilsetjingar av personar med innvandr- arbakgrunn 10 pst.

Kunnskapsdepartementets strategiar, handlingsplanar og regelverk utgjer saman med aktivtets- og meldeplikta fundamentet for departementets arbeid med likestilling og ikkje-diskriminering.

Ei intern arbeidsgruppe i departementet med representantar frå arbeidsgivaren og arbeidstakarane har arbeidd med å undersøke likestilling og analysere risiko for diskriminering. Aktivitets- og

meldeplikta har òg vore drøfta med representantar for dei hovudtillitsvalde i Kunnskapsdepartementet og i departementets arbeidsmiljøutval. Gjennom arbeidet med aktivtetsplikta har ikkje Kunnskapsdepartementet funne område der det skjer diskriminering. Samstundes ønsker departementet at likestillings- og ikkje-diskrimineringsperspektivet blir innarbeidd som ein naturleg del i fleire prosessar i verksemda i departementet.

Område som er identifiserte i 2022, er følgde opp i departementet for å sikre omsynet til likestilling og ikkje-diskriminering.

Rekruttering

Departementet har som mål å forbetre kjønnsbalansen og auke mangfaldet. Vi viser i stillingsannon- sane våre at vi har mål om å forbetre kjønnsbalansen og inkludere breiare. Dette arbeidet fekk særleg merksemd i 2022, og vi held fram med å jobbe målretta med dette. Vi har mellom anna oppdatert mangfaldserklæringa i stillingsannon- sane våre, slik at dei betre støttar opp om ønsket vårt om å rekruttere meir mangfaldig. Det har førebels resultert i at vi har rekruttert fleire menn i 2022, men desse tiltre i 2023. I tillegg har vi tilsett medarbeidarar med ulik fagbakgrunn og med aldersvariasjon.

Analyse av lønns- og arbeidsvilkår

Kunnskapsdepartementet har i 2022 gjort fleire analysar av lønn og overtid for å avdekke ugrunna skilnader. Departementet vil også i 2023 halde fram med analysearbeidet.

Forfremjing og utvikling

Kunnskapsdepartementet ønsker å tilby like sjansar til forfremjing og utvikling for alle tilsette. Grunnlaget for forfremjingar er kjent gjennom lønnspolitikken. Dei viktigaste moglegheitene til utvikling er gjennom å løyse oppgåver, til dømes i prosjekt. Slike oppgåver blir gjorde kjent internt.

I 2022 har vi kartlagt rutinar for tildeling av etter- og vidareutdanning og for hospitering. I 2023 arbeider vi for at informasjonen om dei utviklingsmoglegheitene som finst, er kjende for alle tilsette.

Tilrettelegging

I Kunnskapsdepartementet er det praksis for å legge til rette arbeidstida når tilsette har behov for det, til dømes på grunn av eiga helse. Departementet har nyleg sett nærare på rutinane for oppfølging av sjukemelde og held fram med å jobbe målretta for å redusere sjukefråværet. Departementet ønsker å legge til rette for fleksibilitet for begge kjønn i ulike livsfasar og planlegg å sjå nærare på informasjon om moglegheitene for tilrettelegging og permisjonar, slik at denne informasjonen er godt nok kommuniserte til dei tilsette.

Balanse mellom jobb og fritid

I 2022 blei departementets retningslinjer for bruk av heimekontor evaluerte. Dei fleksible rammene

for bruk av heimekontor og arbeidstid fungerer like godt for kvinner og som for menn, og for livssituasjonen dei tilsette er i.

Arbeidsmiljø

For å sikre at arbeidsmiljøet i departementet er trygt og fremjar helse, gjennomfører Kunnskapsdepartementet arbeidsmiljøundersøkingar, vernerundar, medarbeidarsamtalar og leiarevalueringar. Som ein del av arbeidet med å følge opp tilsette etter koronapandemien blei det til dømes i 2022 gjennomført ei open evaluering av leiarane i departementet. Evalueringa vart kombinert med trening i å gi tilbakemeldingar til kvarandre, og arbeidet med tilbakemeldingar held fram også i 2023. Etter planen skal departementet gjennomføre ei arbeidsmiljøundersøking i 2024.

Departementet har eigne rutinar for varsling i medhald av arbeidsmiljølova, og det har i 2022 også gjennomført eit todelt kurs for leiarar mellom anna om varsling.

Likestilling i kunnskapssektoren

I Statens personalhandbok er det nedfelt i pkt. 1.6:

Staten skal speile mangfoldet i befolkningen når det gjelder kjønn, alder, funksjonsevne, etnisk bakgrunn, seksuell orientering mv. Mangfold i den statlige personalstyrken støtter opp under mulighetene for god måloppnåelse og bidrar til at staten kan yte gode tjenester til alle samfunnsborgere uansett bakgrunn og livserfaring.

Oversikter over prosentdelen tilsette etter kjønn og landbakgrunn fortel noko om tilstanden for likestillinga i sektoren Kunnskapsdepartementet har ansvar for.

Tabell 8.3 Prosentdelen menn og kvinner i forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet i 2022

Verksemd	Tilsette	Prosentdel menn	Prosentdel kvinner	Kvinnerens lønn i pst. av menns
Utdanningsdirektoratet	368	34,2	65,8	97,9
Dei samiske vidaregåande skulane, Karasjok og Kautokeino	113	33,6	66,4	99,8
Sørsamisk kunnskapspark	30	20,0	80,0	83,8
Statleg spesialpedagogisk støtteteneste (Statped)	587	21,5	78,5	99,2
Noregs grønne fagskule – Vea	37	32,4	67,6	98,7
Sekretariatet for Foreldreutvalet for grunnopplæringa og Foreldreutvalet for barnehagane	9	55,6	44,4	111,4
Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT)	135	25,9	74,1	93,7
Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI)	92	46,7	53,3	85,8
Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling (Diku)	217	30,9	69,1	93,1
Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning (Unit)	362	59,1	40,9	95,0
Statens lånekasse for utdanning	368	42,7	57,3	95,0
Dei nasjonale forskningsetiske komiteane (FEK)	13	15,4	84,6	88,7
Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir)	171	30,4	69,6	96,4
22. juli-senteret	17	17,6	82,4	134,6

Talmaterialet er basert på lønnsopplysningar som blir innhenta frå a-ordninga. Talmaterialet frå a-ordninga blir overført frå SSB til Kommunal- og distriktsdepartementet, som utarbeider talgrunnlag/statistikkrapporatar for tilsette i staten (tariffområdet) 1. oktober 2022. Medarbeidarar med leiarlønn, med leiarlønnsavtale, timelønnte og honorarlønnte er ikkje med.

I 12 av 14 forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet tener menn meir enn kvinner. Skilnaden er størst hos Sørsamisk kunnskapspark

(83,8 pst.), Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI) (85,8 pst.) og Dei nasjonale forskningsetiske komiteane (FEK) (88,7 pst.).

Tabell 8.4 Prosentdelen tilsette (årgjennomsnitt) i verksemder i kunnskapssektoren etter landbakgrunn i 2021 og 2022

Verksemd	2021		2022	
	Gruppe 1	Gruppe 2	Gruppe 1	Gruppe 2
Universitetet i Stavanger	13,8	15,1	14,6	16,8
Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT)	11,2	15,1	10,9	15,2
Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet NTNU	13,5	14,0	14,0	14,7
Noregs handelshøgskule	16,5	13,4	16,4	14,5
Universitetet i Oslo	18,4	13,6	18,5	14,4
Noregs miljø- og biovitskaplege universitet (NMBU)	15,5	12,9	15,8	13,3
Universitetet i Agder	11,7	12,9	11,6	13,2
Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI)	14,4	10,0	10,9	13,0
Høgskolen i Molde, vitskapleg høgskole i logistikk	5,7	11,0	4,2	12,9
Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet	16,2	11,6	16,0	12,1
Universitetet i Bergen	18,2	11,0	18,7	11,5
OsloMet – storbyuniversitetet	9,2	10,8	9,6	11,3
Høgskolen i Østfold	7,8	9,3	8,2	11,0
Universitetet i Sørøst-Noreg	9,7	9,9	9,5	10,7
Kunsthøgskolen i Oslo	15,8	9,1	17,2	10,4
Nord universitet	9,7	9,6	9,7	9,8
Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo (AHO)	19,5	9,2	21,5	9,0
Noregs idrettshøgskole	9,0	9,4	10,0	8,1
Statens lånekasse for utdanning	1,7	7,5	2,4	7,4
Høgskulen på Vestlandet	8,1	6,3	8,5	6,5
Høgskolen i Innlandet	10,0	5,2	9,8	6,2
Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse	3,6	8,2	4,4	6,1
Sikt – Kunnskapssektorens tenesteleverandør	7,2	6,3	6,9	5,8
Utdanningsdirektoratet	3,2	4,0	2,9	4,5
Noregs forskingsråd	6,4	3,7	6,5	4,0
Statped	4,8	3,7	4,9	3,8
Såmi allaskuvla – Samisk høgskole	15,7	3,7	15,7	3,7
Høgskulen i Volda	5,7	3,3	6,0	3,7
Kunnskapsdepartementet	3,9	4,2	4,0	3,6
Noregs musikkhøgskole	14,2	2,5	13,9	2,7
Dei samiske vidaregåande skulane, Karasjøk og Kautokeino	9,6	0,0	9,6	2,4

Gruppe 1: EU/EFTA, Nord-Amerika, Australia og New Zealand

Gruppe 2: Asia, Tyrkia, Afrika, Latin-Amerika, Europa utanom EU/EFTA, Oseania utanom Australia og New Zealand

Kjelde: SSB, tabell 12625

Tabellen over viser kor mange innvandrarak som er tilsette i verksemdene i kunnskapssektoren, fordelte på landgruppe 1 og 2. Resten av dei tilsette er nordmenn utan innvandrarbakgrunn.

Som det går fram, er det stor variasjon i verksemdene i kor mange av dei tilsette som har innvandrarbakgrunn.

9 Oppfølging av FNs berekraftsmål

Generalforsamlinga i FN vedtok 25. september 2015 resolusjonen *Transforming our World: The 2030 Agenda for Sustainable Development*. Alle medlemslanda i FN er forplikta til å følge opp dei 17 berekraftsmåla i agendaen. Våren 2021 blei Noregs handlingsplan for å nå berekraftsmåla innan 2030 lagd fram, Meld. St. 40 (2020–2021) *Mål med mening*. I Noreg har Kunnskapsdepartementet eit koordineringsansvar for berekraftsmål 4:

Sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremje moglegheiter for livslang læring for alle.

Målet har 7 delmål og 3 gjennomføringsmål som dekker alle utdanningsnivå.

Noreg kan vise til gode resultat og framgang på fleire mål under berekraftsmål 4. Utdanninga er av god kvalitet og tilgjengeleg for alle uavhengig av sosial bakgrunn. I 2023 er Noreg rangert som nummer 7 blant 193 land på SDG-indeksen, som viser utviklinga i verda på tvers av alle dei 17 berekraftsmåla. Dette er ei nedgang frå 2022, då Noreg var rangert som nummer 4.

Kunnskap og utdanning skal legge grunnlag for demokrati, velferd, omstilling og berekraft. Utdanning medverkar til høgare deltaking i samfunns- og arbeidslivet, og utdanning er derfor ein nøkkel til å løyse utfordringane samfunnet står framfor. Regjeringa vil i tida framover bygge ein sterkare fellesskule for alle, ein fellesskule som skaper likeverdige moglegheiter for barn og unge uavhengig av bakgrunn. Det er ei hovudprioritering for regjeringa å få fleire til å fullføre vidaregåande opplæring og kome seg over i vidare utdanning og arbeid. Vidare er regjeringa oppteken av å sikre god tilgang til utdanning, forskning og kompetanse i heile landet.

Kunnskapsdepartementet vil halde fram samarbeidet med Utanriksdepartementet om Noregs oppfølging av berekraftsmål 4 i internasjonale organisasjonar. Utdanning av god kvalitet for alle er ein prioritet for norsk utviklings- og bistandspolitikk. Som ein del av oppfølginga har Noreg ratifisert UNESCOs globale konvensjon for godkjen-

ning av høgare utdanning. Konvensjonen er det første globale normative dokumentet innanfor høgare utdanning frå UNESCO nokon gong og vil vere eit viktig verkemiddel for auka mobilitet av studentar og arbeidssøkande på tvers av kontinent. Konvensjonen tredde i kraft 5. mars 2023.

I tillegg til ansvar for koordinering av oppfølginga for berekraftsmål 4 bidreg Kunnskapsdepartementet også til fleire delmål under andre berekraftsmål. Nedanfor følger ein kort gjennomgang av status og viktige tiltak i nasjonal oppfølging av dei ulike delmåla og gjennomføringsmåla.

Delmål 4.1

Innan 2030 sikre at alle jenter og gutar fullfører gratis og likeverdig grunnskule og vidaregåande opplæring av høg kvalitet som kan gi dei relevant og reelt læringsutbytte.

I Noreg har alle barn rett og plikt til tiårig grunnskuleopplæring frå det året dei fyller seks år. 98 pst. gjekk direkte til vidaregåande opplæring frå 10. trinn i 2022.

Regjeringa har sett ned eit partssamansett utval som skal gå gjennom kvalitetsvurderingssystemet i skulen og foreslå endringar i prøver, verktøy og datakjelder. Målet med gjennomgangen er å legge betre til rette for kvalitetsutvikling på alle nivå i skulen. Utvalet leverte ein delrapport i januar 2023 og skal levere sluttrapport hausten 2023. I delrapporten legg utvalet fram eit kunnskapsgrunnlag og beskriv dagens kvalitetsutviklingssystem. Delrapporten gjer òg greie for spenningar og utfordringar som ligg i dagens system, og gir ei oversikt over kva behov for informasjon og støtte til kvalitetsutvikling dei ulike aktørane har.

Skulen skal legge til rette for at elevane får best mogleg utbytte av den ordinære opplæringa, og opplæringa skal tilpassast alder, modning og føresetnadene til elevane. Særleg for dei yngste barna i skulen er leik nødvendig for trivsel og utvikling. Dei nye læreplanane legg derfor vekt på at leiken skal ha ein særleg tydeleg plass dei første skuleåra. Undring og utforskning er òg viktig gjennom heile opplæringa.

Regjeringa er oppteken av at dei yngste elevane skal ha ein god skulestart og ein god skulekvardag. OsloMet er i gang med ei evaluering av seksårsreforma, og ein første delrapport kom i desember 2022. Kunnskapen vi har så langt, teiknar eit variert bilde av skulekvardagen til dei yngste elevane. Vi vil få eit meir utfyllande bilde av korleis skuledagen er lagd opp for dei yngste, når vi får neste delrapport. Den neste delrapporten kjem hausten 2023, og sluttrapport kjem i 2024. Regjeringa vil følge opp funn og vurdere eventuelle tiltak når evalueringa er ferdig.

Dei aller fleste elevane trivst og er motiverte for å lære, men fleire unge rapporterer at dei opplever stress og psykiske plager. Skulemotivasjonen til elevane fell gjennom grunnskulen og er lågast på 10. trinn.

For mange elevar går ut av ungdomstrinnet med for svake resultat. Regjeringa vil legge fram ei melding som har som hovudmål å vareta og styrke elevane på 5.–10. trinn si motivasjon, meistring, læring og utvikling. Regjeringa ønsker meir praktisk og variert læring i skulen og å få fleire barn og unge gjennom skuleløpet.

Det er sett i gang ei rekke tiltak som skal bidra til eit meir inkluderande og tilpassa pedagogisk tilbod til alle barn og elevar, og betre samarbeidet mellom barnehagane, skulane, SFO og tenestene rundt. Det er mellom anna sett i gang eit stort og varig kompetanseløft i spesialpedagogikk og inkluderande praksis for barnehagar og skular, PP-tenesta og andre relevante tenester i kommunen. Det er òg sett i gang pilot- og forskingsopdrag som skal betre kunnskapen om inkluderande praksis i barnehage og skule. I tillegg er det fleire endringar og presiseringar i ny opplæringslov som vil bidra til å styrke tilbodet for elevane, sjå Prop. 57 L (2022–2023) *Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)*. Ny opplæringslov vil etter planen tre i kraft frå august 2024.

Frå hausten 2022 har regjeringa sett i gang ei ordning med 12 timar gratis SFO for elevar på første årstrinn. Frå hausten 2023 blei også elevar på andre årstrinn inkluderte i ordninga.

1. august 2022 tok fleire lovendringar om samarbeid mellom velferdstenestene til å gjelde. Endringane omfattar 14 velferdstenestelover og inneber mellom anna at reglane om samarbeid og individuell plan er harmoniserte og styrkte, og at det er innført ei samordningsplikt for kommunen ved yting av velferdstenester og ein rett til barnekoordinator.

Det er ei hovudprioritering for regjeringa å få fleire til å fullføre vidaregåande opplæring og

kome seg over i vidare utdanning og arbeid. Regjeringa foreslår i statsbudsjettet for 2024 midlar til ei rekke tiltak som skal bidra til at fleire fullfører vidaregåande opplæring. Åtte av ti elevar som begynte i vidaregåande opplæring i 2016, fullførte med studie- eller yrkeskompetanse, den høgaste fullføringsprosenten nokon gong. Jenter fullfører i større grad enn gutar, høvesvis 85 pst. og 77 pst.

Sjå også programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Delmål 4.2

Innan 2030 sikre alle jenter og gutar høve til god og tidleg utvikling og omsorg og tilgang til førskule, slik at dei er førebudde på å begynne i grunnskulen.

Barnehagedekninga i Noreg er god. I 2022 gjekk 268 730 av barna i barnehage. Dekningsgraden for barn i alderen 1–5 år var 93,4 pst. i 2022, på same nivå som førre året.

Departementet foreslår i 2024 å redusere maksimalprisen, slik at maksimalprisen for eit ordinært heiltidstilbod frå 1. august 2024 vert 2 000 kroner per måned. Departementet foreslår å nominelt vidareføre maksimalprisen på 3 000 kroner per måned frå 1. januar 2024. Frå hausten 2023 vart det innført gratis barnehage frå tredje barn i familien som går i barnehage samstundes. Ei nasjonal moderasjonsordning sikrar at ingen familiar skal betale meir enn 6 pst. av inntekta si for ein barnehageplass, avgrensa av ein nasjonalt fastsett maksimalpris for foreldrebetaling. I tillegg får barn i alderen 2–5 år frå låginntektsfamiliar 20 timar gratis barnehagetilbod per veke, og inntektsgrensa var frå 1. august 2023 på 615 590 kroner. Moderasjonsordningane blir vidareførte, og inntektsgrensa for ordninga med gratis kjernetid blir foreslått til 642 700 kroner frå 1. august 2024. For nærare omtale, sjå programkategori 07.30 Barnehagar.

Trass i viktige reformer i barnehagesektoren som har gitt maksimalpris, rett til plass og høg barnehagedekning, viser eit oppdatert kunnskapsgrunnlag at det framleis er skilnader både i barnehagedeltakinga og i kvaliteten på og tilrettelegginga av tilbodet. Regjeringa la i januar 2023 fram *Barnehagen for en ny tid*, ein strategi for kvalitet i barnehagesektoren for perioden fram mot 2030. Målet er at barnehagane skal vere inkluderande og tilgjengelege, og at barnehagane har god og relevant kompetanse og ei bemanning som medverkar til at alle barn, uavhengig av føresetna-

der og kvar dei bur, opplever høg og likeverdig kvalitet i barnehagetilbodet. Samla sett foreslår departementet å løyve om lag 790 mill. kroner til tiltak for å fremje kvaliteten og kompetansen i barnehagane.

Sjå nærare omtale under programkategori 07.30 Barnehagar.

Delmål 4.3

Innan 2030 sikre kvinner og menn lik tilgang til god teknisk og yrkesfagleg opplæring og høgare utdanning, medrekna universitetsutdanning, til ein overkomeleg pris.

43 pst. av jentene som søkte vg1 i 2023, søkte seg til eit yrkesfagleg utdanningsprogram, mot 58 pst. av gutane. Elevane på yrkesfag vel framleis kjønnsstradisjonelt, men skilnadene har vorte litt mindre dei siste ti åra. I 2013 var 5 pst. av søkjarane på vg1 bygg- og anleggsteknikk jenter, og 12 pst. av elevane på vg1 teknologi- og industrifag var jenter. I 2023 er prosentdelen jenter høvesvis 10 og 18 pst.

I høgare utdanning er det små endringar i kjønnsbalansen innanfor og mellom fagområda over tid. Tal frå 2023 viser at om lag 61 pst. av studentane i høgare utdanning er kvinner, og det er ein svak auke i prosentdelen kvinner. Kvinnedelen er høgast i helse-, sosial- og idrettsfag og lærarutdanningar og utdanningar i pedagogikk. Menn er som tidlegare i fleirtal i teknologiske fag og informasjonsteknologiske fag. Opptaksutvalet, som blei sett ned for å gå gjennom regelverket for opptak til høgare utdanning, la fram sin rapport i desember 2022. Utvalet fekk mellom anna i mandat å gi tilrådingar om korleis departementet kan utforme eit regelverk som bidreg til at vi får dekt kompetansebehova i arbeidslivet, og som ikkje er til hinder for eit mangfaldig og kjønnsbalansert arbeidsliv. Utvalet kom med forslag om endringar som er meinte å betre kjønnsbalansen i høgare utdanning, mellom anna å ta i bruk kvoter for kjønn. Kunnskapsdepartementet arbeider med å følge opp forslaga i rapporten. Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget med forslag til nytt opptakssystem våren 2024.

Delmål 4.4

Innan 2030 oppnå ein stor auke i talet på unge og vaksne med kompetanse, mellom anna i tekniske fag og yrkesfag, som er relevant for sysseltjing, anstendig arbeid og entreprenørskap.

Utdanning er viktig for å kunne delta aktivt i samfunnet gjennom heile livet. Fleire i arbeid og høgare kompetanse i arbeidsstyrken gir økonomisk vekst og meir velferd og kan også gi lågare trygdeutgifter. Regjeringa følger opp Stortingets behandling av fullføringsreforma, jf. Meld. St. 21 (2020–2021). Utvidinga av retten til vidaregåande opplæring er eit av dei viktigaste grepa i fullføringsreforma. Når alle har rett til å få opplæring til dei har bestått vidaregåande opplæring, vil også fleire kunne få opplæring som samsvarer med behova deira, og fleire vil bli kvalifiserte til lære-plass og vidare utdanning og arbeid.

I 2021–22 blei det teke rundt 29 000 fagbrev, fleire enn før pandemien. Det blei teikna 25 000 nye lærekontraktar i 2021–22, det er eit historisk høgt tal. Det er framleis mange søkarar som ikkje får lære-plass. Innvandrarar er overrepresenterte blant dei som ikkje får lære-plass, og pandemien har forsterka skilnadene.

I 2022 var det om lag 298 000 registrerte studentar i høgare utdanning, ein nedgang på 2 pst. frå året før, men 16 000 fleire enn i 2019. Pandemien har ikkje gått ut over fullføringa til studentane, i 2022 var det om lag like mange som i 2021 som fullførte ein bachelor eller master på normert tid. Talet på studentar i høgare utdanning varierer over tid, mellom anna med oppgang under pandemien og etterfølgande nedgang i 2022, men det er få endringar i den demografiske samansetjinga av studentpopulasjonen. For 2023 blei det i hovudopptaket lyst ut 62 757 studie-plassar fordelte på 1 332 studium ved 27 universitet og høgskular. 104 618 søkarar fekk tilbod om studie-plass ved hovudopptaket i 2023, og 63 264 av søkarane fekk tilbod om studie-plass for førstevalet sitt.

Delmål 4.5

Innan 2030 avskaffe kjønnskilnader i utdanning og opplæring og sikre lik tilgang til alle nivå innanfor utdanning og yrkesfagleg opplæring for sårbare grupper, inkludert personar med nedsett funksjonsevne, urfolk og barn i utsette situasjonar.

Likeverd og likestilling er verdiar som ligg til grunn for den norske grunnopplæringa. Skular og lærebedrifter skal formidle kunnskap og fremje haldningar som sikrar desse verdiane. Elevane skal òg få likeverdige moglegheiter, slik at dei kan ta sjølvstendige val. Skulen skal ta omsyn til mangfaldet av elevar og legge til rette for at alle får oppleve tilhørsrel i skule og samfunn. Den norske skulen er òg prega av at ein

stor del av elevane går saman i den offentlege fellesskulen, og at barn og unge møtest på tvers av ulik bakgrunn.

Opplærings- og utdanningssektoren er underlagd krava om universell utforming av IKT i likestillings- og diskrimineringslova. I forskrift om universell utforming av IKT er det stilt nye krav om universell utforming av nettstadane og mobilapplikasjonane til offentlege organ, og frå 1. januar 2023 må verksemdene etterleve desse nye krava. Det følger av at Web Accessibility Directive (WAD) har blitt innlemma i norsk lov. Dei nye krava gjeld i all hovudsak for heile utdanningssektoren, men det er gjort unntak for synstolking av levande medieinnhald (video) som barnehagar og skular produserer sjølve. Unntaket gjeld ikkje høgare utdanning, og Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) har derfor fått i oppdrag å greie ut korleis direktivet skal gjennomførast i universitets- og høgskulesektoren, jf. Prop. 141 LS (2020–2021) og Innst. 457 S (2020–2021).

I Prop. 74 L (2021–2022) blei det foreslått endringar i universitets- og høgskulelova som gjeld både universell utforming og individuell tilrettelegging. Stortinget slutta seg til forslaga våren 2022, jf. Innst. 287 L (2021–2022). Lovføreseigna om universell utforming er no oppdatert i tråd med endringane i likestillings- og diskrimineringslova. Det er ikkje tilrådd endring i dette i Prop. 126 L (2022–2023) om ny universitets- og høgskulelov.

Samane er Noregs urfolk, og Kunnskapsdepartementet har fleire tilskotsordningar som skal bidra til å utvikle samisk identitet, språk og kultur. Utdanningsdirektoratet har vidareutvikla nettbaserte ressursar til det samiske i barnehagen og samarbeider med statsforvaltarane og Sametinget om oppfølging av rammeplan for barnehagen og kompetansetiltak. Arbeid med samisk innhald og samiske barn er også løfta fram i evalueringa av implementeringa av rammeplanen. Regjeringa la 24. mars 2023 fram Meld. St. 13 (2022–2023) *Samisk språk, kultur og samfunnsliv – Kompetanse og rekruttering i barnehage, grunnopplæring og høgere utdanning*. Her presenterer regjeringa ei rekke innsatsområde for å styrke fagmiljø og rekruttering på alle nivå i samisk utdanning. Meldinga blei debattert i Stortinget 5. juni 2023, jf. Innst. 473 S (2022–2023). Sjå nærare omtale av det samiske feltet i kap. 10 Samisk.

Delmål 4.6

Innan 2030 sikre at all ungdom og ein vesentleg prosentdel av vaksne, både kvinner og menn, lærer å lese, skrive og rekne.

Lesing, skriving og rekning er tre av dei fem grunnleggande ferdigheitene i skulen. Grunnleggande ferdigheiter er viktige føresetnader for læring og utvikling i skule, arbeid og samfunnsliv. Skulen skal legge til rette for og trygge utviklinga av dei grunnleggande ferdigheitene gjennom heile opplæringsløpet.

Kvart år blir det gjennomført nasjonale prøver på 5., 8. og 9. trinn som måler grunnleggande ferdigheiter i lesing og rekning. Informasjonen frå prøvene skal danne grunnlag for undervegsvurdering og kvalitetsutvikling på alle nivå i skulesystemet. Ifølge Utdanningsdirektoratets analysar viser dei nasjonale prøvene i hovudsak inga vesentleg endring i prestasjonane til elevane. Gutane presterer litt betre enn jentene på nasjonale prøver i rekning, medan jentene presterer litt betre enn gutane i lesing.

Programme for International Student Assessment (PISA) viser stabile resultat sidan målingane starta i 2000. I PISA 2018 presterte norske 15-åringar litt over OECD-snittet i lesing og matematikk, og likt med OECD-gjennomsnittet i naturfag. Jenter presterte signifikant betre enn gutane i alle dei tre fagområda i PISA 2018. Det er særleg i lesing kjønsskilnadene er store. I Noreg får jentene òg i snitt høgare karakterar enn gutane i dei fleste fag, både til standpunkt og til eksamen. TIMSS (Trends in International Mathematics and Science Study) viser at norske elevar på barnetrinnet presterer svært godt i matematikk. Den internasjonale undersøkinga Progress in International Reading Literacy Study (PIRLS) for 2021 viser ein tydeleg nedgang i leseferdigheiter for norske 10-åringar. Jenter presterer betre enn gutar i lesing i nesten alle deltakarland i PIRLS 2021, inkludert Noreg. Sjå nærare omtale under programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Delmål 4.7

Innan 2030 sikre at alle elevar og studentar til eignar seg den kompetansen som er nødvendig for å fremje berekraftig utvikling, mellom anna gjennom utdanning i berekraftig utvikling og livsstil, menneskerettar, likestilling, fremjing av freds- og ikkjevaldskultur, globalt borgarskap og verdsetjing av kulturelt mangfald og det bidraget kulturen gjev til berekraftig utvikling.

Berekraftig utvikling er ein del av verdigrunnlaget i barnehagen og ein del av innhaldet og oppgåvene til barnehagane. I skulen er respekt for naturen og miljøbevisstheit ein del av verdigrunnlaget og berekraftig utvikling er prioritert som eitt av tre tverrfaglege tema i læreplanverket, saman med demokrati og medborgarskap og folkehelse og livsmeistring. Skulen skal medverke til at elevane utviklar naturglede, respekt for naturen og klima- og miljøbevisstheit. Dei skal få oppleve naturen og sjå han som ei kjelde til nytte, glede, helse og læring. Elevane skal utvikle bevisstheit om korleis levestilting til menneska påverkar naturen og klimaet og dermed også samfunna våre. Skulen skal medverke til at elevane utviklar vilje til å ta vare på miljøet.

Skulen har eit breitt samfunnsmandat. I overordna del av læreplanverket står det at skulen skal sørge for at menneskeverdet og dei verdiane som støttar opp om det, blir lagde til grunn for opplæringa og heile verksemda. Menneskerettane har sitt grunnlag i menneskeverdet og er ein viktig del av fundamentet for rettsstaten. Dei bygger på universelle verdiar som gjeld for alle uansett kven dei er, kvar dei kjem frå, og kvar dei held til. Barnekonvensjonen er ein del av menneskerettane og gir barn og unge eit særleg vern. Opplæringa må vere i samsvar med menneskerettane, og elevane skal tileigne seg kunnskap om menneskerettane. Likeverd og likestilling er verdiar som er kjempa fram gjennom historia, og som framleis må takast vare på og styrkast. Skulen skal formidle kunnskap og fremje haldningar som sikrar desse verdiane. Skulen skal ta omsyn til mangfaldet av elevar og legge til rette for at alle får oppleve tilhøyrse i skule og samfunn. Eit godt samfunn er tufta på eit inkluderande og mangfaldig fellesskap. Elevane skal få innsikt i korleis vi lever saman med ulike perspektiv, haldningar og syn på livet. Skulen skal støtte utviklinga av identiteten til den einskilde og gjere elevane trygge på eigen ståstad, samstundes som han skal formidle felles verdiar som trengst for å møte og delta i mangfaldet, og opne dører mot verda og framtida.

Respektlause og hatefulle ytringar skal ikkje akseptast i skulen. Elevane må øvast i å opptre omsynsfullt og utvikle bevisstheit om eigne haldningar. Skulen skal fremje demokratiske verdiar og haldningar som motvekt mot fordommar og diskriminering. Skulen skal òg skape respekt for at menneske er ulike, og elevane skal lære å løyse konflikhtar på ein fredeleg måte.

Gjennomføringsmål 4 a

Etablere og oppgradere utdanningstilbod som er barnevenlege, og som tek omsyn til kjønnskilnader og til personar med nedsett funksjonsevne og sikrar trygge, ikkje-valdelege, inkluderande og effektive læringsmiljø for alle.

Samarbeidet og samhandlinga mellom tenestene til utsette barn og unge er ikkje alltid godt nok til at alle barn får den hjelpa dei har krav på. For å løyse denne komplekse samfunnsutfordringa må samarbeidet auke på tvers av sektorar og forvaltningsnivå. Sju av fagdepartementa som jobbar tett med tenestene til utsette barn og unge, har etablert ein struktur for samarbeid og samordning av den samla innsatsen departementa gjer for målgruppa. Denne strukturen blir kalla Kjernegruppa for utsette barn og unge. Formålet med kjernegruppa er å få til betre samordning ved utvikling og forvaltning av politikkområdet, både i utgreiings-, avgjerds- og iverksetjingsfasen. Kjernegruppa blir leia av ei samarbeidsgruppe av toppleiarar i dei sju deltakande departementa. Sjå meir omtale i Prop. 1 S (2023–2024) for Barne- og familiedepartementet.

Regelverket på opplæringsområdet er eit viktig verkemiddel for å sikre barn og unge ei trygg og likeverdig opplæring av høg kvalitet, uavhengig av kven dei er, eller kvar dei bur. Barnehage- og opplæringslova inneheld reglar som skal sikre at alle barn og elevar har det trygt og godt i barnehagen og på skulen. Å skape inkluderande og trygge fellesskap for alle og at alle former for diskriminering skal motarbeidast, er verdiar som vi finn både i læreplanverket for grunnopplæringa og i rammeplanane for barnehage og SFO. Dei vaksne skal gi tillit, tryggleik og omsorg, og mangfald skal verdsetjast som ein ressurs.

Eit stort fleirtal av elevane rapporterer gjennom Elevundersøkinga at dei har eit godt læringsmiljø med høg trivsel, støtte frå lærarane, fagleg utfordring og meistring. Samstundes har det gjennom fleire år vore ein svak nedgang i trivsel og motivasjon for elevar på mellomtrinnet. Men ikkje alle har det trygt og godt. I 2022 var det ein markant auke i prosentdelen elevar som rapporterer at dei har vore utsette for mobbing. I Elevundersøkelsen frå 2022 er det 7,3 pst. av elevane frå 5. trinn til vg3 som har svart ei dei opplever at dei blir mobba 2–3 gongar i månaden eller oftare. Det tilsvarande talet var 5,9 pst. i 2021, 5,8 pst. i 2020 og 6,0 pst. i 2019. Meir omtale av tiltak mot mobbing og for eit trygt og godt skulemiljø finst under programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

I juni 2020 blei det gjort endringar i barnehagelova for at barn i barnehage skal få eit betre psykososialt barnehagemiljø. Lovføresegnene inneber at alle barnehagar skal arbeide systematisk for eit trygt og godt barnehagemiljø som fremjar helse, trivsel og læring for alle barn, og som skal førebygge at barn opplever at dei ikkje har dette. Barnehagane skal ha nulltoleranse for mobbing, og ikkje godta krenkingar som til dømes utestenging, mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Vidare er det innført ei aktivitetsplikt som viser kva dei som arbeider i barnehagen, skal gjere for å fange opp og følge opp barn som ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø.

Regjeringa har mål om at vidaregåande opplæring skal gi alle elevar kompetansen dei treng i arbeidslivet og i vidare utdanning, og legge grunnlag for å delta i samfunnet. Mange elevar med funksjonsnedsetjing opplever hindringar i opplæringa og at tilbodet ikkje er godt nok tilrettelagt. Regjeringa vil lage ein strategi for at elevar med nedsett funksjonsevne skal få eit betre og meir likeverdig tilbod i vidaregåande opplæring.

Gjennomføringsmål 4 b

Innan 2020 oppnå ein vesentleg auke globalt i talet på stipend som er tilgjengelege for studentar frå utviklingsland, særleg dei minst utvikla landa, små utviklingsøystatar og afrikanske land, for å gje dei tilgang til høgare utdanning, mellom anna yrkesfagleg opplæring og program for informasjons- og kommunikasjonsteknologi, teknikk, ingeniørfag og vitenskap, både i andre utviklingsland og i utvikla land.

Regjeringa vil med verknad frå studieåret 2024–25 etablere ei ny målretta stipendordning for internasjonale studentar frå utviklingsland (ODA-mottakarland). Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2023–2024) for Utanriksdepartementet. Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) har ansvaret for å administrere ordninga Partner-skapsprogram for globalt akademisk samarbeid (NORPART). For 2024 foreslår regjeringa å flytte midlar frå program og tilskotsordningar i HK-dir til rammeløyvinga for universitet og høgskular. Sjå nærare omtale under programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning, kap. 272, post 51.

Gjennomføringsmål 4 c

Innan 2030 oppnå ein vesentleg auke i talet på kvalifiserte lærarar, mellom anna gjennom

internasjonalt samarbeid om lærarutdanning i utviklingsland, særleg i dei minst utvikla landa og i små utviklingsøystatar.

Tal frå Grunnskulens informasjonssystem (GSI) viser at 4,4 pst. av årsverka til den planlagde undervisninga ikkje oppfylte kompetansekrava for tilsetjing i skuleåret 2022–23. Nærare omtale av mellom anna framtidig behov for lærarar finst i kap. 6 Nøkkeltal for grunnopplæringa. Statistikk frå SSB viser at lærarar utan lærarutdanning utgjorde 20 pst. av avtalte årsverk i vidaregåande skule i 2022. Merk at tala for grunnskulen og vidaregåande skule bygger på kjelder med ulike definisjonar og derfor ikkje kan samanliknast. Regjeringa endra i 2022 på opptakskrava til grunnskulelærer- og lektorutdanningar slik at fleire vil vere kvalifiserte for desse utdanningane frå opptaket i 2022. Eit alternativt opptakskrav gjer det mogleg å kome inn på desse lærarutdanningane med 40 skulepoeng og minimum karakteren 3 i fellesfaget matematikk og 3 i norsk. Det opnar utdanningane for dei som har styrken sin i andre fag enn matematikk. Utrekningar frå Samordna opptak syner at 1 038 fleire studentar kvalifiserte seg for lærarutdanning etter dei nye krava i 2022.

Regjeringa har ei brei tilnærming med fleire verkemiddel for å rekruttere, utvikle og behalde lærarar. Sidan 2017 har Kunnskapsdepartementet tildelt 70 mill. kroner i støtte til rekruttering til lærarutdanningane og kvalifisering av dei som arbeider i undervisningsstilling i skulen utan å ha fullført lærarutdanning. I tillegg blei det løyvd 50 mill. kroner til forkurs for opptak til lærarutdanninga i 2016–19. Høgskulen på Vestlandet har ansvaret for eit nasjonalt prosjekt for rekruttering særleg til grunnskulelærarutdanning for 1.–7. trinn og barnehagelærarutdanning med vekt på mangfald i rekrutteringa. Det er også gode ordningar for sletting av studiegjeld for dei som tek lærarutdanning og arbeider i skulen etterpå. Regjeringa vil vurdere korleis dagens tiltak kan utviklast vidare og inngå i ein strategi for betre rekruttering, i samarbeid med partane i arbeidslivet.

I 2022 er det sett i gang arbeid med å gjere rammeplanane for alle lærarutdanningane meir overordna. Det er også sett i gang arbeid med ei stortingsmelding om profesjonsutdanning. Begge desse prosessane skal legge til rette for positiv vidareutvikling av lærarutdanningane i Noreg.

I 2022 fekk om lag 7 000 lærarar i barnehage og grunnopplæring tilbod om å ta vidareutdanning, medan det i 2023 blei gitt tilbod til 8 650. I 2024 foreslår regjeringa løyvingar som gir rom for

at om lag 7 250 lærarar i barnehage og skule skal få tilbod om å ta vidareutdanning. Regjeringa er i gang med å utvikle eit nytt og betre system for kompetanse- og karriereutvikling for tilsette i barnehage og skule, i dialog med partane og andre viktige aktørar. NOU 2022: 13 *Med vidare betydning — Et helhetlig system for kompetanse- og karriereutvikling i barnehage og skole* blei lagd fram hausten 2022 og er sentral for dette arbeidet.

Delmål 9.5

Styrke vitenskapleg forskning og oppgradere teknologien i næringslivssektorane i alle land, særleg i utviklingsland, mellom anna ved – innan 2030 – å stimulere til innovasjon, auka talet på tilsette (per million innbyggjarar) vesentleg innanfor forskings- og utviklingsverksemd og vesentleg auka løyvingane til offentleg og privat forskning og utvikling.

Berekraftsmåla spelar ei stadig viktigare rolle i det norske forskings- og innovasjonssystemet, og universiteta og høgskulane er sentrale i arbeidet med å nå berekraftsmåla. Noreg treng både verdslig fagmiljø og høg kvalitet i heile breidda av forskning og høgare utdanning for å utvikle og ta i bruk ny kunnskap for verdiskaping, omstilling og berekraft. Berekraftagendaen er teken inn i måla i den nye langtidsplanen for forskning og høgare utdanning (2023–32) og set tydeleg preg på dei tematiske prioriteringane, mellom anna klima, miljø og energi. Sjå nærare omtale av nøkkeltal for forskning og utvikling (FoU) og oppfølginga av langtidsplanen i kap. 5 Forsking og utvikling i statsbudsjettet.

EU har auka satsinga på forskning og innovasjon som skal fremje grøn omstilling og berekraft, både gjennom rammeprogrammet for forskning og innovasjon, Horisont Europa (2021–27), og gjennom samarbeidet om politikktutvikling og koordinering av forskingsinnsatsen i EU og dei europeiske landa gjennom Det europeiske forskingsområdet (ERA). Norske forskings- og innovasjonsaktørar deltek i Horisont Europa på lik linje med aktørar frå EUs medlemsland, og har så langt gjort det godt i utlysingar som gjeld grøn omstilling og berekraft. Noreg deltek òg aktivt i ERA-arbeidet, og deltek mellom anna i tiltak for grøn og digital omstilling på bakgrunn av ein nasjonal handlingsplan for ERA for 2022–24. Internasjonalt kunnskapssamarbeid med strategisk viktige kunnskapsnasjonar utanfor EU/EØS-området er sikra gjennom oppfølging av Panorama-strategien (2021–27). Partnerskapsprogramma UTFORSK

og INTPART bidreg til å styrke samarbeidet med dei prioriterte landa innanfor utdanning og forskning.

Noreg har eit verkemiddelapparat for næringsutvikling som skal fremje forskning, utvikling og innovasjon i næringslivet innanfor berekraftige rammer. Det grøne skiftet og berekraft står sentralt i arbeidet med å styrke forskning og utvikling i næringslivet.

Delmål 12.8

Innan 2030 sikre at alle menneske i heile verda har relevant informasjon om og forståing av berekraftig utvikling og eit levestett som er i harmoni med naturen.

Skulen skal bidra til at elevane utviklar naturglede, respekt for naturen og klima- og miljøbevisstheit. Elevane skal få oppleve naturen og sjå han som ei kjelde til nytte, glede, helse og læring. Berekraftig utvikling som tverrfagleg tema i skulen skal legge til rette for at elevane kan forstå grunnleggande dilemma og utviklingstrekk i samfunnet og korleis dei kan handterast. Berekraftig utvikling handlar om å verne om livet på jorda og sikre behova til menneske som lever i dag, utan å øydelegge moglegheitene framtidige generasjonar har til å dekke sine behov. Ei berekraftig utvikling bygger på forståinga av samanhengen mellom sosiale, økonomiske og miljømessige forhold. Levestettet og ressursbruken til menneska har konsekvensar lokalt, regionalt og globalt.

Gjennom arbeid med temaet skal elevane utvikle kompetanse som gjer dei i stand til å ta ansvarlege val og handle etisk og miljøbevisst. Elevane skal få forståing for at handlingane og vala til den einskilde betyr noko. Temaet rommar problemstillingar knytte til miljø og klima, fattigdom og fordeling av ressursar, konflikthelse, likestilling, demografi og utdanning. Elevane skal lære om samanhengen mellom dei ulike aspekta ved berekraftig utvikling.

Delmål 14 a

Styrke vitenskapleg kunnskap, bygge opp forskingskapasitet og overføre marin teknologi – og samtidig ta omsyn til kriterium og retningslinjer frå Den mellomstatlege oseanografiske kommisjonen for overføring av marin teknologi – med sikte på å betre tilstanden i havet og auka bidraget frå det marine artsmangfaldet til utviklinga i utviklingslanda, særleg i små utviklingsøystatar og dei minst utvikla landa.

Noreg er ein sterk havforskningsnasjon, og aktørar frå heile sektoren bidreg til å styrke den vitenskaplege kunnskapen om havet og bygge opp forskingskapasitet på feltet. Kunnskapsdepartementet bidreg ikkje minst gjennom basisløyvinga til institusjonane. Kunnskapsdepartementet følger opp Noregs medlemskap i UNESCOs mellomstatlege havforskningskommisjon (IOC). Departementet

bidreg med 1,5 mill. kroner årleg for å støtte IOC i deira koordinering og gjennomføring av FN's tiår for havforskning for ei berekraftig utvikling, noko som i stor grad kjem utviklingsland til gode.

Den nasjonale oppfølginga av havforskingstia- ret har Forskningsrådets havsekretariat ansvaret for. Dette sekretariatet blei oppretta av Kunnskapsdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet og Klima- og miljødepartementet.

10 Samisk

Regjeringa legg stor vekt på at Noreg skal vere eit føregangsland når det gjeld urfolks rettar, jf. Hurdalsplattforma. Kunnskapsdepartementet har hovudansvaret for desse tiltaka:

- bidra til å utdanne fleire samisktalende lærarar, barnehagelærarar og helsearbeidarar og sikre nok samiske læremiddel av tilfredsstillande kvalitet
- auke talet på samiske barnehageplassar
- betre etablerte refusjonsordningar og etablere nye ordningar til kommunane for å styrke samisk språkopplæring og auke talet på språkberarar

Kunnskapsdepartementet har delansvar for dette tiltaket:

- gjennomføre eit krafttak for samiske språk

Kommunal- og distriktsdepartementet har det overordna ansvaret for å samordne statleg politikk som vedkjem samane i Noreg. Sametinget er den fremste premissleverandøren og dialogpartnaren til regjeringa i samepolitikken. Det meste av løyvingane til Sametinget går over budsjettet til Kommunal- og distriktsdepartementet, men nokre øyremerkte tilskot går over budsjettet til Kunnskapsdepartementet, jf. omtalen nedanfor.

Regjeringa la 24. mars 2023 fram Meld. St. 13 (2022–2023) *Samisk språk, kultur og samfunnsliv – Kompetanse og rekruttering i barnehage, grunnopplæring og høgere utdanning*. Dette er første gong det er lagt fram ei melding som handlar om både kompetansebehovet i barnehage, skule og høgare utdanning og forskning og rekruttering av barn, elevar studentar og tilsette på alle nivå i utdanningssystemet. Meldinga tek utgangspunkt i at samiskspråkleg kompetanse er den største utfordringa for å kunne gi gode tenester til den samiske befolkninga. Ho gjer greie for den store mangelen på lærarar og anna personale med samiskkompetanse i barnehage og skule, at det blir utdanna for få kandidatar frå samiske språkstudium og lærarutdanningar, og at det er vanskeleg å rekruttere mange nok studentar til desse studia. Stortinget behandla meldinga 5. juni

2023, jf. Innst. 473 S (2022–2023). Dei viktigaste innsatsområda på utdanningsfeltet er desse:

- Betre informasjonen om rettar og moglegheiter
- Betre tilgangen til barnehagetilbod for samiske barn
- Gjere det enklare for elevar å velje opplæring i samisk
- Auke rekrutteringa av studentar
- Tilby god kvalitet og betre rammevilkår for kompetanseutvikling for lærarar og tilsette i barnehage og skule
- Styrke fag- og forskingsmiljø i høgare utdanning
- Tilby fleire og meir tilgjengelege studium i høgare utdanning
- Utvikle eit betre kunnskapsgrunnlag om samiske forhold

Nedanfor gir Kunnskapsdepartementet ei oversikt over det som gjeld samisk i kunnskapssektoren, frå barnehage til høgare utdanning og forskning. Det er òg nærare omtale i andre delar av Prop. 1 S, mellom anna i del III, kap. 9 Oppfølging av FN's berekraftsmål 4, der delmål 4.5 gjeld lik tilgang til utdanning og yrkesfagleg opplæring for mellom andre urfolk.

For meir omtale av meldinga, sjå Prop. 1 S (2023–2024) for Kommunal- og distriktsdepartementet.

Barnehage

Rammeplanen og støttemateriell til språkarbeidet i barnehagen

Forskrifta om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver gjeld frå 1. august 2017 og er publisert på nordsamisk, lulesamisk og sørsamisk. Rammeplanen gjeld for alle barnehagar i Noreg og seier mellom anna dette om tilbodet til samiske barn:

Noreg har, med bakgrunn i dei særlege rettane til urfolk, ei særleg plikt til å verne om interessene til samiske barn og foreldre, jf. Grunnlova § 108, barnekonvensjonen art. 30 og ILO-konvensjo-

nen. Samiske barn i barnehage skal få støtte til å bevare og utvikle språket sitt, kunnskapen sin og kulturen sin uavhengig av kvar i landet dei bur.

Samiske barnehagar skal fremje den samisk-språklege kompetansen, styrke den samiske identiteten og vidareføre dei samiske verdiane, den samiske kulturen og den samiske tradisjonskunnskapen. I samiske barnehagar er samisk hovudspråket. Barnehageeigaren skal vedtektsfeste at barnehagen har som formål å styrke barnas identitet i eit barnehagemiljø med samisk språk og samisk kultur. Barnehagetilbodet skal vere ein integrert del av det samiske samfunnet. Det er ein føresetnad at personalet kan samisk og har kunnskap om samisk kultur.

Kommunen har ansvar for at barnehagetilbodet til samiske barn i samiske distrikt bygger på samisk språk og kultur.

Utdanningsdirektoratet skal før jul 2023 legge fram ein kompetansepakke for eit fleirspråkleg barnehagemiljø. Materialet vil bli tilgjengeleg på kompetanse.udir.no. Barnehagens arbeid med samisk språk vil inngå som eit viktig tema i kompetansepakken.

Tabell 10.1 Barn i barnehagar med samisk tilbod, fordelte etter type tilbod

	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Samisk barnehage	573	547	538	588	565	571
Barnehage med samisk avdeling	143	139	202	123	137	183
Barnehage med samisk språktilbod	130	167	110	88	76	139
Totalt	846	853	850	799	778	893

Kjelde: Sametinget

Tabell 10.2 Barn i barnehagar med samisk tilbod, fordelte etter språkbakgrunn

	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Nordsamisk	788	791	783	714	696	802
Sørsamisk	34	30	35	53	54	54
Lulesamisk	24	32	32	32	28	37
Totalt	846	853	850	799	778	893

Kjelde: Sametinget

Grunnoppføringa

Endringar i opplæringslova

Regjeringa la fram forslag til ny opplæringslov

For omtale av løyvingar til Sametinget, sjå Prop. 1 S (2023–2024) for Kommunal- og distriktsdepartementet.

Oppmodingsvedtak

I samband med behandlinga av Meld. St. 19 (2015–2016) *Tid for lek og læring. Bedre innhold i barnehagen* gjorde Stortinget oppmodingsvedtak nr. 796, 7. juni 2016:

Stortinget ber regjeringen utarbeide forslag til endringer i barnehageloven som sikrer at ansatte i offentlige og private barnehager behersker norsk språk, og at ansatte i samiske barnehager behersker samisk språk.

Sjå nærare omtale av dette vedtaket under del I, kap. 3 Oppfølging av oppmodingsvedtak.

Statistikk

Tabellane nedanfor viser fordelinga av samiske barn i barnehage for perioden 2017–22.

24. mars 2023, jf. Prop. 57 L (2022–2023) *Lov om grunnskoleoppføringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)*. Lova blei vedteken i Stortinget i juni 2023 og skal etter planen tre i kraft frå

1. august 2024. Reglane om rett til opplæring i og på samisk er i all hovudsak vidareførte, men det er gjort einskilte endringar:

- Retten til opplæring i samisk er utvida, slik at også ikkje-samiske elevar som har hatt samiskopplæring i grunnskulen, har rett til opplæring i samisk i den vidaregåande opplæringa.
- Det er lovfesta ei plikt for kommunen og fylkeskommunen til å tilby ein del av opplæringa i samisk i eit samiskspråkleg miljø, dersom det er nødvendig for at opplæringa skal vere pedagogisk forsvarleg.
- Det er lovfesta ei generell informasjonsplikt for kommunar og fylkeskommunar, der det er spesifisert at elevar og foreldre også skal få informasjon om retten til opplæring i og på samisk.

Læreplanverket for grunnopplæringa

Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020 (LK20) og læreplanverket for Kunnskapsløftet samisk (LK20S) er frå hausten 2022 tekne i bruk for alle dei 13 trinna i grunnopplæringa. Dette er den største endringa i skulen sidan Kunnskapsløftet i 2006. Læreplanverket skal bidra til eit verdiløft i skulen og til å ruste elevane best mogleg for framtida.

I åra 2020–22 blei det løyvd 15 mill. kroner ekstra til utvikling og tilpassing av samiske læremiddel på grunn av fagfornynginga. 2022 var i utgangspunktet siste året for denne ekstraløyvinga, men på grunn av stort behov blei det løyvd 6 mill. kroner til Sametinget over kap. 226, post 21 også i 2023. I revidert nasjonalbudsjett for 2023 blei det løyvd 5 mill. kroner til utvikling, tilpassing og omsetjing av samiske læremiddel. Tilskotet gir Sametinget totalt 11 mill. kroner ekstra til samiske læremiddel i 2023.

Tilskotsordningar

Kunnskapsdepartementet gir eit øyremerkte tilskot over kap. 225 Tiltak i grunnopplæringa, post 63 Tilskot til samisk i grunnopplæringa. Posten gjeld tre tilskotsordningar:

- Samiskopplæring i grunnskulen
- Samiskopplæring i vidaregåande opplæring
- Studiermisjonar for vidareutdanning i samisk for lærarar i heile grunnopplæringa og rekrutteringsstipend for lærarstudentar

I statsbudsjettet for 2023 blei tilskotet til samisk i grunnopplæringa auka med 17,5 mill. kroner. Dette var ei monaleg satsing på opplæring i

samisk språk. Sjå nærare omtale under programkategori 07.20 Grunnopplæringa, kap. 225, post 63.

Dei kommunale sameskulane i Snåsa og Målselv med tilhøyrande internat får tilskot over kap. 227 Tilskot til særskilde skular, post 63 Tilskot til kommunar og fylkeskommunar. Skulen i Snåsa gir opplæring på sørsamisk, medan skulen i Målselv gir opplæring på nordsamisk. Skulane tek opp elevar frå heile landet. Tilskotet skal også bidra til å dekke utgifter til skuleskyss for elevar ved den kommunale sameskulen i Målselv. For nærare omtale, sjå programkategori 07.20 Grunnopplæringa, kap. 227, post 63.

Samisk vidaregåande skule i Karasjok, Samisk vidaregåande skule og reindriftsskule i Kautokeino og Sørsamisk kunnskapspark i Hattfjelldal

Over kap. 222 Statlege skular og fjernundervisningstenester blir det løyvd midlar til drift av Sørsamisk kunnskapspark i Hattfjelldal, som tilbyr fjernundervisning og språksamlingar for grunnskule og vidaregåande skule, Samisk vidaregåande skule i Karasjok og Samisk vidaregåande skule og reindriftsskule i Kautokeino. Målet med løyvinga er å medverke til å utvikle samisk identitet, språk og kultur.

I statsbudsjettet for 2022 blei det gitt ei startløyving for å bygge eit samlokalisert bygg for Det Samiske Nasjonalteateret Beaivváš og Samisk vidaregåande skule og reindriftsskule i Kautokeino. Det nye bygget skal vere klart til skulestart i 2024. For nærare omtale, sjå programkategori 07.20 Grunnopplæringa, kap. 222.

Utdanningsstøtte

For å stimulere til at fleire vel å ta studiepoeng i samisk, foreslår regjeringa å utvide ordninga for gjeldssletting i Lånkassen. Utvidinga skal gi dei som tek lektorutdanning, grunnskulelærerutdanning og lærarutdanning i praktiske og estetiske fag, same rett til å få sletta gjeld også når studiepoenga i eit samisk språk er tekne utanom eller i tillegg til profesjonsutdanninga. Tiltaket aukar løyvingsbehovet med 0,3 mill. kroner i 2024. For at ein skal få lån og stipend til utdanning i utlandet, må utdanninga vere på fulltid. For å stimulere til at fleire vel å studere sørsamisk, foreslår regjeringa at studentar som studerer sørsamisk på deltid i utlandet, skal få lån og stipend. Tiltaket aukar løyvingsbehovet med 0,1 mill. kroner i 2024. Sjå nærare omtale under programkategori 07.80 Utdanningsstøtte.

For omtale av løyvingar til Sametinget, sjå Prop. 1 S (2023–2024) for Kommunal- og distriktsdepartementet.

Statistikk

Tabell 10.3 Elevar med samisk språk i grunnskulen, 1.–10. trinn

	2019–20	2020–21	2021–22	2022–23
Elevar med nordsamisk som førstespråk	893	943	951	949
Elevar med nordsamisk som andrespråk 2	694	728	769	823
Elevar med nordsamisk som andrespråk 3	594	637	557	555
Elevar med lulesamisk som førstespråk	33	33	33	30
Elevar med lulesamisk som andrespråk 2	46	56	56	68
Elevar med lulesamisk som andrespråk 3	30	24	20	16
Elevar med sørsamisk som førstespråk	28	35	25	15
Elevar med sørsamisk som andrespråk 2	59	50	61	78
Elevar med sørsamisk som andrespråk 3	23	16	20	12

Kjelde: Grunnskulens informasjonssystem (GSI), Utdanningsdirektoratet

Tabell 10.4 Talet på elevar ved dei tre samiske tilboda i Hattfjelldal, Karasjok og Kautokeino

	2019–20	2020–21	2021–22	2022–23
Sørsamisk kunnskapsark i Hattfjelldal	60	86	148	147
Samisk vidaregåande skule i Karasjok	96	106	121	104
- Fjernundervisning ved skulen i Karasjok	56	51	65	68
Samisk vidaregåande skule og reindriftsskule i Kautokeino	86	95	92	86
- Fjernundervisning ved skulen i Kautokeino	33	63	55	21

Kjelde: Grunnskulens informasjonssystem (GSI), Utdanningsdirektoratet

Høgare utdanning og forskning

For høgare utdanning og forskning inngår midlar til samiske formål i rammeløyvingane til Samisk høgskole, Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet og Nord universitet. For Samisk høgskole gjeld heile rammeløyvinga samiske formål. På dei to sistnemnde er det mange bachelor-, master- og ph.d.-oppgåver og mykje forskning som handlar om samiske spørsmål også i fag som ikkje har samisk i namnet.

I tillegg har Noregs forskingsråd midlar til samisk forskning over kap. 285, post 52, i hovudsak

til portefølje for samisk. Porteføljen omfattar grunnforskning om samiske problemstillingar i humaniora og samfunnsvitenskap og naturvitenskapleg forskning innanfor helse og klima og miljø som er direkte knytte til humaniora og samfunnsvitenskap. Formålet er å bidra til å følge opp Noregs ansvar for å utvikle ny forskingsbasert kunnskap for å sikre og utvikle samisk språk, kultur og samfunnsliv.

Meld. St. 13 (2022–2023) viser at det er få som har tilstrekkeleg kompetanse i samisk frå vidaregåande opplæring til å klare høgare utdanning på samisk, og at det gjer det vanskeleg å rekruttere

nok studentar til samiske lærarutdanningar og utdanningar i samisk språk og kultur.

I juni 2023 la regjeringa fram forslag til ny universitets- og høgskulelov, Prop. 126 L (2022–2023). Ei av endringane regjeringa foreslår, er å lovfeste at institusjonane har ansvar for samisk fagspråk i tillegg til norsk, og krav om at undervisningsspråket skal vere norsk eller samisk, men at institusjonane kan gjere unntak om det er fagleg grunn til det.

Regjeringa foreslår å løyve 9 mill. kroner på kap. 260, post 50 til samisk forskning og utdanning. Løyvinga omfattar støtte til eit senter i samisk lek-sikografi ved Universitetet i Tromsø – Noregs ark-tiske universitet (UiT) med 1,5 mill. kroner og ei styrking av fagmiljøa i sørsamisk og lulesamisk ved Nord universitet med 3 mill. kroner. Vidare omfattar løyvinga høvesvis 1,5 mill. kroner til UiT og 3 mill. kroner til Samisk høgskole for å legge til rette for nasjonale, fleksible språk- og lærarutdan-ningar i nordsamisk.

I behandlinga av revidert nasjonalbudsjett for 2023 vedtok Stortinget innanfor tiltakspakken for Aust-Finnmark å løyve til saman 6 mill. kroner til Samisk høgskole i perioden 2023–26. I tråd med dette har Kunnskapsdepartementet tildelt 1 mill. kroner i 2023 og vil tildele 2 mill. kroner i høvesvis 2024 og 2025 og deretter 1 mill. kroner i 2026. Midlane skal gå til at høgskulen kan utvide studie-tilboda sine innanfor samisk begynnarpplæring og vidareutdanningstilbod i regionen.

Nedanfor følger ei oversikt over talet på avlagde bachelor- og mastergradar i perioden 2012–22, for-delte på fagområde. Dei fireårige grunnskulelærer-utdanningane hadde siste opptak i 2016. UiT tok opp studentar til dei femårige grunnskulelærerut-danningane frå 2010 (Pilot i Nord). Tabellen viser ikkje unike kandidatar. Det er eit fåtal personar som har fullført fleire gradar i perioden. Mange stu-dieprogram i og på samisk har ikkje opptak kvart år – dels på grunn av manglande kapasitet, dels på grunn av få søkarar. Talet på avlagde gradar vil der-for variere frå år til år.

Tabell 10.5 Avlagde bachelor- og mastergradar i perioden 2012–22

Utdanning	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	Totalt
Barnehage-/førskulelærer- utdanning	3	2	2		7		5	7	7		5	38
Allmennlærerutdanning	6	4		1								11
Fireårig grunnskulelærer- utdanning for 1.–7. trinn		2	1		2		2	2			1	10
Fireårig grunnskulelærer- utdanning for 5.–10. trinn					8		3		1	1		13
Femårig master i grunnskule- lærerutdanning for 1.–7. trinn								4	4	3		11
Femårig master i grunnskule- lærerutdanning for 5.–10. trinn								4	6	3	2	15
Femårig lektorutdanning							1				1	2
Historisk-filosofiske fag	4	4	7	11	12	6	7	8	10	5	11	85
Journalist-/fotoutdanning	2	1			4	6		7	1	4		25
Samfunnsvitskap	8	8	12	5	13	9	13	6	15	11	7	107
Anna	2	2		7	6	1	3	5	1	3		30
Totalsum	25	23	22	24	52	22	34	43	45	30	27	347

Kjelde: Direktorat for høgare utdanning og kompetanse

Dei første kandidatane frå grunnskulelærerutdanningane i lulesamisk og sørsamisk ved Nord universitet vil etter planen fullføre i høvesvis 2023 og 2024. Dei første kandidatane frå arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning med sørsamisk og lulesamisk profil ved Nord universitet vil etter planen fullføre i 2025. Utdanninga er på deltid over fire år. Det at ho er arbeidsplassbasert, inneber at studentane arbeider i barnehagen der dei er tilsette, medan dei studerer.

Studentar som har teke minst 60 studiepoeng i eit samisk språk som del av eller i tillegg til ei lærerutdanning, kan få ettergitt lån i Lånekassen med inntil 50 000 kroner. Målet er å rekruttere fleire lærarar med kompetanse i samiske språk. I 2021 var det fem og i 2022 var det ni personar som fekk sletta gjeld på dette grunnlaget.

Dei første kandidatane frå samisk sjukepleiarutdanning ved Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet, i samarbeid med Samisk høgskole, vil etter planen fullføre i 2025. I 2021 fastsette departementet, som del av RETHOS-pro-

sjektet, forskrift om retningsline for samisk sjukepleiarutdanning. Sjå omtale under kap. 275, post 21.

I tildelinga på kap. 285 Noregs forskingsråd, post 52 Langsiktig, grunnleggande forskning, inngår støtte til porteføljen for samisk. Sjå omtale i programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning, kap. 285, post 52.

Budsjettforslag for 2024 for oppfølging av Meld. St. 13 (2022–2023) Samisk språk, kultur og samfunnsliv

- Kap. 260 post 50 (Samisk forskning og høgare utdanning)
- Kap. 222 post 01 (Husleigekompensasjon)
- Kap. 226 post 21 (Samisk fjernundervisning, forbetring av infrastruktur)
- Kap. 2410 (Gjeldssletting 60 studiepoeng samisk/kvensk)

11 Finansieringssystemet for universitet og høgsular

Hovudtrekk ved det nye finansieringssystemet

Regjeringa presenterte endringar i finansieringssystemet for universitet og høgsular i Meld. St. 14 (2022–2023) *Utsyn over kompetansebehovet i Norge*. Dei følger opp tilrådingane frå eit ekspertutval som gjekk gjennom finansieringa i sektoren i 2022, tilrådingar som blei omtala i Prop. 1 S (2022–2023) for Kunnskapsdepartementet (Hatlen-utvalet).

Endringane skal gjere universiteta og høgskulane betre i stand til å følge opp det breie samfunnsoppdraget og heilskapen i regjeringas prioriteringar for sektoren. Eit hovudformål med endringane er å forbetre måloppnåinga gjennom ei tydeleg styring som gir institusjonane meir tillit, handlingsrom og ansvar. Endringane er i tråd med prinsippa for styring beskrivne i Meld. St. 19 (2021–2022) *Styring av statlige universiteter og høyskoler*. Prinsippa seier at styringa skal vere dialogbasert, differensiert, strategisk og kunnskapsbasert. Endringane er vidare baserte på ein grundig og heilskapleg gjennomgang som ser i samanheng både dei mange ulike måla og oppgåvene til universiteta og høgskulane og dei ulike verke midla som blir nytta i styringa.

Mange og detaljerte indikatorar, satsar og insentiv aukar faren for at det blir lagt for mykje vekt på det som blir premiært eksplisitt, medan ansvaret for å prioritere det som ikkje enkelt lèt seg måle, blir mindre tydeleg. Mellom anna er det behov for at institusjonane må ta endå større ansvar for å prioritere og dimensjonere studietilbodet innanfor gjeldande budsjetttrammer og mål.

Regjeringa ønsker ei betre og meir tydeleg arbeidsdeling i sektoren. Dei nasjonale styringsparametrane som alle institusjonane blei målte på, er derfor frå 2023 erstatta av utviklingsavtalar. Ei naturleg forlenging av dette er å forenkle den resultatbaserte delen av finansieringssystemet. Forenklinga av finansieringssystemet gjer at det ikkje lenger kan tolkast som eit konkurrerende målstyringssystem som overstyrer dei ordinære styringssignala frå Stortinget og regjeringa. Det gir ei tydelegare styring som styrker betydninga av måla i budsjettproposisjonane og i utviklingsavtalane.

Endringane inneber ei forenkling av systemet for resultatbasert utteljing. Regjeringa har varsla følgande endringar frå 2025:

- Systemet med regelstyrt utteljing basert på indikatorar med open ramme blir ført vidare, med utteljing for gjennomførte studiepoeng og avlagde doktorgradar.
- Det blir ikkje lenger gitt regelstyrt utteljing basert på indikatorane for utvekslingsstudentar, publiseringspoeng eller eksterne inntekter frå Forskringsrådet og regionale forskingsfond, EU og annan bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet.
- Talet på finansieringskategoriar for den resultatbaserte utteljinga for studiepoeng blir redusert frå seks til tre. Innplassering skjer basert på fagområde. Dei kliniske utdanningane i medisin, odontologi og veterinærmedisin vil ha ein særskilt høg sats.
- Nye midlar til studieplassendringar blir tildelte i hovudsak basert på ein standardsats som i dag, med ein særskilt høg sats for dei kliniske utdanningane nemnde over.
- Indikatoren for uteksaminerte kandidatar blir erstatta av ein indikator for fullføring av studieprogram som ikkje skal gi disinsentiv for tilbodet av vidareutdanning. Indikatoren får open budsjetttramme.

Endringane får verknad i budsjettet for 2025. Endringane både i indikatorane og i finansieringskategoriane vil berre innebære at resultatendringar framover vil gi utteljing med ein annan sats enn i dag. Dei vil ikkje bli innførte slik at det fører til omfordeling mellom institusjonane. Løyvinga blir ikkje redusert som følge av at indikatorar blir avvikla.

Institusjonane sitt ansvar for å fordele rammeløyvinga

Endringane i finansieringssystemet er ein viktig del av regjeringas tillitsreform for universitets- og høgsकुलेsektoren. Institusjonane vil få større fri-dom ved at finansieringa blir mindre detaljstyrt av insentiv.

I utsynsmeldinga er det lagt stor vekt på ansvaret institusjonane har for å dimensjonere utdanningane. Dei sentrale styresmaktene har eit ansvar for den samla utdanningskapasiteten og har løyvd midlar til studieplassar til institusjonane for å støtte opp under auka kapasitet i høgare utdanning. Samtidig har det einskilde universitet og den einskilde høgskulen ansvar for å dimensjonere studieporteføljane i tråd med både studiesøkinga og arbeidsmarknadsbehova. Regjeringa forventar, som varsla i utsynsmeldinga, at universitet og høgskular innanfor porteføljen sin prioriterer ressursane innanfor helsefag, IT og område som er viktige for det grønne skiftet. Dette inneber at institusjonane må omprioritere midlar mellom fagfelt og mellom einingar, noko som igjen inneber at dei må prioritere ned kapasiteten på nokre område. Institusjonane må derfor ta eit endå større ansvar for å vurdere kva for utdanningar som bør prioriterast opp under dei prioriterte områda, og kva for utdanningar som skal prioriterast ned, og kor mykje. I tillegg forventar regjeringa at institusjonane løpande vurderer framtidige kompetansebehov, både nasjonalt og regionalt, og vurderer tiltak for å utnytte utdanningskapasiteten meir fleksibelt og dynamisk.

Som varsla i utsynsmeldinga vil handlingsrommet i dei årlege budsjetta bli strammare, noko som krev tøffe prioriteringar. Det kan derfor bli nødvendig at regjeringa kombinerer budsjettforslag om rammekutt med øyremerking av midlar for å sikre at dei prioriterte områda blir prioriterte. Departementet følger opp dette i dei årlege budsjettprosessane, gjennom dei reviderte utviklingsavtalane med universiteta og høgskulane og i styringsdialogen med institusjonane. Aktuelle grep er mellom anna å gi institusjonane pålegg om å auke kapasitet og å flytte midlar til studieplassar mellom institusjonane basert på faktiske opptakstal dersom institusjonane ikkje har følgt opp i tråd med forventningane.

I samband med utsynsmeldinga og endringane i finansieringssystemet har det kome reaksjonar frå institusjonar om at endringane i studiepoengindikatoren inneber redusert finansiering av nokre utdanningar. Særleg gjeld det masterutdanningar og kunstutdanningar. Ein slik argumentasjon tek utgangspunkt i ein premiss om at departementet finansierer einskildutdanningar. Det er ikkje riktig. Endringane i finansieringssys-

temet tydeleggjer at den einskilde institusjonen forvaltar ei samla rammeløyving frå Kunnskapsdepartementet. Institusjonane får med endringane i finansieringssystemet eit større ansvar for å sjølve vurdere korleis midlane bør fordelast internt på den einskilde institusjonen. Midlane er ikkje bundne opp til fakultet og studieprogram, eller knytte til den einskilde studenten eller forskaren, men det er ei samla løyving som institusjonane må vurdere korleis dei best kan nytte og fordele mellom ulike aktivitetar for å nå måla som er sette for sektoren og den einskilde institusjonen.

Indikatoren for studiepoeng

Hatlen-utvalet foreslo å redusere talet på finansieringskategoriar frå dagens seks til mellom to og fire, men overlét til Kunnskapsdepartementet å greie ut ei konkret avgrensing av kategoriane og storleiken på satsane. Departementet har derfor i arbeidet med å greie ut det nye finansieringssystemet bede institusjonane særskilt om innspel til finansieringskategoriane i studiepoengindikatoren.

Ei utfordring med dagens satsar har vore at inndelingane i dei seks kategoriane handterer skilnader i kostnader per studiepoeng i ulike utdanningar på ein lite systematisk måte. Samtidig er skilnadene i satsane sjablongmessige og ikkje baserte på konkrete analysar. Det har gitt inntrykk av at kategoriane er meir fininnstilte til skilnadene i kostnader mellom ulike utdanningar enn det som faktisk er tilfellet. Institusjonane har nytta satsane i budsjett disponeringa mellom ulike einingar og utdanningar. Det hindrar evna til å omdisponere og svekker det faglege grunnlaget for budsjettfordelinga. Sidan kategoriane er grove gjennomsnitt som ikkje er nøyaktig tilpassa kvar utdanning, vil det å nytte satsane føre til at einskilde utdanningar ikkje blir drivne så effektivt som dei burde, og at einskilde utdanningar blir innretta med eit lågare kostnadsnivå enn det dei faglege sett burde hatt.

Som varsla i utsynsmeldinga forenkler regjeringa finansieringskategoriane betydeleg. Talet på kategoriar blir redusert frå seks til tre. Dei nye satsane vil ikkje spegle skilnadene i kostnader på eit lågare nivå enn fagområdenivået. Dei nye kategoriane vil ha følgande satsar i 2025 (2024-kroner):

Tabell 11.1 Kategoriar og satsar for studiepoengindikatoren

Kategori	Fagområde	Sats
1	Humaniora, samfunnsfag og økonomisk-administrative fag	54 550
2	Realfag, teknologi, helse-, sosial- og idrettsfag, lærarutdanning, utøvande kunst- og mediefag	81 800
3	Medisin, odontologi og veterinærmedisin	190 900

Satsane er justerte opp samanlikna med satsane før endringane i systemet. Det blei varsla i utsynsmeldinga. Regjeringa meiner at om lag like stor del av rammeløyvinga til universitet og høgskular bør vere resultatbasert som i dag. Når andre indikatorar blir avvikla, gir det rom for å auke satsane for studiepoeng.

Ved budsjettendringar for å auke eller ta ned utdanningskapasitet ved institusjonane vil regjeringa i hovudsak nytte ein standardsats for studie-plassløyving på 100 100 kroner per studiepoengeining. Det er i tråd med politikken om institusjonane sitt ansvar for å dimensjonere dei einskilde utdanningane. Det er òg i tråd med praksisen i dag med at kategori D har blitt nytta som standardsats ved mange løyvingar. Unntaket er dei særskilt kostbare utdanningane i medisin, odontologi og veterinærmedisin. Desse utdanningane vil ha ein sats på 291 400 kroner per studiepoengeining.

Med dei nye satsane må institusjonane sjølve ta eit større og heilskapleg ansvar for å disponere løyvinga mellom ulike utdanningar. Det gjeld mellom gradsnivå og mellom ulike utdanningar. Dei nye satsane er ikkje eit signal om at institusjonane skal auke eller redusere kostnadene i einskilde utdanningar. Sidan gradsnivået er ein viktig faktor i dagens kategoriinndeling, vil masterutdanningar generelt få lågare sats og bachelorutdanningar få høgare sats med dei nye kategoriane. Det inneber ikkje at institusjonane må eller bør redusere eller auke kostnadene i same retning. Institusjonane må dimensjonere tilbodet i dei ulike gradsnivåa ut frå behova i arbeidslivet og etterspurnaden frå søkerane, og dei må innrette kostnadene etter kva som er nødvendig på eit fagleg grunnlag for å gi tilbodet god nok kvalitet. Regjeringa har tillit til at institusjonane vil sikre både kvalitet og kapasitet i masterutdanningane og dei einskilde utdanningane også når dei ikkje blir behandla særskilt i kategorisystemet.

Dei nye satsane vil i seg sjølve ikkje auke eller redusere løyvinga til den einskilde institusjonen. I

og med at utteljinga er basert på endring i produksjon, vil institusjonar som fører vidare produksjonen sin på same nivå, ikkje få noka endring i resultatbasert utteljing på bakgrunn av endra satsar. Satsane vil berre påverke utteljinga institusjonane får for den delen av produksjonen som utgjer ei endring frå året før. I 2025-budsjettet vil utteljinga vere eit resultat av endringar i produksjonen frå 2022 til 2023.

Indikatoren for doktorgradskandidatar

Indikatoren for doktorgradskandidatar vil bli ført vidare utan endringar og med same sats som tidlegare. I 2024-kroner er satsen 465 550 kroner.

Ny indikator for fullføring av studieprogram

Utforminga av kandidatindikatoren gjorde det attraktivt å omdisponere kapasitet frå ikkje-gradsgivande vidareutdanning til gradsutdanningane. Indikatoren gav heller ikkje gode insentiv for at fleire av dei som tek til på ei utdanning, faktisk fullfører, eller at dei fullfører på normert tid. Sidan det berre var den absolutte endringa i talet på uteksaminerte kandidatar som gav utteljing, kunne institusjonane få utteljing også dersom fullføringsgraden gjekk ned, fordi dei tok opp fleire studentar.

For både å fjerne hindringane for vidareutdanning og å styrke insentiva til høg kvalitet og effektiv fullføring av gradsutdanningane innfører regjeringa derfor ein ny fullføringsindikator som erstatter kandidatindikatoren.

Indikatoren vil vere basert på prosentdelen av dei som har starta på gradsutdanningar som har fullført på normert tid. Institusjonane vil få positiv utteljing både ut frå om fullføringsgraden er over gjennomsnittet, og ut frå om han er høgare enn året før (endringstalet for den einskilde institusjonen). Tilsvarande vil institusjonane få negativ utteljing ved nedgang i fullføringsgraden eller for

fullføring under gjennomsnittet. Indikatoren vil ha open budsjettramme.

Utteljinga blir berekna ved at nivået på og endringa i fullføringsgraden får kvar sin verdi i prosenteningar. Det blir berekna slik: fullføringsgraden fråtrekt høvesvis fullføringsgraden til dei andre institusjonane (gjennomsnitt) og fullføringsgraden til institusjonen året før. Verdiane blir multipliserte med ein utteljingsfaktor og med talet på studentar ved institusjonen som inngår i indikatoren, for å ta omsyn til storleiken på institusjonane. Utteljingsfaktorane blir sette slik at den marginale utteljinga av at ein ekstra student fullfører på normert tid, blir 50 000 kroner.

Utteljingsfaktoren for endring i delen som fullfører, vil bli sett fem gongar høgare enn faktoren for nivået på fullføring. Ein institusjon skal altså få utteljing for at fullføringsgraden ligg høgt over gjennomsnittet, sjølv om det ikkje er stor endring frå eitt år til neste, og ein skal få utteljing for ei

positiv endring, sjølv om fullføringsgraden ikkje er over snittet. Samanhengen med føregåande års resultat er sterkare for nivået på fullføringsgraden enn for endringa i fullføringsgraden. Det er derfor nødvendig at utteljinga for nivået har lågare vekt i det einskilde året.

At indikatoren har open budsjettramme, gjer det føreseieleg for institusjonane kva for utteljing dei vil få basert på eigne endringar i resultat. Dette gir insentiv for høg kvalitet og at undervisninga blir lagd opp slik at flest mogleg kan fullføre på normert tid. Sett i samanheng med at satsen for gjennomførte studiepoeng blir auka, meiner regjeringa at systemet legg betre til rette for ei god avveging mellom måla om god kapasitet, høg kvalitet og effektiv gjennomføring.

Tabellen under viser kva utteljinga av indikatoren ville vore i 2024 om han skulle blitt innført i 2024, basert på resultatata for dei som skulle fullført på normert tid i 2021 og 2022.

Tabell 11.2 Utteljning institusjonane ville fått dersom fullføringsindikatoren hadde hatt verknad i 2024

Institusjon	Avstand frå gjennomsnittleg fullføringsgrad i 2022	Endring i fullføringsgraden 2021–22	Storleiken på kulla som skulle fullført i 2022	Utteljning, 1000 kr
NTNU	2,2	1,0	11 180	6 871
UiO	-11,8	1,0	7 102	-4 039
UiB	-7,2	0,5	5 196	-2 014
UiT	-4,3	1,7	4 059	1 367
OM	3,2	1,9	5 413	5 737
HVL	4,9	0,1	4 130	1 910
USN	-2,7	2,5	4 070	3 229
UiS	-5,7	1,6	3 627	745
UiA	1,7	3,7	3 586	6 083
NU	0,4	-1,9	2 156	-1 668
NMBU	5,2	1,0	1 545	1 319
HINN	5,9	2,8	2 941	4 809
HiØ	0,9	0,0	1 549	105
NHH	22,3	-1,0	1 272	1 827
HVO	-1,7	-9,4	642	-2 613
KHiO	19,9	3,1	210	624
NMH	14,2	6,5	168	651
HiM	3,4	0,8	637	392
NIH	9,4	-3,8	369	-295
AHO	2,9	4,9	64	145
SA	-3,9	13,5	51	270
VID	11,6	9,2	950	4 558
BI	1,9	3,5	1 523	2 487
HK	11,1	1,4	1 734	2 596
NLA	-1,1	7,9	515	1 644
DMMH	4,2	-5,2	372	-673
LDH	15,7	-5,4	262	-243
MF	-23,0	-2,5	269	-797
AHS	-0,8	15,3	98	618
BAS	-24,9	-8,5	21	-118
STH	-21,6	8,3	24	40
HLT	-10,6	-10,8	70	-377
FIH	-7,9	3,8	51	48
HGUt	-8,8	-16,3	13	-98

12 Ny tilskotsmodell for private grunnskular

Innleiing og samandrag

I Prop. 1 S (2020–2021) varsla Kunnskapsdepartementet eit arbeid med ny tilskotsmodell for private grunnskular. Bakgrunnen var at gjeldande statistiske utrekningsmodell ikkje lenger gav eit eintydig svar på kva tilskotssatsane for private grunnskular skulle vere.

Formålet med finansieringssystemet for private grunnskular er å legge til rette for at det kan opprettast og drivast private skular godkjende etter privatskulelova, jf. privatskulelova § 1-1. Finansieringssystemet skal underbygge formålsparagrafen i lova, og sikre at tilskotet til private skular blir mest mogleg i samsvar med utgiftene i offentleg grunnskule, jf. privatskulelova § 6-1, første ledd.

Eit overslag viser at staten i 2024 vil ha meirutgifter på om lag 1,8 mrd. kroner som følge av elevar i private grunnskular i Noreg, jf. omtale under kap. 228 i programkategori 07.20 Grunnopplæringa. Det kjem av at tilskotet til privatskulane er langt høgare enn statens innsparing som følge av færre elevar i kommunale grunnskular. Forslaget til ny tilskotsmodell reduserer utgiftene over statsbudsjettet med 515 mill. kroner når endringane er fullt fasa inn. Av dette er 491 mill. kroner reduserte utgifter under kap. 228, post 70 Private grunnskular, og 24 mill. kroner er reduserte utgifter under kap. 228, post 73 Private grunnskular i utlandet. Endringane vil bli fasa inn over fem år.

Ny tilskotsmodell

Privatskular som er godkjende etter privatskulelova, skal ha økonomiske vilkår til å gi elevane ei opplæring som er jamgod med opplæringa i den offentlege skulen. Regjeringa fører derfor vidare prinsippet om at tilskotet til private grunnskular skal bygge på utgiftene til grunnskuleopplæring i kommunane.

Det skal vere høve til å opprette og drive private grunnskular i alle delar av landet, også der elevgrunnlaget er lite. Det inneber at tilskotsmodellen må ta omsyn til smådriftsulempene til skular med få elevar. Dagens tilskotsmodell tek omsyn til dette mellom anna ved at skulane får ein høgare tilskotssats for dei første elevane. Det gir

eit høgt tilskot per elev i privatskular sett i høve til utgiftene per elev i dei fleste kommunar. Det kjem mellom anna av at privatskulane i snitt har færre elevar enn kommunale skular. Talet på elevar som skulane får høg sats for, blir kalla «knekkpunktet».

Den nye tilskotsmodellen er i hovudsak ei vidareføring av modellen som blei brukt i perioden 2011–20, men med eit fast knekkpunkt på 45 elevar. Dette er i tråd med innspel frå privatskuleorganisasjonane. Modellen inneber at dei fleste private grunnskular framleis vil få eit tilskot per elev som er høgare enn opplæringsutgiftene til vertskommunen som skulen ligg i.

Utrekningspraksis for kombinerte barne- og ungdomsskular

Det har lenge vore ein utrekningspraksis der private grunnskular som har både barne- og ungdomstrinn (kombinerte skular), får høg sats for dei første elevane både på barne- og ungdomstrinnet. Konsulentselskapet BDO har på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet greidd ut tilskotet til private grunnskular. BDO fann at utrekningspraksisen gir kombinerte barne- og ungdomsskular eit monaleg høgare tilskot enn reine barne- og ungdomsskular. BDO skriv at «*Friskolene får derfor et høyere samlet tilskudd enn dagens modell skulle tilsi, siden dagens modell beregner satser med utgangspunkt i data som ikke skiller mellom barne- og ungdomstrinn*».

Då tilskotsmodellane for privatskular blei laga i 2003 og 2011 var intensjonen å lage modellar som på best mogleg vis spegla utgiftene kommunane hadde til grunnskule. Utrekningspraksisen for kombinerte barne- og ungdomsskular har over tid, og av grunnar det er vanskeleg å dokumentere, gitt dobbel kompensasjon for faste kostnader for desse skulane. Praksisen bidreg til at tilskotet per elev i private skular er høgt samanlikna med utgiftene til kommunale skular i vertskommunen, og han bør derfor endrast, slik at tilskotet blir meir i samsvar med utgiftene i offentleg grunnskule.

Etter departementets vurdering er det klart at gjeldande utrekningspraksis for kombinerte barne- og ungdomsskular ikkje er i tråd med

intensjonane i finansieringsmodellen, sidan kombinerte skular er blitt kompensert for faste kostnader to gongar. Regjeringa foreslår derfor å endre ein praksis som ikkje er i tråd med intensjonane, slik at knekkpunktet for kombinerte skular gjeld for skulen samla, ikkje for barnetrinnet og ungdomstrinnet separat. Endra utrekningspraksis reduserer isolert sett utgiftene over statsbudsjettet med 573 mill. kroner.

Kunnskapsgrunnlaget om private grunnskular godkjende etter privatskulelova

Det var 86 fleire private grunnskular skuleåret 2022–23 enn skuleåret 2013–14. I same periode har det blitt 241 færre kommunale grunnskular. Medan talet på elevar i kommunale grunnskular har auka med om lag 2 pst. i perioden, har det blitt 66 pst. fleire elevar i private grunnskular. Samla gjekk 4,4 pst. av grunnskuleelevane i ein privat grunnskule skuleåret 2022–23.


Tabell 12.1 Private og kommunale skular, utvikling i talet på elevar og skular i Noreg

	Skular		Elevar	
	2013–14	2022–23	2013–14	2022–23
Private grunnskular i Noreg (kap. 228, post 70)	180	266	16 845	27 973
Kommunale grunnskular	2 697	2 456	596 046	606 254

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Dei fleste kommunale grunnskulane er organiserte som separate barneskular eller ungdomsskular. Blant private grunnskular er det flest kom-

binerte barne- og ungdomsskular med elevar frå 1.–10. trinn.



Figur 12.1 Prosentdelen av private og offentlege skular etter skuletype, 2022

Kjelde: Utdanningsdirektoratet og SSB


Dei fleste privatskulane ligg i folkerike kommunar. Kriteriedata for inntektssystemet til kommunane viser at over halvparten av privatskuleelevane budde i kommunar med fleire enn 50 000

innbyggjarar i 2022, og 90 pst. av elevane bur i kommunar med meir enn 10 000 innbyggjarar.

Dei fleste private grunnskulane ligg nær offentlege skular. I 2022 gjekk 80 pst. av privatsku-

leeelevane på skular som ligg mindre enn 4 km unna ein offentleg skule. Av dei 259 skulane som blei undersøkte, var det 43 skular som låg meir enn 10 km unna næraste offentlege skule. Det er store variasjonar mellom ulike typar skular, og det

er dei private barneskulane som har lengst avstand til offentlege skular. Dette er i stor grad grendeskular som har blitt etablert i samband med at kommunen har lagt ned den kommunale skulen i bygda.




Figur 12.2 Prosentdelen private grunnskular som ligg mindre enn 4 km unna næraste offentlege tilbod, 2022

Kjelde: Kunnskapsdepartementet

Dei fleste private grunnskular får eit tilskot per elev som er høgare enn dei tilsvarende utgiftene vertskommunen har til grunnskuleopplæring. Skulane får 85 pst. av ein tilskotssats som er basert på dei gjennomsnittlege utgiftene til dei offentlege skulane, men for å kompensere for smådriftsulemper er satsen høg for dei første elevane på skulen. Det inneber at tilskotet per elev er høgare for ein skule med få elevar, enn for ein skule med mange elevar. Private grunnskular hadde i 2022 ein medianstorleik på 80 elevar, medan kommunale grunnskular hadde ein medianstorleik på 228 elevar. Kompensasjonen for smådriftsulemper og storleiken på privatskulane

er ei viktig forklaring på kvifor tilskotet per elev i private skular er så høgt samanlikna med utgiftene til vertskommunen. Samtidig medverkar dagens utrekningspraksis for kombinerte skular òg til eit høgt tilskot per elev.

Privatskulane kan ta inntil 15 pst. av tilskotsgrunnlaget i skulepengar, og dette blir rekna ut etter den høgaste tilskotssatsen. I 2021 var det 24 pst. av skulane som ikkje tok skulepengar i det heile. I sum tok privatskulane 46 pst. av det dei har høve til etter privatskulelova (figur 12.3). Det er dei minste skulane som tek minst i skulepengar, og privatskular i dei minst sentrale kommunane tek mindre skulepengar enn skular i sentrale strok.



Figur 12.3 Prosentdelen av dei potensielle skulepengane som privatskulane utnyttar, 2021

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Tal frå Brønnøysundregisteret viser at den økonomiske situasjonen ved dei private grunnskulane i hovudsak er god, både når det gjeld lønnsemd og eigenkapital. Sett under eitt hadde sektoren ein median driftsmargin¹ på 4,4 pst. i 2021, og 82 pst. av skulane hadde ein positiv driftsmargin. Det må tolkast i lys av at skulane ikkje har høve til å ta utbytte frå verksemda. For soliditeten² i sektoren var medianen på 49,2 pst. i 2021, noko som betyr at for medianskulen er halvparten av egedelane til privatskulen finansierte med eigenkapital. Soliditeten tyder på at det er lite gjeld i sektoren. Berre 9 pst. av skulane har ein gjeldsgrad over 5, som blir rekna som høg finansiell risiko. Departementet har ikkje gjort analysar på skilnaden mellom privatskular som eig skulebygg og privatskular som leiger.

Historikk

Hovudprinsippa for finansiering av private grunnskular har lege fast sidan 1970-talet. Det gjeld mellom anna prinsippet om at privatskulane skal få tilskot tilsvarende 85 pst. av utgiftene i den offent-

lege skulen og at skulepengane kan vere inntil 15 pst. av utgiftene i den offentlege skulen. Metoden for å rekne ut tilskotssatsane har derimot endra seg fleire gonger. Ei vesentleg endring var innføringa av KOSTRA (KOMMune-STat-RApportering) i 2001. Med det fekk ein årlege rekneskapstal på kommunenivå frå alle landets kommunar, og tal frå KOSTRA blei brukte til å rekne ut tilskotssatsane frå budsjettåret 2003.

På same tid blei tilskotsordninga lagd om til ein trappetrinnsmodell, der skulane fekk éin sats for dei første 40 elevane, ein annan sats for elev 41–200 og ein tredje sats per elev utover 200 elevar. Tilskotssatsane bygde på data på kommunenivå som ikkje skilde mellom barnetrinn og ungdomstrinn. For å ta høgde for ulikt tal på lærartimar på barnetrinnet og ungdomstrinnet, vart satsane korrigererte.

Dei kombinerte skulane fekk den høgaste satsen for dei første 40 elevane både på barnetrinnet og ungdomstrinnet. Før 2003 fekk ein kombinert barne- og ungdomsskule med 93 elevar om lag 20 pst. høgare tilskot enn ein rein barneskule med like mange elevar. Etter omlegginga i 2003 auka skilnaden til 35 pst. Departementet har ikkje klart å finne dokumentasjon på kvifor ein i 2003 fekk ein utrekningspraksis som gav kombinerte barne- og ungdomsskular monaleg høgare tilskot.

Frå 2004 gjekk ein bort frå eit statleg tilskot basert på gjennomsnittsutgifter i heile landet, og over til eit kommunespesifikt tilskotsgrunnlag (kommunekorreksjonsordninga). Målet var at pri-

¹ Driftsmarginen er eit uttrykk for kor lønsam sjølve drifta av skulane er, og blir ikkje påverka av finansinntekter, finanskostnader eller skatt. Med driftsmargin refererer vi til driftsresultat som prosentdel av netto driftsinntekter.

² Soliditet (eigenkapitalandel) viser kor stor del av egedelane som er finansierte med eigenkapital. Soliditeten uttrykker selskapets evne til å tåle tap, betalingsevne på lang sikt og økonomisk risiko.

vate og kommunale skular med om lag same storleik i same kommune, skulle få om lag lik finansiering. Etter at ordninga fekk full effekt frå skuleåret 2006-07 viste det seg at utrekningsmodellen gav utslag som var lite føreseielege. Tilskotet til skulane blei sårbart for endringar i utgiftene til kommunane. Kommunekorleksjonsordninga blei gradvis fasa ut i siste del av 2000-talet.

I Ot.prp. nr. 37 (2006–2007) blei det varsla at Kunnskapsdepartementet ville gjennomgå tilskotsmodellen på nytt. Det blei jobba vidare med tilskotsmodellar der alle kommunane gjekk inn i datagrunnlaget, og dette arbeidet dannar grunnlag for dagens modell. Dagens tilskotsmodell blei innført i statsbudsjettet for 2011, og målet var at modellen skulle gi tilskotssatsar som var betre tilpassa datagrunnlaget enn trappetrinnsmodellen som hadde vore i bruk sidan 2003. Etter det departementet kjenner til, vart det ikkje vurdert å endre utrekningspraksisen for kombinerte skular i samband med dette arbeidet.

Dagens tilskotsmodell

Tilskotsgrunnlaget

Private skular godkjende etter privatskulelova, får eit statstilskot tilsvarende 85 pst. av gjennomsnittlege utgifter per elev i den offentlege skulen (tilskotsgrunnlaget), og kan ta inntil 15 pst. av tilskotsgrunnlaget i skulepengar.

Tilskotsgrunnlaget blir rekna ut frå korrigererte brutto driftsutgifter til grunnskule og skulelokale i alle kommunane i Noreg, to år tidlegare. Tilskotsgrunnlaget blir korrigert for utgifter som den offentlege skulen har, men som ikkje skal inngå i tilskotsgrunnlaget. Tilskotsgrunnlaget er justert for andre sals- og leigeinntekter, avskrivningar, spesialundervisning og opplæring for språklege minoritetar. Meir informasjon om utrekningsmåten er å finne på nettsidene til Utdanningsdirektoratet.

Kompensasjon for smådriftsulemper

Grunnlaget for å seie noko om kva det kostar for ein kommune å drive ein liten skule samanlikna med ein stor skule, er dårleg. KOSTRA inneheld rekneskapsinformasjon på kommunenivå, ikkje skulenivå. Det betyr at vi veit kva utgifter ein kommune samla sett har til grunnskuleopplæring og vi veit kor mange skular det er i kommunen. Slik kan vi rekne ut kva gjennomsnittlege utgifter per skule er. Tilskotssatsane blir rekna ut etter ein statistisk analyse av samanhengen mellom gjennomsnittleg skulestorleik i ein kommune og gjennom-

snittleg utgift per skule. Gjennomsnittlege utgifter per skule kan skjule store variasjonar mellom skular i same kommune, mellom anna som følge av storleik.

Det er sikre haldepunkt for å seie at ein liten grunnskule har høgare utgifter per elev enn ein stor grunnskule. Det kjem av at ein liten skule har færre elevar å fordele faste utgifter på. Ein tilskotsmodell med éin nasjonal tilskotssats bygd på gjennomsnittlege driftsutgifter, ville ikkje teke omsyn til smådriftsulemper. Resultatet ville vere at private grunnskular måtte ha mange fleire elevar enn i dag for å kunne ha berekraftig økonomisk drift. Mange skular har ikkje eit elevgrunnlag som gjer det realistisk å auke talet på elevar.

Private grunnskular blir kompenserte for smådriftsulemper på to måtar. For det første bygger tilskotsgrunnlaget på eit gjennomsnitt av gjennomsnittsutgiftene i kommunane. Det betyr at ein kommune med få elevar og høge utgifter per elev, veg like tungt som ein kommune med mange elevar og relativt låge utgifter per elev. Det gir eit større tilskotsgrunnlag per elev enn om ein hadde lagt eit nasjonalt gjennomsnitt til grunn.

I tillegg er tilskotssatsen høgare for dei første elevane ved skulen. Det elevtalet ein får høg tilskotssats for, har blitt kalla «knekkpunktet». Tilskotet har vore berekna ved hjelp av ein ikkje-lineær regresjonsanalyse utan konstantledd, kalla knekkpunktregresjon, der gjennomsnittlege utgifter per skule i kommunane er avhengig variabel, og gjennomsnittleg skulestorleik i kommunane er uavhengig variabel. Regresjonen lar regresjonslinja «knekke» slik at avstanden mellom predikerte og faktiske verdiar blir minimert. Ved å la regresjonslinja knekke estimerer ein to koeffisientar, ein under og ein over knekkpunktet. Koeffisientane gir satsar per elev under og over knekkpunktet.

Fram til 2020 kunne knekkpunktet variere frå år til år som følge av endringar i datagrunnlaget. I arbeidet med tilskotssatsane for 2021 gav ikkje utrekningsmodellen lenger eit eintydig knekkpunkt. Dette heng ifølge Utdanningsdirektoratet saman med at det har blitt færre kommunar med låg gjennomsnittleg skulestorleik. Derfor har knekkpunktet sidan 2020 vore låst til 42 elevar, same knekkpunkt som det siste året modellen fungerte.

Tilskotsmodellen gir ein høg sats for elevar opp til knekkpunktet, og ein låg sats for dei resterande elevane. Den høge satsen er eit uttrykk for gjennomsnittlege utgifter for elevar under knekkpunktet. Det betyr at høg sats blir bestemt av utgiftene for «dei første 42 elevane» i alle kommu-

nar, uavhengig av den gjennomsnittlege skulestorleiken i kommunen. Den låge satsen blir rekna ut på bakgrunn av gjennomsnittsutgifter for elevar over knekkpunktet. Låg sats reflekterer dei auka utgiftene for ein ekstra elev i kommunar med gjennomsnittleg skulestorleik over 42 elevar.

Elevar på ungdomstrinnet har fleire undervisningstimar enn elevar på barnetrinnet, og utgiftene per elev er derfor høgare. Det blir derfor rekna ut eigne satsar for barnetrinnet og ungdomstrinnet med utgangspunkt i talet på lærartimar og talet på elevar på barnetrinnet og ungdomstrinnet.

Utrekningspraksis for kombinerte barne- og ungdomsskular

Kombinerte barne- og ungdomsskular får i dag høg sats for dei første 42 elevane på både barnetrinnet og ungdomstrinnet, noko som gjer at dei i teorien kan få høgaste sats for 84 elevar. Det gjer at tilskotet per elev ved ein kombinert skule blir mykje høgare enn ved ein rein barneskule eller ungdomsskule.

Skilnaden mellom tilskotet til kombinerte skular og reine barne- eller ungdomsskular har auka over tid, men utan at dette har vore regulert i tilskotsregelverket. I NOU 1997: 16 *Tilskuddssystemet for private skoler*, foreslo utvalet ein ny tilskotsmodell som seinare blei innført. Ein kombinert barne- og ungdomsskule med 93 elevar hadde med forslaget til utvalet eit tilskot som var om lag 20 pst. høgare enn det ein rein barneskule med like mange elevar fekk. Om dei same skulane hadde det same elevtalet i 2023, ville den kombinerte skulen hatt 44 pst. høgare tilskot per elev.

I 2022 var det 571 kommunale kombinerte barne- og ungdomsskular i Noreg (23 pst. av dei kommunale skulane). Kommunar har valt å bygge kombinerte barne- og ungdomsskular både i små kommunar og storbyar. I mange små kommunar er det truleg ikkje elevgrunnlag for å ha separate barne- og ungdomsskular, medan det i storbyane ofte har vore økonomiske motiv for å bygge kombinerte skular. Om lag 20 pst. av dei kommunale kombinerte skulane er svært små med færre enn 50 elevar, medan om lag 30 pst. av skulane har fleire enn 300 elevar.

Dagens tilskotsmodell bygger på rekneskapsdata frå kommunane som inkluderer både kombinerte skular og reine barne- eller ungdomsskular. Utrekningspraksisen der kombinerte barne- og ungdomsskular får høg sats for dei første elevane både på barne- og ungdomstrinnet, betyr at utgiftene til private grunnskular samla sett er høgare

enn det tilskotsmodellen skulle tilseie. I 2024 er inneber denne utrekningspraksisen isolert sett ei meirutgift for staten på 573 mill. kroner.

Innspel frå privatskuleorganisasjonane

Departementet har hatt møter med privatskuleorganisasjonane, og dei har kome med skriftlege innspel til arbeidet med ny tilskotsmodell. Organisasjonane meiner at hovudtrekka i dagens tilskotsmodell bør bli vidareførte, med eit fast knekkpunkt. Dei understrekar at modellen er godt kjend for sektoren, og blir opplevd som robust og transparent.

Departementet har ikkje bede organisasjonane om eit særskilt innspel til utrekningspraksisen for kombinerte barne- og ungdomsskular. Tema var nemnt i rapporten som BDO leverte til Utdanningsdirektoratet i januar 2022, og som organisasjonane har fått. Privatskuleorganisasjonane har ikkje teke opp problemstillinga om utrekningspraksisen med departementet.

Organisasjonane er ueinige i framstillinga til departementet om at privatskular er godt finansierte. Dei meiner at ein ikkje bør samanlikne finansieringa av private og kommunale skular, sidan privatskulane gjennomgåande har færre elevar. For å samanlikne privatskular og offentlege skular, bør ein ifølge organisasjonane sjå bort frå skulestruktur og skulestorleik. Organisasjonane har gjort eigne utrekningar av kva kommunane ville fått i tilskot dersom dei fekk tilskot etter privatskulelova. Ifølge organisasjonane viser utrekninga at private grunnskular får 68 pst. av utgiftene i offentlig skule.

Ifølge organisasjonane er små privatskular ofte resultatet av kommunar som har rasjonalisert drifta si, og med det skapt eit behov for privatskular.

Det at private grunnskular ikkje fullt ut utnytter høvet til å ta skulepengar, er ifølge privatskuleorganisasjonane ikkje eit teikn på god økonomi. Dei viser til at til dømes lave kapitalkostnader hos einskilde skular og dugnadsinnsats frå foreldra kan vere med på forklare nivået på skulepengane. Dei viser òg til at taket for skulepengar ligg høgt sidan det blir rekna ut frå den høgaste satsen.

Når det gjeld økonomien til private grunnskular meiner organisasjonane at det er ein veikskap at det berre er driftsåret 2021 som blir lagt til grunn. Dei meiner også at datagrunnlaget for vurderingane av økonomien ikkje er godt nok, og at framstillinga burde teke omsyn til skilnader mellom privatskular som eig sine eigne bygg og dei som leiger.

Avskrivningar til kommunale skulebygg blir trekt ut av tilskotsgrunnlaget til privatskulane, men skulane mottok eit kapital- og husleigetilskot. Organisasjonane viser til at kapital- og husleigetilskotet ikkje dekker dei faktiske kapitalutgiftene og husleigutgiftene til private grunnskular.

Ny tilskotsmodell

Tilskotet til private grunnskular skal også framover vere basert på utgiftene kommunane har til grunnskuleopplæring. Tilskotsgrunnlaget vil på same måte som før, bli justert for utgifter som kommunane har, men som ikkje privatskulane har. Privatskulane vil få eit statstilskot som er 85 pst. av tilskotsgrunnlaget, og skulane kan ta inntil 15 pst. av tilskotsgrunnlaget som skulepen- gar. Det vil framleis bli rekna eigne satsar for barnetrinnet og ungdomstrinnet.

Avskrivingskostnadene til kommunane vil framleis bli trekt ut av tilskotsgrunnlaget. Dette følger av lang praksis i finansieringa av private skular. Tilskotsmodellen dekker ikkje kapitalutgiftene fullt ut. Gjennomgangen viser at dei fleste privatskular har god finansiering i dag, og at den økonomiske situasjonen til skulane er god.

Dei vesentlege endringane i den statistiske utrekningsmodellen er korleis knekkpunktet blir


fastsett og korleis den høge tilskotssatsen blir rekna ut. I tillegg vil endra utrekningspraksis for kombinerte barne- og ungdomsskular påverke tilskotet til den einssilde skule.

Endringar i den statistiske utrekningsmodellen

I arbeidet med ny tilskotsmodell har departementet lagt vekt på at modellen bør vere enkel å ettergå. Med den nye metoden for å rekne ut høg og låg tilskotssats er det ikkje lenger nødvendig med et særskilt statistikkprogram for å rekne ut satsane.

Departementet har sett knekkpunktet i den nye tilskotsmodellen til 45 elevar, noko som er snittet av knekkpunkt dei fem siste åra den førre modellen fungerte. Knekkpunktet er eit uttrykk for kor mange elevar dei faste utgiftene til privatskulane skal bli fordelte på.

Dei faste utgiftene som skal fordelast på dei første 45 elevane, kan ein finne med ein enkel regresjonsanalyse der gjennomsnittleg skulestorleik i kommunane er uavhengig variabel, og gjennomsnittleg utgift per kommunale skule er avhengig variabel. Figuren under viser denne samanhengen basert på utgiftene til kommunane i 2022.



Figur 12.4 Samanhengen mellom gjennomsnittleg skulestorleik og utgift per skule i norske kommunar, 2022

Kjelde: Utdanningsdirektoratet og SSB

I den nye modellen blir dei faste utgiftene uavhengig av elevtal (a) fordelt på dei første elevane opp til knekkpunktet (k). I tillegg blir stigningstalet

(b) lagt til, som seier noko om einingsutgifta ved å auke gjennomsnittleg skulestorleik med éin elev. Satsane blir då $(a/k+b)$ for dei første elevane opp

til knekkpunktet (høg sats), og b for dei resterande elevane (låg sats).

Utrekning av ukorrigerte satsar:

- Låg sats: $b = 82\,218$
- Høg sats: $a/k+b = ((5\,522\,300/45) + 82\,218) = 204\,936$

Utrekningspraksis for kombinerte skular

Det følger av modellen og ny utrekningspraksis at kombinerte barne- og ungdomsskular berre skal ha høg sats for dei første 45 elevane på skulen, og ikkje for dei første 45 elevane både på ungdomstrinnet og barnetrinnet. Med utgangspunkt i dei ukorrigerte satsane, blir det rekna ut eigne satsar for barnetrinnet og ungdomstrinnet. Satsane på ungdomstrinnet er noko høgare på grunn av fleire undervisningstimar. Når tilskotet til kombinerte barne- og ungdomsskular blir rekna ut, vil ein først telle elevane på ungdomstrinnet. Dersom det er færre enn 45 elevar på ungdomstrinnet, vil det bli gitt høg sats for elevar på barnetrinnet til det til saman er gitt høg sats for 45 elevar.

Tilpassing til datagrunnlaget


Målet er at tilskotet til private grunnskular best mogleg skal spegle utgiftene kommunane har til grunnskuleopplæring. Det at vi berre har rekneskapsdata på kommunenivå gjer at vi ikkje kan samanlikne direkte mellom tilskotet til ein privatskule av ein viss storleik, og ein tilsvarende kom-

munal skule. Vi samanliknar derfor privatskulane med kommunar med ein gjennomsnittleg skulestorleik som svarar til storleiken på privatskulane.

Privatskular har i snitt færre elevar enn kommunale skular. Hausten 2022 var medianen for private grunnskular 80 elevar. Mediankommunen hadde i gjennomsnitt 168 elevar. Om ein ser på skulenivå så hadde den offentlege medianskulen 228 elevar. Privatskulane ligg i stor grad i dei mest sentrale kommunane og nær offentlege opplæringstilbod. Det inneber at privatskuleelevane ofte vil gå frå store kommunale skular med lave utgifter per elev, til små privatskular med høge utgifter per elev.

Det er berre 17 kommunar som har utgifter per elev som er høgare enn den høge tilskotssatsen til privatskulane. Mange av desse kommunane har få innbyggjarar og har andre særtrekk enn skulestorleik som kan påverke utgiftene til grunnskuleopplæring. Det er derfor ei utfordring å lage ein tilskotsmodell som uttrykkjer kva som er rett tilskot til ein liten privat grunnskule i ein folkerik kommune.

Figur 12.5 viser korleis utgiftene til grunnskuleopplæring i kommunane vert reduserte med auka gjennomsnittleg skulestorleik (lyse punkt). Dei svarte punkta i figuren er dei samla inntektene til privatskulane frå tilskot og skulepengar (100 pst. av tilskotsgrunnlaget). Tala er eit overslag med utgangspunkt i forslaget til ny tilskotsmodell. Figuren viser at inntektene til privatskulane blir reduserte med auka skulestorleik.



Figur 12.5 Utgifter per elev i kommunale skular i 2022 (i 2024-kroner), samanlikna med tilskot/skulepengar per elev i private grunnskular i 2024 (100 pst. av tilskotssatsen)

Kjelde: Utdanningsdirektoratet og SSB

Overgangsordning

Ny tilskotsmodell og utrekningspraksis vil gjelde frå skuleåret 2024–25. Våren 2024 får skulane utrekna tilskot etter gjeldande tilskotsmodell og utrekningspraksis. Endringane i tilskotsmodellen og utrekningspraksis vil bli innførte over ei periode på fem år, med oppstart frå hausten 2024. Det betyr at endringane er fullt innfasa frå hausten 2028. Overgangsordninga er på skulenivå.

Overgangsordninga tek utgangspunkt i skilnaden mellom tilskotet ein skule får med dagens tilskotsmodell/utrekningspraksis og kva skulen vil få med den nye modellen/utrekningspraksis. Det blir rekna ein kompensasjon som blir redusert kvart år. For skuleåret 2024–25 får skulane kompensert 4/5 av differansen mellom gammal og ny modell. Kompensasjonen blir redusert med 1/5 kvart år slik at ny tilskotsmodell er fullt innfasa frå skuleåret 2028–29.

Konsekvensar for privatskulane

Ny utrekningspraksis for kombinerte skular vil gi fleire skular redusert tilskot. Det er i dag stor skilnad på tilskotet per elev i kombinerte skular og andre skular. Dei foreslåtte endringane vil gi private kombinerte skular eit tilskot som er meir på linje med det private barneskular og ungdomsskular får. Departementet viser til at den økonomiske situasjonen til privatskulane i hovudsak er god, og at endringane blir innførte med ein overgangsperiode på fem år. Privatskulane som får redusert tilskot, vil ha høve til å redusere utgiftene sine og tilpasse seg eit nytt tilskotsnivå.

Regjeringa kjem med forslag til to tiltak som skal medverke til at ikkje endringane slår uheldig ut for elevar som går på privatskular i dag.

Søknadsbasert distriktstilskot

Dei fleste privatskulane som ligg langt unna næraste offentlege opplæringstilbod, vil ikkje få vesentleg endra tilskot som følge av ny tilskotsmodell. Nokre få skular med lang avstand til næraste offentlege tilbod vil få monaleg redusert tilskot som følge av ny utrekningspraksis for kombinerte skular.

Regjeringa foreslår eit søknadsbasert tilskot for private grunnskular som kan dokumentere meir enn 10 km reiseveg til næraste offentlege skule. Formålet med ordninga er å medverke til at privatskular som ligg langt unna næraste offentlege tilbod, kan halde fram drifta. Tilskotet er ikkje lovfesta, og kan bli gitt til kombinerte skular

som i innføringsåret får redusert tilskot som følge av endra utrekningspraksis. Skulen må vere godkjend og i drift når ny tilskotsmodell trer i kraft. Private grunnskular i utlandet blir ikkje omfatta av distriktstilskotet.

Moderasjonsordning for skulepengar

Einskilde skular vil kunne velje å auke skulepengane for å kompensere for redusert tilskot. Det kan få konsekvensar for familiar med lav inntekt. Det følger av etablert forvaltningspraksis at private skular kan ha ordningar med «friplassar» og søskenmoderasjon. Departementet vil sende på høyring eit forslag om å lovfeste praksisen. Departementet vil også foreslå å opne for at skular som ønsker det, kan ta graderte skulepengar frå låginntektsfamiliar.

Forslaget som vil bli sendt på høyring, inneber at det er styret ved den einskilde skule som må ta stilling til om skulen skal ha ei ordning med graderte skulepengar. Ordninga må finansierast innanfor dei økonomiske rammene som skulane har til rådvelde.

Vidare prosess

Departementet vil hausten 2023 sende på høyring forslag til endringar i privatskulelova knytt til innføringa av ny tilskotsmodell for private grunnskular. Departementet vil mellom anna foreslå at private grunnskular som har både barne- og ungdomstrinn (kombinerte skular), skal være organisert i same rettssubjekt. Departementet vil også foreslå at kombinerte skular berre får høgare tilskotssats for dei første elevane opp til knekkpunktet ved skulen samla sett.

Departementet meiner tilskotsordninga i størst mogleg grad bør bli fastsett i forskrift, innanfor dei rammene som følger av privatskulelova. Derfor vil departementet foreslå at det blir teke inn ein heimel i privatskulelova til å gi forskrift om tilskotsordninga for grunnskular og vidaregåande skular.

Departementet tek sikte på at forslagene til endringar i privatskulelova knytte til innføringa av ny tilskotsmodell for private grunnskular, skal ta til å gjelde 1. juli 2024. Departementet tek sikte på å sende forslag til forskrift om tilskotsordninga for private grunnskular på høyring våren 2024, med sikte på at forskrifta skal ta til å gjelde 1. juli 2024. Forslaget til tilskotsforskrift vil mellom anna innehalde fastsetjing av eit nytt knekkpunkt og nærare utforming av ei femårig overgangsordning.

Kunnskapsdepartementet

t i l r å r :

I Prop. 1 S (2023–2024) om statsbudsjettet for år 2024 blir dei forslaga til vedtak førte opp som er nemnde i eit framlagt forslag.

Forslag

Under Kunnskapsdepartementet blir i Prop. 1 S (2023–2024) statsbudsjettet for budsjettåret 2024 dei forslaga til vedtak som følger førde opp:

Kapitla 200–289 og 2410, 3200–3288, 5310 og 5617

I

Utgifter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Administrasjon			
200	Kunnskapsdepartementet		
	01 Driftsutgifter	406 777 000	
	21 Særskilde driftsutgifter	12 652 000	
	45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	3 498 000	422 927 000
201	Analyse og kunnskapsgrunnlag		
	21 Særskilde driftsutgifter	52 073 000	
	50 Noregs forskingsråd – forskning om utdanning og forskning	230 600 000	282 673 000
	Sum Administrasjon		705 600 000
Grunnopplæringa			
220	Utdanningsdirektoratet		
	01 Driftsutgifter	408 732 000	
	21 Særskilde driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i>	217 438 000	
	70 Tilskot til læremiddel o.a., <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	86 731 000	712 901 000
221	Foreldreutvala for grunnopplæringa og barnehagane		
	01 Driftsutgifter	17 012 000	17 012 000
222	Statlege skular og fjernundervisningstenester		
	01 Driftsutgifter	147 146 000	
	45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	1 900 000	149 046 000
223	Diamanten skole		
	01 Driftsutgifter	28 603 000	
	45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	380 000	28 983 000
224	Tilskot til freds- og menneskerettssenter		
	70 Freds- og menneskerettssenter	120 926 000	
	71 Det europeiske Wergelandsenteret	12 772 000	133 698 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
225	Tiltak i grunnopplæringa		
	01 Driftsutgifter	23 958 000	
	21 Særskilde driftsutgifter	135 961 000	
	60 Tilskot til landslinjer	271 989 000	
	61 Rentekompensasjon for investeringar i læringsarenaer og større utstyr som bidreg til meir praktisk og variert opplæring	15 000 000	
	63 Tilskot til samisk i grunnopplæringa, <i>kan overførast</i>	125 171 000	
	64 Tilskot til opplæring av barn og unge som søker opphald i Noreg	368 482 000	
	65 Rentekompensasjon for skule- og symjeanlegg, <i>kan overførast</i>	280 000 000	
	66 Tilskot til skuleturar i samband med handlingsplan mot antisemittisme	16 935 000	
	67 Tilskot til opplæring i kvensk eller finsk	9 846 000	
	68 Tilskot til opplæring i kriminalomsorga	341 241 000	
	69 Tiltak for fullføring og kvalifisering i vidaregåande opplæring	888 117 000	
	74 Prosjekttilskot	10 064 000	
	75 Grunntilskot	108 316 000	2 595 080 000
226	Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa		
	21 Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	1 308 639 000	
	22 Vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar	1 648 270 000	
	61 Tilskotsordning til rettleiing for nyutdanna nytilsette lærarar	67 748 000	
	71 Tilskot til vitensenter	115 585 000	3 140 242 000
227	Tilskot til særskilde skular		
	63 Tilskot til kommunar og fylkeskommunar	44 569 000	
	78 Tilskot	199 609 000	244 178 000
228	Tilskot til private skular o.a.		
	70 Private grunnskular, <i>overslagsløyving</i>	3 818 469 000	
	71 Private vidaregåande skular, <i>overslagsløyving</i>	2 122 517 000	
	72 Diverse skular som gir yrkesretta opplæring, <i>overslagsløyving</i>	152 104 000	
	73 Private grunnskular i utlandet, <i>overslagsløyving</i>	153 664 000	
	74 Private vidaregåande skular i utlandet, <i>overslagsløyving</i>	23 054 000	
	75 Private skular for funksjonshemma elevar, <i>overslagsløyving</i>	515 696 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	76	Andre private skular, <i>overslagsløyving</i>	67 320 000	
	77	Den tysk-norske skolen i Oslo, <i>overslagsløyving</i>	34 586 000	
	78	Kompletterande undervisning	26 517 000	
	79	Toppidrett	82 868 000	
	80	Distriktstilskot til private grunnskular	3 110 000	
	81	Elevutveksling til utlandet	2 345 000	
	82	Kapital- og husleigetilskot til private skular	77 433 000	
	83	Særtilskot til Møbelsnekkerskolen, Plus-skolen og Hjerleid Handverksskole	5 000 000	
	84	Redusert foreldrebetaling i skulefritidsordninga ved private skular	84 646 000	7 169 329 000
229	22. juli-senteret			
	01	Driftsutgifter	23 236 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast, kan nyttast under post 01</i>	27 249 000	50 485 000
230	Statleg spesialpedagogisk teneste			
	01	Driftsutgifter	628 299 000	
	21	Særskilde driftsutgifter	27 200 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	10 936 000	666 435 000
		Sum Grunnopplæringa		14 907 389 000
		Barnehagar		
231	Barnehagar			
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	835 421 000	
	63	Tilskot til tiltak for å styrke språkutviklinga blant minoritetsspråklege barn i barnehage	217 765 000	
	66	Tilskot til auka barnehagedeltaking for minoritetsspråklege barn	23 460 000	
	70	Tilskot til symjing i barnehagane	74 889 000	1 151 535 000
		Sum Barnehagar		1 151 535 000
		Høgare yrkesfagleg utdanning		
240	Fagskular			
	60	Driftstilskot til fagskular	1 384 174 000	
	61	Utviklingsmidlar til fagskular, <i>kan overførast</i>	75 148 000	1 459 322 000
241	Tiltak for høgare yrkesfagleg utdanning			
	21	Tiltak for høgare yrkesfagleg utdanning, <i>kan overførast</i>	24 648 000	24 648 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
242	Noregs grøne fagskule – Vea		
	01 Driftsutgifter	33 805 000	
	45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	1 476 000	35 281 000
	Sum Høgare yrkesfagleg utdanning		1 519 251 000
	Kompetansepolitikk og livslang læring		
253	Folkehøgskular		
	70 Tilskot til folkehøgskular	1 109 529 000	
	71 Tilskot til Folkehøgskolerådet	6 055 000	
	72 Tilskot til Nordiska folkehøgskolan	795 000	1 116 379 000
254	Studieforbund o.a.		
	70 Tilskot til studieforbund	73 312 000	
	73 Tilskot til vaksenopplæringsorganisasjonar	1 871 000	75 183 000
256	Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse		
	01 Driftsutgifter	452 817 000	
	21 Særskilde driftsutgifter	14 022 000	466 839 000
257	Kompetanseprogrammet		
	21 Særskilde driftsutgifter	7 898 000	
	70 Tilskot, <i>kan overføres</i>	202 910 000	210 808 000
258	Tiltak for livslang læring		
	21 Særskilde driftsutgifter, <i>kan overføres</i>	112 836 000	112 836 000
	Sum Kompetansepolitikk og livslang læring		1 982 045 000
	Høgare utdanning og forskning		
260	Universitet og høgskular		
	50 Statlege universitet og høgskular, <i>kan nyttast under post 70</i>	43 086 156 000	
	70 Private høgskular, <i>kan nyttast under post 50</i>	2 312 516 000	45 398 672 000
270	Studentvelferd		
	74 Tilskot til velferdsarbeid o.a.	87 305 000	
	75 Tilskot til bygging av studentbustadar, <i>kan overføres</i>	633 604 000	720 909 000
271	Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga		
	01 Driftsutgifter	121 439 000	
	21 Særskilde driftsutgifter	4 352 000	125 791 000
272	Tiltak for internasjonalisering og høgare utdanning		
	51 Tiltak for internasjonalisering, <i>kan overføres, kan nyttast under post 71</i>	71 025 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	52	Tiltak for høgare utdanning, <i>kan overføres,</i> <i>kan nyttast under post 72</i>	147 276 000	
	71	Tilskot til tiltak for internasjonalisering, <i>kan overføres,</i> <i>kan nyttast under post 51</i>	100 111 000	
	72	Tilskot til tiltak for høgare utdanning, <i>kan overføres,</i> <i>kan nyttast under post 52</i>	52 105 000	370 517 000
273		Kunnskapssektorens tenesteleverandør – Sikt		
	50	Verksemdskostnader	425 635 000	425 635 000
274		Universitetssenteret på Svalbard		
	70	Tilskot til Universitetssenteret på Svalbard	168 386 000	168 386 000
275		Tiltak for høgare utdanning og forskning		
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overføres,</i> <i>kan nyttast under post 70</i>	71 062 000	
	70	Tilskot, <i>kan nyttast under post 21</i>	71 565 000	142 627 000
284		Dei nasjonale forskningsetiske komiteane		
	01	Driftsutgifter	21 206 000	21 206 000
285		Noregs forskingsråd		
	51	Strategiske forskingsprioriteringar	3 013 973 000	
	52	Langsiktig, grunnleggande forskning	1 769 145 000	
	55	Verksemdskostnader	766 873 000	5 549 991 000
287		Grunnløyving til samfunnsvitskaplege forskings- institutt		
	70	Grunnløyving til samfunnsvitskaplege forskings- institutt	245 303 000	245 303 000
288		Internasjonale samarbeidstiltak		
	21	Særskilde driftsutgifter	10 322 000	
	72	Internasjonale grunnforskningsorganisasjonar	391 034 000	
	73	EUs rammeprogram for forskning og innovasjon	5 046 781 000	
	74	EUs program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett	1 564 078 000	
	75	UNESCO-kontingent	26 374 000	
	76	UNESCO-formål	4 778 000	7 043 367 000
289		Vitskaplege prisar		
	51	Holbergprisen	18 633 000	
	71	Abelprisen	18 093 000	
	72	Kavliprisen	12 375 000	49 101 000
		Sum Høgare utdanning og forskning		60 261 505 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Statsbankane			
2410	Statens lånekasse for utdanning		
	01 Driftsutgifter	440 597 000	
	45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overførast, kan nyttast under post 01</i>	35 000 000	
	50 Avsetning til utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i>	8 811 341 000	
	70 Utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i>	4 139 022 000	
	71 Andre stipend, <i>overslagsløyving</i>	585 756 000	
	72 Rentestøtte, <i>overslagsløyving</i>	2 814 761 000	
	73 Avskrivningar, <i>overslagsløyving</i>	904 593 000	
	74 Tap på utlån	380 500 000	
	90 Auka lån og rentegjeld, <i>overslagsløyving</i>	38 858 673 000	56 970 243 000
	Sum Statsbankane		56 970 243 000
Sum departementets utgifter			137 497 568 000

Inntekter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Grunnopplæringa			
3220	Utdanningsdirektoratet		
	01 Inntekter frå oppdrag	2 587 000	2 587 000
3222	Statlege skular og fjernundervisningstenester		
	02 Salsinntekter o.a.	21 909 000	21 909 000
3223	Diamanten skole		
	02 Salsinntekter o.a.	715 000	715 000
3225	Tiltak i grunnopplæringa		
	04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter	302 337 000	302 337 000
3230	Statleg spesialpedagogisk teneste		
	01 Inntekter frå oppdrag	27 200 000	
	02 Salsinntekter o.a.	7 845 000	35 045 000
	Sum Grunnopplæringa		362 593 000
Høgare yrkesfagleg utdanning			
3242	Noregs grøne fagskule – Vea		
	02 Salsinntekter o.a.	7 536 000	
	61 Refusjon frå fylkeskommunar	50 000	7 586 000
	Sum Høgare yrkesfagleg utdanning		7 586 000
Kompetansepolitikk og livslang læring			
3256	Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse		
	01 Inntekter frå oppdrag	1 721 000	
	02 Inntekter frå refusjonar o.a.	29 345 000	31 066 000
	Sum Kompetansepolitikk og livslang læring		31 066 000
Høgare utdanning og forskning			
3271	Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga		
	01 Inntekter frå oppdrag	4 301 000	
	02 Salsinntekter o.a.	694 000	4 995 000
3275	Tiltak for høgare utdanning og forskning		
	01 Inntekter frå oppdrag	10 000	10 000
3288	Internasjonale samarbeidstiltak		
	04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter	31 037 000	31 037 000
	Sum Høgare utdanning og forskning		36 042 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
	Statsbankane		
5310	Statens lånekasse for utdanning		
	04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter	4 000 000	
	29 Termingebyr	1 801 000	
	89 Purregebyr	90 228 000	
	90 Redusert lån og rentegjeld	13 970 169 000	
	93 Omgjering av utdanningslån til stipend	8 287 563 000	22 353 761 000
5617	Renter frå Statens lånekasse for utdanning		
	80 Renter	10 363 860 000	10 363 860 000
	Sum Statsbankane		32 717 621 000
	Sum departementets inntekter		33 154 908 000

Fullmakt til å overskride gitte løyvingar

II

Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykker i at Kunnskapsdepartementet i 2024 kan

1.

overskride løyvinga på	mot tilsvarende meirinntekter under
Kap. 200, post 01	Kap. 3200, post 02
Kap. 220, post 01	Kap. 3220, post 02
Kap. 222, post 01	Kap. 3222, post 02
Kap. 223, post 01	Kap. 3223, post 02
Kap. 230, post 01	Kap. 3230, post 02
Kap. 242, post 01	Kap. 3242, post 02 og 61
Kap. 256, post 01	Kap. 3256, post 02
Kap. 271, post 01	Kap. 3271, post 02

Meirinntekt som gir grunnlag for overskriding, skal òg dekke meirverdiavgift knytt til overskridinga og påverkar derfor òg kap. 1633, post 01 for dei statlege forvaltningsorganane som inngår i nettoordninga for meirverdiavgift.

Meirinntekter og eventuelle mindreinntekter skal takast med i berekninga av overføring av ubrukt løyving til neste år.

2. overskride løyvingane til oppdragsverksemd på 21-postane mot tilsvarende meirinntekter.

3. avhende fast eigedom, jf. Instruks om avhending av statleg eigedom o.a., og nytte inntekter frå sal av eigedommar ved dei sjølvforvaltande universiteta til kjøp, vedlikehald og bygging av andre lokale til undervisnings- og forskingsformål ved den same verksemda.

4. gi Noregs forskingsråd fullmakt til å kjøpe og avhende eigedommar. Salsinntekter blir førte til eigedomsfondet til Noregs forskingsråd.

Fullmakter til å pådra staten forpliktingar utover gitte løyvingar

III

Tilsegnfullmakter

Stortinget samtykker i at Kunnskapsdepartementet i 2024 kan

1. gi tilsegn om tilskot utover gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar ikkje overstig følgande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
220		Utdanningsdirektoratet	
	70	Tilskot til læremiddel o.a.	67 mill. kroner
226		Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa	
	21	Særskilde driftsutgifter	10 mill. kroner
	22	Vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar	280 mill. kroner
270		Studentvelferd	
	75	Tilskot til bygging av studentbustadar	2 234 mill. kroner

2. gi tilsegn om å utbetale 20 pst. av tilskot til opplæring i kriminalomsorga over kap. 225 Tiltak i grunnopplæringa, post 68 Tilskot til opplæring i kriminalomsorga påfølgande budsjettår, når endeleg rekneskap ligg føre.

3. gi tilsegn om å utbetale utdanningsstøtte for første halvår 2025 (andre halvdel av undervisningsåret 2024–25) etter dei satsane som blir fastsette for andre halvår 2024 (første halvdel av undervisningsåret 2024–25), jf. kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning, post 70

Utdanningsstipend, 71 Andre stipend, 72 Rentestøtte og 90 Auka lån og rentegjeld, og kap. 5617 Renter frå Statens lånekasse for utdanning, post 80 Renter.

4. gi tilsegn om å gjere om lån til stipend første halvår 2025 (andre halvdel av undervisningsåret 2024–25) etter dei satsane som blir fastsette for andre halvår 2024 (første halvdel av undervisningsåret 2024–25), jf. kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning, post 50 Avsetning til utdanningsstipend.

Andre fullmakter

IV

Gebyr for privatisteksamen

Stortinget samtykker i at privatistar som melder seg opp til eksamen, og kandidatar som melder seg opp til fag-/sveineprøver etter opplæringslova § 3-5, skal betale eit gebyr per prøve. Gebyret skal betalast til fylkeskommunen. Privatistar som melder seg opp til eksamen, skal betale 1 305 kroner dersom privatisten ikkje har prøvd seg i faget tidlegare som privatist eller elev, og 2 611 kroner ved forbetningsprøvar. Kandidatar som melder seg opp til fag-/sveineprøver etter opplæringslova § 3-5, skal betale 1 112 kroner per prøve dersom kandidaten ikkje har gått opp tidlegare, og 2 230 kroner ved seinare forsøk.

V

Fullmakt for universitet og høgskular til å delta i selskap

Stortinget samtykker i at Kunnskapsdepartementet i 2024 kan gi universitet og høgskular fullmakt til å

1. opprette nye selskap og delta i selskap som er av fagleg interesse for verksemda
2. bruke overskot av oppdragsverksemd til kapitalinnskot ved oppretting av nye selskap eller ved deltaking i selskap som er av fagleg interesse for verksemda
3. bruke utbyte frå selskap som verksemda har kjøpt aksjar i eller etter fullmakt forvaltar, til drift av verksemda eller til kapitalinnskot
4. bruke inntekt frå sal av aksjar i selskap som verksemda har erverva med overskot frå oppdragsverksemd eller etter fullmakt forvaltar, til drift av verksemda eller til kapitalinnskot

VI

Foreldrebetaling i barnehage

Stortinget samtykker i at

1. maksimalgrensa for foreldrebetaling for eit heildags ordinært barnehagetilbod blir fastsett til 3 000 kroner per måned frå 1. januar 2024, til 2 000 kroner per måned frå 1. august 2024 og til 28 000 kroner per år frå 1. januar 2024.

For kommunane Alstahaug, Alvdal, Andøy, Aremark, Askvoll, Aukra, Aure, Aurland, Austevoll, Austrheim, Averøy, Balsfjord, Bardu, Beiarn, Bindal, Bokn, Bremanger, Brønnøy, By-

gland, Bykle, Bø, Bømlo, Dovre, Drangedal, Dyrøy, Dønna, Eidfjord, Engerdal, Etne, Etnedal, Evenes – Evenåssi, Fedje, Fitjar, Fjaler, Fjord, Flakstad, Flatanger, Flå, Folldal, Frosta, Frøya, Fyresdal, Gildeskål, Gjemnes, Gjerstad, Gloppen, Grane, Gratangen, Grong, Grue, Gulen, Hadsel, Hamarøy, Haram, Hattfjelldal, Heim, Hemnes, Hemsedal, Herøy (Møre og Romsdal), Herøy (Nordland), Hitra, Hjartdal, Hjelmeland, Hol, Holtålen, Hustadvika, Hyllestad, Hægebostad, Høyanger, Høylandet, Ibestad, Indre Fosen, Iveland, Kinn, Krødsherad, Kvinesdal, Kvinnherad, Kviteseid, Kvitsøy, Kvæfjord, Leirfjord, Leka, Lesja, Lierne, Loabæk – Lavangen, Lom, Lund, Lurøy, Luster, Lærdal, Lødingen, Masfjorden, Meløy, Meråker, Midtre Gauldal, Modalen, Moskenes, Målselv, Namskogan, Nesbyen, Nesna, Nissedal, Nord-Fron, Nore og Uvdal, Nærøysund, Oppdal, Os, Osen, Overhalla, Rauma, Rendalen, Rennebu, Rindal, Ringebu, Rollag, Rødøy, Røros, Røst, Raarvihke – Røyrvik, Salangen, Saltdal, Sande, Sauda, Sel, Selbu, Seljord, Senja, Sigdal, Sirdal, Skjåk, Smøla, Snåase – Snåsa, Sogndal, Sokndal, Solund, Stad, Steigen, Stor-Elvdal, Stranda, Stryn, Suldal, Sunndal, Sunnfjord, Surnadal, Sømna, Sør-Aurdal, Sørfold, Sør-Fron, Sørreisa, Tingvoll, Tinn, Tjeldsund, Tokke, Tolga, Trysil, Træna, Tydal, Tynset, Tysnes, Ullensvang, Ulvik, Utsira, Vaksdal, Valle, Vang, Vanylven, Vega, Vegårshei, Vestnes, Vestre Slidre, Vestvågøy, Vevelstad, Vik, Vindafjord, Vinje, Værøy, Vågan, Vågå, Våler (Innlandet), Øksnes, Ørland, Øystre Slidre, Åfjord, Ål, Åmli, Åmot, Årdal, Åseral og Åsnes blir maksimalgrensa for foreldrebetaling for eit heildags ordinært barnehagetilbod fastsett til 3 000 kroner per måned frå 1. januar 2024, til 1500 kroner per måned frå 1. august 2024 og 25 500 kroner per år frå 1. januar 2024.

For kommunane i Finnmark og nokon kommunar i Nord-Troms (Kåfjord, Skjervøy, Nordreisa, Kvænangen, Karlsøy, Lyngen og Storfjord) blir maksimalgrensa for foreldrebetaling for eit heildags ordinært barnehagetilbod fastsett til 0 kroner frå 1. januar 2024.

2. Dette jf. forskrift 16. desember 2005 nr. 1478 om foreldrebetaling i barnehagar § 1.
2. inntektsgrensa for fritak frå foreldrebetalinga i barnehage for 20 timar blir sett til 642 700 kroner per år frå 1. august 2024, jf. forskrift 16. desember 2005 nr. 1478 om foreldrebetaling i barnehagar § 3.

VII

Fullmakt til postering mot mellomværet
med statskassa

Stortinget samtykker i at Kunnskapsdepartementet i 2024 kan gi Statens lånekasse for utdanning fullmakt til å inntektsføre utestående midlar mot Konverteringsfondet i same periode som konvertering av lån til stipend blir gjort, og mot Lånekassens mellomvære med statskassa. Mellomværet blir utlikna i påfølgande periode når oppgjeret blir overført frå Konverteringsfondet.

VIII

Fullmakt til oppgradering av det nasjonale
forskningsnettet

Stortinget samtykker i at Kunnskapsdepartementet i 2024 kan inngå forpliktingar ut over budsjettåret for oppgradering av det nasjonale forskningsnettet på kap. 273, post 50 innanfor ei samla ramme på 280 mill. kroner.

IX

Fullmakt til å overføre utstyr m.m.

Stortinget samtykker i at Kunnskapsdepartementet kan gi OsloMet – storbyuniversitetet og Universitetet i Bergen fullmakt til å stifte ei foreining for å drive avisa Khrono og utan vederlag overføre til foreininga ressursar som i dag blir brukte til avisa.

X

Oppheving av oppmodingsvedtak

Vedtak nr. 943 og 949, 20. mai 2021 og nr. 1071 og 1072, 1. juni 2021 blir oppheva.

XI

Kostnadsrammer NTNU Campussamling

Stortinget samtykker i at Kunnskapsdepartementet i 2024 kan starte opp byggeprosjektet NTNU Campussamling innanfor ei kostnadsramme på 7 239 mill. kroner og inngå forpliktingar for seinare budsjettår innanfor kostnadsramma.

Stortinget samtykker i at Kunnskapsdepartementet i 2024 får fullmakt til å starte opp brukarutstyrsprosjektet til NTNU Campussamling innanfor ei ramme på 577 mill. kroner og til å inngå forpliktingar for seinare budsjettår innanfor kostnadsramma.

XII

Rentekompensasjonsordning

Stortinget samtykker i at Kunnskapsdepartementet i 2024 kan gi nye tilsegn om rentekompensasjon tilsvarende ei investeringsramme på 1 000 mill. kroner over kap. 225, post 61 Rentekompensasjon for investeringar i læringsarenaer og større utstyr som bidreg til meir praktisk og variert opplæring.

XIII

Fullmakt til Noregs forskingsråd

Stortinget samtykker i at Noregs forskingsråd i 2024 kan nytte løyvingar som er overførte til Noregs forskingsråd til forskingsformål i 2024 eller tidlegare budsjettår, til å dekke forpliktingar til forskingsprosjekt med andre formål innanfor Noregs forskingsråd portefølje innanfor ei samla ramme på 500 mill. kroner.

Vedlegg 1**Tilsetjingsvilkår for leiarar i heileigde statlege føretak****DigForsk AS**

Selskapet har leigd inn dagleg leiar frå UiT, og godtgjersle i 2022 er kostnadsført med 854 234 kroner i lønn og sosiale kostnader inkludert pensjon og feriepengar som utgjer til saman 181 201 kroner.

I4 Helse AS

Dagleg leiar fekk 918 204 kroner i lønn og 170 471 kroner i anna godtgjersle i 2022. Pensjonsutgifter til dagleg leiar er kostnadsført med 51 044 kroner.

Mecatronics Innovation Lab AS

Dagleg leiar fekk 1 346 000 kroner i lønn og 12 000 kroner i anna godtgjersle i 2022. Pensjonsutgifter til dagleg leiar er kostnadsført med 67 300 kroner.

NTNU Ocean Training AS

Dagleg leiar fekk 760 325 kroner i lønn i 2022. Pensjonsutgifter til dagleg leiar er kostnadsført med 44 868 kroner.

NTNU Samfunnsforskning AS

Dagleg leiar fekk 1 391 384 kroner i lønn i 2022. Pensjonsutgifter er kostnadsført med 142 969 kroner. Dagleg leiar har ein avtale om særskilt vederlag ved opphøyr av tilsetjingsforholdet.

NTNU Technology Transfer AS

Dagleg leiar fekk 1 465 265 kroner i lønn og 73 747 kroner i anna godtgjersle i 2022. Ytinga

gjeld både tidlegare og ny leiar i 2022. Selskapet har tenestepensjonsordning i tråd med lov om obligatorisk tenestepensjon.

Simula Research Laboratory AS

Dagleg leiar fekk 3 061 458 kroner i lønn og 347 714 kroner i anna godtgjersle i 2022. Pensjonsutgifter til dagleg leiar er kostnadsført med 188 882 kroner.

Unifond AS

Dagleg leiar fekk 197 400 kroner i lønn i 2022. Selskapet har ei ytingsbasert pensjonsordning i Statens pensjonskasse, men har ikkje plikt til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon.

Unirand AS

Dagleg leiar fekk 126 644 kroner i lønn i 2022. Det er ikkje utgiftsført pensjonsutgifter eller anna godtgjersle til dagleg leiar.

Universitetssenteret på Svalbard AS

Dagleg leiar fekk 1 365 418 kroner i lønn og 250 652 kroner i anna godtgjersle i 2022. Pensjonsutgifter til dagleg leiar er ført med 147 372 kroner.

Andre

Følgande heileigde selskap har ingen lønte tilsette som dagleg leiar:

- DnF Productions AS
 - Universitetet i Bergen Eiendom AS
 - Nord innovasjon AS
 - Vangslund AS
-

Vedlegg 2**Tildeling til universitet og høgskular**

Tabell 2.1 Tildeling per universitet og høgskule i 2024

Institusjon	(i 1 000 kr) Beløp
<i>Statlege verksemdar</i>	
Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo	252 684
Høgskolen i Innlandet	1 503 243
Høgskolen i Molde, vitskapleg høgskole i logistikk	360 312
Høgskulen i Volda	457 757
Høgskolen i Østfold	861 073
Høgskulen på Vestlandet	2 453 984
Kunsthøgskolen i Oslo	413 772
Nord universitet	1 882 114
Noregs handelshøgskole	640 188
Noregs idrettshøgskole	271 871
Noregs miljø- og biovitskaplege universitet	1 579 762
Noregs musikkhøgskole	333 737
Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet	7 992 874
OsloMet – storbyuniversitetet	3 061 116
Samisk høgskole	111 720
Universitetet i Agder	1 837 205
Universitetet i Bergen	4 313 795
Universitetet i Oslo	6 431 779
Universitetet i Stavanger	1 985 798
Universitetet i Sørøst-Noreg	2 295 550
Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet	4 045 822

Tabell 2.1 Tildeling per universitet og høyskule i 2024

Institusjon	(i 1 000 kr)
	Beløp
<i>Private verksemder</i>	
Ansgar høyskole for teologi, musikk og psykologi	33 506
Barratt Due musikkinstitut	33 303
Bergen Arkitekthøgskole	21 674
Dronning Mauds Minne Høgskole for barnehagelærerutdanning	163 727
Fjellhaug Internasjonale Høgskole	15 659
Handelshøyskolen BI	454 165
Høgskulen for grønn utvikling	3 077
Høyskolen Kristiania	402 963
Høyskolen for dansekunst	2 292
Høyskolen for ledelse og teologi	17 618
Lovisenberg diakonale høgskole	149 275
MF vitenskapelig høyskole for teologi, religion og samfunn	122 212
NLA Høgskolen	339 629
Steinerhøyskolen	18 700
VID vitenskapelige høgskole	534 716

Vedlegg 3**Byggtabellar for universitet og høgsular**

Tabell 3.1 Ordinære prosjekt under bygging i 2024, Kommunal- og distriktsdepartementet, kap. 530, post 31 og 33 og kap. 2445, post 31 og 33 og brukarutstyrsprosjekt over kap. 530, post 45

Institusjon	Prosjekt	Kostnadsramme i mill. kroner, pris- nivå 1.7.2024	Bruttoareal (m ²)
Universitetet i Oslo og Oslo universitetssjukehus	Livsvitskapsbygget	13 015	97 500
Universitetet i Oslo	Midlar til utstyr og inventar for Livsvitskapsbygget	1 337	
Universitetet i Oslo	Vikingtidsmuseum på Bygdøy, tilbygg og rehabilitering	3 903	Nybygg: 9 300 Ombygging: 3 800
Universitetet i Oslo	Midlar til utstyr og inventar for Vikingtidsmuseet	323	
Nord universitet	Blått bygg	639	10 080
Nord universitet ¹	Midlar til utstyr og inventar for Blått bygg	132	
Noregs teknisk-natur- vitskaplege universitet (NFD prosjekteigar)	Norsk Havteknologisenter	5 394	46 400
Noregs teknisk-natur- vitskaplege universitet (NFD prosjekteigar)	Midlar til utstyr og inventar for Norsk havteknologisenter	4 881	
Noregs teknisk-natur- vitskaplege universitet	Ny campus i Trondheim for Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet	7 239 ²	91 000
Noregs teknisk-natur- vitskaplege universitet	Ny campus i Trondheim for Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet inkl. midlar til utstyr og inventar	577	

¹ Nord universitet er ansvarleg for utstyrsprosjektet, som blir finansiert over Kunnskapsdepartementets kap. 260.² Kostnadsramma inkluderer NTNUs andel av kostnader til infrastruktur o.a. på om lag 400 mill. kroner (som skal dekkast innanfor uendra løyving for NTNU).

Tabell 3.2 Brukarfinansierte prosjekt under bygging i 2024, Kommunal- og distriktsdepartementet, kap. 2445, post 34¹

Institusjon	Prosjekt	Kostnadsramme i mill. kroner	Bruttoareal (m ²)
Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet	Nytt bygg for helse- og sosialvitenskap, Elgesetergate	NTNU: 682 Sit: 322	13 000
Universitetet i Stavanger	Ny Energisentral	331	2 064
Nord universitet	Skodespelarutdanninga i Levanger	118	1 565

¹ Tabellen viser byggeprosjekt innanfor statens husleigeordning, der investeringskostnaden for prosjektet blir betalt tilbake gjennom husleige til Statsbygg.

Tabell 3.3 Byggeprosjekt med prosjekteringsløyve, Kommunal- og distriktsdepartementet, kap. 530, post 30 og kap. 2445, post 30 og 32¹

Institusjon	Prosjekt	Kostnadsramme i mill. kroner	Bruttoareal (m ²)
Høgskulen på Vestlandet	Tilbygg og ombygging ved Campus Haugesund	Ikkje fastsett	Ca. 4 500
Noregs idrettshøgskule	Rehabilitering og vedlikehald	Ikkje fastsett	16 000

¹ Tabellen viser både forslag frå regjeringa for 2024 og byggeprosjekt der Stortinget har vedteke ei løyving til vidare planlegging og prosjektering av bygget. Prosjekteringsmidlane er løyvde over kap. 530, post 30 for prosjekt utanfor statens husleigeordning, og kap. 2445, post 30 for prosjekt innanfor statens husleigeordning, og kurantprosjekt på over 100 mill. kroner under programmering eller prosjektering, kap. 2445, post 32.

Vedlegg 4**Standardiserte nøkkeltal for nettobudsjetterte verksemder
under Kunnskapsdepartementet**

Tabell 4.1 Noregs forskingsråd. Utgifter og inntekter etter art

	(i 1 000 kr)			
	Rekneskap 31.12.2020	Rekneskap 31.12.2021	Rekneskap 31.12.2022	Budsjett 2023
Utgifter				
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	559 687	537 163	500 223	497 000
Varer og tenester	264 255	303 887	223 224	307 000
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>823 942</i>	<i>841 050</i>	<i>723 447</i>	<i>804 000</i>
Investeringsutgifter				
Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehald	50 786	53 194	82 914	0
<i>Sum utgifter til større utstyrskjøp og vedlikehald</i>	<i>50 786</i>	<i>53 194</i>	<i>82 914</i>	<i>0</i>
Overføringer frå verksemda				
Utbetalningar til andre statlege rekneskapar	5 000 742	4 547 459	6 695 477	5 860 417
Andre utbetalningar	5 812 897	6 651 708	5 120 731	6 686 937
<i>Sum overføringer frå verksemda</i>	<i>10 813 639</i>	<i>11 199 167</i>	<i>11 816 208</i>	<i>12 547 355</i>
Finansielle aktivitetar				
Kjøp av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle utgifter	0	0	0	0
<i>Sum finansielle aktivitetar</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum utgifter</i>	<i>11 688 367</i>	<i>12 093 411</i>	<i>12 622 569</i>	<i>13 351 355</i>

Tabell 4.1 Noregs forskingsråd. Utgifter og inntekter etter art

	(i 1 000 kr)			
	Rekneskap 31.12.2020	Rekneskap 31.12.2021	Rekneskap 31.12.2022	Budsjett 2023
Inntekter				
Driftsinntekter				
Inntekter frå løyvingar	836 839	864 658	813 310	756 117
Inntekter frå sal av varer og tenester	1 843	1 363	91	0
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	0	0	0	0
Refusjonar	0	0	0	0
Andre driftsinntekter	0	0	0	0
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>838 682</i>	<i>866 021</i>	<i>813 401</i>	<i>756 117</i>
Inntekter frå investeringar				
Sal av varige driftsmidlar	0	0	0	0
<i>Sum investeringsaktivitetar</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Overføringer til verksemda				
Inntekter frå statlege løyvingar	11 135 729	9 910 558	12 202 874	10 574 635
Andre innbetalingar	302 907	314 237	378 056	217 584
<i>Sum overføringar til verksemda</i>	<i>11 438 636</i>	<i>10 224 795</i>	<i>12 580 930</i>	<i>10 792 218</i>
Finansielle aktivitetar				
Innbetaling ved sal av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle innbetalingar (t.d. innbetaling av rente)	0	0	0	0
<i>Sum finansielle aktivitetar</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>12 277 318</i>	<i>11 090 816</i>	<i>13 394 331</i>	<i>11 548 335</i>
<i>Netto endring i kontantbeholdning</i>	<i>588 951</i>	<i>-1 002 595</i>	<i>771 762</i>	<i>-1 803 020</i>

Tabell 4.2 Noregs forskingsråd. Inntekter etter inntektskjelde

Inntektstype	(i 1 000 kr)			
	Rekneskap 31.12.2020	Rekneskap 31.12.2021	Rekneskap 31.12.2022	Budsjett 2023
Løyvingar til finansiering av statsoppdraget				
Løyvingar til drift frå fagdepartementet	831 785	826 964	791 787	744 217
Løyvingar til drift frå andre departement	23 186	20 831	15 927	0
Løyvingar til tilskot til forskning o.a. frå fagdepartementet	4 652 974	4 867 034	6 626 631	5 048 332
Løyvingar til forskning o.a. frå andre departement	6 482 755	5 043 524	5 576 243	5 526 303
<i>Sum løyvingar til statsoppdraget</i>	<i>11 990 700</i>	<i>10 758 352</i>	<i>13 010 587</i>	<i>11 318 852</i>
Offentlege og private tilskot og overføringar				
Tilskot frå andre statlege verksemder	7 527	7 449	14 100	8 500
Tilskot frå internasjonale organisasjonar	5 011	7 153	7 899	5 000
Tilskot frå kommunar og fylkeskommunar	0	408	0	0
Tilskot frå organisasjonar og stiftingar	762	1 620	1 345	1 400
Tilskot frå næringsliv og private	289 607	297 607	354 712	220 384
<i>Sum offentlege og private tilskot</i>	<i>302 907</i>	<i>314 237</i>	<i>378 057</i>	<i>235 284</i>
Oppdragsinntekter o.a.				
Oppdrag frå statlege verksemder	0	0	0	0
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	0	0	0	0
Oppdrag frå private	0	0	0	0
<i>Sum oppdragsinntekter og tilsvarande</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Andre inntekter				
Andre inntekter og tidsavgrensingar	-16 289	18 227	5 687	-5 800
<i>Sum andre inntekter</i>	<i>-16 289</i>	<i>18 227</i>	<i>5 687</i>	<i>-5 800</i>
Sum inntekter	12 277 318	11 090 816	13 394 331	11 548 335

Tabell 4.3 Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Noregs forskingsråd i perioden 2020–22

	(i 1 000 kr)			
Balansedag 31. desember	Rekneskap 31.12.2020	Rekneskap 31.12.2021	Rekneskap 31.12.2022	Endring frå 2021 til 2022
Kontantar og kontantekvivalentar				
Behaldningar på oppgjerskonto i Noregs Bank	6 007 415	5 006 943	5 779 909	772 966
Behaldningar på andre bankkontoar	66 857	64 735	63 530	-1 205
Andre kontantbeholdningar	0	0	0	0
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>6 074 272</i>	<i>5 071 677</i>	<i>5 843 439</i>	<i>771 761</i>
Avsetningar til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår				
Feriepengar m.m.	42 421	42 842	42 524	-318
Skattetrekk og offentlege avgifter	41 930	43 350	45 198	1 848
Gjeld til leverandørar	41 138	33 775	128 041	94 266
Gjeld til oppdragsgivarar	-126 363	-188 168	-163 305	24 863
Anna gjeld / fordringar som forfell i neste budsjettår	57 218	98 074	4 067	-94 007
<i>Sum til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår</i>	<i>56 344</i>	<i>29 873</i>	<i>56 525</i>	<i>26 652</i>
Andre avsetningar				
Avsetningar til andre formål / ikkje spesifiserte formål	15 199	32 063	37 660	5 596
Fri verksemdskapital	0	0	0	0
<i>Sum andre avsetningar</i>	<i>15 199</i>	<i>32 063</i>	<i>37 660</i>	<i>5 596</i>
Langsiktig gjeld (netto)				
Langsiktig forplikting knytt til anleggsmidlar	0	0	-1	-1
Anna langsiktig gjeld	319	319	319	0
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>319</i>	<i>319</i>	<i>318</i>	<i>-1</i>
<i>Sum nettogjeld og forpliktingar – drift</i>	<i>71 862</i>	<i>62 255</i>	<i>94 502</i>	<i>32 247</i>

Tabell 4.3 Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Noregs forskingsråd i perioden 2020–22

	(i 1 000 kr)			
Balansedag 31. desember	Rekneskap 31.12.2020	Rekneskap 31.12.2021	Rekneskap 31.12.2022	Endring frå 2021 til 2022
Forskningsforpliktingar				
Forskningsforpliktingar under handsaming	3 963 693	2 464 149	3 324 381	860 232
Prosjektgjeld for starta/gjennomførte forskingsprosjekt	2 038 717	2 545 273	2 424 555	-120 719
<i>Sum forskningsforpliktingar</i>	<i>6 002 410</i>	<i>5 009 422</i>	<i>5 748 936</i>	<i>739 514</i>
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	<i>6 074 272</i>	<i>5 071 677</i>	<i>5 843 438</i>	<i>771 761</i>

Noregs forskingsråd skil seg frå andre nettobudsjetterte verksemdar ved at ei hovudoppgåve er å fordele mottekne forskingsløyvingar vidare til andre. I tillegg til dei ordinære avsetningane for å dekke ulike rettslege forpliktingar vil Noregs forskingsråds gjeldsside vere prega av avsetningar til starta forskingsprogram som ikkje er fullførte på dagen for balansen, men der Forskningsrådet har forpliktet seg til utbetalingar etter framdrifta i prosjekta. Vidare omfattar avsetningane midlar som Forskningsrådet har motteke, men der handsaminga av søknadene ikkje er avslutta og midlane enno ikkje fordelte til dei forskingsutførande institusjonane. Malen for balanseoppstillinga er derfor noko tilpassa for bruk i Forskningsrådet.

Tabell 4.4 Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI). Utgifter og inntekter etter art

	(i 1 000 kr)			
Utgifter	Rekneskap 31.12.2020	Rekneskap 31.12.2021	Rekneskap 31.12.2022	Budsjett 2023
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	54 874	62 801	70 354	73 000
Varer og tenester	49 278	35 690	51 683	47 000
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>104 152</i>	<i>98 491</i>	<i>122 037</i>	<i>120 000</i>
Investeringsutgifter				
Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehald	765	1 963	1 179	1 500
<i>Sum utgifter til større utstyrskjøp og vedlikehald</i>	<i>765</i>	<i>1 963</i>	<i>1 179</i>	<i>1 500</i>
Overføringar frå verksemda				
Utbetalningar til andre statlege rekneskapar	15 032	19 241	31 539	25 000
Andre utbetalingar	0	0	0	0
<i>Sum overføringar frå verksemda</i>	<i>15 032</i>	<i>19 241</i>	<i>31 539</i>	<i>25 000</i>

Tabell 4.4 Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI). Utgifter og inntekter etter art

	(i 1 000 kr)			
Utgifter	Rekneskap 31.12.2020	Rekneskap 31.12.2021	Rekneskap 31.12.2022	Budsjett 2023
Finansielle aktiviteter				
Kjøp av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle utgifter	0	0	0	0
<i>Sum finansielle aktiviteter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum utgifter</i>	<i>119 949</i>	<i>119 695</i>	<i>154 755</i>	<i>146 500</i>
Inntekter				
Inntekter	Rekneskap 31.12.2020	Rekneskap 31.12.2021	Rekneskap 31.12.2022	Budsjett 2023
Driftsinntekter				
Inntekter frå sal av varer og tenester	0	0	0	0
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	9	0	0	0
Refusjonar	1 583	1 788	2 766	2 000
Andre driftsinntekter	0	0	0	0
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>1 593</i>	<i>1 788</i>	<i>2 766</i>	<i>2 000</i>
Inntekter frå investeringar				
Sal av varige driftsmidlar	0	0	0	0
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Overføringar til verksemda				
Inntekter frå statlege løyvingar til drift	123 658	127 941	145 840	143 483
Innbetalningar frå fagdepartement til tilskot til andre	0	0	0	0
Innbetalningar frå andre departement til tilskot til andre	0	0	0	0
Andre innbetalningar	0	0	0	0
<i>Sum overføringar til verksemda</i>	<i>123 658</i>	<i>127 941</i>	<i>145 840</i>	<i>143 483</i>
Finansielle aktiviteter				
Innbetaling ved sal av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle innbetalningar (t.d. innbetaling av rente)	0	0	0	0
<i>Sum finansielle aktiviteter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>125 250</i>	<i>129 729</i>	<i>148 607</i>	<i>145 483</i>
<i>Netto endring i kontantbeholdning</i>	<i>5 302</i>	<i>10 034</i>	<i>-6 149</i>	<i>-1 017</i>

Tabell 4.5 Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI). Inntekter etter inntektskjelde

Inntektstype	(i 1 000 kr)			
	Rekneskap 31.12.2020	Rekneskap 31.12.2021	Rekneskap 31.12.2022	Budsjett 2023
Løyvingar til finansiering av statsoppdraget				
Løyvingar frå fagdepartementet	25 201	25 004	24 564	27 497
Løyvingar frå andre departement	0	0	0	0
Tildelingar frå andre statlege forvaltningsorgan	43 163	34 625	58 360	45 225
Tildelingar frå Noregs forskingsråd	42 276	46 711	40 941	42 125
<i>Sum løyvingar til statsoppdraget</i>	<i>110 640</i>	<i>106 339</i>	<i>123 865</i>	<i>114 847</i>
Offentlege og private bidrag				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	0	0	0	0
Bidrag frå private	2 411	111	3 898	3 560
Tildelingar frå internasjonale organisasjonar	632	2 583	4 988	7 000
<i>Sum bidrag</i>	<i>3 044</i>	<i>2 694</i>	<i>8 886</i>	<i>10 560</i>
Oppdragsinntekter o.a.				
Oppdrag frå statlege verksemder	744	4 098	3 425	3 550
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	0	0	0	0
Oppdrag frå private	1 869	1 391	1 129	800
Andre inntekter og tidsavgrensingar	8 954	15 207	11 301	15 726
<i>Sum oppdragsinntekter og tilsvarande</i>	<i>11 567</i>	<i>20 696</i>	<i>15 855</i>	<i>20 076</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>125 250</i>	<i>129 729</i>	<i>148 607</i>	<i>145 483</i>

Tabell 4.6 Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI) i perioden 2020–22

	(i 1 000 kr)			
Balansedag 31. desember	Rekneskap 31.12.2020	Rekneskap 31.12.2021	Rekneskap 31.12.2022	Endring 2021 til 2022
Kontantar og kontantekvivalentar				
Behaldningar på oppgjerskonto i Noregs Bank	80 243	90 277	84 129	-6 149
Behaldningar på andre bankkontoar	0	0	0	0
Andre kontantbeholdningar	4	3	3	0
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>80 246</i>	<i>90 280</i>	<i>84 132</i>	<i>-6 149</i>
Avsetningar til dekning av påkomne kostnader som forfell neste budsjettår				
Feriepengar m.m.	4 895	5 860	6 406	545
Skattetrekk og offentlege avgifter	5 354	6 278	6 754	476
Gjeld til leverandørar	1 890	6 534	8 461	1 927
Gjeld til oppdragsgivarar	-1 354	-573	-261	312
Anna gjeld som forfell i neste budsjettår	2 819	2 052	2 494	442
<i>Sum til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår</i>	<i>13 604</i>	<i>20 151</i>	<i>23 854</i>	<i>3 703</i>
Avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår				
Prosjekt finansierte av Noregs forskingsråd	11 374	20 034	12 765	-7 269
Større starta, fleirårige investeringsprosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0	0
Konkrete starta, ikkje fullførte prosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	13 757	19 591	25 079	5 488
Andre avsetningar til vedtekne, ikkje starta formål	0	0	0	0
Konkrete starta, ikkje fullførte prosjekt finansierte av løyvingar frå andre departement	0	0	0	0
<i>Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>25 130</i>	<i>39 625</i>	<i>37 845</i>	<i>-1 781</i>

Tabell 4.6 Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI) i perioden 2020–22

	(i 1 000 kr)			
Balansedag 31. desember	Rekneskap 31.12.2020	Rekneskap 31.12.2021	Rekneskap 31.12.2022	Endring 2021 til 2022
Andre avsetningar				
Avsetningar til andre formål / ikkje spesifiserte formål	35 904	24 592	16 202	–8 390
Fri verksemdskapital	5 608	5 912	6 231	319
<i>Sum andre avsetningar</i>	<i>41 512</i>	<i>30 504</i>	<i>22 433</i>	<i>–8 071</i>
Langsiktig gjeld (netto)				
Langsiktige forpliktingar knytte til anleggsmidlar	0	0	0	0
Anna langsiktig gjeld	0	0	0	0
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	<i>80 246</i>	<i>90 280</i>	<i>84 132</i>	<i>–6 149</i>

Tabell 4.7 Sikt – Kunnskapssektorens tenesteleverandør. Utgifter og inntekter etter art

	(i 1 000 kr)			
Utgifter	Rekneskap 31.12.2020	Rekneskap 31.12.2021	Rekneskap 31.12.2022	Budsjett 2023
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	192 879	203 470	316 971	331 778
Varer og tenester	601 945	557 554	625 905	747 840
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>794 824</i>	<i>761 024</i>	<i>942 876</i>	<i>1 079 618</i>
Investeringsutgifter				
Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehald	1 844	1 853	13 310	12 000
<i>Sum utgifter til større utstyrskjøp og vedlikehald</i>	<i>1 844</i>	<i>1 853</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Overføringer frå verksemda				
Utbetalningar til andre statlege rekneskapar	0	0	4 600	0
Andre utbetalningar	81 133	66 868	35 283	42 500
<i>Sum overføringer frå verksemda</i>	<i>81 133</i>	<i>66 868</i>	<i>39 883</i>	<i>42 500</i>

Tabell 4.7 Sikt – Kunnskapssektorens tenesteleverandør. Utgifter og inntekter etter art

	(i 1 000 kr)			
Utgifter	Rekneskap 31.12.2020	Rekneskap 31.12.2021	Rekneskap 31.12.2022	Budsjett 2023
Finansielle aktiviteter				
Kjøp av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle utgifter	0	0	0	0
<i>Sum finansielle aktiviteter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum utgifter</i>	<i>877 801</i>	<i>829 745</i>	<i>996 069</i>	<i>1 134 118</i>
<hr/>				
Inntekter	Rekneskap 31.12.2020	Rekneskap 31.12.2021	Rekneskap 31.12.2022	Budsjett 2023
Driftsinntekter				
Inntekter frå sal av varer og tenester	259 226	257 243	476 300	536 133
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	0	0	0	0
Refusjonar	5 346	3 945	8 994	0
Andre driftsinntekter	380 091	347 437	277 268	280 000
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>644 663</i>	<i>608 625</i>	<i>762 562</i>	<i>816 133</i>
Inntekter frå investeringar				
Sal av varige driftsmidlar	0	0	0	0
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Overføringar til verksemda				
Inntekter frå statlege løyvingar til drift	174 767	191 816	191 293	243 858
Innbetalningar frå fagdepartement til tilskot til andre	82 370	74 108	37 008	42 500
Innbetalningar frå andre departement til tilskot til andre	0	0	0	0
Andre innbetalningar	0	0	0	0
<i>Sum overføringar til verksemda</i>	<i>257 137</i>	<i>265 924</i>	<i>228 301</i>	<i>286 358</i>
Finansielle aktiviteter				
Innbetaling ved sal av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle innbetalningar (t.d. innbetaling av rente)	0	0	57	0
<i>Sum finansielle aktiviteter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>57</i>	<i>0</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>901 800</i>	<i>874 557</i>	<i>990 920</i>	<i>1 102 491</i>
<i>Netto endring i kontantbeholdning</i>	<i>23 999</i>	<i>44 812</i>	<i>-5 149</i>	<i>-31 627</i>

Sikt – Kunnskapssektorens tenesteleverandør blei etablert 1. januar 2022 som eit resultat av samanslåinga av tenesteleveransane i Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning, Uninett AS og NSD – Norsk senter for forskingsdata AS. Sikt er organisert som eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter under Kunnskapsdepartementet og mottek si løyving på kap. 273, post 50. Units organisasjonsnummer og oppgjerskonti er vidareførte for den nye verksemda. Rekneskapstala for 2020 og 2021 er for Unit. Einskilde rekneskapstal for 2022 avviker frå det som er innrapportert til statsrekneskapen som følge av endringar i rekneskapen for 2022 etter dialog med Riksrevisjonen.

Tabell 4.8 Sikt – Kunnskapssektorens tenesteleverandør. Inntekter etter inntektskjelde

Inntektstype	(i 1 000 kr)			
	Rekneskap 31.12.2020	Rekneskap 31.12.2021	Rekneskap 31.12.2022	Budsjett 2023
Løyvingar til finansiering av statsoppdraget				
Løyvingar frå fagdepartementet	158 118	183 724	156 302	203 495
Løyvingar frå andre departement	0	0	0	0
Tildelingar frå andre statlege forvaltningsorgan	2 000	7 245	2 000	29 974
Tildelingar frå Noregs forskingsråd	5 430	1 119	7 825	5 702
<i>Sum løyvingar til statsoppdraget</i>	<i>165 548</i>	<i>192 088</i>	<i>166 127</i>	<i>239 171</i>
Overføringer til verksemda				
Overføringer frå fagdepartement til tilskot til andre	82 370	74 108	37 008	42 500
Overføringer frå andre departement til tilskot til andre	0	0	0	0
Overføringer frå andre verksemdar til tilskot til andre	0	0	0	0
<i>Sum overføringer til verksemda</i>	<i>82 370</i>	<i>74 108</i>	<i>37 008</i>	<i>42 500</i>
Offentlege og private bidrag				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	0	0	0	0
Bidrag frå private	0	-2 365	2 365	0
Tildelingar frå internasjonale organisasjonar	9 221	2 091	15 862	10 116
<i>Sum bidrag</i>	<i>9 221</i>	<i>-274</i>	<i>18 227</i>	<i>10 116</i>
Oppdragsinntekter o.a.				
Oppdrag frå statlege verksemdar	0	0	0	0
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemdar	0	0	0	0
Oppdrag frå private	0	0	0	0
Andre inntekter og tidsavgrensingar	644 661	608 635	769 558	810 704
<i>Sum oppdragsinntekter og tilsvarande</i>	<i>644 661</i>	<i>608 635</i>	<i>769 558</i>	<i>810 704</i>
Sum inntekter	901 800	874 557	990 920	1 102 491

Sikt – Kunnskapssektorens tenesteleverandør blei etablert 1. januar 2022 som eit resultat av samanslåinga av tenesteleveransane i Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning, Uninett AS og NSD – Norsk senter for forskingsdata AS. Sikt er organisert som eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter under Kunnskapsdepartementet og mottek si løyving på kap. 273, post 50. Units organisasjonsnummer og oppgjerskonti er vidareførte for den nye verksemda. Rekneskapstala for 2020 og 2021 er for Unit.

Tabell 4.9 Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Sikt – Kunnskapssektorens tenesteleverandør i perioden 2020–22

	(i 1 000 kr)			
Balansedag 31. desember	Rekneskap 31.12.2020	Rekneskap 31.12.2021	Rekneskap 31.12.2022	Endring frå 2021 til 2022
Kontantar og kontantekvivalentar				
Behaldningar på oppgjerskonto i Noregs Bank	85 430	130 242	285 566	155 324
Behaldningar på andre bankkontoar	0	0	0	0
Andre kontantbeholdningar	0	0	0	0
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>85 430</i>	<i>130 242</i>	<i>285 566</i>	<i>155 324</i>
Avsetningar til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår				
Feriepengar m.m.	16 002	16 233	28 592	12 359
Skattetrekk og offentlege avgifter	8 662	8 968	27 411	18 443
Gjeld til leverandørar	49 578	19 096	42 281	23 185
Gjeld til oppdragsgivarar	11 027	5 619	11 073	5 454
Gjeld knytt til tilskotsforvaltning m.m.	3 244	10 484	5 920	–5 436
Anna gjeld som forfell i neste budsjettår	5 812	50 056	25 634	–24 422
<i>Sum til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår</i>	<i>94 325</i>	<i>110 456</i>	<i>141 541</i>	<i>31 085</i>
Avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår				
Prosjekt finansierte av Noregs forskingsråd	0	0	0	0
Større starta, fleirårige investeringsprosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0	0
Konkrete starta, ikkje fullførte prosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	5 174	5 174
Andre avsetningar til vedtekne ikkje starta formål	0	0	0	0
Konkrete starta, ikkje fullførte prosjekt finansierte av løyvingar frå andre departement	0	0	0	0
<i>Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>5 174</i>	<i>5 174</i>

Tabell 4.9 Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Sikt – Kunnskapssektorens tenesteleverandør i perioden 2020–22

(i 1 000 kr)				
Balansedag 31. desember	Rekneskap 31.12.2020	Rekneskap 31.12.2021	Rekneskap 31.12.2022	Endring frå 2021 til 2022
Andre avsetningar				
Avsetningar til andre formål / ikkje spesifiserte formål	-2 787	12 662	12 532	-130
Fri verksemdskapital	-3 113	10 119	181 693	171 574
<i>Sum andre avsetningar</i>	<i>-5 900</i>	<i>22 781</i>	<i>194 225</i>	<i>171 444</i>
Langsiktig gjeld (netto)				
Langsiktige forpliktingar knytte til anleggsmidlar	0	0	-46 762	-46 762
Anna langsiktig gjeld	-2 995	-2 995	-8 611	5 616
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>-2 995</i>	<i>-2 995</i>	<i>-55 373</i>	<i>52 378</i>
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	<i>85 430</i>	<i>130 242</i>	<i>285 566</i>	<i>155 324</i>

Sikt – Kunnskapssektorens tenesteleverandør blei etablert 1. januar 2022 som eit resultat av samanslåinga av tenesteleveransane i Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning, Uninett AS og NSD – Norsk senter for forskingsdata AS. Sikt er organisert som eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter under Kunnskapsdepartementet og mottek si løyving på kap. 273, post 50. Units organisasjonsnummer og oppgjerskonti er vidareførte for den nye verksemda. Rekneskapstala for 2020 og 2021 er for Unit.

Tabell 4.10 Universitet og høgskular. Utgifter og inntekter etter art

(i 1 000 kr)				
Utgifter	Rekneskap 31.12.2020	Rekneskap 31.12.2021	Rekneskap 31.12.2022	Budsjett 2023
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	31 406 457	32 052 615	33 299 660	34 977 525
Varer og tenester	14 253 495	14 090 593	17 149 484	17 404 915
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>45 659 951</i>	<i>46 143 208</i>	<i>50 449 144</i>	<i>52 382 440</i>
Investeringsutgifter				
Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehald	2 562 924	2 716 450	2 950 447	2 680 140
<i>Sum utgifter til større utstyrskjøp og vedlikehald</i>	<i>2 562 924</i>	<i>2 716 450</i>	<i>2 950 447</i>	<i>2 680 140</i>
Overføringar frå verksemda				
Utbetalningar til andre statlege rekneskapar	260 774	144 034	190 816	72 486
Andre utbetalningar	363 772	369 653	263 414	170 480
<i>Sum overføringar frå verksemda</i>	<i>624 546</i>	<i>513 687</i>	<i>454 230</i>	<i>242 966</i>

Tabell 4.10 Universitet og høyskular. Utgifter og inntekter etter art

(i 1 000 kr)				
Utgifter	Rekneskap 31.12.2020	Rekneskap 31.12.2021	Rekneskap 31.12.2022	Budsjett 2023
Finansielle aktiviteter				
Kjøp av aksjar og partar	13 044	4 998	7 661	3 000
Andre finansielle utgifter	2 816	3 040	3 058	1 463
<i>Sum finansielle aktiviteter</i>	<i>15 860</i>	<i>8 038</i>	<i>10 719</i>	<i>4 463</i>
<i>Sum utgifter</i>	<i>48 863 282</i>	<i>49 381 383</i>	<i>53 864 541</i>	<i>55 310 010</i>
Inntekter	Rekneskap 31.12.2020	Rekneskap 31.12.2021	Rekneskap 31.12.2022	Budsjett 2023
Driftsinntekter				
Inntekter frå sal av varer og tenester	2 878 714	3 174 792	3 125 355	2 653 043
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	17 093	16 916	18 432	18 432
Refusjonar	257 499	280 492	384 216	361 792
Andre driftsinntekter	2 076 821	1 736 299	1 804 835	907 194
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>5 230 129</i>	<i>5 208 500</i>	<i>5 332 838</i>	<i>3 940 461</i>
Inntekter frå investeringar				
Sal av varige driftsmidlar	4 014	2 107	67 894	20
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<i>4 014</i>	<i>2 107</i>	<i>67 894</i>	<i>20</i>
Overføringar til verksemda				
Inntekter frå statlege løyvingar til drift	45 011 010	46 789 171	48 290 170	49 676 749
Innbetalningar frå fagdepartementet til tilskot til andre	15 962	19 594	0	0
Innbetalningar frå andre departement til tilskot til andre	0	0	0	0
Andre innbetalningar	0	0	0	0
<i>Sum overføringar til verksemda</i>	<i>45 026 972</i>	<i>46 808 765</i>	<i>48 290 170</i>	<i>49 676 749</i>
Finansielle aktiviteter				
Innbetaling ved sal av aksjar og partar	-658	8 534	2 000	4 520
Andre finansielle innbetalningar (t.d. innbetaling av rente)	5 328	1 233	3 035	1 120
<i>Sum finansielle aktiviteter</i>	<i>4 670</i>	<i>9 767</i>	<i>5 035</i>	<i>5 640</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>50 265 784</i>	<i>52 029 138</i>	<i>53 695 937</i>	<i>53 622 870</i>
<i>Netto endring i kontantbeholdning</i>	<i>1 402 502</i>	<i>2 647 756</i>	<i>-168 604</i>	<i>-1 687 140</i>

Kommentar til tabellen: Driftsutgiftene har auka med om lag 9,3 pst. frå 2021 til 2022 og utgjer om lag 93,7 pst. av dei samla utgiftene i 2022. Dei samla utgiftene har også auka med 9,1 pst. frå 2021 til 2022. Overføringane til verksemdene har auka med 3,2 pst. frå 2021 til 2022, medan dei auka med 4,0 pst. frå 2020 til 2021. Det meste av overføringane er statlege løyvingar til verksemdene. Dei totale overføringane utgjer 89,9 pst. av dei samla inntektene.

Tabell 4.11 Universitet og høyskular. Inntekter etter inntektskjelde

(i 1 000 kr)				
Inntektstype	Rekneskap 31.12.2020	Rekneskap 31.12.2021	Rekneskap 31.12.2022	Budsjett 2023
Løyvingar til finansiering av statsoppdraget				
Løyvingar frå fagdepartementet	37 542 868	39 390 632	39 701 179	40 863 829
Løyvingar frå andre departement	152 482	144 527	145 824	110 547
Tildelingar frå andre statlege forvaltningsorgan	1 957 218	2 112 215	2 289 536	2 086 269
Tildelingar frå Noregs forskingsråd	3 439 029	3 689 616	3 929 749	4 411 999
<i>Sum løyvingar til statsoppdraget</i>	<i>43 091 597</i>	<i>45 336 990</i>	<i>46 066 287</i>	<i>47 472 644</i>
Offentlege og private bidrag				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	210 874	215 068	160 908	160 701
Bidrag frå private	765 754	1 070 753	1 283 182	1 278 248
Tildelingar frå internasjonale organisasjonar	1 024 592	831 980	1 241 472	1 015 164
<i>Sum bidrag</i>	<i>2 001 220</i>	<i>2 117 801</i>	<i>2 685 562</i>	<i>2 454 114</i>
Oppdragsinntekter o.a.				
Oppdrag frå statlege verksemder	803 174	871 940	915 236	613 454
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	116 300	124 360	140 895	108 265
Oppdrag frå private	436 114	608 625	751 026	504 465
Andre inntekter og tidsavgrensingar	3 817 378	2 969 422	3 136 931	2 488 539
<i>Sum oppdragsinntekter og tilsvarande</i>	<i>5 172 966</i>	<i>4 574 347</i>	<i>4 944 087</i>	<i>3 714 721</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>50 265 784</i>	<i>52 029 138</i>	<i>53 695 937</i>	<i>53 641 479</i>

Kommentar til tabellen: Dei samla inntektene har auka med 3,2 pst. frå 2021 til 2022. Det er lågare enn frå 2020 til 2021, då auken var på 3,5 pst. Løyvinga til statsoppdraget utgjer 85,8 pst. av inntektene i 2022. Det er noko lågare enn i 2021, då delen var 87,1 pst. Løyvinga til statsoppdraget dekkjer 85,5 pst. av dei samla utgiftene i 2022, mot 91,8 pst. i 2021.

Tabell 4.12 Universitet og høgsular. Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar i universitets- og høgskulesektoren i perioden 2020–22 (nettobalanse)

	(i 1 000 kr)			
Balansedag 31. desember	Rekneskap 31.12.2020	Rekneskap 31.12.2021	Rekneskap 31.12.2022	Endring frå 2021 til 2022
Kontantar og kontantekvivalentar				
Behaldningar på oppgjerskonto i Noregs Bank	13 836 706	16 422 625	16 155 077	–267 547
Behaldningar på andre bankkontoar	784 264	846 178	945 142	98 964
Andre kontantbeholdningar	226	149	127	–22
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>14 621 196</i>	<i>17 268 951</i>	<i>17 100 346</i>	<i>–168 605</i>
Avsetningar til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår				
Feriepengar m.m.	2 613 095	2 767 293	2 931 274	163 980
Skattetrekk og offentlege avgifter	2 133 088	2 470 133	2 612 933	142 800
Gjeld til leverandørar	1 683 255	2 232 424	2 340 650	108 226
Gjeld til oppdragsgivarar	–370 282	–272 457	–406 843	–134 386
Anna gjeld som forfell i neste budsjettår	696 404	1 176 524	1 436 624	260 100
<i>Sum til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår</i>	<i>6 755 560</i>	<i>8 373 918</i>	<i>8 914 638</i>	<i>540 720</i>
Avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår				
Prosjekt finansierte av Noregs forskingsråd	362 411	207 650	–137 121	–344 771
Større starta, fleirårige investeringsprosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	521 301	969 089	1 060 129	91 040
Konkrete starta, ikkje fullførte prosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	1 534 491	1 161 307	1 046 197	–115 111
Andre avsetningar til vedtekne, ikkje starta formål	743 130	1 821 740	1 121 183	–700 556
Konkrete starta, ikkje fullførte prosjekt finansierte av løyvingar frå andre departement	126 919	136 054	126 306	–9 748
<i>Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>3 288 253</i>	<i>4 295 840</i>	<i>3 216 694</i>	<i>–1 079 146</i>

Tabell 4.12 Universitet og høgsular. Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar i universitets- og høgsulesektoren i perioden 2020–22 (nettobalanse)

(i 1 000 kr)				
Balansedag 31. desember	Rekneskap 31.12.2020	Rekneskap 31.12.2021	Rekneskap 31.12.2022	Endring frå 2021 til 2022
Andre avsetningar				
Avsetningar til andre formål / ikkje-spesifiserte formål	3 891 928	3 430 193	3 663 838	233 645
Fri verksemdskapital	750 870	840 874	1 013 552	172 678
<i>Sum andre avsetningar</i>	<i>4 642 798</i>	<i>4 271 067</i>	<i>4 677 389</i>	<i>406 323</i>
Langsiktig gjeld (netto)				
Langsiktige forpliktingar knytte til anleggsmidlar	0	0	0	0
Anna langsiktig gjeld	-65 416	328 127	291 625	-36 502
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>-65 415</i>	<i>328 127</i>	<i>291 625</i>	<i>-36 502</i>
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	<i>14 621 196</i>	<i>17 268 951</i>	<i>17 100 346</i>	<i>-168 605</i>

Kommentar til tabellen: Kontantbeholdninga har gått ned med 1,0 pst. frå 2021 til 2022, mot ein auke på 18,1 pst. frå 2020 til 2021. Avsetningane som skal dekke påkomne kostnader til forfall neste budsjettår, har auka med 6,5 pst., mot ein auke på 24,0 pst. frå 2020 til 2021. Avsetningane til planlagde tiltak i komande budsjettår har gått ned med 25,1 pst. frå 2021 til 2022.

Tabell 4.13 Universitet og høgsular. Balanse per 31. desember 2022

(i 1 000 kr)			
	Rekneskap 31.12.2020	Rekneskap 31.12.2021	Rekneskap 31.12.2022
Eigedelar			
A. Anleggsmidlar			
I Immaterielle eigedelar	75 645	101 728	174 316
II Varige driftsmidlar	36 890 555	43 208 929	41 939 047
III Finansielle anleggsmidlar	374 530	306 649	309 277
<i>Sum anleggsmidlar</i>	<i>37 340 731</i>	<i>43 617 305</i>	<i>42 422 640</i>
B. Omløpsmidlar			
I Behaldningar av varer og driftsmateriell	61 980	32 799	75 933
II Fordringar	2 023 010	2 288 062	2 747 651
III Bankinnskott, kontantar og liknande	14 621 196	17 268 951	17 100 436
<i>Sum omløpsmidlar</i>	<i>16 706 187</i>	<i>19 589 811</i>	<i>19 923 931</i>
<i>Sum eigedelar</i>	<i>54 046 917</i>	<i>63 207 117</i>	<i>62 346 571</i>

Tabell 4.13 Universitet og høyskular. Balanse per 31. desember 2022

	(i 1 000 kr)		
	Rekneskap 31.12.2020	Rekneskap 31.12.2021	Rekneskap 31.12.2022
Statens kapital og gjeld			
C. Statens kapital			
I Verksemdskapital	1 059 984	1 147 411	1 322 763
II Avrekningar	3 472 645	4 198 274	3 491 304
III Utsett inntektsføring av løyving (nettobudsjetterte)	37 330 004	43 621 676	42 427 537
<i>Sum statens kapital</i>	<i>41 862 633</i>	<i>48 967 361</i>	<i>47 241 604</i>
D. Gjeld			
I Avsetning for langsiktige forpliktingar	0	328 238	291 690
II Anna langsiktig gjeld	0	0	0
III Kortsiktig gjeld	12 184 284	13 911 517	14 813 277
<i>Sum gjeld</i>	<i>12 184 284</i>	<i>14 239 756</i>	<i>15 104 968</i>
<i>Sum statens kapital og gjeld</i>	<i>54 046 918</i>	<i>63 207 117</i>	<i>62 346 571</i>

Kommentar til tabellen: Balanseverdiane har gått ned med 1,4 pst. frå 2021 til 2022. Verdien av anleggsmidlane har gått ned med 2,7 pst. i høve til 2021, medan omløpsmidlane har auka med 1,7 pst. frå 2021 til 2022. Den kortsiktige gjelda har auka med 6,5 pst. frå 2021 til 2022. Avrekningane har gått ned med 16,8 pst. frå 2021 til 2022.

Tabell 4.14 Universitet og høgskular. Avsetningar av løyvingar frå Kunnskapsdepartementet og andre departement 2020–22


	(i 1 000 kr)			
	Rekneskap 31.12.2020	Rekneskap 31.12.2021	Rekneskap 31.12.2022	Del av løyving i 2022 i pst.
Nord universitet (NU)	184 742	203 264	252 647	15,2
Noregs miljø- og biovitskaplege universitet (NMBU)	220 428	180 146	53 216	3,6
Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet (NTNU)	707 900	874 938	801 963	10,8
OsloMet – storbyuniversitetet (OM)	297 979	351 862	322 063	11,3
Universitetet i Agder (UiA)	137 129	128 866	125 191	7,6
Universitetet i Bergen (UiB)	142 601	132 856	65 979	1,6
Universitetet i Oslo (UiO)	433 198	598 770	546 904	9,0
Universitetet i Stavanger (UiS)	185 698	271 582	232 799	12,4
Universitetet i Sørøst-Noreg (USN)	195 125	258 520	209 429	9,9
Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet (UiT)	293 558	311 953	227 120	6,2
Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo (AHO)	7 085	8 980	1 732	0,8
Høgskolen i Molde, vitskapleg høgskole i logistikk (HiM)	68 906	99 793	112 847	35,6
Kunsthøgskolen i Oslo (KHiO)	34 240	27 990	4 864	1,3
Noregs handelshøgskole (NHH)	136 997	158 573	143 103	24,5
Noregs idrettshøgskole (NIH)	16 649	11 982	-7 421	-3,1
Noregs musikkhøgskole (NMH)	42 290	52 270	37 469	11,9
Høgskolen i Innlandet (HINN)	173 206	174 409	145 630	10,6
Høgskolen i Østfold (HiØ)	110 278	131 757	105 459	13,6
Høgskulen i Volda (HVO)	91 187	101 899	105 197	25,1
Høgskulen på Vestlandet (HVL)	336 409	404 336	304 220	13,5
Samisk høgskole (SA)	20 845	24 550	15 067	14,2
<i>Sum</i>	<i>3 836 447</i>	<i>4 509 294</i>	<i>3 805 477</i>	<i>9,6</i>

Kommentar til tabellen: I 2022 var dei samla avsetningane 9,6 pst. av løyvinga. Dei samla avsetningane i 2021 utgjorde 11,5 pst. av løyvinga.

Tabell 4.15 Universitet og høyskular. Løyvingar og avsetningar berre frå Kunnskapsdepartementet i 2022. I 1 000 kroner og pst. av løyvinga frå Kunnskapsdepartementet.

	Løyving frå KD		Totale avsetningar		Avsetningar til investeringar		Avsetningar til andre formål	
	1 000 kr	1 000 kr	Pst.	1 000 kr	Pst.	1 000 kr	Pst.	
NU	1 664 334	252 647	15,2	169 431	10,2	83 217	5,0	
NMBU	1 467 203	53 216	3,6	44 011	3,0	9 205	0,6	
NTNU	7 356 024	791 131	10,8	441 960	6,0	349 170	4,7	
OsloMet	2 813 059	302 726	10,8	215 261	7,7	87 465	3,1	
UiA	1 650 788	125 191	7,6	51 000	3,1	74 191	4,5	
UiB	4 006 597	65 979	1,6	26 285	0,7	39 964	1,0	
UiO	6 096 095	546 904	9,0	302 907	5,0	243 997	4,0	
UiS	1 872 001	170 599	9,1	152 416	8,1	18 183	1,0	
USN	2 122 558	209 429	9,9	103 121	4,9	106 308	5,0	
UiT	3 662 141	218 499	6,0	170 490	4,7	48 009	1,3	
AHO	227 091	1 732	0,8	0	0,0	1 732	0,8	
HiM	316 662	112 847	35,6	89 334	28,2	23 512	7,4	
KHiO	382 756	4 864	1,3	0	0,0	4 864	1,3	
NHH	583 299	98 556	16,9	69 391	11,9	29 165	5,0	
NIH	238 611	-7 421	-3,1	1 163	0,5	-8 584	-3,6	
NMH	315 414	37 469	11,9	21 705	6,9	15 764	5,0	
HINN	1 367 559	145 596	10,6	86 600	6,3	58 996	4,3	
HiØ	790 096	105 459	13,3	73 286	9,3	32 173	4,1	
HVO	419 701	105 197	25,1	84 212	20,1	20 985	5,0	
HVL	2 245 669	301 115	13,4	190 641	8,5	110 473	4,9	
SA	100 454	13 947	13,9	13 499	13,4	448	0,4	
<i>Sum</i>	<i>39 698 111</i>	<i>3 655 682</i>	<i>9,2</i>	<i>2 306 714</i>	<i>5,8</i>	<i>1 348 968</i>	<i>3,4</i>	

Reglementet for oppbygging og bruk av ubrukte budsjettmidlar (avsetningar) i statlege universitet og høyskular seier at den ein-skilde verksemda ikkje kan ha avsetningar til andre formål enn investeringar som overstig 5 pst. av løyvingane gitt i tildelingsbrev frå Kunnskapsdepartementet. Denne tabellen viser berre avsetningar av løyvingar frå Kunnskapsdepartementet. Tabell 1.14 viser avsetningar frå både Kunnskapsdepartementet og andre departement.

Vedlegg 5**Underliggende verksemder o.a.**

Figur 5.1 Underliggende verksemder o.a. per 1. januar 2024

Einingar som er markerte med grå farge, er ikkje statlege forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet.

Forklaringar og forkortingar:**Barnehage og grunnsopplæring**

Foreldreutvala er førte opp samla i figuren, sidan dei har felles sekretariat og mottok eit felles tildelingsbrev.

- FUG: Foreldreutvalet for grunnsopplæringa
- FUB: Foreldreutvalet for barnehagar
- Statped: Statleg spesialpedagogisk teneste
- Sørsamisk kunnskapspark
- Samiske vidaregåande skular:
 - Samisk vidaregåande skule og reindriftsskule i Kautokeino
 - Samisk vidaregåande skule i Karasjok

Kompetansepolitikk, høgare utdanning og forskning

- FEK: Dei nasjonale forskningsetiske komiteane
- NOKUT: Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga
- HK-dir: Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse
- Sikt: Sikt – Kunnskapssektorens tenesteleverandør
- Simula: Simula Research Laboratory
- UNIS: Universitetssenteret på Svalbard

Anna

- NUPI: Norsk utanrikspolitisk institutt
- Veia: Noregs grønne fagskule – Veia

Bestilling av publikasjonar

Trygging- og serviceorganisasjonen til departementa

www.publikasjoner.dep.no

Telefon: 22 24 00 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på

www.regjeringen.no

Trykk: Aksell AS – 10/2023

